

KVITESEID BYGDESOGE

II

Gardsoga

**Skrivi av
OLAV BAKKEN**

EIGI FORLAG 1962

Datautgåve ved Kjell Eikland 2001

FYRIORD

Eg var klår over då eg tok fatt våren 1956, at det var ikkje noko småarbeid og skrive om 105 hovudbruk og 5-600 andre gardsbruk som Kviteseid herad no har - deilt på 1383 skyldmark (eller om lag 920 1870-kroner, med nær 10000 kroner i årleg produksjonsverdi [KE]).

Det fyrste eg tok fatt med, var det innsamla tilfang frå kyrkle- og tingbøker som Torjus Loupedalen hadde arbeidt med i mange år. Det var eit ruvande tilfang, skal eg seia. - Noko over 100 kvartbøker og dertil eit par tusen sider avskrifter frå rettssaker, manntal og jordebøker. Kyrkjebøkene for Kviteseid brann 1754 så dei kyrkjebøkene me har, går berre attende til den tid. Tingbøkene går attende til 1664. Skattemanntal og jordebøker til 1593. Men ymse prenta diplom går attende til Svartedauden og litt fyre. Det eldste diplom er frå 1302. (Kråkenes).

Ved skriving om dei ymse gardar har eg prøva og fylgt oppskrifti av Rolf Fladby konsulent for bygdesogearbeid i Noreg. Fyrst teke noko om stad og lende, grenser o.l. gamal og ny husestad. Dei einskilde hus og alder - om dei er sermerkte og av kulturelt verd. Dertil storleik og utruster, husmannsplassar og staular, tilgang og avgang, etc.

Så fylgjer gamle soga med eigara og brukara, skyldskifte og deilingar, skifte og skjøte.

Eg må her skjota til at Torjus Loupedalen hadde samla og ordna tilfang frå gammesoga fram til 1821 for dei fleste hovudbruk, til stor lette for meg.

Tilfanget for dei ymse gardar er det då stor skilnad på, alt etter som ein har prenta eller uprenta diplom og ta utdrag av. For slike utdrag reknar eg for sers verdfullt stoff. Dertil kjem og at mange gardar er fatige på tradisjonar, samanlikna med andre. Ein gard får kanskje 8-10 sider mot andre knapt det halve i si omtale. Nyare bruk og hus på større og mindre tufter (tomter), vert då berre omtala heller kort, og sume har eg ikkje funne naudsynt å nemna - helst i tettbygde strøk som i Eidsto og Kyrkjebø. Eg er nok klår over at fleire gamle husmannsplassar hadde skulla vori ofra meir vitord om, men boki ville då lett verta for stor.

Nokre avstytte ord må tolkast:

m.b. = med byksel, rett til bruk av jordi.

o.l. = og liknande.

etc. = et cetera = o.s.v.

n.b. = nota bene = merk vel.

Skatt av gardane (korn):

1 tunne = 1 dalar.

1 skp. = 2 dalar.

1 laup smør = 1 dalar.

1 hud = 3 mark.

1 tunne = 6 meler.

1 tunne = 18 settung.

1 settung = 1-2 skilling.

1 markabol = jord med 1 mark landskyld (80 øre).

1 kyrland = kyrlag = verdi av 1 kyr = 4-6 daler.

1 månadsmatsbol = mat for 1 mann 1 månad = 9 kg smør = 24 kg mjøl.

1 forngild = det fyrr gjeldande (om pengeverd t.d.).

Olav Bakken

Nyttige ting for nyare generasjonar

Det er mangt som har endra seg av liv og lagnad i det siste hundraåret – ikkje minst det gode språket som Olav Bakken nyttja i Gardsoga. Om ein tek tida til å sette seg inn i dette språket ser ein rikdom i uttrykk som me berre kan misunna. Men for mange idag er det er nær uforståeleg, mykje pga. av ein ukjend mynteining og pengeverde, og av di så mykje av verdiane vart rekna i avling og utbyte frå jordi og skogen. Dette kan ein i det minste avhjelpa noko:

Fullgard = 4-6 tunner skattskyld (korn)

Halvgard = $\frac{1}{2}$ fullgard skyld

Øydegard = $\frac{1}{4}$ fullgard skyld

1 slåtte = 20 mål

1 teig = 12 mål

1 riksdaler = 6 mark = 144 skilling (Opprinnelig i Danmark-Norge)

1 nottung = 12 skilling, dvs. 1 riksdaler = 24 nottung

1 riksdaler = 4 ort = 96 skilling (Norge til 1816, jfr. Gullnes gruver)

1 speciedaler = 4 ort = 120 skilling (Norge i åri 1816-1872/74)

1 daler = 4 kroner à året 1872/74

Dagsløn = 10-12 skilling (1860)

Slåttelønn = 8 skilling / mål (1840)

Skurslått = 24 skilling / mål (1840)

Mannsverk = 4-6 mål slått / dag

1 øksehammerslag = 0,5 daler (1660)

1 mord "i raseri" = 32 daler, nedsatt til 16 daler (1730)

1 overlagt drap = 50-100 daler (rundt 1750)

Kjell Eikland

Kvitseidsongen

Vers 1: Her fagre bygder blenkjer som gull i fedre arv, og varmt på dei me tenkjer som la det fyrste kvarv til låge ljore stoga og radde tun ved tun. Vårt fyrste blad i soga dei skreiv på urudd grunn.

Vers 2: Kring har, mo og reinar i slit tida sveiten flaut, dei talar desse steinar som dei or auren braut. Men løynd gjeng denne talen som draum i unge sinn, som vårsus gjennom dalen vårt harterom han finn.

Vers 3: Me Kvitseid aldri gløymer om det på vidvank ber, for ungdomsmanni strøymer kring ferdi der me fer. Vil nokon bort oss drive og løyse det som batt, dei kan 'kje roti rive - vårt hjarta legg me att.

Vers 4: Ja, fjåge me deg hyller i song og helsingssord, du hjarto våre fyller med kjærleik til di jord. Og som dei streid dei gamle i fylking for sin rett, me vil som brør oss samle i syskinlag til eitt.

Vers 5: So byggjer me og bøter i grend og gamal gard, som renning renn av røter vår ungdom - etter far.
- No må me vakne vera - alt gryr den nye dag, - Me nøgdi hev å gjera. For Kvitseid fram ilag!

Johannes Skarprud.

GARDAR MED BRUK

Gardane sett opp etter matrikellista fra 1905.

<u>Gnr.</u>	<u>Bruk</u>
1.	Kråkenes, søndre, nordre, Revskil, Årstad, Holte, Straume
2.	Skree, søndre, nordre, Skretveit, Lundeberg
3.	Vrå, søndre, Rue, Odden, Lunden, Kilen
4.	Byggstøy, Undeberg
5.	Vrå, nordre
6.	Naper, Vassendstøylen
7.	Vråliesen, Vråli
8.	Hægeland, Haugen, Årviki, Kaupmannsfloti
9.	Ormtveit, nordre, søndre, Bergland, Nordvik
10.	Dale, Staver, Brauti
11.	Flatland, Homme, Århus, Årbakk, Berge, Nordaberg
12.	Sinnes, nedre, øvre, Solvang, Porsviki, Vetterøy, Sinnesjordi, Sunde
13.	Nordbø, Straumen, Sanden, Kosi
14.	Roholt, Straumsnes, Åsland, Heia , Lauve, Bukkøy, Midtbø, Eidsto, Strand, Furuheim
15.	Øy, Slokviki, Krintolen
16.	Lønnegrav, nordre, vestre, Lønnemoen, Straand, Juvland
17.	Findreng, nordre, søndre, Myrland, Steane, Reinskos
18.	Kilen, søndre, midtre, nordre, Haugan, Berge, Honnes, Rønningen, Bukosi, Nordbø, Jordgrav, Nykos, Rue, Russodden, Fiskarbekk, Kosi
19.	Østenå, nordre, søndre, Straumstaul
20.	Fjågesund, nordre, Vestigard, Nordigard, Vestgarden, søndre F., øre F., Rue, Myrheim, Flåta, Haugen, Viilot, Oddebukti, Midtbøen, Vik, Gråsvoll, Øygarden, Bergstod, Folkestad, Hovland, Nordheim, Kåsi, Finsand, Haugan, Teigen, Torpen, Groa
21.	Berge, søndre, Undeberg, Bergland, Holt
22.	Kviteseid, Nordskog, Sørkos, Litveit, Strømstad, Sandvik, Lindestad
23.	Neset, Spjotsodd, Brakandalen
24.	Skarprud, søndre, nordre, Kleivdal
25.	Hurrong
26.	Donstad skog
27.	Uddalen
28.	Tveit, nordre, vestre, Breidalen, Haugen, Borgejordet, Heimdal, Heggtveit, Raukleiv, Nygard
29.	Tveit, øvre, Grave, Finnkos, Åsland, Myran, Lid, Brandbu
30.	Brauti, nedre, øvre
31.	Roeid, Utbøen, Haugen, Bekkhus, Karlsrud, Romseid (Leite), Steinsland, Meinstad, Åbø
32.	Syftestad, søndre, nordre, nedre, Midtbøen, Blikom, Rolleivstad, Lisland, Mogan, Rødbakk, Landsverk
33.	Moen, Passpå m. fl.
34.	Utsund, søndre m/Haugan, Sunde, Holteviki
35.	Utsund, Viki, Kleivstaul
36.	Haukom, søndre, nordre, Haugen, Ståland, Kosi, Uti-Homman, Brekke, Bergland, Lid, Åheim, Lunde, Løvland, Hegni, Midtbø
37.	Langli
38.	Midtsund, søndre, øvre, Utigard, Bjørkhaug, Bjørksett, Kosi, Voll, Jonsborg
39.	Midtsund, nord, Lunden, Homman, Sundbø, Sudbø, Svingen, Åsheim, Seland, Dalen, Sjåheim, Port Arthur, Furuly, Lundehaug

40. Kyrkjebø, nordre, søndre, Lauvstad, Solvang, Landvik, Hamaren, Solberg, Haugen, Grønlid, Høgevoll, Vestad
41. Oppsund, midtre, søndre, nordre, Lie, Stokkland, Sundbø, Jore, Torshaug, Haugan, Oppebøen, Barstad, Skogly, Draugedalen, Rising
42. Holtan, Kolbu, Smeland, Juvland, Storgård, Eikland, Åsland, Hadeland, Nordheim, Nyland, Solvang, Grønvang, Granheim, Solstad, Skibsted, Bakken, Holte, Ståland
43. Gotuholt, øvre, nedre, Espeland, Hauglid
44. Lundevall, Åland, Teigen, Myri, Rue
45. Øyan, øvre
46. Øyan, nedre
47. Lid, nedre
48. Oppgarden, Lauve, Bekkhus, Utgarden
49. Nordgarden, søndre, nordre, Nørstrud, Kvigarden, Jore, Gunnhildskos, Haugan, Moen, Listaul, Nordbøen
50. Hovdekleiv, Hosum nedre
51. Tveit, austre, vestre, Listaul
52. Vesterdal, nedre, øvre, Støyle
53. Magnushommen, Smylimoen
54. Åkre, Åbø, Moland
55. Djuve
56. Moen, øvre, nedre, Hauglid
57. Moen, nedre, Kovejuvet, Nystaul, Strånd
58. Landsverk, øvre, nedre
59. Dalen, nordre, nordigard, Hommen, Haugerud, Midtbøen
60. Dalen, søndre, nistogu, Jusureid, Frankrike, Stormyr
61. Homme, Hosum øvre, Bjørnflatin
62. Huvestad, Stavdal, Tjønnheid, Løkslid
63. Gjersund, øvre, nedre, Råmundalen, Runningen, Slåttun, Vassend, Fossjord
64. Byggland, nedre, øvre, Drangstveit
65. Donstad
66. Haugen, (Undeberg) Mostaul, Leirlid
67. Berge, søndre, nordre, Nordskog
68. Berge, øvre, Lid, Nordjorde, Omlid
69. Kleiv, Øverbø
70. Bjåland, søndre, nordre, Rupestaul
71. Sudbø, Strånd, Sandåker
72. Haugan
73. Håtveit, nedre
74. Håtveit, øvre, søndre, Lier, Krossbakkan
75. Gjerjord
76. Brekke, nordre, søndre , nedre, Solstrand, Versto, Stråndi, Skåli
77. Hauge, Sollid nordre, Bergland
78. Skare, Vesle-Kallåk, Sollid, Haugan, Kallåk midtre
79. Kallåk, søndre, øvre, Bakken
80. Hemmestveit, øvre, nedre, Svolsbru
81. Ormtveit, øvre, nordre, søndre, Omsberg, Veslestaul, Omland, Husli
82. Kosi, nedre, øvre, Jonskos, Staulen
83. Groven, øvre, nedre, Bakken
84. Haugland, Smeland, Nordbøen, Storkos, Hauglid, Stallshaug, Haugan, Hauglandsmyran
85. Åsmundtveit, søndre, nordre, Nordaberg, Moen
86. Loupedalen, Bindingsdalen

87. Gjervoll, store, vesle, Rue, Væting
88. Omtveit, øvre, nedre, Sporastaul
89. Kvålset, øvre, nedre, midtre
90. Slettemeås, øvre, nedre
91. Vatnelian, Nystaul, Staulen
92. Midtbøen, øvre, nedre
93. Hasleberg, søndre, nordre
94. Svanajord, søndre, nordre, Håtveitåsen
95. Rue, søndre, nordre
96. Tytegrav
97. Sandland, nordre, uppistogu
98. Sandland, søndre, sudigard, Kasin
99. Sandland, (Flate-) nedre, søndre, Meinstad
100. Skogsmark, Hovland
101. Fossøl, Runningen
102. Kolltveit, øvre, nedre
103. Heggtveit, midtre, øvre, søndre, nordre Gravdal, Hesteskodike, Ramskei, Kyrdalen
104. Åse, nordre, Søndre, Tollehommen, Saltvoll
105. Gjelstad, Kjos, Mevastaul, Dale, Midtgarden, Heistad

INNHOLD ETTER BRUK

➤ DONSTAD gnr. 26	97
➤ UDDALEN [Ulledalen] gnr. 27, bnr. 1	97
➤ TVEIT (nordigard) gnr. 28, bnr. 3.....	98
➤ BREIDALEN gnr. 28, bnr. 1	99
➤ HAUGEN gnr. 28, bnr. 27	99
➤ TVEIT (nordre) [NordjorDET] gnr. 28, bnr. 4	99
➤ BORGEJORDET gnr. 28, bnr. 5.....	100
➤ HEIMDAL gnr. 28, bnr. 17	100
➤ TVEIT (vestre) gnr. 28, bnr. 14	101
➤ HEGGTVEIT gnr. 28, bnr. 15.....	101
➤ HEGGTVEIT (vestre) gnr. 28, bnr. 16	101
➤ RAUDKLEIV gnr. 28, bnr. 18	101
➤ NYGARD gnr. 28, bnr. 19	101
➤ TVEIT gnr. 29, bnr. 7	102
➤ GRAVE (øvre) gnr. 29, bnr. 1	103
➤ FINNKOS gnr. 29, bnr. 2	103
➤ ÅSLAND gnr. 29, bnr. 22	104
➤ MYRANN [Matr. 1905 kalla Grave] gnr. 29, bnr. 4	104
➤ TVEIT (øvre) gnr. 29, bnr. 6.....	104
➤ LID (øvre) gnr. 29, bnr. 8	105
➤ GRAVE gnr. 29, bnr. 9 og 10.....	105
➤ BRANDBU gnr. 29, bnr. 12.....	106
➤ TVEIT gnr. 29, bnr. 24	106
➤ BRAUTI gnr. 30, bnr. 3	106
➤ BRAUTI (øvre) gnr. 30, bnr. 1.....	107
➤ UTBØEN gnr. 31, bnr. 1	107
➤ ROEID gnr. 31, bnr. 2	108
➤ HAUGEN gnr. 31, bnr. 4	110
➤ BEKKHUS gnr. 31, bnr. 5 og 8	110
➤ KARLSRUD gnr. 31, bnr. 6 og 9.....	110
➤ ROMSEID (vestre) gnr. 31, bnr. 7	110
➤ STEINSLAND gnr. 31, bnr. 10.....	110
➤ MEINSTAD gnr. 31, bnr. 15.....	110
➤ ÅBØ gnr. 31, bnr. 12	111
➤ SYFTESTAD gnr. 32	111
➤ SYFTESTAD (søndre) gnr. 32, bnr. 1 og 15	112
➤ MIDBØEN gnr. 32, bnr. 2.....	112
➤ BLIKOM gnr. 32, bnr. 3	112
➤ ROLLEVISTAD gnr. 32, bnr. 4.....	113
➤ SYFTESTAD (nordre) gnr. 32, bnr. 5	113
➤ LISLAND gnr. 32, bnr. 6	114
➤ MIDBØEN gnr. 32, bnr. 7	114
➤ SYFTESTAD gnr. 32, bnr. 10	114
➤ MOGAN gnr. 32, bnr. 11	114
➤ RØDBAKK gnr. 32, bnr. 18	114
➤ LANDSVERK gnr. 32, bnr. 17, 20 og 21	115
➤ MOEN gnr. 33, bnr. 1.....	115
➤ PASSPÅ gnr. 33, bnr. 10	117
➤ UTSUND (søndre m/Haugan) gnr. 34, bnr. 1 og 4 og 5	118
➤ SUNDET gnr. 34, bnr. 2.....	118
➤ HOLTEVIKI gnr. 34, bnr. 1	119
➤ UTSUND [nytt bnr. 47] gnr. 35, bnr. 1	119
➤ VIKI [Bøen] gnr. 35, bnr. 1, 2 og 3	121
➤ KLEIVSTAUL gnr. 35	121
➤ KLEIVSTAUL gnr. 35, bnr. 4	121
➤ KLEIVSTAUL (nordre) gnr. 35, bnr. 5	122
➤ KLEIVSTAUL gnr. 35, bnr. 6	122
➤ HAUKom gnr. 36, bnr. 1.....	123
➤ HAUGEN gnr. 36, bnr. 2	125
➤ STÅLAND gnr. 36, bnr. 3	126
➤ STÅLAND gnr. 36, bnr. 17	126
➤ HAUKom (nordre) gnr. 36, bnr. 8	127
➤ KOSI u/HAUKOM (nordre) gnr. 36, bnr. 8	127
➤ UTI-HOMMAN gnr. 36, bnr. 9	128
➤ BREKKE gnr. 36, bnr. 11	128
➤ BERGLAND gnr. 36, bnr. 12	128
➤ LID gnr. 36, bnr. 15	129
➤ ÅHEIM gnr. 36, bnr. 33	129
➤ LUNDE gnr. 36, bnr. 26	129
➤ LØVLAND gnr. 36, bnr. 29	129
➤ HEGNI gnr. 36, bnr. 41	129
➤ MIDTBØ gnr. 36, bnr. 18	129
➤ LANGELI gnr. 37, bnr. 19	130
➤ MIDTSUND gnr. 38, bnr. 1	130
➤ MIDTSUND (øvre) gnr. 38, bnr. 4.....	132

➤ MIDSUND (utigard) gnr. 38, bnr. 12	134
➤ BJØRKEHAUG [Bjerkehaug] gnr. 38, bnr. 7	134
➤ BJØRKESETH gnr. 38, bnr. 24	134
➤ KOSI gnr. 38, bnr. 26	134
➤ VOLL gnr. 38, bnr. 46	134
➤ JONSBORG gnr. 38, bnr. 36	134
➤ MIDTSUND (nordre) gnr. 39, bnr. 1 og 2	135
➤ LUNDEN gnr. 39, bnr. 5	136
➤ HOMMAN gnr. 39, bnr. 3	136
➤ SUNDBØ gnr. 39, bnr. 4	136
➤ SUDBØ gnr. 39, bnr. 12	137
➤ SVINGEN [før bnr. 8] gnr. 39, bnr. 19	137
➤ ÅSHEIM gnr. 39, bnr. 22	137
➤ SELAND gnr. 39, bnr. 26	138
➤ DALEN gnr. 39, bnr. 27	138
➤ SJÅHEIM gnr. 39, bnr. 30	138
➤ PORT ARTHUR gnr. 39, bnr. 29	138
➤ FURULY gnr. 39, bnr. 31	138
➤ LUNDEHAUG gnr. 39, bnr. 32	138
➤ KYRKJEBØ (nordre) gnr. 40, bnr. 1	138
➤ KYRKJEBØ (søndre) gnr. 40, bnr. 3	140
➤ LAUVSTAD gnr. 40, bnr. 2	141
➤ SOLVANG [Solstua] gnr. 40, bnr. 8	141
➤ LANDVIK gnr. 40, bnr. 10	141
➤ HAMAREN gnr. 40, bnr. 11	142
➤ SOLBERG gnr. 40, bnr. 19	142
➤ HAUGEN bnr. 40, bnr. 23	142
➤ GRØNLID gnr. 40, bnr. 28	143
➤ HØGEVOLL gnr. 40, bnr. 32	143
➤ VESTAD gnr. 40, bnr. 38	143
➤ OPPSUND gnr. 41	143
➤ OPSUND (Midtigard) gnr. 41, bnr. 3	144
➤ UPSUND (Sudigard) gnr. 41, bnr. 2	145
➤ UPSUND (Nordigard) gnr. 41, bnr. 1	145
➤ LIE gnr. 41, bnr. 4	146
➤ STOKKLAND gnr. 41, bnr. 17	146
➤ SUNDBØ gnr. 41, bnr. 19	146
➤ JORE gnr. 41, bnr. 21	146
➤ TORSCHAUG gnr. 41, bnr. 23 og 24	146
➤ HAUGAN gnr. 41, bnr. 10 og 11	146
➤ OPPEBØEN gnr. 41, bnr. 9	147
➤ BARSTAD gnr. 41, bnr. 14	147
➤ SKOGLY gnr. 41, bnr. 16	147
➤ DRAUGEDALEN gnr. 41, bnr. 22	147
➤ RISING gnr. 41, bnr. 27	147
➤ HOLTAN gnr. 42, bnr. 30	148
➤ KOLBU gnr. 42, bnr. 1	149
➤ SMELAND gnr. 42, bnr. 2	149
➤ JUVLAND gnr. 42, bnr. 9	150
➤ STORGÅRD gnr. 42, bnr. 20	150
➤ RUSTAD gnr. 42, bnr. 28	150
➤ EIKELAND gnr. 42, bnr. 34	150
➤ ÅSLAND gnr. 42, bnr. 11	150
➤ HADDELAND gnr. 42, bnr. 18	150
➤ NORDHEIM gnr. 42, bnr. 12 og 16	150
➤ NYLAND gnr. 42, bnr. 10	151
➤ NYLAND (nordre) u/NYLAND gnr. 42, bnr. 10	151
➤ SOLVANG gnr. 42, bnr. 39	151
➤ GRØNVANG gnr. 42, bnr. 37	151
➤ GRANHEIM gnr. 42, bnr. 32	151
➤ SOLSTAD gnr. 42, bnr. 31	151
➤ SKIBSTED gnr. 42, bnr. 4	151
➤ SKIBSTED (nordre) gnr. 42, bnr. 5	152
➤ BAKKEN gnr. 42, bnr. 6	152
➤ HOLTE gnr. 42, bnr. 21	152
➤ STÅLAND gnr. 42, bnr. 7	152
➤ GOTUHOLT gnr. 43	153
➤ GOTUHOLT gnr. 43, bnr. 1	154
➤ GOTUHOLT (nedre) [Utigard] gnr. 43, bnr. 2	155
➤ ESPELAND gnr. 43, bnr. 3	155
➤ HAUGELID gnr. 43, bnr. 5	156
➤ LUNDEVALL gnr. 44, bnr. 1	156
➤ ÅLAND gnr. 44, bnr. 5	160
➤ TEIGEN u/LUNDEVALL gnr. 44, bnr. 1	160
➤ MYRI gnr. 44, bnr. 4	160

➤ RUE gnr. 44, bnr. 9	160
➤ ØYAN (øvre) gnr. 45, bnr. 1	161
➤ ØYAN (nedre) gnr. 46, bnr. 1	162
➤ LID gnr. 47, bnr. 1	163
➤ OPPGARDEN gnr. 48, bnr. 1	163
➤ LAUVE gnr. 48 bnr. 2	165
➤ BEKKHUS gnr. 48, bnr. 3	165
➤ UTGARDEN gnr. 48, bnr. 4	165
➤ NØRSTRUD gnr. 49, bnr. 3	165
➤ NØRSTRUD (vestre) gnr. 49, bnr. 21	166
➤ NORDGARDEN gnr. 49, bnr. 2 og 5	166
➤ NORDGARDEN (Nordigard) gnr. 49, bnr. 8	167
➤ KVIGGARDEN gnr. 49, bnr. 18	167
➤ JORE gnr. 49, bnr. 10	168
➤ GUNHILDSKOS gnr. 49, bnr. 11	168
➤ HAUGAN gnr. 49, bnr. 12	168
➤ MOEN gnr. 49, bnr. 13	168
➤ LIENG [Listaul] gnr. 49, bnr. 19	169
➤ NORDBØEN gnr. 49, bnr. 20	169
➤ HOVDEKLEIV gnr. 50, bnr. 1 og 3	169
➤ HOSUM NEDRE gnr. 50, bnr. 2	170
➤ TVEIT [Dalane] gnr. 51, bnr. 1, 2 og 3	170
➤ LISTAUL gnr. 51, bnr. 7	172
➤ VESTERDAL gnr. 52, bnr. 1 og 2	172
➤ SENDING gnr. 51, bnr. 5	176
➤ STØYLE gnr. 52, bnr. 3 og 7	176
➤ MAGNUSHOMMEN gnr. 53, bnr. 1	176
➤ SMYLI MOEN gnr. 53, bnr. 2	177
➤ ÅKRE gnr. 54, bnr. 1	178
➤ ÅBØ gnr. 54, bnr. 2	179
➤ MOLAND gnr. 54, bnr. 3	179
➤ DJUVE gnr. 55, bnr. 1	179
➤ MOEN gnr. 56	181
➤ MOEN gnr. 56, bnr. 2	181
➤ MOEN gnr. 56, bnr. 1	183
➤ HAUGLID gnr. 56, bnr. 5	183
➤ MOEN (Nigard) gnr. 57, bnr. 1	184
➤ KÅVEJUVET gnr. 57, bnr. 7	186
➤ NYSTAUL gnr. 57, bnr. 2	186
➤ STRÅND gnr. 57, bnr. 3	186
➤ LANDSVERK gnr. 58, bnr. 1	187
➤ LANDSVERK gnr. 58, bnr. 2	187
➤ DALEN gnr. 59-60	188
➤ DALEN (nordre) gnr. 59, bnr. 1	188
➤ DALEN (nordigard) gnr. 59, bnr. 2	190
➤ HOMMEN gnr. 59, bnr. 3	191
➤ HAUGERUD gnr. 59, bnr. 8 og 4	192
➤ MIDBØEN gnr. 59, bnr. 5	192
➤ DALEN (søndre) gnr. 60, bnr. 5	192
➤ DALEN (nistogu) gnr. 60, bnr. 1	193
➤ JUSUREID gnr. 60, bnr. 2	194
➤ FRANKRIKE gnr. 60, bnr. 4	194
➤ STORRMYR gnr. 60, bnr. 7	195
➤ HOMME gnr. 61, bnr. 1 og 2	195
➤ HOSUM gnr. 61, bnr. 3	196
➤ BJØRNFLATEN gnr. 61, bnr. 4	196
➤ HUVESTAD gnr. 62, bnr. 1	197
➤ STAVDAL gnr. 62, bnr. 6	200
➤ GJERSUND gnr. 63, bnr. 3	201
➤ GJERSUND gnr. 63, bnr. 5	203
➤ RÅMUNDDALEN gnr. 63, bnr. 2	203
➤ RÅMUNDDALEN (nedre) gnr. 63, bnr. 1	204
➤ RUNNINGEN gnr. 63, bnr. 4	205
➤ SLÅTTUN gnr. 63, bnr. 7	205
➤ VASSEND gnr. 63, bnr. 10	205
➤ RÅMUNDDALEN (søndre) gnr. 63, bnr. 9	205
➤ FOSSJORD gnr. 63, bnr. 6	205
➤ BYGLAND gnr. 64	206
➤ BYGLAND (øvre) gnr. 64, bnr. 2	207
➤ BYGLAND (nedre) gnr. 64, bnr. 1	207
➤ DRANGSTVEIT gnr. 64, bnr. 4	208
➤ DONSTAD gnr. 65, bnr. 1	208
➤ UNDEBERG gnr. 66	210
➤ HAUGEN (Undeberg) gnr. 66, bnr. 1	210
➤ MOSTAUL gnr. 66, bnr. 2	211

➤ LEIRLID gnr. 66, bnr. 4	211
➤ BERGE (søndre) gnr. 67, bnr. 1	211
➤ BERGE (nordre) gnr. 67, bnr. 2	212
➤ NORDSKOG gnr. 67, bnr. 3 og 4	212
➤ BERGE (østre) gnr. 68, bnr. 2	213
➤ LID gnr. 68, bnr. 5	214
➤ LID gnr. 68, bnr. 10	214
➤ NORDJORDE gnr. 68, bnr. 4	215
➤ OMLID gnr. 68, bnr. 7	215
➤ KLEIV gnr. 69, bnr. 1	216
➤ BJÅLAND gnr. 70	219
➤ BJÅLAND gnr. 70, bnr. 1	220
➤ BJÅLAND (nordre) gnr. 70, bnr. 3	221
➤ RUPESTAUL gnr. 70, bnr. 10	221
➤ SUDBØ gnr. 71, bnr. 1	221
➤ STRÅND gnr. 71, bnr. 3	222
➤ SANDÅKER gnr. 71, bnr. 5 og 6	223
➤ HAUGAN gnr. 72, bnr. 1	224
➤ HÅTVEIT (nedre) gnr. 73, bnr. 1	225
➤ HÅTVEIT gnr. 74, bnr. 1	225
➤ HÅTVEIT (Sudigard) gnr. 74, bnr. 3	227
➤ LIER gnr. 74, bnr. 4	228
➤ KROSSBAKKAN gnr. 74, bnr. 5	228
➤ GJERJORD gnr. 75, bnr. 1	229
➤ BREKKE gnr. 76, bnr. 1 og 2	230
➤ BREKKE (søndre) gnr. 76, bnr. 3	231
➤ BREKKE (nedre) gnr. 76, bnr. 6	231
➤ SOLSTRAND gnr. 76, bnr. 9	231
➤ VERSTO gnr. 76, bnr. 7 og 8	232
➤ STRÅNDI gnr. 76, bnr. 11	232
➤ SKÅLID gnr. 76	232
➤ HAUGE gnr. 77, bnr. 1	233
➤ SOLLID gnr. 77, bnr. 2	235
➤ BERGLAND gnr. 77, bnr. 3	236
➤ SKARE gnr. 78, bnr. 1 og 2	237
➤ VESLE-KALLÅK gnr. 78, bnr. 3	238
➤ SOLLID gnr. 78, bnr. 5	239
➤ HAUGAN (øvre) gnr. 78, bnr. 4	239
➤ HAUGAN (nedre) gnr. 78, bnr. 10	240
➤ KALLÅK gnr. 78, bnr. 12	240
➤ KALLÅK gnr. 79	241
➤ KALLÅK (søndre) gnr. 79, bnr. 1 og 2	241
➤ KALLÅK (øvre) [Oppigard] gnr. 79, bnr. 4 og 6	242
➤ Bakken gnr. 79, bnr. 3 og 5	242
➤ HEMMESTVEIT gnr. 80, bnr. 1	242
➤ HEMMESTVEIT (nedre) gnr. 80, bnr. 2	244
➤ SVOLSBRU gnr. 80, bnr. 7	245
➤ STORE-OMTVEIT gnr. 81	245
➤ HUSLI gnr. 81, bnr. 16	247
➤ OMTVEIT NORDRE [Uppigard] gnr. 81, bnr. 1	247
➤ OMTVEIT SUDIGARD gnr. 81, bnr. 3	247
➤ OMSBERG gnr. 81, bnr. 11	248
➤ VESLESTAUL gnr. 81, bnr. 5	248
➤ OMTVEIT gnr. 81, bnr. 7	248
➤ OMLAND gnr. 81, bnr. 8	249
➤ KOSI gnr. 82, bnr. 1	249
➤ KOSI gnr. 82, bnr. 2	250
➤ KOSI gnr. 82, bnr. 3	250
➤ JONSKOS gnr. 82, bnr. 7	250
➤ STAULEN Kyrkje-Groven gnr. 82, bnr. 5	251
➤ GROVEN gnr. 83	251
➤ GROVEN (øvre) gnr. 83, bnr. 1	253
➤ GROVEN (nedre) gnr. 83, bnr. 2 og 3	253
➤ BAKKEN (nedre) u/GROVEN (nedre) gnr. 83, bnr. 2	254
➤ BAKKEN (øvre) gnr. 83, bnr. 4	254
➤ HAUGLAND gnr. 84, bnr. 16	254
➤ SMELAND gnr. 84, bnr. 19	255
➤ NORDBØEN gnr. 84, bnr. 2	255
➤ STORKOS gnr. 84, bnr. 3	256

➤ NORDABERG gnr. 85, bnr. 2	259
➤ MOEN gnr. 85, bnr. 4.....	259
➤ LOUPEDALEN gnr. 86, bnr. 1	259
➤ BINDINGSDALEN gnr. 85, bnr. 5 og 6.....	261
➤ GJERVOLD gnr. 87, bnr. 1	262
➤ VESLE GJERVOLD gnr. 87, bnr. 2	263
➤ RUE gnr. 87, bnr. 3.....	263
➤ VÆTING gnr. 87, bnr. 6	263
➤ VESLE-OMTVEIT (øvre) gnr. 88, bnr. 2	263
➤ VESLE-OMTVEIT (nedre) gnr. 88, bnr. 1	264
➤ SPORASTAUL gnr. 88, bnr. 3	264
➤ KVÅLSET gnr. 89, bnr. 1	265
➤ KVÅLSET (Nistogo) gnr. 89, bnr. 2.....	267
➤ KVÅLSET (Midtistogu) gnr. 89, bnr. 3	267
➤ SLETTEMEÅS gnr. 90, bnr. 2.....	268
➤ SLETTEMEÅS (Oppistog) gnr. 90, bnr. 1.....	269
➤ VATNELIAN gnr. 91, bnr. 1	269
➤ NYSTAUL gnr. 91, bnr. 2.....	270
➤ STAULEN gnr. 94, bnr. 3.....	271
➤ MIDBØEN gnr. 92	271
➤ MIDTBØEN (øvre) gnr. 92, bnr. 1	271
➤ MIDTBØEN (nedre) gnr. 92, bnr. 2	272
➤ HASLEBERG gnr. 93, bnr. 1	273
➤ HOSLEBERG (nordre) gnr. 93, bnr. 4	273
➤ SVANAJORD gnr. 94, bnr. 2	273
➤ SVANAJORD (nordre) gnr. 94, bnr. 1	275
➤ HÅTVEITÅSEN 94, bnr. 4	275
➤ RUE gnr. 95, bnr. 1	276
➤ RUE (nordre) gnr. 95, bnr. 4	278
➤ TYTEGRAV gnr. 96, bnr. 1	278
➤ BRATT-SANDLAND (nordre) gnr. 97, bnr. 1	279
➤ SANDLAND (oppistogo) gnr. 97, bnr. 2	280
➤ BRATT-SANDLAND (søndre) gnr. 98, bnr. 1	280
➤ SANDLAND (sudigard) gnr. 98, bnr. 2	282
➤ KASIN gnr. 98, bnr. 3	282
➤ FLATE-SANDLAND gnr. 99, bnr. 4	282
➤ SANDLAND (søre) gnr. 99, bnr. 1	284
➤ MEINSTAD gnr. 99, bnr. 8	284
➤ FLATE-SANDLAND gnr. 99, bnr. 5	284
➤ SKOGSMARK gnr. 100 bnr. 2	285
➤ HOVLAND gnr. 87, bnr. 7	286
➤ RUNNINGEN gnr. 101, bnr. 1	286
➤ FOSSØL gnr. 101, bnr. 2	286
➤ KOLLTVEIT gnr. 102, bnr. 1 og 2	287
➤ KOLLTVEIT (nedre) gnr. 102, bnr. 4	288
➤ HEGGTVEIT (midtre) gnr. 103, bnr. 1	289
➤ GRAVDAL gnr. 103, bnr. 16	291
➤ HEGGTVEIT (øvre) gnr. 103, bnr. 2	291
➤ HEGGTVEIT (søre) gnr. 103, bnr. 3	291
➤ HESTESODIKET gnr. 103, bnr. 4	292
➤ HEGGTVEIT (nordre) gnr. 103, bnr. 5	292
➤ RAMSKEI gnr. 103, bnr. 6	293
➤ KYRDALEN gnr. 103, bnr. 7	294
➤ ÅSE (nordre) gnr. 104, bnr. 1	294
➤ ÅSE (søndre) gnr. 104, bnr. 2 og 6	295
➤ TOLLEHOMMEN gnr. 104, bnr. 3	295
➤ SALTVOLL gnr. 104, bnr. 7	296
➤ KJOS gnr. 105, bnr. 1 og 12	296
➤ MEVASTAUL gnr. 105, bnr. 3	296
➤ DALE (Gjelstad) gnr. 105, bnr. 7	297
➤ GJELSTAD gnr. 105, bnr. 8 og 14	297
➤ MIDTGARDEN (Gjelstad) gnr. 105, bnr. 2 og 4	299
➤ HEISTAD gnr. 105, bnr. 10	300
EIT OG ANNA FRA DALANE	301
PLASSAR	306
➤ Fortegnelse over husmandspladser i Sundbygden's østre distrikt	306
➤ Fortegnelse aaver det Antal Korn og Poteter der kan avles Aarlig samt hvor meget kuer og smaaakreaturer der kan fødes paa nedenstaende Husmandspladse i Vestre Distrigt.....	308
➤ Fortegnelse over Pladser i Dalene, disses afgift til jordrætten, samt hvor meget der omrent fødes og avles af korn og poteter paa hver plads.....	309
➤ Fortegnelse over Avl og Udgift af Pladsene i øvre Morgedal	310
➤ Optegnelse over Pladser i nedre Morgedahl	310
➤ Fortegnelse over de Pladser som er i Aasgrendts Distrikt	313

KVITESEID

Fjord og fjell, lende og ulende sermerkjer bygdi. «Herredet har en temmelig uregelmessig formn», seier Åmund Helland. «Ei bygd forma av urtid og is og har lite som samlar det til ei bygd», skriv Torjus Loupedalen. Sjeldan såg du ei bygd så sundsliti og full av skiftande natur. Midt gjennom heradet går hovudvassføret i Vest-Telemark med fjordar og sund og kløyver bygdi i two luter. Røyrfjorden lengst ute med Fjågesundet. Kviteseidvatn, Straumane og noko av Bandak øvst oppe - med Sundkilen som ein diger blindtarm inn mot Kyrkjebø i nord. Fjellrygger, små og store, fyller opp på kvar kant og lagar toppar på 1000-1100 m. I aust Brokefjell, i vest Roholtfjell og Hægefjell, og i nord Storegrønut, Kabrettfjellet og Ordalsåta (1137 m).

Bygdi er 708 km² men det er ein liten prosent som har brukeleg mark til dyrkande jord. Dei fleste gardar har hallande, ujamne jorde som er å finna frå 72 m til omlag 670 m.o.h. Dei har som jamnast 30-50 mål dyrka jord, fælt få har over 100 mål. Storparten av gardane har skog og beitestrekninger attåt.

Matrikkelen syner 105 gardsnr. i heile heradet, men dei fleste er meir eller mindre sundbytte, så ein kan trygt rekna 5-600 gardsbruk.

I 1959 var det 530 bruk over 5 da.

Folketalet er no (1960) 3212 - og har gått noko ned siste hundradåret - for skuld den store utvandringen til Amerika. (1842-1910 reiste 2600 til U.S.A.)

Kviteseid herad omfatar Sundbygdi, Fjågesund m/Kilen, Vrådal og Brunkeberg m/Dalane, Morgedal, Ordal og Åsgrend. Der er 4 kyrkjer og 2 kapell. Hovudsoknet har ei gamal kyrkje frå 1157 og ei ny frå 1915. Vrådal kyrkje er bygt 1886 og Brunkeberg kyrkje 1790, Fjågesund kapell 1915 og Kilen kapell 1958.

Bygdenamnet Kviteseid har fått ymse tolkingar millom dei lærde; men dei fleste meiner no namnet skriv seg frå den kvite, glitrande fjorden som ein støtt har for auga, (oldn. Hvitstir). I 1303 vart det skrive Huitisæides (Kvitsæ) (D.N. I s. 88), Huitiseid (1399), men Huidessøø 1540 og (Hwydasøds prj. 1540). - At namnet skriv seg frå dåpen på eidet ved Spjotsodd i den fyrste kristne tidi - med kvitklædde dåpskandidatar - er lite truleg. (Ættesagaer og sagn s. 67).

Etter lag og lende må ein då tro at Kviteseid har gamal busetnad. Det er gjort ikkje så få fornfunn - sume frå steinalderen og den eldre jarnalderen, men dei fleste frå den yngre jarnalderen (850-1050). Rikaste er funni frå Bjåland, Bygland og Midtsund.

Kviteseid gamle kyrkje er det eldste byggverk i heradet, elles er det fleire gamle stabbur frå mellomalderen t. d. på Sandland og Håtveit.

Viktigaste næringsvegane er jordbruk og feal og skogbruk. I 1950 levde 1857 menneske av jordbruk og skogbruk. Til samanlikning 584 av industri o.l., 135 av handel, 119 av samferdsle. Som attåtnæring kan nemnast turistferdsla og fruktodling som både har auka munaleg i det siste.

Eg tek med nokre tal frå statistikken om jord og skog i bygdi.

Skogvidde i alt 334 000 da. Av dette er 160 000 da. produktiv skogmark. Årleg tilvokster av bartre 75885 m³, av lauvtre 6600 m³. Dei siste 10 åri er det i medel hogge 53318 m³ tømmer til sal. Av dette er oml. 75% gran og resten furu. I 1960 vart det hogge 49345 m³.

Etter jordbrukssteljingi 1959 var det 3095 da. åker og hage, 8243 da. eng på dyrka mark, 1608 da. natureng, 2 596 da. kulturgeite. Det var 1148 da. jord skikka til fulldyrking. I ti-året 1949-59 vart det fulldyrka 387 da. Etter teljingi i 1959 var det 12188 frukttrær og 6591 bærbuskar.

Talet på husdyr har gått mykje ned siste åri. Teljingi i 1959 viser såleis desse tali, med tilsvarande tal frå 1949 i parantes: 196 hestar (283), 1254 storfe (1826), 1796 sauere (1921), 20 geiter (54), 776 griser (960), 2555 høner (7999), 133 biehus (164).

I 1900 var kommunebudsjettet kr. 40078,79. I 1961 var det kr. 2714021. Samla medel i 1960 var 31,7 mill. kr. og innkoma 11,7 mill. kr.

I alle skulekrinsane er opplæringi på nynorsk og talemålet ligg nær normalmålet.

Kviteseid fekk seminar i 1818. Det var prestane Windfeldt og Zetliz som var drivfjøri i reisingi. Den fyrste gav ein større sum til skulebygg og løn til lærarane. Seminariet var på Kosi (Nikosi) i Brunkeberg til 1846, då vart det flutt til Kyrkjebø og seinare til Kommunehuset ved Moen. Seminariet vart nedlagt i 1889.

Telemark folkehøgskule heldt til på Utsund frå 1914 til 1946. No er skulegarden overteken av Det norsk Lutherske Misjonssambandet som har vølt på dei gamle skulebygningane og sett opp to nye skulebygningar og fleire lærarbustader. Fleire kommunar i Vest Telemark har gått saman med Kviteseid og leiger skuleromi og driv saman med Misjonsambandet ein linedelt ungdomsskule her.

GARDANE

➤ KRÅKENES gnr. 1

På eit krokut og avlaga nes med djupe innhakk og vikar ligg Kråkenes. Namnet har snautt noko å gjera med fuglenamnet Kråke, men kjem av krokut, det krokute nes, Kroknæs. I den danske oversetjing vart det Kragenes.

På dette neset er no 2 store gardar og nokre andre bruk. Staden er fager med fritt utsyn over «Øyhavet» i øvre Nisser og mot breide fjell med skoglider av gran og fure og flate furemoar.

Før garden vart dela, var det eit stort bruk med ei skogvidde på minst 25000 mål. Plassane Årstad, Straume, Holte, Kilan, Lauvoddan, Dårelaupmyri, Haland og Revskil høyrd til. No er dei fleste av desse eigne bruk, men sume attlagde.

Til garden høyrd sag og kvern i Storstraumen. Det var sameige etter garden vart deila. Då reguleringa kom i 1912, vart fossefallet teke bort. Fiskeriet til Kråkenes er framleis sameige, men ikkje så rikt lenger som fyrr i tidi. - Gløymast må ikkje at dei two støylsbruiki Molandshommen og Mydalen høyrd til med gode febeite.

Garden har lege under Kviteseid prestegard og vorte nyttå som enkesæte. Her budde m.a. Åse «sal. hr. Åmund Morlands etterleverske» i 1706 og sidan Susanne Åmundsdtr. etter ho vart enke 1715 (Hans Paulsen Paus 1656-1715). Frå tingboki 16.10.1725: «Madame Susanne, sal. Hans Paus enke er i live og nyder skattefritt 2 tønder i Kragenes. Så og sagde almuen at det aldrig har været eller nu er nogen bolig på Kviteseid prestegaard eller dens grund som presteenken kan været tillagt.»



[Kråkenes, nordre og søndre.]

Det eldste pergamentbrev om gard i Kviteseid, gjeld Kråkenes. I Dipl. Norv. band I side 87 finn me dette brevet frå 20. mars 1302. Utdrag: «Så som og ridder Tore Håkonsson for ifir Telamork» då kom Vemund Petarson til han i Nissedal og kjærde seg over at Eivind Trontveit ikkje ville halda det kjøpet som Grjotgard hadde gjort. Kjøpet stod av seg på Flom i stoga Grjotgards. Grjotgard heldt i handi Gro og kjøpte av ho 4 kyrland i Kragenes (Kroknæs) for eit månadsmatsbol i Trontveit og 60 kyr. - På eit ting i Kviteseid vart det prova ved Odd Åmundson og Åmund Smed, at dei hadde vori til stadar på Flom og sett på handslaget og hørt på handelen. Brevet vart ferda og sett segl på i Skien onsdag næst etter midfaste i fjorde styringsåret til den verdige herre Håkon V Noregs Konge. (20.3.1302),

I 1705, 28.7., er det synfaring av prestebølet Kråkenes med hus og jord. Det var syrgjeleg til nedfalls, er det høyrande. Stoga falleferdig, kjellaren utrasa. Ny stoge må byggjast. (140 rd.) Fehuset (fjøset) har rotne svillar, hangande tro og torvvollar. Nytt fehuset tilrødd. (50 rd) Løda 18 favnar lang har sige av hollsteinane, taket rote, vøling og nytt kvåvtak må til. (80 rd.) Røykstoga må heilt ny, for midtluftet på nordsida er gorr-rote «samt alle svillene». (30 rd.) Kvernhuset heilt falleferdig, (brøstfeldig), (4 rd.).

Dei two setuseli på Molandshommen og Mydalen er heilt nedrotna og må setjast opp av nyom. (5 rd. kvar). Einast buret (stolpeboden) stallen og badstoga kan greie seg utan vøling. Av dei samla utlogor til hysing 314 rd. bør Åse betala halvparten 157 rd., og den andre hr. Hans Paus «på sin Kvindes side i lige arf med Samuel Åmundson». (Son åt Åse Morland) 78 rd., 2 skill. kvar. -

Kråkenes var på 5 tn. som sagt, og av desse naut presteenka 2 tn. til sitt opphold, men dei andre 3 tn. brukta presten sjølv. «Eftersom den aufling til Hofved Prestegaarden ere meget ringe och saa godt som intet at achte.» - Presten har nok arbeidsfolk og brukarar, men då han sjølv reider ut skattar og avgifter, vert ikkje desse beinveges nemnde anna ved eit og anna skifte. Såleis i 1767, 27. 10., skifte etter Anne

Bjørnsdtr. g.m. Såmund Laurantzson, (Sigrid 11 år). Netto 46 rd., sølv 9 rd. - Ditto 1781, 12.12., etter ungkar Ånund Olavsson. Netto 80 rd., (foreldre O. Åmundson og Sigrid Vrålsdotter).

I 1751 er nemnt oppsitjar prost Hans Bloch på Kråkenes. Frå kyrkjeboki hentar eg desse namni: 1787 trulova Åsmund Levorson Kråkenes og Anne Abrahamsdtr. (ibn.) 1789 Ungkar Anders Nilsson Kråkenes og Aslaug Tovsdtr. (ibn.) 1792 Gjente Åse Høyestdr. Kråkenes og enkem. Kjetil Ansteinson Blikom (vitne Olav O. Kråkenes).

I 1808 er Kråkenes 2 bruk. Sveinung Tovson brukar den eine luten og Tarjei Larsson den andre. Såmund Aslakson brukar plassen Straume.

I 1815-21 er det Åmund Jørgenson som skattar av 2 tn. 6 sett. og Tarjei Larssen av ei likn. skyld. På Straume er Olav Såmundson brukar, (plassen er umatrikulert). Sonen av Tarjei, Olav Tarjeison sit som brukar på Kråkenes (visstnok heile garden) fram til 1853, då han dreg til U.S.A. med huslyden sin.

Etter han kjem skipskaptein Knut O. Skjelsvik. Han må visst vera den som kjøper garden av staten, Kviteseid kyrkje (1856). Det er då å merka at skogen er skild ifrå. Den 14.6.1826 ei skjøns- og skylddelingforretning på Kråkenes der den uturvande skog vert fråskild og stilt til sal for Opplysn.fondet. Skjønsmenn: Høye Kj. Øverland, Kj. Jensson Venås, Jørgen Jensson Midbøen og Steinar Høyeson Skeie.

Skogen vart verdsett til 600 spd. med skyld 7 ½ sett. c: 1/8 av Kråkenes sine 5 tn., 7/8 eller 4 tn. 4 ½ sett. utgjer så det som er att.

Kråkenes skog vart seld 3.8.1831, tingl. 6.10.1840, då Olav Mikkelson Eikeland, Tarjei O. Gåstjønn og Tallev Tarjeison Lauvik kjøper han for 1352 spd. Dei høgg nok eindel i skogen og sel han så att 2.3.1849 til 4 brør, (O. Gunnarson Nordbø, Mikkel G. Lia, Lars G. Sinnes og Gunnar G. Klauvreid) for 1300 spd.

Desse 4 lutene går att i skifte og handlar framover. Såleis fekk Kristian Halvorson Kråkenes ein lut med innåt Revskilgarden 11.5.1920.


Men attende til garden. K. O. Skjelsvik skriv ut festebrev til husmenner under Kråkenes, såleis til Ånund Olavson på Straume (Straumhaug) 28.6.1858 og til Jørgen Tarjeison Holte og kona på plassen Lauvoddan 29.6.58 og til Kj. Rollevstad på Dårelaupsmyri 13.9.58 og same dag til Jens Jonson på Årstad og same dag att til Lars Gustav Andersen på Kilane. Jens Jonson var frå Hadeland. Han bygsla sidan plassen Haland på Kråkenejordet. Plassen no innlema i Revskil.

Skjelsvik sel garden 10.2.1862 til Steinar Torjusson frå Dalen for ein sum av 9 000 spd., - men 11 år etter, 17.6.1873 sel Steinar garden for 19 000 spd., (reidskap og buskap med) til Halvor Gulbrandson Åkre og Tarjei Hansson Nes - bæae Nissedal.

Dei fekk 3 uviluge menn til dela garden midt i tvo. (6.11.1876). Halvor fekk søndre parten med hus, og Tarjei nordre parten. Han måtte då til å hyse. Truleg hadde det vore hyst fyrr, etterdi det igrunnen hadde vore 2 bruk frå omkr. år 1800, men kvar husi stod då, er ukjend. Kanskje stod dei i vestre kant av jordet på bnr. 1.

➤ KRÅKENES (søndre) gnr. 1, bnr. 1

Dette er hovudbølet og fyrste garden i matrikellista for Kviteseid prenta 1905. Garden er lettdriven med eindel myrjord, ikr. 70 mål dyrka mark og 2 000 mål utmark. Stoga er opphaveleg frå fyrste luten av 1700 talet, romsam og stor, omvøla noko i nyare tid. Stabburet har vore nytta til krambu med merke etter dør på sida der varene vart langa ut. - Årstalet 1857 kan ikkje tyda alderen. Den gilde uthusbygningen på garden brann 1944, (barn og fyr). Ny bygt same året, men er ikkje heilt ferdig endå. Ei drengstoge med skjol og reidskapsrom ser ut til å vera gamal. Ho står no som i vinkel med den andre stova på garden. Dette var nok romet brukaren heldt til i den tid garden var enkesæte - dessutan eit rom (kontor), i sudaustre hyrne.



[Hæge og Halvor Kråkenes (Moen-Skarprud 84) og Karen Kråkenes (Lønnegrav 105)]

Halvor Gulbrandson g.m. Hæge Larsdtr. Sinnes hadde garden til 1920 då sonen Gunnar overtok. (d. 8.12.1940).

Buet åtte det ei tid framover til 1943 då den noverande eigars Toralf H. Kråkenes g.m. Hilda Jensen, (Brandbu) kjøpte det på odel. Gunnar fekk Tor Vås jordd.premie, 1. pr. 1929.

➤ KRÅKENES (nordre) gnr. 1, bnr. 3

Dette er garden som Tarjei Hansson Nes hyste opp. Ein fin gard med fritt utsyn over fjell og sund. Omlag 100 mål dyrka jord og 7 000 mål utmark¹. Husi er i god stand. Stoga frå 1878 er vølt 1924, uthusbygningen frå 1877 står likeins, men oppatmåla. Ei anna stoge frå 1913 står i nordre kant av tunet. Det same gjer stabburet frå 1912. Då Tarjei døydde 1909, overtok sonen Hans garden (Lønnegrav 115). Han er f. 1881 og g.m. Petra Karoline Mikkelsdtr. Flatland. (d. 1939).

Hans Kråkenes som har militærutdanning - fast tenesttid 1907-20, har vori ein mykje nytta mann i kommunen. Han var ombodsmann i samflotarlaget i Arendalvassdraget i mange år, og har elles hatt med timmeromsetnaden for Vrådal. Han har vori ein nytta skjønsmann ved vassdragreguleringar i fylket m.m. Han fekk Kongens fortenestmedalje i sylv 1947.

Etter 1950 er garden deila millom dei two gutane Torgny og Mikkel, såleis at Torgny har sjølve garden og Roholtheii (Grimedalen og Fallsli) og Mikkel har plassen Straume og halve hemeskogen. Hans har att eit skogstykke, Horgeviki i Nissedal.

➤ ÅRSTAD gnr. 1, bnr. 4

Årstad var plass under Kråkenes - og ligg i austre kant av dette krokute, innskorne neset, like ved Årstad-Nordbøstraurnen. Samla var det 75 mål jord og skog. Det er segn om at det var Tor Øysteinsson (1773-1858) som ruppe denne plassen ikr. år 1800. Han vart g. 1804 med Kari Jansdtr. Øyan. - Det står endå ein stor ask på vestsida av stoga som han skal ha planta. Dei hadde 7 born.

Ein av dei er den kjende rosemålaren Øystein Torson Rui. (Sjå Vesås: Rosemåling i Telemark s. 72-76). Han var av den kjende Olav Gråætti, både på mor og fars side.

Den ætti som sit på Årstad i dag, er komi frå Mo. Ein Ånund Sæland g.m. Signe Ivarlatin (Lårdal) kom hit som leiglending. Sonen Olav Ånundson (f. Sæland, Nissedal 1857), g.m. Asgjerd Endresdtr. Sunde, kjøpte plassen av Tarjei Hansson Kråkenes i 1890 åri. Husi er gode. Stoga bygt av Ånund, men uthus og bur kosta av sonen Olav, som også har dyrka det meste av garden.

I 1936 vart det fråseld eit stykke til bureising (30 mål) som Einar O. Årstad kjøpte i skifte etter faren. På det bruket er oppført nye hus, og heile garden er oppdyrka. Einar g.m. Katrine Dale, Fyresdal.

Ånund Olavson (ugift) har det gamle hovudbruket. Far hans, Olav Ånundson, var vegvaktar i mange år, og i 1924 fekk han Tor Vås jorddyrkningsspremie, (3. pr.).

➤ REVSKIL gnr. 1, bnr. 6

Revskil har vore plass under Kråkenes. Der er omlag 50 mål innmark og omlag 4000 mål skogvidde. I 1920, 11.5., vart plassen fråskild hovudbruket. Det vart lagt innåt plassen Haland og 12 mål av Kråkenes bnr. 1 og ¼ av Kråkenes skog. Det var Kristian K Kråkenes som fekk kjøpt dette av faren (ved Gunnar). Kristian d. 15.1.1941. Overrettsakf. Hallvard Roholt er eigar frå 1943.

Merknad: I 1820, 25.11, skriv sokneprest Jens Zetlitz ut festebrev til Lars Tarjeison på Revskil. Eit ditto frå enkefru Zetlitz til Katarina N. P. Zetlitz 4.10.1855. Den 13.4.1863 feste frå Steinar Torjusson Kråkenes til lærar Svein Gunnarson og kona på Revskil. Her budde Svein (Straumsnes) i lang tid. Han døydde hjå sonen sin Olaus, på Eidstoi. Feste oppatnya 24.6.1898, (millom Halvor Gulbrandson og Svein).

Den gamle stoga som læraren budde i, står endå, men uthusbygningen har Kristian kosta opp.

➤ KRÅKENESSKOG gnr. 1, bnr. 2

som i 1826 vart utskild frå garden, har som sagt gått i fleire handlar. Den eine fjardeparten er som nemnt lagt til Revskil. Dei andre 3 ¼ partar har ymse eigarar. O. L. Sinnes, Gunnar M. Veum og enka etter Hans Gråsvoll (eller sonen Oddvard) har kvar sin lut.

1889: Mikkel G. Oppsund, Lars G. Sinnes, Gunnar G. Lien og Guro Olavsdtr.

1905: Halvor Gulbrandson Kråkenes skriven for alt!

➤ HOLTE gnr. 1, bnr. 11

Ein flat, lettdriven gard like ved vegen og Straumen (reguleringsdam) med gode hus oppsett i nyare tid. Det var plass under Kråkenes til 1920 då Jon Tarjeison g.m. Anne Funnemark kjøpte det.

Jon har kjøpt innåt Hurrung i Kviteseid ikr. 2 000 mål i lag med Karl Kviteseid. Hurrung var gard eingong, og der budde folk til kring 1910.

¹ Torgeir Hansson kjøpte ein del av Roholt skog med Grimedalen og Fallsli 6.12.1886 for kr. 2000, - totalvidde 6000 mål.

På Holte (øvre) budde Mikkel og Margit. Dei var barnlause og hadde feste på plassen av Tarjei Hansson Kråkenes. Det er no dyrka av nytt 30 mål så det samla jorde er 45 mål. Utmarki er 500 mål. Garden er velstelt i alle måtar. Jon fekk Tor Vås jorddyrkingspremie med diplom 1940. Jon har ymse ombod i kommunen og er damvaktar for Arendals Brukseigarforening.

HOLTE (nedre) ligg like ved bnr. 11. Denne plassen er attlagd og husi borte. Stoga står som bryggerhus på øvre Holte, og jordi er dela millom Straume og Holte øvre. Dei siste som budde her, var Olav og Mari, (innflutte). Olav var sagmeister ved Storestraum sag ei tid.

I 1796, 24.6., vigde Mikkel Øysteinsson Holte og Anne Såmundsdtr. Dei hadde mange born som gifte seg i tur og orden. Sigrid Mikkelsdtr. 1823, Såmund 1825, Kari 1827, Øystein 1828, Sigrid d.y. 1832, og Mikkel 3.11.1839 (då 70 år med Inger Marie Olavsdtr. frå Kongsberg, 39 år).

➤ STRAUME gnr. 1, bnr. 12

Dette er ein svært gammal plass som hørde til enkesætet Kråkenes. I 1734, 12.10., er det skifte etter Laurantz Aslakson g.m, Sigrid Vrålsdotter. Netto 96 rd., irekna eige i Straume 60 rd. Sigrid rokk å bli enke two gonger. Den 6.6.1763, er det skifte etter Olav Ånundson som har døytt. Med honom hadde ho 5 born i alder 14-26 år. Nett. 152 rd. «på stående huse på Strømme» 30 rd. Sigrid er det skifte etter 1784, 24.6. Brt. 12 rd. Net. 6 rd. - husi no rekna 10 rd. Straume har hyst fleire lærarar. I 1843, 25.6., vigde lærar Ånund Olavson Straume, 25 år, og Torgjerd Olavsdtr. Rui 19 ½ år. Som vitne: Olav Såmundson. (Klokkar).

Ei tid var det two Straumeplassar, øvre og nedre. På nedre Straume budde sist Såmund og Else - foreldri av lærar og klokkar i Holla, Eivind Straume. På øvre budde Jens og Margrete i 1930 åri. Dei gamle husi er no nedrivne - og den nover. eigar, Mikkel Hansson Kråkenes - også lærar - har kosta opp stor uthusbygning og bryggerhus. På Straume er ikring 30 mål dyrka jord. Innåt fekk Mikkel i skiftet halvparten av Kråkenes (nordre) heimeskog.

Frå tingboki: Den 12.6.1719. Brev frå Mag. Stoud som «ikke behager at rydningsmannen Tor Jonsen til Strømmepladsen under Cragenæs den lenger at besidde och beboe». - Det vart gjort semja slik at presten løyser inn heile herlegdomen for 40 rd. fyrr innkvitta 10 rd. resten opptalt i retten. Presten skal «nyede herefter: Stuehuset med 3 vinduer, stolpebod, lade og låve, fæhus, vedskjul, smie og badstue med ovn, jordkjelder og kvernhus. Pladsen ryddiggi marimessedagen herefter».

➤ SKREE gnr. 2, bnr. 1

På vestsida av Vråvatn ligg eit fjell som heiter Storskrea. - Eit vidt synleg sva eller svouberg på fleire hundre mål med eit hall på 45 grader eller så. Innunder er ei tykksett skogli av gran og bjørk som har trassa så mangt eit snøras gjennom tidene. Det er morenejord under fjellsida. Eit godt stykke ned i lii i ei jamn hall, er Skreegarden å finna. Det var opphaveleg plass under Roholt. Den gamle husestaden, var lenger oppi bakken (25 m). Olav Tarjeison flutte ned husi i 1914. Stoga er gammal, men innåtbygt og påbygt. Uthusbygningen er opphaveleg den gamle, men bygt innåt ikr. 1914. Der var 2 bur, eit stort og eit lite. - Det siste svært gamalt, med nedrive - diverre. Eit kvernhus står i Skree-elvi like ved garden. Det er eit minne frå ei bortfari tid. Kverni var oppatt fjødda under okkupasjonen og nytta noko då.

Til garden har hørt Skretveit og Lundeberg og staulane Nystaul og Skrestaul. Samla var vel eigedomen på 7-8000 mål. Skretveit og Lundeberg er no eigne bruk, og vidare er det fråseld 2 bureisingsbruk, Åsheim (1938) til Sveinung Bjørnson, Kviteseid g.m. Bertine O. Skree, og Skree, nordre til Kristian O. Skree.

Dei ovannemnde staular vart nytta til 1940. - Enno står setuselet på Skrestaul og ei ny hytte er oppbygd der - men bjølleklang og kuraut og hjuringslokk har tagna her og - som så mange stad.

Skree vart utskild frå Roholt 2.10.1766. Det var Olav Halvorson g.m. Ingebjørg Tjostolvsdtr. som fekk heimel på 17/32 tn. Same dag får Halvor, truleg faren, (1722-1766) heimel på 1 ¾ tn. - Vidare er Olav Skree skiven for 2/3 tn. i 1782. Olav og Ingebjørg hadde 7 born, alle f. Skree. Den som sidan vert eigar er Halvor (1781-1865) g.m. Ingebjørg Ivarsdr. Sonen Ivar (1813-84) g.m. Anne Susanne Kjetilsdtr. Væting har så eigedomen. Ei dotter Ingebjørg Ivarsdr. g.m. Olav Tarjeison Skretveit, hadde garden framover. Han dyrka opp mesteparten av garden (steinut jord), var byggmeister og flutte og sette oppatt alle husi på garden. Ei liti skulestoge som stod ei tid ved Kloppernyr, hadde han sett opp.

I 1928 fekk han 2. premie av Tor Vås jorddyrk.fond, 12 sylvskeier i etui. Olav var elles flink treskomakar og gjorde sko til eige bruk.

Den noverande eigar Halvor O. Skree g.m. Gunda Fjalestad overtok eigedomen 1938. Garden er no på 25 mål dyrka jord og 1500 mål skog.

➤ SKREE (nordre) gnr. 2, bnr. 4

Dette bruket vart fråskild bnr. I i 1938. - Der er 16 mål dyrka jord og 1500 mål skog. Husi er nye, bygde i 1942. Den noverande eigar, Kristian O. Skree er g.m. Sigrid Sofie Fjalestad.

➤ SKRETVEIT gnr. 2, bnr. 2

Garden ligg lognt og løyneleg til bak Skretveitknatten. - Jordet er på det nærmeste flatt og lettdrive med ei blanding av myr og mold. Noko av jordet går ned mot Vråvatnet. Skretveit har ikr. 35 mål dyrka jord, 10 mål kulturbeite og ei utmark på ca. 3 400 mål.

Til garden hører staulane Kroi og Gantekvæven, sist i bruk 1920 åri. Ny hytte på Kroi. Skulehuset som stod på Kloppe myr like ved garden, vart i 1945 flutt til Lauve (Engnes) og sett opp til bustadhús. Husi på garden er i god stand. Stoga oppsett 1914, uthusbygningen 1913. Stabburet vølt og påbygt 1933. Den gamle badstoga er omgjort til snikkarhus. Sag og kvern oppført i 1908. Sagi motordrivi i seinare år.



[Signe og Tarjei Skretveit. (Roholt 119)]

Garden var lenge plass under Skree. Her budde Tarjei Olavson (1833-1923) g.m. Signe Hansdtr. Roholt. Olav Tarjeison hadde så plassen, men i 1906 kjøpte broren Hans det. Liksom broren, var Hans og byggmeister og snikkar og sette opp fleire bygningar. Han dyrka dessutan opp 12 mål på Skredtveit. Då han døydde i 1923, fekk Ivar O. Skree, brorsonen, garden. Han er g.m. Sigrid Tarjeisdtr. Sinnes.

Ivar har vølt på husi, dyrka opp ikr. 15 mål og rudit opp kulturbeite.

➤ LUNDEBERG gnr. 2, bnr. 3

På ei liti slette millom berg og knausar ned mot Vråvatn ligg dette småbruket. Eigedomen er utskild frå Skree og ligg i nordaust leid frå garden. Den dyrka jordi er ikr. 20 mål og så er det 300 mål skogmark. Anne Tarjeisdtr. Skretveit og Olav Aslakson bygsla denne plassen og ruppe han. Gjermund Jore, Skafsaå, åtte det. Han selde det til Johans J. Askedalen. Etter han hadde Søren Slemmen (Romsdal) det. I 1932 kjøpte Eivind Århus g.m. Kari Rønningen, Drangedal det.

Etter Eivind døde sat Kari med eigedomen ei tid. No er det dotteri Ingebjørg g.m. Rolf Fagerlid som er eigarar.

➤ VRÅ gnr. 3, bnr. 1

Det har vori 2 Vrågardar så langt det går fråsegn om, (1593-94) og dei har jamvel ymse gardsnr. (3 og 5). Søndre Vrå var størst. Det er rekna fullgard i 1647 med skyld 4 ½ tn. 6 daler. Den andre part - no nordre Vrå - var halvgard 3 tn. 3 daler.

Gardane ligg med store, litt hallande jorde på vestsida av Vråvatn. Det skogvaksne Rysjanfjellet står som ein sidbrei vegg i vest. Det kan vera ein tanke at nett desse gardane som låg så gjøymt i ei krå, har vori med og skapt Vrådalsnamnet. Jfr. O. Rygh. Fjellet i Nordvest heiter Roan. (Roende, kråenden). Der skulle vera verde (vite) på dette i gamal tid, så vel som på Roholtfjellet i søraust. Millom desse two romerke, låg dei gamle Rogardar (Vrå) og vatnet som botn i kista.


Det fyrste ein hører om Vrå, er i eit uprenta diplom, skrive på Molands prestegard 3.2.1574. 4 brør, Mikkel, Torgeir, Tallev og Alv Torjussoner unner Ragnhild Aslaksdtr. ein brorlut, 2 markabol jord i nedre Vrå «legend vdj. Raadall vdj Huillesøø prestegieldt». - Det var hennar eigen odel som fedrane hadde ått ein etter hin i fire ættled

Vidare eit brev frå, 1586, oppsett på Klomset i Seljord, der ei Bergit Knutsdtr. jattar ein handel mor hennar, avlidne Margit Eivindsdtr., har gjort. c: selt 1 ½ m.bol i Vrå og fått første og siste penningen - og alt der i millom av ein Audun Audunson.

Ved ei mistyding i 1585 vart det kravt skinnskatt av 3 Vrågardar, 2 kalveskinn av kvar. Dette vert retta i 1593 med denne merknad:

«Findis icke fleere end 2 Raa Gaarde y thette Prestegieldt, men ther haffuer siddet 2 Mennd paa thendene Gaard, therfor ere thet forchreffuen y thend gamble Schatti Bogh,» -

Buskapen i 1657 var 1 hest, 2 kyr, 6 sau og 2 geiter (2 kyr er truleg feil jamvel øydegardar har fleire kyr.) Anten det er fullgarden eller halvgarden det gjeld, veit ein ikkje.



[Vrå, nordre 1905]

Fullgarden Vrå - eigarar og brukarar. Anders betalar arb.skatt 1593-94. Visstnok den same som er nemn i eit brev frå 1580, 19.11. «Anndriss Christopherzenn paa Raa gjør vitelig» at han er skuldig Bendik Olavson i Fyresdal 10 daler - og for det pantsett han honom 1 hud skyld i garden sin. Den same brukar finn me framover til 1640. Han er skyss-skaffer (1620) og odelsbonde til 4 tn. i Vrå 1624-41. Ei kort tid Alv, sidan Bjørn. Ved folketelj. 1664 er han 45 år og eig 1 tn. i garden. I 1647-71 er det Olav Gåstjønn som har heile garden (4 ½ tn.) Garden ser ut til å verta pantsett til mange fram til 1695. Olav Gåstjønn 2 ¼ tn. (1672-80), Tallev Skafså 1 tn. Bjørn Vrå 10 natt., Torjus Jore 1 ¼ tn., Vrådal kyrkje ½ tn.

Olav Bjørnson Vrå g.m. Tore Sigurdsdtr. løyser inn mesteparten av garden 1695. (4 tn.) Han sit som eigar fram til 1718. Det er skifte etter kona hans 8.12.1711. 4 born (Anders, Bergit, Sigrid og Kari). Net. 748 rd.

Denne Olav Bjørnson er ved fleire høve. Han får såleis brev frå lensmann Ørn i Fyresdal. Eit mykje vyrdsamt brev. Høyr berre:

Jhesum.

Nest Een goed daegs önsche. Goede venn Ole Biørnssen. Lader vy dig hermed venlig viide at Knud Brocke haufer på dine veigne fornøyet och betalt mig de Thy Rigsaller (10 rd.) du mig hoss hannemb ofrdroeg, huilche Penge du hannemb Igjen bør goet gjøre och afkorte Idet Goedtz hand af dig och dine medarfuinger kiøbt haufer, och schal hoss mig epter afschied komme dig, Igjen tilgoede. Gud befalit. Broche den 5te aug. 1675.

Jon Nielssen Ørn.

m. p, p,

I eit uprenta diplom frå 27.9.1679, sel Olav morsarven sin i Broche, 17 natt. til Knut Ormson på Broche. Brørne åt Olav, Bendik og Anders Bjørnsøner, samtykkjer handelen. Knut reider ut «fire Tiuff Rixdaller» (80 rd.). Vitne er «Landschriifuer Jørgen Raffn sampt lensmand Jens Nielssen Ørn och Anond Greffstadt.»

Ditto 29.7.1717 etter Olav Bjørnson. Net. 109 rd. Sonen Anders g.m. Sigrid Olavsdtr. har så garden (4 tn.) til 1743. Skifte 23.11. Net. 150 rd. irekna søndre Vrå 4 tn. m.b. 450 rd. 3 born (Olav 9, Tore 14 og Gro 2 år). Enka gifter seg att med Knut Ånundson (d. på Vrå 1792). Knut får heimel på 1 ½ tn. 23.11.1743.

På denne tid ser det ut at garden vert deila i two. Frå Oppistoga vert utskild Søristoga. Olav Anderson samlar foresten både gardar att i 1765. Han får heimel på 2 ¼ tn. 9.1. og 2 tn. 9.2.1765. Sonen hans Anders Olavson heimlar 4 ½ tn. 4.3.1785.

Han overlet til systemannen sin, Gunnar Mikkelson Sinnes, (g. m. Aslaug) 2 ¼ tn. 6.10.1792 og til bror sin, Olav Olavson, 7.10.1794 1 tn. I 1805 har Anders og Olav kvar 2 ¼ tn. dei svarar landskyld av - og 1815-21 er Anders og Olav og Ånund Olavson bønder på Søndre Vrå. Ein kan tenkja seg at no har Nedstoga Vrå kome til som tredje bruk - visstnok rudit og bygt av Olav Olavson etter 7.10.1794. Sonen Ånund har nok overteke Nedstoga, (1821). Det er nok son hans Jon Ånundson som får feste på Kosi 7.11.1871. Han er skriven for Holskil då.

I ei grenseskilsak millom Vrågardane 1891 reknar Tor P. Vrå opp brukarar av Vråpartane Oppistoga og Søristoga frå 1822. I Oppistoga har desse bruksa: Jørgen Olavson, Olav Jørgenson, Ingebret Tovson Ormtveit, Gjermund Nerison Haugen, (kjøpt av Ingebret 12.2.1866) Olav O. Svartebekk (sel 14.10.1879), Tor Petterson Vrå.

Brukara i Sørstoga-Vrå: Olav Olavson, Gjermund Olavson, Tov Åvaldson Ormtveit, Petter Tovson, O. Gjermundson, Sigurd Sigurdson, Jon Ådneson og Olav Gjermundson.

Denne garden kom til auksjon 23.5.1893, og landh. Kristoffer Mandt-Veum fekk tilslaget for kr. 5 625,-. Tor P. Vrå kjøpte denne parten 27.9.1900 for kr. 8 000. Sonen Gunnar overtok etter faren. Det var skifte 1901.

Gunnar var det som slo saman Oppistog og Sørstog-Vrå. Skjøte frå Ingebjørg J. Vrå til Gunnar T. Vrå 4.9.1903. Sørstog (sørstuen) skyldde 3.12.1840. Det var Ole Olsen som overtok dette. Gunnar tok ein heilt ny husestad lenger nedpå jordet - der husi står i dag. Stoga på Oppistog står no som eldhus på garden. Buret er og flutt ovarifrå. Hovudbygningen vart sett opp av nyom 1912. - Full skikk på garden vart det ikkje fyrr han fekk kjøpt innatt Nistog-Vrå i 1926, 24.6. Han kjøpte denne garden av Jon Mikkelsen Flatland. Mikkel hadde kjøpt han av Håvard Kjetilson 17.10.1887, og han hadde han etter far sin, Kjetil Olavson som hadde kjøpt han 12.1.1871. Alle husi vart rivne.

Gunnar tok til med jorddyrkning i stor mun. Jamna ut alle hekar og sletta det til. Reknar ein med plassen Norodden, braut han opp 75 mål. Som påskyning fekk han Tor Vås 1. pr. 1922.

Han dreiv elles med oppaling av telemarkskyr og hadde fleire 1. pr.-kyr. Noko skogkjøp dreiv han og med - så han hadde fleire eigedomar då han døydde 1943. Kona hans heitte Sigrid Tarjeisdtr. Skräei og var frå Fyresdal.

Toralf Wrå g.m. Gerd Sørensdtr. Øverland, overtok etter mori 1947.

➤ 813(7)(a)2.1144(V)4.785520911(e)502(1)13.116Hel Innhid uihro inl8(g)2.14878(e)2.
RUE (møre og sørnre) gnr. 3, bnr. 2

har hørt inn under Flatland, gnr. 11, bnr. 1. Plassane ligg på vestsida av Vråvatn. I 1801 bur husm. Jon Johansson (til år) g.m. Targjerd Larsdtr. (45 år) og Sigrid 17 år på Rui. På det andre Rui husm. Bendik Sigurdson 56 år og Sigrid Kjetilsdtr. 39 år m/5 born. Ein kjøpekontrakt av 12.3.1829 viser at Olav og

90.

22

Den noverande eigar Jon Mikkelsen fekk skjøte av far sin på Lunden 13.12.1921. Han er g.m. Ingebjørg O. Berge, Skafsa. Jon eig Åslund i Eidsto, kjøpt av bror sin Petter i 1943. (Totalvidde 500 mål.) NB. Lunden overdrege til Mikkel og Åsland til Anne, borni etter Jon Mikkelsen.

Håvardstupen eit namn i Lunden som skriv seg frå at Håvard Kjetilson slo seg i hel på ein svoll her. (Sanden 45.)

➤ **KILEN gnr. 3, bnr. 7**

Eit småbruk ved Lunden med 24 mål dyrke jord og 5 mål udyrka og 200 mål skogmark. Garden er utskild frå Vrå, og same ætti har sete her frå 1830. Andres Kjetilson fekk Kilen i arv av far sin Kjetil Andressen og hadde det til han reiste til U.S.A. Etter han fekk Kjetil og Eirik, syskinborni hans eigedomen. Då dei døde, kjøpte Ingebjørg Kjetilsdoner det. Ho selde Kilen til Gunnar T. Vrå, Kjetil Jørgenson Kilen tok det så på odel i 1916. Han har og dyrka opp mestedelen av jordet og sette opp ny uthusbygning i 1932.


Noverande eigar er Jørgen Kjetilson Kilen g.m. Gudrun O. Dokki. Han overtok etter faren i 1948. Husi i god stand. Stoga bygt i 1858 av Andres Kjetilson. Han drog heim timret på ei vedaslodde.

➤ **BYGGSTØYL gnr. 4, bnr. 1**

Langt opp i fjellsida ovanfor Vrå, ligg denne garden lognt i ein kvæv beint mot morgonsoli. Det er no bilveg dit dei 2 km frå allmannvegen. Det har vori ei skogvidde på om lag 5 000 mål og 50 mål dyrka jord. Til garden har hørt plassane Skare, Neirbø og Undeberg og staulen Grønhovd.

Garden vart dela i 1938. Eit bureisingsbruk vart skild ifrå. Husi på hovudbølet er rivne og flutte, og garden er utlagt til beite og gror til etter kvart. Utbygdes folk har hatt garden i 30-40 år. (Olaus H. Dale.)

Byggstøy vart rekna øydegard 1647 med skyld 1 tn. 1 ½ daler. Buskape var i 1657 1 hest, 5 kyr og 16 sauier.



[Byggstøy]

Eigarar og brukarar. I 1619-20 betalar Anders saltskatt. Han er også nemnd «Anders Vrå» brukar av Byggstøy. Etter han er Dreng, son hans, der. Ved folketelj. 1664 er Dreng 59 år med son Anders 14 år. Han skattar av 1 tn. 1647-59, seinare ½ tn. (1660-71). Den andre ½ tn. har Aslak Nes, Kviteseid. Jens Nilsson eig garden 1672. (1 tn.) Rannei Byggstøy er odelskvinne 1665-81 med ½ tn. i Byggstøy. Veum kyrkje eig 5 nott. 1678. Hoskuld er nemnd brukar av 19/24 tn. 1682-92. Jakob skattar av 1 tn. 1695-98. Etter han har Olav heile garden til 1704, noko seinare berre 5/24 tn. (1725.) Denne Olav Håvardson var frå Lista og g.m. Gro Tjøstolvsdtr. Aslestad. Der er skifte etter Gro 8.11.1728. Dei har 6 born. (Håvard, Tjøstolv, Ingebjørg, Sigrid, Sigvei og Sigrid d.y.) Brt. 2 207 rd. Net. 1847 rd. Han eig fleire gardar m.a. Lauvvik i Tørdal 2 tn. 4 mæler, 665 rd., og Kassajord i Veum 5 ½ mæler, 220 rd. og Bygstøy 1 tn., 300 rd.



[Skare]



[Neirbø]



[Undeberg 1917]

Undeberg vart eige bruk i 1920, då vegarb. Nils Gunderson Lia g.m. Liv Gunnarsdtr. Brottli kjøpte det av Olaus H. Dale. Son deira, Olav N. Lia-Solberg g.m. Torbjørg Halvorsdtr. Holte, Tørdal tok over i 1946. I 1951 kjøpte dei innåt plassen Neirbø med 100 mål skog og beite. Stoga bygt 1948, uthusi 1920. Eit lite bur har stade på plassen i lange tider. Der er oppdyrka over 20 mål sand og myrjord, og plassen før no 3 naut og hest.

➤ VRÅ (nordre) gnr. 5, bnr. 1, 2 og 3

Den gamle husestaden låg eit stykke nedpå jordet og nærmere søndre Vrå. Der stod lenge att ein apal, men no er tufter og merke borte. Dette var nedre Vrå som er omtala 1574. Her er no 80 mål dyrka jord, 6 mål kulturbete og ikr. 3 000 mål skoggrunn. Til eigedomen har høyrt plassane Juve, Stamsnes, Lislekos og Sollid, og staulane Galtedalen, Midtbui, Buret, Åkerjordi, Storlid, Tilalid, Bronanbui og Grønåsstaulen. Staulane er nedlagde og har ikkje vore i bruk dei siste 25 år. Slåtta delvis nyttar fram til notidi på sume. Juve og Lislekos er eigne bruk.

Husi på garden er i god stand. Den er 2 stogebygningar. Den eine bygt i 1863 - flutt frå Kosi u/søndre Vrå - og ombygt i 1881 av Torkjel Dalen, Seljord. Den andre er bygt 1911 av Jon Kleivstaul, Kviteseid. Jon Torson åtte då Vrå. Bygningen vart visst tenkt til pensjonat og har 10 rom og 2 ganger. Stabburet er frå 1879. Timret kløyvt på Flatlandsagi. Uthusbygningen er bygt 1873. Fjøset ombygt 1904. - Uthusbygningen på Vrå, oppsett av Olaus Svenkeson, var den første stolpereising i Vrådal, og folk reiste lange vegar for å sjå dette vidunder. Nemnast kan og at timret til Vrådal kyrkje (1886) kom frå nordre Vrå.

Garden Vrå er rekna halvgard 1647 med. skyld 3 tn., 3 daler. - Det ser ut som det ikkje alltid har vore fastbuande folk, såleis i 1657 då buskap vantar.

Eigarar og brukarar. Knut betalar arbeidsskatt 1593-94. Søren heiter brukaren 1609-1 etter han Torjus, (1611-41). Ledvor har halve garden 1642-47. Han er nemnd i folketeljingi 1664. Då er han 50 år med sonen Knut 16 år og leigl. Vrål 20 år.

Ei kort tid har Susanne sal. hrr. Hansen i Fyresdal 1 ½ tn. i garden. (1647-59.) Olav Gåstjønn som har heile søndre Vrå (4 ½ tn.), har også nordre Vrå om lag samstundes. (1660-80, 3 tn.) Torjus Jore, Mo har Vrå etter Olav Gåstjønn 1680. Etter han 2 oppsittarar, Knut og Halvor, Knut og Tallev og tilslutt Tallev heile garden 1692-1720. Vetle har garden 1740-til (3 tn.). 1758, 17.10., sel Vetle O. Grimedalen nordre Vrå 3 tn. m.b. for 750 rd. til Tallev Gunnarson Flatland. Skifte på Flatland etter Tallev Gunnarson 17.10.58. Netto 730 rd. Merknad: «har tilhandlet sig halve nordre Wraa» 1 ½ tn. (375 rd.) Tarjei har 1 ½ tn. 1759-62. Olav Jonsen makaskifter ta seg garden 11.10.1763, 3 tn. Han er son åt Kari Vrå (dotter åt O. Bjørnsen s. Vrå) og Jon Leivson Roholt, - og gift med Gro Tjostolvsdtr. Byggstøyl. Hans som er brorson åt Olav, får heimel på 2 ¼ tn. 26.2.1787, g.m. Sigrid Håvardsdtr. Byggstøyl. Jon, sonen åt Olav Jonson, får plassen Juve 2.3.1787. (¾ tn.) Han er gift med Joronn Gjermundsdtr. Han dør på Juve 1847. (Joronn d. U.S.A.)

I 1808 eig Gjermund Olavson 2 ¼ tn. og Jon ¾ tn. (Juve.) (Skifte etter Hans Leivson 16.8.1797. Brt. 1420 rd. Gjeld 1773 rd.)

Tor Leivson vert den som overtek garden etter Gjermund. Det var visst i 1810. Den 23.8.1815 er det framme ein søknad frå enkemann Tor Leivson Vrå om å sitja i uskift bu «for siden at skifte med samfreender» - tilrådd.

Tor d. 1825, og Kari eldste dotteri får garden, g. 1832 med Petter Gunnarson Flatland. (Mandt.) Sonen Tor (1834-1902) g.m. Ingebjørg Jonsdtr. Fjone vert så eigar. Omframt Vrå nordre kjøper han Sør-Odden 29.5.1879 for 1800 kr. og Oppistoga Vrå 14.10.1879, for 4600 kr. Sørstog Vrå 27.9.1900 for 8000 kr. Ei tid budde han i Vråloisen.

[Ingebjørg og Tor P. Wrå (Mandt 62)]

Gunnar, son hans, fekk som nemnt søndre Vrå og Jon (1870-1918) g.m. Signe Tajeisdtr. Gåstjønn fekk nordre Vrå med Juve.

No har Tor Jonson hovudbølet Vrå. Olav har hyst på Juve, bnr. 6². Kristian på Lislekos (med Akerjordi), Mikkel har fått Galtedalen, Storlid og Buret med tilhøyr. skog og vil byggja på Juve grunn nede ved allmannvegen. Til hovudbølet er att m.a. Tilalid, Bronanbui og Grønåsstaulen. Dei andre staulane og skogen kring har Olav og Kristian fått.

➤ NAPER (Vassendstøylen) gnr. 6, bnr. 1

Naper er no ein attlagd gard - utan hus, og jordet er mest attgrodd med skog. Garden låg i ein kvæv vend mot nordvest under Napernuten og på vestsida av Sundalsnuten. Eigedomen var på minst 4000 mål og grensa mot Vrå i aust og mot Fyresdal i sudvest og Mo i vest. Garden hadde eingong eit stort jorde. Dei rekna 5 attenmålsteingar med slått og fleire mål åkrar. Til eigedomen høyrde plassane Vesle-Naper, Tyrikosi, Skogen, Sundsdalen, Lauvkosi, Mylla og Smedalen og staulane Naperstøy, Vassendstøy og Rauddeild. Tyrikosi og Skogen har ny busetnad, og Sundsdalen har kraftstasjonen Skafså II på sin grunn. Dei andre plassar er nedlagde.

Husi på Naper er som sagt borte. Den timra stoga med magatægde vegger er selt og sett oppatt til 2 hus (Myrlund) i 1930 åri. Eit lite bur står no på Haugan i Hauggrend. Den timra løda med køyrelåve er oppsaga til material etla til Vassendstøylen. Til garden høyrde frå langt attende mylle og sagbruk. Ådne G. Naper bygde desse mykje ut i 1898.

Trevarefabrikken vart oppsett i 1924 og forretning i 1931. Vesle-Rjukan som no er utbygd (1954) ligg i byte med Mo. - Rundt fabrikken og kraftstasjonen har vakse opp mange hus.

Naper er fyrste gong omtala i eit prenta diplom frå 1444, 15.4. (D. N. 13 b s. 84) der Tjostolv Gunleikson, Sveinung Halvorson og Folke Torgrimson gjer kunnig at dei var «a Rooaldhe» 4. påskedag 1444 og såg og høyrde at Eivind Torgrimson sa seg å ha selt Tormod Helges 5 markabol i Napporn i Hvidesøe sogn, og at Eivind har oppbore pengar for dette.



[Gunnar Naper (Lønnegrav 148)]

Garden er rekna øydegard 1 tn. 1 daler i 1647, og det ser ut som det ikkje har vore fastbuande folk på garden støtt framover frå år 1600. Såleis er det ikkje oppført nokon buskap i 1657.

² Juve gammal plass. Jens Huskulsson (Roholt 4) budde her omkr. 1730. Sonen Huskuld f. 1732 d. på Juve u/Vrå 1781. Enka Guri Olavsdtr. sit på Juve med borni Olav og Sigrid (båe ugifte.)

Stein Rohot eig garden 1611-33. (1 tn) Halvor Aslestad og Torgeir Væting arvar 1 tn. m.b. i 1660. I tidi desse har garden 1649-68 er innfelt ein brukar eller eigar 1655-til som heiter Povel Drucken, (namnet går att i fleire gardar i heradet.) Ved folketelj. 1664 er «Oluff opsid. 50 år». - Det skifter då alt i eitt med brukarar framover til år 1700. Det er m. a. Christen Hansen 1672-75, Jens Nilssen 1677-79, Amtmand Adeler 1679-82. (Olav og Sigurd brukarar) Jakob 1683-1722 1 tn.³ Etter han Torbjørn frå 1725 til 1763 med 1 tn. og mindre. (1732-39 1/12 tn.)

Sonen hans, Jon Torbjørnson, heimlar 1 tn. 5.7.1763. Ådne har heimla 1 tn. 20.3.1778, seinare sonen Tarjei Ådneson, (1806). I 1814, 9.3., heimlar Anders Tarjeison 1 tn. Kanskje den same som Anders Jonson som svarar landskyld 1808. I 1815-18 er Ådne Tarjeison brukar, men 1818-21 er Anders Jonson på ny oppført som brukar av 1 tn. (heile garden). Ådne har visst både Foldsæ og Naper. Han er g.m. Torbjørg Jonsdtr. og d. på Foldsæ 1857. Sonen deira, Gunnar (1825-1922) og Signe Ådnesdtr. Lønnegrav får skjøte 6. 10. 1854. G. skjøtar det til sonen Ådne 28. 9. 1895. (Då Ådne G. Foldsæ overtok 8.3.1810 er Naper verd 600 rd., 6.10.1854, 1200 spdr., 28.9.95 kr. 16 000 og 1.1.1938 kr. 50 000.)


Ådne G. Naper var ein tiltaksam mann. I 1898 tok han saman med Jon Bjåland til med Skreosen sagbruk og høvleri og trevarefabrikk. På Vassendstøylen, der Gunnar far hans hadde bygt hus, bygde han vidare. - Han dyrka opp 30 mål av nyom.

Den noverande eigar Gunnar Ådneson Naper g.m. Esther Breen overtok 1.1.1938. Han har vore disponent i L/L Skreosen sagbruk og fabrikk frå 1927 - og har hatt mange tillitsyrkje og oppdrag. Hovudbygningen som Ådne, far hans sette opp, har han bygt om, likeins bryggerhuset.

➤ VRÅLIOSEN (Osen) gnr. 7, bnr. 1

Denne plassen ligg like i enden av vatnet. Her var brygge for eimbåten «Nissen» som kom i 1867. Året etter vart det bygt sluse ved Storestraurn så «Nissen» og seinare «Dølen» kunne gå rute frå Vråliesen til Tveitsund, (Treungen).

Etter at bilferdsla auka, måtte båtlaget gjeva opp i 1930 åri.



[Vråliesen]

³ Skifte 13.3.1725 etter Jakob Leivson g.m. Guro Torbjørnsdtr. 6 born. (Torbjørn, Liv, Bendik, Anne, Tone, Åse.) Naper er Guros odel. Brt. 598 rd. Net. 446 rd. Naper 1 tn. m.b., Leiv Hoskulson er verge for borni.

Ditto 20.4.1729 etter Guro. Brt. 225 rd. Net. 35 rd. Odelsgods i Naper 7 sett. = 198 rd.

Ditto 6.2.1759 etter Hæge Jonsdtr. g.m. Torbjørn Jakobson. 3 born. (Jon, Jakob og Hæge 26 år og skal g. seg, med Knut Såmundson Dahlen.) Brt. 360 rd. og ingi gjeld. Naper 1 tn. 340 rd. for huggen skog"

Ditto 2.6.1764 etter Torbjørn g. II Gunhild Såmundsdtr. 2 born. (Hæge 3 ½ år, Egeleiv 1 ½ år). Brt. 697 rd. Gjeld 697 rd.

Ole Blom kjøpte 1 sett. jord frå Vrålid i 1804 og bygde eit sagbruk her. Det skorne vyrket vart køyrd den såkalla «Plankeslæpa» over til Bandakslid og derifrå sendt til Skien. Etter Blom dreiv Cappelen sagbruket eit par år, men så vart det nedlagt i 1850 åri. Petter Gunnarson Flatland (Mandt) kjøpte det så, men dreiv ikkje noko sagbruk. I 1563-64 flutte sonen Tor P. Flatland (Wrå) opp. Han byrja landhandel der. Då han flutte til Vrå ikr. 1870, overtok broren Mikkel P. Flatland. I 1876 flutte han frå Vråloisen til Eikland og derifrå til Hurum, men kom attende til Vråloisen i 1886. Han dreiv landhandel og sette opp fleire hus. Millom anna sette han opp eit stort hotell, som enno med eindel modernisering kjem i hotellklassa. Han hadde og skyss-stasjon. Ikring 1920 overtok sonen Petter M. Flatland Vråloisen. Fyrst i 1940 åri selde han hotellet til ein Hauge som seinare selde det til Kåre Steen som har det no. P. M. Flatland hadde elles m.a. nordre Homme. Han døydde i 1956. I skifte etter Petter fekk brordotter Anne Jonsdtr. Flatland (Lunden) Vråloisen. Ho fekk òg Åsland etter faren. Nordre Homme fekk systersonen Torgny H. Kråkenes. - Petter åtte òg Svartebergstykket (Svartebekk) som han selde til Olav Opsund som så gav det til dotter si Gladys g.m. Tormod P. Wrå.

➤ VRÅLI gnr. 7, bnr. 2

Vråli som frå gamalt har hørt under Hægeland, er no eige bruk, Garden ligg i ein kvæv i nordenden av Vråvatn eit stykke opp i skogen. Husi er i god stand. Stoga bygt 1901. Uthusi store og gode, bygde i 1901. Den gamle husestaden låg 50-100 m lenger aust. - Husi brann 1900. Egedomen har 20 mål dyrka jord og 2000 mål skog. Til garden har hørt plassen Stoi og staulane Veirliommen, Lauvstøy og Nystøy. Plassen Stoi (1932) og fleire tomter (Barlund og Stoiodden 1939) er fråselde.

Etter svartedauden beites det at det var på Vråli og Vrå at det fyrst vart hyst att i Vrådal. Mannen som bygde på Vråli, heitte Vrål.

Garden vart tidleg eige bruk og utskild frå Hægeland. I 1716 har Maren Hægeland fått garden g.m. Tallev Toreson Vråli, og han har det til 1742.

Ein son Olav d. på Vråli 1769. - Men Vråli har på denne tid gått over til Sigrid Talleivsdtr. (far Tallev Eiv. Dale) Ei dotter Dagne Olavsdtr. g.m. Svein Ånundson (Sirdøl?) hadde dotteri Sigrid g.m. Tariei Ådneson.

I 1818 har Tariei og Sigrid Sveinsdtr. Vråli i si eige, og sonen Såmund får det g.m. Margit Kjetilsdtr. Etter han truleg Svein Såmundson f. 1819 g. 1846 med Åse Olavsdtr. Kosi. Svein og Åse m/born til U.S.A. 1859. Samstundes reiste truleg Såmund og kona.

Olav M. Mandt-Eikland kjøpte visst mesteparten då, men det var eindel som ein av syskini til Svein Såmundson som budde i Fyresdal åtte. Jørund Eikland hadde vore ned til Hauggrend og tala med dei om kjøp og hadde vorte samd. Då han kom til Eikland, fortalte han svigerfar sin, O. M. Eikland om handelen. Då sa han. «Den handelen vi jamenn eg ha». - Og såleis vart det. Olav M Eikland fekk heile Vråli. Dotter hans Anne g.m. Christoffer Roholt fekk det og hadde det til 1893 då Hans Eikland kjøpte det. Han var g.m. Tone Jørundsdtr. Dotter deira, Hæge f. 1887 fekk det i 1916 og hadde det til 1956 då Inga g.m. Petter Wraa kjøpte det. - Hægeland og Vråli har såleis påny same eigar.

Vråloisen høyrde til Vråli fyre 1804, då Ole Blom kjøpte det. På Stoiodden bygde dei Stoi handelslag 1912. Det var ein stor bygning med plass til forretning og styrarbustad og rom til posthus og telefonsentral, og i 2. høgdi ein skulesal. Vråloisen skulekrins som fyrr heitte Hægeland skule, leigde skulesalen til fyrst i 1920 åri då det vart bygt eige skulehus.

Stoi handelslag vart i 1926 overteke av John Eikland og Petter Wraa som kjøpte hus og tomt og dreiv Stoi landhandel til hausten 1928, då det vart selt til det nyskipa Stoi Samvirkelag.

➤ HÆGELAND gnr. 8, bnr. 1, 3 og 4

Medan Flatland lenger ute med vatnet har flate, fine jorde, har denne garden som eingong var nærmeste granne, bratt lende med dekkar og små dalar - rett eit høgland (håg, hægre – hægst) Hæge, Helge sitt land - eller det heilage landet kan og ha rett for seg då det skal ha stade eit gudehov på garden i oldtidi. I 1483 vart det skrive Hælghalandhe, 1585 Hegelland, 1602 Heggelannth, 1612 Heggeland.

Garden ligg i ei solhall eit stykke opp frå vatnet med utsyn austover mot Roholtfjell. Det er ein fint opphusa gard frå 1918. Det er 30 da dyrka mark, 5 da kulturbete og 2 000 da utmark. Kvar den gamle husestaden låg, er ikkje så godt å slå fast. - Sumt tyder på at det var eit par hundre meter i nordvest på ein rinde som heiter Raunåker (av røvv - ruver) med merke etter nedgrødde tutfer. Elles har husi stått der dei er i dag (Nedstog) og litt lenger oppe (Oppistog). Der var 2 gardar samstundes - Oppistog og Nedstog. Gamle folk minnest husmurar på Nedstog, og på Oppistog står stogemuren med 2 kjellarar urupla. Så seint som i 1920 stod ei gammal stoge med runde, breie vegger og 2 rom og gang mellom - og med mørkeloft og 2 piper på taket. Stoga kjøpte Paul Wagner i Skafsa. Han har satt ho oppatt til stoge for seg. Stabburet - av ny form - kjøpte han samstundes. Det gamle fjøset og løda vart rive og sumt av vyrke oppsaga og nytta i uthusbygningen som no står på tunet i Nedstog. Smie, badstoge og vårfjøs er det berre veike merke etter no. Nedom murane i Nedstog har dei funne smiesinder etter myrjarn og eit 20 cm langt bryne med runer på eine sida. (inns. til Olds. 1920). Ein liten gravhaug er å sjå i dalen ovanfor husi. Av namn merker me oss Skeiet og Kuberg - det siste stuper rett ned i Vråvatn.

Til garden har hørt Vråli og plassane Vråloisen, Kaupmannfloti, Årviki, Hæglandsjorde, Bukkøy, Kleppe, Kleppskog og Årvikjorde (Haugen). Likeins sætrane Kleivre, Endrestøy, Salgrasdalen, Årvikstøylen, Vehus, Veirhommen, Grønli, Tjønnestøy og Grasli. Sume nytta som stølsbruk til i 1920 åri, som slåtte noko lenger fram. På Vehus hadde dei godt fjøs. Dei flutte opp med noko av buskapen om hausten og sat der utover til Kyndelsmess og gav opp foret. Stoga brann ned, ei løe og bu vart bygd. Bui er no nedrivi,

men løa står. På Tjønnstøy er oppsett ny hytte. - Det er segn om at Vehus skulle vera gard - prestegard - den tid kyrkia stod på Upprann og Paradis. Veirhommen var klokkargard. - Fleire plassar er no fråselde m.a. Vråli, Vråliosen, Kaupmannfloti, Årviki og Haugen.

Hægeland m/Vråli var halvgard i 1647 med skyld 3 ½ tn. 3 daler med merknad: «en gansche ringe Gaard og meget for høyt sat.» Buskapen 1657 var 7 kyr, 15 sauher, 6 geiter. (Omkr. 1800 hadde dei 12 naut og avla 24 tn. korn.)

Eigarar og brukarar. Jon betalar arbeidskatt i 1593-94. Olav 1609-11. Niculs (Nils) er leiglending 1619-20 og sidan Kjetil og Nils. Det heiter i 1645 «Nils, enkemand m/sønn og datter.» Ved folketeljingi 1664 er Olav oppsitjar 30 år med tenar Sivert (Sifftier) 16 år, Vråli har same oppsitjar.

Denne Nils (Niculs) er nemnt odelsbonde 1641-53 og har 2 ½ tn. i Hægeland. På same tid har Kviteseid prestebol ei ½ tn. i garden. Jens Nilson er odelsmann til 1 ½ tn. i Hægeland 1665-81, og ei Åse Andersdtr. eig m.a. 1 tn. i H. 1666-68.

Garden skifter brukatar alt i eitt. Knut Brokke, Tarald Bendikson, Bendik Taraldli og Olav Bjørnson eig små jordpartar i garden. I 1682 eig amtmann Adeler 2 ½ tn., men så i 1691 har Jon, Torkjel og Olav, Hægeland m/Vråli. Nemnde Olav er visst Olav Nilsson som i 1698-1704 eig 3 ½ tn. Skifte etter han 20. mars 1716. Andre kona hans er Dagne Tjøstolvsdtr. (I Ingebjørg Larsdtr.) med henne 4 døtter. (Ingebjørg g.m. Tore Vermeli, Åshild med Tarjei Jonsson. Bustad: Hægeland, Sigrid med Tov Dale, Maren med Tallev Toreson Vråli.) Brt. 30 rd. Net. 1 rd. Eiga (godset) er nok skifte privat. Dagne krev å få opphold hjå versonen Tov Dale.

I 1723 er det tvist om odelen til Hægeland. Jakob Napper (79 år) vitnar at Olav Nilsson har vori g. 2 gonger og hadde 6 born. (I Sigrid og Torbjørg.) Som nemnt bur Tarjei Jonson på Hægeland. Han eig 3 tn. i 1710, seinare det halve, (1722). Mannen av Maren, han Tallev Toreson har 1 ½ tn. saman med Tarjei (1716-22). - Seinare har Tallev ½ tn. c: Vråli fram til 1742. I ein grensetvist 1723 millom Eikland og Vråli er Tallev eigar av Vråli.

Paul Lajeson Skree eig 2 ½ tn. i Hægeland 1746-49, og enka har det same 1750. Paul som var enkemann hadde g. seg med enke Sigrid Hægeland, dotter åt Olav Nilsson og Ingebjørg Larsdtr. (Barnlause.)

Ei ny mannsline kjem inn på Hægeland i 1754 med Svein Ånundson (Sirdøl?) g.m. Dagne Olavsdtr. Hægeland (far Olav Leivson g.m. Sigrid Talleivsdtr. Dale.) Den 1. juli 1754 får han skjøte på 2 ½ tn. i Hægeland.

Det er skifte etter Svein 26. mai 1775 (slutta 8. nov. 77.) Der er 7 born. (Ånund 6 år, Sigrid 22, Sigrid 21, Åse 18, Mari 15, Sigrid 5 og Jorund 3 år.) Brt. 1676 rd. Net. 258 rd. Jord i Hægeland 3 tn. 6 sett. m.b. 750 rd., Sylv 14 rd. - Enka Dagne får heimel på 19/48 tn. 5.10.1784. Den eldste av dei 3 Sigridune f. 1753, vart g.m. Tarjei Åneson Lønnegrav og han får skjøte på heile garden (3 tn.) 6.10.1792, og det same 25.2.1802. I 1814 får han skjøte på ein part av Lønnegrav 1 11/12 tn.

Den 16.1.1818 gjev Tarjei og Sigrid opp buet av helseomsyn - dei er gamle og trøytte. Dei har 8 born. (Gunnar, Svein, Ådne, Såmund, Olav, Kristi, Gunvor og Dagne), Brt. 5 315 rd. Net. 5 315 rd. Jord i Hægeland 2 tn. 6 sett. 500 rd., i Lønnegrav 1 tn. 1 ½ sett. 600 rd. Uttestående krav 4 175 rd.

Samstundes vart Hægeland dela i 2 buk, Oppistog og Nedstog. Svein Tarjeison fekk truleg Oppistog og hyste der, og Kristi g.m. Tarjei O. Gåstjønn fekk Nedstog. Ein bror Såmund fekk Vråli. Alle desse partar gjekk no i fleire handlar. I 1830 (tgl. 13.7.33) var det grensegang millom Hægeland og Vråli. Då er Svein oppførd som eigar av Hægeland og Såmund eigar av Vråli. Det ser ut som Svein då åtte heile Hægeland ettersom grenselina gjeld både Oppistog og Nedstog. Sonen åt Kristi og Tarjeiheitte Mikkel. Han hadde Nedstog ei tid, men selde det til Olav Mikkelsen Mandt (Eikland). Oppistog gjekk over til Guro Sveinsdtr. g.m. Åvald Mikkelsen Sinnes. Åvald fekk skjøte på Lnr. 151 a og b 21. nov. 1844. Svein døydde på Follaugdalen 1849. Åvald g. seg oppatt 1850 med Hæge Tarjeisdtr. Kleiv. Namni deira på eit skåp på Hægeland og årstalet 1864. Han sel Oppistog til Jørund Eiv.son Eikland, skjøte 11.3.1872. Jørund fortalte at då dei skreiv kontrakti, hadde dei ikkje blekk, anna brukta kaffi og krut. Det var om å gjera å få skriva kontrakti då der var ein annan kjøpar og.

Ein liten stubb om Åvald: Sønene hans var som gutungar flest, utkropne og gapne. Ein dag hadde Åvald leid ei mykakjerre og ville dra ho nedover det bratte jordet mot vatnet. Gutungane skulle hange etter og halde att. Men dei slepte heller snart, og Åvald sprang forlivet undan kjerra og skreik. Han fortalte sidan: «Eg ropa på Gud Fader min skaper so høgt at dei hørrede meg te Juve.» Juve er ein plass på andre sida av vatnet. Gutane vart livredde og sprang på skogen og opp på Kuberg. Då Åvald kom etter, sat dei der og song: «Til Jorden, til jorden mig intet nu binder, i himlen, i himlen kun trøsten jeg finder.» - Dei slapp ris då faren hørde kva dei song.

Jørund Eikland hadde fyrr fått mesteparten av Nedstog med kona Hæge, dotter åt Olav M. Mandt (Eikland). Eit lite stykke, Vehushei, hadde den andre dotteri av Olav, Margit g.m. Jon Fjone fått og etter henne sonen Hans Eikland g.m. Tone Jørundsdtr. Eikland.

I skiftet etter Jørund og Hæge Eikland i 1915 vart Oppistog og mestedelen av Nedstog som dei åtte, dela slik at Kleppe og halve Tjønnestøylhei, gjekk til Nordvik. (Ormtveit). Dotter deira Ingebjørg fekk det i arv, og sidan son hennar Håkon Eikland som har det idag. Resten av garden med halve Tjønnestøylhei (Graslistykket), gjekk beinveges som morsarv til dotterdotteri Ingebjørg (Inga) Hansdtr. Eikland. Ho fekk også Vehushei. Ho er g.m. Petter Torsen Wrå.



[Ingebjørg (Inga) Hansdotter Eikland med borni Hans, Tone, Tormod og Ingebjørg (Lillemor) (1930)]

I skiftet 1915 var også Bukkøy fråskild Hægeland og dela i 3 sameigepartar. Øyi vart tillagt eigarane av nordre og søndre Eikland og Nordvik. Eigaren av Hægeland, Inga Wrå fekk søndre Eikland sin part i bruregåve av bror sin John Eikland i 1918. - Som ei påskyning og takk fekk John av Petter Wrå eit gamalt maleri av Eikland då det var i ein gard. (Måla av Mikkel Mandt.)

➤ HAUGEN (Årvikjordet) gnr. 8, bnr. 2

Til Hægeland har hørt fleire plassar som ligg i vest for garden på strandi nordover til Vråloisen. Desse plassar er alle nokså gamle.

Årvikjordet, seinare kalla Haugen, var skyldsett og skild i frå garden Hægeland 2.10.1851. Same året (15. 12) selde Ávald Mikkelsen det til ein ættling Olav Gunnarson Svartebekk (Sinnes). Olav og kona dør på Svartebekk. I slutten av 1860 åri får Gunleik Ånundson Kleppskog (Sanden) eigedommen. Han sel det i 1878 til Mikkel P. Flatland, men leiger det att på si og konas levetid. Kona dør som enke 1921. Ikring 1920 ervde dotteri Signe g.m. Mathis Kleppen det. Olaus Gunleikson kjøpte innmarki 1923. Petter M. Flatland kjøpte skogen. Han selde skogen i 1931 til Johans A. Årviki - som så selde til Petter Olauson Haugen i 1954. Husi på eigedommen er i bra stand.

➤ ÅRVIKI gnr. 8, bnr. 11

Gamal plass - ligg like ved Haugen. Petter Wrå selde det i 1920 til husmannen Ánund Johansson. No er det Johans, son hans, som eig plassen.

➤ KAUPMANNFLOTI gnr. 8, bnr. 9

Dette er gammal plass⁴ like ved den gamle vegen gjenorn Vrådal. Det var vel liksom ein marknadslass der - med driftehage. Tormod Wrå kjøpte det av foreldri sine i 1948. Noko seinare selde han ein 6-7 mål til Skafså II som har bygd administrasjonsbygning der.

⁴ 1801 Husm. Jon Kjetilson Kaupmannflatene 42 år og Sigrid Persdtr. 35 år (4 bom) Per Jonson d. på Kaupmannfлоти 1866.

➤ ORMTVEIT gnr. 9

Namnet kjem truleg av mannsnamnet Orm, men utenkjeleg er der heller ikkje at solhalli her med Småruder under knausane, var vanleg tilhaldstad for orm og at namnet skriv seg frå dette.

Eigedomen går nedåt Vråvatn og ligg millom gardane Hægeland og Homme. jordet er noko hallande og hekut og har sermerkt morenemold. Bygdevegen som ligg nære vatnet her, går ende nedom husi på garden. Tunet er noko uregelrett avdi uthusbygningen har fått noko forkjær plass nedom stabburet. Men truleg noko heldigare plass likevel etter flutnaden nordanom stoga der den var oppsett i 1911. – Stoga og stabburet er mykje gamle. Stoga var eingong oppsett som røykstoge, men er seinare omvølt og innattbygt. Buret skal vera frå millomalderen. Det er enkelt utstyrt utan nemneverdig utskjerding. Bryggerhuset er frå 1904.



[Viki u/Ormtveit]

Samla var Ormtveit ein stor eigedom med 7 000 mål utmark og 70 mål innmark. Det høyrde til plassar og staular i mengde med merke etter gamal busetnad. Viki, Kleppe, Kleppskog og Bakken og Åmter - den siste gamal gard med merke etter åkrar. Her skal ha stade eit gudehov, viggd Tor, men då kristendomen kom, vart hovet nedrive og ei kyrkje bygd på tufti. Ho fekk namnet Høytokyrkja etter Høytofjellet ovanfor. Det skal synast ævor etter ein kyrkjegard endå.

Av staular kan nemnast, Hestakk, Støyldalen, Finndalen, Finnroe og Småstøylane, øvre og nedre-

Garden vart dela i 1857, 22.6. millom two brør, Åvald og Torjus Tovsøner. Åvald fekk søndre parten som i dag er gnr. 9, bnr. 2 og Torjus nordre luten. (Nordvik gnr. 9, bnr. 3).

➤ ORMTVEIT gnr. 9, bnr. 2

Det fyrste ein høyrer om Ormtveit er i eit uprenta diplom frå 12.3.1587. Det gjeld odelen. Tre lagrettmenn Tallak Torbjørnson, Osvald Olavson og Kjetil Eivindson lyder på vitneprov ved Skafså kyrkje. Gisle Klauvreid ber fram ord frå Toronn, vermor si. Ei gamal kvinne (ikkje namn) hermer det Dreng Bergeland har fortalt, og Gunnar «Byffland» vitna det hans salige far hadde sagt. Alle desse 3 provi samstava godt. Den fyrste odelsmannen til Ormtveit heitte Tallev. Han «bode der lang thidt.» Dotter hans, Gunhild, fekk så garden, så hennar dotter att Gudvei, og vidare Hæge, Gunvor og Anne. - 6 ættleider med odelen. (Tallev liver straks etter svartedauden.) Ein Svenke Torkelson (Lårdal) gjer krav på odelen, men det nekta alle vitni. Likevel har no Svenke fått til seg ein jordpart i Ormtveit, på ein eller annan vis, for i 1598, vitnar fire lagrettsmenn, Ånund Torkelson, Alv Gunison og brørne Knut og Sigurd Bendiksøner at Svenke Torkelson sel 8 markabol i Ormtveit til Sigurd Ledvorson. Dette jattar sønene hans Vigleik, Torkel og Villum. Betalingi 124 rd. har Svenke motteke in natura. (1 hest 11 rd., 3 kyr 12 rd., 2 sauher 1 rd., tellebille 1 rd. og m. a. ein raud stakk, ein blåranda duk, eit tre skjeft tjeld, ei tn. korn, tre «løbe» smør, kjetilar o. m.)

Eit prenta diplom frå 8.4.1607. - Ei sak millom Guro Orrntveit og sonen Bjug Sivertson på den eine sida og Olav Taraldli på vegne av kona og sjukborni honoms om 3 markabol i Homme (Lårdal) som Sivert Ledvorson far til Bjug ha selt til Kjetil Bendikson far til sjukborni av O. Taraldli. Dom: «och samme kiøbebrev ikke kunde i nogen maade imod silige.»

Garden Ormtveit var rekna halvgard i 1647 med 2 1/6 tn. 3 daler skyld. Buskaperen 1657: 1 hest 8 kyr og 8 sauher.

Eigarar og brukarar. Vigleik- Svenkeson betalar arbeidsskatt 1593-94 og Torgeir 1609-11, Orm 1619-20, Olav, leiglending 1622-41, Bjug Sivertson 1644-47, (eismal).

I manntal og folketeljingi 1664 er Åvald oppsitjar 50 år, son Gutom 20 år. Husm. Anstein 59 år.

Vald er odelsbonde 1660. Han er son åt Såmund Tallevson Nora og Tore Sigurdsdtr. og g.m. Hæge Åvaldsdtr. Ætti etter han har halde seg på Ormtveit sidan.

Gutorm Åvaldson og Hæge Eivindsdtr. eig 2 tn. 1672-97, men Roholt kyrkja eig resten, 1/6 tn. i 1647. (I 1672 er det Kv. prestebol som eig 1/6 tn.) Skifte på Ormtveit 26.2.1669 etter Åvald Såmundson g. I Hæge Åvaldsdtr. II Guro Nilsdtr. Dela lausøyra, men jordegodset skulle delast sidan.

Ditto 2.11.1680 etter Tore Sigurdsdtr. (g. I med Såmund Tallevson, II Kjetil Ofvestad.) Ho eig 1 tn. i Sjøtsett 1 tn. i Ormtveit.

Ditto 11. 4.1701 etter Gutorm Åvaldson g.m. Hæge Eivindsdtr. Born: Åvald 20 år, Eivind, Såmund og Gunhild. Brt. 100 rd. Net. 74 rd. irekna jord i Ormtveit 2 tn. 5 mæler 300 rd. Rue i Kviteseid 2 tn. m.b. 328 rd. Rue i Br.berg ½ tn. 50 rd.

Enka etter Gutorm, ho Hæge (Hegge) svarar skattar fram til 1709. Skifte 31.10.1709. - No er netto eiga 417 rd. Ho har ått m.a. 1 tn. 2 ½ mæle i Ormtveit.

Åvald Guttormson eig 2 5/6, tn. 1713-44. Det er skifte etter Åvald 9.11.1741 g.m. Hæge Åvaldsdtr. - på denne tid død. Born: Tov, 16 år, Guttorm 12, Åvald 6, og Ragnhild 20 år. Brt. 702 rd. Net. 563 rd. Jord i Ormtveit m/Vehus 2 tn. 10 sett. verd. 350 rd. Foldsæ 1 sett. 50 rd. Sylv 72 rd. (Sylvbelte 22 cub. 15 rd.)



[Ingebjørg og Åvald Ormtveit (Ormteit 35)]

Tov Åvaldson (1725-90) g.m. Torbjørg Eiv.dtr. Dale har garden (1747-65) og får heimel 6.3.1770 (2 5/6 tn.) og 6.4.1780 1 59/60 tn. Dei hadde 11 born (6 f. på Dale og d. små.)

Avald (1751-1802) g.m. Gjertrud Pettersdtr. Mandt vert så eigar. Gjertrud heimlar 2 5/6 tn. 1.3.1796. Der er no velstand på garden. Skiftet etter Torbjørg, mor åt Åvald, 3.6.1777. Brt. 6 817 rd. Netto 2 358 rd. med gardane Ormtveit (2 tn. 10 sett.) 1 000 rd. Dale i Vrådal (2 tn. 6 sett.) 1 000 rd. Midtsund, søndre (3 tn. 1 sett.) 850 rd. Fardal i Moland (2 tn. 6 sett) 700 rd. Lausøyra ikkje spesif. 356 rd. I 1802, 16.8 får enka Gjertrud Pettersdtr. løyve til å sitja i uskift bu. Skiftet etter Gjertrud 20.4.1809. Brt. 2 558 rd. Net. 2 525 rd. Jord i Ormtveit 3 tn. 1300 rd. Dale 2 tn. m.b. 1100 rd. 5 born (Tov 26, Petter 23, Torbjørg 18, Åse 12 ½ og Ingebjørg 8 år).

Tov Åvaldson g.m. Ingebjørg Torjusdtr. Bjørnstad er skriven for Ormtveit (3 tn.) 1815-21. - Dei har garden framover til 1850 åri. Den 22.6.1857 krev Tov Åvaldson garden dela millom dei 2 sønene, Åvald og Torjus. Åvald (1822-1913) g.m. Ingebjørg Tarjeisdtr. frå Skafsa har garden til 1898 - då Petter Åvaldson g.m. Sigrid Olavsdtr. Holte (u. Kråkenes) kjøpte det av faren. (Petter d. 1924.) Den noverande eigar er Olav P. Ormtveit (f. 1909), som overtok etter mori 1.9.1947.

➤ BERGLAND m/SANDLAND gnr. 9, bnr. 5

I gamle dagar var dette plassar under Ormtveit. Den siste som budde på plassen Sandland var Eivind Sandland f. 1799 (Sanden 189.) Han fekk «stedsmål» på plassen 1821, og sat her til sin død 1888. Han var gift 3 gonger og hadde hatt 21 born. Siste kona hans døydde på Sandland 1897, og då fall plassen attende til Ormtveit. Eivind var god smed.

Ved skifte på Ormtveit 1901 fekk Tov Åvaldson tildela den noverande Berglandeigedomen. Han reiv husi på Sandland og flutte til Bergland og slo desse plassane til eitt - m.a. stabburet er kome frå Sandland. Tov døydde ugift på Bergland 1935. 7 år fyre åt hadde han selt Bergland, som han forresten kalla Ormtveit østre, til Pedersen, Arendal. Johan Haukenes har leigt denne plassen i mange år av Pedersen - og jamvel etter han har fått bygt eige hus på Sundvollen, har han onna på Bergland.

➤ NORVIK (Ormtveit nordre) gnr. 9, bnr. 3 og 4

Etter deilingi 22.6.1837 vart Tojus Tovson eigar av denne parten. Han var g.m. Kristi Sveinsdtr. - syster åt Gunhild Veamyrann. Torjus kjem straks i stor skuld. Den 11.3.1861 skriv han under på eit skadedausbrev til Norges bank på 400 spdr. Det går nokre år, men det var tronge tider - og garden kjem til auksjon i 1870, 23.5. Broren Åvald får tilslaget på 1560 spdr. - med omk. kom det opp i 1775 rd. ved sluttoppgjerde

28.10.1874. Jørgen Eivindson Eikland baud 1555 spdr. på auksjonen - og han korn til å overtaka etter Åvald nokså snart. (1872?)⁵

I skifte etter Jørgen i 1912, fekk dottersonen Håkon Eikland garden. Samstundes vart Kleppeskog, ca. 500 mål og Tjønnestaulheii ca. 1500 mål tillagt (dela frå Hægeland 1912.) - No er den samla vidde omkr. 3000 mål og med 30 mål dyrka mark. Til garden hører plassane Viki, Kleppe, Kleppeskog og Bakken som er delvis oppdyrka og innlema i innmarki. Staulane Tjønnestaul, Grønlid og Grasfjell (opph. komne frå Hægeland) har vorte nytta som støylsbruk til 1925 og som slåtte til 1936.



[Kristi og Torjus Ormtveit (Ormtveit 37)]

Husi på Norvik er romsame. Stoga frå 1860 er omvølt av den noverande eigars (1922) uthusbygningen er frå 1937. - Fyr stod det på tunet ei timra løde med låve millom høyrom og konnrom, og fjøs og stall kvar for seg.

Den noverande eigaren, Håkon Eikland g.m. Ingebjørg Midtgarden har ått garden sidan 1912. Han har vyrdsla godt om garden. I 1936 fekk han 1. pr. av Tor Vås jord.fond. Han eig og noko av Kvennes skog i Kviteseid.

⁵ Jørgen Eikland fekk berre $\frac{1}{2}$ av nordre Ormtveit. Den andre fekk Åvald innåt sitt bruk, men så kjøpte Jørgen som nemnt Kleppeskog og Tjønnestaulheii.



[Håkon og Ingebjørg Eikland med borni Ingrid, Jørund, Jostein, Borgny, Knut og Inge ca. 1931]

Fra Nordvik er seld 3 tomter. (Sundvollen, Skogly og Fjell-li.)

➤ DALE gnr. 10, bnr. 1

Dale ligg rett opp for Hommegarden. - Vegen til Dale er 2 km lang og går i sving og krok med stigning 1:7 eller så. Vegen er bygd av Gunnar O. Dahle då han var eigar ikr. 1900. Lensmann Johannesen i Kviteseid var endå vegingeniøren der. Eit stygt juv ligg på austsida vegen med ei fossande elv gjennom, og dei hengbratte skoglider toppar seg i Buskarnuten, ukjømt og ukvilt. Men er ein komen opp mot garden, vert det noko vidare og romsamare - ja til og med fine flatar. Og på ein bergkolle er husi bygde. Det er no tvo bruk, deila 1926.

Hovudbølet, bnr. 1 har 15 mål dyrka jord og 8 300 mål skogmark. - Før det var dela, var det over 12000 mål skogvidde. Då låg det fleire plassar og staular til eigedomen. Eg nemner Staver, Sandviki og Brauti og staulanane Gaukstaull, Stestaull, Dårestaul, Nystaul, Festaul, Oksestaull og Digernes. Sandviki og Brauti er fråselde og eigne bruk no. Severin Eivindson har det fyrste, og Gunnar Jonson Rue det siste. Fleire staular er huslause, men andre har endå hushytter og har vore nytta som krøterhamn til 1920 og som slåtte til 1950.

Den gamle husestaden var litt lenger aust ned mot eit dalsøkk. Husi vart flutte den tid Gunnar O. Dahle hadde garden. Det var endå Eivind Sandvik som flutte stoga og klædde ho ute og inne og gjorde ymse brigde. - Opphaveleg er stoga gamal. Dei tvo buri er komne vekk. - Veslebur fekk kunstmålar Moe av Gunnar Dale, og det står på Juvland sæter i ytre Vrådal. Det andre buret vart ikkje vyrdsla med tak og stod til det ikkje var pyntevort lenger. Uthusbygningen er i god stand, romsam og praktisk innreidt og bygt i 1890 åri.

Eit brønnhus og bryggerhus av stort magatelgt timmer skal vera laga av ei røykstoge som har stade på garden. - Litt ovanfor ligg utan tvil ein liten gravhaug som det har stade eit hus på. - Oppi i marki ved Dårestaul er ei slag helleristing i ei tverrufs. Det er tvo loddrette risp ein meter lange ned mot jordbakken. Dei er laga med meisel og har tverrstrik på både sider så det liknar tvo tre med greiner. Det eine har greiner med småkrokar, det andre beine strik på kvar side av midstrålen (stommen). - Den noverande brukar, Jørgen Snarteland, hadde sendt eit rit av dette til ein konservator, men ikkje hørt noko frå han.

Garden Dale er truleg mykje gamal. - Dei lika gjerne å byggja på slike stader med fritt utsyn dei gamle - og her har du dei lange augneleite utover Vråvatn med vikar og oddar, holmar og skjer - og så skogliene med fjell som møter på tre kantar - som ramme rundt det heile. Dale var rekna halvgard 3 tn., 3 daler skyld i 1647. Buskapen i 1657: 1 hest, 9 kyr, 24 sau og 7 geiter.

I eit uprenta diplom frå 1596 er nemnt ein Torgrim Dale som forar ei kyrkjekyr, gjevi av Knut Ivarson. (Sjå om Roholt.)

Eigarar og brukarar. På heiter brukaren i 1593-94. Nikuls svara saltverkskatt i 1609-11 elles er Åmund og Aslak oppførde som leiglendingar på same tid «forarmet». Aslak reider ut koppskatt 1645. I 1648-59 er Tov Fjalestad eigar av 3 tn. Ved folketelj. 1664 er Eivind oppsitjar 50 år med drengen Gunnar 20 år. I 1680 er Tov Dale på Eivind Dales barns vegne skiven for 1 1/3 tn. - Fyrnemnde Eivind er odelsbonde og eig i 1665 2 m. i Foldsæ, 1 tn. i Bradtsdal, 14 tm i Fjalestad, ½ tn. i Tveiten og 3 tn. i Dale. (1657-61).

Kviteseid kyrkje har ½ tn. i garden 1672 og seinare au. (1751.)

Tov Eivindson sit med mesteparten av garden framover til 1725. Talleiv heiter broren. Han dør fyre 1725. Sonen Eivind Tallevson har då garden ei tid, men i 1738, 10.11., er det skifte etter Eivind g.m. Rannei Såvesdtr. Dei har 3 born. (Torbjørg 7, Aslaug 4 og Tone 2 år.) Brt. 676 rd. Net. 570 rd. Dale 3 tn. m.b. 400 rd. Tveiten i Veum 5 ½ nott. (24 nott. = 1 tn.) 52 rd. Sylv 22 rd.

Rannei g. II m. Tjøstolv Olavson. Han er skiven for garden 1740-44, 1 ¼ tn. Rannei er det skifte etter 21.11.1743. (Torbjørg og Aslaug lever etter I og Eivind 4 og Gro 1 ½ år etter II.) Brt. I 233 rd. Net. 964 rd. Dale 1 tn. 4 sett. 213 rd. Lauvik 2 tn. 4 mele m.b. 430 rd. Tveiten 5/12 sett. 4 rd. Årstaull i Fjotland 15 eng. skyld m.b. 200 rd.

Kven som no får garden, er lit uklårt, men det er truleg Tov Åvaldson Ormtveit g.m. Torbjørg. Tov heiter brukaren 1754-64, 2 ½ tn. (Kv. kyrkje 1751 ½ tn.) Sonen Åvald får heimel på 2 ½ tn. 6.4.1780 og 1 ½ tn. 2.3.1799. Sonen Petter Åvaldson heimlar 2 tn. 25.1..1810 og han sit med garden 1815-21. - Petter sel garden til Eivind Jakobson Dale, og han sel det til Olav Gunnarson Nordbø (Klauvreid) 1843. - Det var sonen hans, den fyrr nemnde Gunnar O. Dahle (presten) som hadde Lønnegrav også. Hans O. Nordbø (Øy) og Gunnar Larsson Sinnes kjøpte Dale av Gunnar.

Garden vart dela 1926 slik at dotter til Hans, Andrea g.m. Jørgen Snarteland, fekk hovudbølet, og Else, dotter til Gunnar Sinnes fekk Dale nedre gnr. 10, bnr. 3.

➤ DALE gnr. 10, bnr. 3

Denne garden er nybygt og vart utskild frå øvre Dale i 1926. Stogebygning og uthusbygning hadde Gunnar kosta opp fyre delingi. - Dei er store og romsame. Der er 18 mål dyrka jord og 4 000 mål skog. Nokon plass høyrer ikkje til, men fleire staular m.a. Dårstaull, Nystaul, Festaul og Oksestaull og Digernes. Desse har vori nytta til slåtter like til no, men støylsbruket slutta i 1920 åri.

Opp ved Festaul var det at bjørnen slo ihel 14 sauver på ei natt i 1912 - kanskje same bjørnen som Jon Århus skaut ved Digernes i 1923.

Gunnar Larsson Sinnes hadde garden ei tid, men i 1929 vart garden overteken av dotteri Else. Farbroren Olaus Sinnes (d. 1960) budde der også.

➤ STAVER u/DALE gnr. 10, bnr. 1

Dette er ein nokså gammal plass. Han ligg nesten jorde i jorde med Dale som han bar høyrt til. Der er noko berglendt og grunn grusjord. Vidda kan vel vera som 6 mål dyrka jord og nokre mål dyrkbar jord. Til plassen har høyrt vedrett og beiterett og husefang etter tilvising. Stoga er bygt av Jon Gunnarson Staver d. e. - Den andre stoga av den noverande brukar. Uthusi er gamle og små.

Jon Gunnarson Hagen, Mo, g.m. Hæge Gunnarsdtr. Kleivan flutte til Staver 1866. Dei hadde 6 born. Gunnar den yngste f. 1873 g.m. Gunnhild O. Gjerden, Bykle, budde her til sin død (1945 og 1951), (6 born). Jon den yngste f. 1915 g.m. Anna Pedersdtr. Berge, Bygstud i Sundfjord flutte frå Staver i 1958.

Plassen har no gått attende til hovudbølet.

➤ BRAUTI gnr. 10, bnr. 2

Plassen ligg oppi brekkene nedanom Dale og har høyrt denne garden til. Det høyrer til 6 mål dyrka jord og ikkje meir. Olav Jonson Rue kjøpte plassen i 1923 av Hans Nordbø og Gunnar Sinnes. I 1928 kjøpte broren Gunnar Rue eigedomen, og han bur der aleine no. Det er han som har bygt stoga han bur i.

Gunnar har vore veidemann, m.a. tok han 2 gauper på salve. Han skaut på slagbjørnen i Dalemarki ein vår, men fekk han ikkje.

Av husmenner som har sete i Brauti kan nemnast Gjermund Kosi og systeri Torbjørg (Heia). I 1882 var Bernt Kjetilson Heia her, dotteri Bergit f. Brauti.

➤ BREILAND u/FLATLAND gnr. 11, bnr. 3

Olav Bendikson og Asgjerd Olavsdm. får feste på Breiland 5.8.1829 frå Gunnar Jørgenson Flatland. Avgift 1 ½ vike slått - 24 mål - og 1 veke haust- og våronnarbeid. I 1863, 13.11. vigjer Bendik O. Breiland 28 år med Gunhild Halvorsdtr. Eikland (Nordaberg u/Fl.land) 24 år,

Der var 2 Breilandplassar som no både er attlagde.

➤ HOMME (nordre) gnr. 11, bnr. 1

Dette var nok hovudbølet då Homme og Flatland var ein gard. No er det ein gard av dei jamne som er ikkje så mykje å merkja seg. Husi er i bruakeleg stand. Her budde Olav Homme g.m. Sigrid Hauge. Dei utv. i 1880 åri, og Mikkel Petterson Flatland kjøpte det. Stoga opphav. gammal, men Mikkel bygde innåt og kledde huset. Sonen Petter sette opp uthusbygningen. Petter Mikkelsen døydde 1955. I skiftet etter han har Torgny H. Kråkenes fått garden.

I 1852 er det berre ein Hommegard - som Hans Clausen og John Evensen har fått, men då har Torjus Tovson Ormtveit kome inn som medeigar etter John Evensen.

Garden må ha vorte dela i 1850 åri, for i 1864 er det 2 bruk med Ole Olsen på løbe-No. 154a og Tor Pettersen på løbe-No. 154 b og c. (Mandt 62.)

I 1801 er ikkje Homme i Vrådal nemnt. Fyrst med Ånund Sveinson Hægeland (Dale 41) g.m. Tone O. Bergland får me fotfeste her. Borni deira, Dagne f. 1804 og Anne f. 1806, på Homme. Dei sjølve dører her, han 1837, ho 1844. Anne g.m. Olav Jørundson bur på Homme i 1832 då dotter deira Tone vert fødd. (O. Jørundson d. på Homme 1833.)

I 1864 er Ole Olsen eigar. Han sel det truleg til Mikkel P. Flatland då han dreg til U.S.A. i 1880 åri. Mikkel har det i 1889 og 1905.

➤ HOMME gnr. 11, bnr. 2

Garden ligg nordom Flatland med hallande jorde. Der er gode hus. Både stoga og uthusbygningen er bygde etter 1930. Uthuset har gild granittmur. Stabburet er flutt frå Brottlid. Det er nytta merkeleg smått bruk i buret. Jamvel svillar og stabbar er noko «småbroti» av seg.

Namnet kjem av ein home, ein jordskjekil millom berg og røys - og det kan høva her - fyrr jordet vart oppbrote. Der er 15 mål dyrka jord og 10000 mål skoggrunn. Til garden høyrer Hauknes på vestsida vatnet. Det er tilleggsbruk til garden - med nye uthus. Nokre plassar er fråseldे såleis Rue nordre og søndre, Nordaberg og Berge.

Brottlid og Hauge, øvre og nedre, er attlagde plassar. På Hauge budde sist Ingebjørg, ei enke d. på Bygstøyl. Ho var så gjestfri. Ho sa det til Olav Fjalestad. «Du skó te bóret å eta om du so hev ete på dynnehella.»

På Brottlid budde sist Tarjei Brottlid.

Ufsebui er staule på vestsida. Dei sat på Ånevasstaulen i frå våren - og flutte så til Ufsebui utpå sumaren. Dei laut fara oppom Vråliesen og utatt lidane, ein vegkrok på sine 2 mil. Ikkje nytta sidan 1910. -

Eit stort vatn, Røyningsvatn, ligg i denne marki. Det er næsten trillrundt og ikr. 1 km breidt og langt. Det har vore store fisk her fyrst, men vanskeleg å få. Utlaupet er mot Fyresdal. (Røynevassåi.)

Ein staule låg ved vatnet og vart kalla Røyningsvatn. Her sat dei med krøter for 30-40 år sidan.

Plassen heiter eit «Rò» ende ovan jordet på Homme. Enno står det gamle aplar her, og tufter etter hus er synlege. Sist budde Gunnar og Margit Odden her.


Garden Homme er deila frå nordre Homme. - Gunnar Brauti minnest garden utan stoge, berre ei lode timra med two rom og låve millom. Gunnar P. Flatland sette opp ei liti stoge. Den reiv dei og flutte til Steinsrud nord på strandi. Den som så hyste opp garden, var Gunnar Jonson Fjalestad den tid han hadde eigedomen. - No er det bror hans, Olav Fjalestad g.m. Gudrun Bondal (Fyresdal) som eig dette Homme.

1864: Tor Pettersen (Mandt 62) eigar, men i 1889: Gunnar P. Flatland (Mandt 67), som og har det i 1905.

➤ FLATLAND gnr. 11, bnr. 3

Om lag midt på strandi av Vråvatn på austsida ligg Flatland. - Som namnet seier, er her flatt og fint der garden ligg. Lidene ovanfor står næsten loddrette, men merkeleg nok skogklædde. Det er Buskorin dette fjelldraget heiter nordover mot Dale. Flatland har 60 mål dyrka jord, 10 mål kulturbete og ikr. 4000 mål skog. Husi på garden store og romsame. Stoga opphaveleg gamal, men ombygt og vølt fleire gonger, sist 1956. Stabburet har ei fint utskori bringe med stolpar og bårdar frå 1773, bjørnelås. Uthusbygningen frå 1917 har her som annanstad avløyst ei timra lode og fjøs og stall. Badstoge og smie høyrde til. Den siste står og er mest oppmura av villstein, berre 2 kvarv trevyrkje under torvvolane.

Då garden var i sin brage, var det ein svær eigedom med over 15 000 mål skog. Då høyrde båe Hommegardane til, Rue (2 bruk), Haukenes, Hauge, Nordaberg, Berge, Brottlid og Brehand øvre og nedre og staulane Ånevasstaulen og Ufsebri. No er mestedeilen av dette skild i frå. Ånevasstaulen høyrer til bnr. 3, og har vore nytta som støysbruk til i 1940 åri. Der er merke etter åkrar og dyrka mark, så det har vel vore plass ein gong. Det var kvern og sag og stampe i Flatlandbekken. Sagi er no motordrivi - det andre til nedfalls. Godt fiske til garden i Vråvatn og Ånevatin, (3 km).



[Loft på Flatland.]

Peninghaugen ved garden ber segn om ein nedgraven skatt. Fleire gravfunn m.a. stridsøks, sverd, beislebit, skjoldnaglar og ei masse trekol kom fram i 1946 då dei skulle ta grus til vegen. Gravingi stoppa, og ikkje oppatt teke enno.

Fornfunnet innsendt som gavé til Oldsaksaml. Ein rar stein (oml. 1 kg) med ei meite rundt (fingerdjup) er på garden. Kan ha vori eit slagvåpen dersom dei nyttar vidjelekk eller lerreim rundt han.

Flatland er rekna halvgard 1647 med skyld 3 tn., 3 daler, med den merknad «ringe eiendom til, og for høit sat» - Fødsla var og berre litt etter vidda. Buskapen 1657 var 1 hest, 7 kyr og 7 lam og sauvar - ikkje geit eller gris.

Eigarar og brukarar. Dreng Flatland svarar arbeidskatt i 1593-94, Anders 1609-11, Aslak 1618-19. 1629: Aslak død «og sidder igjen en fattig forarmet enke.» - Tarjei (1638-64) Han er ugift og odelsbonde og eig m.a. Flatland 2 tn., Åmås 2 tn., Vindlaus 2 tn., Rinden ½ tn.

Ved folketelj. 1664 er Tarjei oppsitjar 70 år med tenestgut Tarald 16 år.

I 1647 og fram til 1751 har Kviteseid prestebol 1 tn. i garden. Ånund er nemnd som brukar 1655-til. Tarjei og son hans Tarjei 1683-88, sedan Hans og Jon og Ånund fram til 1734. (Skjøte til T.T.FI. 30.6.1659 på jord i Øy og Lønnegrav.)

Skifte på Flatland 22. 6. 1696 etter Tarjei Tarjeison g.m. Signe Halvorsdtr., (ho au død). 6 born. (Ånund, Eivind, Tarjei, Dagne (g.m. Bjørn Åsheim, Seljord), Guro, Liv.) Lausøyre 106 rd. Gjeld 709 rd. Jord i Flatland 2 tn. m.b. i Amås 1 tn. m.b.

Tallev har 1 tn., sedan 2 tn. (1736-50) så Gunnar, son hans, 2 tn. (heimel 5.3.1764 2 tn.) sedan får han rett på 17/48 tn. 17.1.1774 og 1 11/12 tn. 27.11.1777. Gunnar m/ barn 2 tn. 2.12.1789. Jørgen Gunnarson 1 ¾ tn. 27.2.1801.

Skifte 12.11.1749 etter Joron Ånundsdr. g.m. Tallev Gunnarson. 6 born (Ånund, Gunnar, Jørgen, Sigrid, Torbjørg, Joronn). Brt. 611 rd. Net. 496 rd. Sylv 55 rd., sylvbelte for 16 rd. (14 kuber.)

Skifte 17.10.1758 etter Tallev Gunnarson. (5 born.) (Ånund d.) Sigrid g.m. Mikkel Sinnes. Brt. 1403 rd. Net. 730 rd. Jord i Flatland 9 ¾ sett. for 314 rd. - «tilhandlet sig halve nordre Wrå» 1 ½ tn. for 375 rd.

Ditto 20.3.1767 etter Åste Jonsdtr. g.m. Gunnar Tallevson (Tallev 4, Jon 1 år.) Brt. 854 rd. Net. 433 rd. Flatland 2 tn. m.b. Gunnar ervde 1 ¾ sett. etter mori, frelse inn det andre og løyste ut syskine sine. Sylv 45 rd. Gunnar Tallevson var gift 5 gonger.

Ditto 17.1.1774 etter Kari Hansdtr. (Ø) g. I Leiv Jonson Roholt, II Gunnar Tallevson (Jon, Hans, Tor med 1 mann, Tallev 2 år, med II.) Ba. 2 581 rd. Net. 1 661 rd. Heile Flatland 3 tn. 600 rd. Rørholt m/Lauvik 3 tn, 1 mele (386 rd. - 214 rd.), 600 rd.

Ditto 22.5.1789 etter Dagne Håvardsdtr. g.m. Gunnar Flatland, 5 born. (Jørgen, Tallev, Håvard, Tarjei, Joronn 14, 9, 7, 3 og 4 år.) Brt. 2 056 rd. Net. 1 459 rd. Flatland 2 tn. 800 rd. Haugen m/Hamarhus i Veum 2 tn. 5 sett. 700 rd.

Ditto 23.6.1790 etter Sigrid Håvardsdtr. syster av Dagne og Joron, konene av Gunnar Flatland. Ba. 93 rd. Net. 83 rd.


Ditto 27.1.1806 etter Jørgen Gunnarson g.m. Gunbjørg Andresdtr. 2 born, (Gunnar 2, Dagne 4 ½ år). Brt. 1232 rd. Net. 782 rd. Flatland 1 tn. 10 sett m.b. over 2 tn. 9 sett = 1 000 rd.

Etter Jørgen er død, vert garden overdratt til Hans Aslakson, 2 tn. ¾ sett. og Artund Sveinson 3 sett. som desse svarar landskyld og brennevinsavgift for. I 1829, 5.8. er Gunnar Jørgenson eigar av Flatland. Han skriv ut festesetel til Olav Bendikson og kona Asgjerd Olavsdtr. på plassen Breiland.

Søndre Rue under Flatland, bykslar Kjetil Bendikson og Bergit Johansdtr. på levetid. Bykslesetel skriven 16.12.1844 av Petter Gunnarson Wrå eller Flatland. - Kjetil kom dit 1846.

Eit festebrev frå Gunnar Jøgenson Flatland i des. 1840 til stedfar og moder, Halvor Tjostolvson og Torbjørg Høyestdr.

Petter Gunnarson hadde Flatland til 3.12.1883 då Gunnar sonen hans overtok garden. Han var ein opplyst og dugande bonde som bygde og bøtte med bot som duger. Flatland var ein mørstergard då Gunnar slepte roret. Kona hans heitte Dorte Haraldsdtr. Midtsund. Dei fekk 2 gjenter, Ingebjørg og Kari, (ugift).



[Petter Flatland (Mandt 75)] [Gunnar P. Flatland (Mandt 67)]

Ingebjørg g.m. lærar Jon O. Fjalestad. Dei fekk 2 gutar Gunnar f. 1911 og Olav f. 1912.

Kari overtok Flatland 1929 og gutane av Ingebjørg fekk luter av eigedomane av bestefaren. (Homme og vestsida), Gunnar fekk Homme og halve vestsida og Olav resten av vestsida. Så skifte Kari i 1946, og Gunnar som var eldst, overtok Flatland, og Olav kjøpte Homme og fekk sidan den andre halvdel av vestsida.

Gunnar Jonson Fjalestad er g.m. Ingebjørg Pettersdtr. Ormtveit f. 1911.

NB. Plassen Skipar høyrde under Flatland. Smeden Tarjei Skipar har namnet sitt derfrå, (Årstad 81).


➤ ÅRHUS u/FLATLAND gnr. 11, bnr. 3

Plassen ligg ende nordorn bedehuset ved Flatland nedom vegen, og har ikr. 5 mål dyrka jord og 10-15 mål uvand utmark. Husi er i nokså bra stand med undantak av buret som er noko lite og trasaleg.

Plassen er ikkje så gammal. Hans Åhus heitte han som bygsla plassen.

Gjermund Bygstøyl og Ingebjørg budde der ei tid. Torstein Eivindson Sandland g.m. Ingebjørg Staver kom dit i 1890. Den noverande eigar Jon Åhus g.m. Marie Holte kjøpte plassen av Petter Flatland i 1921 Stoga som står der, har Jon bygt.

Jon er skyttar. Han har lagt nedåt 6 elgar og ei mengde rovfugl og skogsfugl og rev og hjase i fleng. Den siste bjørnen som vart skoten i Vrådal, fall for Jons kule. Han fortalte meg dette: «Den bjørnen eg skaut, var ein slagbjørn av dei fårtlegaste. I fleire år hadde han gjort skade på buskapen, såleis ved Åhommen i Lønneggravmarki der han slo ned 13 sauere på ei natt. Dei låg der med knekte rygger og knuste bein på ei lengde av 100 m - og lite og inkje etne på. I Dalemarki drap han 14 sauere nokre år derfyre.» - Så våren 1923 fekk Jon kjøpt ein slaktegamp og leidde atti Dalemarki i nærleiken av Digernesstaulen og skaut han. Fleire ganger var han attover og skygnde, men ikkje noko var rørt av åta. Men så ein vårmorgon med skare - det var endå 23. april – råka han på bjørnen. Han hadde vore på åta og så gått nokre meter i frå og lagt seg til å kvila. Jon kom fram på ei uts og hadde bjørnen på kloss hold - ein 10-15 m.



[Jon Århus med bjørnen han skaut]

Han fekk sjå øyretoppene i alt ragget og sikta så midt i kruna. Skotet råka heilen så bjørnen var ferdig straks - likevel skaut Jon eit skot til i skallen, og kula reiv stygt i panne og kruna. (Det kan ein sjå på bjørneskallen som er spikra på bursveggen.) Bjørnen var ein av dei største. Frå snute til rove målte han over 2 m og frå framlabb til framlabb 1,8 m. Millom øyretoppene 45 cm og over labben på bakfoten 21 cm. Kjøtet vog 127 kg - det vart nytta jamvel av byfolk. Jon mol opp noko til kurv, men han kytte ikkje at det var noko vidare godt. - Skinnet fekk han kr. 200 for og skotpengane var kr. 25.

➤ ÅRBAKK gnr. 11, bnr. 7

ligg ovom vegen midt for Århus. Dette er ein gammal plass som før skal ha hørt under Flatland.

Årbakk har 15 mål dyrka jord og omlag 170 mål skog.

Her budde Anne Eivindsdtr. (24 år) g.m. ungkar gardeigar Sigurd Sigurdson Homme (30 år) 26.12.1859.

Det var ein gong ei som heitte Anne Årbakk som gjætte i skogen bak Buskorin. Best det var kom ein liten bjørnetasse - ein vetle - til ho og snusa på kledi hennar. Anne tok kniven undan sokkebandet og stakk til han i kjaken og skremde han vekk. Fleire år etter vart ein bjørn skoten i hei her. Då dei såg vel etter fann dei ær i kjaken hans. Det var bjørnen som kom til Anne.

Det er selt 3 hustomter frå Arbakk.

➤ BERGE gnr. 11, bnr. 9

Inne i tjukke skogen millom plassane Brottli og Noraberg ligg dette vesle småbruket som har vori plass under Flatland. Det er 9 mål dyrka jord og 1 mål kulturgeite og 30 mål utmark. Husi er gamle. Stoga innattbygt og volt ikr. 1920. Løda og fjøset ligg kvar for seg, timbra og gamaldagse. Buret er påbygt og klædt og i god stand. Berge vart eige bruk i 1938 då Johans Knutson kjøpte det frå Flatland. Foreldri hans Knut Knutson og Tone Johanseltr. Årviki hadde sete som husmenner her frå 1885. Ein Gunnar Olavson og Liv budde her derfyre og flute til Brottli like ved. Son deira Gunnar Lauve, var den siste som budde i Brottli.

➤ NORABERG gnr. 11, bnr. 6

Berre eit par hundre meter nord for Berge, ligg Noraberg - også ein plass utskild frå Flatland. Det er eit lite fint småbruk godt opphusa og oppdyrka. Jordet omkransa av tjukk skog, er flatt og grorsamt. Vidda er 22 mål dyrka mark og 60 mål skog. Egedomen strekkjer seg ned til Vråvatnet som ligg gøynt bak skogveggen.

Knut Olavson kjøpte det i 1925. Foreldri hans Olav og Anne sat som husmannsfolk der fyre. Det var Knut som flute husi ned frå skogkanten og braut opp heile jordet. Tre aplar står att og merker ut der eingong husmannshyttene stod.

På Noraberg bur no Olav og Gunda. Knut Olavson var onkel åt Olav.


➤ SINNES gnr. 12, bnr. 5

Garden ligg eit stykke frå vegen ved Vråvatn (øystre side) med hallande jorde og bratte skoglier ovanfor. Der er ikr. 45 mål dyrka jord og 5 000 mål skog. (1/5 prod. skog.) Til garden høyrd plassane Porsvik og Vetterøy (fråselde), og staulane Listaul, Eggestaul, Skrøyva, Høydalen, Langedrag og Fjellstaull, som no alle er nedlagde og husi bortrotta. Dei har vore nyttar som slåtte for 50 år sidan. I kvernhusbekken som renn ned austan garden, var sag og kvern frå gamalt. Dei er nedrotta og ikkje nyttar på 50 år. (Øvre Sinnes hadde og kvern i same bekken og sag i sameige.) Fiskeriet til garden er så måteleg, 1 km strandline.

Den gamle vegen fyre 1904 gjekk gjennom tunet. Ei mura tro, Driftehagen, er minne om buferder på sæterveg. Dei kvilde i slike troer - ei onnor tro noko større heiter Askehagen. Der er synleg etter mur stykkevis.

Vollane ligg austom eit dalsøkk. Der har stade hus på ein stor lågvoren haug som skal vera gravhaug. (30 m i tverrmål) I ei steinrøys vart funne eit økseblad (fragment) frå yngre jarnalder.

Vestom garden ligg Heddarsbaugen, med Sinnesholet 12 m langt. Ei segn vil vita at ei bikkje kraup inn der og kom utatt i Futholet ved Bandak. (Sjå under Skarprud.)



[Sinnes, nedre]

Sigridshaug og Mikkelsbærhaugen ligg i nærleiken av husi. På Mikkelsbærhaugen veks Mikkelsbær. (Skinntryter.)

Husi er store og velstelde. Stoga tvihøg med mange rom. Opphavelig gamal, men innattbygt og påbygt 2 gonger, sist 1895. Eit nytt stabbur med utskur frå 1925 står på tunet på same tuft som det som brann i 1924 - då bryggerhus og 2 bur strauk med (eit bygd 1782 og eit mindre utan årstal med 3 vegger berre.) Uthusbygningen er frå 1880. Smie og badstoge er det berre veike ævor etter.

Ei ny motorsag ned ved vegen er sameige med øvre Sinnes.

På nedre Sinnes stod eingong hus litt lenger aust på ein revange, - denne garden kalla dei Uppistog. Fleire aplar står att, og gamle folk minnest løda stod. - Den noverande eigaren, Lars Gunnarson Sinnes, overtok garden etter faren 1929. Gunnar Larson g.m. Gunlaug O. Momrak hadde fått garden av faren Lars Gunnarson som hadde kjøpt han av Jon Leivson Roholt i 1865. Hurrongheii som no høyrer til, vart kjøpt på auksjon 10.3.1863 for 230 spd. av Gunnar Tarjeison Klauvreib.

Sinnes tyder vel det sudlege nes - og er nok gamal gard - for alt i 1640 var det 2 bruk. Eit uprenta diplom frå 1. feb. 1590 fortel om ei odelsemje på Sinnes. Ein Torgeir Asvaldson frå Morgedal, stemner Halvor Henrikson på Roholt, for han meiner han har rett til garden då mor hans hadde fått det i arv. Halvor hadde kjøpt det og legg fram prov for at det er odelsjord til mor hans. Torgeir kunne ikkje prova noko, og det vart semje - han vart lova ein «punds ketill, hvilken han straks anamet og widtoeg.»

Garden er rekna halvgard i 1647 med skyld 3 tn., 3 daler - buskapen var i 1657 2 hestar, 7 kyr, 24 sauar og 6 geiter.

Eigarar og brukarar. Arbeidsskatt 1593-94 vert betala av Stein (Roholt), men Tarald er brukar 1609-42. Han er bestefar til Alv Gunleikson To. Gjermund og Andor har kvar sin lut av garden 1647. Ved folketelj. 1664 rår Andor over 3 tn. Han er 60 år, kona Guro, son Tarald, 12 år, dreng Hans 20 år. Husm. Børge 37 år.

Gunnar Træ eig ein lut i Sinnes i 1668. Ein Mikkel Kjetilson vert g.m. Margit Gunnarsdtr. truleg av Træætti og denne Mikkel finn me som eigaren av 1 ½ tn. i 1691-98. - Den andre luten har Ånund.

Skifte etter Margit Gunnarsdtr. 1.12.1697. (Born: Kjetil, Gunleik og Gunnar.) Net. 119 rd. jord i Sinnes sørnre 1 tn. ½ mele, 250 rd.

Ditto 27.1.1699 etter Mikkel Kjetilson (sig selv ombragt). Dei tri borni umyndige, med verge. Lausøyre 170 rd. ½ tn. i Sinnes 125 rd. «et indviklet opgjør.»

Ditto 26.6.1709 etter Aslak Nilsen g.m. Liv Christensdtr. 4 umyndige barn. (Nils, Tone, Sigrid og Dorthe). Lausøyre 126 rd. Enka har hogge 12 tylvter tømmer som ligg ved stuven, likeeins noko timmer i øvre Sinnes skog.

I 1707 er Aslak bonde på nedre Sinnes og Olav på øvre. I 1712 er det Kjetil Mikkelson og Olav Ivarson som brukar små partar av garden. Det ser ut som gardane er sterkt bortpanta framover til 1740 - då Halvor og Nils er brukarar i Sinnes gardane med 1 ¼ tn. og 1 tn. skyld. Denne Nils heiter Olavson og g.m. Margit Gunnarsdtr. Han har mist kona si 1749, 11.11. Brt. 605 rd. Net. 352 rd. Jord i Sinnes 1 tn. 2 sett. m.b. 440 rd.

Mikkel Gunnarson g.m. Sigrid Tallevsdtr. har garden Sinnes 1756-65. Etter han har me Ånund Mikkelson framover til 1808 på nedre Sinnes og sidan sonen Mikkel Ånundson fram til 1821. - Han og Hæge til U.S.A. 1849, og Lars Gunnarson flutte til Sinnes 1849.

På øvre Sinnes er Jørgen eigar av 1 tn. 1760 og I 1/6 tn. i 1765. Sonen Halvor Jørgenson held fram på garden til 1808. I 1802, 1.11 er det framme på tinget ein søknad frå Halvor og kona Kari Jørgensdtr. om å få sitia i uskift bu om ein av dei døyr. - Dette vert tilstått. I 1815-21 er Kari Jørgensdtr. eigar av 9 sett. Tarjei Gunnarson Klauvreid har då 8 ¼ Sett- og lensmann Ole Blom eig ¾ Sett. Etter Halvor Jørgenson er det skifte 27.1.1812. Brt. 2 258 rd. Net. I 700 rd. (tilgode 1569 rd. av ymse. Kari får sitja i uskift bu 1.11.1802.)

Dotter Anne g.m. Tarjei Gunnarson. Såleis kom desse folki til Sinnes. Anne d. på Sinnes 1842 og Tarjei g. II Tone Olavsdtr. - og flyt til Findreng. Til U.S.A. 1852. (Flatland 30.)

I 1852 Lars Gunnarson eigar. 1864 ditto og 1889 ditto.

➤ SINNES (øvre) gnr. 12, bnr. 1

Dette har vel i si tid (1640) gått ut frå nedre Sinnes som ein trur var hovudbølet? Det er 50 mål dyrka jord, 5 mål kulturbete og ca. 6 000 mål skoggrunn. Til garden har hørt plassane Askedalen, Sinnesjordi, Kvæven (nedlagd) og Herregarden og staulane Hovden, Nivelkinn, Høgstaul, Dalastaul og Skogstaul. Dei fleste no nedlagde. Her var godt beite, og staulane lenge nyttta til drifter av sau og storfe år om anna til omkr. 1940, - såleis og med slått av staulane.

Oppå heii ved Ljosvatn heiter det Kvennhusmyran med merke etter kvernhus.

«Hustuftene» heiter det ovanfor «Tingsteinen» - där har nok stade hus eingong - og Tingsteinen har vel si soge, men den er gløymd. Steinen er no borte, den vart teken til byggarbeid i 1904.

Skrubbe-Håvard.

Den 6.7.1820 vigde husmannsson Håvard O. Undeberg (34 år) med enke Kari Jørgensdtr. Sinnes (gbr., enke) 56 år.

Den 6.4.1825 myrda han kona si med knivstikk i halsen. Så ville han drepa seg sjølv, men det mislykkast - vart så henta av Ole Bjørnson rned 12-16 mann. Dei kom frå brudlaupet på Kråkenes, det Aslak Knutson g. seg med Maren Zettitz.

Den 16. mai drap han seg sjølv på Haukom og vart gravl. utanfor kyrkjemuren - «hans moralske vandel mådelig og han var en skräk for enhver som nødtes til at omgåes ham» - det var samstemmige vitne ved forhøret 27. april.

På øvre Sinnes desse eigarar og brukarar:

1. Halvor Leivson f. 1715 g.m. Tone Jørundsdtr. Mule.
2. Jørund Halvorson (1736-96) g.m. Gro Håvardsdtr.
3. Halvor Jørundson (1763-1810) g.m. Kari Jørgensdtr. Øy
4. Anne Halvorsdtr. (f. 1786) g.m. Tarjei Gunnarson (Flatland 30).
5. Gunnar Tarjeisson Lauvik (1813-93) g.m. Sigrid Torsdtr.
6. Torgeir Gunnarson (1843-1920) g.m. Thea Torsdtr. (1888-1930). Gunnar f. 1913 er eigar - verge Håkon Eikland.

➤ SINNES (vestre) [Solvang] gnr. 12, bnr. 11

Eit nytt bruk like ved vegen, utskild frå øvre Sinnes 1938. Egedomen er på 20 mål dyrka jord og nokre mål beite og ca. 1000 mål utmark. Eigar Tor Tarjeison Sinnes g.m. Anne Tufte Strandskogen. Her i nærleiken står Sinnes skule.

➤ PORSVIKI gnr. 12, bnr. 12

Dette er eit småbruk like ved vegen sudaust for Sinnes. Namnet kjem vel at der veks pors (*Myrica Gale*) der.

Der er 15 mål (morenejord) dyrka og 3 mål innmark elles og 30 mål skog. Husi er nye og gode, Stogebygning bygt 1940 og uthusbygning 1939. Garden har vore i ætta frå 1860 då Aslak Porsviki bygsla plassen av Lars Gunnarson Sinnes. Kjetil Aslakson og Ragnhild Lauve hadde han så, men i 1939 kjøpte den noverande eigar Aslak Kj. Porsvik g.m. Signe Kosi plassen av Lars G. Sinnes. NB. Huskuld Jonson Sanden f. 1718 d. på Porsvik 1796.

➤ VETTERØY gnr. 12, bnr. 17

er og utgått frå Sinnes og er no eit sjølveigarbruk. Eigedomen ligg millom vegen og Vråvatn på eit nes med myrar oppdyrka innanfor. Her bur Svein Johanson Straumsnes g.m. Kari Dalane (Drangedal).

➤ SINNESJORDI gnr. 12, bnr. 15

har kome frå øvre Sinnes, og Johans Bendikson Hauge u/Flatland g.m. Kari Torsteinsdtr. Århus bur der.

Kvæven, (komen frå øvre Sinnes) (nedlagd) den siste som budde der, var enka Ragnhild Kvæven og broren Gunnar Lauve (ikr. 1925) Aslak skr. for Kvæven, bur no på Porsviki.

➤ SUNDET gnr. 12, bnr. 9

(nybygt) opphav. kome frå øv. Sinnes, har gått i fleire handlar. Nov. eigar Olav Endreson g.m. Ingebjørg har kjøpt det av Tor Sandvik (Roholt).

➤ NORDBØ gnr. 13, bnr. 1

Namnet tyder seg sjølv, det er jordet (vollen eller bøen) nord for Roholt. Likson Sudbø i Moredal er namna i frå Bjåland, så er denne garden namnsett frå Roholt som han sikkert frå først av har hørt under.



[Steffen, Torjus og Sveinung Lønneggrav. (Hustveit 141, 139, 140)]

Det er no ein fin gard like ved hovudvegen, lettdriven og godt opphusa. Ein stor hovudbygning frå 1840 åri står med breisida mot vegen. Han er innåtbygd i 1898 og gjort ymse ornvølingar på i nyare tid. Frå først av var det ei vanleg timra stoge med 3 rom nede og 3 rom oppe. Two bur, eit stort og eit lite, står side om side i øvre bakke ovanfor eit måla skjolhus frå 1909. Dei er dei eldste hus på tunet no. Uthusbygningen frå 1897 med tilbygg i 1904 og ny-innreidt 1951, har avløyst den gamle timra lødebygning og fjøs og stall og saufjøs - side om side - som var fyrr.

Til garden har hørt Straumen og Kosi. Dei er fråselde no. Staulane Perstaul og Nystaul har hørt til. Den første har vore nutta til garden så seint som i 1920 åri. Der er fjøs og stall og gode hus. På Nystaul er ikkje att hus og staulen har ikkje vore nutta på lange tider. Der er fiskeri til garden, mest sik, fyrr rikt, no meir vilkårleg. Sag og kvern i Perstaulbekken frå Persvatn - er no nedlagde. Her dreiv dei med «sjavvatn» og damvatn når det trøngst.

På Nordbø var eksersplass i lang tid. Moen er å sjå ende nord for garden og flat som eit stogugolv i ei vidde av 10-12 mål. No er sletta tilvaksi med slentne furer, sume hoggande bruk. Tufti etter «telthuset» der offiserane heldt til er synleg enno. Moen vart innløyst og lagt til garden Nordbø av Torjus 1922.

Gantserækra har namnet av at kaptein Gantser falt død om der. Bjørgulvsmyr ligg og ved garden, tydingi uviss.

Garden har no 70 mål dyrka jord og 2 000 mål total skogvidde.

Om Nordbø veit me frå gammalt at det høyrde til Kviteseid prestebol. Det er rekna millom øydegardane med 1 tn. skyld, 1 ½ daler i 1647. - Ein merknad frå 1672: «Denne Gaard skylder i sig sielf 4 Meler hvorfor i nogle Aar schattet, mens efter den hede Almuens Bekiendelse er der lagt 2 Meler på foruden disse 4

Meler som Prestebolet eier til Huidesøe Kirke til Vin och Bröd, och saa som Almuen bekiender denne Gaard nochsom at være goed derfore 1 td. Landschylde, er den nu sat for 1 td.»

I 1619-20 er presten brukar, «hrr Christen», men han hadde sjavsagt brukarar i blant, og i 1640 åri er Tallev m/hustru nemnd (Koppskatt). Buskapen i 1657 var 1 hest, 7 kyr, 23 sauher, 7 geiter.

I manntalet og folketeljingi 1664 heiter oppsitjaren Torbjørn, 40 år, med søner Eivind og Torbjørn 12 og 19 år.

Frå 1672-97 hrr Åmund (Morland) og seinare til 1707 hrr Samuel, men frå 1712 til til er oppsitjar Anbjørn nemnd. Skifte 1756, 3.12., etter Anbjørn Olavson og Signe Gunsteinsdtr. både døde. 3 born, Olav (myndig), Rannei 48 år, Tarjei d. (7 born.) Brt. 279 rd. Net. 229 rd.

Ved århundreskiftet 1800 er garden vorten kapteingard. Det er no truleg oppretta eksersplass, og ein kaptein Ibsen svarar jordavgift 1802-08. I 1815-21 er kaptein Pohlman den som svarar landskyld og brennevinsavgifter. Ein gong millom 1821 og 1840 har Nordbø gått over frå odentleg til privat eige. Leiv Jonson Roholt har vorte eigar. Dødsbuet etter han sel garden Nordbø til Olav Gunnarson i året 1840. Sonen hans Olav O. Nordbø hadde garden så lenge han levde, og etter han Marie, dotteri, som vart g.m. Torjus H. Lønnegrav. Son deira Olav T. Nordbø g.m. Gudrun Kj. Kiland, overtok garden i des. 1938.

Torjus Nordbø har drive godt opp garden. I 1930 1. pr. av Tor Vås fond og i 1900 Diplom for godt fjøsstell, 11 pr. Mange premiekyr. 1924 tri 1. pr. i gruppe Kranslin II Lauvlin, Sangros. Ein rekord som er vand å siå.

Ad Nordbø. Makeskifteskjøte 16. 7. 1825 - der exserplassen skal stå til Vestenfjeldske jægerkomp. frie disposisjon.

Skjøte 25.11.1853 frå Gunnar Tarjeisson Utbøen til Jon L. Roholt «på den hans hustru ved skifte etter Leif i et kvernfall i Storestraum under denne gaard.»

Skjøte 15.12.1897 frå Gunhild til systeri Marie g.m. Torjus H. Lønnegrav på halve bnr. 1 og 2 for kr. 15000.

(Bror deira O. O. Nordbø hadde testamentera gnr. 13, bnr. 1 og 2 og gnr. 16, bnr. 5 og 10 til systrane Gunhild og Marie ei tid fyreårt.)

Skjøte frå Marie og Torjus Nordbø til sonen O. T. Nordbø 31.12.1938 (kr. 47 100). (Panten kr. 20 000,- avlyst 11.3.1954.)

➤ STRAUMEN gnr. 13, bnr. 3

Ein fint opphusa gard like ved reguleringsdammen i ytre del av Vråvatn - med 45 mål dyrka jord og 800 mål skog. Alle husi er byggt omkring 1930, kosta av noverande eigar Halvor Torjusson Nordbø g.m. Aslaug As. Han er professor i bygningslære ved Noregs landbrukskole.

Garden har vori i ætta frå 1839.

NB. 1801 Husmann Olav Torbiornson 73 år og Sara Kristiansdtr. 64 år skrivne for «Ovenstrøm».

Sveinung Torson (Årstad 41) g.m. Liv Tarjeisdtr. bur på Straumen omkr. 1850. (7 born f. Straumen 1848-58.)

➤ SANDEN gnr. 13, bnr. 4

Pa ein flate ende nordom Vrådal kyrkje og tett vedvegen ligg småbruket Sanden - det har eingong kome ifrå Sinnes og er ein gammal plass. Skifte 9.1.1817 etter Jon Ånundson g.m. Anne Halvorsdtr. Brt. 379 rd. Net. 323 rd., tilgode av Mikkel Ånundson Sinnes 350 rd.



[Sanden]

I 1723 bur Jon Knutson og Bergit Huskuldsdtr. på Sanden. Dei hadde g. seg 1717 og laut betala Mag. Stoud 10 rd. og 1 rd. i offer endå dei var fatige tenestfolk båe two.

Ånund Jonson (1726-98) g.m. Barbro Olavsdtr. Lia bur her, og son hans Jon (1761-1817) g.m. Anne Halvorsdtr. Kilen likeins.

Olav Torsen Sanden (1823-79) g.m. Gro Tarjeisdtr. kom hit omkr. 1860. (Foreldri Tor Øysteinsson (1773-1858) d. på Årstad, men Kari Jansdtr. (1777-1864) d. på Sanden.)

Son deira Tor g.m. Elen Olavsdtr. hadde 9 barn alle fødde på Sanden. Gunnar, den yngre f. 1903 g. 1937 med Johanne Olavsdtr. Kåssa, Nissedal, kjøpte egedomen 1937 av Halvor T. Nordbø. - Alle husi no er oppkosta av den noverande eigar - og er i god stand - sjølsagt. Det er 34 mål dyrka jord, 8 mål kulturbete og 160 mål skog (total).

På egedomen låg Smiesteinen - kanskje den største i Kviteseid herad (11 m x 10 x 4) 4-500 m³. Denne steinen har ramla ned or Seljedalnuten. Det var visst smie under steinen, derav namnet. Då tyskarane kom til Vrådal og bygde bunkers her, fann dei ut at han skygde for utsynet, og så sprengde dei han i stykke og køyrdet han bort. - Dei arbeidde i fleire år med det!

➤ KOSI gnr. 13, bnr. 5

Denne plassen har gått ut frå Nordbø og ligg ned til vatnet ved Kosabukti og ende austom kyrkja. Der er om lag 12 mål dyrka jord og 50 mål utmark. Plassen er gammal, Jon Huskuldsen (1749-1807) g.. 1779 med Børte Andresdtr. Flatland. Jon døydde på Kosi 1807.


Gunhild og Gjermund budde på Kosi som husmenner i 1870. Dotter deira Gunhild g.m. Jon Gunnarson Kosi kjøpte plassen av Halvor T. Nordbø i 1938. Dotter av Jon, Gunlaug g.m. Andreas Lauvnes har no garden. Husi i god stand. Eit lite bur ser ut til å ha stade lenge på plassen.

➤ ROHOLT gnr. 14

På ein liten haug med fritt utsyn over Vråvatn med øyar og nes og vikar, ligg Roholtgarden. Etter lag og lende mykje truleg den fyrste opprudde gard i Vrådal. Det er denne garden som har gjeve bygdi namn, Rodal, Vrådal på dansk. Roholt har nok vore som eit hovdingsæte - og ein laus oppbygd teori set og namnet Roholt i samband med mannsnamnet Roar. Ein høvding heitte Roar slo seg ned her med flokken sin og bygde seg bustad seiest det. Men Roardal har no bygdi aldri heit då. Roholt var nok lenge sentrum i bygdi. På denne grunnen stod kyrkja - Roholt kyrkja, som er omtala i 1395. Endå lengre derfyre skulle ein våga påstå at der hadde stått eir gudehov på same staden - for garden vart vel bygd eingong i steinalderen. Eit fornfunn frå steinalderen er nett kome fram her på Roholt grunn. Det er ei tykknakka flinteøks som er i Oldsaksaml. i Oslo.

Den eldste Roholtkyrkja vart rivi i 1686, og ei liti åttekanta stavkyrkje vart oppbygd. Denne vart i 1886, 200 år etter, nedteki og spreidd for alle vindar i lik skap med Nesland kyrkje (1847). No står tufti att innom kyrkjepart og mur med gamle graver og merke som gror ned med slomgras og tros og tollerenningar.

Roholt var rekna fullgard i 1647 med skyld 4 tn. - Egedomen rakk frå bytet med Lønnegrav (Dyrskar) i sør til bytet med Nordbø. På vests. av Vråvatn frå b. m. Kråkenes (Follaugg) til Flatlandgrenn, for Lauve og Skree var då plassar under Roholt. Buskapen i 1657 var ikkje stor - berre 1 hest, 6 kyr, 11 sauvar og 3 geiter. Det var var ved dette leitet at garden vart som rudd av nyom etter å ha lege meir som brakk. Far til Stein Roholt, han Halvor Henrikson, har betra garden mykje, står det i eit diplom (uprenta) frå 1616. I hans tid brann husi og, og han bygde opp nye hus med.



[Roholdt kring 1880]

Det er då fleire uprenta diplom som liandlar om eigarane av Roholt. Såleis 1570, 11.11., der Gunnar Sveinungson på Roholt i Kviteseid spør almenningen på Roholt kyrkjegard om dei hadde noko å skulde han for. Det ha dei ikkje - ein annan var tjoven!

Halvor Henrikson, far åt Stein Roholt, er nenint i eit brev frå 1576. Han får dom for 3 tn. korn og 3 markabol i Borga (Fyresdal), som Øystein og Halvor Ulvsøner reider ut for eit bytelag. (Sinneshet i Vik m.a.) I 1590 stemner Torgeir Åsulvson i Mordedal Halvor Henrikson for Sinnes - som han meiner seg å ha rett til då mori har fått det i arv.

Brev år 1596 der Stein Halvorson Roholt gjer tiltale mot Olav Bergland, Skafsa, for ei kyrkjekyr som Knut Ivarson har gjeve og som var innsett hjå Olavs verfar, Torgrim Dale.

I 1599 går det fram at Stein Roholt er gift med Ingebjørg Aresdtr. Hurristveit, Heddal. Are og sonene Ånund og Gunnar Iavar Stein både eige og odel til Roholt som (Dei har hatt pant i garden.) Anders Roe, Heddal og lensm. Åsmund Fione er vitne på semja.

Stein Roholt på vegne av far sin H. Henrikson reiser tiltale mot Gunnar Lofthus, Gunnar Lauvik og Knut Haugen for landskyld i halve Lofthus i Eidsborg 1611. På denne tid er Stein vorten lensmann. Der står at lensmann Stein Roholt i 1611 får brev frå futen i Skien at der utskrivast bønder og sendast til Akershus for å hogge kolved til Kongens jarnhytter.

I 1616 stemner Stein Roholt, Torjus Eirikstein som har part i garden (2 tn.) til å møta lagrett og fut for å døma om korleis garden er driven. (Torjus er g.m. Ingebjørg Roholt, syster åt Stein.)

Dei finn garden svært forbetra med nye hus (etter brannen) og åker og eng i god hevd. Torjus finn at landskyldi er for låg og krev denne høgda - elles må han brukka si jord sjølv.

Futen og dei 6 lagættsmenn er i mot å høgna landskyldi og dømer at Stein sit på same måte som ein som får feste på livstid. Forbetringar kjem åleine brukaren til gode - ikkje «panthaveren». -

Denne Torjus Eirikstein er det skifte etter i 1642. Han har vore 2 gonger gift, (I Torbjørg Gjermundsdtr. II Ingebjørg Halvorsdtr. Roholt) Åsne og Guro liver etter I. og Knut, Halvor, Torbjørg og Såve etter II. ekteskap. Dei har pant i fleire gardar. Såve som bur på Roholt, (står det) får sin arvelut der - halvfemte meler. Halvor får halv sette meler i Roholt.

Eigarar og brukarar. Stein heiter bonden i 1593-94 og fram til 1633 då har han «mystet sit Gods og skatter for en Leilending». - Dette er rart, for i åri 1622-33 er han millom odelsbondene og oppført at han eig Roholt 2 tn., Vrå 3 tn. og Naper 1 tn.

Knut heiter bonden på Roholt 1638-45. Han eig Roholt 2 ¾ tn. og Dale 2 tn. Etter han Halvor. Dette er nok Knut Eirikstein og son hans som åtte 2 tn. i garden som fyrr nemnt.

Ved folketeljingi 1664 er Halvor 36 år, son Olav 25 år, husmann Knut 50 år, son Tor 12 år og 3 leiglendingar: Svein, Toroff og Oluf Ifversøn, 29, 26 og 30 år.

I 1660 eig Jon T. Nordbø heile garden 4 tn. Han er lensmann i Nissedal og ein velhalden mann. Kona hans heitte Åshild og var dotter til Halvor Olavson og Gro Sigurdsdtr. Moghus. Dotteri Gro Jonsdtr. vart g.m. Alv Gunleikson Dale, Tørdal. Gro fekk Roholt då faren døydde, sk. 24.5.1671, men budde i Tørdal på To og Dale skiftombil og hadde brukar på Roholt dei fyrste 6-7 år. Men dei flutte så til Roholt. Der hadde dei til tenestgut Søvrin Nordbø og ei tenestgjente som hitte Olaug. Etter rettsbøkene kjem det fram at Alv var i eit brudlaup på Sandok - der Torun, halvsyster av Gro, gifte seg att - og vart noko rar. Han kjærde seg for så mange og meinte han hadde mist noko av vitet. Nyårskvelden 1681 kom han heim frå Øy, og Bjødne Jonsson fylgte han. Dei rødde lite på vegen. Alv gjekk berre glodde bort i skogen og skok hovudet. Søvrin og Olaug hadde sete lenge oppe. Dei hadde trulova seg, men var no gått til sengs. Olaug og Gro låg i ei seng og Søvrin i ei onnor. Eit ljos stod og brann på ein krakk. Det var nyårsnatt - Alv kom inn og helse: Go kveld. Og utan noko meir sagt gjekk han bort til sengi av Søvrin og slo til han og drog han etter håret og klemde hovudet ned mot golvet. Etterpå sprang Alv til Nordbø og banka på, og gav seg for at han hadde stukke Søvrin. Søvrin døydde straks etter og vart gravlagd. 3 dagar etter. Alv vart no ein fredlaus mann og rømde på skogen. Det vart ei vidsveimd sak som gjekk like til Oberhofsretten. Alv vart dømd til å rettast, og gardane To og Dale skulle tilfalle Kongen. Men almenningen varna om Alv, og vyrde aldri trugsmål frå fut og overheit om å koma fram med det dei visste.

A l v s t e i n e n, ein stor stein austfor garden har namn etter Alv. Her heldt han til mykje av den tid han var fredlaus. No er steinen borte, Under reguleringi av Vråvatn 1912-14 vart han sundsprengd. og nyttta til dam.

Skien 9.8.1686. Futen Herkules Veier innkalte Gro Roholt til å svara for seg for di «hun saa lasteligen och gaadche ubetenksom udi sit echtesæde liafer hengaaet och udi letferdighet sig inladet med at afle barn ved den bortrømbte och for lengst hendømbe manddraber Alf Gunleikson.» - Gro møtte og kunne ikkje nekte å ha «alet barn med sin ecktemand» og tenkte ikkje det var noko u gjerning. Dei meinte gard og gods skulle Kongen få. Saki utsett. Gro ville hos øvrighet forspørge». -

Det er skifte etter Gro Jonsdtr. på Roholt 28.11.1696. Brt. 241 rd. Net. 90 rd. Born: Jon, Halvor, Åshild. Jord i Roholt 3 tn. 2 meler m.b. 332 rd. Den som no har mest å seia på Roholt framover er Huskul Leivson. I 1707 eig han 4 tn. i garden, (heile garden). Frå 1713 til 39 er mange eigarar, Leiv, Sigrid, Gunhild og Jon. Karen 1751-58 2 5/8 tn. (Kari, enka etter Jon d. 1743.)

Leiv Huskulson var gift med Åshild Alvsdotter. Sigrid som er nemnd, er enka etter Huskul. Gunhild er andre kona av Leiv, dotter til Olav Sinnes. Jon er son åt Leiv og Åshild - og far åt Leiv g.m. Karen Øy.

Skifte på Roholt 18.11.1743 etter Jon Leivson. Brt. 1956 rd. Net. I 294 rd. irekna Roholt 3 tn. 5 meler, 800 rd. Sylv 140 rd. Sylvbelte m.a. 20 rd.

Ditto 9.12.1750 etter Åshild Jonsdtr. Brt. 101 rd. Net. 96 rd.

Ditto 28.10.1768 etter Leiv Jonson g.m. Karen Hansdtr. Øy. Brt. 3 468 rd. Net. 2 598 rd. irekna Roholt 3 tn. 1 mele, 1 200 rd. Born: Jon 7, Hans 5, Tov 1 ½ år. Sylv 115 rd.

Ditto 2.7.1781 etter Ragnhild Knutsdtr. g.m. Jon Leivson (Leiv ½ år). Brt. 2 010 rd. Net. 1 160 rd. irekna Roholt m/ Lauvik 3 tn. 2 meler, 1 200 rd. Sylv 63 rd.

Ditto 21.7.1797 etter Anne Jørgensdtr. Øy g.m. Jon Leivson (Leiv 11, Jørgen 1, Hans 2, Ragnhild 5 år). Brt. 1498 rd. Net. 444 rd. irekna jord i Roholt m/Skree og Lauvik 4 tn. sylv 75 rd.

Ditto 24.5.1800 etter Jon Leivson 3. kona Gundbjørg Andersdtr. lever, Brt. 2 338 rd. Gjeld 2 381 rd. 4 borna etter Anne II kona (Leiv 13, Jørgen 9, Hans 5, Ragnhild 7 år).

Ser ein på dei som har fått heimel på Roholt og underliggende jordpartar, så ser denne lista såleis ut: Den 4.3.1762 Leiv Jonson 3 1/6 tn. og 28.10.66 Jon Leivson 2 3/8 tn. Gunnar Tallevson Flatland som vart g.m. Åste Jonsdtr. Roholt i 1762 får heimel på 3 1/3 tn. 27.10.1767. Jon m/son 1 1/8 tn. 2.7.1781. Den 3.7.1781 3 1/3 tn. Kan det vera jordparten etter Gunnar Flatland Jon får kjøpt att no? Den 2.3.1795 vert desse 3 1/3 tn. overdrege att - men det går ikkje fram kven som får dei. Nokre små jordpartar får Leiv og farbroren Tor Leivson 26.2.1801 og 28.2.1805 1 2/3 tn. Jfr. status for buet 24.5.1800.

Skree ser det ut for vert utskild frå Roholt 2.10.1766 til Olav Halvorson 17/32 tn. Halvor, truleg sonen, får heimel på 13/48 tn. 2.10.1766. Olav (Skree) 2/3 tn. 4.3.1782.

I 1808 er det 3 oppsitjarar på Roholt. Leiv Jonson 1 2/3 tn. Tor Knutson? 1 2/3 tn. og Halvor Olavson 2/3 tn. I 1821 har Leiv Jonson (g. II 1814 med Ellen Christophersdtr. Blom) 3 tn. og 4 sett. og Halvor Olavson 8 sett.



[Anne og Kristoffer Roholt (Roholt 35)]

Denne Leiv sit med garden til i 1839 - då vert han dela millom dei 2 sonene hans, Jon og Kristoffer. Jon fekk bnr. 2, austre Roholt og laut byggja.

Jon Leivson g.m. Anne Tarjeisdtr. Flatland 12 born (4 d. små) kom i stor skuld og laut selja garden til bror sin ikr. 1860 og drog til Amerika med kone og 8 born.

I millomtidi laut Kristoffer selje all Roholt skog til verkseigar Cappelen 1866. Det var krisetider, veit me ikr. 1860. Nokre år etter kjøpte eit lutlag på 5 mann att Roholt skog. Det var Petter O. Bergland, O. O. Nordbø, Kristoffer Roholt, Olaus Svenkeson, Gunnar O. Dahle. Tingl. 8.8.1887.

Kristoffer (1828-92) selde hovudbølet til Nils Hanson Øy 1873 og flutte til austre Roholt, - det sonesonen Kristoffer Leivson g.m. Anne Knutsdtr. Fineid har no. Det er ein fin gard, 70 mål dyrka jord, lettdriven og ligg tett ved hovudvegen gjennom Vrådal. Stovebygning og stabbur frå 1840 åri ombygde og nymåla. Stoga, som hadde «italians tak», vart omrøsta i 1890. Uthusbygningen ferdig 1942. Til garden hører 2 500 mål skog og staulen Skarstaul, i bruk til 1910, som slårte noko lengre fram, no huslaust. Fyr høyrd sag og kvern i Eidstobekken til garden. No nedlagde og fråselde. (Kvenni heitte endå Margit.)

Den noverande eigar tok over garden i 1939 etter mor si, Turid Ånundsdtr Solid, enka etter Leiv Kristofferson Roholt (han d. 1906). Leif fekk garden for 14800 kr. 4.3.1893.

Til Roholt høyrd plassen Gamle-Nordskog, bortfesta i 1804 til Hake Sveinungson og Signe Knutsdtr. som ruppe og bygde her. Hustyfter syner, men tilgrodd med skog.

➤ ROHOLT gnr. 14, bnr. 3

Dette er hovudbølet med 60 mål innmark og 8 700 Mål skogmark. Stoga bygt 1912. Uthusbygning (delvis ombyggt) frå 1880, Stabbur frå 1700 med 2 rom nede og 2 oppe, og med romsam sval og mjølkebu til venstre. Midt i tunet står den gamle gapestokken frå Roholt kyrkje. En langbugen steinbjelke på 3 m med hol i mannshøgde og jarnring. Flutt hit for 50 år sidan.



[Stabbur på Roholt, vestre]

Denne garden var det Nils H. Sandvik (Øy) kjøpte av Kristoffer i 1873. Sonen Tor g.m. Marie T. Kråkenes hadde han til sin død 1946. Etter at Marie døydde 1957, er sonen Nils eigar.

Staulen Tjønnestøy hører til.

➤ STRAUMSNES gnr. 14, bnr. 1

Denne plassen hører framleis innunder Roholt (vestre), men kommunen har oppretta festekontrakt på 199 år frå 1861 og nyttar han som skulegard for ytre Vrådal.

Dette er ingen gammal plass. Omkring 1810 stod der tettvaksen fureskog på heile neset, men ved denne tid fekk Bernt Berntsen seg rudningslende der. Eigar den tid var Leiv Jonson Roholt. (1785-1840.) Bernt hogg ned skogen, sette opp ei stoge og braut opp eit lite jordstykke så han fekk setja nokre poteter. Kona hans heitte Ragnhild Kjetilsdtr. (i kyrkjeboki og innført som Hansdtr. sume tider). Dei har born til dåpen frå Straumsnes i 1815 (Sigrid), 1818 (Olav), 1821 (Hans), 1824 (Anne), 1827 (Gunnar).

Broren Kjetil Berntsen er underst på Straumsnes 18.3.1836 då han gifter seg med Bergit Knutsdtr. Øverbø (Brunkeberg sokn). - Dei har sonen Bernt til dåpen same året. I 1841 er han husmann på Straumsnes og har sonen Endre til dåpen. Fyre han hadde enka Ragnhild Kjetilsdtr. sete der på festekontrakt som lydde på ymse ytingar m.a. 14 dagars slåttearbeit for jorddrotten.

Straumsnes vart utpeika til skulegard 12.8.1847. (Sammøte på Roholt om fast skule.) Kyrkjesongaren Svein Gundersen Lønnegrav flutte inn der 7.11.1848, og 9.11. byrja han skulen der.

Han hadde fyreåt teke på seg å kosta opp skulestoge med lærarbustad for den innsamla sum 142 spesidaler. Timmer og byggjetilfang skulle skaffast på plassen. Husi skulle verta brukbare 14.10.1848 og fullt ferdige 14.10.1849. Då husi vart ferdige, hadde han kosta dei 420 speisidaler meir enn utrekna. Desse pengar fekk han ikkje att, heites det.

Det heiter i forpaktingskontrakti at no når plassen gjekk over til skulegard, skulle «Kirkesangeren overtake pladsen på samme kondisjoner som enken Ragnhild Kittilsdtr.» Men istaden for pliktarbeid i slåtten, skulle det ytast ei årleg leige i pengar «som fastsettes av Venen og medhjelperen hvert 5te år etter skjøn.» -

Svein Gundersen g.m. Siri Reiersdtr. Lia, Nes jarnverk, hadde plassen så lenge han var lærar. Alt same året han overtok, fekk han oppbrote og rydda dei 20 mål til åker og eng - slik jordvegen er i dag. Her på Straumsnes vart posthus, og Svein Gundersen var den første postopnaren. - Då han sluttar som lærar og klokkar i 1893, flutte han frå Straumsnes og til Eidsto - der han døydde 1913. Svein Gundersen som hadde stor huslyd (7 b. f. Straumsnes) hadde åttåt feste på Revskil u/Kråkenes 13.4.1863 - oppatnya 24.6.1898. -

På Straumsnes har sidan vori desse lærarar som har drive garden: Rydland, Lesland, Eivind Jensen, Olav Muren (1911-53) og no Steinar K. Kvåle.

Skulebygningen som no står, vart bygt i 1892 med 2 klasserom og lærarbustad. Huset har hatt ymse vølingar fram gjenom åri, med bordklædnad og måling og innreidnad av nye rom, grave ut kjellar til vaskerom og lagt inn vatn, tek med stein etc. Uthusbygningen er frå 1917. Garden har skarp sandjord - og bar heller ring grøde, så kommunen måtte kjøpe innåt Lislekos (utskilt frå Øy 13.1.1873) og Juvland (u/Lønnegrav) for at det kunne verta 2 kufer som lovi kravde. Skulegarden vart dårleg driven under dei mange lærarskifte frå 1890 åri, men då Olav Muren kom i 1911, fekk han ein snunad på dette. Det tilgrodde jordet med lyng og villgras, dyrka han opp av nyom, og dreiv avlingi sterkt fram ved å bruka kunstgjødsel. Straumsnes åleine fødde 3 kyr, og sume år då dei dreiv etter måten meir med open åker, kunne dei avla 12 tunner korn og 70-80 tn. poteter.

Lislekos kunne difor leigast bort til skulegard - då Lislekos skule vart bygt i 1914-15.

➤ ÅSLAND gnr. 14, bnr. 7

Det er ein plass som ligg like ved Eidsto på nordre side. Der er bra hus og 3 mål dyrka jord. Skogmarki er ikr. 900 mål. Anne dotter av Jon Mikkelsen Flatland på Lunden, er eigar av plassen.

I 1856, 23.11., vigde Gjermund O. Åsland (29 år) med Rannei Andersdtr. Listøy (Kv.) 26 år. Elles budde Jens Zetlitz (sonen åt Hans J. Roholt og Maren Elisabeth Bull f. Zetlitz) her, g.m. Bergit Rasmusdtr. Fjone. Det var Jens som var slik skeiserennar. Ein dag det var fin is på Vråvatn, gjorde han slikt rekordlaup. Han rende til Vråloisen etter sild til middag med potetene koka på Kråkenes - og det er stive 4 mil att og fram. Dei flutte til Tromøy 1857 og derfrå til U.S.A. Då Jens var død, kom Bergit heimatt og budde på Åsland til sin død.

Frå eigedomen er fråseld mange tomter.

➤ HEIA gnr. 14, bnr. 5

Namnet er greitt. Plassen ligg eit stykke frå Eidsto - oppe på heii ved vegen til Kviteseid. Er visstnok ikkje nokon gamal plass - sikkert rudd etter år 1800. Han har hørt til Roholt. Kjetil Kiland kjøpte han i 1897 av Leif Roholt og Tor Vaa. (10.5.) No er det dotteri Gudrun g.m. Olav Torjusson Nordbø som er eigar, frå 20.1.1939.

Festebrev 19.6.1848 til Elen Chr. Blom (II g.m. Gunnar Tarjeison (Lønnegrav 8) i 1841. «Bruger av visse skogstykke og pladsen Heia på livstid.» Gunnar d. på Heia i 1862, og Elen kom til Roholt (austre) og budde der i eldhuset til sin død i 1883.



[Elen Heia (Blom 28)]

Heia skilt frå Roholt bnr. 1 den 8.8.1887.

Som brukar på Heia frå 30.5.1936 var John Lauvstad (leige 100 kr. året, auka i 1941 til kr. 120.) (Olav Heia fyre 1936).

NB. Verpe har utgått frå Heiastykket.

Olav og Gudrun Nordbø har no bygt seg ny heim på Heia.

Jore. (Lauve-Jore.)

Ende utom Midtbø ligg Jore, ein plass som gror til med finngras og lyng. Det høyrde under Roholt og har ikkje hyst nokon fastbuande dei siste 40 år. Ein Olav Knutson og Tone budde her i 1870 åri, seinare Johans J. Kleivstaul og Tone til sin død. Turid Skipar, enka etter Tor Sveinungson, budde der sist og sonen Sveinung og Gunhild Lauvoddien.

➤ LAUVE gnr. 14, bnr. 10

Det gamle namnet var Engnes. No helst Nord-Lauve. Her budde Olaus Torson Sanden og Andrea O. Noraberg. Sonen Einar har no fått skøyte. Garden er lettdriven og ligg fint til like ved vegen. Det høyrde til 18 mål dyrka jord og 100 mål skog, men no er det fråseld i alt 30 mål til eit bureisingsbruk nedom vegen (Engnes.) Tor Sanden har dette no, men Einar Sanden og Anne bur der førebils.

Dei som byksla plassen, var Knut Gunnarson og Anne Jonsdtr., seinare dotteri Torbjørg g.m. Olav Berntson. Knut og Anne hadde 11 born og dei noverande eigarar Olaus og Andrea har fostra opp 9 born.

Husi er i god stand. Den gamle stoga brann 1900. Ny stoge bygt 1911. Uthusi 1905. Buret er det eldste hus på garden no. Lauve har gått i mange handlar. Med ungane på vestre Roholt var små var Tarjei Gunnarson Sinnes verge for dei. Han selde Lauveplassen til Johans Noraberg d.e. 21.4.1902. Han selde det att til Eivind Skatter (Lårdal), og han att til Olaus Torson, som fyrr nemnt.

➤ BUKKØY gnr. 14, bnr. 15

Dette er ei øy som hørde til Roholt. Ho er ikr. 26 mål stor og laga mest av grus og sand. Mot Roholt (vestre) er det berre ein fråstand av 40 m og så grunt at dei før regulereringa kunne køyre over med høyvogn når vatnet var lite. Den dyrka jord er no 12 mål og resten skogvakse. Plassen Bukkøy er nok gamal, inen då her finst i alt 3 Bukkøyar i heradet, er det ikkje greidt å avgjera kven er kven. Namnet skriv seg vel frå at dei mykje har nytta øyi til bukkehamn om sumaren og hausten.

Son åt Jon Leivson Roholt, Jørund (f. 1787) g.m. Gro Jørundsdtr. budde på Bukkøy. Dei hadde 8 born, og 5 av dei f. på Bukkøy. Kona døydde der 1852 og Jørund med yngste dotteri Else (f. 1838) til U.S.A. 1853.

- Den gamle husestaden låg litt lenger nord og noko lågare. Eldre folk minnest etterstøder av tufter der.

Den fyrste sjølveigar på Bukkøy var Gjermund Jore frå Skafså. Han var damvaktar og budde her i 1915. Han kjøpte øyi av Turid Roholt for 3 000 kr. Stogebygningen som no står, vart oppkosta av Gjermund i 1916. Der var ikkje alltid fastbuande folk på dette småbruket framover, men så i 1927 kjøpte Olav Torson Sanden det. Han var gift med Asgjerd Olavsdtr. Kåsa. (Skafså). Han bygde ny uthusbygning i 1928 og dyrka opp av nyom ikr. 8 mål. Olav har vori ein flink mann og hatt godt humør, Han har drive som murmeistar og handverkar og altmølegmann. Huslyden var stor, i alt 11 born som skulle forsytaast så det var strevsamt nok for kona og han mange gonger.

Olav har fått diplom for skogsarbeid (1927), og i 1935 fekk han Tor Vås jorddyrkingsprernie (2. pr.) som påskyning for godt arbeid.

Tor den eldste sonen, overtok garden i 1951. Han er gift med Åste Grimstveit, Nissedal. Han har same yrke som faren - mur, støyping og skogsarbeid. Han har fleire tillitsyrkje.

Millom Bukkøy og øystre landet legg isen svært tidleg om hausten. Dette gjer at ungdommen især, har våga seg ut på for tidleg, og fleire har blive her ned gjennom tidene. Lenge minnest dei ulukka 26.12.1822 då 4 unge gjenter drukna på Hansa-gronne. Dei var ute tidleg om andagsmorgen og skulle drive jolekommers - moka for dynnane på Roholt. Ein av dei var Alet Jakobsdtr. Øy (13 år). Det vart ei trist jol i Vrådal det året. - Jfr. Ole Bloms dagbok.

Tor har fylt opp mykje av sundet og bygt bru over resten slik at det no er bilveg heilt i tunet.

➤ MIDTBØ gnr. 14, bnr. 38

På vestsida av Vråvatn, litt utover Skretveit, ligg Midtbø like ved vatnet. Det er 8 mål dyrka jord og 20 mål utmark. Husi er gamle og har sikkert stade på same tuftene sidan plassen vart bygt. Lendet her omkring har hørt til Roholt frå eldgamal tid. Fyrst i 1936 vart det eige bruk, då Øystein Olavson g.m. Marie Sofie Danielsdtr. Sønning (Mo) kjøpte det av Tor Nilsson Sandvik. (Roholt vestre). Skylddeling 15.9.1936.

Ein Jon Knutson g.m. Jorunn Øysteinsdtr. Grave (Tveitgrend) fekk feste på plassen i 1850 åri. Dei hadde 8 born. Ein av dei eldste, Anne, bur på gamleheimen i Kviteseid og har fylt dei 100 år. Olav broren f. 1875, bur på Midtbø. Leiga for plassen var pliktarbeid på garden Roholt. Det var 1 veke om våren, 1 v. om sumaren og 1 v. om hausten. Knut Jonsson sat der på same vilkår som faren og sidan fyrnemnde Olav frå 1915-36. Han flutte hit frå Follaugdalen. Kona hans heitte Helga O. Plassen (Bø). Olav fortel at då reg. av Vråvatn kom 1912 -14, vart det nokså mykje ulempa, og leiga vart inndregi slik at den skade det påførde plassen kom leigaren til gode.

➤ LAUVE (søre) u/ROHOLT gnr. 14, bnr. 3

Dette skal vera eldste plassen og hører til Roholt øystre. Der har ikkje vore folk her sidan 1920 då Kari Såmundsdtr. Follaugdalen (ugift) budde der. Ei stoga avskori på midten, er det einaste huset som no står att, og jordet gror til med fjorfonn som vert tjukkare til kvart året. Kyrkjeboki gøymer på mange namn som knyter seg til denne plassen. Her budde Orm Tarjeison Lauve g. 26.10.1799 med Joronn Tallevdtr. Berre 10 år etter er Orm «Copuleret» att med Anne Mikkelsdtr. Åkre, og no sit han som husmann på Follaugdalen. I 1857 19.11., gifter det seg 2 brør frå Lauve. Det er Jon Knutson 33 år og Olav 27 ½ år. Den eine har funne kona si borte på Grave i Kviteseid, den andre ende ned på Holte u/Kråkenes.

Om det er systeri Kjersti Knutsdtr. Lauve (Engnes), som g. seg 28.1.1838 med Tarjei Tarjeison Follaugdalen, er ikkje så godt å vita. Ho er forresten berre 22 år den tid. - Litt oppom Lauve ligg Kosi eller Perskos. Der budde sist Tarjei Torbjørnson Kvæven u/Sinnes og Bergit Olavsdtr. (Fyresdal). I 1912 sette dei pinnen i dynni og flutte til Fyresdal og sidan til Sannidal, der Olav sonen deira budde.

Fra Lauveplassen kan sjølve Gunnar Knutsen på Borgestad, rekna ætt og skyldskap. Ein Ånund Knutson flutte til Holt g.m. Anne Berntsdtr. (Syster åt Olav Berntson Lauve.) Sonen Kristian Knutsen er far åt Gunnar - ja så fortalte dei meg.

høyrer til austre Roholt - og ligg sud mot bytet med Kråkeneseiga. No er plassen tilgrodd og husi borte. Her budde siste Olav Torson Sanden (no Bukkøy) i 1920 åri.

➤ EIDSTO gnr. 14, bnr. 8

Denne plassen er nok mykje gamal. Han ligg fint til i enden av Nisservatn med godt utsyn sørover vatnet med øyar og småle sund og skoglider opp mot snaue fjellrygger og rantar. Namnet er klart - det er eidet med støet der pråmane la innåt. Ein kan tenkje seg at her har lenge vori livleg ferdse over til Kviteseid. Her landkøyrdie dei flytningstimmer frå nord og sud og frakta det oppover på heii, og der laga dei dammar og renner og sende bruket ned til Kviteseidvatn. (Prestjønndammen og Stemmemyr.)

Plassen har hørt til Roholt. Her sat husmenner som svara varleg pliktarbeid for plassen. Lars Janson (1714-1801) g.m. Aslaug Tarjeisdtr. (1728-1811) er dei første me høyrer om. Det er vel son deira Tarjei Larson Eidsto som vigjer med Tone O. Kråkenes 13.7.1789. Broren Jon Larsson vigjer 27.12.1797 med Kari O. Krintolen. Sonen åt Tarjei han Jon Eidsto var gift 2 gonger (I Guro Tallevsdtr. II Inger Marie Olavsdtr.) 3 born etter Guro - alle fødde Eidsto. Jon og Inger Marie til U.S.A. 1868 «Kun det nødvendige til Reisen», heiter det. Etter Jon kom truleg Erik Eidsto (Sann 1) som husmann der. På den tid var Cappelen eigar av Eidsto m.m.

Skylddeling på Roholt (vestre) 2.7.1866 «Skog med iliggende pladse som ligger østenfor Eidstofjorden og Roholtelv og søndenfor Roholt-østgården nemlig skogstykket Dyrskar Vebækståmoen, samt pladsen Straumsnes, Strand, Heien og Verpemyren 7/13 av alt eller 10 10/13 sett (2 daler, 3 ort.) gjekk frå Roholt. Att er 6/13 eller 9 3/13 sett. (2 daler, 1 ort., 3 skill.)

Denne Erik var frå Bukkøy u/Næs Kviteseid. Dotteri Stina Eriksdtr. Eidsto (f. Bukkøy u/Næs) gift 16.4.1884 med Eivind Sveinungson Pylseviki. Lensmann E. Sandvik er av denne ætti.

Petter O. Bergland (f. 6.10.1822 på Bjørnstad d. på Eidsto 31.8.1913) kjøpte Eidsto m.m. av Kristoffer Roholt. Skyld. 8.8.1887, i 1890 åri. Petter hadde flakka vidt og breidt, handla seg opp frå armodskår og vorten ein velhalden mann. Her slo han seg ned på sine gamle dagar og naut sitt otium. Han kjøpte innåt Fossøy og eit skogstykke Møen, kome frå Lønnegrav.



[Petter Øen Bergland]

Petter døydde 1913, og eigedomen vart overdratt brorsonen, Kjetil Torjusson Graver, (tingl. 13.2.1905).

Peter Gravir fekk skjøte av far sin 1920. Eigedornen er 30 mål dyrka, jord og ikr. 900 mål skog. Stoga er opphavelig den gamle oppsett av Erik Eidsto, men er innattbygt og påbygt av Petter O. Bergland. Det er 10 rom og 2 gangar. Huset vart nytta til hotell ei tid. Petter Bergland var den første hotellvert i Vrådal. Det var hotell her nokre år etter Petters tid med. Uthusbygningen er likeins av Petter Bergland, men tilbygt ikr. 1910 av Ketil T. Gravir. Eldhuset er gammalt, men omvølt og nytta som matsal ei tid. (No frukthall.) Buret er gammalt.

Den forrige eigar dyrka opp 15 mål jord og betra garden på mange måtar. - Han var elles lærar og klokkar 42 år i Fyresdal.

Sonen hans, Peter K. Gravir (f. 1888) har vori sterkt interessera i oppal av Telemarksfe. I 1923 hadde han landets høgstmjølkande kyr. - Gullrei St. bok tir. 907-6 700 1. Han stilte familiegruppe på Seljord-sjået i ca. 10 år og fekk kvart år 1. pr. for eksteriør og 1. pr. for avdrått. Han hadde vandrepokalen av Lindeqvist i 5 år, elles fekk han gullmedalje for rekordkyr (1923), og i 1927 fekk han ein stor sylvpokal frå Telemark avslag for Telemarkskyr - for å nemna litt av den store premiesamlingi hans.

«Då Peter dyrka opp Storemvr,» så Torbjørg, «då fekk me for til premikyn kons.» - I 1924 fekk han 1. pr. av Tor Vås jorddyrkingsfond. No i seinare tid har han drive med hagebruk. Han har planta til 6 mål med frukttrær og har største hagen i Vrådal, (200 tre).

Frå Eidstoplassen er seld ei mengde tomter. Det er på Eidstogrunn at «byen» ligg med hotell, forretningar, posthus og telefon, bakeri og konditori, kafear og pensjonat, bedehus og privathus på leigetomt eller sjølveige.

Villa Fredheim like ved tunet med hage til, har no systrane Torbjørg og Gunhild Gravir eigedomsrett til (gnr. 14, bnr. 8b).

Attåt Eidsto eig Peter Gravir eit skogstykke Moen gnr. 16, bnr. 4, utgått frå Lønnegrav søndre - om lag 400 mål.

➤ STRÅND (nedre) gnr. 14, bnr. 30

Vidda på eigedomeri er 23 mål innmark og 700 mål skog (prod. 300 mål). Garden ligg ved hovudvegen og like ved Nisservatnet. Garden har gått ut frå Roholt. Tarjei O. Strand kjøpte dette av Gunnar O. Dahle ikr. 1880. Han budde her og dreiv som byggmeister. I 1924 skifte han ut eigedomen til sonene. Olav den eldste, fekk Furuheim, (bnr. 6). Hans g.m. Signe Funnemark fekk luten nedom vegen. Stoge, stabbur og uthus på Strand er oppførde etter 1924. Den gamle stoga vert nytta til eldhús.

Eigar no er Signe Strand, enke.

➤ FURUHEIM gnr. 14, bnr. 6

Garden har gått ut fra Roholt og heitte fyrr Stråndestykket. Far til den noverande eigar, Tarjei Olavson Strand, kjøpte det ikr. 1880 av Gunnar O. Dahle. Den dyrka mark er 18 mål, 11 mål nat.eng og hamn - 300 mål prod. skog. (Nydyrka 8 mål, 11 mål kulturbeite.)

På garden er no 2 stogebygninger. Den eine bygt 1903, den andre 1911 - eit stabbur 1913 og uthusbygning 1907. Til garden hører eit sagbruk med motordrift.

Den noverande eigar Olav T. Strand g.m. Gunhild Heia overtok eigedomen etter far sin 1924.

Tarjei Strand var flink byggmeister og har sett opp alle husi på eigedomen. Han var med og bygde Vrådals kyrkje i 1886 saman med Torkjel Flotin, Seljord. Sonen har og drive med noko bygjeverksemd, elles har han drive som drosjesjåfør frå 1920 til 1940. Kvar sumar har dei drive pensjonat og teke i mot feriegester. Dei tek mot gjester elles og.

➤ ØY gnr. 15, bnr. 2

I nordenden av Nisservatn ligg som ein samling av store og små øyar - ein 15-16 i talet. Den største av dei er Øyi 0,4 km² med garden Øy på. Denne garden har 70 mål innmark - derav 10 mål på Risøy. Elles er det noko slikt som 7 000 mål skog (med fjellvidd, myr og vatn.) Til garden hører Risøy, husmannsplass frå år 1800. - Sist budde Sveinung og Aslaug der i 1850 åri. Dalen og Stallan har og vori plassar.

Staulane Ekrestaul, Venlid og Tjønnestaul nytta til i 1940 åri. - Det høyrde Øy 1893 sag og kvenn til garden. Dei stod i Eidstobekken. Elles hadde Øy kvenn saman med Lønnegrav i bekken ved Dalen. Torjus H. Nordbø kan endå hugse han mol konn på kvenni med Dalen då han budde på Lønnegrav, (1890).

Kvenni i Eidsto heitte «Langanne». Ho halta noko i svivet og skompa rundt og sa: Langanne - langanne. Lenger oppi bekken stod Roholtkvenni. Ho sveiv så rapt og ropa liksom: «Margit! - Margit!» - Den kvenni kalla dei nettopp Margit.

Den gamle husestaden var omlag 100 m lengre sud. Eit gammalt tuntre - ei løn - står att, elles har det vore synlege tufter til nyende nyss. I 1870 åri flutta Petter O. Bergland husi. Det var endå Olaus Svenkeson Follaug som flute stoga. For å nytta betre ut vyrket sette han veggene på ende - nokså sjeldan timrevegg å sjå. Stoga er klædd både ute og inne so nær som i troppeoppgangen.

Uthusbygningen flutt, men riven i 1907 og oppsett att og utvida. Der er 2 låvebruer i ulike høgder som på Lønnegrav og andre stader i Vrådal - og godt rom til bu og buskap og avling. Stabbuær har årstalet 1766, men er truleg eldre. Er visstnok kosta av Hans Jørgenson Øy, (d. 1754). Han gav og altarfoten til den gamle Vrådal kyrkje. Ved stabburet ligg «Markenlyfte», ein stein som Marken Jakobsdtr. (f. 1817) har lyft. Det skal sterke karar til å greie letta han oppifrå.

Garden er ikkje av dei eldste. I 1647 er han rekna øydegard med 1,1/3 tn. 1 ½ daler skyld. Det går fram av eit arveskiftebrev frå 1649 at Hans Nilsson som har butt der frå 1613, har rydda opp mestedelen - fyrr berre eit «sæterboll», seier han.

Buskapen 1657 er likevel 1 hest, 9 kyr, 18 sauere og 7 geiter.



[Øy 1893]

Det eldste brev om Øy er datera 26.2.1470 (D.N 11 b.s. 196) der lagr.mennene Sveinung Hallvardson og Olav og Tjostolv Petarsøner, gjer kunnigt at dei såg og høyrd at Helge Folkeson let Kjetil Såmundson (Symonson) få 4 markabol i Øysterdal i Brunkeberg mot like så mykje i «Øynne i Rodal». (Øy i Vrådal.) Bryt dei avtala, skal den skuldige betala til den andre 1 mark gull.

Eit uprenta diplom frå 5.11.1594 om arv etter Jørgen O. Nordbø, Nissedal. Det er enka Åshild og sjuksenen Olav Jægenson som er part i arvesaki. Åshild og Jørgen har 10 born (Olav, Torgrim, Geirulv, Hæge (Helge), Bergit, Signe, Sigrid, Åsne, Tåronn og Åse). Dei har fleire gardar m.a. Nordbø, Vik, Sønstebo, Graver og Øy. Nordbø er 4 tn., der får dei 4 gutane 1 tn. kvar. Av gjentene får Tåronn 7 mæler i Øy og Åse 1 tn i Øy. Enka Åshild er halvningskvinne som det heiter.

Sjuksenen Olav Jægenson klagar på skifte og 13.12.1594 er det eit nytt ting på Nordbø der m.a. lensmann Åsmund Fjone og 5 lagrettmenn møter og skal granske nøgjare arveskifte. Det vert retta noko på arvedelet så at Olav får noko betre vilkår m.a. får han åseeterett i Nordbø framom halvbrørne sine.

Eit gavebrev frå Åshild Torgrimsdtr. g.m. Jørgen Nordbø, Nissedal sett opp på Øy 1634 til dottermannen Hans Øy - går ut på vermori som har arvelut i garden - 17 års landskyld - kvittar i den og husvære og tilsyn ho har hatt og kjem til å ha. - Dei andre arvingar er lite nøgde med dette, og ein Anstein Tveitane stemmer Hans Øy til tings i Skien 1649. Dei meinte dei har like god åsætesrett til Øy som han Hans. Men Hans får medhald av retten og la fram gavebrev og skiftebrev stadfest ved 6 manns dom. - Ætti etter Hans kom til ære og makt på Øy og har visstnok seti der ubroti å kalla ned til våre dagar. (- 20 år – 1860-80).

Endå eit gammalt brev frå Øy tek eg med. Det står i D. N. b. 10, s. 791 - frå 1530 (eller 1550) Sveinung Tallevson vedgår at han har selt Øy til Olav og Pål Åsmundsøner. Til vitne: Bjørn Alvson, Åmund Olavson og Eivind Tolfsen, (Toefson).

Eigarar og brukarar. Bjørn betalar arbeidskatt 1593-94. Etter han Nils (1609) og så Hans framover til 1665. Ved folketelj. 1664 er Jens oppsitjar 40 år og Jørgen 30 år. (Båe søner til Hans). Jens er det skifte etter 22.10.1669. Jørgen og kona hans Joronn Tormodsdtr. er både d. fyre 1694. Han fyrst og ho gift II m. Gunleik Sveinungsson. Dei har sonen Jørgen. Jorunn har alt i alt 5 born etter seg. Lausøyre og krav rekna 289 rd. Jord 9 tn. 3 qtr. Born etter Jørgen Øy og Jorona: Hans, Øystein, Joronn og Sigrid.

Gunleik finn me som bonde på Øy 1686-93. Etter han har Hoskuld Leivson Roholt garden (1694-1707). Han er g.m. Sigrid Jensdtr. Øy, (einbindingsgjente).

Etter 1707 finn me Hans Jægenson som eigar til Øy fram til 1747. Skifte etter Hans slutta 29.3.1754. Kona heitte Anne Gunnarsdtr. 10 born, Sjå Ættesoga s. 679.

Det er eit stort bu. Brt. 7 842 rd. Net. 6 820 rd. Omframt odelsgods i Øy 2 tn. m.b. = 600 rd. eig han pantegods i 15 gardar med tils. 2 986 rd. (Fjågesund 5 tn. = 900 rd. «Tofte i Halden» 6 tn. = 400 rd. etc.). Syltvøy for 720 rd. «hvoraf I Sølv Hovedlaug Lone og Skaale løv udi», for 130 rd. 4 sylvbelte tils. 68 rd. Bankosetlar 150 rd. «udi slitte Daler» 100 rd. 13 stk. «Gennier» a 5 rd. m.m.

Sonen Jørgen Hansson får heimel på 2 tn. i Øy 23.5.1759 g.m. Anne Amandusdtr. Paus. - Dei har 4 born, og Hans f. 1757 g.m. Alet Jakobsdtr. Nordbø får heimel på 1 ½ tn. 22. 7. 1785. Jørgen Øy er det skifte etter 13.7.1785. Brt. 2 203 rd. Net. 2 185 rd. Jord i Øy 1 tn. m.b. = 400 rd. Sylv 7 rd., kopar 8 rd., messing og tin ca. 10 rd. Det har no fjørast munaleg i medelen på Øy. Hans vart ikkje gamal, skifte er 30.5.1793. Brt. 2203 rd. Net. 876 rd. Medrekna Øy 2 tn. m.b. = 1200 rd. Jørgen Hansson d.y. får heimel på 2 tn. 30.5.1794 og broren Jakob Hansson overtek etter han 27.2.1800. Han er 3 gonger gift (I Maria Gunleiksdtr. II Liv Eivindsdtr. III Marie Torsdtr.) og har 17 born. (5 d. små).

Jakob synes å ha vori ein driftig kar. Straks han ha overteke garden, hogg han ned skogen for å løyse ut dei andre arvingane. Mor hans Alet sa: «Då du fekk garden, stod skogen som den va lødd, men no er den tannlaus som ei gamal kjerring.» - Garden sin dreiv han svært opp, og hadde opp til 16 naut på båsen og eindel småfe. I gode år avla han opptil 70 tn. korn og 300 tn. jordeple. Jakob var ein kjempekar som

arbeidde for two. Ein dag køyrdet han fram 10 tylvter timmer i dróglå på Høgøy. Det fortelst at ein dag kom Skrubbe-Håvard full og galen til Øy og romstera i huset og slo sund stolar i golvet. Då sa Jakob til kona si: «Gakk at kammerse so sko eg taka han» Og det vart gjort. Han bar Håvard ut på tunet som det skulle vera ein unge.

Han sat med garden ta i 1850 då sonen Hans Jakobson overtok eigedomen for 2 400 spdlr. Han hadde eigedomen i 10 år. - Gift 2 gonger (1 Sigrid Hansdtr. Vik, Nissedal, II Signe Rasmusdtr. Bakka). I lang tid budde han på Vik. Der vart dei fleste av dei 14 borni han hadde med Signe og dei 3 med fyrste kona, fødde.



[Signe og Hans J. Øy. (Øy 30)]

Frå Nissedal til Øy flytte den store huslyden i 1853. Hans og Signe kom ikkje til å bie lenge på Øy. Tidi var Nunskeleg, barnebokken stor, og landhandelen han dreia, under vegbyggingi gjekk med stort tap. (Eldste sonen Nils styrde handelen.) Hans kom i stor skuld og såg seg nøydd til å selja den gamle ættagarden. Han heldt undan Krintolen, Fossoy, Bjørøy og Venlihei. - På Øy var i hans tid eit gammalt sylvslege drikkelionn med namn på odelsbøndene på Øy grave inn, - og ein stor rose måla olbolle med einskildskåler forma som ender. - Alt dette vart selt frå i hans tid for ein slikk. Drikkehonnet for 8-10 daler.

Det var Petter O. Bergland f. Bjørnstad 1822 som kjøpte garden. Petur hadde handla seg opp frå armodskår. Han hadde god tek og nyttet ut alle sjansar og gjorde mange gode kjøp.

Han skulle ha drøymt at hart kom ta å handla Øy. Og eingong han var på Kongsbergmarken, råka han Andreas, son til Hans Jakobson og fekk tilbod om å kjøpa garden nett slik som han hadde sea det i draumen. Han slo til. Dette var i 1860. Han sat med eigedomen samla nokre år, men så selde han heimskogen Stallanliane, Høgøy og Sløkvikstykket til kjøpmann Westergård for ca. 1000 speisidalar. Det var meir enn han hadde gjeve for heile garden og var ein ovpris som berre ein så flink handelskar som Petter kunne få ta.

Kjøpm. Westergård slo visst ikkje mynt på denne handelen og kom snart til å selja skogen og 2 husmannsplassar til eit kompani frå Nissedal: Jakob Brynjulvson Nordbø, Jakob Abrahamson Midtbø og Nottov Jonson Håvteit. Dei to fyrste gjekk utover handelen, og Nottov overtok deira luter. Nottov sel så sin part til Olav O. Nordbø, Vrådal. No hadde han ein ½ del av heimeskogen i Øy. Olav var gift med Andrea Hansdtr. Øy og hadde m.a. sønen Hans som heitte etter dei gamle ættesfolki. Det var ikkje undrast at Olav var huga på å få kjøpt garden attende til ætti.

Men Olav fekk ikkje kjøpe garden av Petter - og så gjekk han ein omveg. Han fekk Olaus Svenkesen, som var «handelsbror» med Petter til å kjøpa garden for seg - og såleis let Petter seg lure. «Nei verkeleg er det ei,» hermer dei etter Petter då han fekk greie på kven som skulle ha garden. Men Petter fekk seg no bra betala - ja Olav rekna jamvel at han hadde forkjøpt seg og sette seg fyre å spa skogen.

Eit lite sidesprang i gardsoga. Dei to eigarane av heimeskogen til Øy vart samde om å oppløysa sarneiga ved å dela skogen. Skynsame menn foretok delingi etter lende og driftstilhøve i two like, verdfulle delar. Utfallet vart at Høgøy skulle leggjast til Stallanliane og utgjera halvparten og Sløkvikstykket den andre halvpart. No skulle det kastast lutt. Nissedølane sa til Nordbøfolki: «No er vel De mest huga på å 5 hei nærmeste garden, Stallanliane og Høgøy - og for å sleppe velje, kan De få dette stykket mot å gjeva oss Høgøy attpå.» - Nordbøfolki sa nei, og det vart lutkasting. Andrea, kona av O. O. Nordbø skulle velje, og luten fall til hennar beste. Ho sa det sidan at det var nok ei høgre makt som hjelpte til her. Såleis kom Stallanliane og Høgøy til å høyre til Øy.

Venlihei fylgde med Krintolen då Øy vart selt i 1860 og var ein del av heiskogen til Øy. Anne Hansdtr. Øy (Sollid) kom til å eiga Venlihei, Bjørøy og Krintolen og budde på Krintolen. Venlihei vart nokså hardt hogge i denne tidi og vart deretter selt til systerson. O. O. Nordbø d.y. Han visste det passa godt å leggja dette stykket til Øy og testamentera det så til bror sin Hans O. Nordbø 7.8.1894. Olav d. 3.9.1894. Hermed vart ein del av den tidlegare eigedomen millom Lønnegrav og Steane samla. Hans O. Nordbø fekk skjøte på Venlihei 22.6.1909.

Sjølve garden Øy overtok Hans O. Nordbø g.m. Anne Larsdtr. Sinnes i 1891. Kjøpsum kr. 25 000. Han hadde garden til 1925 då sonen Olav g.m. Gro Hilleborg Kiland overtok eigedomen.

Hans O. Nordbø (1868-1956) og kona Anne f. 1869, dreiv godt fram garden og hadde ei godt fjøs med mange 1. premiekryr. Hans fekk Tor Vås jordd.premie 1925.

Fossøy. Gamal plass under Øy. I 1771 brev frå Tore Gunnsteinson til Nils Halvorson på Onnestad, Treungen. Olav Tarjeison og Liv Jensdotter bur her i 1760 åri. 5 born alle fødde der.

➤ SLOKVIKI gnr. 15, bnr. 4

Dette er ei nokså stort stykke, 1100 mål skog (400 mål prod.) og 18 mål dyrka, og var ein gong halve heimskogen til Øy. (Skyld 2,25). Johan O. Straand og Gunnar N. Sandvik kjøpte dette i 1904 av Olav J. Nordbø.

No er det Torgeir J. Straand g.m. Gudrun Teigen som eig Slokvi og bur der.

Til Slokvi hører Skjelhusmyrane, ein gamal staule.

Husi på Slokvi er bygde 1937.

➤ KRINTOLEN gnr. 15, bnr. 1

Ein av dei 16 øyane i Nisser er Krintolen. Flatemålet er 0,2 km². Her er mest berre sandblanda moldjord utan synlege bergknausar. Øyi er næsten rund av skap, derav namnet Krintolen (Kringle, Krinte, ei rund skiye). Det er berre smale sund som skil øy frå øy her. På austre side har me Øyi med berre eit smalt sund millom. Elles har ein Fossøy og Bjarøy på nordre kant like ved.

No ligg det ein medels stor gard på øyi, med trivelege velstelte hus og flate, fine jorde. Dyrka 40 mål prod. skog 75 mål, total vidde 150 mål.

Krintolen har frå gammalt hørt til Øyi. Alle desse øyane i «øyhavet» hørde nok inn under den største som difor heitte Øy. Øyenner i eldre tider.

Krintolen nemnt 1787. Gunvor d. 21 år «Orm Krintolens hustru». Det var Hans Jakobson som heldt att Krintolen, Fossøy og Bjarøy m.a. då han såde garden sin Øy 7.12.1860 til Petter O. Bergland. Han tok bustad her og livde her til sin død 1883. Stoga frå 1860 har Hans kosta opp, men ho er vølt i nyare tid. Dei andre husi er nokså nye, uthusbygningen frå 1904, vognskjol og hønsehus 1916, bryggerhus 1933.

Ei dotter av Hans og Signe heitte Anne Susanne f. 1849 g.m. Olav Åsmundson Sollid u/Årak overtok Krintolen med Bjarøy 14.9.1896. Dei selde garden att til Olav T. Kråkenes 12. 2. 1916. Venlihei⁶ gnr. 15, bnr. 7 var fråkild Krintolen tidlegare og gjekk over til Hans O. Nordbø etter testament 1.8.1894 frå broren O. O. Nordbø. Skjøte fyrst ordna 22.6.1909. Bjarøy er fråseld i 1922 (skyld 0,05). No er det gutane av Olaus Straumsnes som eig Bjarøy. Enka etter O. T. Kråkenes, Sigrid Halvorsdtr. Nordbø og sonen Torgeir f. 1926 bur no på Krintolen.

Fossøy⁶ vart selt med ½ til Petter O. Bergland (Øy) og ½ til O. O. Nordbø d.e. Sidan overtok Petter heile øyi og overlet ho til O. T. Gravir Fjågesund, som overlet ho til son sin Torjus O. Gravir. Han selde til Peter K. Gravir, Vrådal. - Det er gammal busetnad på denne øyi. I 1773 dør Jens Huskulson Fossøy 70 år.

➤ LØNNEGRAV gnr. 16

Det er med denne garden som så mange andre at det er naturi kring som har skapt namnet. Garden ligg som bortgøyrnd. i ei djup hallande grov - det er den løynde grov eller grav. I 1585 vart det skrive Lønndegraff. Lon(tre) og lund kan ein og tenkja kunne ha vori med og skapt namnet. Jfr. O. Rygh. - Det er fint utsyn frå garden. I nordvest kan ein øygne snøfjelli millom Sætesdal og Vinje, og i sudvest ris Hægefjell med sin snaude skolt. Åhomnuten stenger for utsynet i nord.



[Jon Bakkan (Fjælerud 86) og Tarjei Lønnegrav (Lønnegrav 15)]

Lønnegrav har vori ein stor eigedom, men er no oppdeila i fleire bruk. Lønnegrav nordre - også kalla Nordjordet eller øvre Lønnegrav og nedre Lønnegrav (misjonheimen) og Lønnemoen og vestre Lønnegrav. Til Lønnegrav har hørt plassane Juvland, Brisklid og Midttveit og Hjartdal, (namn etter 2

⁶ 1864 eigar kjøpmann Bøe.

hjartdøler som budde her), Kosi, Flaten, Bakkane og Lislekos, (no skulegard). Den store staulen Åhommen med gode beite og fjøs til 18 kyr hørde til garden, og vart nytta til uti 1940 åri. Marki var kjend som eit godt bjørnelende. Ein stad heiter det Bjønnedalane. Så seint som i 1917-18 slo bjørnen ned 13 sauher ved Åhommen. På ei lengde av 100 m låg desse sauene i kross og krok med knekte rygger og knuste bein - berre få var etne på. Dei meiner at det var denne slagbjørnen som vart skoten på åte ved Dale. Det var ein uvanleg stor bjørn dette.

Lønnegrav var ein stor skogeigedom - Samla måtte det vel vera 12-14000 mål. Likevel vart det berre rekna halvgard med skyld 2 tn., 3 daler i 1647. -Buskaperen var i 1657: 1 hest, 8 kyr, 21 sauher, 10 geiter. - Det var «skysstasjon» her i 1628. «Thorgy skysskaffer forarmet» er nemnd.

Eigarar og brukarar. Tarran heiter bonden i 1593-94 - truleg kvinne. Så fylgjer Tarjei 1609-20. Han er «skysskaffer». Det er visst den same som me treffer på framover til 1664. Då er han 70 år og har sonen Jørgen 18 år.

Ved folketeljingi det året er nemnt tenestgut Bjørgulf 20 år og husm. Nils 50 år med son Olav 14 år.

No kjem Nils og Bjørgulf inn som eigara. Nils er førd som odelsbonde og eigar i 1658. Dette er truleg Nils Hansson Øy, bror til Jørund, Nils var gift med Åshild Tarjeisdtr. Bjørgulf eig heile Lønnegrav 1679-80, og Jørgen Øy skattar som odelsbonde av 2 ¼ tn. i 1682-88.

Bror åt Jørgen, Jens g.m. Kari Halvorsdtr. hadde dotteri Sigrid g.m. Huskul Leivson, (skiven for Øy). Gunvor Huskuldsdtr. g.m. Såmund Bertovson eig Lønnegrav (1707-22). Dotteri Kristi er g.m. Ådne Gunnarsson Tveiten - og no er ætti grei på Lønnegrav fram til notidi. (Sjå ættesoga.)

Ein merknad frå 1672: «Denne Gaard hafuer tilforn ickun schattet som en Halfgaard for 2 td., men skal etter den heele Almuen Bekiendelse være 2 ¼ td., hvilken Forviellelse mest er kommen, at dette Goedtz haffuer lenge heer staaet arfuingerne imellom uchifftet.» -

I 1722, 14.11., er det skifte etter Såmund Bertofson. Brt. 762 rd. Net. 299 rd. jord i Lønnegrav 2 ¼ tn. 450 rd.

Enka Gunvor Huskuldsdtr. er det skifte etter 16.11.1744, g. att med Nils Aslakson, (dotter Liv 21 år) Net. 24 rd. Jord i L. 1 tn. 2 1/6 sett = 236 rd. Gunvor odel til Lønnegrav.

Dotteri Kristi Såniundsdsdtr. g.m. Ådne Gunnarson Tveiten har no garden framover til 1788, 29.2, då sonen Tarjei får heimel på 2 ¼ tn. - det same som Ådne heimla i 1749, 7.3.

Tarjei g.m. Sigrid Sveinsdtr. dør i 1818. Han hadde garden til 1815, då sonen Gunnar Tarjeison g.m. Signe Jonsdotter Fjone overtok. Desse har 9 born, alle fødde på Lønnegrav. (Tarjei 1806, Sigrid 1808, Bergit 1810, Kristi 1812, Jon 1814, Ådne 1817, Rasmus 1819, Signe 1822, Svein (Svend Gundersen) 1824 -1913.)



[Syskinflokk. Frå v. Signe Karlsen, Gunvor Stålland, Karen Kråkenes, Johan Svendsen, Olaus Straumsnes og Kristine Fjalestad]

Gunnar og Signe skifte frå seg i 1842. Då vart Lønnegrav skylddeila i fleire bruk. Tarjei fekk nedre luten, Det hadde visstnok stade hus der fyrr, for under jorddyrkning fann dei ein gamal ukjend vassleiding av bora stokkar. Men no vart det husa oppatt. Gamle Gunnar var og med Tarjei der nede ei tid, men døydde på Heia 1862. Tarjei g.m. Else Tovsdtr. Ormtveit, drog til Amerika i 1867 med 4 born, Gunnar, den eldste sonen, hadde så nedre Lønnegrav ei tid. Aslak Ådneson Findreng kjøpte garden av Gunnar Tarjeison då han reiste etter foreldri til Amerika. Aslak selde det snart til Svein Gunnarson Straumnes, O. O. Nordbø og Olaus Svenkeson. Svein løyste dei 2 andre ut og hadde garden aleine til Gunnar Sveinson Stålland, sonen hans, kjøpte det. Då han utvandra, kjøpte pastor Gunnar O. Dahle det. Han husa det opp, fluttet hovudbygningen og bygde han om og fluttet buret og bygde ny uthusbygning 1900. Buret er svært stort med midtimre i første høgd og av runde magataegdevegger. Det ber årstalet 1770.

I 1904 testamentera han heile garden med hus og jord og skog til Det Norske Misjonsselskap, Stavanger. Garden skulle nyttast til ein kvileheim for slitne misjonærar

Samstundes gav han bort dei 3 husmannsplassane Kosi, Flaten og Bakkane, så dei er sjølveigarbruk no.

I 1916 selde Misjonsselskapet frå skogen 6000 mål for kr. 150000 til Johan Straand. - Att er 14 mål dyrka jord og 6 mål nateng og 250 mål prod. skog. Misj.selsk. har brukar på garden. Kvar sumar og elles og om æret er det folksamt på Kvileheimen. Der kan vera opptil 50 gjester i dei 18 romi i hovudbygningen. Dei har elles bygt ein bygning, Fjellvang, sudi skogen til utfylling, og ein liten paktarbustad oppom tunet til gardsstyraren. Det Lønnegrav som Misjonsselskapet eig, er bnr. 3.

➤ **LØNNEGRAV (nordre) gnr. 16, bnr. 1 og 2**

Dette er truleg hovvudbølet, og husi må vel ha stade der dei no står. Garden har 30 mål dyrka jord og om lag 2000 mål utmark, (skoggrann). Husi er i god stand. Stoga ombyggd i 1880 av dåverande eigar Halvor Sveinungson, og innattbygt av sonesonen Halvor Hansson i 1952. Uthusbygningen er frå 1906 - stor og romsam med two lavebruer i ymse høgder. Ei mindre stove, summarstoge, er med og gjerder inn tunet på øystre kant. Me har hørt fyrr at garden vart deila i 1842. Han som fekk hovvudbølet, var Ådne Gunnarson g.m. Kristiane Sofie Aslaksdtr. Findreng. Men i 1847, 5.10. vart Steane skild frå Findreng, og Ådne overtok denne garden. Han husa opp på Steane og budde vel der ei tid framover. Denne Ådne bytte gardar i 1882 med versionen sin Halvor Sveinungson Midtsund som då kom til Lønnegrav nordre. (Skjøte frå Halvor på Midtsund 6.3.1882 til Ådne Lønnegrav, 22 000 kr.).

Halvor døydde på Lønnegrav vestre 1933 (88 år), Ådne sonen hans hadde hatt garden ei tid - men så bytte han med bor sin Hans i Lia sørre i Fjågesund, og Hans vart eigar i 1922. Han var g.m. Margit Eivindsdtr Nørstrud. No er det sonen hans Halvor f. 1930 g.m. Kate Fianbakken, Gjerstad som har overteke garden. - Halvor drog på kvalfangst og drukna i det Karibiske hav onsdag 12.11.1958.

➤ **LØNNEMOEN gnr. 16, bnr. 6**

Rasmus Gunnarson fekk denne jordparten i 1842. Det var ein nokså stor del av Lønnegrav. Den gamle grensa var frå vatnet (Nisser) og nord til Briskeli, så i rett line opp på fjellet rett nord for øvre (nordre) Lønnegrav, derifrå i rett line mot husestaden på nordre Lønnegrav, derifrå fylgjer det grensa med nordre og sørre Lønnegrav ned mot vatnet. Attåt dette hadde dei ein part av staulen Åhommen og eit større skogstykke, Dyrskar-Sagahane kalla, om lag 2500 mål. I aust byter det heile vegen med verkseigar Cappelen.

Lønnemoen var skysskifte i Rasmus si tid. Me høyrer om Tarjei Lønnegrav at han var skysskaffer på Lønnegrav i 1628, så dette vart berre som ei oppatnyttng av det gamle skyss-stellet.

Rasmus var g.m. Anne Halvorsdtr. Hasleberg. Dei drog til Amerika med 5 born i 1866.

Han selde garden til Petter O. Bergland (Øy) og Olav O. Nordbø. Eigedomen vart dela slik at O. O. Nordbø fekk parten av staulen Åhommen og heiskogen Dyrskar-Sagaliane, og Petter fekk garden med heimeskogen. Sidan selde Petter Lønnemoen med innmark og hus og litt skog ca. 40 mål til skipsreidar Leif Gunderson, Porsgrunn. Det har sidan gått i fleire handlar.

I dag er enkefru Gunhild Midtbø, Nissedal eigar.

Heimeskogen fekk Petter Kj. Graver etter onkelen sin Petter O. Bergland.

Då Gunhild, dotter åt O. O. Nordbø, gifte seg med Sveinung H. Lønnegrav, fekk bo heistykket. Parten i Åhommen kjøpte Halvor Sv. Lønnegrav (d. 1933). Astrid Sveinudsdr. eig no Åhommen. (bnr. 10).

➤ **LØNNEGRAV (vestre) gnr. 16, bnr. 17**

Denne jordparten ligg like ned mot Nisser og inntil hovudvegen. Det er 14 mål dyrka jord med ei skogvidde (total) på 2 000 mål. Det er utskild frå gnr. 16, bnr. 1 i 1921. Mesteparten av jordi er dyrka av den noverande eigar Gustav Lønnegrav med undantak av ca. 3 ½ mål som høyrde til plassen Midtveit. Denne plassen var rudit av Gjermund og Guro Midtveit i slutten av 1880 åri. Dei budde der til sin død i 1920 åri, og plassen gjekk attende til hovvudbølet, (barnlause).

Husi på eigedommen er nye og gode og oppsette etter 1921 med undantak av eit gamalt stabbur som har kome frå Lia nordre i Fjågesund.

Til eigedommen høyrde plassen Briskelid straks sudom, men denne vart fråseld 1922. Der bur framleis folk. Ei tomt, Hustveit, høyrer til. Der var for 70-80 år sidan ein landhandel - truleg den fyrste i ytre Vrådal. Eigaren av denne var Torkel Fosslid, Nissedal. Bror hans Tallak, var den siste som handla der. Ei soge: Tallak var god i seg og sette ut på borg til folk. Så var det ei som heitte Gunhild, som hadde borga for 80 kr., og Tallak var rolig og venta i lengste laget med å krevja. Men så ein kveld dei kom ut av eit kristeleig møte, våga han seg til å spørja om ho kunne skaffa han dei 80 kr. ho skulda. Men då vart ho som forskremd. Ho rette armane oppover hovudet og dåna bort - visstnok berre simulering. Og no vart det sprang. Dei henta vatn og baka ho med, og Tallak var og med på opplivingi. Men som ho rådda med att, fekk ho sjå Tallak og skrek til: «Nei, sjå der er han att!» - og over seg att med armane og dåna av på nyt, - Tallak torde aldri meir nemna skuldi for Gunhild!

Eigaren Gustav H. Lønnegrav g.m. Ingebjørg Jonsdtr. Funnemark (Nissedal) har drive som bilmekanikar ei tid, men driv no med jord og skogbruk.

NB. Brisklid og Bruenden har vore små plassar under Lønnegrav. Likeins Bakkan (2 plassar) no eit bruk, eigar John Bakkan.

Flatin, eigar H. Snøås.

Tangen, 2 småbruk.

Lislekos skulegard (utskilt frå gnr. 15, Øy) 13.1.1873.

Hegna (bureising), eigar Hans Halland.

➤ STRAAND gnr. 16, bnr. 9

Eigedornen Ur gått ut frå Lønnegrav i 1872 då far åt hotelleigar Johan Straand, Olav Jørgenson Godokk g.m. Kari Jonsdtr. Lindestad, kjøpte det av Ådne Gunnarson Lønnegrav. Det var 2 Straandplassar, an på kvar side av vegen, men husi på nedre er borte og tuftene utjamna, og på staden er bygt ein bilgarasje og verkstad. - Eigedomen går ned mot Nisser. Det er 18 mål dyrka jord, 5 mål hamn. 200 mål av Lønnegravskogen vart tillagd ved skifte etter Johan Straand 1956.

Den opphavelege stoga på plassen er flutt høgre opp i bakken med eit innattbygg og står framleis, men uthusbygningen er bygd av Olav J. Straand i 1890 åri. Han bygde og ein stogebygning som brann ned i 1924 saman med eit stabbur. Den noverande bygning - hotellbygningen er bygt av Johan O. Straand i 1925 og bygt om og modernisera i 1950 åri av Sigmund Straand g.m. Jorun Midtun Henriksbø. Sigmund d. 1960. Eit stabbur er bygt på den gamle tomti av det som brann.

[Straand]



[Kari og Olav Straand (Roholt 126)]

Straand var skyss-stasjon i Olav Jørgenson si tid og heldt fram sidan alt til 1934. Skyssen var med hestar - og på Straand hadde dei opptil 12 hestar til å greie både med transportkjøring og skyss til Kviteseid, Nissedal, Tørdal og Fyresdal.

➤ JUVLAND gnr. 16, bnr. 33

Litt sudom Lønnemoen låg plassen Juvland. Der er merke etter tufter, holvreiter og aplestuvar. Her budde Gjermund Torbjørnson i 1831. Kona hans heitte Gunhild. Dei misser eit barn det året. (Dødfødt). Han d.

på Juvland 1846, til år. (Han var skomakar innfl. frå Nissedal 1819) Der er folk på Juvland i 1858. Mannen heiter Olav og har guten Eivind som dør 13 år gamal det året.


1851 til U.S.A. Olav Gjermundson Juvland 25 år.

På denne tufti har no klokkar og lærar Olav Nikolai Andersson Muren, f. på Sande, Sunnmøre g.m. Åsne Halvorsdtr. Lønnegrav (Hustveit 147) bygt seg hus. Han er pensjonist no.

➤ FINDRENG gnr. 17, bnr. 3

Dette er synste garden i Vrådal utmot Nissedal. Garden ligg eit godt stykke frå vegen ovan ein stor dalglup med tettvakten skog. Ein skogsveg er arbeidt fram til garden i nyare tid. Fyrre var det ein gard, no er det two bruk, nordre og søndre Findreng. Den gamle husestaden var på nordre parten, på ein flå rygg med det vesle Flatfjell som vargard mot nordvest.

Namnet kan koma av ei flat nordan husi som visstnok har eingong stade med lang snerpefinn, finn fl. finnar, kan ha vorte til Findreng. Elles er det segn om at ein hjuringgut (dreng) fann ein tussegard her midt i villskogen. Med han gjætte, sette han seg på ei låg (eldg. vindfelle) og spikka på staven sin. Etterpå stakk han kniven inn i lågi og sovna. Då han vakna stod kniven i dørstokken på eit stort hus - med fjøs og løde og stabbur på tunet. Og ut kom ein gamal mann og kjærde seg for at guten hadde teke garden av han. Guten svara han var ikkje meint på å taka nokon gard - men tussen meinte at det var ingi anna råd enn å flytja, og garden fekk drengen få - «men», sa tussen «det var lukka det berre råka på husmannsplassen min og ikkje sjølve hovudbølet.» Gardsnamnet har vore skrive på fleire måtar - men alltid med d midt i ordet. Findrenngh 1593, Finndreng 1612, Findreng 1665.



[Ole O. Findreng]

Til garden har hørt Steane, Vesle-Findreng, Lauvstad (Urimeleg), Myrland, (Pylseviki) og Reinskos og staulen Vassend. Det høyrde sag og kvern til garden og godt fiske i Nisser. Det var ei vid mark då alt var samla - minst 15 000 mål.

Frå gamalt vart garden rekna øydegard med skyld 1 tn. 1 ½ dalar. Buskapen 1657: 7 kyr, 18 sauher, 4 geiter. Garden høyrde då til Kviteseid prestebol (1 tn.)

Eigarar og brukarar. Eirik (Erick) svarar arbeidskatt i 1593-94 og likeins saltverkskatt 1609-28. I 1629-31 brukar presten «hr. Jens» eigedom, og 1635-42 «hr. Peder». «Orm med hustru, sön og datter» svarar koppskatt 1645.

Ved manntalet (1661) og folketelj. 1664 er Tov (Toff) oppsittar med sönene Olav 26 år, Olav 10 år. Christopher skattar av 1 tn. 1672-86. Kjetil, Torgeir og Torvild er brukarar framover til 1721. I 1751 er det framleis under Kviteseid prestebol 1 2/3 tn., og Johannes er oppsittjar.

Eit skifte på Findreng 8.3.1707 etter Gunvor Leivsdtr. Brt. 116 rd. Net. 107 rd. Mannen er Tarjei Christensen. Dei har 3 guitar (myndige), og 1 gjente g.m. Torvild. Bjørgulvson,

Ditto 13.5.1763 etter Johannes Olavson g.m. Sidsel Pedersdtr. - dei har 7 born (26 år - 11 år). Brt. 87 rd. Gjeld 96 rd.

Ditto 30.4.1794. Svein Gunnarson g.m. Kari Halvorsdtr. oppgjev buet. (Born: Gunnar, Olav 13 år, Torbjørg 34 år.) Brt. 83 rd. Gjeld 452 rd.

I åri 1808-21 er det Gunnar Sveinson som er brukar på Findreng. No er elles skyldi auka til 2 tn., men Gunnar har ingen heimel til garden. Sonen Håvard Gunnarson overlet garden til sonen sin Halvor. Den 12.9.1842 vert Findreng deila i 2 luter millom Aslak Knutson Grotnes og Halvor Håvardsonen - såleis at Aslak får hovudbølet nordre F. 13 ½ sett. (3 daler, 2 ort) og Halvor 10 ½ sett. (2 daler, 3 ort, 5 skill.) Gamle Håvard får feste på Vesle-Findreng 1.12.1842. Dette var ein god plass med stor fødsle. Det var sag og kvern og smie og badstoge til plassen. Sigurd Wrå hadde jamvel vore tenestgut der i ungdomen.

Den siste som var husmann der, gjekk det ut med og han flutte til Funnemark - ein no attlagd plass i Nissedal.

➤ FINDRENG (nordre) gnr. 17, bnr. 1

Der er 20 mål dyrka jord og om lag 7000 mål utmark. Husi er gamle og skrale - ei timra løde opp i bakken står attkeik og nedsigi fleire kvarv i eine hjørne, men no er grunnmuren lagd dl ein gild uthusbygning. Buret er nokså gamalt, men utan årstal. Stoga er av den eldgamle typen - berre ei firkanta timre (5,5 m x 5,75) med flatskanta veggger og langbenk og moldbenk inne under glaset. I denne stoga var mangt eit vekkjingsmøte i 1850 åri. Her hadde Gunhild Veamyrane sine mange anfall og syner - og her nørde Jon Underberg den første elden som sidan fata i nærsagt kvar heim i Vrådal. Stoga skal vera frå millornalderen - men det er vel litt stridt - men seier me frå 1650, så er me truleg på trygg grunn. Men no spørker det at denne stoga vert kasera og ei ny vert bygt. Vonar at eigaren tek vare på den gamle så ho kan bergast for ettertidi. -

Etter at Aslak Knutson hadde fått garden, vart det enka Maren Zetlitz. Ho g. III med O. Olavson frå Tørdal, tenestguten sin. Dei hadde ikkje born. Då Maren døydde, gifte Olav seg med tenestjenta Kari Kilane. Dei fekk 3 born. Maren, Hæge og Olav. Den siste fekk garden, g.m. Turid Brokke, (ein son Håkon d. 1943). Olav d. 1948 og Hæge g.m. Hans Ibrekk Nissedal og har fleire born. Sonen Trygve har no garden - det er han som byggjer uthus der.

Vassendstykket med staule og skog (ca. 3 000 mål) har Maren g.m. Olav Sinnes, (gnr. 17, bnr. 2).

➤ FINDRENG (søndre) gnr. 17, bnr. 3

Denne luten fekk Halvor Håvardsonen ved delingi 1842. Husi står på ein sate sud for nordre F. Der står ein stor kvitmåla hovudbygning, bra uthus og eit gammalt bur, noko uvant i utsjånad med ein dørstokk sterkt merkt etter hakk av bile mot kjøtnokar. Det er berre 13 mål dyrka jord, men 3 000 mål skoggrunn.

Denne garden har gått i mange handlar, og der har vore endå fleire brukarar. Etter Halvor Håvardson vart ein vegingeniør Krag eigar på den tid vegen langs Nisservatn vart bygt, (projektera 26.6.1846). Han var byggmeistar på den vegen. Krag selde garden til «Kompaniet frå Morgedal» Sveinung Steffason m. fl. Så kjøpte Jørgen Eikeland det og 5.3.1895 får Olav Tallevson Veum skjøte av Jørgen. - Olav gav skjøte 2.12.1904 til versonen Ketil Jonson Kiland, og 10.9.1935 får dotter hans, Gro Hildeborg g.m. Olav Hansson Nordbø (Øy) skjøte på eigedomen.

Av brukarar kan nemnast Knut Nerison, Morgedal, Halvor Groven (Tufte) og Signe (seinare på Sælid), Aslak Slokvik og Torbjørg, Olav Nordskog og Liv, og frå 1905 til 1948 Jon Høljeson Horgeviki, Nissedal og Anne Tarjeisdtr. Bruenden (Vrådal). No bur desse hjå son sin Harald Findreng g.m. Bergit Pekeberg på Myrland (bureisingsbruk 20 mål) komen frå søndre Findreng.

➤ MYRLAND gnr. 17, bnr. 7

Eigaren Harald Jonson Findreng kjøpte jordi av Kjetil Kiland i 1935 og fekk til bureising og bygde alle hus av nyom. Bruket ligg lognt til ned i skogen mot Nissedal grense.


➤ STEANE gnr. 17, bnr. 4

Garden Steane ligg langt ute på strandi ved Nisservatn, inne i ei dalkro, lognt og bortgøyrnd. frå hovudvegen til Nissedal. Men vegen til Tørdal går tett forbi garden. Namnet Steane kjem av stear, fitar, flate tangar ved elvi. Dyrka mark 35 mål, udyrka 15 mål, 7 000 mål skog. (1700 mål prod.)

Garden vart utskild frå nordre Findreng 5.10.1847. Husi på garden er i god stand. Stoga opph. bygt i 1852, men ombygt 1909, uthusbygningen 1848, omb. 1886, byggerhus bygt 1901 og smie 1910. Til garden har hørt plassen Reinskos, gjekk frå i arveskifte i 1949 saman med eit skogstykke ca. 200 mål og 1/3 part i Vrålsøy og Vassendstaulen. med 3 000 mål skog, (det siste fråseld).

Grenser: Mot vest 1 km lang strandline, i sør frå vatnet til Steanelvi og til Kaldvatn på Tørdalsheii og byter med nordre Andreng. Frå Kaldvatn til Fagerlihei byter med Vassendstykket - lenger oppå fjellet med Åmås i Tørdal - i nord Øyskogen med Slókvik lengst nede mot Nisservatn.

Eigarar og brukarar. Ådne Gunnarson Lønnegrav, (f. 1817) g.m. Kristiane Sofie Findreng dotter til fanjunker Aslak Knutson og Maren Elisabeth Zetlitz, fekk garden utan hus av verfaren. Dei bygde då på Steane. På husestaden stod store mastetre som dei nytta til å byggja av. I kontrakti 19.8.1847 står det at Ådne skulle ha gratis husvære på n. Findreng dei første 3 år. 1 mål åker godt gjødsla og 50 spdr. til å byggja for. - Skyld 6 ¾ settong, likt på både bruk ved delet.



[Ådne Steane (Lønnegrav 20)]

I Ådne si tid var Steane eit midtpunkt for vekkjingi i Vrådal. (Jfr. boki av Sigrid Sveridsen og boki av Jon G. Steane: Vår over Vrådal). Her song dei og arbeidde, og garden tok snart form med hus og jord i Ådne si tid. Aslak Ådneson overtok garden Steane etter far sin. Han var den første kaptein på «Dølen» som gjekk på Nisser. Aslak g.m. Helene Mørland, Arendal. Aslak selde garden til Gunnar Ådneson Naper g.m. Signe, syster til Aslak. Sidan fekk Andreas son deira, garden i 1905, g.m. Anna Åselie Båslund. (Holt.) Dotter deira Agnes g.m. Jon Gerhard Reine, Nissedal overtok garden 1949. Ei syster Signe Marianne g.m. Åsmund Nirirud, Nissedal fekk Reinskos med skog i 1949. - Merk: Gunnar Ådneson Naper skreiv frå seg odelen til nordre Findreng til fordel for ungane av O. O. Findreng og Kari Kilane, (Maren, Hæge og Olav).

➤ REINSKOS gnr. 17, bnr. 10

Dette var plass under Steane, no attlagd. Dei siste som budde der, var Tarjei og Olav Tovson, ikr. 1950 flutte dei i frå. Husi står att og er no vølte på.

Signe Marianne (Steane) Nirirud hadde denne plassen i 1949. No er det dotteri Ragnhild Aud som har Reinskos med eir skogstykke innåt.

➤ KILEN gnr. 18

Frå Flåvatn går ein fjordarm rett mot nord med heller lågvorne skogåsar på kvar side. Her ligg Kilengardane og nokre plassar som eingong høyrd inn under Kilengardane. Plassane er no vortne eigne bruk etter 1939, 16.11.

Det er skogen - gran og furu - som sermerkjer denne kroken i Kviteseid austom Brokefjell. Det er 2 Kilengardar og 15 småbruk og nokre villabygg på små hustomter i Kilen no. Kammerherre Niels Fredrik Aall eig storlumpen av dei 87,23 skyldmark som eigedomane er sette i. Grenni Kilen har lege svært avstengt inntil 1956 då vegen millom Kilen og Garvikstrand i Seljord vart farbar for bilar og bussar. Vegen er ikkje heilt ferdig endå, (1957).

Kilen søndre er hovudgarden. Han ligg på austsida av fjordarmen eit stykke oppi skogen. Husi står på ein grusrygg vend mot middagssoli. Ein timra hovudbygning på 27 kvarv er bygt 1854. Det er romsame svaler opp og nede. Bygningen står tom mesteparten av året. Over utgangsdøri står namnet av Aall. (H.N.A. 1854.)

Ei mindre stoge tener til bustad for bruksfolki. No er Olav Bilstad frå Skafsa brukar.

Uthusi er heller små og gamaldagse. Stabburet er av stort, grovt timmer, flutt frå Langeli 1924. Det ber årstalet 1781 og namn T.H.S.L. og T.A.S. På dørjarni K.H.S.A. 1782 og T.H.S. Ein stor gravhaug med ringmur og gamle tre ligg straks nedom stabburet; dei kallar han Kyrkjehaugen.

Den dyrka jordi er ca. 50 mål.

For mange år sidan brann stabburet og saufjøset med 30 dyr.

Svein Gunnarson Bekkhus (Østerdal 7) på Seljordsheii, bygde bygningen på Su-Kilen 1854. Han reiste til Amerika 80 år gl., og for innom Nils Aall på Ulefoss. Aall talde han i frå å reisa, no når han var så gamal. «Nei du hev rett i de» sa Svin «du hev skrapa kjøtet av meg du - kanskje eg skulle få deg te skrapa beini au.» Han hadde arbeidt for Aall all si tid.

Kilen er nemnd i fleire brev i 1300-talet. Den 7.11.1386 var fleire «dannemend» samla på Flå og såg og høyrd at Grjotgard Nikolasson lova bisp Øystein i Oslo 10 merker «forgield» fordi han ikkje ha betala bispeskatt i 12 år og fordi han hadde teke sakrament i interdikt - og ikkje halde det som var han pålagt i skriftemål han måtte utstå for mannedrap.

Grjotgard lova og svor bokeid på at han skulle utbetale på kravet, ein ukse, ei hud for 3 merker og til næste Petersvoku levera 8 pund brynestein og 3 huder i Skien. Om ikkje 3 huder og brynestene kjem

fram til påske, sett han i pant 1 markabol jord i «Hundasong» i millomgarden i Kilen i Metreungen i Kviteseid «frelst og hemla til evige tid.» -

Brev av 24.10.1395 der fleire menn er samla på Kilen, m.a. Torgeir Torgeirson, kannik i Oslo, Torjus Nikolasson, bispens kapellan i Oslo, Steinar Roarson og Leidulf Sveinsson, der dei såg og høyrd at Grjotgard Nikolasson heldt vår åndelege hr bisp Øystein i handi og lova å avhende 1 markabol jord i Hundezange - pansett for 9 år sidan. Han bet seg elles til for ymse brotsverk å betala til bispen 4 lester brynestein (8 pund Stein til bispen eller hans ombudsmann i Skien - 8 pund til Gaute Eiriksson 3 år på rad). Om ikkje, så pantset han 12 øyresbol jord i Østenå i nordre garden i Medtreungen i Fjågesund i Kvitesid, og $\frac{1}{2}$ markabol i fyrrn. Hundezange - og vidare 2 markabol i Eplerveit i Brunkeberg sogn.

Grjotgard lova attåt å koma til Gaute med det fyrste - medan bispen er på Solom, Gimse eller Gjerpen, og sjølv gjera endeleg avtale med honom i kva måte det skulle vera.

Me skjørnar Grjotgard er ein mangslungen kar, som har sett seg utover lov og dom. - Det kan tenkjast at han ættar frå Grjotgard som er nemnd i diplom frå 20.3.1302 der Øyvind Trontveit vil ikkje rette seg etter handelen Grjotgard gjorde i stoga på Flå - med Gro Kråkenes. (Sjå Kråkenes.)

I diplom av 27.-29. nov. 1402, er det omtala ei delingsemje på Østenå, millom dei gardane som Aslak og Grjotgard åtte saman både tvo og likeins Margaret Sveinsdtr. og Grjotgard.

Gløder Torgeirson i fullt ombod for Gaute Eriksson, sysleman i Skien, greier ut saka. (Harald Håkonson er lagmann i Skien då.) Fleire vitne er kalla saman. Den eldste bonden som då var i Kv. sokn og granne like ved Østenå, Steinar Roarson, kunne vitne at deildemerki som stod 20 år fyre den store mannedauden, var flutte o.s.v. Det same sa syster hans Grjotgard at far deira ha sagt.

Grjotgard banna og huka stygg kjeft og livlyste jamvel Aslak. (Slå deg i hel.) Aslak baud lov og dom. Grjotgard ville ikkje taka seg att - og kom rennande og kasta eit spiot etter Aslak, men berre snart han. - Aslak kom og med grove skullingar mot Grjotgard. Han ha brent opp 4 kostar med kyrkjetakspon og 4 kostar klovningsgran, bortteke troi av løda og brote seg inn i husi hans og teke 8 såld korn o.m. slikt.

Domen vart at lagmannen (Harald Håkonson) sa at delet skulle gå der Steinar Roarson vitna det hadde gått fyre mannedauden, og Margaret Sveinsdtr. skulle få att dei 2 markabol i Østenå som Grj. hadde halde frå ho med avgrøde og landnåm i 26 år. - Endeleg skal Gj. gå «tylftereid» (kanskje speisrotgang der 12 mann piska han) for kornet og annan «tylftereid» for kyrkjetaksponen og troi.

Eit hyrdebrev frå 11.11.1395 utferra på Gimsøy, snertar innom diplom frå 7.11.1386 der bisp Øystein i Oslo, helsar alle menn i Kviteseid sokn m.a. «Då me var hjå Dykk for 9 år sidan, fann me at det var mykje som vanta Dykk i slike ting som er fárleg for sjelene Dykkar - at kjærleik til einannan er ikkje som han skulle, etterdi at mannedrap diverre hender meir her enn i andre bygdelag. - Om det vert fastsett boter - så er det hemneverk lell - og dei som gjer mot slike forlik, er gridnidingar og fulle drottvikarar med lut i helvetes æveleg pine med djevelen sjølv» - Mot bannlyste menn og dei som er lagde i interdikt, er dei likevel overberande med i brevet, jfr. Grjotgard. (5 tettskr. ark.)

Kilen er rekna fullgard - ja jamvel 1 $\frac{1}{2}$ gard 7 tn., 6 daler med merknad «en ringe gaard - ganske for høyt sat.» - Buskapen 1657 var 2 hestar, 10 kyr og 18 sauher, 16 geiter og 4 griser - visstnok irekna Tønnisdal og Honnes, (no Holdnes).

Eigarar og brukarar. Halvor betalar arbeidskatt 1593-94. Bjørn heiter bonden 1609-20, så Halvor 1645. Det heiter: «Halvor m/hustru og dreng». Ved folketelj. 1664 er Bjørn oppsitjar 30 år, Åne (eller Anne) ikkje alder. Søner Gunnar 20 år, Vetele 12 år. Husmenn: Halvor 50 år, N.N. 36 år og Hans 23 år. Tønnisdal u/Kilen, Nils 60 år, søner Halvor 22 og Jens 19 år. Rue u/Kilen oppsid. Lauritz Supra. (tyder ovan, ovanfor). I 1647-56 eig Halvor 5 tn. m.b. og Kv. kyrkje 1 1/3 tn. Eilev Solberg 2/3 tn. = 7 tn. Halvor er død 1657, for det heiter Halvor m/søsken «Halvor Kilen arvinger» 5 tn. og kyrkja 1 1/3 tn.

Bjørn Kilen som dør i 1632 er odelsbonde og skattar av mange gardar. Han eig m.a. 3 tn. i Fjågesund, 4 tn. i Holtan og 3 tn. i Kirkestue. Godset vert i 1632-33 «bortbytt til arvinger». - Halvor, son hans, er likeins odelsbonde med ein del jord utanom 3 $\frac{1}{2}$ tn. i Kilen - Etter hans død er det sonen Bjørn Halvorson d.y. som eig nokså mykje jord. Han har samla mesteparten av Kilen i hop att, 6 tn. og 3 tn. i Utsund, 1 $\frac{1}{2}$ tn. i Flom m.m.

Det ser ut til at brukseigarar alt no får tak i Kilen av Bjørn. I 1679-81 har Claus Andersen 5 tn. i Kilen og i 1682-88 Anne sal. Claus Andersen 2 3/12 tn.

Ei dotter til Bjørn Halvorson heiter Ragnhild g. II Såmund O. Øverbø, Bø, har eigedomen samla 7 tn. 1698. - Garden vert på denne tid deila i two luter millom Halvor og Mikkel. Dei har iallefall kvar sine 3 $\frac{1}{2}$ tn. skyld. (1699-1707.) Etter 1707 vert det berre små jordpartar på Mikkel, Halvor, Gro, Helge og Olav framtil 1740. I 1740-45 har Helge 1 $\frac{1}{2}$ tn., Olav Gunnulvson 11/12 tn. - 1746-til Gunnar 1 $\frac{1}{2}$ tn. og Olav 11/12 tn. Gunnulv Olavson får heimel på 11/12 tn. 26.2.1767. (G. 30 år 1769, Torbjørg 27 år) Taraldson heimel på 2 1/6 tn. 23.2.1795. Enka Gro heimel på 2 1/6 tn. 23.4.1795.

I 1802 har Taraldson 1 tn. 15 sett. og Olav Gunnulvson 1 tn. 15 sett. - men i 1808 er Hans Andersen eigar ay 3 $\frac{1}{2}$ tn. og Olav Nerison og 3 $\frac{1}{2}$ tn. Dette har Olav fram til 1821, medan luten av Hans Andersen er deila på Halvor Olavson og Frants Carlson med 1 tn. 9 sett. kvar.

NB, Kilen kjøpt av Nicolai Benjamin Aall 1775 og 1782. Overtatt på skifte 1801 av sonen statsråd N. Aall. Selt i 1840 til hans son att kammerherre Hans Aall. Overtatt av godseier Nils Aall 1864 og son hans Cato Aall 1900.

2 jordpartar av Nordre Kilen kjøpt av Nils Aall 1886 og overtatt av Cato Aall 1900. Holdnesmoen kjøpt av statsråd Niels Aall 1815 (5 000 rd.) selt til Hans Aall 1840. Overtatt av godseier Nils Aall 1864 og Cato 1900.

Kilen: Fru Amborg Aalls skjøte 17.4.1800 på 4 tn. m.b. (over 6 tn. 8 sett.) samt plassane Kosi, Rui, Fiskarbekk og Bukosi (4000 rd.)

Merknad: «Ovenstående indbefatter gaarden søndre Kilen og 1 del av nordre Kilen. Nordre Kilen m/Tonningsdalen og Holdnes var delt i 3 dele hvoraf statsraad N. Aall etter ov.n. skjøte av 1800 eiet den ene. 1 tn. 4 sett. m.b. over 3 tn., 2 sett.» - Sameige ta 29.8.1803 da N. Aall krev sin lut utskilt.

➤ **KILEN (nordre) gnr. 18, bnr. 2**

Ende nordom Su-Kilen og litt lågare ned under ei tjukk skoglid ligg garden fint til det. No attåtbruk til Su-Kilen. Husi er gode, med ny oppussa stoge for skogassistenten. Uthusi nye. Eit lite gamalt bur er å sjå på tunet

I 1698 vart det hyst her. Garden deila millom Halvor og Mikkel Halvorsøner. (Kilen 2 og 3). Denne ætti bur på garden framover. Halvor har dotteri Tore, og ho sonen Gunnar (1700-66). Andres Gunnarson sel til Aall ymse jordpartar 1775 og 1782. Anders dør 1794. Sonen Hans (1784-1815) har dotteri Anne f. 1815 og g.m. Torjus Taraldson (Lundevall 29)..

Omr. 1800 vert det hyst lit austom Nord-Kilen, og kalla Mikilen, (Midt-Kilen). Til dette bruket høyrd Tonningsdalen og Holdnes. Det var Mikilen ho åtte Anne Hansdtr. som vart g.m. Torjus Lundevall i 1832, (sjå Lundevallboki). I skifte etter Torjus 1875 får Tarald Kilen for 14 500 spdr. Mikilen selt til Nils Aall 1886 - og straks etter vart husi nedrivne på Mikilen.

På Mikilen heldt skulen til. Anne Nykos f. 1873 gjekk i skille der for lærar Nils Hestmyr.

Nordre-Kilen kom i Aalls eige 17.4.1800 med plassane Kosi, Rui, Fiskarbekk og Bukosi 4 tn. m. byksel (over 6 tn. 8 sett.) (4000 rd.).

Tonningsdalen var gammal plass under Kilen. Her budde Ingrid Halvorsdtr. Kilen g.m. Hans Hansson Tonningsdalen. Skifte 1737. Sonen Halvor bur her i 1770. Merknad: Hans, Ismael og Halvor Hanssøner sel den «vurderede hæfd» i Tonningsdalen til Helge Halvorson Kilen for 43 rd. (lensmann i Bø). Plassen nedlagd ikr. 1860. Sist budde Åsmund og Karen der - flutte til Tørdal. Ei gammal løde står att, elles er plassen tilplanta med skog.

1801: Husm. Knut Knutson Tonnisdal 35 år og Anne Snærisdtr. 36 år.

Røyrhelle låg nede ved fjorden. Her var vanleg stoppestad for ferdafolk vinter som silmar. Brenvinshandel. Sist budde Hans og Gunvor der ikr. 1890.

1801: Hilsm. Torgrim O. Røyrhelle 37 år og kona Mari Pedersdtr. 34 år med 2 små born. (Guro 5, Peder 3 år.)

➤ **HAUGAN u/KILEN gnr. 18**

I sørrenden av Dalsvatnet på vestsida ligg denne plassen lognt inne i ei krå. Skogen ligg rundt om, veksterleg og god i noko ujamt lende.

Plassen er visstnok gammal. I 1801 bur husmann Jon Håvardson og Aslaug Tovsdtr. til og 46 år med 3 born 8-17 år. Her budde hundre år seinare Kjetil Nerison og Ragnhild frå Bø, (5 gutter, 1 jente). Tre av desse gutane drukna på Dalsvatnet ein Sumarkveld då ein pråm kvelvde. (2. 7. 1931.)

No bur two ugifte systkin på Haugan, det er Margit og Eivind Færstaul.

Stallen.

Dette er 2 atlagde plassar u/Kilen.

Nord-Stallen rudd (truleg) av Gjermund Augondsonen (f. 1842), far hans Augund Gjermundsson (1807-64) d. på Stallen.

Sud-Stallen rudd av Tor Olavson (1831-1923) og Margit Olavsdtr. (Utsund 144). - Sonen Olav g.m. Anne Kristensdtr. hadde dotteri Margit f. 1875 på Stallen, noe buande på Rønningen og enke etter Torstein T. Rønningen. (Strandestaul 68.).

➤ **BERGE gnr. 18, bnr. 3**

Ein liten, heller uvand plass, mellom småberg og rabbar, men med fint utsyn over grendi. Den totale vidda er 35 mål. Av dette er dyrka 7 mål. Husi er små og gamle. Stoga har sinkelaft. Det er ikkje så ofte å sjå dette. Det var Halvor Honnes (frå Nesherad) g.m. Gunhild som timra upp stoga. Han var flink snikkar og timremann og bygde mange hus Soleis var det han som bygde om stoga på Sud Rui for Johan Aas.

Gunnulv Halvorson Jordgrav f. 1795 g.m. Gro Eivindsdtr. (1794-1852) budde i Berge. Han hadde først hyst oppe ved Honnesbekken på ein stad dei kallar Skotet. Dette vart tidleg nedlagd. Sonen av Gunnulv og Gro, Olav, hadde sonen Frans f. 1882. Han var g.m. Andrea Olavsdtr. (Utsund 157). Frans kjøpte plassen av Aall i 1939. No er det Tor, sonen hans, som eig bruket.

1764: Biørn Jacobsen og Marthe Halvorsdtr. og sonen Jacob. Inderst: Guro Berntsdr.

1769: Knut 40 år og Asgerd 26 år og sonen Knut 4 år. Inderst: Guro Berntsdr. (døv).

I 1801 bur enke Asgjerd Ingebretsdtr. her 50 år gamal med 2 born, Halvor Knutson 32 år og Ingebjørg Knutsdtr. 26 år.


➤ HONNES [Holdnes] gnr. 18, bnr. 4

På vestsida jordvegen går ein bergrygg ned til vatnet og endar i eit heller kvast nes. Plassenamnet kjem nok anten av horn eller hard, men det vert likevel helst skrive Holdnes.

Honnes er visst ein nokså gammal plass, men vart sjølveigarbruk i 1939 då Olav Gunnarson (Østerdal 23) kjøpte plassen av Aall.

➤ RØNNINGEN gnr. 18, bnr. 5

Plassen ligg ved den vesle Honneselvi ikr. ½ km frå fjorden på austsida med Berge som nærmeste granne i nord og Honnes i sørvest. Saman med den attlagde plassen Surtemyr utgjer det eit bruk med 20 mål dyrka og ca. 45 mål hamn og udyrka mark. Jordet er noko skiftande av lende med bergknausar og harde ribbar og god jord i blant. Ny uthusbygning er reist og grunnmuren til ny stoge er støypt og ferdig. Den gamle stoga er berre lji og låg. Det var Midt-Kilen som åtte Rønningen, Surtemyr, Honnes, Berge og Tonningsdalen den tid Lundevallætti åtte denne garden (1832-86).



[Rønningen]

Rønningen ingen gammal plass. Fyre 1900 budde Aslak Torson Bukosi og Ingebjørg her. Etter dei Torstein Torsteinson og Margit O. Jordgrav, Sonen deira Olav f. 1893 fekk kjøpt plassen i 1939. Margit vart enke i 1934.

På Surtemyr budde sist Olav og Ingebjørg. Sonen deira, Gunnar, som kom til Honnes, var fødd på Surtemyr i 1864. Olav drukna i Kilen og vart attfunnen lenge etterpå. Der dei tok han i land, heiter det endå Liksletta. Stoga på Surtemyr står no på Honnes. (Holdnes.)

➤ BUKOSI gnr. 18, bnr. 6

Dette er gammal plass og ligg fint til på austsida av fjorden i Kilen.

Ved folketelj. 1801 bur husmann Nils Valentiussen og Rannei Gjermundsdtr. (53 og 46 år) der.

Ætti som sit der i dag, flutte frå Lunde i 1885, då Lars O. Kjelltangen g.m. Sigrid Torsdtr. (Tørdal) kom hit som husmenn. Noverande eigar Teodor Larssen f. 1892.

Der er 15 mål dyrka jord og 30 mål hamn og utruster. Husi er nye og gode.

Fyre 1885 var her landhandel på Bukosi då Hans og Ingebjørg levde. Foreldri av Hans var Jens og Ingerid Rusodden.

1843 til U.S.A.: Enke Kari O. Bukosi u/Kilen med son Hans Frantzsen 8 år. Systrane Gunhild 17 år, Guro 15 år vende attende, c: slutta ut m/reisa.

NB. 1764: Ole Jacobsen Bukaase og Marthe Gundersdtr. og Snære Jacobsen og Margit Svennungsdtr.

1769: Ole 63 år, Marthe 47, Ind. Kari Tarjeisdtr. 64 år.

Skulehuset for Kilen krins, står på Bukosi. Bygd i 1893-94 av ein frå Tørdal. Omvølt i 1956.

Skifte på Bukosi u/Kilen 1763, 23.11., etter Sibilla Hansdtr. g. I m. Ånund Nilssen, II m. Ole Jakobsen, 2 bora etter 1. ekteskap. Ingebjørg g.m. Aslak Jonson Klevstaul, Gunhild 29 år. «Enkemanden ingen fordringer har til pladsen, men alleene er eiende de derpå staaende husebygninger i stuehus m/skorsteen og 2 vinduer vurd. 5 rd.»

➤ NORDBØ gnr. 18, bnr. 7

Ende nordom Jordgrav, flatt og litt hallande mot aust ligg dette bruk-et irinringa av slentne furetre. Husi er nye og vekmhe, oppkosta av den novemnde eigar Olav Olavson g.m. Gunhild Nilsdtr. Øvland. Han kjøpte eigedomen av brukseigar Aall 1939.

Oppdyrka 20 mål, 15 mål anna innmark - dertil kjøpt innåt (m/Jordlovi) ca. 26 mål i 1947. 415 av sameiga i Finsbu-Nystaul 3600 mål fekk han også med (1939).

Nordbø var gammal plass fyrr det vart eige bruk. Her budde Kjetil Andresson (1836-1926) og Sigrid Talleivsdtr. og dotter deira Gunhild g.m. Hans Hansson Hegnин, Seljord. Elles sat Kjetil Torson Fiskarbekk g.m. Sigrid Sveinungsdm. som husmenner her fyre 1913 då den noverande eigar futte dit. Olav Nordbø har fått Tor Vås premie for jordbruk 1945 og diplom frå Telemark Skogselskap 1952.

Frå Kyrkjeboki:

9.5.1843 til U.S.A. Husm. Hans O. Nordbø u/Kilen, 37 år, g.m. Anne Halvorsdtr. 40 år (Olav, Halvor, Hans 15, 9 og 4 år).

Kjerringi til Halvor Andresson, Ingebjørg Tremyr låg på låven på Nordbø og høyrdé bjørnen snossa ute på lavebru i 1880 åri.


➤ JORDGRAV gnr. 18, bnr. 8

Dette er no eit lite småbruk på vestsida av Dalsåi som renn ut i Kilen, og ligg millom Nykos og Nordbø. Bruket er lettdrive med skarp.god jord om lag 30 mål dyrka og 12 mål beitemark og 23 mål som er innattkjøpt. Attåt dette har bruket 1/15 i Finsbu og Nystaul - ei sameige på ca. 3600 mål, kjøpt 1939.

Husi på bruket er ei gammal liti stoga oppsett av Halvor Stoa omkr. år 1800 og nokre små gamle uthus. Ei stoge står lit lenger aust på den gamle husestaden (oppsett 1955). Denne stoga har den forrige eigar Kristen O. Jordgrav g.m. Bendikte Bentsdtr. Rue fyrehalde seg. Han selde bruket i 1954 til Torstein Torsteinson Rønningen g.m. Inger Persdtr. Nykos.

I 1939 kjøpte Kristen eigedomen av Niels Fredrik Aall. Far hans, Olav Torson Jordgrav og kona Anna Kristensdtr. Rue sat her som husmenner fyreat. Dei hadde teke over etter Sveinung Andresson - som etter var sonen til Andres Kjetilson Jordgrav, (1814-1872).

I 1801 bur husmann Aslak Gunnulson og Gunlaug Olavsdtr. på Jordgrav. Dei er i 30 årsalderen og har 3 born 6, 4 og 2 år. Det er segn om at ein Aslak frå Kalldal i Seljord har rudd plassen. 1843: H.m. Kjetil O. Jordgrav 35 år og Margit Mikkelsdtr. 39 år til U.S.A. med 4 born.




[Tor Nalpastå (Utsund 144) og Olav Jordgrav (Utsund 145)]

I 1878 vart nedre Jordgrav skild frå og Gjermund Augundson g.m. Gunhild Olavsdtr. Hjerpedalen, Lunde hyste her. Dei flutte sidan til Bø og døydde der. Etter dei kom Jon O. Berge g.m. Susanne Furuheim, Bergsto. No bur sonen Olav der g.m. Ingebjørg Kj. Haugan v/Dalsvatnet. Han kjøpte eigedomen i 1939 av Aall. Det er 12 mål dyrka jord og 22 mål kulturbeite dertil 1/15 av sameiga Finsbu - Nystaul. Plassen Slåtta like innved med 15 mål har han kjøpt innåt.

I Ståtta budde sist Mikkel Bjørgulvson og Gunhild O. Kilen (1910).

➤ NYKOS gnr. 18, bnr. 10

I nordenden av Kilenfjorden på vestsida av Dalselvi ligg dette småbruket. Eigedomen rekk mest innåt vatnet. Då Aall selde, heldt han undan ei remse på 5 m og minder rundt bukti.



[Birgit Nykos (Rui 128) og Per Nykos (Rui 137)]

Nykos er flatt og hardlendt med skarp jord. Den dyrka jord er no 15 mål og så er det 35 mål hamn og utruster. Husi er i bra stand. Dette var plass under Su-Kilen til 1939 då Per Mattisson g.m. Gunhild Jonsdtr. kjøpte det av brukseigar Nils Fr. Aall. Per sat som leipending fyre åt, og far hans Mattis Kristenson Rue hadde sete der frå ikr. 1870. Som namnet seier, er denne plassen rudd i seinare tid.

Frå Nykos er utskild ei tomt på 1 mål, Haugen, bnr. 20 - der Martinius og Ingebjørg Persdtr. Nykos - 2 ugife syskin har bygt seg ein heim.

Frå Kyrkjeboki 9.5.1843 til U.S.A. Husm. Carl O. Nykos u/Kilen 28 år g.m. Kirsti Frantzsdtr. 20 år, (Frantz 3 år, Ellen Marie ¼ år).

➤ RUE gnr. 18, bnr. 11 og 12

På vestsida av kilen ligg Rue like ved vatnet med hallande jorde, 12 mål dyrka og ikr. 70 mål udyrka jord og beite, dessutan 1/15 part i sameiga.

Dette skal vera eit av dei eldste bruk i heile Kilen. Ei gamal stoge med magatægde veger står på Nord-Rue. Ho er avløyst av ein ny stogebygning frå 1953. Det vesle buret er frå 1778 med namn C.M.S. (Carl Mattiasson RLIC, felemakaren.)

Uthusi er små og gamle og skal snart bytast med nye.

Same ætti har butt på denne garden i lange tider, son etter far. Noverande eigar er Erland Pederson Rue g.m. Olga Fransdtr. Berge - sjølveigar frå 1939. Fyreåt budde som leiglendingar Peder Kristensen g.m. Ingebjørg O. Rusodden, og farfaren Kristen Mattiasson (1819-91) g.m. Åse Persdtr. Får åt Kristen, Mattias Karlson (1768-1837) var son åt sjersant og snikkar og f e l e m a k a r Karl Mattiasson (1743-1839) g.m. Karen Hansdtr. Røyrhelle (1744-1830). 1764 bur enke Kari Såmundsdtr. og sonen Kittil Olsen og Hæge Kittilsdtr. her.

I kanten av tunet står ein gammal hassel oppatt rønt fleire gonger. Han ber namnet Skreppe-hasselen. Det er segn om at Skreppe-Per - rudningsmannen, kvilde seg så tidt i skuggen av denne.

Rue var dela fyre 1801, (Kjetil og Asgjerd, Su-Rue i 1801). På Rue søndre bnr. 12, budde skogassistenten for Aall, Johan Ås i mange år. I hans tid vart det kosta nye, hus - dei som står i dag.

Noverande eigar er Halvor Ås g.m. Signe Torvildsdtr. Gravningen. Eigedomen er på 13 mål dyrka jord og like mykje udvrka mark, med 1/15 i sameiga. Sjølveigarbruk frå 1939. - Frå Rue (nordre) er fråseld ei tomt på ½ mål) St. Hanshaugen, til O. O. Nordbø d.y. g.m. Ingebjørg Ås.

➤ RUSODDEN gnr. 18, bnr. 13

Saman med plassen Torsdalene utgjer dette eit bruk med 12 mål dyrka og 25 mål utmark. Det ligg på strandi sud for Rue.

Torsdalene var gammal plass. Her budde husmann Mattias Carlson Rue og Kjersti Jonsdtr. i 1801 - både 36 år gamle. Kjersti døydde der i 1810.

Sist budde Halvor Berge u/Kilen g.m. Anne Mattiasdtr. Nykos her. Dei flutte til Rusodden 1923 - og husi vart nedrivne. Sonen deira, Oskar Halvorson g.m. Marie Ås er sjølveigarar frå 1939 på Rusodden.

➤ FISKARBEKK gnr. 18, bnr. 14

Fiskarbekk som no er 3 sjølvstendige småbruk frå 1939, ligg på strandkanten i nordsida av Flåvatn. Det er berglendte og heller trasige plassemne med lite dyrka jord og heller små utruster.

Søndre Fiskarbekk er truleg hovudbølet og ein mykje gammal plass. No er den totale vidde om lag 40 mål, derav 5 mål dyrka jord. Der er nye, gode hus bygde etter 1939. Nover. eigar Sigurd Sveinungson f. 1901. - Det er gammal ætt på Fiskarbekk.



[Gunnhild Fiskarbekk (Jordgrav 9) og Sigrid Nordbø (Fiskarbekk 50)]

Snære (eller Snorre) levde her omkr. år 1700. Sonen Jakol, Snæreson var g.m. Rønnaug Mogensdtr. Henne er det skifte etter 1742, 5.11. (2 born, Olav og Snære, 23 og 18 år). Net. 160 rd, medrekna husi på plassen verd 50 rd. Skifte etter Jakob 1753. Andre kona Guro Berntsdtr. lever. Net. 65 rd. Ymse heimel nemnt: Kranslin rød med siengende bielle (6 rd.) og 3 sylgjer, sølvlenke og 1 hornring tils. 5 rd. Både Olav og Snære lever og dør på Fiskarbekk. (Sjå ættesoga s. III.)

Snære har sonen Olav g.m. Turid Øysteinsdtr. (Såmundsonen 13.) i 1797. Det skulle vera eit kjempekvinnfolk. Ho dreiv og rodde brynestein fra Lastein til Strengen. Ved Fiskarbekk ligg Pråmsteinen, minne etter Turid som rodde på dette skjeret med steinladningen sin. Olav og Turid hadde 8 born.

Sonen, Olav Olavson g.m. Aslaug Kjetilsdtr. hadde så plassen. Han d. på Fiskarbekk 1836.

Ein bror til Olav Snæreson, Sveinung g.m. Åshild Sondresdtr. bur og på Fiskarbekk til sin død 1819. Sonen Sveinung g. I Guro Kjetilsdtr. II Aslaug Mathisdtr. dør på F. 1867 - og hans son att Sveinung (1839-1908) og Aslaug Knutsdtr. Deira son Sveinung (1869-1920) og Gunhild Knutsdtr. var dei siste husmenn her; for sonen Sigurd, kjøpte det som nemnt 1939.

➤ NEDRE FISKARBEKK gnr. 18, bnr. 16

Denne plassen er visstnok rudd etter 1801. Men det er nok same ætti som har sete på denne plassen au. - Kanskje er det Øystein Olavson, son åt Olav Snæreson, som hyste her. Kona hans heitte Torbjørg 4smundsdtr. Båe dør 1889 på Fiskarbekk. Etter dei Olav Øysteinsson. og Gunhild Augonsdtr, (d. 1910 og 1918 på F.). Sonen deira Augon g.m. Gunhild Halvorsdtr. (Røymål 153) bur no på nedre Fiskarbekk. Plassen har berre 2 mål dyrka jord og 20 mål med utruster. Husi nye og gode, bygt etter 1939 - då Augon vart sjølveigar.

➤ NORDRE FISKARBEKK gnr. 18, bnr. 15

Småbruket utgjer 3 mål dyrka jord og vel 30 mål utruster. 11890 budde husmann Olav Torson Jordgrav og Anne Kristensdtr. her - med dotteri Margit 14 år. (No Rønningen.) Elles skifte det jamleg med brukarar i denne plassen. Omkr. 1900 kom Jon Olavson og kona Anne Marie hit.

Dei hadde feire barn. Jon Olavson er no død, og borni hans sit med bruket uskift endå.

➤ KOSI gnr. 18, bnr. 19

Litt nordom Bukosi ovom vegn ligg denne plassen med 17 mål dyrka jord, 55 mål hamn og utruster. Eige bruk frå 1939 med lut i sameiga i Finsbu og Nystaul. Halvor O. Torsdal g.m. Anne Mattiasdtr. Nykos er eigalar. Her har sete mange leiglendingar m.a. Halvor og Ingebjørg Bukosi. Den vesle stoga skal vera over 200 år gamal - men ein ny bygning har avløyst husmannsstoga no.

I 1801 bur husmann Svein Olavson og Dorte Torsteinsdtr. her 46 og 41 år gamle, med 4 gutungar i alderen 4 til 13 år.

1846. Ungk. Gunnulf Sveinson. Kosi u/Kilen til U.S.A. (52 år) «har siden 1831 opph. sig i Valle pr. gjeld.»

1847. Ungk. Kj. Torsteinson. Kosi u/Kilen 22 år til Mo pr. gjeld.

1850. Ungk. Svein Torsteinson Kosi u/Kilen 29 år til Strand pr. gjeld.

Ad Kosi 4.3.1745 Hans Hansson sel rudningsretten sin til plassen Kosi u/Kilen til Ole Gunnuldsen Kilen for 36 rd.

➤ ØSTENÅ [Austenå] gnr. 19, bnr. 2

Østenågårdane ligg på austsida av Fjågesundstraumen og rett over for Fjågesund. Namnet tyder seg såleis sjølv - austan åi. Garden har fint lægje under Husfjellet med jordet hallande ned mot straumen. Det er same slag leire i mesteparten av jordet her som på Nordre Fjågesund.

No er det 3 Østenågardar, men det er nordre garden som frå gamalt var hovudbølet.

Husi på nordre Østenå er gamle, men stabburet og uthusi har bytt plass på tunet. Det er to bur, eit bygt 1775 og eit 1795. Stoga kledd 1911. Uthusbygningen er ny.

På garden gøymer dei ein gammal stålboege som skal ha kome frå Heggtveit i Brunkeberg då Hilleborg Gunleiksdtr. vart g.m. Aslak Jørgenson i 1789. Ei gammal stridsøks, utkrota på skaft og økseblad, skal ha kome frå Øverland i Kilen. På øksi står K.O.S. 1646. Ei mindre øks, noko uvandare på lag, men truleg mykje gammal, vart funne i nærleiken av husi i nyare tid. Eit slavanshus av sylv (brurestas) og tri sermerkte sylvskeier er og her på garden. Desse tri sylvskeiene er dei siste av «Tusseskeiene» som segni fortel om:

Det var ein gong i eldgamal tid dei laga til stor dugnad på Austenå for å få gjort skurden unda i ein ruff. Dei hadde bryggja og ølet stod ferdig i eldhuset i eit stort kjer.

Om morgonen då folki kom ut, var heile åkeren skoren og lagt i høvelege haugar til band, men ingenting var bunde. Med folki stod såg på dette, høyrdde dei det ropa frå fjellet: «Alle kan skjera, men ingen kan bendilen gjera!» Det var krossbandet dei var redde, veit du. Då kona kom inn i eldhuset, såg ho at ølkjeret var tomt. På botnen av kjeret låg 12 (6 ?) sylvskeier. Det var tessane som hadde lagt att desse.

Fleire av skeiene er no borte, men tri er berga. Den eine skeii har denne innskrifti på bladet: «Gudbrand Olafson Gud trøste alle bedrøvede hjarter.»

Østenå var ein stor gard i vidde og nådde heilt frå Brakandalen til Kilen. Alt i alt oml. 10 000 mål. No er det oml. 6 000 mål utmark (4 000 mål prod.) til nordigard. Av dyrka jord oml. 36 mål.

Østenå er ein av dei få gardar i Kviteseid der ætti har halde seg ubrotti i minst tre hundre år. Garden vart rekna halvgard 1647 med skyld 3 tn., 4 ½ daler. Buskapen var i 1657: 2 hestar, 7 kyr, 10 sauvar, 1 geit og 1 gris.

Eigarar og brukarar. Tallev heiter bonden i 1593 og framover til 1620, sidan Olav (Oluf). I 1664 er han 80 år og har 4 søner: Sivert 30, Olav 26, Jens 16 og Mons 14 år. Olav sit med garden til 1668 (3 tn.) – deretter er Sivert eigar av nesten alt fram over til 1707. Denne Sivert var ein mann med dei beste skotsmål, men på sine gamle dagar vart han noko nedstemd og tunglyndt - og brigda (drap) seg sjølv ved å stinga seg i sida med ein kniv. Jfr. Extraret

I 1866 reiser husmann Jon Jonson (43 år) og Guro Fransdtr. (38 år) med 5 born. (3-15 år) frå Gravningen til U.S.A. I 1869 bur husmann Svein Tarjeison (f. 1792) og Gunhild Torbjørrisdtr. (f. 1813) med 2 born her. (10 og 14 år.) Dei reiser visst til U.S.A. same året.

Endre Aslakson og kona får tingl. feste på øvre Gravningen 2. 12. 1878. 1806: Tallev Olavson (Olav T. 4). 1814: Gudmund Kjetilson.



[Olav Knutskos (Skarprud 171)]

Jutulbrua ligg på nordsida av Flåvatn mot Kilen. Knut Jakobson flyt frå plassen i 1856 og plassen stod øyde til 1869 då Knut og Anne Jutulbrua flytte hit. Sonen deira Kjetil g.m. Guro Helene Knutsdtr. (Lundevall 180) kjøpte Vidflot i Bergsto i 1904 og hytte dit i 1908. Seinare har det ikkje butt folk i Jutulbrua.

Segni fortel: Det var ein gong ein jutul (troll) som ville byggja bru over til Bergsto. Han var lei av å vasste. I urer og fjellsider fann han stor stein som han sleit og bar til vatnet og byrja på bru. Det gjekk bra frå fyrsten, men etter kvart han kom lengre ut trøngs det meir stein. Til slutt vart jutulen lei og gav opp. Men bruarbeitet (50 m) som er synleg den dag i dag ber namnet Jutulbrua. Plassen som vart rudd ved sida, fekk same namnet.

Holland var ein liten plass (2 mål) øvst oppe ved straumen rett over for Grotnes. Det er solbert og koseleg her og så låg det lagleg til ved vatnet som mest var einaste farvegen i gamle tider. Namnet Holland skal koma av at hollandske timmerkjøparar møttest med bøndene ovanfrå bygdene her. (Kauphamar ved g. Kviteeid kyrkje fekk namnet sitt på same måte.)

Den siste som budde på Holland var Mikkel Knutson. Han d. 1901 og husi vart rivne. Holland høyrer no under Straumstaui.

Tjovik er gammal plass ved Kviteeidfjorden på austsida. I 1799 bur Tallev Olavson her og i 1808 Tarjei Holteviki (Grotnes 12).

Staulen *Ausjeng* (Austtjønn) er kjend frå visa.


Lauviki (gnr. 19, brn. 5) ligg ved Flåvatn og er gammal plass. Hans Karlson og kona får feste på «Løvigen» 26. 2. 1808.

Plassen vart skild ut frå Østenå føre 1905. Trelasthandlar Johs. Sørensen er eigars det året. Tor Torson Østenå g. m Karen Gunnulfsdtr. kjøpte eigedomen og budde her i mange år. Dei flytte frå sist i 1930 åri. Gunnhild Torsdtr. er no eigars av Lauviki.

➤ ØSTENÅ (søndre) gnr. 19, bnr. 1

Dette vart eige bruk 11. 11. 1861, då Aslak Jørgenson fekk denne luten. Han var g.m. Bergit Torvildsdtr. Kallåk. Dei hadde garden til i 1880 åri. Då kom garden på rek og skifte eigars alt i eitt framtil 1902 – då ein yngre bror av Aslak, Tarald Jørgenson fekk kjøpa att ættegarden av Tarald Kåsa (Øygarden). (Skjøte tingl. 4. 9. 1905. Kjøpsum kr. 3 000.) Den noverande eigars Nils Taraldson g.m. Susanne Marie Flom overtok eigedomen 1909. Det er han som har kosta opp husi som no står på garden og forbetra jordet. Han fekk Tor Vås jorddyrkingspremie, 2. pr. 1919. (6 sylvskeier.) Han var i Amerika ei tid. Nokre år dreiv han landhandel i Fjågesund saman med broren Andreas.

Nils har sidan han overtok i 1909, kjøpt inntil garden fleire mindre skogstykke. Dei fleste hadde tidlegare gått ut frå Østenå.



[Aslak Østenå (Østenå 41) og Nils Østenå (Østenå til)]

I 1939 sette han opp eit mindre sagbruk og i 1957 høvleri. Sagbruket var vel helst tenkt til skur av timmer or eigen skog, men Nils dreiv så godt at han og laut kjøpe timmer.

Nils har uvanleg god kjennskap til gardar og ætter, «Spør Nils Østenå» var det vanlege omkvedet eg fekk høyra i Fjågesund.

➤ STRAUMSTAUL gnr.19, bnr. 10, 11 og 13

Denne eigedomen ligg på austsida Fjågesundstraumen lognt under fjellet litt ut for Holland. Einaste farvegen til Straumstaul er over straumen.

Straumstaul er gamal plass under Østenå, men utskild 1.1.1905 frå bnr. 6 då Johs. Sørensen sel Straumstaul til Olav O. Lindestad.

Det skifter med eigarar framover. Edvard Evja sel (skjøte tingl. 14. 12. 1920) til Trygve H. Fjågesund. (Pris kr. 13 700 og Trygve til Andreas Hassel. Skjøte tingl. 16. 8. 1927. Pris kr. 9000. Andreas (Ådne O. 147) g.m. Guro budde her i mange år. Dei sette opp uthus og eldhus i 1932.

Dotteri Astrid g.m. Petter Gravir overtok i 1948. Skjøte tingl. 26. 5. 1948.

Det høyrer 10 mål dyrka jord og oml. 300 mål produktiv skog til Straumstaul.

➤ FJÅGESUND (nordre) gnr. 20, bnr. 1

Om lag 1 ½, mil frå Kviteseid (Kyrkebø) utover fjorden, ligg Fjågesund på vestsida av det tronge, lange sundet millom Kviteseidvatn og Flåvatn (Rørfjorden). Garden ligg på ein rygg, romsamt og fint til med bratte Ånåsfjellet på vestre kant.

Det er leirjordi som er einerådande med lite og inkje stein i. Det er tydeleg merke av at Kvannelvi har runne nordetter millom nordre Vestgarden og nordre Fjågesund og ut i Evja, dei kallar, som elles skjer seg langt inn når vatnet er stort.

Det er no som ei heil samling med Fjågesundgardar med ymse kjenningsnamn, og med kyrkja (kapellet) frå 1915 og skulen som midtpunkt.

Hovtidgarden er nordre Fjågesund, som Torius no eig (1956). Dette er ein eldgamal gard, truleg bygt eingong i steinalderen. Det er funne ei steinøks i jordi der. Ho har hol for skaftet. Likeins vart det funne ei flintoks (meisel). (Oldsaksaml. Oslo.) Namnet tyder det blide, fagre sundet og er skrive på ymse vis. (Fiogesund 1522, Fiaffswundli 1547, Fiaagesund 1723.)



[Fjågesund, nordre.]

Husi har stort sett stade på same tun gjenom lange tider. Tunet er flatt og romsamt. Stoga er bygt 1885, uthusbygningen 1895. Ei eldre stoga på same tun er omvøla i 1911. På tunet står 2 bur, eit stort med årstal 1752 og eit lite bur frå 1695. Smie og badstoge er det og på garden. Den dyrka jord er rekna til 75 da, og skogen 7000 da. - storparten i bra lende. Eigedomen er i two partar, men under same skyld, meddi at næstedelen av skogen ligg bortom Kvennelvi.

Garden har byteliner med Midtigard og Vestgarden og nordre Vestgarden i sud, så møter Ånås skog i nordvest og går i krokliner ned til bytet med Rue og Flåta ved Bjorevja.

Til garden hører plassane Bukasin, Staulen og Sollid. På Staulen bur folk, dei andre er attlagde. Langt attende budde det folk på Sandbekk ved øvre enden av Sagåi. Mannen heitte endå Søren og kona Sigrid. Dei sat der med 9 naut, seier segni, og hadde åker og mykje slåtte. Kornet treskte han på isen på nokre løkar. No er plassen tilgrodd med skog


På Sollid har dei sete til staules like til no nyss, og på Jønneberg er og att fjøs og minne etter sæterbruk. Fjågesund hadde godt fiskje - iallefall fyrr i tidi - og nokså bra jaktlende etter eig. Fyrr var også bjørnen i marki her. Steinar Berge skaut jamvel 3 vaksne bjørnar på åte i 1890 åri. - Kvern og sag stod lenge i Kvennåi - men no er dei nedrotna. Dei var sameige med Vestgarden. -

Fjågesund var stor gard, $9\frac{1}{2}$ tn. skyld (9 daler) og rekna $1\frac{1}{2}$ fullgard, men med merknad «ganske for høit satt.»

Dei betalar kvægskatt av 3 hestar, 14 kyr, 14 sauvar og i geiter i 1657.

I gamle brev om Fjågesund, Østenå og Kilen får me ein tokke av gamlesoga og mennene i desse gardane.

Steinar Roarson frå Fjågesund er nemnd i ei åstadsak millom Østenå og Kilen i 1402. (Sjå meir om dette under Kilen gnr. 18). Denne Steinar Roarson var ein hard, stridbar og myndig bonde som ikkje eingong bisp Øystein rådde med. Torjus Loupedalen skildrar det slik: «Mot ein bakgrunn av kyrkje, krusifiks og altarljos stig dei fram av dokument og fråsegn, bisp, bonde, dråpsmann. Omen av dirrande spjotodd og klangen i bile skjelv i skyming av millomalder.»



[Fjågesund kring 1887]

Truleg er det denne Steinar Roarson som i segni⁷ vart til Fjågesundkjempa Harde-Steinar og som Welhaven skildrar i diktet: Koll med bilen.

Eit brev av 29. 10. 1436 omtalar Fjågesund. Der vitnar Jon Erikson, prest i Lårdal, Torkjel Tovson og Nerid Tallevson, lagrettsmenn i Telemark, at Sverting Tallevson byter jord med Svein Kjetilson. Svein får 3 markabol mindre enn $\frac{1}{2}$ laups land i Midgarden i Fjågesund, og Sverting får 5 markabol i Flekstveit og 4 kyrlag i millom «i jorde abotere» (i jordbyte).

I 1522 er det oppe ei arvesak millom Tallev Jonsson og Kjetil Neridson om ymse jordegods og gardar i Nesherad, Heddal og Kviteseid m.a. Fjågesund. Kona av Tallev, Torgjerd, skal vera «halvningskvinne» i alt laust og fast gods, og Kjetil og syskini den andre halve luten.

Jørgen Knutson, prest i Kviteseid, saman rned 5 svorne lagrettsmenn (ingen med gardsnamn) skriv under på semja.

Brev av 23. 1. 1547 der Willom Maeson, prest i Drangedal, og lensmann Steinar Øysteinsson same stad, gjer greie for til lagmannen, at dei høyrd Steinar Tveit, bonde i Tørdal, og Sæmund Tveit fortelje at dei var hjå Kjetil Neridson Fjågesund då han låg på sotteseng og høyrd ord så lydande: «Gunnar bror min, bør sitja på garden etter meg - om meg kjem noko åt.» - Kjetil døde straks etter. Enkja etter Kjetil g. att med Helge Sveinungson Rvgin i Heddal vil trengja seg inn på garden. - Prest og lensmann bed lagmannen hjelpe Gunnar til sin rett i Fjågesund.

Eigarar og brukarar. Steinar betalar arbeidskatt i 1593-94 og saltverkskatt 1609-20. Tor Steinarson er eigar 1618-41. Tor eig gardar og gardpartar i mange bygder, alt i alt kring 36 tunner jord og er den rikaste bonden me kjenner til i Kviteseid og ein av dei rikaste i heile Telemark i gamal tid.

Tor dør kring 1640 og enkja Birgit Rolvsdtr. gifter seg att med Aslak Sveinungson Fossheim, Bø. Aslak åtte og mange gardar. I 1641-44 eig Aslak $9\frac{1}{2}$ tn. i Fjågesund.

Ved folketeljingi 1664 er Gunnar oppsitjar 40 år med 2 drenger, Torstein 20 år, Tore 19 år og 3 liLismenner. (Olav 60, Lauritz 70 og Halvor 36 år.) Gunnar eig 4 tn. m.b. Aslak Forberg (Fossheim?) $3\frac{1}{2}$ tn. og Torbjørn Midtsund (Opsund,) lensmannen 2 tn. i åri 1647-64.

Ei kort tid vert Fjågesund embætsgard for futen (10 tn.) Den 19. mars 1677 heiter det: «Er Foegedt Gaard formedels under danigst at vorde gotgiort effter derom udgangen Hans Høy Exellense Høyaarne Hr. Stadholder Guldenleves naadige ordre.» - Brockerdius og Hr. Tønsberg er nemnde i åri framover til 1685 då Eilev «besidder» desse 10 tn. skyld. Det vert så 2 brukarar. Garden vert dela i 1694, og me finn snart Eilev og Tor, så Tor og Gunnar, Tor og Kari, Tor og Halvor, Tor og Jørgen, med kvar 5 tn. fram til 1716. I 1719 har Steinar og Aslaug (mor hans) løyst inn 5 tn. i saman. Steinar er nemnd framover no med sumtid så lite som $\frac{3}{4}$ tn. i 1727 - for så saman med Hans (1734-39) rá over $9\frac{1}{4}$ tn.

Ein Doct. Jesber Brockmands huspostil frå 1655 er no på Fjågesund. Det er ei stor, tjukk bok med sylvsprette og flott innbinding. Der er innført alle dei brev som omfatar Fjågesund - og dessutan ei grei ættetavle frå Steinar Torson og Egeleiv Olavsdtr. (13 born.) Steinar flute frå Seljord (Nordgarden, Sundbø) 1668.

Sonen Tor (f. 1665) hadde brudlaup 1. 7. 1684 med Aslaug Halvorsdtr. Borgia f. 30. 12. 1663. Dei budde på Nordbø i Bø, men flute 15. 4. 1694 til Fjågesund. Sonen Steinar f. 1687 (28. 1. ved midnattstid) på Nordbø. Anno 1712 i juli stod brudlaupet hans på Fjågesund med Bergit Taraldsdtr. Lundevall, (foreldre Tarald Såveson og Gunhild Olavsdtr.).

Sonen Tor Steinarson f. på Berge 1718 gift i sept. 1747 med Sigrid Hansdtr. Øy Vrådal. Brudl. på Fjågesund.

Frå Tor og Sigrid har huspostilen gått over til dei nye eigara av Berge, Bjørn O. Hauge og Anne Auversdtr. Dei gifte seg i 1787. Halvor f. på Berge 25. 3. 1788, men flute til Bjåland året etter 4. 4. 1789 - han har skrive namnet sitt 9. 4. 1814. Boki kom så til Torus Taraldson Lundevall, o9(o)2.1517 ot Td [(4)2.15-4.12707()]



[Sigrid og Torjus Fjågesund. (Lundevall 97)]

Gudmund var ein dugande og framsynt bonde. Han hadde sans for skular og opplysning. I 1807 gav han 100 rd. til det nye universitet i Kristiania. På ættegarden sin Fjågesund, dreiv han med ymse jordbetringer.

- Han laga endå til renner og vatna jordi sine. Noko av rennene er synlege den dag i dag. Han sette opp sag og kvern og stampe i Kvennåi og bygde dammar for regulering av vatnet. Kona hans var eit utifra godt menneske, gjestfri mot alle - og det var tidi selskap på Fjågesund i Gudmunds, tid. Jfr. Ole Bloms dagbok.

I 1841, 6. 7, vart garden deila millom dei 2 sønene av Gudmund. Tor fekk nordre Fjågesund, hovudbølet, og Kristoffer hyste på Vestgarden.

Tor var g.m. Mari Ellingsdtr. Groa. Han døydde, og ho g. II m. Per Lauvstad, Tørdal. Dei budde her nokre år, men så i 1858 kjøpte Torjus Taraldson Lundevall garden for 9000 daler. Torjus døydde 1874, og sonen Torjus g. m. Guro Olavsdtr. Lauvvik overtok garden. Son deira Torjus g.m. Sigrid Gunnulvsdtr. Røymål fekk garden 1906.

Torjus har drive den store skoggarden godt og fekk Tor Vås premie i 1936. I 1938 bygde han eit elektrisk kraftverk (100 kW) og forsyner heile bygdi (Fjågesund og Bergsto) med billig kraft.

Torjus har godt minne og veit mykje om Fjågesund.

➤ FJÅGESUND (Vestigard) gnr. 20, bnr. 11

Vestigard ligg på ein flate millom kyrkja og skulen. Jordet haller vestetter mot evja. Her er merke etter gravhaugar og det er truleg her dei fann steinøksi som er nemnt under bnr. 1.

I 1831 er det skyldelingsforretning på sørstede Fjågesund. Det vart lagt fram rekvisisjon fra Gunnar Hansson om: «å fremme lovlige utbytning - og delingsforretning over hans eiende halvdel i denne gaard.»

Trond Olavson Lia kjøpte det som no er Vestigard av Gunnar Hansson og hyste her. Trond g.m. I Gunhild Jørgensdtr. Østenå. Dotter deira Ingebjørg g.m. Kristoffer Gudmundson. Kristoffer åtte halve garden, resten åtte Trond, svigerfaren. Trond g. II i 1838 med Sigrid Taraldsdtr. Lundevall.

Garden kom så på handel og skifte eigalarar frametter, m.a. åtte Hans og Nils Nilssøner Lundevall det. Gunnulf Åmundson Røymål som var g.m. Anne syster deira, hadde garden til 1924, då Andreas Taraldson Østenå g.m. Marie Gunnulfsdtr. overtok.

No er det sonen Gunnvald som har garden. Vidde: 32 mål dyrka, utmark 1800 mål. (prod. 600 mål) Alle husi er nye. Stoga frå 1932 og uthuset 1926.

➤ NORDIGARD FJÅGESUND gnr. 20, bnr. 7

Garden ligg tett under det tverrbratte Ånåsfjellet på ein flatvoren haug, med 35 mål innmark og om lag 2500 mål utmark. Til garden hører staulen Mjaugedal som har vore nytta til ikr. 1910. Eigedomen vart utskild 8. 10. 1877 frå Vestgarden, og Alet og Torkjel Torkjelson hyste det opp.



[Alet og Tarkjell Fjågesund (Upsund 48)]


Sonen Kristoffer Torkjelson fekk skjøte på garden 29. 8. 1908. Men han har butt i Amerika heile tidi og har hatt brukar i alle år. Maria Torkjelsdtr. (syster til Kristoffer) vart g.m. Olav Haugan, Fjågesund. Sonen deira Bjarne g.m. Agnes Tveit overtok garden sumaren 1953. Bjarne er no død og enka sit med garden.

➤ VESTGARDEN FJÅGESUND gnr. 20, bnr. 2

Denne garden ligg lengst vest i grendi og har største innmarki, omlag 120 mål. Av dette er nydyrka 40 mål. Til garden hører bortimot 10000 mål utmark med 2500 mål produktiv skog.

Garden er utskild fra nordre Fjågesund i 1841, 6. 7. Det var sonene av Gudmund Torbjørnson, Tor og Kristoffer som dela desse 5 tn. (N. Fjågesund) millom seg. Kristoffer hyste på Vestgarden. Han var gift 3 gonger (I Maria Jakobsdtr. Øy. II Ingebjørg Tronsdtr. Haugan. III Gunnhild Sveinungsdr. Haukom.)

Den eldste dotteri i fyrste ekteskapet, Gunnhild g.m. Tor Jørgenson. Østenå fekk garden i skifte etter faren 1877. I 1877, 8. 10. vart ein lut av garden fråskild til Alet Kristoffersdtr. g.m. Torkjel Torkjelson, Tørdal. (Nordigard Fjågesund bnr. 7.) Ei stoge Kristoffer ludde sat opp, vart hytt til Nordigard same året, - og så sette han opp stoga han kjøpte frå søndre Fjågesund (bnr. 15) i staden! Denne stoga står på Vestgarden den dag i dag. (Uppsund 35)



[Kristoffer Fjågesund (Uppsund 35)]

I 1883, 16. 4. kjøpte Tor Andreas Pedersen Lauvstad g.m. Maria Kristoffersdtr. garden. Dei hadde eigedomen til 1924 då sonen Einar g.m. Anna Marie Nås overtok. Einar har betra garden mykje både med hus og jord og fekk Tor Vaas premie i 1951. I skogen Ur han sett opp fleire skogshytter og i 1941 sette han opp sagbruk.

Sonen Tor Peder g.m. Aslaug Flom, Bergsto overtok garden i 1959.

Til garden har hørt 2 plassar. Dei var ikkje gamle og er no attlagde. Staulen Nystaul er angrodd. Staulen Hæsa vart nytta til 1930-40 åri. Frå garden er selt Ånås skog til Åsmund Kleiv (Heggenes) og, Storvikliane til Halvor Sv. Lønnegraff.



- 93 -

[Vestgarden, Fjågesund]

Husi på Vestgard ligg på ein flate sud-aust for Anåsfjellet. Stoga er frå 1860, men ombygt både i 1911 og 1937. Uthuset 1906. Stabburet er frå 1791 og er flytt frå Kviteeid. Utskuren på loftet minner noko om Karl Jonson Svanajord. Det er skore inn: A.T.D. T.S.S. og dette kan lesast både frå høgre og venstre Loft, Buret er truleg koinen frå Opsund og ber namni av Anne Torsdtr. og Torbjørn Gudmundson.



[Loft, Vestgarden]

➤ SØNDRE FJÅGESUND I gnr. 20, bnr. 10

I 1694 er Fjågesund - samla skyld 10 tn. - dela i two like bruk. Det som i seinare år gjekk under namnet Midtigard, var søndre luten. (Det var etter Hans Gunnarson i 1820 hyste lenger sud at Midtigardsnamnet kom i bruk.)

I 1844 var det extrarett på Fjågesund der resten av garden vart dela mellom Knut og Jørgen Hanssone. Knut fekk nordre luten (sjølve Midtigard) og Jørgen det søndre. Det var hus på både gardane. Knut og Jørgen reiste til Amerika i 1860 åri og både gardane vart selde.

Halvor Sv. Lønngraff verbroren, kjøpte søndre luten og Aslak Østenå den nordre. Seinare kjøpte Torjus T. Fjågesund d. e. denne luten att. (Midtigard.) Dotteri Anne g.m. Anders Huse, Helgja fekk så garden, men det var ikkje lenge dei hadde garden og han kom på rek. Torjus Fjågesund d.y. kjøpte husi og eit jordstykke på 25 mål og la det inn til nordre Fjågesund. Resten av jordi (24 mål) utan skog vart kjøpt av Ingebret Halvorsson Teigen, 24. 4. 1909. Seljar var Halvor Fjelddalen. Ingebret hyste på stykket han hadde kjøpt. No har sonen hans, Halvor, overteke. (2. 4. 1936.)


Torjus selde husi på Midtigard. Stoga til Lastein i Skien, løda til Midtre Østenå, fjøset til Ingebret og bryggerliuset til Haugan. Berre buret står att - Det har kome frå Vigdeil og har årstalet 1769. Det er segn om at ein mann er drepen i buret.

Det opphavlege Midtigard var ein stor gard med mykje skog og mange plassar. No er det dela i mange partar.

Vigdeil, Lia 3 pl., Storvik, Rue, Fikkjane ved Flåvatn, Bergsto, heile Fitjastaul-marki, Kleivliene, Greneshaugen, Teigen, Haugen, Midtbøen og Oddebukti høyrdet til.

➤ SØNDRE FJÅGESUND II gnr. 20, bnr. 15

Halvor Lønnegraff som kjøpte bruket etter Jørgen Hanson, selde husi. Kristoffer Gudmundson kjøpte staga og sette ho opp i Vesparden. (Stoga Kristoffer fyrr hadde sett opp i Vestgarden vart flytt til nordigard.) Det store loftet vart dela i two. Rasmus Nilson fekk overdelen og flytte det til Kåsi der det no står. Underdelen vart flutt til Rue. Halvor heldt att Rue då han selde Fjågesund.



[Halvor Østenå (Utsund 150)]

Jordstykket som no var att var på oml. 35 mål, huslaust og utan skog. Halvor Lønnegraff selde dette til Aslak J. Østenå kring 1867. Aslak selde til Jørgen O. Berge som så selde til Tomas O. Flom, Flåbygd som frå før åtte Søndre Fjågesund I. Tomas hadde garden nokre år og overdrog han så til sonen Knut. Olav Postmyr, Tørdal kjøper garden, seinare son hans Kristian. Han flyt frå bygdi i 1906 og sel til Tarald Kåsa og Nils Grosvoll. Dei hadde også Midtigard. Søndre Fjågesund II vart selt til Halvor Torson Østenå omkr. 1905. Halvor var byggmeister og hyste opp garden. Etter han overtok sonen Trygve, som selde til lærar Steinar Hegna. Han selde garden i 1945 til Halvor Tr. Fjågesund. Han bur i Lunde og Trygve H. Fjågesund driv garden.

Plassar under Fjågesund.

Då Fjågesund var ein gard, nådde det frå bytet mot Kviteseid gard ved Lindestad og til Flogåi utom Groa ved Flåvatn. Det var mange plassar under garden i den tid. No er sume eigne bruk, men dei fleste er atlagde.

På vestsida av Kviteseidfjorden låg Vigdeil, Pekeberg og tri Lia.

Vigdeil (gnr. 20, bnr. 8 og 30) ligg lengst nordvest mot Lindestad og Kviteseid gamle kyrkje og er gammal plass. Lognt ligg husi attom Vigdeilodden og tett ved vatnet. Det var mange som rodde fjordane i gamle dagar og det var høveleg taka inn til Vigdeil både for å kvile og få seg mat. Det var robyte (roskifte) ved Vigdeilodden, så det skipla ikkje roingi heller.

Åndres Strømstad seir det slik:

Så kom vi til Vigdeil om aftenen,
hei og frå om aftenen!
Der ble vi trakteret på ny igjen.
Vi fikk øl og vi fikk mat
vi skiltes ad
jeg og Jon Sunde og Daniel.

Nordom Vigdeilodden ligg nedsøkt ein bark lasta med brynestein. Barken er synleg når vatnet er lite.

Tallev Olavson (Olav T. 4) bur i Vigdeil 1792-1796. Ole Gundersen får fest på Vigdeil 4. 7. 1835 og Åsmund Knutson og kona det same i 1870, 20. 6.

Olav Såmundson (Hurrung 57) g.m. Ingebjørg bur i Vigdeil kring 1810. Sist i 1800 talet bur Torstein Steinungson (frå Vrådal) og Aslaug her. Andreas Olavson Torpen og Marken budde i Vigdeil 1896-1902. Andreas reiste da til Amerika, men etter han kom heimatt kring 1909 og fram til 1950 budde dei der også. No står denne og alle dei andre plassane her ved fjorden øyde.

Olaus Svenkesen kjøpte Vigdeil med skog til i 1860-70 åri. Etter han overtok sonen Olav Utsond. No er det borni hans som eig Vigdeil og Pekeberg.

Pekeberg (gnr. 20, bnr. 1.8) ligg eit stykke utom Vigdeil. Det var ein skapeleg plass. Her er lite jord og bergi pekar opp alle stader.

Olav Såmundson (Hurrung 57) bur her 1813-1827. Hans Olavson (Hurrung 62) og kona får fest på Pekeberg 4. 7. 1835, men overlet det til Gunnar Olavson. I dei siste 50-60 åri har Pekeberg ofta stått øyde.

Ende nordom plassen og tett ved vatnet ligg Likheller. Det seiest at eit likferdsfylgle på veg til gamlekyrkja, kom ut for så følt eit uver at dei laut setja att likkista her. Segni seier at liket stod her i 3 veker.

Lia. Dette er frå gammalt tri plassar, jorde i jorde. Plassane og mykje skog kom på handel frå Midtjard Fjågesund. Til slutt kjøpte Halvor Lønnegraff, Vrådal det. (Hustveit 87.) No er det dela millom tri av borni hans.

Lia - Nordlia (gnr. 20, bnr. 13) hadde oml. 10 mål dyrka jord og ein del utslårter. Torjus Lia (Sandvik) budde her. Han var ein flink smed og svært interessera i hagebruk. Han reiste heilt til Ås landbrukskule etter tre og buskar til hagen som han planta. Svein Sveinson Lia budde i Nordlia kring 1920. På den tid var det skule her for borni i Lia, Pekeberg og Vigdeil.

Tett ved husi er det funne kaolin.

Kristiane H. Borgenvik eig dette Lia.

Lia - Midtlia (gnr. 20, bnr. 60) var omlag på same storleik. Svein Kjetilson, ætta frå Flåbygd og g.m. Gunnhild Sveinsdtr. budde her i mange år. Svein var ein uvanleg dugande arbeidskar både i skogen og på vatnet.

Den siste som budde her var Sverre Sveinson, soneson til Svein Kjetilson.

Åsne og Olav Muren eig denne plassen.

Lia - Sudlia (gnr. 20, bnr. 23). Frå denne plassen har den store Liaætti kome. (Sjå Ættesoga s. 342.) Den siste som budde i «Suli» og i Liaplassane i det heile var Bjørn Knutson. Det er ikkje mange år sidan han flutte frå.

Adne Lønnegraff eig Sudlia.

Ende utom Sudlia er Kallodde og Seglberget. I dette berget var synleg ein båt med segl. Utom ligg Storvikfjorden. På andre sida fjorden og lengre ute låg plassen Tjovik. På den sida er og Ormfarberget. Ein gong i gamle dagar låg det ein orm tvert over vatnet her og stengde så ingen kom fram. Folk og vare måtte på land. Langs fjellet er ei smal skor dei gjekk etter. Denne skori heiter enno Bystigen. Lenger ute ligg to store steinar som ber namni Sondbygdstabben og Flåbygdkulen. Her endar Kviteseidfjorden.

Grotnes 2 plassar, nedre og øvre ligg på vestsida der Fjågesundstraumen byrjar.

Dette er gamle plassar ogvar inntaksstad for folk som rodde fjordane.

Tarjei Berntson og Anne Engelbretsdtr. bur på Grotnes 1743-57. I 1774 skifte på Grotnes etter Engelbreth Liøddelson g.m. Margrethe Gjertsdtr.

1832: Halvor Gunderson Grotnes 34 år «Ankommet fra Fredrichstad efter udstaaet straf av 4 aars slaveri.» (Tjoveri.)

I nedre Grotnes budde Olav og Åsne Lett. Olav Lett dyrka opp mykje av plassen. Store steinrøysar syner enno arbeidet hans. Eit storfint gjerde av åkerstein er og merke etter Olav.

Dei siste som budde her var Torvild og Gunnhild Straume.

Frå øvre Grotnes har ei stor ætt spreidd seg utover. Ættafarene var Bernt Grotnes. (Sjå Ættesoga s. 159).

Dei siste som budde her var Ingebjørg og Olav Mikkelsen (Holland). Dei flutte til Langland, eit småbruk ved Fjågesund kyrkje, i 1912.

Båe Grotnesplassane høyrer til Rue. Nykos ligg litt utanfor Grotnes. Det var to Nykosplassar og. Ein nede ved fjorden og ein litt oppi bakken.

Olav Mikkelsen budde i nedre Nykos, men flytte til Grotnes ikr. 1902 Han flytte med seg stoga og seinare var det huslaust i nedre Nykos.



[Torbjørn A. Nykos.]

I øvre Nykos budde Andres Torbjørnson (Lia 58) og Liv. Andres var frå Lia søndre. Då Andres døydde, reiste Liv med dei tri borni, Torbjørn, Torbjørn og Aslak til Amerika - kring 1869.

Det var Liv og sønene og nokre andre frå Telemark som til takk for at dei kom velberga over havet, gjorde opptaket til byggja kyrkje der dei busette seg. (Minnesota.) Kyrkja vart kalla Kviteseid kyrkje.

Båe plassane som er attlagde for lenge sidan, høyrer til Rue.

I 1840 budde Torbjørn Knutson i Nykos. Han var den første som dreiv landhandel i Fjågesund. I 1844 var han skjønsmann på Fjågesund.

Odden. Dette er gammal plass ved øvre enden av Flåvatn tett ved Fjågesund gravplass. Mesteparten av jordet vart teke til gravplassen i 1901.

I 1770 budde det folk på Odden. Sist budde Asbjørn og Birgit Odden her. Dei hadde mange born, men alle flytte frå bygdi. Birgit døydde i 1906 og husi vart rivne.

Ei tid budde «Musken» saman med stortjoven Halvor Gonniesen på Odden. Dei var både gamle på den tid.

Odden høyrer no til søndre Østenå, men har gått ut frå Fjågesund. (Midtigard.) Briskelid ligg halveges millom Bergsto og Fjågesund og millom fjorden og bygdevegen. Plassen er rudd av Hans og Børte Strand kring 1860. Dei flutte frå i 1887. Plassen som høyrer under nordre Fjågesund, er no attgrodd.

➤ RUE gnr. 20, bnr. 6

Den fyrste litt større gard som syner seg ved nordenden av Fjågesundet er Rue. Garden ligg fint på ein haug eller sate under fjellet og vend mot sud i ly av tettvaksen skog. Jordvidda er 34 mål dyrka jord og 1200 mål utmark. Husi er gode. Stoga og uthus bygde 1873. Eit stabbur frå 1795 er flutt frå Fjågesund søndre. Eldhus, kvernhus, smie og badstoge høyrer og til - og bra fiske i fjorden. Flåta, ein jordpart er seld frå 1904.

Rue var plass under Midtigard Fjågesund.

Frå tingboki finn me dette. Til tinget på Midsund 2. 10. 1702 stemner futen Brynild (Bergit) Olavsdotter til å gjera greie for mannen sin som har blive så stums b

I 1866 bur Nils Hansen og Sigrid Tallevsdr. på Midtbøen. (Sjå Lundevall 161). I 1870 åri Tyke Gunnulfson og Mari Mikkelsdr. (Lia 43). Mikkel Tykeson som kjøpte eigedomen, dyrka opp mykje av jordet, bygde ny uthusbygning og vølte stoga. Mikkel var vegvaktar i nokre år.

No har sonen Tomas g.m. Borghild Larsen overteke eigedomen.

➤ **VIK gnr. 20, bnr. 64**

Vik var plass under Kåsa og ligg i bukti ovom Sylvkanneberget.

Johan Bausen Gråsvoll g.m. Anne Slåtta bygde hus på plassen og busette seg der. Yngste sonen deira Bernt g.m. Gudrun Midtbøen oreigna i 1938 utmark og skog frå Kåsa og bygde ny gard lenger oppe i bakkane. På gamle Vik står husi enno. Johan Gråsvoll hadde i mange år vore sjømann. Seinare var han styrmann på Telemarksbåtane.

Vik har 18 mål dyrka jord og 40 mål utmark.

➤ **GRÅSVOLL gnr. 20, bnr. 21**

Dette er gammal plass. Segni fortel at sylvsmeden Olav Grå budde her og at plassen fekk namn av dette.

Gråsvoll har flate, fine jorde frå fjorden og oppover mot skogen.



[Gråsvoll kring 1895]

I 1876 flytte Olaus Halvorsen (Nissedal) til Gråsvoll. Kona hans Anlaug var syster til Rasmus Kåsa. Nils Olausen g.m. Anne Kristiansen kjøpte eigedomen av Rasmus i 1886. Nils bygde nye hus, dyrka jord og planta hage.




[Anlaug og Olaus H. Gråsvoll (Gråsvoll 1)]

No har sonen Olav overteke garden som har 38 mål dyrka jord og 40 mål prod. skog.

Fra Rennansbekk ovom Kåsi og til Flåhakkun på Gråsvoll ser ein merke som etter ei stor grøft, kva det no kan vera.

➤ ØYGARDEN gnr. 20, bnr. 25

Namnet kjem nok av at det har stått øyde ei lang tid.




100

[”Telemarken” på Flåvatn, utenfor Øygarden]

Då Fjågesund vart dela i 1844 millom bronne Tor og Kristoffer fall Øygarden til Kristoffer som fekk Vestgarden. Kristoffer selde Øygarden kring 1860 til Torjus Lundevall. Han må ha selt att til Halvor Sveinungson Midtsund for i 1878 (skjøte tingl. 5. 8. 1878) sel Halvor både Øygarden, Gantekosi og Finsand til Rasmus N. Kåsi for kr. 8 000.

Då Torjus kjøpte Øygarden, stod det berre ei stor timra løde nedmed fjorden. Det er truleg høyet vart køyrt til Fjågesund om vinteren.

Anne Taraldsdtr. sjukdotter til Dordi og Rasmus Kåsi, vart g.m. Tarald Berge (Kåsa) i 1894 (Lone 22). Dei fekk Øygarden av Dordi og Rasmus og flyt dit i 1902.



[Anne og Tarald Kåsa. (Lone 22)]

Tarald sette opp ny uthusbyning og stoge (det første hus i bygdi med kjellar under heile bygningen) og braut opp all dyrkbar jord og planta hage.

I 1906 kjøpte Tarald skogen og staulen. Fitjastaul og i 1914 Bergeskogen og søndre Berge og Slåttekosi. I 1916 kjøpte han også litt av Kåsiskogen.

I øvre kanten av jordet på Oygarden er det merke etter hustufter. Her ber det namnet «Slottet». Ingen kjenner til når det budde folk her, men soga seier det var ein mann ved namn Kristian. Kanskje ein som ætta frå Hoskuld Berge? (Bergsto 8.)

Tarald døydde i 1935 og eldste sonen Ottar (i Amerika) overtok i 1938. I nokre år vart garden driven av brukarar, men då Ottar døydde i 1955 overtok Agnes syster hans, g.m. Olav Stemme, garden.

➤ BERGSTO gnr. 20, bnr. 26 og 31

Namnet kjem av at folki på Berge hadde pråmsto der frå gamalt. Det var Midtigard Fjågesund som åtte Bergsto og hadde husmenner sitjande der. Huskuld Olavson (1727-1802) g. I med Bergit Olavsdtr. II Ingebjørg Kristiansdtr. budde her. (2 born rned fyrste kona og 9 med andre.) Olav Huskuldsen g.m. Ingebjørg Torkjelsdtr. Fjågesund har dotteri Gro f. på Bergsto 1792. Seinare budde broren Kristian Huskuldsen der, g.m. Ingebjørg Knutsdtr. Sonen Halvor f. Bergsto 1802. Halvmåneblåsaren Olav Tarjeison bur i Bergsto kring 1810.

Bergsto er no sjølveigarbruk. Garden ligg fint til det med utsyn nordover fjorden med Brakandalfjellet til høgre og Ånåsfjellet til venstre. jordet hallar ned mot vatnet med store grantre som vargard mot nordvesten. Det er 17 mål dyrka jord, 9 mål kulturgeite. Utmarki er ikr. 800 mål i alt.

Til garden hører ein del av Fitjastaul - ein gammal sæter som har vore nytta til nyende nyss. (Innåtkjøpt 1941.)

Etter Midtigard Fjågesund vart dela i 1844 og nedskore på vidda, vart plassen Bergsto nytta som attåtbruk til garden - og husmennene kjem bort. Derimot er det fleire som bur der og har berre husvære, såleis var det med Halvor Ingebretson Teigen g.m. Gunhild Trondsdtr. Lia i 1870 åri. (4 born fødde der 1872-81.)

Knut Flom overtok Bergsto i 1898 g.m. Aslaug Voje. Sonen deira Tomas g.m. Dordi Øygarden, fekk eigedomen 1921. Han har kosta opp stogebygningen (1929) og vore ein flink jordbrukan Han fekk Tor Vås jorddyrkingspremie for 1934.

Frå tingboki 1745: Gunder O Bergstaa har slaget og haarrusket Margit Olsdotter, har i retten tilstaaet at ville betale 9 rd. - 1753 ekskursjon hjå Gunnar for å få denne boti.

➤ FOLKESTAD gnr. 20, bnr. 48 og 49

Dette er skild frå Bergsto i 1910. Fram til 1921 då Knut Dom kjøpte det hadde det vore mange eigalarar, Knut sette opp nye hus og dyrka jordi. Knut d. 1947 og dotteri Tomine som er postopnar i Bergsto overtok eigedomen.


➤ HOVLAND gnr. 20, bnr. 47

Dette vart og selt frå Bergsto i 1910. I 1913 kjøpte Mikkel Slætta jordstykket og hyste her. Tor Nordbø (Kilen) kjøpte bruket i 1922 og budde her til 1939 då han selde til Alf J. Berge g.m. Mari Nås. Alf er vegvaktar.

➤ NORDHEIM gnr. 20, bnr. 44

Nordheim selt frå Bergsto i 1910 til Andreas O. Nordheim. Han sette opp hus og flytte inn i 1913. Andreas d. 1948 og enka Marie sit med eigedomen.

Frå gamalt heitte denne staden Strånd. Det var herfrå Hans og Børte hadde namnet sitt.



[Børte og Hans Strånd. (Grotnes 22)]

➤ KÅSI gnr. 20, bnr. 3

Der bygdevegen utover i Bergstod endar, ligg Kåsi, I sud stend det skogkledd og ukjømde Næringsfjellet og stengjer for soli ei lang tid jolebel. Men kveldsoli om sumaren får godt tak i Kåsi.


Denne garden har største jordet i krinsen, heile 45 mål dyrka. Av skog er det 4-500 mål. Tunet er flatt og husi ligg i firkant rundt. Stoga er frå 1870, men ombygd 1925. Uthuset 1898, paktarbustad 1896. Stabburet er frå 1795 og er kutt frå Fjågesund søndre. No er buret kvitmåla og ser ikkje gamalt ut.

Då nordre Fjågesund vart dela millom Tor og Kristoffer Gudmundsøner 6. 7. 1841, (Upsund 34 og 35) fekk Tor, Kåsi, Gantekosi, Finsand og Gråsvoll inntil sin del av Fjågesund. Kristoffer fekk Gråsvoll,

Øygarden, Vik og Groa. Tor d. 1856 og enka gifte seg oppat. I 1858 vart Fjågesund (Sjå Fjågesund bnr. 1) med tilhøyrande plassar sold til Torjus T. Lundevall, Kviteseid. Av Kristoffer Fjågesund kjøpte Torjus både Øygarden, Vik og Gråsvoll. Anders Gunnulfson reiste frå Kåsi til U.S.A. i 1868.

Dordi, dotter til Torjus og g.m. Rasmus Bakka, Nissedal flyt til Kåsi i 1868. Dei skulle bruke garden. Straks etter at Dordi og Rasmus kom til Kåsi sette dei opp ny stogebygning som står den dag i dag. Dei dyrka også eigedomen opp og la inn springvatn.

Torjus døyde i 1874 og Dordi og Rasmus overtok garden. I 1880 fekk dei gartnar til planleggia hage og så vart det planta både fruktre, bærbuskar og prydbuskar og laga plenar og grusganger i hagen. Rasmus og Dordi var barnlause. (I 1870 tok dei til seg Anne Tarddsdtr. Kilen, brordotter til Dordi. (Lundevall 46.) Anne g.m. Tarald O. Kåsa og dei fekk Øygarden av Dordi og Rasmus og flytte dit i 1902).



[Kåsi kring 1895]

Ei syster av Dordi heitte Anne og, vart g.m. Halvor Lønnegraff. Son deira Steffen g.m. Ingebjørg Sveinungsdtr. Haugsjå kom til Kåsi i 1903 for å bruke. I 1912 kjøpte dei garden. Stelen og Ingebjørg flutte frå Kåsi i 1916 og paktarar dreiv garden i nokre år. Dordi d. 1921 og Smien og Ingebjørg flytte attende, men dreiv no og delvis med paktarar.

Dotteri Gunhild g.m. presten Johan Løken, Østfold overtok Kåsi i 1946 og budde der nokre år. I 1950 selde dei garden til Sverre Taraldson Øygarden g.m. Olga Postmyr. Sverre døyde 1952 og Olga sit no med garden.

Sylvkanneberget ligg, ned mot fjorden (Flåvatn) ved Kåsi. Det er segn om at ei sylvkanne er gøymd her.

Belebukti straks nordom, har nok og ei soge attom namnet sitt.

Plassane Finsand og Gantekosi høyrd til Kåsi. Gantekosi var samlingstad for ungdom. Der hadde dei moro og gantast med kvarandre - og så kom namnet.

➤ **FINSAND** gnr. 20, bnr. 61

Finsand er utskild frå Kåsi 15. 11. 1921.

➤ **HAUGAN** gnr. 20, bnr. 29

Garden ligg sud for kyrkja på ei fin flate av sand og moldjord og har 24 mål dyrka jord og 60 mål skog. Stoga er frå 1890, vølt 1952. Uthus 1900.

Garden er skild ut frå Vestigard Fjågesund i 1831 då Trond Olavson Lia kjøpte det av Gunnar Hansson. Etter Trond hadde Jørgen Østenå det ei tid. Av han kjøpte Olav Halvorsson (Teigen 4) og Tarald Trondson det. Seinare overtok Olav garden åleine. Sonen Kristoffer g.m. Maren Lønnegraff overtok i 1945.

På Haugan er posthus og telefonsentral. Torpen og T

Sonen Jørgen g.m. Marie Hassel kjøpte plassen ikr. 1911 av Gunnulf Berge. Jørgen sette opp nye hus etter stoga brann. Ei stoge som stod derfyre var flytt over fjorden frå Lauviki.

➤ TORPEN gnr. 20, bnr. 19

Det er eit lite småbruk - opphyst ikr. 1875 av Olav K. Torpen. Omkr. 12 mål dyrka jord og 8 mål hamn. Det har skift med eigalar til denne jordparten. Sidan 1925 har Nils Tykeson Midbøen g.m. Signe Bjørgulvsdtr. butt der. Uthusi har den noverande eigar kosta opp, men stoga har Tov Åse bygt. (Tov Åse åtte det fyre Nils.)

➤ GROA gnr. 20, bnr. 5, 55 og 66

Groa ligg ved Flåvatn ut mot grensa til Lunde.

Då Kristoffer og Tor Fjågesund delte nordre Fjågesund i 1841, fall Groa til Kristoffer. Groa var då ein heil gard i vidde og med 2-3 husmannsplassar. Kristoffer selde til Per Lauvstad. Etter han overtok sonen Tor Andreas. Tor selde til Aall, Ulefoss i 1883. Aall sel til Meinstad Brug, Gjerpen i 1897. I 1905 er Hans Bakke m. fl. oppført som eigar. Steffen Lønnegraf kjøper Groa i 1911 for 100 000 kr. Skjøtet Cngl. 5. 2. 512. Suben sel ein stor del av skogen til kjøpmann Stridsklev, men kjøper att denne luten i 1923-24 av Creditbanken i Skien.

Groa vert etter kvart dela i fleire luter. Mikkel og Olav K. Finsand kjøpte kring 1914-15 plassen Groa (bnr. 55). Mikkel g.m. Gunnhild, overtok seinare plassen åleine. Dei budde her til 1950.

I 1955 selde dei til Halvor Fehn, Holla.

Steffen d. 1926 og enka fekk løyve til å sitja i uskifta bu. I 1946 får døttene Anna og Gunnhild heimelsovergang på eigedomane etter foreldri, men året etter skjøtar Anna sin halvdel av Groa til syster Gunnhild Løken. (Skjøte 20. 11. 1947.) Denne delen (bnr. 5) er seinare slegent saman med Kåsi bnr. 3.

Ein annan del av Groa (bnr. 58) høyrer til Olav T. Nordbø og Astrid Lønnegraff.

Groa er gamal plass. Fleire av Liaætti budde her.

Plassane Åse, Åsesto, Kasin og Bjønnholet kom under Groa ved delingi i 1841. Åse ligg på ein ås eit stykke frå vatnet. Mikkel Tovson dør her. Han budde fyrst på Kasin. Det er ikkje så lenge sidan det budde folk i Åse.

Åsesto låg nede ved strandi og her var pråmsto for Åsefolki. I 1865-70 budde Tor og Margit Olsen i Åsesto. Åse bnr. 58 høyrer til Ragnar Løken.

Dei siste som budde i Bjønnholet var Olav og Margrete. Ho d. der i 1870 åri.

➤ BERGE gnr. 21, bnr. 1

Berge ligg høgt og fritt (400 m.o.h.) sud og opp for Bergsto. Utsynet frå Berge er meir enn vanleg. Under ligg Fjågesund med gardar og vatn og i lange augneleite ser ein mot Brankandalen og Brokefjell og Raubergnuten, ja heilt til Vehuskjerringane i Rauland.

Det var god jaktmark til Berge og det var nok ein av grunnane for busetninga her. Den gamle kløvvegen steinut og bratt, frå Bergsto til Tørdal gjekk framom garden. Denne vegen vart avløyst av ny veg i 1913.

Til garden høyrer no 200 mål utmark, 24 mål dyrka jord og 20 mål skrapslått og beite. Husi er i god synd. Stoga er frå 1872, stabburet frå 1789 og uthuset frå 1939.

Til Berge høyrde plassane Kasin, Slattekosi, Undeberg og Øverberg. No er sume attlagde og andre er eigne bruk.

Berge er ein nokså gammal gard - truleg rudd omkring år 1600. Skyldi var 1 tn. Me finn han millom øydegardane i 1647. Nokon buskap er ikkje bokførd der frå. Den første eigar av Bergeplassen er Jørgen 1649-53 «eier self». - Så kjem Gunnar (1654) «eier self» (1 tn.)

Ved folketeljingi 1664 er Tjøstolv oppsitjar 37 år med tenar Olav 12 år og husm. Torbjørn 60 år. Det heiter og i 1664 at det er Sal. Jørgen Berges arvingar som er eigalar. Men straks etter (1672) kjem Berge under Fjågesund. Steinar har først 1 tn., sidan 2/3 tn. Etter han sonen Tor g.m. Aslaug Halvorsdtr. som har både Fjågesund og Berge framover ta 1719 då Halvor Torson g.m. Barbro (Barbara) Olavsdtr. Juve i Seljord tek bustad på Berge. (Brudlaupet deira stod på Fj.sund 25. 6. 1719.)

Det er skifte etter Halvor Torson Berge 26. 1. 1726. Ei dotter Aslaug. Brt. 518 rd. Net. 455 rd. Irekna jord i Berge 1 tn. m.b. = 150 rd. I nedre Klomset 2 1/2 kvartel, 1 1/4 sett. = til rd.

Ein brukar som heiter Torvild Knutson g.m. Aslaug Kjetilsdtr., har skifte etter kona si 1711, 16. 11. Underskot i skifte - ikkje jord eller eigedom, 5 syskenborn av Sivert Østenås ætt er skrivne som arvingar i buet.

Etter Halvor Berge er død (1726) er Tor eigaren. I 1743 er han skiven for 100 rd. i reide pengar. Det er kanskje Tor Steinanson d. y. (1718-82).

Halvor Gunleikson (Heggtveit 122) får heimel på Berge (1 tn.) 1771, 28. 2. Han er gift 2 gonger (I Gunhild Taraldsdtr. II Anne Auversdtr.) Halvor drukna i Straumen ved Nes i 1782. Det er skifte etter han 26. 9.

1782. 4 born (Tor, Gunhild, Aslaug, Sove). Brt. 646 rd. Net. 515 rd. Medrekna jord i Berge 1 tn. m.b. - 500 rd. Sylv for ca. 20 rd.



[Olav E. Berge (Lone 11), Steinar Berge (Lone 21) og Jørgen O. Berge (Lone 19)]

Enka m/ born får heimel på 1 tn. i Berge 30. 10. 1782. Seinare sonen Tor Halvorson, 1791, 1. 3.

Anne g. seg att med Bjørn O. Hauge i 1787 og får sonen Halvor (f. på Berge 1788.) Bjørn og Anne flytte til Bjåland 4. 4. 1789 «for at bo» står det i huspostilen fra Fjågesund.

I 1814, 1. 11. er det søknad frå Tor Halvorson. og kona Dorthe Olavsdtr. om å få sitja i uskift bu - og dette vert tilrådd. Tor d. 1815. Per Hdvorson, Drangedal, som var g.m. Egeleiv Torsdr. overtak så Berge. Dei hadde 10 born f. Berge så nær som den yngste Marie f. 1840 på Slåttekosi, plass under Berge.

Etter 1840 ser det ut som garden kjem på handel. I 1852 heiter eigaren Gunleik Jacobsen. Så får Nicolai Schaanning tak i garden, men sel til Olav Eriksen i 1866. (Lone II) Prisen var då 4 100 spdr. Etter han overtak sonen Jørgen g.m. Gunhild Gotuholt. Jørgen d. 1916. Enka fekk skjøte (tingl. 5. 11. 1917) på garden av Tarald Kåsa, bror til Jørgen.

Olav Jørgenson Berge g.m. Ingeborg Nordgård overtak i 1938.

➤ BERGE (søndre) gnr. 21, bnr. 2

Søndre Berge er utskild frå Berge (bnr. 1) kring 1880 til Aall, Ulefoss. Storparten av Bergeskogen og plassen Slåttekosi fall til denne luten.

I åri framover var det brukarar på garden. Den første var Gunnulf Årnundson (Røvmål 82) og Anne, Sist i 1880 åri kjøpte dei Vestigard Fjågesund og flytte dit. Seinare kom Gunnulf O. Berge (frå Kilen) og Anne som brukarar.

I 1897 kjøpte Meinstad Brug, Gjerpen garden. Tarald Kåsa kjøpte garden i 1913. Han dyrka opp meir jord, vølte på husi og laga bilveg til gards.

Plassen Slåttekosi med skog vart i 1931 seld frå garden til Olav Taraldson (Holt bnr. 5.)

Det som no var att av søndre Berge vart i 1936 overdrege til Sverre Taraldson g.m. Olga Postmyr (Tørdal). Sverre dyrka opp 12 mål jord, fyllte løda og bygde nytt fjøs. Han fekk Tor Vås jorddyrkingsprernie.

Sverre kjøpte Kåsi i 1950 og flytte dit, men døydde i 1952 og enka sit no med Berge.

Søndre Berge har 18 mål dyrka jord og 1500 mål utmark. (500 mål prod. skog.)

Stoga, uthus og stabbur bygde 1884.

➤ UNDEBERG gnr. 21, bnr. 3

Undeberg var plass under Berge til 1899, 18. 9. då det vart skyldela frå bnr. 1. Steinar Olavson får heimel på eideomen etter Olav Eirikson ved skifte 17. 10. 1899. Pris kr. 1050.

Steinar var g.m. Kari Finsand. Dei sette opp nye hus, både stoge og uthus.

Døttene Dordi og Elna får tvangsausksjonskjøte på eideomen for kr. 3500 6. 1. 1935. Både Dordi og Elna har flytt frå bygdi og gården står øyde.

Plassen Slåttekosi aust for garden høyrer til. Anne og Åne Kosi budde her.

➤ BERGLAND gnr. 21, bnr. 4

Dette er gammal plass under Berge og ligg ovom Kasaskotet, høgt og fritt. Plassen heitte då Kasin.

Den fyrste ein veit budde på Kasin, var Olav Tarjeison Kleiv (f. 1820, d. 1868). Etter han broren Lars som budde her til han døydde i 1909. Så stod plassen øyde nokre år. I 1916, 7. 10. (tingl. 14. 5. 1917) vart plassen skyldela frå Berge og fekk namnet Bergland. Ei tid etter kjøpte Ingebjørg og Anne Berge bruket av bror sin Tarald Kåsa. Skjøtet tингl. 5. 11. 1917.

Ingebjørg og Anne flytte stoga og bygde på og sette opp uthusbygning. Del budde her til 1949. Då selde dei til Alf Berge. Han selde det att i 1957 til bror sin Olav Berge som eig det no.

➤ HOLT gnr. 21, bnr. 5

Holt er bureisingsbruk, utskild frå søndre Berge i 1931 då Tarald Kåsa overdrog det til sonen Olav Øygarden.

Olav g.m. Gunnhild Moen har hyst garden opp på nytt, dyrka jord og laga bilveg til garden.

Holt var plass under Berge og heitte då Slåttekosi. Mikkel Tovson og Kari (Lia 37) budde her i 1830 åri.

➤ KVITESEID gnr. 22, bnr. 1


Denne garden ber heradsnamnet og ligg vakkert til ved øvre enden av Kviteseidvatnet der vegen går over til Vrådal. Garden har vore prestegard så langt attende som segn og soge går. Gamlekyrkja ligg tett ved garden.

I 1870 vart garden sold på auksjon og kammerherre Severin Diderik Cappelen vart eigar etter staten. Den nov. eigar (frå 1932) er soneson til ovannemnde - han heiter Harald Severin Diderik Cappelen og er son av kammerherre Diderik Cappelen og Eleonore f. Løvenskiold.

Kviteseid er ein stor, fin gard med 80 mål dyrka jord og 20 mål skrapslått, og ein svært fin og stor skog, 26000 mål - skyldmark 45,41. Husi er romsame og gode. Hovudbygningen, opphavelig frå 1769, men vølt og utvida i seinare tid.

Til garden har hørt mange plassar som no delvis er attlagde: Nordskog (3 pl), Surkos, Strømstad, Lidtveit, Haugan, Dalen, Straumhaug, Kleivan, Sandvik, Snaunes, Sagabukti, Lindestad (2 pl) Desse plassar vert omtala einskildvis seinare.

Etter eit skattemanntal 1615-21 har prestegarden Kviteseid 2 tn. skyld - og i 1672 heiter det: «Eftersom den Aufling til Hofvet Prestegaarden er meget ringe oc saa godt som intet at achtc.» - Det verkar noko rart når J. L. Qvisling i omtala av Mag. Stoud (1715-26) seier om ombodet hans Kviteseid: «Det var dengang et meget vel aflagt embede. Foruden den præktige prestegaard, Kviteseid, og enkesædet, det store Kraakenæs i Vraadal, lå også flere eiendomme til.» - - -



[Kviteseid gard]

Kviteseid prestegard har hyst mange prestefolk gjennom skiftande tider. 1506 Erik (Gerika) Clauesson prest i Kviteseid, saman med fleire svorne lagrettsmenn gjer kunnig at Jarar og Aslaug Alfsdtr. har fått seg utbetala ei bot av Torkel Bjarneson for eit hogg, han har gjeve.

Hans Jakobson er prest i Kviteseid 1582. Han brukar ofte å skulka undan gudstenesta. Det året er han innkalla til provsterett i Hjartdal og lovar høgtideleg å ikkje forsønia preika. utan å stilla ein mann i staden sin.

Hans Bentzen var ettermannen hans, og var visstnok ikkje stort likare. Almugen kom med ymse klagemål på han, og i 1590, 16. 5. vart han suspendert av Axel Gyldenstjerne og Jens Nilsen til han får reinvaske seg for klagemåli.

I 1597 heier det at Jens Jakobsen, Kviteseidpresten, er gamal og sjukleg og i hans stad vært hrr. Kristen innsett. 1602: Christen Olfssøn Guds ords Tiener i Hvidesø, (sjå Brekke).

Peder Povlsen Paus g.m. Johanne Madsdtr. kom til Kviteseid frå Vinje i 1633. Han var der i 20 år til sin død 1653. Enka vart g. att med ettermannen Åmund Morland som hadde ombodet til 1700. Dotteri Susanne Åmundsdtr. vart så gift med Hans Paulson Paus ein soneson åt fyrrn. Peder Paus, som var sokneprest i Kviteseid 1700-1715. Susanne budde som enke på Kråkenes i mange år, «nyder skattefritt 2 tønder i Kragenæs» (1725). Ho døydde på Neset 1747. Ettermannen vart Otto Stoud - vel den mest omtala prest i Kviteseid. Jfr. J. L. Qvisling.

I dei 10 åri han var prest, hadde hart 10 prosessar med almugen. Det enda med at han vart avsett. Biskop Nyrop korn til Kviteseid 22. 7. 1722 «Den dag og paafølgende dage gjorde jeg mig alleryders flid, hvorledes en saadan helvedes ild kunde vorde dempet.» - Tormod Utsund, Torbjørn Opsund og Kjetil Uppgarden er hovudklagarane, saman med futen Schweder.

Stoud suspendert 1725 og Lauritz Qvisling vikariera. Han var den gongen kaldskapelan i Fyresdal. Dom 19. 10. 1726 - embetsfortabelse m.m. Stoud anka saki, men døde i Kjøbenhavn fyrr dom fall. (1. 1. 1731 - 55 år.) Almugen fekk svie i denne saki - dei fekk store sakskostnader å reia ut - 1304 rd. 22 skill. - Kona av Stoud, Ingeborg Biermann budde i Kviteseid ei tid etter mannen var død - truleg på Kråkenes.

Presten Stoud hadde vori hard med henne også, jaga ho ut så ho laut sitja under ei gran heile natt i eit par gonger. - Borni hennar kom seg godt fram. (Hans Jakob prest på St. Croix i Vestindia, Ludvig prest på Møen i Danmark.)

Stoud sin ettermann på Kviteseid, Hans Jakob Bloch - var provst 1746-54. Kongen utnemnde han fordi han hadde så fagert skjegg. Han lika seg ikkje - men det gjekk betre enn venta og han kom til å stå høgt i vyrdnad. Det gjekk segner om at han kunne meir enn sitt fadervår.

Ved giftarmålet med Marine Sofie Knutsdtr. «Rebslagers datter» frå Kristiansand, vart han ein rik mann. - Ei dotter Anne Marie g.m. provst Wille i Seljord.

Sjå meir om presten Bloch u/Langelid (gnr. 37.) Johannes Brockmann var Blochs ettermann. Etter oppgåve frå nov. sokneprest Bjørgum. hadde han ombodet berre 2 år, (d. 1756).

Niels Windfeld vart hans ettermann - først som kaldskapelan og sidan fast innsett. Han verka i Kviteseid over 40 år, og døydde her 23. 6. 1810.

Jens Zetlitz «glædens muntre sanger» overtok kallet same år - og verka her i 10 år til 1820. Her i prestegarden var i hans tid mang ei «oppørmt» samkome med dei mest opplyste Kviteseidfolk. Søger etter Zetlitz er mange og kjem vel til å leva i bygdi i lange tider.

Både Windfeld og Zetlitz har fått sine monument på Kviteseid gamle kyrkjegard.

I tur og orden kom fylgjande prestar Fredrich Lund (1821-27), Peter Harboe Castberg (1827-33), Magnus Brostrup Landstad (1834-39), Christian Høy (1840-48), Halvor O. Folkestad (1849-59), Halvor Østenstad Hansen (1860-til), Knud Olaus Knudsen (1861-67k Jon Moses (1867-80).

Moses var den siste i denne gamle prestegarden, for i 1869, 16. 10. vart Moen gnr. 33, bnr. 1 innkjøpt til prestegard.

Kviteseid gard vart sold på offentleg auksjon 28. 6. 1870 for 17050 spdr. til jernverkseigar Severin Didrik Cappelen, (tingl. skjøte 30. 9. same år).

Som forpaktar vart i 1871 tilsett Johannes Sørensen og kona Johanne, (innfl. frå Holla).

Johannes døydde 1884 (36 år) og enka gift att med Bjørn Halvorson Lidtveit. Dei var brukarar av Kviteseid til 1907 då sonen Karl Johannesson overtok styren her. (g. I Gunhild Tarjeisdtr. Kråkenes d. 1917, II Liv Jonsdtr. Haland). Karl var ein fink skogskar og gardbrukar og ein ivrig veidemann. Han skaut jamvel bjørn.

I 1944 slutta han som forpaktar og sonen hans, Johannes g.m. Astrid O. Sundet heldt fram i same yrket som far og bestefar. Noverande brukar er Einar Ståland g.m. Marie Karlsdtr.

Brukaren held til i drengstoga, som skal vera 400 år, men innattbygt og vølt i 1880. Stabburet har eit eige lag - gamalt - utan årstal og med 2 dynnar inn på langveggen. Stallen er timra av breie vegger og har årstalet 1785. Hovudbygningen skal vera frå 1769 - oppbygt etter brannen, truleg 1754. (Då byrjar kyrkjebøkene for Kviteseid.)

Kammerherre Cappelen har jort ymse forandringer - elles er bygningen stort sett halden i si opphaveleg form. I boki «Det var engang» side 7, står eit bilete av Kviteseid kyrkje og prestegard etter Skillingsmagasinet 1844. (Forlagt av Arthur Rosen A/S, Oslo 1944.)

Nordskog u/Kviteseid.

Omlag 3 km nord for Kviteseid på vestsida av Straumane ligg Nordskog. Det er 3 plassar. Uppistog, Nidstog og Nigard. Dei 2 fyrstnemnde ligg tun i tun høgt oppi vesthalli nokså baksølt og sollaust. Husi på alle bruksi er i toleleg bra stand. Mgard Nordskog har den største dyrka jordvidde og største fødsle.

Uppistog Nordskog skal vera rudit omkr. 1640 av ein «Ole Jansen Snedker». Ei dotter Maren g.m. Bjørgulv Kjetilson heldt fram som husmenner på plassen. Husestaden låg litt lenger aust og ned den tid. Kjetil Bjørgulvson g.m. enke Magdalena (Makna) Søfrinsdtr. var bruksfolk i Mag. Stoud si tid. Kjetil hadde tilnamnet «Stut». Han var ein stridbar mann og låg i saker med presten tadt og ofte. Ein dom Kjetil fekk av Oberhoffretten 14. 5. 1721 lydde på 30 rd. og er framme på Groven tingstoge 3. 3. 1728. Mag. Stoud gjer forlik og ettergjev han boti. Ei grov slagsmålsak og herverk er oppe på tinget att 18. 6. 1731. Kjetil Bjørgulvson og Dordisønene (av finsk ætt) Jørgen, Trond og Johannes har yppa strid. Kjetil hadde gøynt seg i buret, men brørne kom og slo sund dynni og braut seg inn. Kjetil hadde også i hende og låg under på

marki og slo med den og råka Jørgen Åsmundson i hovudet anten med hamar eller egg, seier vitnet Søren Jenssen (lang sak). Dom: 60 rd. i bot til Kjetil eller straff om ikke boti vert greidd. Johannes og Jørgen får tvangsarbeid 1 ½ år på Vold eller Fossum jernverk. Trond var soldat og «henvises til regimentet».

Del som bur på øvre Nordskog i dag har lange ætterø

gamle Anne her f. 28. I. 1869 og sonekona Anne Olavsdtr. (Rui 151) som og er enke. - Gamle Anne er svært kvik for sin høge alder. Ho reksta opp etter minnet hede Straumanvisa for meg. Til å hjelpe på minnet song ho versi. Det var bror hennar Andres f. 1864 som ha skrive visa. Ein annan bror Samuel f. 1876 hadde laga mange fleire dikt.

«Om Strauman denne visa
sko dreia seg so smått
der ser du bratte Skreun
og Grøntorvfjøll so blått.
I dette sørnste fjellet
ligg røsens pengeskrin
tri steinar ligg der uppi
og bort i nuten skin.»

Lidtveit.

Oppå ein bratt bakke med flatt tun sud for Strømstad ligg Lidtveit. Plassen er rudd av Jon Kjetilson. (Kosi 20) Feste 26. 8. 1820 frå Zetlitz. Leige 3 spdr. og pliktarbeid mot løn. 12 skilling dagen eller på akkord 8 skill. målet for slått og 24 skill. for skurd. Jon flutte til Lindestad i 1867.

Feste 6. 2. 1867 frå presten Knud Olaus Knudsen til Halvor Bjørnson (Røymål 40) g.m. Margrete Kristensdtr. Leiga er sett til 6 spdr. med ei dagløn av 10 skill. dagen eller 8 skill. målet for slått og 24 skill. målet for skurd. Halvor d. 1910. Margrete 1928.

Den yngste av borni Karl f. 1887 bur no åleine her.

Strømstad.

Ein fin plass i same grenni som Nordskog og Surkos like ved Strauman. Husi er godt vyrdsla. Plassen er gamal. Klokkar Aksenius og Hæge Pålsen budde her i 1790 åri.

I 1801 bur Anders Person og Bergit Johannesdtr. der. 38 og 44 år med Bergit 15 og Per 5 år. Anders var bygdediktar. (Sjå Rikard Berge: Anders Meinstad og Anders Strømstad. Erik St. Nilssen 1912.) Dotteri Bergit f. 1786 var ei livsglad gjente etter som støvet lyder:

Å er du spilemann so bli du henta
te Birgit Strømstad den fine gjenta,
der fær du kaffi å brennevin
å kvilenøyte te soli skin.⁸

Andres d. på Svømstad 1836 og kona hans 1827. Sonen Per g.m. Hæge Kjetilsdtr. sit som husmann her etter faren. Han døydde på Strømstad 1857. (Homman 17.)

Med andre kona Barbro Jonsdtr. hadde Per 2 born. Hæge g.m. Samuel Andersen Nordskog. Bergit g.m. Tarjei Ånundson frå Froland. Desse siste budde på Strømstad 1857-1893. Bergit d. 1890 og Tarjei til U.S.A. m/3 born 1893.

No bur ungkar Olav Olavson her.

Sandvik.

Berre eit lite stykke utom Kviteseid gamle kyrkje ligg denne plassen lognt og bortgøymt under ei bratt skoglid. Timmerrenna som i 1843-44 vart bygt av Gunnar Tarjeison som åtte halve Roholt, og Ivar Sv. Veum som åtte noko av Kviteseid skog, og handelsbetjent i Skien Hans Hofgaard, for å lette «transporten av tømmer fra Nisser over Kviteseidheien til Kviteseidvandet» - kom ned ende ved Sandvik. (Transporten slutta 1863.)

Plassen ikkje nemnd i 1801.

I 1871 kom lærar Gunleik Eilevson til Sandvik frå Bukkøy. Ætti hans var frå Øyfjell.

Lensmann i Kviteseid, Eilev Laurentius Sandvik (d. 1947) vokt opp her på denne plassen. Gunleik d. på Sandvik 1913 og både konene hans - den siste 1930 (sjå Sandvik s. 522).

Ein Kjetil Kjetilson (Hurrong 120) kom så som husmann og etter han Hans Nilsson Lindestad.

Den noverande leiglending her er Såmund Kjetilson Snaunes g.m. Gunhild Jensdtr. Straume, (Storlid 123). Dei kom her i 1939.

Såmund har vori ein sers flink skogskar i over 50 år - og fekk i 1958 Kongens fortjenstmedalje for skogsarbeid. Han er framleis i skogsarbeid.

⁸ Ad Stronistad: I kyrkjeboki for Kviteseid 1817. Bergit Strømstad eit gjentebarn til dåpen kalla Ingebjørg, som barnefar oppgjeven Tore Landerud, Nissedal.

Lindestad.

Ein gamal bustad, langt ut på strandi og byter med Vigdeil som høyrer under Fjågesund. Ved folketelj. 1801 bur husmann Såmund Olavson 50 år og kona Aslaug Tovsdtr. her (Hurrong 55) 5 born. Sonen Olav bur her 1806 og sidan Tov Såmundson og Gunhild Kjetilsdtr. Han d. på Lindestad 1841, ho same stad 1858. Sonen att Kjetil Tovson og Bergit Mathiasdtr. har 8 born alle f. Lindestad - dette er besteforeldri til lærar Eivind Såmundson Straume i Helgen.

Der har vori 2 Lindestadplassar ei tid, men no er nordre Lindestad huslaust vorte. Sist budde Kjetil og Torbjørg der i 1920 åri.

Søndre Lindestad vart attlagt i 1940 åri. Olav Nykos, Kilen, sette punktum her. - Men ikkje utruleg om desse plassar vert opphyste att når no eingong Fjågesundvegen vert ein røyndom.

NB. Etternemnde plassar under Kviteseid gard, får eg berre rekna opp - då sume er attlagde.

Sagabukti attlagt for 50 år sidan (Tov Kj. Snaunes).

Snaunes nov. leiglending Knut H. Bakkan og Hæge Straumsnes.

Straumhaug nov. leiglending Håkon Surkos (enkemann).

Dalen attlagd i 1870 åri, no tilplanta med skog.

Haugan nov. leiglending Kristoffer Torjusson Karlsrud.

Smeodden attlagd i 1880 åri - Knut og Asgjerd til U.S.A.

Petarskos attlagd (ingen minnest folk der).

Kleivan attlagd i 1870 åri (Andres Lindestad, sonen Nils f. der).

➤ NESET gnr. 23, bnr. 1

Garden ligg på vestsida av Sundkilen midt for Sundebru, på eit nes med ein låg åsvig som vargard mot nordanveret. Ein sermerkt bondegard med mange hus - dei fleste gamle. Stoga skal opphaveleg vera frå 1550, stabbur 1771 og uthusi frå 1800.

Det er gamal ættegard frå 1750 og har hyst mange kjende menn gjennom 200 år.

Eigedomen har 60 mål dyrka jord, 19 mål utruster og 300 mål utmark.

Noko av gamlesoga.

Neset var i 1647 berre ein øydegard med 1 tn. skyld – 1 ½ daler. Nes m/Brakandalen vert det nemnt 1672. Buskap 1657: 1 hest, 3 kyr og 10 sauher og lam.



[Neset]

Olav (Olluf) er på Neset i 1609-20. Litt seinare Nils «øydegaardsmand» og Geirmund «forarmet» (1627-41). Jon betalar koppskatt 1645. Ved manntalet 1661 og folketelj. 1664 er Aslak oppsitjar 28 år med dreng Lavrants 17 år. Dette er visst Aslak Fossheim i Bø som eig garden 1660-80. Denne Aslak Nes eig dessutan Bygstøyl (½ tn.), Vrå (½ tn.) og Kvålsodd 1 ½ tn. - Ymse brukarar er nemnde fram til 1700. Johan, Jon, Guri, Helge, Gunleik, Jens, Peder, Hrr. Hans Paus (1697-04). I 1720-54 Mad. Susanne. Sal.

hrr. Hans Paus 1 tn. i Neset. Dette er prestefrua dotter åt Åmund Morland og kona åt Kviteseidpresten, (d. på Neset 1747).

I 1751 har mad. Ellen Paus, Neset. Ho var kona åt Christen Paus lensmann i Kviteseid og budde på Groven. Han lensm. etter Eivind Helgeson Midtsund frå 1721

Johannes Knutson får heimel på Neset 1763, 15, 12. (1 tn.) - men så i 1776 får Christopher Jensen Blom heimel på Neset (29. 5. 76). Han d. på Neset 1812 og enka Anlaug O. Askje sit med garden til ikr. 1817 då sonen Ole Blom (1784-1846) g.m. Anne Torbj.dtr. Oppsund overtek garden. (Ole fluttet frå Vråliesen til Neset 1817.)

Ole Blom var ein gåverik og pennefør mann, og var ordførar og stortingsmann. Han har leivt etter seg ei dagbok som syner korleis folkelivet ovra seg i Kviteseid i hans omgangskrins. Det var mykje «svir og rangel» allvisst i høgtidene. (Sjå J. L Qvisling: Spredte bidrag til øvre Teleinarkens historie 1908.)

Ole Blom dreiv godt opp garden. I 1819 var det eit sers godt år, då avla han 200 tn. poteter på Neset - etter 16-17 tn. sæde. Potetene vart mykje nytta til å brenne brennevin av. I same rennet han nemner denne rike grøda, seier han «Zetlitz lever vel og savner nu ikke dramme.» - Dagboki hans sluttar i 1830. Den 14. februar var det dans på Neset til kl. 5 om morgonen og Myllarguten spela og 60 menneske dansa, fortel Ole Blom - Ole d. på Neset 1846 og kona hans Anne f. Oppsund d. same stad 1870.



[Anne Blom (Oppsund 25)]

Christopher Olsen Blom (1808-77) g.m. Susanne R. Bakka hadde så Neset. Han var lensmann.

I eit forhøy på Runningen i Åsgrend, hadde Ole Bjørnson ærekrenkt så følt Christopher. Han var då berre 16 år. (28. 8. 1824.) I klagat heiter det «I hint forhør faldt kirkesanger Ole Bjørnsen ind at tillegge mig flere sårende og ærekrenkende beskyldninger bl.a. dermed at jeg hadde «ingen ære at miste.»

Blom ha sakf. D. Hielm, Skien til å fora saki. I prosedyren som var mykje omstendeleig gjeld det å tolke denne setning «ingen ære at miste». Sakføraren fekk det til at Ole hadde meint at 16 åringen var ærelaus. - «at indstevnte bestandig smiler og ler er en sandhed - men derfor spørger han ikke bestandig især når han er opbragt - thi ogsaa da ler han» - og vidare «og skrevet står om Nilstrømmens indbygger: Naar Chrokodillen ynksomt græder, den aller sværest folk opæder.»

Påstand om 70 spd, 4 mark og 23 skilling å betala for Ole Bjørnson - i forlegget medteke reiseutloger til 19 mil reise for sakforaren. Korleis utfallet vart skal vera usagt - - -

Lensmann Chr. O. Blom budde på Utsund 1832-46 og fluttet så til Neset då far hans var død. Han døydde der 1877 og kona 1891. Sonen Christopher Christophersen (1844-1906) g.m. Gunhild Hansdtr. (Lundevall 118) var dei siste av denne ætti som hadde Neset. (Barnlause G. d. 1933.)

Det vert Gunnar Karenius (1864-1950) g.m. Gunhild Kjetilsdtr. (Grå 421) som vert eigar av Neset frå ikr. 1905. Han var son åt Olaus Svenkesen og var ein kjend. bikethoggar. (Welhaven og Helhesten m.a.)

Noverande eigar er dotteri Sigrid Hege g.m. Ingvald Mjør (Hadeland) 1947.

Eit stort atelier er bygt på Neset av prof. Gunnar Utsond ikr. 1929. Her er no samla dei fleste modellar av skulpturane hans.

Ad Neset.

10. 5. 1759. Synfaring av garden då madame Dorthea hrr. Hans Christen Pausis skal flytte til Bornholm til hennar mann «som der nødt Maria Kald».

Leiglending Jon Andersen overtatar. Omstendeleig skriving om husi, lås for dører og kjellarlem etc.

Det er ikkje småtteri leiglendingen måtte ta på seg. Rydde på Bukkøy, rydde ein ny staule i Kvæven - og byggje sel og forbetra garden og staulane. Skogen må ikkje rørast. «På disse conditioner efter sin mands løfte, tilsagde madam Paus, Jon Andersen gaardens brug.»

Den gamle tingstoga står på tunet med fleire rom i 2 høgder. Eit lite rom i andre høgdi var arrest. Segn om at Ole Høiland sat fanga her. Jfr. visa «Lensmann på Nes bad meg inn i sitt hus, so læste han att dynni å sjav gjekk han ut.» - Her innreidde professoren 2 rom til atelier fyrr han bygde det nye oppi Nesåsen.

Brenneridalen, eit namn på eit dalsøkk sud på jordet. Her var bygt eit hus som vart nytta til brennevinsbrenning den tid Ole Blom var her. Bestemor av nov. eigar kunne minnast at bygdefolket var hit og brende til jol. Dei måtte ha mannen hennar, Jorgen. Blikom, til å hjelpe seg med dette arbeidet, for han var stø og drakk ikkje.

Spjotsodd.


Eit fjellut og skarut langt nes går i nordsud leid med Sundkilen på austre kant og Straumane på vestre. Det endar lengst ute ved Spjotsodden. Høgste fjellet på dette neset er Buktfjell, (419 m). Elles merker me oss den sylkvasse Geitarnetten vest for garden Neset og Grøntorvfjellet midt overfor Nordskog.

Over Spjotsodd har vori stor ferdsel alle tider frå Kviteseid og bygdene austanfor mot Vrådal og Vestbygdene. Med pråmar og flotar kom dei seg over Sundkilen og likeins over Straumane, fyrr Sundebru vart bygt og brui over Straumane.



[Spjotsodd]

Når det gjeld fergestaden Spjotsodd så veit me at det har vori ei fast ordning her i næsten 200 år. I ein søknad fra eigaren av Neset, Johannes Knutson 28. 2. 1763, vert det halde fram kor naudsynt det er med ein fast fergemann ved «Spiosodden». Søknaden vert stetta aret etter. Mot ei avgift av 2 daler årleg til «Vaares Casse» skriv amtmann Adler, får Johannes denne transporten av kyrkjefolket etc. Han har å halde alt i stand til «befordingen» og taksten er 1 - ein - skilling pro persona. For hest og mann 2 skilling. (in fidem, til vitterlighet) N. Langstad).



[Kyrkjefolki på heimveg]

Då Chr. Blom har vorte eigar av Neset 1776, får han ny «bevilling» på denne ferdsla, (16. 9. 1779) og i 1812, 4. 8, sonen Paul Chr. Blom. No er prisen høgda. 1-2 personar 4 skill. Fleire i gongen 2 skilling kvar. Hest og mann 8 skilling, ku 6 skilling (eller 6 sau). For fleire dyr $\frac{1}{2}$ pris.

Knut Aslakson har denne ferdsla i 1835 med ei avgift 25 spdr. årleg - overteke etter Ole Blom.

Etter det er Neset som har denne ferdsla gjeld nok transporten over både sundi.

I 1857 vert det fyrste gong ytt av det offentlege til ny ferge - 30 spdr. (Amtsform.skapet i Skien 14. 7. 1857.)

Spjotsodd var eit midtpunkt for ferdslig på fjordane vinter som sumar. Her la pråmane inn på uttur og heimtur frå byen, og vintersdag, kom hesteskyss i rad og rekke. Her var brennevinsal og lossement å få. Ikke alt gjekk så fredleg og lovleg for seg alltid. Her var det Ånon Vå kasta ut ein heil gjeng etter dei hadde vori alt for nærsøkne med han og snørbatt hudskone hans.

I 1887 kjøpte Lars Larsen fra Värmland, Spjotsodd. (Larsen 1.)

Han koste opp ein stor hovudbygning med 11 rom (16 x 9), Mikkel J. Kleivstaul var byggmeister. (Alt kosta 1500 kr. - derav timmer frå Skarprudskogen 500 kr.) I ein gamal bygning som no er riven, opna Larsen landhandel i 1890 åri. Han var fast fergemann og ekspeditør for båtane til 1925 då Lars - einaste sonen og nesteldste av 6 syskin overtok.

I 1906 vart det fast brevhushus på Spjotsodd, men ikr. 1914 utvida til posthus med tilhald på Setflot.

1885: O. Jensen, Spjotsodd og Åste Olsdtr. til U.S.A. (5 born).

➤ BRAKANDALEN gnr. 23, bnr. 2

Dette er ein gammal gard seier segna, men attlagd lenge sidan. Det er ei stygg villmark på austsida av Kviteseidfjorden med Brakandalfjellet som ein utrenning mot sud av sjølve Brokefjell.

I ættesagaer og sagn s. 72, har Landstad eit stykke om Fjågesundkjempa Harde Stein (kanskje Steinar Roarson som vitnar i ei sak 1402 – Kilen-Østenå). Steinar drep Jon Brakandalen av misunning for Jon hadde flinkare tråvar på kyrkjeveg. Øksi hans Steinar song og klang når ho varsla nye manndråp.

Brakandalen hørde inn under Neset 1672. Sak om Brakandalen 3. 10. 1694 mellom Hans P. Paus og Tollef Tvedten. Presten meiner at Brakandalen m/Lunden sæter (Lindalen?) hører til Neset. «Mands ord og mands ære» heiter det - men Tollef med sitt exempel vil frå gå sine ord «og i igjentage sin haand», - lang, flokut sak).

10. 5. 1759 ved synfaring av Næs m/Brakandalen. Der står 2 sel, det eine kan bli ha når det bli oppvege og tukt, men det andre er rote og til ingi nytte.

I Brakandalfjellet er Riselåmi to smale dalar frå fjellet og ned. Risen datt nede ved Brankandalen. I hola etter baken ligg tjønni.

I 1889 er det brukseigar D. Cappelen som eig Brakandalen og Bukkøy, skyldmark 15,00. Same eigar er det i 1905.

Bukkøy i Kviteseidfjorden er ca. 450 mål. Her låg plassen Bukkøy - no nedlagd med heller skrale hus. Sist budde Halvor og Kari her i 1930, (sjå Smeland u/Holtan) Kristoffer Karlsrud budde her og ei stund.

Sokneprest Hans Paus (d. 1715) skrev visa: «Fru Anne på Borgestad» og fekk Bukkøy i skaldeløn av henne. (Anne von Arnold f. Andersen var eigar av Ulefoss sagbruk.)

Sorgenfri. Ein liten plass mellom Spjotsodd og Sundebrui. Namn etter at her var det lystig i gamal tid med fyll og gøy. Etter at dei hadde opna «krana» på Spjotsodd og fått seg ein støyt, var dei på heimvegen innom Sorgenfri - som og vart kalla «Fyll på», fortalte ein mann meg.

No er det opphyst av nyom og skogstyraren av Cappelen bur her. I nærleiken er reist feire bygg på leigetomter m.a. har Gunnar E. Skarprud d.y. og Trygve og Sverre A. Snaunes bygt seg hus like ved vegen.

Setflót. Litt nordom Spjotsodd inni ei liti vik ved Strauman ligg denne vesle plassen som har hørt under Neset.

Her budde Erik Erikson innfl. fra Nes på Romerike. Han kom i fylge med Jens Christian Smith Albrechtsen 1835. (19 år gammal) (Sann l.) Han var først «skogforvalter» for Cappelen i skogane hans i Vrådal. (Heia m.m.) Eingong var han med på andejakt og Cappelen skaut på han med hagl. Som vederlag fekk han leige plassen for ei svært billig leige - kroner omgjort til øre, seier segni. (Nemnt på 11 øre året.)

Erik gift 2 gonger (I Aslaug Tarjeisdtr. II Gunhild Stålesdtr. (Haugen u/Roeid 34.) Båe døydde på Setflót, (han 1906, Gunhild 1890).

Posthuset for krinsen ligg på Setflót. Hanna Bjørnsdtr. g.m. Hans Lindestad har posthuset.

Skulehuset bygt straks etter 1910 ligg og her. Krinsen no nedlagt. Sist var Hallvard Lid lærar. Rikard Berge var og lærar her.

➤ SKARPRUD gnr. 24

Der Bandak smalnar av og blir til straum ligg Skarprudgardane i solsida på ein grusrygg under Skarprudnuten. På andre sida Straumen mot sud og vest, ris det skogkledde og skarute Hurrongfjellet og stengjer for soli i 6 veker høgaste vintersdag. Ondålmålnuten ris høgaist av toppane. Når soli var rett over den nuten, var det Ondålmål. Då var klokka tri og alle visste det var matmål.

Etter delingi i 1833 er det to Skarprudgardar, nordre og sondre. Søndre Skarprud (bnr. 2) er hovudbolet og har ikring 25 mål innmark, (18 mål dyrka) 7-800 mål produktiv skog og 2-3000 mål hei. Nordre Skarprud har omlag same storleik. Søndre Bukti som seinare vart dela frå har oml. 1200 mål skog. Skarprud var såleis ein heller stor gard fyri delingi.

Skarprud-namnet tyder seg sjolv. Jordi er skarp i denne garden. Namnet tyder elles på at garden er rudd i 11-1200 talet. Men truleg er at det gode fisket i Straumen har gjort at det har budt folk meir eller mindre fast lenger attende. Då vegen til Bukti vart bygd i 1951, fann dei slagg og rester av bål over ein meter nede i jordi.



[Johannes Skarprud (Moen-Skarprud 106), Aslaug og Tor Skarprud (Moen-Skarprud 124)]

I gåttetidi om hausten gjekk fisken godt på, serleg i «Gåtterenna» og «Dynekilen». Båe desse fiskeplassane vart attfylde då Straumen vart oppmudra for båtferdsla. I Straumen kan ein enno sjå rester av den store Jakopshella som vart sundspreng då dei mudra. Korleis hella fekk namn, veit ingen no.

I Kleivdal finn ein namn som Samuelskos og Endreskos. Det er nok gamle rugkosir. Namn som Jonsokfloti, Kyrkjestoi og Tjøruhjellen tyder seg sjølve og er lett skynelege. Nordover mot Kasnes finn ein Kjerringsteinen og Bjønnesteinen og i Kasnes er Krempkjerringi, ein stor heller laga av to kjempestore steinar. Alle desse namni gøymer nok soger. Nordom Kasnes i Halvfarodden tett ved strandkanten, er Futholet. Det gufsar kaldt her sumarsdag og gamlefuten Florentz fekk lov å gøyma kjøt her, og så feste namnet seg. Dette holet seiest gå gjennom fjellet og kjem att i Heddarshaugen ved Sinnes i Vrådal. Ei bikkje jaga ein hare inn i holet og kom att i Vrådal klaka på eine sida og brunbrend på andre, seier segni. Her i Halvfarodden møter ein «Urði srnå». Ei kjempeurd med små og stor Stein og halve mili lang. Øvst i urði stig St. Olavs skip tydeleg fram mot himmelsynet når ein ror nord langs strandi.

Det var stor hei til Skarprud. Heilt frå høgaste Roholtfjell og frampå Nordskogskredune og frå Kartarfuru og til Hjulfuru og fram mot Hurrong. Litt sudaust for Varden på Roholtfjellet, ligg St. Olavs drift, ei stor mengd vandreblokkar. Den største er Uksen.

I heii ligg staulane Skredstaul, Hytta og Bekkjkrokan. På Hytta stod enda Steinar Åmundson slik ote med bjørnen. Bjørnen tok på Steinar og han hadde berre ei slåte å verja seg med. Men kjempekar som han var, fekk han bjørnen på flog. Uppklora og blodut sette Steinar heimatt og henta langrifia si og leita lenge etter bjørnen utan å ráke han att.

Når buskapen var framfødd og den store snøfonni i Nerisdal under Ondålmålnuten var tåna, flute dei til heiars med smått og stort frå Skarprud. Over Straumen måtte dei ro dyri og Busto heiter det den dag i dag på kvar side av Straumen der dei rodde frå og til. Midtveges i dei bratte Hurrongkleivane er Sessin, ei stor helle lagt til kvilesæte. Mange har gjennom år og dag rita namnet sitt inn her.

Toråi som kjem frå Trytetjørinane og renn ned på Høysvev vart nok tidleg teki i bruk til draga kvenni. Seinare kom det og sag. Heilt fram til 1900 talet var sagi i bruk.

Storparten av slåttelandet på Skarprud, var skrap, her som annan stad. Dei rekna slåtten i teigar på 12 mål. Dei aller beste slåttekarane greidde halvteigen på dagen, men då var nok dagen lang.

Til søndre Skarprud høyrde desse slåttene: Kasnes 2 ½ teig, Berge 1 ½ teig, Midtbøen 2, Styggedal 1, Høysvev 2 og Åbø 1 ½ teig. Til dette kom så slåtten av staular og myrar på hei og utrustir kring jordet heime. Og så var det lauvingi. Det var vanleg med 5-6000 kjerv kvart år, det. Det trøngs å ha mange arbeidskarar til alt dette.

Til nordre Skarprud vart lagt Simonbølet, ei slåtte på 7 teiger. Denne gode slåtta som låg rett mot garden på andre sida Straumen, var nok ein av grunnane til at Åmund som valde gardpart først, tok den nordre.

Den gamle husestaden var omlag der husi på søndre Skarprud no står. Det er funne merke etter to eldre tufter, ei sør og ei nordom stoga. Der nord låg endå gøymd ei stor dørhelle under grasroti då dei jamna ut

tufti. Då dei dela garden i 1833, vart stoga flytt til nordre garden, og Johannes som fekk hovudbolet, laut byggja ny⁹. I 1904 vart denne stoga bygd på og fekk svalgang oppe og nede.

I tunet på Skarprud hadde det i uminnelege tider stade ein smal, høg stein med ringar til å binda hestar i. Denne tunsteinen heldt dei mykje gjæv. I Johannes Steinarsons tid vart han likevel flytt til Nordgarden i Lundevallsrendi av Torjus og sett opp i tunet det. Det var endå ein jolefta og det er ei sers soge om denne flytingi. Seinare skal steinen ha kome med i fjøsmuren på Nordgarden.

Det fyrste me høyrer om Skarprud er at brukaren i 1593 heiter Laurits. I 1609-20 er det Hølje.

Eilev Syftestad. eig garden i 1611-29. Etter han Bjørgulf Syftestad 1629-60 og Kjetil Syftestad 1661-68.

Åmund er nemnd brukar i 1645. Det er nok ætti hans som fyrst som brukarar og seinare som eigarar, har sete med garden.

I 1647 vart Skarprud rekna øydegard med skyld 1 ½ tn. 1 ½ daler og med den merknad: «en liden ringe plads - for høit sat i skyld».

Buskapen i 1657 var 1 hest, 6 naut, 16 sauher og lam og 3 geiter.

Ved folketeljingi i 1664 heitte brukaren Åmund (50 år) med sonen Knut 26 år, og tenar Jens 20 år.

Olav Skarprud (Skarprud 1) og sonen Aslak kjem no som sjølveigarar frå 1670 åri. Aslak er det skifte etter i 1714. Han hadde vore gift med Kari Åmundsdotter. (d. 1709) Dei har hatt 7 born som alle er gifte. Olav, den eldste, er det skifte etter i 1730. (8 born) Brt. 372 rd. Net. 159 rd. Medrekna jord i Skarprud 1 ½ tn. 250 rd. Sonen Tor g.m. Tone Jakobsdtr. overtek etter faren. I hans tid er det skogbrann øyder skogen sudom plassen Berge og Tor stemner husmannen sin Knut Berge til å stå til rette for skaden. (Sjå under plassen Berge.)

I 1734 er det åstadsak millom Tor Skarprud og Steinar Utbøen om eigedomsretten til Lindevigen i Bandaksøy. Året etter ny sak, no om Kaslenes stølen. Steinar meiner både desse har hørt til Utbøen.

Det er Hermann Leopoldus, Ulefoss som er største luteigar til Skarprud på denne tid. Utgangen på sakene vart at Tor vann.

I 1735 vart det skote 8 bjørnar i Kviteseid. Tor er ein av skyttarane og får sine 2 rd. i skotpengar i Groven tingstoge.

Etter Tor er det skifte i 1753. (6 born) Net. 55 rd. Medrekna jord i Skarprud 1 ½ tn. 290 rd. Enka tek bustad på plassen Berge.

Eldste sonen, Åmund, har så garden framover til 1786 då syster hans, Kari g.m. Åmund Steinanson Utbøen overtek. (Moen-Skarprud 58) Åmund. g. II med Gunhild Åmundsdtr. brordotter åt fyrste kona. Sonen deira, Steinar får heimel på noko av garden i 1794. (9/16 tn.)

I 1802 er det tri eigarar til garden. Det er Åmund Steinanson og sonen Steinar med kvar velså 5 settong, og Knut Vernson med 3 ¾ settong. (Skifte etter Knut i 1808.)

I 1821 har Steinar mesteparten av skyldi med 1 tn. 3 7/8 settong. Bomhoff har 2 1/8 sett.

Garden vart som nemnt dela i 1833 millom 2 av sønene åt Steinar. Skjøte hadde dei fått året før med faren levde. Åmund, den eldste, valde nordre luten. Dei dela husi også. Åmund skulle hatt eldhuset med seg, men korleis det no var så fekk han stoga. Elles fekk han løda, eit bur og eine stallen. Johannes som fekk hovudbølet, måtte byggja nytt i staden for husni som vart fluttet.

Jord og skog vart dela slik som no det er, dertil fekk nordre Skarprud delane i Meinstad og Hove og Gråndalen. Søndre Skarprud fekk Bukti, Kvæven og Gulløy.

Åmund vart ikkje lenge buande på nordre Skarprud, men flyt frå omkring 1840. Før han flyt sel han Gråndalen, Meinstad og Hove til Johannes. I 1847 sel Johannes desse delane til Ole Kjetilson Nordskog som var g.m. Torhild syster hans. Dei får og kjøpte Gulløy, Kvæven og eit stykke på andre sida Straumen. Alt i alt 2/9 av det Johannes hadde. Tidlegare hadde Ole kjøpt søndre Bukti med litt skog til.

Ole og Torhild budde bare ei stutt tid i Bukti. Framover åri kom denne eigedomen til å gå i mange handlar. Sist på 1800 talet kjøpte Jørgen Eikland, Olav E. Donstad, Olav E. Bygland og Halvor Berge det. Dei sel det i 1900 til Torkild Rui og Torje Lindstøl. (Skjøte tingl. 17. 9. 1900. Kjøpesum kr. 8800,-) No er det Toralf Lindstøl og systeri Margit som eig Bukti. Toralf overtok Gulløy i 1953.

Johannes var ein kry mann og full av påhit. Det går mange småsoger om han. - Han hadde ein gong ein tenestgut som var så overhendig glad i tobakk. Litt stuttvoren var han, au. Ein jolefta, det var endå så bitande kaldt, hadde ikkje tenestguten att tobakk, men Johannes hadde mange rullar i kjellaren. «Konne du låne meg ein tobakksrull, Johannes?» ba han, «eg æ mest blind,» - «Vi du springe nakjen te Norigard å tri vendur rondt golve med ei veaskie i kjeften, så skø du få ein kvartrull,» sa Johannes. Guten stelte seg til og avstad som han var brend. Han greidde fyriloga og vann kvartrullen, men skremde mest vitet av folki i garden. Johannes var med i fyrste forstanderskapet i Kviteseid Sparebank 1852.

Johannes døydde på Skarprud i 1882 og sonen Tor g. 1872 m. Aslaug Knutsdtr. (Lundevall 231) overtok etter faren. Aslaug var dotter av Knut Taraldsen lærer og stortingsmann.

Tor døydde i 1925 og eldste sonen Johannes f. 1874 og g.m. Gunnhild Johnsdr. Lie, Fyresdal overtok så ættegarden.

⁹ I delingspapiret står at eldhuset skal flytjast, men det vart visst så at stoga vart flutt.

Johannes har vore lærar - som fleire av syskini sine. Han eig ei fin poetisk åre og har skrive mange gode dikt, m.a. Telemarksongen. Han har skrive fleire bøker, og om gamle sermenne og løgne rispor i haugetal - og vore mykje nyitta som talar i lag og lyd.

Gunnhild d. 1960. Johannes d. 1962.

I Nordiska Museet i Stockholm er ein bringeklut kjøpt frå Skarprud i 1875. Kluten har bokstavane W A S og årstalet 1788. Det er truleg ei festegåve frå Sigrid Olavsdtr. til Vetle Åmundson Skarprud. (Skarprud 26) Dei gifte seg i 1789.

P. Chr. Asbjørnsen fortel eit par segner frå Skarprud:

- Almindelig skildres Guro (Rysseguro) som stor og fæl, men manden på Skarprud i Kviteseid, der så Åsgårdsreien hvile og holde seg lystig med dans og spil i Skarprud-jordet, sagde, hun var ven som den veneste jente, men stor og svær af vekst. - Foruten halen har hun også det tilfelles med huldran, eller måske riktigere med gudbrandsdølernes landgrove, at hun ei tåler at der tales om hennes hale, thi da Skarprudmanden i en sving i dansen fik se den havde han ikke sagt: «Gjem rova di», før både Guro og hele følget for bort gjennern veiret.

- En gut på Skarprud var udenfor døren i bare skjorten en torsdagsnat. Søvndrukken, som han var, stod han og lyede og lyede, for han hørte en dur, og han kunne ikke skjonne, fra hvilken kant den kom. Men før han vidste ordet af det, kom Åsgårdreien ned af veiret med rummel og skrammel, med ståk og støi og tog ham, som han gikk og stod. Den satte over åsen og udover sletten forbi Ruem. Men da gutten så, at det bar lige mot strømmen i Kviteseidvandet, begynte det at grøsse i ham. «Nei, Jesu navn, skal vi i vandet også da», råbte han og uggede på sig. Han hadde ikke talt ud, før de var midt tide på vandet, og derfra hissede de ham af hesten en halv mil bort ligetil Syftestad, som fik navn deraf. (Syfte kan tyda kaste t.d. om korn.)

I Kleivdal skulle det i gamal tid vera mykje tussar. Steinar Åmundson hadde ein blakk hest som tessane var så glad i og stelte vel med. Ein gong Steinar skulle henta hesten i Kleivdal, såg han hesten borte i haddi og ein liten gråkledd mann stod og klappa hesten. Etterpå tok mannen upp høvane på hesten og klinka på saumane. Då Steinar kom bort til hesten, var det ingen mann der. Det var nok ein tusse det, sa Steinar seinare når han hadde dette.

➤ SKARPRUD (nordre) gnr. 24, bnr. 1

Dette ligg jorde i jorde med søndre Skarprud. Det var eldste guten Åmund Steinarson som valde denne luten då garden vart dela i 1833. Han fekk stoga, løda og eit loft med seg og sette desse opp der husi stend den dag i dag.

Steinar var g.m. Karen Torsdtr. (Moen 110) og hadde 4 born som voks opp. Omkring 1840 flyt Åmund frå Skarprud til Moen, og i 1886 reiser han som enkemann til U.S.A. Two av borni hans hadde reist fyri han.

Etter Åmund flyt frå Skarprud er det ymse som brukar eigedomen. I 1873 fær Sissel, brordotter av Åmund, g.m. Gunnar Endreson Tveit (Svolsbru 95) heimen sin på garden. Denne ætti har sidan sete på garden. Gunnar d. på Skarprud 1918, og sonen Endre g.m. Gunhild Tarjeisdtr. (Rolleivstad 35) sat med garden til han døydde i 1944.

Noverande eigar Gunnar Endreson f. 1909, g. m Ragnhild Andreasdr. Myrvang (Skafsa), overtok etter mori i 1945.

Eigedomen har 24 mål dyrka jord, 13 mål beite og skrapslått og 800 mål skog. Til garden hører hei med staulen Bekkjakrokan.

➤ KLEIVDAL gnr. 24, bnr. 4

Dette er bureisingsbruk, og utskild frå Skarprud, nordre, i 1938. Det er dyrka 9 mål av dei 30 mål dyrkande. 60 mål skog. Det var Sverre Endreson som kjøpte dette bureisingsbruket av far sin og sette opp hus her. Sverre selde eigedomen til bror sin Einar i 1958 ?.

Frå Nordre Skarprud er selde desse tomtene:

Svingen til Gunhild, enka etter Endre. Noverande eigar Tone Endresdtr.

Solhaug eigar Borghild Borgejordet.

Furuheim eigar Tarjei Endreson g.m. Sigrid Olavsdtr.

Plassar under Skarprud.

Berge er nemnd 1733. Då bur Halvor Jonson og Torbjørg Aslaksdtr. der med sonen Knut skiven for Gjerjord. Stoga på Berge brann endå det året og Knut miste våpni sine. (børse og bajonett) Løytnant With spør ålmugen på Groven tingstoge om det ikkje er så at Knut har vore heimsøkt av brann siste surnaren på Berge u/Skarprud. Dette vert sanna.

Knut bur på Berge til 1742. Då vert han utjaga frå plassen for skuld ein skogbrann på Skarprud han valdar. Det var smågutane hans, Halvor og Gunstein som var uvarsame med eld rnedan dei gjætte og

sette fyr i eit gjerde pinseftaen 1742. Det var sterk vind og då skogen var turr etter langvarig turk, hoppe varmen bort i skogen. Det brann sudiover fjellsida ein halv fjordong.

Skaden vert verdsett til 200 rd. den 1. juni, og Knut som nekta seg skuldig, vart dømd til å betala 100 rel. og endå sakskostnad. Saki er oppe på Groven tingstoge 12. okt. 1742 «for dom at lide» - snarast fråvike plassen. Knut meiner han er skuldaus i skaden på skogen, og «hvilken skade han ingenlunde kan betale.»

I 1742 skifte etter Halvor Jonson Berge u/Skarprud. (5 born) Net. 18 rd. Det var son hans Jon, som tente på Utsund i 1721 og vart myrda i raseri av husbonden Mikkel Utsund. Mikkel fekk sers mild dom - 36 rd. i bot, seinare nedsett til 16 rd. (i Ættesoga står ved ein feil 18 lodd sylv.)

Enka etter Tor Skarprud, Tone Jakobsdtr. får i 1755 løyve til «at nyde plassen Berge u/Skarprud.»

På Berge budde sist ei som heitte Kristi. Ho vart nære på hundre år. Ho flytte til Åse i Sundbygdi. Gamlefut på Roeid spurde så tidt etter ho Kristi – om ho levde endå – det var som han ville vinne ho i alder.

Åbø ligg på sudvestsida av Straumen. Dei fyrste ein veit budde der var Torvild Olavson (Nordskog 8) g.m. Tone Torsdtr. Dei flytte frå Berge til Åbø i 1769 og bur så i Åbø til dei dør. Han i 1804 og ho i 1810. Olav, sonen deira, er gift to gonger. Fyrst med Margit d. i Åbø 1804. Så med Tone. Dei bur i Åbø 1806. Olav flakka og flytte som husmannsfolki ofte gjorde. Heime i Åbø hjå foreldri sine bur han i 1785, 1792, 1804 og 1806. I millomtidene bur han andre stader. Frå 1816 til 1825 bur han på Gulløy.

I 1825 kjem Anders Jonson (Dreng 20) g.m. Ingebjørg Johannesdtr. til Åbø. Anders var ein uvanleg flink mann. Han rydda opp av nyom mykje jord og planta hage med aplar og bærbuskar. Det var mest eit sersyn i dei dagar. I 1845 flyt han og kona med 5 born til U.S.A. Aslak ein av sønene, skreiv mange år etter heim til Tor Skarprud og spurde etter likt og ulikt om plassen han var fødd på. Til slutt spør han om det er att noko hus. Er det det, bed han om å få tilsendt ei flis or veggen. Skulle husi vera borte, bed han om å få ein liten stein frå tufti.

Etter 1845 har det ikkje budd folk i Åbø, meri plassen vart slegen heilt fram mot 1950 åri. No er alt tilvakse med skog, men dei store steintrøysane Anders la opp er synlege den dag i dag. Jamvel aplane er det att rester av enno.

Gulløy. Segni seier at denne vesle fine sandøyti ut for Bukti hev fenge namnet sitt fordi det eingong vart nedgraven ein gullkalv der.

I 1812 bur Olav M. Åland g.m. Susanne der. Olav Åbø bur på Gulløy frå 1816 til han dør i 1825. I 1839 dør Olav Olavson (Stavdal 3) her, og 1850 Tone Aslaksdtr. (Moen 37)

Halvor Venheim, Flåbygd (Nes 6) g. II med Marte budde fyrst i Bukti, seinare i mange år på Gulløy. Han d. 1910. Etter at Marte nokre år etter flyt frå Gulløy hev det ikkje budd folk her, men ættingane etter Halvor og Marte brukar Gulløyarnet. Toralf Lindstøl eig øyi no.

Visediktaren Anders Strømstad (1762-1836) dikta dette verset:

«Når Per son min kjem på Iona,
han kauper ei geit utav Gulløykona.
Blågeit hev han kaupt på Haugan,
so æ de kje fleire geitar i Strauman.»


Åbømoen. (Høysvev) Her budde Jørund A. Blikom (Kallåk 102) og Sigrid i 1845. Eivind Olavson (Odden 3) og Margit bur her ei stutt tid og, seiest det. Son deira var Olav Valbø, skomakaren.

Midtbø. Ingen veit no namn på dei som budde her.

Bukti. (2 plassar) Desse ligg like ved vatnet inn for Gulløy. Det søndre høyrer til landhandlar Lindstøl og systeri. Det andre til søndre Skarprud.

I Buktplassane har det nok butt folk langt attende, men om ein kjenner namn, så er det ikkje alltid lett å vita om dei bur der nord eller sør.

Dei fyrste me kjenner namn på er Olav Mikkelsen. (Skarprud 48) Olav Gunleikson (Odden 1) og Tarjer bur i Nordi Bukti fra 1826 til dei dør. Ho i 1877, han i 1883. Son deira, Olav, sylvsmeden, bur lenge på Odden, men dør i Bukti 1892.



Kasnes.

[Kasnes]

Då hjulbåten St. Olaf kom fyrste tuten sin oppover vatni i juli 1852, tok Tarjer og Olav på sundagskledi og kom heim til Skarprud. Det var høgtidsdag, men mest farleg.

Jon Karlson (Rui 42) budde i N. Bukti 1878-91. Sonen Karl «Vesle-Kal» til 1909. Olav Halvorson Lidtveit 1912-16. Halvor Bakkan 1916-28. Anne Tallevsdtv 1928-32. Birgit Eivindsdr. 1932-46. Ho var den siste fastbuande i Nordi Bukti.

I Sudi Bukti budde Knut Olavson og Gro til i 1930 åri. Så kom Egil Knutson Meinstad og Anne. Mikkel Borgejordet og Anne bur her 1943-59 og så er det øyde også her.

Kvitbergdalen ligg ovom og austom Bukti. Her budde folk til 1880 åri.

Tarjeisodde (Straumodden) Her budde sist ein skornakar med namn Tarjei. Dei kalla han ofte Tarjei Bikball.

Urdkos. Det var Eivind Olavson frå Vinje (Lauve 1) som ruppe denne plassen frå 1886 og utover. Eivind døydde her 1900. Kona Susanne flutte seinare til Apalstoi.

Kasnes. Ein gamal plass, truleg rudd av Jakob Torson Skarprud i 1750-60 åri. Det er skifte etter han i 1798, då budde han her med andre kona si Kari. I 1774 bur Søren Olavson og Torbjørg i Kasnes, Kanskje saman med Jakob som i alle høve budde her før.

Frå 1886 til 1909 bur Endre Åmundson (Sandland II 57) og Anne i Vesle-Kasnes.

Lengst nord i Stor-Kasnes sette Eivind Olavson (sjå Urdkos) opp hus og byrja bryta seg åker i 1883. Men di kona vart skremd av eit ras i fjellet flyt dei til Urdkos i 1886

Bandaksøy. Mikkel Jakopson Kosi (Skarprud 37) g.m. Tone bur her frå 1788 til 1801, kanskje lenger. Ved folketeljingi 1801 har dei to gutar, Olav og Anders. Olav Vrålson bur i Bandaksøy 1829 og Halvor Jakobson 1853-57.

Odden. (Steinkosodden) Olav Olavson, sylsmeden, budde her frå 1866 og i mest tretti år. Olav var ein mykke flink sylsmed.

Delar av plassane Hove og Meinstad høyarde og til Skarprud.

Ved deilingi av Skarprud i 1833 falt Odden, Bandaksøy, Vesle Kasnes, ein del av Stor Kasnes og delar av Meinstad og Hove til Nordre Skarprud. Dei andre til søndre Skarprud.

Dei fleste av plassane låg i ei grend rundt Skarprud. Framover til etter hundraårskiftet var det folksamt her. I mørke kveldar - helst i joli - såg ein ofte skinet frå tyriskondune når folk lynte seg fram på kronglute vegar for å vitja kvarandre. No gror skog og villgras i alle plassetuni, men høge åkerreinar og kjellartufter syner endå kor bustadene var.

➤ HURRGONG gnr. 25, bnr. 1

Namnet nok uklårt. O. Rygh gissar på at namnet er avleida av hankj.-ordet hurr, døyvd låt. Me har óg adjektivet hurren, ei kjensle ein får når noko går imot. Den gamle vegen frå Kviteseid til Vråloisen og Fyresdal og Mo, gjekk opp lidene her ved Hurong. Det kan nok hende at nokon kvar vart hurren her i desse bratte kleivane vestan Straumen. Hur kan og tyda dør. Vegen om Hurong er einaste vegen frå Skarprud og på hei.

Hurrong er rydda omkring 1650. (Horumb nemnd 1651.) I leiglendingsmannatalet for 1672 står det at Hurrong er «nyelig oprøddet». - Ved manntalet 1664 er Tormod oppsitjar her. Nokon buskap er ikkje nemnd 1657 - visstnok for det då berre var eit attåtbruk til Midtsund. (Steinar Skeie, Midtsund.)

Ymse husmenner sat på denne plassen framover til 1700 m.a. Torjus 1676, Olav (Olle) 1677-81, Tollef 1682-86, Lavrants 1688-95, Aslak 1697-1704.

Plassen høyrer frå fyrst av til Steinar Midtsund (Skeie). Hake Huvestad eig 3/8 tn. (over 1 tn) 1672-82, Steinar Fjågesund $\frac{1}{4}$ tn. og Helge Midtsund $\frac{1}{4}$ tn. i 1672 og Vetle Haukom 1/8 tn. det same år. Nemnde odelsbønder eig Hurrong (1 tn.) framover til 1690 åri. I 1697 finn me Aslak Jonsson på Hurrong som eig $\frac{1}{2}$ tn. i plassen. Han er g.m. Torbjørg Gunnarsdtr. Skifte etter henne på Hurrong 15. 4. 1741. (4 søner) Net. 90 rd. Medrekna jord i H. $\frac{1}{2}$ tn. - 50 rd.

Olav Aslakson har heile plassen frå 1743. (1 tn.) Han er det skifte etter 1763, 9. 6. g.m. Kari Såmundsdtr. (Roholt 146) (8 born). Brt. 205 rd. Net. 179 rd. Medrekna jord i Hurrong 6 sett m.b. 120 rd. Sylv 13 rd.

Olav har vori ein flink mann. Merknad: «Paa hvilken eiendom den afdøde mand hafter opbygget en ny Skorsteinsstue, 1 nyt fæhus og 1 badstue, samt anlagt endel bekostninger paa de ofrige bygningers reparationer, som og oppgrafvet endel vreiter til gaardens nytte og forbedring » -

Det vert då brorsonen åt Olav, han Ånund Jonsson (1724-76) som får skjøte på Hurrong 2. 3. 1765, (1 tn.). Han er g.m. Anne Vrålsdtr. (Nordskog 10) Han dør på Hurrong 1776 og enka sit att med 5 små ungar.

Ho sel garden til Kjetil Eivindson g.m. Kari Knutsdtr. i 1780, 25. 2. Kari er det skifte etter 1790, 12. 7. (3 born) Brt. 169 rd. Net. 29 rd. Medr. Hurrong 1 tn.

1850 Aslak Knutson husm. på Ulledalen g.m. Såve Olavsdtr. - døypt dotteri Gunbjørg. (1853-55) Inderstar på Ulledalen).

1852: Jacob Osmundsen Dalen (eigar) 1864: Steinar Kråkenes.

Midtsund tingstove 2. 10. 1704:

Olav Moen (Dalane) legg fram eit gammalt brev fra 1590, 11. 5., der øydegarden Ulledalen vart gjeven til Brunkeberg kyrkje av Aslak og Åmund samt faren Egil Torkelson. Olav Moen har leigt 4 mæler av kyrkja - ikkje meir. Jackum Heie meinte alt hørde kyrkja til. Saki utsett til 20. 2. 1705. Sr. Heie legg fram ymse prov på at Ulledalen med skyld 1 hud 2 mæler høyrer til B. kyrkje. O. Moen legg fram ein bykselsetel frå Sl. Jens Mogensen av 17. 10. 1682 - likeins eit kjøpebrev på 4 mæler gods i Ulledden «emfanget af Sl. Tønsberg» 11. 5. 1684.

Afsagt: Brunkeberg kirkje beholder nu som af gammelt foreskreven Ulledalen 1 hud 2 mæler med bygsel, og O. Moen igjen for sine tilforhandlete 4 mæler søge sin regress hos vedkommende som beds vides kan. - Ole Moen betaler for indestaaende landskyld af $\frac{1}{2}$ hud 1 mele med $\frac{1}{4}$ forhøielse fra 1683 til 1703 24 rd. 14 skill. - I prosessomkostn. 16 rd.

Plassen Landsverk hørde til garden.

➤ TVEIT (nordigard) gnr. 28, bnr. 3

Dette er hovudbølet og eldste garden i Tveitgrendi. Høgt og fritt ligg han med godt utsyn mot sud og aust. Ned i dalglulen skimtar ein noko av Bandak i Straumane. Husi på garden er gamle. Stoga har magatægde veggjar og berre, ei høgd og eit rom. Ho skal ha hatt 2 rom og 2 høgder. Stabburet som stod her, var fint utskore, no flutt til bygdetunet ved gamlekyrkja. Løda er likeins gammal og har timra rom og låve.

Det var gjort ed nokså rikt fornfunn her på Tveit i 1904. Det var nett då Eilev O. Åsland som var g.m. dotteri på nordre Tveit, Torbjørg Tovsdr. skulle byggje seg hus på Tveit vestre. (bnr. 14). Då han grov til kjellar under stoga si, støyte han på ei heil mengde gamle ting m.a. 2 tvegga sverd, spjotodd av jarn, 6 piloddar av jarn, skjoldplate, munnbitt, sigd, ringnål av bronse m.v. Då tingi låg og heldt på og smuldrast bort, selde Eilev det til nokre oppkjøparar for ein slikk og ingenting. No er funnet å sjå i Oldsaksamlingi i Oslo, (nr. 21113 a). Funnet er frå den yngre jarnalder, ikr. år 1000. -

Denne eingong så store eigedom er sundbytt og kringskoren på alle kantar. Dei 13,15 skyldmark var i 1905 deila på 14 bruk - og hovudbruket skylda berre 97 øre. Garden Tveit nordre har berre ikr. 10 mål dyrka jord og 12 mål utmark. Skogen er seld i frå. Det er Halvor Husås som eig han no. I den marki låg plassane Skolås og Skotet. Det var vel på spørk at Gunnar Tveit sa: «Her nor' i dalen, ligg kongerikji 3 - Dapen, Skolås og Skotet.» - I Skolås budde sist Kjetil og Margit med fleire born, og i Skotet, Åse og Lars med sonen Knut, Åse var andre kona av Lars.

Elies budde både far og bestefar av Kristoffer Rødbakk der.

Tveit er rekna halvgard 1647 med ei skyld på 3 tn., 3 daler «ringe gaard - for høit sat.» Nokon buskap er ikkje oppførd her. Garden må vera driven som attåtbruk på denne tid. Grannegarden Tveit søndre har same skyld og utan buskap i 1657. Kanhende skylddela frå hovudgarden ikr. 1600-talet.

Fyrst i 1645 er det nemnt brukar på nordre Tveit, det er Knut, «enkemand m/pige». Ved folketeljingi 1664 er Jon oppsitjar 28 år med husmannen Knut 19 år. Knut Tveit eig 1 $\frac{1}{2}$ tn. i Dale i Flatdal 1641-53. Torgrim Nes skattar av 3 tn. i Tveit 1647-59, og Olav Skorum (Åmotsdal) det same 1660. Egil Haukom og Johannes Egilson har 1 $\frac{1}{2}$ tn. i garden i 1670 åri. Claus Andersen eig 1 $\frac{1}{2}$ tn. i 1680. Enka Anna Sal. Claus enke og sonen Anders har halve garden framover til 1700 og Johannes Egilson Bjåland den andre halve garden.

Verner Olavson (Grå) har lut i garden 1705-12. Elles er det nok Johannes Bjåland og ætti hans som får rádevelde over nordre Tveit. I eit skifte på Tveit 1728 som gjeld Breidalen, står Egil Sudbø fram for retten og opplyser at han no er eigar av nordre Tveit, men at hans far Johannes Bjåland hadde bevilget sal. Jon Tallevson og Ingebjørg Jansdtr. «at opprydde denne plass Breidalen».

På same skifte (1728) kom det motmæle frå husbonden på søndre Tveit, Olav Andersen, at Breidalen låg i søndre Tveit sin eigedom og at Jan, far åt Ingebjørg var den rette rydningsmann.

Seinare vart det gjort semje om at Breidalen skulle leggiast til nordre Tveits oppsitjarar - «men ingenlunde at Ingebjørg Jansdtrs arvingar, skulle fravige pladsen etter hendes død, såsom pladsen var hende overdraget for hendes odelsrett til søndre Tveits gaard.» -

Denne Egil Johannesson Sudbø, har sonen Johannes (1731-1807) som var bygdelenmann og budde på Tveit frå 1760. Han fekk heimel på heile garden (3 tn) 3. 3. 1760. Det skulle vera ein gampekar, uredd og djerv. «Han Johans på Norigard, han var sterk og hard, ei kvige på ryggen frå Tveit å til Utbøen han bar.» - Han hadde ofte lag på Tveit for dei mætaste folk i bygdi. Saman med Torhild Egasdtr. kona si (Huvestad 26) hadde han 10 born. Det var i hans tid at mordaren Hille sat fanga på Tveit i buret der. Hille drap bror sin, som tok gjenta av han - og så vart han fredlaus og til slutt fanga. - Dette fekk eg opplyst på Tveit - om det er slik veit eg ikkje. - Lensmannen hadde sumetider Hille inne i stoga og stelle vel med han, og då var han roleg og snild. Men så ein dag vart han reint vill. Han spente ut bursdynni og tok sprangset på skogen. Lensmannen samla folk i ei snøggvende og sette etter rømlingen. Nedom Breidalen fekk dei auga på han og skaut eit skremeskot. Men Hille kom fyre dei over «Vardane» og fyrst på ei myr, Hillemyr, fekk dei fange han. Eit skot som vart rekna på utlemene, enda livet hans. Dei grov han ned i Hillemyr. Beltet hans med tvisliri vart hengt opp i ei bjørk. Der hekk det i mange år, heitest det.

Egil Johannesson overtok Tveit etter faren 1797, skjøte tinglyst 6. oktober (3 tn.) Han døydde på Tveit 1834. Ein bror åt Egil, Knut Johannesson har både Tveit-gardane omkr. 1820.

Knut skattar av 3 tn. i Tveit 1821 - og sonen Johannes bur på Tveit i 1836 då Dreng son hans vert fødd. Denne Johannes dør på Berge 1841.

Aslak Olavson (Utbøen 11) kjøpte Tveit nordre. Sønene Tallev og Johannes er skrivne for garden i 1852 - (Aslak gift 2 gonger - 19 born). Aslak Johannesson (f. 1848) eigar i 1864 - til U.S.A. 1870.

Ein Jon Jakobson åtte garden i 1889, reiste til U.S.A. 1893 med kona Anne Nilsdtr. 74-75 år gamle og sonen Gunleik med kone og 3 born. - Jon var kårmann på Tveit og Gunleik selde garden til Tov Mikkelsen g.m. Mari Strandestaul, Seljord. Knut Tovson g.m. Ingebjørg O. Tveit (Nordjorde), overtok i 1904. På den tid vart skogen selt ifrå og likeins bureisingsbruket vestre Tveit (Eilev O. Åslund). Knut døydde 1944 og enka sit med garden.

Småsegner.

I. Ei «framleg» kjerring på Tveit, reiste i skymingi åt stabburet eit ærend; då kom ein bjørn fram like ved dei små bergi i nærleiken og låg lura. Ho torde ikkje innatt, men måtte stå i loftsglugget og ropa på hjelp.

II. Eit fantefylge var innom på Tveit og bad etter øl. Dei såg det stod ei stort, fullt kjer ute i svali. Men dei vart nekta og laut reise tyrste bort. Då dei kom til Nordjorde Tveit, sende dei ei våbøn attende, som verka slik at gjordene spratt av kjeret og alt ølet lók ut!

➤ BREIDALEN gnr. 28, bnr. 1

Innunder ei låg skoglid av bjørk og gran i ein brei, open dalglup med storfelt utsyn sud og austover, ligg denne garden. Der er 35 mål dyrka jord, 10 mål utrustir og 1000 mål skog.

Stoga gamal, men innattbygt og påbygt 1920. Stabbur i ny form bygt 1702, med flate, breie stolpar på svalklædningen, utan utskurd. Uthusbygningen frå 1945 har avløyst den gamle timra løda og fjøset som stod på vestsida av våningshuset.

Plassen Haugen har hørt til. Bjørgulvstaul og Ånerljod fråseld til Hans Bergsland og Anna O. Breidalen, (1940). Bjørgulvstaul nytta til 1950. Der er stoge og stall til 2 hestar, men fjøset er neddotte.

Garden har vori i ætti frå 1830 då Aslak Olavson Tveit kjøpte han. (Utbøen II.)

Sonen hans Olav Aslakson g.m. Sigrid Olavsdtr. (Veum i Fyresdal) hadde så garden. (1860-1935) No er det sonen deira Johannes (f. 1890) g.m. Marie Egilsdtr. som har garden, (overtok 1937).

Breidalen er rudd fyre år 1700. I eit skifte på Tveit nordre 1728 opplyser Egil Bjåland som då eig n. Tveit, at far hans, Johannes «hadde bevilget salig Jon Tallevson g.m. Ingebjørg Jansdtr. at oprydde denne plass Breidalen». No var både døde. Plassen hadde vori svara rettughet av til n. Tveit i dei siste 34 år, (sjå Tveit). Rette rudningsmannen seier bonden i søndre Tveit (Olav Andersen), er Jan, far åt Ingebjørg.

Ingebjørg Jansdtr. vart enke og gift att med Ståle Olavson, Ståle g. II Aslaug Larsdtr. av Gråætti. Sonen deira Olav g.m. Maren Kjetilsdtr. var foreldri av rosemålaren Søren Olavson Breidalen. Jon Sørensen Sunde (1783-1857) var og rosemålar, (sjå Rosemåling i Telemark Q)

Sigrid Sørensdtr. (1792-1860) g.m. Halvor Aslakson Haukom budde på Meidalen i 1820 åri - altså fyre Aslak Olavson.

➤ HAUGEN gnr. 28, bnr. 27

Like ved vegen austanfor Breidalen ligg Haugen på ein haug, verhardt og bert med utsyn til alle kantar. Her bur 2 ugifte sysken. Olav f. 1892, Bergit f. 1886. Johannes O. Breidalen åtte Haugen til 26. 10. 1938, då fekk Bergit O. Haugen skjøte på dette småbruket som har 5 mål dyrka jord og 90 mål utmark. Plassen vart rudd i 1870 åri av Olav Tarjeison Lid (Vinje) g.m. Kari Kjetilsdtr. Skolås, (pl. u/Tveit). Dei sette opp husi og livde her som husmenner ikr. 60 år. Stoga stod fyrr lenger nede på tunet. Den nye stoga er bygd i 1905.

➤ TVEIT (nordre) [Nordjordet] gnr. 28, bnr. 4

Eit stykke nordom Tveit (hovudbølet) like ved den nye vegen, ligg denne garden på ein open åsrygg med godt utsyn austover Brokefjell. Jordet er noko ujamt. Det er ikr. 20 mål dyrka jord og 4 mål udyrka og 200 mål skog. Husi er i bruakeleg stand.

Ættgard frå 1877, då Olav Knutson Tveit g.m. Bergit O. Loupedalen (Gjervoll) kjøpte garden av Tallev Heimdal. Olav d. 1910 og sonen Olav f. 1879 overtok eigedomen. Han selde garden til broren Åsmund i 1913 g.m. Anne Rolleivstad. Han dreiv garden til 1947. Så hadde han brukar nokre år, men har no selt eigedomen til Arne Johansen. Åsmund eig Vesle-Omtveit i Brunkeberg og bur der. Skylddeling 25. 9. 1846 der løbenr. 9a (nordre Tveit) og løbenr. 10b (Tveit søndre) vert dela såleis:

(Sitat frå Skattekoki 1852.)

I. 2de deler nemlig.

a) Heggtveit der utgjør en anpart af løbenr. 9a Tveit nordre og anslaaet til 26/50 af den

samlede eiendom og ansat til skyld gl. 1 daler 5 skilling.
b) Tveit nordre og Graver nordre 1 d. 96 skill., 1 daler 4 skilling af hvilke parter den sistnevnte beholder løbenr. 9a og 10b - men Heggtvedt L.Nr. 9c (Heggtveit østre no) der fremdeles eies af Aslak Olsen.

II. Tveit nordre og Graver nordre av skyld 1 daler 96 skill og 1 daler 4 22/50 skill. blev after under samme skyldsetn.-forretning delt saaledes mellem parterne:

a) Johannes Aslakson deraf 11/18 av skylden (10 420/900),
b) Tallev Aslakson 7/18 (6 354/900) -af hvilken Johannes part blir at betegne med L.No. 9a
Tvedt nordre - da han intet fikk av Graver og Tallevs part med L.No. 9² og 10c² Tvedt nordre
og Graver nordre. - Vær opmærksom herpaa ved overføring i den nye Skattebog.»

➤ BORGEJORDET gnr. 28, bnr. 5

I ei liti solhall eit stykke nord for skulehuset ligg dette bruket, lognt og koseleg med godt oppstelte hus. Buret har ny form oppsett 1800 med namnet J.Ø.S. (Jan Øysteinsson). Buret er flutt frå Finnkosi av Tormod. Storleik: 16 mål dyrka jord og 70 mål utmark. Noko av den gamle attlagde plassen Dapen høyrer til.

Tormod Knutson. (diktaren) budde her i lang tid, mest kjend under namnet Borgejorde. Han kjøpte det i 1831 og flute dit. (D. der 1868.)

Tormod vert vel omtala meir ein annan stad i denne soga. Etter Tormod si tid - i 1869 vart eigedomen seld til Endre Gunnarson Tveit, og etter han til sonen Gunnar og vidare hans son att Johannes g.m. Marie Oppsund. - Tarald Torson Skarprud g.m. Turid O. Tveit kjøpte garden i 1922 av Johannes Oppsund, (tingl. skjøte 14. 10. 1922 - 25000 kr.). Då Tarald kjøpte garden var husi mykje til nedfalls, så han har bygt nye uthus og elles gjort ymse utbetringar på garden. Tarald d. 1962.

Sonen Olav Taraldson har no skjøte.



[Borgejorden 1910]

➤ HEIMDAL gnr. 28, bnr. 17

Heimdal ligg nedanfor Breidalen i ei liti dalkro med bakkar og tjoser. Heile eigedomen er på 140 mål derav 10 mål dyrka jord. Husi er nye og gode. Stoga oppattbygt etter brannen 1943 og flutt noko lenger ned i tunet. Uthusi er frå 1947.

Noverande eigar Toralv O. Breidalen (Utbøen 77) g.m. Anlaug Steinarsdtr. Syftestad. Dei kjøpte det av Kviteseid Sparebank i 1932.

I 1905 er det Nils Botnen og Tor Vå som har Heimdal. Dei sel i 1910 til Olav Rindebakken (Fyresdal) g.m. Barbro Sandland (Vrådal). Dei selde eigedomen til Johannes O. Breidalen - Han hadde det i 1924-26.

Heimdal er gammal plass. Her budde Tormod Olavson (1707-77) g.m. Margit Nilsdtr. (1705-86). Han d. på Heimdal 1777. Dei hadde 4 born, (alle f. Heimdal 1730-46.) Sonen Olav Tormodson g.m. Margit Olavsdtr. bur på Heimdal i 1780-90 - og sonen hans att Tormod f. 1791 var på Heimdal 1817-28, (sjå Gråætti 33).

I 1850-60 bur Olav Jonsson på Heimdal g.m. Ingebjørg Nilsdtr. (Haugen 117.) Han d. 1876 på Kosi, og bror hans Jon (1827-96) g.m. Ingerid Halvorsdtr. dør på Heimdal 1896.

➤ TVEIT (vestre) gnr. 28, bnr. 14

Eit nytt bruk millom øvre og nordre Tveit, utskild frå bnr. 3 i 1904. Dyrka 13 mål, 5 mål anna innmark og 20 mål utmark. Husi i god stand. Den forrige eigar Eilev Olavson Åsland (pl. U/Tveit) g.m. Torbjørg Tovsdtr. Tveit, kjøpte dette jordstykket av verfaren Tov Mikkelson og fekk i stand bureising. Han dyrka opp det som var å dyrka og fekk Tor Vås dyrkningspremie i 1924. Eilev var vegvaktar i 18 år.

Noverande eigar Tov Eilevson g.m. Marie Finnkoski tok over bruket i 1948.

Då Eilev skulle grava kjellaren til stoga støytte han på eit rikt gravfunn. (Sjå nordre Tveit.)

➤ HEGGTVEIT gnr. 28, bnr. 15

Dette er hovudbølet av Heggtveitgardane. Ein gard med noko hallande jorde under ei lågvori åslid - Terdalsfjellet - midt mot middagssoli.

Husi er gamle. Stoga frå 1813, løda 1824, stabbur 1820.

Aslak Olavson Tveit bygde her. Endrejordkarane frå Seljord bygde husi - allvisst buret, (1 høgd).

Det var staule her fyre Aslak tok fatt ikr. 1810. No er her 20 mål dyrka jord, 12 mål anna innmark og 300 mål utmark. Plassane Terdal og Kvæven hørde til. Den fyrste attlagd 1890, den andre 1870. Eit lite rim - som også er kjendt i Hjartdal - er tillagt desse plassar.

«Auver Terdal er fæl, vil slå Tore Kvæven i hel, -
men so fekk dei Tormod Heimdal te å binde han so vel.»

På Kvæven budde sist Eivind Olavson og Susanne Apalstoi, omkr. 1870.

Etter Aslak (rudningsmannen) hadde Eilev skomakar, sonen hans garden, men garden kom på handel og skifte eigarar. Halvor Aslakson Åbø (lærar) hadde Heggtveit frå 1880 åri til 1900 (Åbø 70). Tor Vå kjøpte det av Halvor, og i 1910 kjøpte den noverande eigar Kristoffer Strandrak g.m. Signe Tovsdtr. Neset, (Nissedal) eigedomen.

I 1910 hadde Tor Vå båe Heggtveitgardane, Heimdal og Raudkleiv og selde alt på same tid.

➤ HEGGTVEIT (vestre) gnr. 28, bnr. 16

Det var Gunhild Aslaksdr. Tveit g.m. Tomas Lone, Tørdal som hyste oppatt denne plassen (fleire hustufter, selstufter finst). Tomas d. her og Gunhild g. II m. Eivind Strand og flutte til Skien og garden korn på rek. Halvor Åbø åtte dette bruket også og selde det til Nils Botnen og Tor Vå. I 1910 kjøpte Sveinung Fossheim u/Åsland garden og selde han til Halvor O. Haugen u/Breidalen. I 1915 kjøpte den nov. eigar O. O. Breidalen dette, g.m. Kari Torbj.dtr. Omland.

På ei tomt, midtre Heggtveit, 1 mål fråskild bnr. 16, har Åsmund Tormodsvik, Rauland og Sigrid O. Breidalen bygt seg hus.

➤ RAUDKLEIV gnr. 28, bnr. 18

Denne plassen ligg ned for Vestre Heggtveit - heilt bortgøymt i ei dalkro. Ein ser ikkje bygt heim frå dette bruket på nokor leid - men låge skogåsar og heiari nær ved. Det er ein velstelt heim med nye hus - 18 mål dyrka innmark, 10 mål anna innmark og 35 mål utmark.

I 1910 åtte Tor Vå denne plassen. Raudkleiv vart fyrst seld til Kjetil O. Haugen g.m. Liv Heimdal, så fekk Øystein Åsland og Åsmund Tveit det. Dei hadde det berre ei kort tid og i 1934 kjøpte den noverande eigar Olav Eilevson Tveit g. m., Kristine Gunleiksdtr. Versto småbruket. Han har dyrka opp storparten av eigedomen og fekk Tor Vås jord.d.premie 1952.

Raudkleiv har vori heimsøkt av brann 2 gonger. Fyrst brann stoga ikr. 1920 - oppattbygt av Kjetil Haugen. Uthusi brann i 1926 - oppattbygt 1927.

Her budde Olav Auversen og Inger Åmundsdtr. på sine gamle dagar. Båe døyr på Raudkleiv, han 1857, ho 1862. Sonen Åmund og kona Kari Steinarsdtr. budde her 1856-1869 - visstnok som husmenner, (sjå Ættes. 459).

➤ NYGARD gnr. 28, bnr. 19

Dette er eit småbruk utskild frå Heggtveit (bnr. 6) i 1916, då Anne O. Haugen kjøpte det av Lars Strandrak. Det er ikr. 12 mål. Den fyrste stoga brann, så sette dei opp ei ny stoge av rått timmer i 1926. Sonen åt Anne, Sigurd Haugen hadde det så ei tid - og av honom kjøpte den nov. eigar Torvald Finnkoski det i 1939. Han selde den vesle stoga og har bygt ein ny stor bygning.

Torvald g.m. Aslaug O. Bjørnflatene.

Eit skogstykke i Bandaksfjellet er innattkjøpt. (Heimdalstykket).

➤ TVEIT gnr. 29, bnr. 7

Eingong fyre 1600-talet vart denne garden utskild frå nordre Tveit. Husestaden er lagt på ei høgde her og - austom ein liten dalsøkk - med bratt jorde som vender mot sudvest med utsyn over fjelli vestan Bandak.

Denne garden er óg sterkt kringskoren og minka frå si opphavelig vidde. Matrikellista 1905 syner at det då er utskilt 17 bruk - samla skyldmark 15,99 - Hovudbruket har 47 i skyld. Der er 12 mål dyrka, 4 mål udyrka og ikr. 300 mål utmark.

Husi er gamle. Stoga er uklædd og ber merke av hog alder og er påtimra til 2 høgder i seinare tid. Eit bra loft frå 1796 med K.J.S. skore rett og rangsøles, (flatskurd) Knut Johannesson åtte garden på denne tid.

Tveit m/Grave utgjorde i 1647 ein halvgard med skyld 3 tn., 3 daler. Det heiter at eigedomen har «Unge tilliggelser». Ingen buskap har dei å betala «Kvægskatt» av her heller. - Fyrst i 1664 finn me oppsittaren Oluff 54 år med sønene Anders 18 år og Werner 14 år. Dette er nok den velkjende Olav Grå som har teke fast bustad på garden. Han skulle vera sylsmed og kom frå Kongsberg til Bø.



[Tveit 1910]

Ætti av Olav Grå er spreidt vidt utover, sjå ættesoga. Her på Tveit budde Olav Grås søner. I 1697-04 eig Anders 2 tn. og Vern 1 tn. Det er skifte på Tveit i 1732. Det er Werner og kona Gudveig Tormodsdtr. (9 born) som gjev opp buet. Net. 281 rd. Medrekna odelsgods i Tveit m/Grave 1 tn. m. b. 200 rd. - Olav Ståleson sett fram krav om odel og løysingsrett på Tveit m/Grave på vegne av mor si sal. Ingebjørg Jansdtr. (Grå 5). Ho var dotter til Jan, eldste bror åt Vern og g. I m. Jan Tallevson II m. farbror sin Ståle Olavson.

Jan Tallevson på vegne av faren Tallev Vernson meiner odelretten er grei som han er.

Skifte på Tveit m/Grave 1738, 15. 2. etter Olav Anderson g.m. Margit Kjetilsdtr. (8 born). Brt. 13 rd. Gjeld 35 rd.

Ditto 1762 etter Hæge Andersdtr. g.m. Jan Wernerson (4 born). Brt. 342 rd. Net. 117 rd. irekna jord i søndre Tveit m/Grave 1 ½ tn. m.b. 250 rd.

Ditto 1774 etter Auver Janson g.m. Såve Nerisdtr. (5 born). Brt. 554 rd. Net. 266 rd. Tilhøyrande jord i søndre Tveit m/Grave og plassen Finnkosi for 280 rd. og 11, i Tveit skog 111 rd.

I 1791, 12. 3. heimlar Knut Johannesson Tveit (Bjåland 55) 2 ½ tn. i søndre Tveit. Han er skriven for dette bruket fram til 1821. I 1801 hadde han søkt om skilsmål med kona si Bergit Jonsdtr. (Ho var liksom far sin «vanvittig».) og fått dette - og likeins løyve til å gifte seg att (II g. 1802 III g. 1811).

Skifte 1805 etter Bergit Jonsdtr. som no er død. Brt. 2010 rd. Net. 223 rd. Medrekna jord i Tveit 2 tn. 6 sett. utan byksel = 1800 rd.

Etter Knut Johannesson kjem Gunnar Endreson (Svollsbru 29) til Tveit. Han er g.m. Gro Olavsdtr., d. 1837. Dei hadde 9 born - men 5 døydde små. I 1823 er dei på Tveit for då døyr Gunhild 2 mnd og i 1824 Olav I veke, i 1828 Olav 17 veker. Endre Knutson Tveit døyr 1827 - 80 år gammal.

Bror åt Gunnar, Olav Endreson (ug.) døyr som husm. På Grave 1836 - 53 år gammal.

Gunnar Endreson d. på Tveit 1864 og sonen Endre har så garden framover til 1889. Etter han sonen Olav Endreson g.m. Ingebjørg Gjermundsdr. i 1877.

Han er komen til Tveit frå Borgejordet ikr. 1886. Olav d. på Tveit 1921 og sonen Gunnar g.m. Anne Taraldsdtr. Sunde hadde så garden. Båe døydde 1956 og no er det sonen Olav f. 1914 som er eigar.

Frå tingboki 23. 9. 1678.

Olav Grå og sonene Anders og Verner Tveit er skulda for at dei har selt merkt timmer til Torstein Nordskog - eigar Tønsberg Sagbruk.

➤ GRAVE (øvre) gnr. 29, bnr. 1

Dette bruket ligg ende ovanfor Grave nedre, oppe på bakkebrotet med noko ujamt og bergut jorde. Etter att å døma det eldste av desse tvo¹⁰. Ei skylddeling frå 28. 2. 1839 gjeld truleg desse eigedomar.

Det er ikr. 15 mål dyrka jord og 180 mål utmark. Jan Grave kjøpte innåt Vesle Brandbu - ein liten plass som no er attlagd. Der har butt folk til 1910. Halvor Brandbu lever visst endå og bur i Stokke.

Her budde Olav og Tone Vesle-Brandbu. Dei reiste til U.S.A. i 1885 med 2 born. Eilev son deira var heimatt for nokre år sidan. Stoga var borte, men leikarsteinen like ved fann han att og sat og kvilde seg på. Eilev skulle då vera støytrik.

Vesle-Brandbu betala Jan Grave 900 kr for. (Kjøpekontrakt 12. 3. 1901 frå Bjørgulg Sørensen Tveit - eigar av Brandbu.)


Asbjørn Lid kjøpte Grave ikr. 1903 og i 1911 får han kjøpe Vesle-Brandbu innåt av Bjørn Brandbu, (503 kr.). Asbjørn d. 1954 og sonen Kaare Lid f. 1916 har overteke eigedomen.

Husi er gamle, men i bruukeleg stand.

1844, 30. 5. eig Øystein Janson, Grave øvre, skyld 6 sett. m/Finnekosi (Grave med Transtaulheii 3 sett. og Finnekosi 3 sett.).

➤ FINNKOS gnr. 29, bnr. 2

Dette småbruket ligg nordaust for Tveit (Nordjore, bnr. 4) i ei skåhall midt mot morgonsoli. Der husi står er det nesten flatt. Namnet skriv seg frå ein finne som har butt der. Det heiter enno Finneholet og Finnebadstogo der i nærleiken.



[Finnkosi]

Storlek: 14 mål dyrka, 4 mål anna innmark og 100 mål utmark. Eigar Jan Øysteinsson Finnkos g.m. Sigrid O. Bjørnflatin. Den forrige eigar Øystein Janson hadde kjøpt de av Lavrants Nordgarden (broren) 1891. Olav Sveinungson Groven hadde ått det fyrr.

I 1801 bur husm. Jan Auverson på Finnkos. Han er enkem. og 55 år med dotteri Mari 20 år, (Grå 60). Sonen Auver Janson g.m. Jorunn Aslaksdtr. bur på Finnkos 1803-1812. Etter han sonen att Auver Auverson (1801-1877) g.m. Gunhild Aslaksdu. (Kallåk 99). Han åtte plassen i 1820 åri, (9 born, alle f. Finnkos). Plassen selde han til Aslak son sin - men fekk det att - og døydde der 1877. Aslak med kona Ingebjørg reiste til U.S.A. med 5 born (1884). Same ætti hadde butt på Finnkos frå 1775.

¹⁰ 1801 Husm. Auver Jansen Graver 26 år og Joronn Aslaksdtr. 31 år og 3 born. (Sigrid 9, Gro 4 og Auver 1 år.)



[Øystein og Gunnhild Finnkosi og borni (Åbø 16)]

Segn om at Harde-Jan (Åbø 1) bar timret or skogen til løde på Finnkos. Han bar og 1 tn. jordeple fra Hurrong til Finnkos med han dreiv buskapen heim til Finnkos. På nordigard Tveit sat han såg på med ungdomen øvde seg på å hoppa opp på bordet. «Hoppe oppå!» sa Jan, «ha de enda vilt hoppa ivi. - Vent litt.» - Jan tok sprang frå gruva og hoppa ivi som ein katt. «Dæ sønnleg hoss ungdomen æ laga no - å eg som ær 80 år.» -

Til Finnkos høyrer no Bygstaulehei m/Bygstaul, innkjøpt ikr. 1900.

➤ ÅSLAND gnr. 29, bnr. 22

Åsland er ein gammal plass under Tveit sondre - utskild frå bnr. 6. - den tid Bjørgulg Sørenson var eigar av garden.

Dette bruket ligg berre 300 m nord for Finnkos og er innringa av granskog Der husi står er det flatt og fint, men jordet elles er noko ujamt og bakkut. Storleik: 14 mål dyrka jord og ikr. 100 mål utmark. Den gamle plassen Fossheim er innlema i eigedomen. Sveinung Janson f. 1876 på Fossheim - var den siste som budde der. (Åbø 23).

Den nov. eigar Øystein Kristofferson Tytegrav g.m. Marie O. Åsland (syster åt Eilev Tveit) overtok etter verfar sin Olav Eilevson Staulen g.m. Anne Eiriksdtr. Hommen.

I 1801 bur Torjus O. Åsland som husmann på plassen 41 år, kona 40 år (Margit Vernsdtr.) (2 born). Jan Øysteinsson og Bergit Lavrantsdtr. bur her ikr. 1860, (Anne Jansdtr. f. 1859 på Åsland).

Olav Eilevson (Finne 22) kom til Åsland ikr. 1874 og d. på Åsland 1914.

Øystein Tytegrav (Undeberg 16) miste kona 1913. Ei dotter Marie til U.S.A. 1936-37. No bur Øystein der åleine med hushjelpe Anne Midtbø, Vrådal.

➤ MYRANN [Matr. 1905 kalla Grave] gnr. 29, bnr. 4

På ein flate millom Heggtveit og Grave (øvre) med fritt utsyn i aust, sud og vest, ligg dette småbruket på nett 400 m.o.h. Det er utskild frå Grave øvre i 1859, 3. 12. då Auver Øysteinsson fekk det i arv (240 spd.) og rydda og hyste her¹¹. Den andre broren Jan Øysteinsson hadde att Grave. Auver gift II m. Anne Gunnarsdtr. Hommen. Ei dotter Anne g.m. Gunnar O. Golid hadde så garden. Gunnar har bygt loftet på Myrann. Han d. 1946 og kona 1947. Noverande eigar Auver Gunnarson g.m. Margit Eivindsdtr. Hauglid, overtok småbruket 1947. Dyrka jord 18 mål, 130 mål skog. Badstogkosi, ein staule som høyrer til har hus og vert delvis nytta. Svollstaul høyrde og til frå fyrst, men vart fråseld av Auver Øysteinsson 1861 til Endre Gunnarson Tveit.

➤ TVEIT (øvre) gnr. 29, bnr. 6

Denne garden er utskild frå Tveit sør, bnr. 7. Der er 22 mål dyrka jord og 1200 mål utmark (700 mål heiskog, 500 mål heimeskog). Fleire staular høyrer til: Bjørkeli, Fjellstaul, Løkjestaul og Nystaul. Dei fleste nedlagde og delvis huslause, (Bjørkeli nytt opphyst att). Plassane Kosi og Berge har høyrt til - no

¹¹ Ved eit skifte 23. 8. - 1865 vert Myrann rekna 100 spd.

attlagde. På Berge budde folk til 1896. (Olav og Turid.) Husi er delvis gamle, men i bra stand. Løda skal vera frå 1813.

Garden har vori i ætti til kona Gudrun Brauti g.m. Jørgen Veierud, frå 1850 då Åsmund Hakeson (Råmunddalen 29) kjøpte han av Olav Åkre. Åsmund (ugift) d. på Tveit 1895. Ein brorson hans, Bjørgulf Sørensen Omtveit g.m. Mari Gunnarsdtr., tok mot garden 1893 og hadde han til 1945 - då den nov. eigar J. Veierud kjøpte han.

➤ **LID (øvre) gnr. 29, bnr. 8**

Opp i lidi sud for Svollåi, rett opp for Lid nedre ligg dette bruket i ei ujamn hall mot morgonsoli. Husi er gamle. Medan Lid nedre er eit sjølvstendig bruk, så er Lid øvre utskild frå Tveit søndre.

Såmund Aslakson kjøpte Lid i 1835 av Åsmund Bergsto - men flutte ikkje dit før ikr. 1850. Dotter hans, Bergit, vart f. 1848 og då hadde ikkje Såmund flutt til Lid, fortel Aslak Øyan, son åt Bergit.

Tallev Hansson Brauti budde på Lid f. 1789 g. 1838 med Bergit Gregarsdtr. (Hasleberg 26). Han var god spelemann heitest det - og endå betre smed, (eggsmed). Det sleng m.a. tomsnavrar etter han merkt T.H. og tynsleljå var han ein heil meister til å smida. Han brynte dei opp på eit stort Eidsborgbryne som stod fast i jordi. Talleiv og Bergit til U.S.A. frå Lid 1861 med 4 born. Han er då 72 år og kona 49 år.

Såmund Aslakson er eigar av Lid (u/Tveit) i 1889 - men sonen Aslak har det i 1905. Aslak som var ugift, selde garden til bror sin Asbjørn Såmundson g.m. Signe Hansdtr. Brandbu.

No eig sonen Ivar g.m. Kristine Sæther, Romsdalen, det. Storleik: 25 mål innmark og 250 mål skog.

Svollåi som kastar seg utover ville fjellet er serskilt agaleg i flaum og i iskjøven om vinteren. Det er segn om at ein bjørn for utover på kovsvollen og slo seg i hel her. - Sume seier det var ein eig.

1801: Husm. Tor Auversen Lien 56 år, Margit Olavsdtr. 53 år (Auver 28, Ole 12 år).

➤ **GRAVE gnr. 29, bnr. 9 og 10**

Garden utskild frå Tveit søndre 25. 9. 1846 og ligg ved vegen millom Tveit og Heggtveit - ope og fritt med nøgdi av sol heile året, (ikr. 400 m.o.h.). Der er 20 mål dyrka jord og 300 mål utmark, attåt dette eit heistikke Heggtveitheii (gnr. 28, bnr. 7) ikr. 1500 mål.

I heimemarki ligg plassane Kringlemyr og Kosi. Kringlemyr har eindel oppdyrka jord (8 mål) og vert drive som attåtbruk. Det er ikr. 100 år sidan der budde folk. Sist budde Knut Kringlemyr der. På Kosi budde Olav og Jon Jondalen og foreldri deira Jon og Ingrid. På Tveit nordre er så stor ei dørhelle omlag 2 m i kant. Ho ligg ein halvmeter frå dørstokken. Olav stod i døri og hoppa utom denne hella i «hval» - så det var ein herren og spretten kar - Kosaguten. Dette var i 1870 åri.


Av staular nemnest: Jonslid, Fitjastaul, Bjønnebås, Sylvberglid, Listaul og Nauberg. Staulane nytta som staulsbruk til nyende nyss. På Jonslid er ny skogshytte og stall til 2 hestar.

Husi på garden er gode. Stoga frå 1890. Eldhuset er den gamle stoga.

Noverande eigar Aslak O. Grave f. Breidalen g.m. Anne Torbjørnsdtr. Omland, kjøpte garden 1918. Fyreåt åtte Olav Aslakson d.e. garden. Han hadde fått han av sin far Aslak O. Heggtveit. Denne Aslak var ein rik mann og hadde fleire eigedomar frå Tveit nordre til Lårdals grense m.a. Grave, Heggtveit og Breidalen.

I Heggtveitheii er fleire skjerf. Segn om sylv i Sylvbergbekken. Nokre hjuringar kom over ei åre med dei sprang etter buskapen. Det blenkte i skire sylvet, men dei kunne aldri finna att staden. Mannfallsteinane ligg i Heggtveitheii. Her har ein mann vorten myrda. Sume seier det var Hille som ligg nedgraven i Hillesmyr.

I 1801 bur husm. Auver Janson og Jorund Aslaksdtr. 26 år og 31 år med 3 små born på Grave. Auver d. på Grave 1848 - 75 år. (Truleg var dette på øvre Grave.)



[Grave 1910]

➤ BRANDBU gnr. 29, bnr. 12

Høgt og fritt med utsyn over bygdi ligg Brandbu. Det har nok butt folk her i lang tid. Eigar no er Olav O. Åsland. Olav eig og Svollstaulheii med Svollstaull, (300 mål).

➤ TVEIT gnr. 29, bnr. 24

Berre eit stykke frå Borgejordet i vestleg leid, ligg denne nye Tveitgarden, på ei slette. Jordet er 10 mål og skogen 100 mål. Husi er nye. Garden er utskild frå Tveit nistogo gnr. 29, bnr. 7.

Olav Endresson Tveit åtte jordi her, og sonen Gunnar fekk i stand bureising 1923. Han hadde garden til 1928 då Olav Taraldson Borgejordet overtok bruket, (tingl. 21. 8. 1928). Seinare overtok broren Arne f. 1913 denne eigedomen.

Solheim ein liten plass, høyrer til. Eldhuset på Nistogo Tveit hadde vore stoge på Solheim. Det budde folk på Solheim omkr. 1890. (Kjetil Skolås og Margit.)

På Solheim-myri veks det mykje molter endå så lågt myri ligg.

➤ BRAUTI gnr. 30, bnr. 3

Oppi halli ovanfor Utbøen, ligg Brauti. Det er no 2 bruk, dela i 1913. Namnet tyder veg, og vart skrive Brott 1585, Broutten 1665.

Hovudbølet Brauti nedre, er på 30 mål dyrka og 6 mål udyrka jord og 150 mål utmark, (total). Til garden høyrer plassen Dapen (attlagd). Den siste som budde der var Tallev Dapen, (ikr. 1880).

Husi har stade på same tun frå gammalt, men bytt plass. No er alle husi nye og svært gode. Brauti er ættegard. I fem leder har same ætti sete på garden. I 1820 åri kjøpte Gunnar Tarjeison Lønnegrav eigedomen. Sidan Rasmus Gunnarson g.m. Anne Halvorsdtr. Brauti, (Hasleberg 31). Rasmus bytte gardar med Jon bror sin. Rasmus fekk att Lønnemoen u/Lønnegrav og Jon fekk Brauti ikr. 1850, (d. 1900).



[Dordi og Gunnar Brauti (Lønnegrav 34)]

Gunnar Jonson fekk så Brauti i slutten av 1880 åri. Han åtte også Flekstveit nedre og var ein framtøk mann. Soleis var han ein av dei fyrste som brukte kunstgjødsel og grasfrø og planta skog. Han hadde mange ombod i kommunen.

Gunnar d. 1907 og Jon sonen hans, fekk Brauti. Aslak, Einar og Toralf fekk Flekstveit nedre og Strandin. I 1913 selde Jon omlag halve Brauti til Einar og hyste sjølv på Oppigard Brauti, (bnr. 1).

Einar g.m. Anne O. Tveit (Syolisbru 113) hadde garden frå 1913 til 1951 - med undantak av nokre år broren Aslak åtte det. Einar dyrka godt opp garden og bygde nye uthus. I 1939 fekk han premie av Tor Vås jord.fond.

Noverande eigar Olav Einarson f. 1919, overtok etter faren 1951 g.m. Nilsine Johanne Farstadvoll, Romsdalen.

Brauti var rekna øydegard i 1659 med 1 tn. i skyld og svara årleg 1 kalveskinn i skatt. Det var truleg husmannsplass under Roeid eller Utbøen. I 1625 heiter husmannen Knut. Nokon buskap er ikkje oppførd i 1657 å svara «Kvægskatt» av.

Ved manntalet 1661 er husm. Tor «forarmet» og 1664 Guri - kanskje kona hans.

Plassen kjem på utanbygds hender. I 1651-59 eig Halvor Verpe (Bø) 1 tn. i Brauti, og sidan Hellek Lunde (1660-70). Jon er eigar 1672 - men pantar det bort til Claus Andersen og sal. Anna Claus (1672-82). Men garden vert innløyst att og vert bondeeige, Jon Brauti har garden 1683-97. Det er skifte på Brauti 1698, 5. 3. etter Sidsel Nilsdtr. g.m. Jon Tormodson (2 born). Net. 54 rd., dessutan jord i Brauti 1 tn. m.b. rekna 90 rd.

Sonen hans Tallev Jonson har garden 1698-1713. Det er skifte etter Tallev 1713, 27. 7. g.m. Asgjerd Halsvorsdtr. (Berge nordre) (3 born). Brt. 267 rd. Net. 191 rd. Medr. jord i Brauti 1 tn. m.b. 120 rd.

Trond Åsmundson Sandland ervde ein systerlut av Jon Tormodson, (1 mæle skyld). Denne luten kjøpte Tallev Jonson i 1707, medteke i skiftet.

Jon Talleivson har Brauti etter far sin til fram i 1720 åri - til Torgrim Torjusson Hadeberg får rett til garden (1731-53) Frå tingboki: Groven tingstoge 4. 3. 1737. «På Leopoldi vegne er innstevnt Torgrim Brauten og Sivert Knutsen Dahle for gjeld.» Dom: Torgrim må betala 101 rd. 2 mark 10 sk. og 1 ½ rd. i sakskostnader m.a.

Sønene av Torgrim, Tallev og Hans bur på Brauti¹². Såleis bur Tallev på garden 1758 då han vert enkemann. Misser kona si Sigrid Knutsdtr. etter eit års ekteskap. Hans Torgrimson får heimel på Brauti i 1774. Det er skifte etter Hans i 1805, 23. 7. g.m. Anne Olavsdtr. (6 born). Brt. 467 rd. Net. 389 rd. -«Enken opgir samtidig sin del av boet på grund av alderdomsvaghet». -

Torgrim Hansson¹³ får skjøte på Brauti 1804, 24. 11. Han dør barnlaus i 1807 og broren Halvor overtek garden 19. 11. 1807. Halvor g.m. Anne Nikolaisdtr. (Paus 34). Dei hadde 8 born alle f. Brauti.

Halvor d. på Brauti 1824. På denne tid er det at garden går over til Gunnar Lønnegrav.

➤ BRAUTI (øvre) gnr. 30, bnr. 1

Dela frå nedre Braui 1913, då Jon Gunnarson g.m. Gro O. Omtveit, heldt att denne parten og hyste her. Til garden høyrer plassen Apalstoi (nedre). Undeberg høyrdé og til, men er fråseld til eige bruk. - Noverande eigar Eivind Heimdal drukna i Bandak 1958 g. m. Bergit Haugen (Tokkedalen).

Tveitstodalen (attlagd plass) ævor etter tufter og murar. Sist budde Gunnar og Juri der ikr. 1870. Her budde Olav Aslakson og Gunhild Gjermundsdtr. i 1830 åri. (Utbøen I). Ei langhei (Dritholhei) 1 mil undan høyrer til. Staulane Raudberg, Hillestaul og Brotadalen høyrer til - no berre hamn til sauher. Raudberg - som sume kallar denne hei og - er likaste staulen. Der er både fjøs og stoge og staulen har vorte nytta til 1940. Denne hei ligg på grensa til Lårdal. Hillestaul har namn etter Hille, (sjå u/nordre Tveit).

Skulehuset i Tveit-Roeid, ligg straks ovanfor denne garden og på deira grunn. Skulestoga bygt 1930 - etter at det gamle huset hadde brunne ende fyre.

Eigedomen har 12 mål dyrka jord og minst 1000 mål utmark. Husi er i god stand. Stabburet er gamalt og flutt frå Haugland i Br.berg. Dei har stolpereist og sett til lofts høgdi.

➤ UTBØEN gnr. 31, bnr. 1

¹² 1) 1764: Eier: Justice-Raad Ancher. Leiglending Tallev Torgrimson og Randi Såmundsdtr.

¹³ Ei skrivi visebok frå 1784 etter Torgrim Hansson Brauten har eg fått på Haugan i Langlim (Kome frå Øyfjeld) der står og namnet Halvor Torgrimson, og likeins far hans Hans Torgrimson.

Abøen ligg like ved vegen til Sandodd og jorde i jorde med Roeid. Ein bekk- Utbøenbekken - byter på austre kant. Eigedomen har 55 mål dyrka jord og 450 mål utmark. Til garden hører plassen øvre Apalstoi (no attlagd) og noko av Bandaksøy, (90 mål). Apalstoi er ein gamal plass¹⁴. I 1801 bur husmann Gunnar Aslakson her (36 år) og Gunhild Halvorsdtr. (21 år). Der var brygge og stoppestad og gjestgjeveri i Apalstoi. Dei siste som budde der var Eivind og Susanne Apalstoi til 1929. No vert plassen nytta til hamn. I nærlieken ligg Lillegård med merke etter hus. På pynten nord mot Bandak på Bandaksøy, er som merke etter tufter og dyrka mark - det heiter endå Hardnorda og der skal ha butt folk eingong.

Etter namnet å døma må garden vera utskild frå Roeid. Det er bøen lengst borte mot utmarki. Dei har elles i 1647 lik skyld Roeid og Utbøen, 2 tn. (3 daler) og rekna halvgardar både. Kva tid dei vart deila er ukjent. Utbøen har denne buskapen i 1657: 1 hest, 6 kyr, 12 sauier, 3 geiter og 1 gris.

Eigarar og brukarar. Torstein svarar skatt i 1593-94, Torgrim 1609, Bjørgulg 1619-20, Helge 1621, Liv (Lieff) 1622-25, Svein 1626-41, Torbjørn 1644-47, Kristian 1661. Ved folketelj. 1664 er Christian oppsiddar 52 år. - Desse nemnde menner er visst brukarar dei fleste, for garden er på framande hender. Såleis eig Gudmund Opsund heile garden 1641-54 og Steinar Midtsund 1654-88 - under ymse namn som Steinar Nordgarden og Steinar Fjågesund. Ymse brukarar i denne tid som Kristian, Lars, Knut, Berte, Tallev, 1688-97 Lavrants.

I tidi 1689-1712 er ikkje godt å vita kven har hatt garden, men manntalet for 1713-39 fører opp Steinar Åmundson, vel den same som i 1743 er oppført med 500 daler. (Moen 18).

Eldste skifte på Utbøen er frå 1666, 17. 3. etter Christian Knutson g.m. Anne Pedersdtr. Net. 121 rd. Ikkje noko jordeige. Kona er død 1669 og lausøyra delt millom dei 4 borni.

Ditto 1745, 3. 2. etter Steinar Årnundson g.m. Anne Olavsdtr. verge: Åmund Aslakson Moen, Laugverge Jon Wernerson Tveit. Denne Steinar erva Utbøen 1701. Brt. 1527 rd. Net. 1016 rd. Medrekna jord i Utbøen 1 tn. m.b. 100 rd. Utsund (søndre) 1 ½ tn. = 150 rd. og Dalen i Kviteseid 2 tn. m.b. = 415 rd. (kjøpt Dalen 1740 av Sigurd Knutson.)

Ditto 1763, 30. 11. etter ugift Karl Ole Stenersen d.y. 24 år. Mori Anne og 5 sysken er arvingar (ingen sum eller jord nemnt.)

Åmund Steinarson får heimel på 1 tm i Abøen 1755 og etter han Aslak Olavson som heimlar 2 tn. 1775, 23. 2. og 1 tn. 1778 og 2/3 tn. 1785. Det er skifte etter Aslak 1796, 30. 7. g.m. Gro Gunnarsdtr. (8 born). Brt. 729 rd. Net. 170 rd. Medrekna jord i Utbøen 2 tn. I sett. = 700 rd. Sonen Olav Aslakson får skjøte på 2 tn. 10. 12. 1796. I 1815-21 har Aslak Olavson 1 tn. 8 ½ sett. og Olav Aslakson 4 ½ sett. - Denne Aslak Olavson (d.e.) var ein ætling av Olav Snikkar som ruppe Nordskog øvre u/prestegarden ikr. 1650, (sjå Nordskog i Aettesoga). Han vart heitande Aslak Heggtveit og åtte fleire gardar frå Tveit og nordover til Lårdals grense m.a. Grave, Heggtveit og Breidalen, (d. 1873). Aslak flyt frå Utbøen 1821 til Tveit, og så til Heggtveit ikr. 1835.

Utbøen kom i fut Florentz eige, truleg ved den tid han overtok Roeid, (1821.) Han døyr på Utbøen 1869 - 97 år. I 1882, 1. desember vart det sold til Tarjei Jonson Valebjørg for kr. 10400. Det er enka etter Mathias Florentz, Henriette (f. Bruun) som er heimelsmannen.

Garden går så over til Olav Dalen, Nissedal. Av honom er det Olav Torjusson Gravir kjøpte garden i 1891. Han bygde ny uthusbygning, bygde innatt stoga (1922) og dyrka opp mykje av garden, og fekk 1. pr. av Tor Vås jord.fond 1922. Då Olav d. 1931 overtok sonen Petter Mandt, Utbøen g.m. Margit Tarjeisdtr. Skinnarland. Eit gammalt stabbur frå 1754 er å sjå på tunet.

Ad Utboen.

1734, 27. 10. Åstadsak. Lindevigen i Bandaksøy - tvist millom Utbøen og Skarprud, påstemnt av Steinar Utbøen mot Tor U. Skarprud. Men Herman Leopoldus er den største loddejar på Skarprud denne tid og saki utsett for Leopoldus var ikkje til stader. (L. eigar av Ulefos bruk.)

1735 (ny sak). Jon Tveit vitnar at far hans 84 år (d. i vår) sa at Kaslenesstolen har hørt til Utbøen. Men motparten meiner det motsette. Steinar har sete på Utbøen i 17 år no - fyre den tid berre leiglendingar. Utfallet av sakene vart at Skarprud vann.


Steinar Fjågesund åtte Utbøen, sidan arva Johannes Bjåland og Åmund Moen «med sine hustruer». Frå 1717 er Steinar Åmundson eigar av Utbøen.

► ROEID gnr. 31, bnr. 2

Husestaden ligg på ein liten bergkolle midt i ein dalglup i aust-vest leid millom Sundbygdi og Bandak. På nordre kant står som ein myrk vegg den bratte og skarute Gunnarsbunuten. Garden har 70 mål dyrka jord, som er næsten flatt. Utmarki har ei totalvidde på 3000 mål, (heimeskog og heiskog). Ein stor del av utmarki ligg på hei vestan for Straumane i ytre kant av Bandak. (Hurronghei.) Staulane Nystaul og Furustaul ligg her. Husi på garden er gamle.

Stogebygningen som har italiendertak er frå 1823. Det var futen Florentz - gamlefut - som kostar denne straks han vart eigar. Stabburet - timra i ny form - utan svaler og årstal er nok mykje gamalt.

¹⁴ Skifte på Utbøen 1798 13. 12. etter Auver Torson Apalstoi g.m. Joronn Aslaksdtr. Brt. 140 rd. Net. 123 rd. (2 born).



[Marcus Henrik Florentz (Florentz 7)]

Uthusi som er gamlevorne og små, har vorte flute i 1883 opp der dei står i dag.

Namnet Roeid er ikkje gammalt - for det tilvande (officielle) var Ruim alt i 1665 - elles skreiv dei Roer 1585. Namnet tyder helst kro, (ro, rudning). Liksom Utbøen vart det rekna for halvgard med skyld 2 tn. 3 dalar. Buskapen 1657: 1 hest, 7 kyr og 14 smolog, (sauer og lam).

Eigarar og brukarar. Lauritz bur på Raae 1593, Siuert på Roe (Roi) 1609-20. Tord Rudi 1618-27, Tormod husmand på Rudi 1625 «forarmet». Hergius «bruger og odelsmand» 1629-41. Johannes 1644-47. Ved manntalet 1661 er Tormod 50 år m/soner Jon 13 år og Torjus 15 år. Denne Tormod er far til Jan Tormodson som eig Brauti i 1690 åd. I 1675-97 er Torjus brukar. Elles har ymse bønder pant i Ruim i 1680 åri m.a. Steinulv Skeie, Aslak Meås og Guttorm Ormtveit, (½ tn., 1 ½ tn., 1 ½ tn). Torjus har garden 1705-07 også, men sidan sønene Halvør og Kjetil fram til 1720. Torbjørg 1 tn. 1730-31.

Jens Torgrimson Foldsæ av Veum sel 1 tn. m.b. i 1738 for 200 rd. til Tor Bjørgulvson (13. 3. 1738) ikkje 125 rd. - same dag og år kjøpte Osvald Ormtveit 1 ½ qtr.m.b. for 75 rd. (ikkje 1 ½ tn.) i Roeid.

Skifte på Ruim 1755, 13. 11. (slutta 1756, 5. 11) etter Tor Bjørgulvson g.m. Hæge Såmundsdtr. (4 born) Brt. 905 rd. Net. 807 rd. Irekna fastegods i Ruim 2 tn. m.b. 400 rd. og fastegods i Foldsæ 1 tn. 1 sett. m.b. for 280 rd. Sylv 20 rd. Hæge arva i Roeid 2 ½ qtr. 1721, innløyst frå Åsmund Guttormson Ormtveit 1 ½ qtr., innfrelst frå vermor Jorunn Eivindsdtr. 1 tn. m.b. Hæge har 1 37/48 tn. 1758-59.

Frå 1755 til 1779 har ymse utbygdes større og mindre pantar i Roeid. Conferrenseråd Severin von Løvenskjold 2 ¾ sett. 1755 (ca. 45 rd.), justitsråd Ancher 5 ½ sett. 1766 (156 rd.) Hæge Såmundsdtr. g. 11 med Olav O. Seltveit i Skafså. Skifte etter Hæge på Seltveit 1765, 19. 10. Einaste sonen Olav får utlagt 5 ½ sett. i Roeid etter mori. Han får auksjonsskjøte på 8 ½ sett. 14. 10. 1774 i same gard og, endeleg kjøper han 6 ½ sett. i Roeid 1779 av Sveinung Kn. Haukom.

Bjørgulv Tallakson Syftestad kjøper heile garden Roeid (2 tn. m.b.) av O. O. Seltveit ved formyndar O. Steinarson Kleven. (Kjøpesum 1330 rd.) i 1779. Skjøte tingl. 3. 3. 1780 - Bjørgulv d. 1802 og enka får Kongeleg løyve til å sitja i uskift bu.

Ho sel då garden Roeid same året til næsteldste sonen sin Sveinung Bjørgulvson Hauge for 1400 rd. Skjøte tingl. 4. 10. 1803.

I 1819 kjøpte Halvor St. Bakås 4 ½ sett. i Roeid etter auksjon 20. 11. 1818, (skjøte tingl. 25. 2. 1820) av Sveinung - men i 1821, 17. 7. får Sveinung kjøpt att desse 4 ½ sett. av Halvor. Sveinung Bjørgulvson byter så gardar med foged Marcus Henrik Florentz som åtte Gjelstad, (frå 1811). Makeskifteskjøte 29. 6. 1821, tingl. 17. 7. 1821.

Ved makeskiftet vart kvar eigedom verdsett til 500 rd.

No var det foged Florentz som tok fatt på Roeid. og skapte garden om til emhetsmannsgard etter tidi sine krav - med hus og jord.

Her på Roeid sat m.a. Tormod Borgejordet som skrivekar i mange år.

Florentz vaut svært gammal (1772-1869) og fekk namnet «Gamlefut». Etter han overtok sonen Mathias Andreas Rye Florentz Roeid. Skjøte tingl. 9. 4. 1866. Kona hans Henriette Laura (f. Bruun) fekk løyve til å sitja i uskift bu 1881. I 1895 selde ho garden til eldste sonen sin - Wilhelm Henrik. (Kr. 21000. Skjøte tingl. 16. 12. 1895),

Willhelm g.m. Gustava Josephine (2 born) d. 1947 og eldste sonen Erling g.m. Bergljot Signe Jacobsen (d. 1961) overtok som einaste arving etter faren.

«Skjøte kunde ikke udstedes da begge foreldrene var døde, men Erling Florentz fikk hjemmelsovergang ved skiftet etter Wilhelm og Gustava Florentz. (Erling overtok «arv og gjeld» i buet.) Innført i pantereg. 12. 6. 1948», opplyser Erling Florentz.

Frå Roeid er i seinare tid selt mange plassar og tomter.

➤ HAUGEN gnr. 31, bnr. 4

Dette vert i dagleg tale ofte kalla Roeid-Haugen til skilje frå Haugen i Tveitgrendi, og er nok ein gamal plass.

Eivind Nilsson (1695-1755) g.m. Gunvor Torsdtr. (1688-1764) døydde både her. (12 born) Sonen Nils - kanskje syskinbarn til Sterke-Nils budde her til sin død i 1792, 68 år gammal.

I 1835 dør husm. enke Asborg Torkjellsdtr. på Roeid-Haugen. (97 år.) Her på denne plassen budde skimakaren Knut Olavsson (f. Lundevaldsdalen 1844). Han stedde plassen i 1874. Knut g.m. Jurid Aslaksdtr. Mogen. Dei reiste til U.S.A. i 1896. Han gjorde i hundrevis par ski, helst av ask, og fekk ein 2. pr. i Kristiania før ski han laga. Modellen hans vart nytta av Fritz Huitfeldt som seier om Knut., «Sin tids mest fremragende skimager i Telemarken.»

Knut som elles var både timremann og snikkar, hadde funne den mest laglege formi på eit godt ski. «Tru me konne få kånn eit skipar av Knut Haugen,» heitte det i Kviteseid.

I 1913 vart Haugen eige bruk. Andres Egilson (Åse 66) kjøpte det for kr. 5 500. No er det sonen Ivar g.m. Kristine Strand, Lårdal som har overteke. Han arbeider på sagbruk. Haugen har 12 mål dyrka jord og 34 mål utmark. Både stoga og løda er nye.

➤ BEKKHUS gnr. 31, bnr. 5 og 8

Dette er også gammal plass. (Nemnd 1792. Då bur Kjersti Vrålsdtr. her.) Ei gammal soge fortel at det budde ei enke her, ho hette endå Barbo. Barbro hadde mykje sylv. Dette grov ho ned ein stad i Kleivdal. Det skulle endå vera då Sylvkatten vart innkravd. I lange tider, ja, heilt fram mot 1900 talet leita folk, helst ungar etter skatten av Barbro.

Brynjulf Endreson Kasnes (Sandland II 74) g.m. Ingebjørg kjøpte Bekkhush i 1909 og hyste her. Det stod ei gammal stoge her ende fyre, men ho vart flytt til Roeid-Haugen. I 1930 åri kjøpte Brynjulf innåt eit stykke så heile eigedomen er på 20 mål. Brynjulf har brote opp alt som er dyrkande og planta stor hage.

Fyre Brynjulf kom hit stod det ein apal ber. Bekkhusapalen var kjend av borni langt avstad.

➤ KARLSRUD gnr. 31, bnr. 6 og 9

Det var Karl Jonson (Rui 26) som var ruddningsmannen her og namnet hans feste seg på plassen. Karl budde her i 1860 og framover til 1882. Dotteri Ragnhild til U.S.A. i 1885. Seinare budde Gunhild Aslaksdtr. her. Halvor og Gunhild Undeberg budde her lit fyri 1890. Etter dei Lars og Åse Skote.

Då Svein Endreson Kasnes g.m. Guro Tovsdr. kom hit i 1915 (Dei kjøpte plassen i 1922), var vesle åkerlappen mest attgrodd. No er alt oppbrote og endå har Svein kjøpt innåt og brote opp eit stykke på andre sida almanvegen. Svein har sett opp ny uthusbygning og vølt på stoga.

➤ ROMSEID (vestre) gnr. 31, bnr. 7

er på 8 mål. Eigars Øyvind Rye Florentz. Stoga på Rugtveit vart flytt hit og innåtbyggt.

Romseid austre bnr. 3 er på 70 mål. Eigars Tor M. Borgejordet. Desse to bruk var tidlegare plassen Leite og ber i daglegtale dette namnet. Andres Egilson (sjå Roeid-Haugen) kjøpte Leite i 1905. Han sel til Karl Bergsland (Bukti) for kr. 2000,-. Seinare hadde Johannes Skarprud d.y. det ei tid. Han selde til noværande eigars.

I 1807 bur Auver Vernson (Grå 66) og Anne Jonsdtr. På Leite.

➤ STEINSLAND gnr. 31, bnr. 10

Dette er bureisingsbruk, utskild frå Roeid 1940. Nye hus. 68 mål jord i alt. Eigars John Steinsland g.m. Dagny J. Breidalen.

➤ MEINSTAD gnr. 31, bnr. 15

Meinstad er gammal plass og her hev budt folk i lange tider. Plassen låg slik til at både Roeid, Skarprud og Midtsund åtte litt av jordi, med husestaden var på

➤ ÅBØ gnr. 31, bnr. 12

Gamal plass. Kjetil O. Haugen g.m. Liv kjøpte det i 1940 og sette opp hus her. (12 mål.)

➤ SYFTESTAD gnr. 32

Namnet har valda huvudbrot. O. Rygh gissar på helgenamnet Swithun (Syftesok), men kjem ikkje til nokon bruakeleg forklaring. Namnet er skrive på ymse måtar, Sypthestadt 1489, Suptestad, Subttestad 1585, Søffttestad 1602, Søftestad 1723. Ikkje sjeldan har skrivemåten brigda seg på garden, så namnet er flokut tyda.

Syftestad ligg i nordenden av Sundkilen på vestkanten, og har frå gamal hatt eit rikt fiske. Kjent er ordspelet om «Dyrdalsbeite, Syftestad fiskeri o Romenes eng.» Den som åtte desse herlegdomar kunna aldri verta fatig.

Det er ikkje gjort noko fornfunn på Syftestad, så vidt ein veit.

Syftestad er nemt i eit brev frå 1416, 22. 6. (D. N. XIII s.60) Herlaug Peterson kunngjer at han på kongens vegne har selt 3 markabol i «Midtbønom i Huidisæidhi sokn» til Sigveig (Siguæi) Gunnarsdtr. Bli det vanheimla, har ho rett til anna jord som er ufrelst og forbrote etter Svein Kjetilson. Brevet er gjort på Merdhina i Gjerpen mandag fyre Jonsvoku MCDDXVI, (Midtbøen en jordpart i Sytestad).

Eit anna prenta diplom er frå 1489, 1. 6. (D. N. XI s. 222) Tord Gudmundson, Tron Olavson og Kjetil Kjetilson var på «Venass i Sylegyodh sonkh» då Tolf Alfson selde Torbjørn Peterson 2 m.bol i «Sypthestadh i Brukæbærgh och up borith allan pæningh».

Syftestad m/u.ligg. Brauten, var rekna fullgard 1647 med skyld 4 tn. 6 daler. Buskap 1657: 1 hest, 9 kyr, 12 sauher og 4 geiter.

Eigarar og brukarar. Aslak betalar skatt 1593-94. Han er nemnd lensmann og har 3 tn. i garden framover til 1620, og jordpartar i Haugland (1 tn.), Nystog (2 tn.), Skarprud (1 tn.).

Bjørgulgulv er odelsbonde 1629. Gregus m/hustru og dreng reider ut koppskatt 1645.

Ved folketelj. 1664 er Kjetil oppsitjar 30 år og husm. Rollef 40 år og Ord (Tord?) 30 år. Kjetil og enka Guri nemnd 1664. I 1665 eig Kjetil 1 ½ tn. i Syftestad og 1 tn. i Skarprud (1660-68).

Bjørn Lundevall eig 1 ½ tn. i Syftestad 1660 og Hellek Lunde 1 tn. «Hver med sin bygsel.» -

Alt i 1672 har Claus Andersen fått 3 tn. i garden fram til 1679. Anna Sal. Claus det same 1680. Kjetil Bjørgulgulson Syftestad. vart drepen i 1671 av Hake Huvestad.

Det ser ut som Bjørn Såmundson Lundevall har hatt tilgode av versonen sin - Kjetil var ein fyrgefant så sur og sterke. Frå tingboki: I eit gjestebod i 1671 (staden unemnt) eiklar han seg inn på Hake og seier: Korleis var det du for å med verfar din? Fyrst førde du han av garden, og sea hadde du honom ut på Moen til meg og gjekk å krenka meg i min store sjukdom - då eg ikkje var god for å verga meg. Du har fulla noko tilgode av meg, Hake? Torer du ikkje krevja skulline dine?

Med ein saltans eid reiste Hake Knutson Huvestad seg frå bordet og sa: «Eg monne vel de torja!» «Du er ein stor skarv,» eikla Kjetil vidare. Gregard Lundevall ville mekle og la til. «Hake må vel bera namnet og ryktet sitt uskamma kvar han fer.» - Men best det er triv Kjetil fatt i Hake tvert over bordet med venstre hand i høgre aksel på Hake og held han slik medan han med tollekniven i høgre hand skjer Hake under hóko og stikk han over akslene så blodet skvett over bordet. - Då har Hake drege kniven og gjev Kjetil eit knivstikk i magen så han slepper kniven, slær seg på magen og seier: «Gud nåde meg - no sveik du mitt liv og mi helse frå meg!» - «Skadde du deg noko?» spurde Kjetil Groven. «Ja, Gud nåde meg, meg skader både liv og helse,» svara Kjetil Syftestad. og seig straks ned og andast. -

På tinget der dråpssaki var fyre viser Hake fram sin skade etter kniven under hóko på halsen, under akslene og bak på ryggen, og bed så om å få ålmugens skotsmål. Dei svara: «Hache Huvestad alltid havde skikket sig sagtmodig, føielig og fredelig mod hver mand og ingen fortørnet, men haft afsky for trætte og klammeri.» -

Enka og dei 2 brørne etter Kjetil Syftestad spurde så om å få den drepnes skotsmål. Lenge tagde dei, men svara så: «Den han var ven, var han trofast» - Dråpet vart gjort i naudverge. Lagtingdomaren pålagde difor Hake inga bot til arvingane av Kjetil, og då han Reidde ut det vanlege «Tegn og Fredkaup» til kongen den 5. okt. 1672 så fekk han landsvist. -

Omkring 1680 vert Syftestad. «Frigaard» med tilhald av offiserar. - Fenrik Krag 1681, fenrik Knoph 1688, Gjert Uster 1698&øve

Skifte på Syftestad 1806 etter Bjørgulg Tallevson og Gro Sveinungsdtr. (6 born). Brt. 5 249 rd. Net. 4 813 rd. Medrekna jord i Syftestad 1 tn. 1 sett. = 588 rd. Tilgode kjøpesurn av Syftestad 1500 rd. (Tallev).

Tilgode kjøpesum av Ruim til sonen Sveinung 1400 rd. Ymse krav 1279 rd.

Ditto 1813, 18. 1. etter Tallev Bjørgulgson g.m. Gunhild Johannesdtr. (2 små born). Brt. 10 346 rd. Net. 4 253 rd. Irekna Syftestad 2 tn. 6 sett. 6 500 rd. Tilgode 1507 rd.

I 1815-21 er Syftestad vorte 2 like store bruk med 1 tn. 3 sett. på kvar lut. Eigara: Knut Endreson og Aslak Olavson, (Utbøen 7).

Det var Midtbøen m.m. som då vart dela ifrå.

➤ SYFTESTAD (søndre) gnr. 32, bnr. 1 og 15

Dette er hovudbølet - ein godt opphusa gard med fint lægje - med flate eller hallande jorde ned mot Sundkilen. Dyrka jord 40 mål, 10 mål kulturbete og 200 mål prod. skog.

Garden har vori i ætti Wriedt frå 1868 - då brørne Johan Wilhelm f. 1836 og Johan Fredrik f. 1838, kjøpte Syftestad av Harald Midtsund.

Johan Fredrik Wriedt (ugift) d. på Syftestad 1917.

I 1889 er J. W. Wriedt eigar av garden, men i 1905 er det broren J. Fr. Wriedt.

Gustav Henrik Wriedt (garvar) g.m. Tone Olavsdtr. hadde garden til 1950, då sonen Fredrik f. 1916 overtok etter faren.

I 1932 vart det innattkjøpt 60 mål skog og 8 mål dyrka jord og i 1950 seld frå hustomt.

Den gamle husestaden låg litt lenger oppe på ein liten flate. Tuftene er godt synlege. Det var brørne Wriedt som kom hit frå Slesvik-Holstein i 1868 som fluttet ned husi. Stoga flutt over til Kyrkjebø og nyttet i hotellbygningen av Johan Wilhelm Wriedt. - Den gamle vegen over til Sandodd eller Apalstøi gjekk om Syftestad. Her var stor ferdsel - især vinterstid, og det var skysstad og gjestgiveri. Her kunne koma opp til 20 hester med ein gong - helst dagane fyre jol.

Tallev Jonsen (1781-1845) kjøpte truleg Syftestad ikr. 1820 av Knut Endreson (Svollsbru 25) d. på Syftestad 1845 og sonen Andres har Syftestad 1851 (d.) og kona d. 1858 (Øyan 94), (sjå bnr. 5).

➤ MIDBØEN gnr. 32, bnr. 2

Ende sud for Syftestad søndre (bnr. 1 og 15) ligg Midbøen. Som namnet lyder, har det vori ein jordpart under nemnde gard. No atter dela i fleire bruk, såleis Midbøen søndre og Bakken. Midbøen har 8 mål dyrka jord og 15 mål skogmark. I 1947 vart det fråskilt ein part, Oppheim, på 10 mål dyrka jord og 15 mål skog, (bureisingsbruk). Der bur Toralf Aslakson g.m. Nora Berntsen.

Ved folketelj. 1801 er Midbøen husmannsplass. Der bur Dorte Marie Usler 43 år og mannen Hans Nicolai Paus 46 år og vermor Helene Usler 76 år, (sjå Paus 21). Midbøen dela frå Syftestad 1815-20 åri.

I 1852 er Aslak Aslakson eigar. Etter han sonen Gunnar, (1844-1917). Aslak d. på Midbøen 1860 og kona Anne Gunnarsdtr. (Utbøen 124) 1874. Gunnar g.m. Gunhild Vetlesdtr. Haugen, (Bø). Sonen Aslak Gunnarson (Øyan 113) hadde så garden, (1875-1949). Noverande eigar er Gunnar Aslakson g.m. Marthe Solvang.

Nordlid gnr. 32, bnr. 19, 10 mål, er skild frå Midbøen i 1930 åri. Eigar Einar Åmundson Sudbø g.m. Gunhild Tarjelsdtr. Midbøen. Plassen Bakken ligg like ved og her budde Signe Gunnarsdtr. Midbøen g.m. Tarjei Eilevson, (Utbøen 61). Husi står att, men Einar har bygt av nyom litt lenger sud på jordstykket.

Ein plass til som heitte Bakken låg litt lenger oppe - er no heilt utsletta etter nyvegen kom. Her budde sist ein husmann som heitte Olav Bakken.

➤ BLIKOM gnr. 32, bnr. 3

Namnet kjem av ting som lyset - «blikar med lauvet på» - ei vanleg dativform av blik(n). Jfr. Blika i Svardal. Den bratte Blikomnetten med tverre svaberg har nok lyst fram for folk i nærleiken. Husi låg fyrr midt nedunder desse bergi, men så vart husi fluttet (1908) for ein stor stein låg så rulten og liksom truga med å ramla utfor og valda skade - vart det sagt.



[Sigrid og Kristoffer Blikom (Kallåk 139)]

Blikom har vori plass under Syftestad. Ved folketelj. 1801 bur husm. Kjetil Ansteinson 63 år og Åse Høyedtr. 60 år der (Han d. på Blikom 1801. Ho 1806 - barnlause).

I 1837 bur husm. Tormod Ånundson på Blikom. Han gifter bort 2 born, Bjørn 29 år og Anne 23 år.

Elles skifter det visst med leiglendingar framover. I 1858 Olav Blikom, i 1861 Kjetil Blikom.

Hans Røyrhelle har kjøpt Blikom 1862 og sel det til Christoffer Cristoffersen Blom (Hamburg) 1865, 16. 5. Han skriv ut eit gavebrev til Sigrid syster si, g.m. Jørgen Aslakson (Kallåk 102) 12. 10. 1871. Tingl 6. 11. s. å. For stempelkostnaden vert garden rekna 500 spdr.

Kristoffer Jørgenson (1851-1926) kom hit med foreldri sine og vart buande her til sin død. Han flutte husi dit dei no står. Han kjøpte innat eit stykke frå Tveit, Raunlid i 1910, (O. E. Tveit hadde selt det til sakførar Dalen).

No er det Jørgen og Åsmund som er eigarar - og driv elles garden saman med Signe og Andreas, (alle ugifte sysken).

Blikom er på 20 mål dyrka jord, 10 mål skrapslått og 300 mål utmark. Husi er gamle, men i bra stand.

I sudkanten av jordet låg Blikombakken - som Kviteseid idrottslag hadde i bruk til 1917. Deretter fekk laget Øyanbakken og seinare skibakken i Lundevalldalen.

➤ ROLLEIVSTAD gnr. 32, bnr. 4

Dette var husmannsplass under Syftestad. I 1801 bur Tarjei Jonsson her (30 år) med mor si Ragnhild Olavsdtr. 59 år og broren Olav 15 år, (Rolleivstad 7). Same ætti hadde sete på plassen i fleire ættleider. Såleis dør bestefaren Tarjei Nilsson g.m. Anne Jonsdtr. her i 1771 (kona i 1769). Jon Tarjeison g.m. Ragnhild Olavsdtr. døydde på Rolleivstad i 1789.

Rolleivstad¹⁵ er eige bruk i 1889. Då er Bergit O. Oppsund eigar «Rolleivstad m/plassen Lundeberg». På denne tid kjøpte Greggar Johannesson g.m. Anne Eivindsdtr. Midbøen, (Jonsson 30) eigedommen. Han hadde garden til 1926 då sonen Einar g.m. Dordi T. Bjåland kjøpte det. - Einar er byggmeister. På same tid vart det fråseld eit stykke Rolleivstad øvre, som broren Andreas hyste på, (bureisingsbruk). I 1946 selde Andreas bruket sitt til Sigurd Aslakson Midbøen g.m. Rannei Sveinsdtr. Brekke. Dette bruket er på 12 mål dyrka og 8 mål utmark. Hovudbruket har 10 mål dyrka jord og 30 mål skogmark.

Andrea Sølverud eig no Lundebergstykket. - Plassen er attlagd for lenge sidan, men tufter syner.

➤ SYFTESTAD (nordre) gnr. 32, bnr. 5

Denne garden ligg berre eit lite stykke frå veggen vestover til Sandodd. Husi er nye og i god stand - bygt etter 1905. Der er 25 mål dyrka jord og 85 mål prod. skog. Ættagard frå 1850 då Steinar Syftestad kjøpte eigedommen. Sonen hans Tor g.m. Gunhild Knutsen hadde garden 1909 til 1948 då Sofus Torson g.m. Turid Kiland overtok. Tor fekk 1. pr. av Tor Vås fond 1931.

Den 14. 11. 1859 vart Syftestad deila - bnr. 5 nordre Syftestad gjekk i frå. Det var skifte etter avdøde Gunhild Paulsdtr. - «For retten fremstod Peder Halvorsen Syftestad og Mikkel Gundersen Opsund som verge for hans stedsønn Tallef Andersen.» - Garden deila millom sterboenkemanden Peder Halvorsen og sterbosønnen umynd. Tallef Andersen.

I 1864 er enka Anlaug Torsdtr. eigar av nordre Syftestad og Hans Paulsen har søndre Syftestad.

¹⁵ 1852 og 1864 er Torgrim Eivindson eigar (Hurong 161) - til U.S.A. 1866 med kone Anne og 2 born. Han kom til Rolleivstad ikr. 1850.

➤ LISLAND gnr. 32, bnr. 6

Midt for prestegarden Moen på vestsida av Dalanelvi og oppe i lidi, ligg Lisland. Det har vori plass under Syftestad og gått ut derfrå som eige bruk omkring 1860.

I 1793, 17. 12. får husmann Ole Torvildsen bykselsetel og skal sitia der si tid.

Truleg er dette rudningsmannen. Den 17. 4. 1804 er det gjort ei muntleg semje millom Tallev Bjørgulvson Syftestad. «som eier og bruger av S.» og Jon Jonson. Jon får byksle Lisland med 3 staular, Kjetilskos, Aslakstaul og Toet. Vitne er Såmund Bjørnson Øyane og Knut O. Øyane at «velagtede underoffiser Jon Jonson,» får leige plassen for 2 rd., 30 skill. årleg, dertil arbeid 7 dagar om våren, 7 d. om hausten for 8 skill. dagen. Utanom dette skal han ha 12 skill. dagen når husbonden krev arbeid av han + hus og kost.

Jon er komen frå Slettemeås (1766-1842) og d. på Lisland, (Kyrkjebo 53). Ei dotter Berte f. 1804 på Lisland g.m. enkemann Olav Aslakson Exempel. Sonen deira Jon (1826-98) kjøpte så plassen 1861. g.m. Kari Tallevsdtr, (Øyan 97). Ei dotter Maria (1852-1906) g.m. Halvor Olavson (Skogen 11), hadde så Lisland og Lid nedre (gnr. 47 bnr. 1) (det siste hadde Jon kjøpt av Torjus Lundevall i 1849).

Sonen Ingvald Halvorson Lid g.m. lærarinne Anna O. Lid, Vinje, kjøpte Lisland 1926. Jonslidskogen i Dalane kjøpte Ingvald i 1939. Ingvald vann kongepokalen i komb.renn, Skien 1919.

I 1910 vart det kjøpt innåt Lisland eit skogstykke på 100 mål Rolid (frå Tveit) så no utgjer eigedomen 24 mål dyrka jord, 10 mål beite og 150 mål skog, omframt skogstykke i Vinje og Lårdal og Dalane.

Bjørn Tommodson fekk festesetel på Lisland 3. 10. 1840.

➤ MIDBØEN gnr. 32, bnr. 7

Dette bruket ligg nede ved Sundkilen på mosasida i ei dalkro med Geitenuten rett i sudvest. 10 mål dyrka jord og noko skogruster.

Husi er gamle - allvisst stoga, men påbygt og innattbygt i seinare tid.

Aslak og Anne budde her (Øyan 88). Dei åtte visst både Midbøengardane. Dotter deira Sigrid g.m. Eivind Halvorson (Jonsson 7) hadde så eigedomen. Broren Gunnar hadde Midbøen nordre 1864. Eivind sit med garden i 1889 og 1905.

Ikring 1898 kom Bergit Tallevsdtr, (Asheim 13) hit g.m. Aslak Eivindson Midbøen.

Ein bror åt Aslak heitte Gunnar g.m. Oline Kristine Hanssen (Seljord) fekk seg tildela eit bruk like ved som heiter Utbøen. Det er på 10 mål dyrka jord og litt skog til. Ei dotter Emma bur der no, g.m. Karl O. Breidalen.

Frå Utbøen har gått ei tomt, Uppstad, til Hans Karlson g.m. Solveig.

➤ SYFTESTAD gnr. 32, bnr. 10

Ende nedom Rødbakk ligg denne bustaden. Tor Steinanson og broren Aslak delast om Syftestad nordre i øvre og nedre Syftestad, 1917, 17. 12.

Aslak hadde dette bruket, men broren Tor laut overtaka det. Johannes Skarprud d.y. kjøpte eigedomen 1926, (Moen-Skarprud 134).

Der er 15 mål dyrka jord og 40 mål utmark. Husi er i god stand. Johannes har vori skogsarbeidar.

➤ MOGAN gnr. 32, bnr. 11

Plassen låg under Syftestad, og skal vera mykje gamal. Stoga som stod der fyrr, gjekk for å vera 300 år gammal, Husi som no står er nokså nye og i bra stand. Eigedomen er på 8 mål dyrka jord og 20 mål utmark. Mogan er utskild frå Syftestad 1912, 25, 6. og har hatt fleire eigarar, såleis Steffa Eivindson Kallåk og Tor Borgejordet. Einar Aslakson Midtbøen kjøpte det av Kviteseid Sparebank i slutten av 1920 åri. - Noverande eigar Erling Einarson bur her saman med mor si (enke) Egeleiv Tørrgranflaten. Der er fråseld ei tomt Sandtveit til Halvor Halvorson (Tørdal) g.m. Susanne Lauve u/Oppgarden. Huset bygt 1948 då Einar E. Tveit kjøpte tomti.

Her på Mogan budde Aslak Olavson (Utbøen 21.3) frå 1847 til sin død 1898. Han var fanjunker og hadde pensjon i fleire år. Han hadde vori gymnastikkklærar på Kviteseid seminar. Kona heitte Sigrid Tallevsdtr., (Øyan 95).

8. 12. 1847 flyt til Seljord: Halvor Knutson Mogane og Tone Knutsdtr. (41 år og 33 år) med 4 små barn, (12 år - 4 år).

➤ RØDBAKK gnr. 32, bnr. 18

Dette småbruket er utskild frå Syftestad (nordre) 1925 og er ingen gammal plass. Tov Larsen g.m. Jorunn Kristoffersdtr. bygde stoge og ruppe denne plassen i 1872. Sonen deira Kristoffer Rødbak f. 1876 g.m.

Marie Kristine Hanssen (Ulefoss) budde her all si tid, (d. 1957). Der er 5 mål dyrka jord og 7 mål innmark og skog.

Husi er i god stand. Det vesle buret er flutt frå Huvestad i 1915. Rødbakk var kontorkar i minst 50 år, fyrist hjå Christoffersen, så Cappelen og Hegland og skrivaren, (Viking 44). Jorunn Kristoffersdtr. er eigar no.

➤ LANDSVERK gnr. 32, bnr. 17, 20 og 21

Like ved vegen til Sandodd oppunder mørke granlidi ligg dette bruket - beint mot morgonsoli - 9 mål dyrka og 4-5 mål utruster.


Lærar Svein Eivindson Landsverk (H.mo) g.m. Margot Torsdtr. Syftestad (Vindal 12) kjøpte dette stykket i 1941. (Frå bnr. 5). Landsverk har brote opp skogstykket og bygt hus. Hovudbygning 1942 og uthus 1943. Han er skuleinspektør og har vori ordførar sidan 1954.

➤ MOEN gnr. 33, bnr. 1

Dette er prestegarden i Kviteseid. Ein stor jordgard med ei skyld av 12,80 skyldmark. Eigedomen er på 90 mål dyrka jord og 30 mål kulturbeite og ikr. 3 000 mål skog og utmark.

Husi på garden er store og i bra stand. Hovudbygningen er opph. bygt i 1859, brukarstoga 1914, uthusbygningen. 1924 og stabburet frå 1811.

Garden ligg på ein flat mo på austsida av Dalanelvi ut mot Sundkilen og byter med Holtan eigedomen på nordsida og Oppsund og Kyrkjebø på austsida. Ei mengde leigetomter har gått ut frå denne garden i seinare tid. Som Solheim, Rinden, Steinsland (Exempel). Passpå (1916). Det er fråseld ikr. 100 mål i seinare tid, av dette eindel skog.



[Moen kring 1880.]

Frå gamalt høyrdet berre 2 husmannsplassar til Moen; Utsikt og Passpå.

I 1886, 25. 6. var Embættskommisjonen samla på Kviteseid prestegard til synfaring og eventuelt sal av uturvande jord. Foged Leth, sokneprest Holst og Gunnar Flectveit og heradsvald medlem K. Taraldsen, (den siste hadde forfall). Eit kart av R. Richter i 1:2000 målestokk vart framlagt, der provst Moses i 1881 hadde gjeve dei skjematiske opplysningar. Moen matr. nr. 12, Løbenr. 16, skyld 6 daler. Heimegarden eit samla stykke på 742,31 mål. Skogen ligg 15 km undan på vestsida av Bandak.

Dei 2 plassar 61,95 mål.

Buskap: 3 hestar, 15 naut og 20 sauher. Avling: 47 tn. korn og 100 tn. poteter.

Passpå og Usikt fødde 3 kyr og avla 5 tn. korn og 32 tn. poteter.

Passpå 30,35 mål stort (4,6 mål dyrka), bortfest 26. 10. 1855 til Olaf Andersen på livstid, avgift 4 kr. årleg og 4 dagar i veka i slåtten à 53 øre dagen og kosten og vintersdag 40 øre dagen.

Utsikt 27,74 mål (5,67 mål dyrka) bortfest 18. 6. 1874 til Jens Andersen på livstid. Avgift 36 kr. i året og 5 dagar i veka i slåtten mot vanleg dagløn.

Til salg vart utpeika eit stykke på 178,28 mål (33,98 mål dyrka, 64,69 mål udyrka, skog 79 mål). «Dette stykke jord, som mod vest støder til hovedveien, mod nord til Kolbu, mod øst til gaarden Lie, mod syd følger grensene pladsen Utsigts gjerde ned til vestre hjørne.» - Det vart dissens om minste pris (5000 kr., 4400 og 5500 kr.), soknepresten var dyrast.

Egil Andersen og kona Dordi Johansdtr. ny kontrakt på plassen Passpå 10. 4. 1896, men 22. 3. 1916 vart plassen seld for kr. 2 000,- til Egil Juvland, (nov. eigar Olav Egilson).

Utsikt vart sjølveigarbruk 27. 11. 1924 meddi at Mikael son åt Jens Andersen kjøpte det for kr. 5 000. Husi stod fyre 1900 oppe på brauta ned for Haugan, - rett på ein sjåleg stad. Grunnen for flutnaden var vass-spursmålet. Stoga vart oppsett av nyom, men uthusi flute og oppsette. Seinare har Mikael Jensen bygt nye uthus og vølt på stoga. Med Cloumann var eigar heitte husmannen Eivind Utsikt. Han var postbod for Cloumann millom Kongsberg og Kviteseid 2 g. i månaden (for sumetider om Brakandalen).

Mogen (gjeld ikkje bnr. 4, men v/sida) vart bortfesta 13. 7. 1898 til skomakar Olav Eivindson og kona Margit Tallevsdtr. på levetid, (1 mål). Dei på tomti oppsette hus tilhører leigaren, Avgift kr. 10 årleg.

Flaten (Flatland gnr. 33, bnr. 3) som i 1886 utgjorde 178,28 mål vart i 1904 (tingl. 11. 9. 05) selt til Eirik O. Lyberg g.m. Bergit Knutsdtr. for kr. 12 000. m/undantak av Mogen der skomakaren Olav Eivindson budde. På skjøtet stod denne merknad: På bnr. 3 må der ikke foregaa salg av berusende drikke eller avholdes samlinger til dans eller andre offentlige forlystelser.» -

Ei fosterdotter til Eirik Lyberg, May Korella frå U.S.A. fekk skjøte av fosterfaren i 1934. Ho gift med Sveinung K. Vesterdal.

Husi på bruket i bra stand. Stoga bygt 1905. Stabburet flutt frå Hurrong i 1911. Det ber årstalet 1817 E.K.S.H. (Eivind Kj. Hurrong).

Det er fråseld feire parsellar tils. 56 mål m.a. 2 mål til O. O. Mogen 1911 (tingl. 6. 2) g.m. Ane Flextveit. Seinare overdrege til Johs. T. Bakken, tingl. skjøte 9. 8. 1946. - Søilverud 6 mål til Svein og Kari Nordbøen og Nordbø 6 mål til Guttorm Rugtveit, Hegna 26 mål til Gudmund Draugedalen. Det gamle Passpå skal ha lege ende sud for Flatland. Der er enno ævor etter tufter.

I 1938, 12. 8. vart det vidare selt frå Moen eit stykke på 44 mål for kr. 500, til Sverre Syftestad. Stykket heiter Roheim og har bnr. 17. Det vart Steinar A. Syftestad g.m. Astrid Lund, som kom til byggja her, (bureising).

Ei masse tomter har vorte bortfesta på 99 år frå Moen gnr. 33, - såleis Skarprud 1800 m² til Endre Gunnarson 1912, 25. II. og Ljosstad 24. 6. 1916 til Andreas Sveinungsen Teigen. (L. overdrege i 1937 til Johs. Oppheim.)

I 1923, 13. 12. vart det approbert eit stykke på 99 år til Johannes Skarprud (avgift årleg 115 kr.), og til Einar Sundbø eit ditto for same leige og til Halvor Dalen eit stykke for 55 kr. årleg. Kviteseid ungdomslag fekk og same året si tomt, Onarheim, (leige 60 kr.).

I 1924, 12. 12. eit stykke til Andreas Teigen, (avgift 90 kr.) 1927 bortfesta til Steinar Syftestad på 99 år 1,25 dekar, (leige 30 kr.).

1936, 1. 1. bortfest til Sigurd Rinden 4,5, mål på 99 år, (leige 36 kr.).

1937, 1. 7. bortfest til Gunnar Borgejordet 5 mål, (leige 50 kr.).

1939 Ljosstad deila i 2 partar à 2,7 mål millom agent Ståland og Johannes Oppheim. (Ståland parsell 9, Oppheim parsell 10a og 10b). Leige for Oppheim kr. 50, Ståland kr. 45 årleg.

På Moen er Bjarne Asheim paktar, tilsett 1. 5. 1957.

Moen er nemnt i eit prenta diplom frå 1425. (DX I s. 504) Lagretti Torgeir Torbjørnson og Nerid Reidarson var på Brekke i Br.berg og såg og høyrdie Olav Gregarson (Olafuer Griogardson) selde 2 markabol i «Sudhra Moonomen legger j Eplebøpuelj fyrnefndi Bruggabergs soghn». Vert dette ikkje «frialst» på skal han eiga 2 m.bol jord i Fjalestad «sem han sitter.» -

Eit ditto 1449, 28. 6. (D.N. XV s. 66) kunngjjer at Tjostolv Gunleikson, Tjostolv Neridson og Svend Ansteinson lagrettsm. i Skyda Syslo q.g.o.s. - (uklårt) at dei var på Monom som ligg i «Bruggabergha Sogha sancta Pædhars aptan», høyrdie og såg at Øystein Joansson sa seg ha fått full betaling av Bergulfuer Olafsson for han tok av dage bror hans Tofue Joanssyne ofarsynom (uviljande). (XII manna dom.)

Ditto 1509, 24. 9. (DX VII s. 477) Tolleiv Toreson. har selt med jaminne av kona Aslaug Ånundsdr., 2 m.bol jord i «Monorn» til Sveinung Asbjørnson, (skrive på Nosstebø i Gjerpen).

Ditto 1516, 13. 9. (DX VII s. 489). Nils Dagsson og Salve Rolfsson har selt 2 m.bol jord i «Monom» til Sveinung Asbjørnson. (Skrive i Skydan i Dollagardh.)

Ditto 1585, 27. 9. (Brev i Riksark. frå Kleiv i M.dal.) Lagrettsm, i Telemark Knut Svalastoga, Michel Torgiussøn oc Sivert Ledvorsøn var på Moghus i Moland og såg og høyrdie at Olav Halvorsøn og Tone Olavsdtr. selde 6 m.bol i Moen i «Hvidesø pr. gjeld» til Ånund Torkelson for 33 daler, 1 ½ pund kopar og 2 tunner korn. -

Eit uprenta diplom frå 1593, 31. 10. - skjøte på 3 m.bol i Moen, skrive på Lundevall.

Anund Torkelson i Brunkeberg sogn, har selt til Andor Taraldson 3 m.bol jord i Moen i Epletveitgrend i Br.berg i Kviteseid - som er Andors odel og har fått 30 daler. Underskrive av lagrettem. Svend Svendson og Knut Torgiussøn (Orig. til h. Zacharias Kittilson Nordgaarden i Seljord. - Brevet forevist i Riks.ark. 15. 8. 1912 av kirkesanger Sakkrissen, Brunkeberg.)

Moen var eingong husmannsplass under Syftestad og bruket har ingen buskap 1657. I mordsaki 1671 der Hake Huvestad stakk ned Kjetil Syftestad, er Moen nemnd. - Der bur då verfaren deira Bjørn Såmundson Lundevall, seinare bur sonen Bjørgulgur der. Skifte på Moen 1735, 19. 2. etter Bjørgulgur Bjørnson. Net. 96 rd. (½ tn. i Moen 105 rd., 4 sett. i Holtan 70 rd.)

Ditto 1750, 30. 11. etter Knut Bjørnson (ug.) Net. 317 rd, 1 tn. i Moen m.b. 510 rd.

På Groven tingstoge 5. 3. 1737 opplese eit jordbytebrev millom Tallev og Bjørn Bjørgulvson, der Tallev nyder til eiendom i Syftestad 1 tn., 4 sett. og Bjørn Syftestad m/ Moen 1 tn. m.b.

Sak 11. 6. 1740 der Bjørn Moen og Sveinung Gotuholt kontra Leopoldus og Kierulf om skade på vassdraget på Moen og Syftestad grund. (utsett sak). Semje: Bjørn Moen får 24 rd. + 5 rd. årleg til vedlikehald. Sveinung som eigar av Syftestad får 5 rd. årleg. «Peder Larsen og Lars Pedersen og etterkommere i fløtningen skal udrede pengene.»

Det er son åt Bjørn, Knut Bjørnson som har Moen i 1750. - Syskini åt Knut erver han.

Moen vert no heim for dei «Kondisjonerte».

Ad Moen i Sundbygdi 13. 6. 1761.

Høye Andersen medeigar av Moen med Svein Sveinungsen Haugland. Svein har gjort ymse vølingar m.a.:

«En liden skorstenstue som den forrige eier Åsmund Knutson Flextveit har reparert med nye sviller - ingen skog fantes til denne gaard og nevri fraktet 2 mil til taket.» Heile vølingi sett til 20 rd.

«Nytt bur, tatt fra fremmed skog smugt forferdiget» taxt 60 rd. Synfaring vidare: «Fæhus 5114 nød tømmeret tatt langveis fra (42 rd.).»

Hestestall ny og god, (6 rd.).

Badstoge med omn og benker, (6 ½ rd.).

Nytt høisæl bort i jordet, (3 ½ rd.)

En gammel smie, av nytt trenende vegge, forbedret taget med nye kvåv, (3 mark).

Ymse jordarbeid: Gravde en grøft 5 maalsuer eller 40 stenger, andsat stangen som sædvanlig 16 skilling. (6 rd.) Gravet en brønn til største nytte, (1 rd.). I vedskjul ved ildhuset. (2 skilling).

«Skaadammen ved elven mot Holtan, kostet av tømmer langveis fra» av Åsmund Flextveit, «nu endel rådden.» (60 rd.). En vahrdam i en evje helt nødvendig (5 rd.).

Svein tilbyd Høye Andersen garden Moen for det udlagde 640 rd, som han ikke kan disputere - tidlige med den i dag skeede vurdering 211 rd., 3 mark, 16 skill. og så forresten soge sin betaling hos de andre, vedkommende for hvad de ham har transporteret».

Christian Ravn får skjøte 1763, tingl. 30. 3. Etter han overtek justitsraad Ramhart (1 tn.) 1777, 12. 4. Peder Jørgen Cloumann (foged) får heimel på Moen 1783, 6. 3. og kjøper innan meir jord (22. 3. 1783 1 tn. m.a.). Så i 1818 er Cloumann skriven for 3 tn. 6 sett.

Makeskiftebrev 3. 3. 1796, Kyrkjebø-Moen. Aslak Auversen Kyrkjebø kontra foged Cloumann. Teigblanding millom desse gardar. No vert det retta på. Auver Kyrkjebø hadde fått skjøte på ei tegelverkstomt 13. 8. 1787. Denne går no attende til Cloumann. Likeins Fitens, Flaten og Kolbu, små partar som fyrr låg til Kyrkjebø. Men Moen gjev avkall på fleire åkrar som låg i Kyrkjebø. «Stueager, Storager, Skiner og Riseng samt all øvrig Eng og hustomterne Døllen, Agerrennerne og Fitens.» -

Det ser ut som Moen vert nytta som heim for «dei kondisjonerte» framover, for i 1849 dør enkefru justistraadinde Maren Pihl Cloumann f. Mou på Moen 79 år gamal. I 1843 Niels Egedius Elling, candidat jur. fullmektig 26 år. Som leiglending på Moen i 1839-42 finn me Åmund Moen.

Chr. I. Munthe vert eigar av Moen ikr. 1850. Han svarar skattar av eigedommen 1852-64. Skyld 2 tn. 1142 sett. Han var landhandlar.

I 1869, 16. 10. vart Moen innkjøpt til prestegard. Sokneprest Moses hadde då kallet, (1867-80). Desse prestar har hatt sitt tilhald på Moen:

Jon Moses 1867-80.

Waldernar Emil Holst 1881-1902.

Aslak Bergland 1903-21.

Hans Olaf Hagen 1921-30.

Ingolv Anderson Borge 1930-37.

Olav Bjørgum frå 18. nov. 1937 utn. 24. 6. 1938.

➤ PASSPÅ gnr. 33, bnr. 10

Eit litt sjeldant namn. Eg har hørt at det låg 3 plassar her i ein krinsil. I den eine var det nok ikkje fritt anna dei nugla litt med brennevinshandel så i smug. Dei hjelptes åt så godt dei kunne desse tri og skygde over lovbrotet. Dei two andre heitte Fyllpå og Exempel. - (Den fyrste heiter no Kolbu (Juvland), den andre Steinsland).

Passpå har då halde på sitt kjenningsnamn og ingen blygest ved det. Eigedommen er på 11 mål dyrka og 14 mål utmark. Småbruket har vori i ætti frå 1896. Fyrst som leigebruk harritil 1916 då Egil Auversen Juvland u/Oppgarden g.m. Dordi Bryne, (Lårdal) kjøpte det frå prestegarden.

Han bygde husi som når der (stoga 1896, uthusi 1918). Stabburet er flutt frå øvre Lid u/Tveit og stolpereist 1938. På Lid hadde det gjort tenest som kvennhus i lange tider.

Egil dyrka opp bruket og fekk Tor Vås premie 1923.

Noverande eigar Olav Egilson Juvland g.m. Ingebjørg Jonsdtr. Kleivstaul overtok etter faren 1933.

➤ UTSUND (søndre m/Haugan) gnr. 34, bnr. 1 og 4 og 5

Garden er kjend frå 1585 som halvgard. I 1647 er garden 3 tn. 3 daler - «en skarp og ringe gaard». Nokon buskap er ikkje oppført i 1657.

Eigarar og brukarar. Torbjørn svarar arb.skatt 1593-94. Olav 1609-11. Eirik 1644-47. Ved manntalet og folketelj. 1664, heiter oppsitjaren Tallev 40 år med sonen Halvor 18 år. - Han heiter og Tallev Tveiten han som eig desse 3 tn. Aslak Forberg eig garden 1647-59. Nemnde Tallev har garden til 1671 då Claus Andersen får garden og har han til 1680. Anna Sal. Claus har han ta 1683 då Aslak får han, og etter han Olav (kanskje sonen) 1697-99.

I 1700-03 er det Olav og Michel som har 1 ½ tn. kvar. Året etter (1704) har Michel 3 tn. og vidare til 1721. Denne Michel var mordar.

Frå tingboki. Groven 28. 6. 1721.

Michel Anderson Utsund vert saksøkt fordi han i råseri drap drengen sin Jon Halvorson¹⁶. (16 år.) Ymse omstende gjer at han får ein svært mild dom - 27 rd. Nedsett til 16 rd. for skuld Michels store fattigdom. Det var systerson til kona si han slo ned med eit vedtre. Vini kunne fortelje at Michel rasa og var heilt frå seg i mange dagar etterpå.

Steinar Åmundson får 1 ½ tn. og Steinar Johanneson Åse 1 ½ tn. 1733-39. Seinare er det Steinar og Carl som har desse jordpartar. Carl og Jon ¾ tn. kvar 1758-64.

Olav Steinanson heile garden (3 tn.) 1765, frå 1757 1 ½ tn. Den 1. mars 1764 får han skjøte på 3 tn. - Dette overdreg han til Knut 1782, 21. 2. og til Christoffer 4. 2. 1795, (i 1799 minka til 1 ½ tn.) I 1800, 3. 10. 3/8 tn. kvar til Åsmund Olavson og Aslak Olavson.

Bjørgulf Anderson ¾ tn. 1801, 2. 2.

I 1802 er det 4 eigarar av Utsund (søndre) 7 ½ sett. kvar. (Åsmund Olavson, Bjørgulf Exempel, Torgeir Sveinsson, Anon Aslakson.) Men i 1808 har det vorte 5 eigarar med litt ulik skyld (kap. Ibsen 2/3 tn., Aslak Olavson 1/12 tn., Bjørgulf Andersen ¾ tn., Aslak Olavson ¾ tn., Sigrid (enke) 3/4 tn.) I 1815-21 finn me desse namni: Paul Blom, 8 sett, Gunnar Torbjørnson, 1 sett. Jon Sørenson Sunde, 9 sett, (rosemålaren frå Breidalen) Tarjei Berntsen 9 sett., Enka Sigrid 9 sett.

Det er nok dei ymse jordpartar under Utsund-Haugan som her er tekne med. På sjølve hovudbølet vart det Gunnar Torbjørnson si ætt som heldt fram. Torbjørn Gunnarson g.m. Sigrid Sveinsdtr. (Haukom 107) budde her all si tid. Ein son Gunnar fekk garden etter mor si ikr. 1916, (ugift). Han d. 1924 og garden går over til sistnemnde Harald og Torbjørn Smeland. Den sistnemnde eig Utsund-Haugan, men bur på Stabekk og leiger bort garden. Dyrka 12 mål - 400 mål utmark - sagbruk. Stoga nedrivi, men gode uthus - elles eit lite stabbur og eldhus.

Etter matr. 1889:

Holteviken (34.1) skyld 4,40, eigar Bjørn J. Brekke m. fl.

Sundet, bnr. 2 skyld 1,52, eigar Tarald Hansen.

Holteviken og Kvernnes (3) skyld 4,42, eigar Bjørn J. Brekke m. fl.

Utsund (søndre) (4) skyld 1,06, eigar Torbjørn Gunnarson.

Bjørnhushommen (5) skyld 0,50, eigar Torbjørn Gunnarson.

Matr. 1905:

Holteviken, eigar Jørgen E. Eikland m.fl.

Sundet, eigar Tarald Hansen.

Holteviken og Kvernnes, eigar Jørgen Eikland m.fl.

Utsund (søndre), eigar Torbjørn Gunnarson.

Bjørnhushommen, eigar Torbjørn Gunnarson.

➤ SUNDET gnr. 34, bnr. 2

Like ved Sundbygdbrui på austsida ligg denne eigedommen under Sunduten, med 10 mål dyrka jord og ca. 260 mål utmark (150 mål prod.). Husi er nye og gode. Eit lite stabbur frå 1735 syner at plassen må vera mykje gamal.

¹⁶ Jon Halvorson Berge u. Skarprud. (Sjå der).

I 1801 bur skomkar Karl Karlson Sundet der 72 år¹⁷ og enkemann Endre Drengson med 2 born. Dreng 26 år og Kari 25 år. Der bur og 2 kvinner av framand «herkomst» nernlig Mad. Whitte 58 år og Christine Ramskart «hendes ugifte søster».

Sundet var plass under Utsund søndre til 1801, 26. 2. Blomætti åtte Sundet ei tid.

Rosemålaren Jon Sørensen (Breidalen 9) budde på Sundet ikr. 1820. Kona hans døydde der 1833. Elles kom garden på handel. I 1848, 26. 7. kjøper Hans Taraldson Nordgarden Sundet. Hans gjev skjøte til sonen Tarald 8. 2. 1864 - 500 spdr, (Lundevall 110.) Denne ætti sit på Sundet framleis. Olav T. Sundet g.m. Helene Olavsdtr. Holte Vrådal overtok eigedomen (Lundevall 110) etter faren 1917. Olav drukna på Kviteseidfjorden 25. 6. 1939. Noverande eigar Tarald Sundet f. 1912 overtok 1946.



[Tarald og Gunhild J. Sunde (Lundevall 110)]

NB. På Sundet gøymer dei dagbøkene etter Ole Blom. 4 protokoller i alt med blanda innhald.

➤ HOLTEVIKI gnr. 34, bnr. 1

Gamal plass på solsida av Kviteseidfjorden. Har hørt til Utsund-Haugan, men er no eige bruk. Den gamle stoga som no er svært skral, er flutt frå Kosi u/Haukom. Det skal jamvel ha vori skulestoga for Haukom krins ikr. 1850. Plassen er nedlagd. Nov. eigar Halvor Kjeldal (Dalen) g.m. Anne Nestestog. Ho fekk det i arv etter mor si.

Kvennes.

Likeins gamal plass u/Utsund-Haugan frå først. Dette bruket ligg lenger ut enn Holteviki og har nokså stor totalvidde, men heller lite produktiv skog. I slutten av 1930 åri vart her folketomt. Sist budde Lars Kvennes her og sonen Torvald. Eigedomen har gått i mange handlar.

Nov. eigar Olav Lindestad g.m. Borghild Nordbø u/Haugen ved Haukom, (bnr. 8). Han kjøpte det av Olav Fossli Dalen som heldt noko att av skogen, (bnr. 3). Lars Larsen Spjotsodd har kjøpt noko av Kvennes skog, (bnr. 9).

Bjønnhushommen.

Ein atlagd plass opp i heii - huslaus - ligg framleis til Utsund-Haugan.

➤ UTSUND [nytt bnr. 47] gnr. 35, bnr. 1

Garden har fint lende, like ved vegen til Vrådal eit stykke nord for Sundbygdbrui. Den stabbeforma Høgås ligg på nordvestre sida av tunet med skarer og ufser og slentne tre. Jordet er flatvore og litt hallande ned mot Sundkilen. Det er ca. 70 mål dyrka jord, 10 mål udyrka og 200 mål skog til garden. Vesleøy ligg like utanfor.

¹⁷ 1801 - 1. oktober «Attest fra forligelseskom. at Amund og Aslak Olssømmer er tilstaaet pladsen Sundets påstaaende husebygninger mod at giye Carl Carlsen et betinget follaug.»

No er Utsund ikkje lenger nokon vanleg bondegard. Utsund er skulegard. Her heldt Telemark folkehøgskule til i minst 30 år, frå 1914 og utover. No er skulegarden overtatt av Norsk misjonssamband som saman med Kviteseid og nokre bygder til har skipa Linedelt ungdomsskule der. Garden omdøypt til Kvitsund frå 1955.

Utsund er sikkert ein gammal gard - kanskje rydda ikr. år 1000. Der er gjort nokre fornfunn frå yngre jarnalder ved rydningsarbeid. Såleis fann dei 6 piloddar, 2 munnbiter og handtak av eit tviegga sverd, skålvekt og ein klinka jarnkjem og ein stutt sabel m.a. (Oldsaksamling.)

Gardsoga tek til med 1591. Då heiter brukaren av Utsund Tallev. Han eig også på denne tid 2 tn. i Tinnes, der Gro dotter hans bur. (Hitterdalsboken s. 189.)

Frå 1630 har me eit uprenta diplom skrive på Omtveit 15. febr. - der Trond Ålandsli og Osvald Skare makaskifter 1 ½ tn. i Trontveit, med Torgeir Tallevson Håtvæit, Nissedal som eig 1 ½ tn. i Utsund «sin quindis odelsgoudtz i nordre Wdssundt».

Brevet underskrive av «Jon Thommissen Kong. Mag. fougitt offer tellemarkens fougdery» - og Geirmund Fionne (Fjone) lensmann, og Torguis Nordbøe og Thoeff Fielesta (Fjalestad).

Eit ditto frå 13. mars 1651 der Bjørgulf Osvaldsen Skare, skriv frå seg 3 qtr. skyld i Utsund nordre til Halvor Sandovson Midgarden på Raulandstrand. Kjøpesum 64 «enchede riksdaler» som han har fått seg utbetalt. Underskrift av landskrivar Tobias Mortensen, Helge Midtsund (lensmann), Egil Bjåland og Gunleik Utsund, (lagrette.)

Utsund nordre er rekna fullgard 1647 med skyld 5 tn. 6 daler «en ringe eiendom». Budskapen 1657: 1 hest, 8 kyr, 9 sauvar og 2 geiter.

Eigarar og brukarar. Tallev (Tolluff) betalar skatt av Utsund 1593. Han er elles nemnd både i 1609 og 1620 og framover til 1645 «Tolluff enkemand rn/pige». Det heiter at Tallevs arvingar eig 2 tn. i n. Tinnes 1645. Gro Tallevsdtr. bur på Tinnes 1593. Gunleik har Utsund. 1664 og er då 59 år med sonen Osvald 20 år. Det er skifte etter Gunleik i 1668. Han har vori gift 3 gonger. (Sjå Utsund i ættesoga.) Sigrid g.m. Jon Tormodson fører ætti vidare. -

Det er mange som eig pantar i Utsund framover etter Tallev Utsund døydde. Dotteri Ingebjørg har 1 tn. i 1659-60. Ho eig elles dei 2 tn. i Tinnes som Tallev har ått. Ånund Hauge har 1 tn. 1647-59 «på nogen barns vegne». I same tidfolk har Torild Meås 1 2/3 tn. m.b. Helge Midtsund, Håvard Nordgård og Tov Undeberg kvar si halve tunne og Kjetil Lid 1/3 tn.

Etter 1660 finn me Anne Midtgarden (Rauland) med 1 ½ tn., Tordd Meås 1 ½ tn., Ådne Fjellet ½ tn., Signe Donstad 1/3 tn., Jon Nordbø 1 tn.

I 1682-83 har Anna Sal. Claus Anderson fått mestedelen av garden (3 tn.). Det ser ut som Steinars Fjågesund overtek desse litt etter, (1685-88).

I 1697-99 vert nordre Utsund dela i 2 bruk med 2 ½ tn. på kvar. Gro og Jon heiter dei som helvtast om garden.

Nokså mange skifte har det vori på Utsund. Det eldste frå 1668 (alt nemnt). Ditto 1695, 20. 5. etter Osvald Gunleikson g.m. Gro Aslaksdtr. (barnlaus). Sigrid Gunleiksdtr. halvsyster og Tone samsyster m.b. er arvingar. Netto 25 rd. Dessuten jord i Utsund nordre 4 tn. 6 ½ sett. m.b., Donstad 2 tn. (pant 149 rd.) Omsdal u/Håtvæit pant for 12 rd.

Ditto 1704, 5. 12. etter Jon Tormodson g.m. Sigrid Gunleiksdtr. (7 born). jord i Utsund 5 tn. (pantsett).

Ditto 1712, 10. 12. etter Liv Gregarsdtr. g.m. Tormod Jonsson. (1 barn.) Brt. 159 rd. Net. 108 rd. Medrekna jord i N. Utsund 15 ½ Sett. m.b. 67 rd. (Utsund pant 4 rd.).



[Porsmyr kring 1910]

Ditto 1737, 24. 4. etter enka Sigrid Gunleiksdtr. (lever og oppgjev buet) (7 born: Tormod, Gunnar, Johannes, Gunlaug, Aslaug, Tore og Gro). Brt. 294 rd. Net. 148 rd. Her irekna jord i n. Utsund 5 tn. m.b. 200 rd.

Ditto 1750, 23. 11. etter Gudmund Tormodson g.m. Aslaug Michelsdtr. Haukom, (8 born). Brt. 502 rd. Net. 422 rd. Irekna n. Utsund 4 tn. m.b. 320 rd., sylv 20 rd.

Enka Aslaug Michelsdtr. død 1768. Skifte etter henne 30. 11. Brt. 56 rd. Net. 27 rd.

Det vert Tarjei Gudmundson (1731-1805) som har Utsund frå 1767 (4 tn.) og aukar det til 5 tn. 13. 10. 1774. Men det ser ut som han sel garden fram mot 1800 talet. Me hører om eit skifte i 1805, 8. 11. etter Åmund Olavson g.m. Kari Osvaldsdtr. Brt. 783 rd, Net. 165 rd. Medrekna jord i Utsund 8 sett. m.b. 600 rd. «Enken solgte garden ved auksjon da hun ikke selv kunne klare den.»

Det vert Gunnar Torbjørnson (Oppsund 27) som heimlar 5 tn. i 1804, 24. 2. og han svarar skattar og utloge av Åsmund 1815-21. Han d. på Utsund 1832 og kona hans Gunhild Sveinungsdtr. (Haugland 41) i 1844.

Torbjørn Gunnarson (1812-96) er truleg den siste av denne ætti som har Utsund. Han vart elles skriven for Utsund-Haugan, men d. på Utsund 1896.

Garden korn no på handel. Olaus Svenkeson kjøpte han i 1876. I matrikkelen for Kviteseid 1889 er han eigar, men i 1905 er det sonen hans Andreas Utsund som er eigar. Svenkesen d. på Utsund 1899. Bilethoggar Gunnar Utsund som hadde Nesi budde og ei tid på Ursund og ludde sist «atelier» i ei liti stoge under Høgås.

Einar Brauti som åtte noko av Flekstveit bytte til seg Utsund av Andreas. I 1913 kjøpte Jakob Naadland garden og koma opp den store skulebygningen med internat og stor gymnastikksal, (flutt frå Utgarden, Seljord).

1852 eigar Christopher Blom.

1864 Rasmus C. Blom.

➤ **VIKI [Bøen] gnr. 35, bnr. 1, 2 og 3**

I ei liti vik ved Sundkilen med den bratte Høgås på austsida, ligg dette bruket med 10 mål dyrka jord og ca. 300 mål utmark. Vesleøy kjøpt innåt i 1885 og Bøen 1884. Husi i god stand. Skulestoga for Haukom krins som stod på Nordbø, vart flutt til Viki i 1912 og omlaga til verkstadbygning. Buret flutt frå Haukom søndre. (Sv. Gotuholt selt det til Andreas Utsund)

I 1801 bur husm. Anond Kjetilson og Sidsel Andersdtr. på Viki. Han g. I m. Gunhild Gudmundsdtr. Utsund i 1771.

Det er ættegard frå 1876 då Olaus Svenkesen vart eigar av Utsund m/Viki. Sidan vart Andreas son hans g.m. Fredrikke Kaspara eigar. No er det dotteri Helga Ovidia f. 1899 som bur her. Ho har fleire oldfunn som stridsøks og pileoddar funne på Utsund.

Vesleøy var eingong plass. I 1791 bur målaren Sondre Person Busterud her, g.m. Anne Johannesdtr. Haukom. 1801 Degn og husni. Augustinus Brochmand. 56 år og kona Hæge Knutsdtr. 39 år med 2 små born. Husi er longe borte. I 1791 var Vesløy landfast med Utsundlandet når vatnet var lite.

Myrvang, bnr. 55 no kalla Kleivberg eigar Margit og Astri Brekke.

Myre, bnr. 50, eigar Halvor Lunde.

Bøen, bnr. 48, eigar Arnhild Nådland.

➤ **KLEIVSTAUL gnr. 35**

Ein svingut, bratt og gamaldags veg fører fram til desse 4 bruk i heii mot fjellheii. Har ein fyrst streva seg opp kleivane, møter ein eit meir hallande lende med koselege heimar. No er ein ny, meir flatvoren veg ferdig. Det er visstnok brukseigar Cappelen som har store skogar her oppe, som kostar mesteparten av vegen.

Me skal omtala dei ymse bruk.

➤ **KLEIVSTAUL gnr. 35, bnr. 4**

Det var plass under Utsund nordre til 1827. Då kravde sjersant Halvor Halvorson Solberg denne utskild. (Tingl. skjøte 22. 8. 1827.) Eigar på Utsund var Gunnar Torbjørnson. (Oppsund 27.) Skyldi sett til 3 7/8 sett. c: 1/8 av hovudbruket. Gunnar heimla Utsund m/Kleivstaul 25. 6. 1811.

Staulen Eiang ca. 3 km aust i heii hører no til garden - utskild frå Haukom søndre 1. 3. 1887 - berre 9 mål, attlagd og huslaus. Aslak O. Haukom og Mikkel Kleivstaul ordna med utskilet.

Sjersant H. H. Solberg gav opp bruket snart. I 1842, 1. 7. får konst. lensmann Chr. Blom auksjonskjøte på Kleivstaul, som han overdreg til Jon Mikkelsen 27. 2. 1844, kjøpesum 450 spdr.

Ei melding frå foged Florentz 1827, kunngjer at Kleivstaul har fyrr hørt under Utsund søndre, men ved hevdsrett gått over til nordre Utsund.

Jon Mikkelson brukar garden i lang tid, men hadde ikkje skjøte. Han var byggmeister, sette opp m.a. den store uthusbygningen på Haugen v/Haukom i 1895. Han flutte husi på Kleivstaul litt lenger ned og har bygt dei slik dei står i dag. Såmund Mikkelson skjøtar Kleivstaul til Olav Eilevson (son åt Aslak Eilevson) (Utbøen 81) 8. 6. 1951. (Eiang gnr. 36, bnr 14). No er det enka Gunhild Hilda Jonsdtr. (Haland 7) som har eigedomen.

På Kleivstaul er omlag 18 mål dyrka jord og 50 mål utmark, dessutan ymse rettar i Cappelens skog komen frå Utsund. Det er no kravt utskifting.

NB. 1801 Husm. Tor Amondson Kleivstaul (nedre) 35 år og kona Sidsel Sveinsdtr. 32 år, Åmond 2 år.

Kleivstaul nemnd i eit skifte på Utsund 1755¹⁸. Anders Arntsson er då død. (Må 335) Sonen Jon bur der framover til 1770. I 1801 er dei flutte til Treungen. (Sjå ættesoga s. 182.) Tarjei Gudmundson som var bror åt kona av Jon, vert no buande på Kleivstaul til sin død 1805. (Utsund 9) og Mikkel Gudmundson sin son Gudmund og kona Jorunn Gunnarsdtr. bur på Kleivstaul i 1790 åri. Omkr. 1814 er det Mikkel (son av Tarjei) som brukar plassen.

➤ KLEIVSTAUL (nordre) gnr. 35, bnr. 5

Dette bruket utskild frå Utsund 28. 2. 1839. - Det er truleg Sveinung Gunnarson (Uppsund 75) som er fyrste eigar. Kona hans Gunhild Aslaksdtr. d. på Kleivstaul 1844 (24 år) og han 1891. Sonen Gunnar har iallefall garden i 1889. I 50 års alderen drog han til Amerika og garden hans vert seld 16. 10. 1897. Det er Olaus Svenkeson som har fått fullmakt til det. Jon Halvorson Gullbekk g.m. Signe Halvorsdtr. Bergland frå Seljord kjøper garden for kr. 2 450. Sonen Hans g.m. Martha O. Haugan, Åmotsdal, har brukta garden frå 1940. - Hans kjøpte garden av mor si i 1958. Denne garden har og ymse serrettar i Cappelens skog. Desse er det kravt utskifting for.

Husi er gamle, men i bruakeleg stand. Stoga skal vera frå ikr. 1750. Der er 35 mål dyrka jord. 10 mål udyrka og ikr. 100 mål skog. Eiang sæter ca. 14 mål høyrer til.

Hans Kleivstaul eig også Haugan i Lundevallsgrenni gnr. 49, bnr. 12.

NB. Ved folketelj. 1801 husm. Johannes Aslakson 40 år og kona Anne Amondsdtr. 40 år og 4 små barn.

1742, 27. 2. sel Gudmund Tormodson Utsund, nordre Kleivstaul for 40 rd. til farbroen Johannes Jonson. - Han sel også Utsundn. forf 400 rdf tiltdentsame.

¹⁸ Johannes Jonson og Sigrid Aslaksdtr. er plassefolk på Kleivstaul 1729-50, Aslak son hans og kona dør både på Kleivstaul. (Utsund 57). Men det var 2 Kleivstaul plassar.

I Utsundmarki ligg Myrfjøll¹⁹ og Øverbø (attlagde) plassat og Kåvestaul og Slokstaul. På dei two siste er bygt skogshytter.


NB. På Kleivstaul øvre bur i 1801 husm. Tarjei Gudmundson 69 år.

1741, 13. 10. kontr. millom Gudmund Tormodson Utsund og Jon Andersen på 25 år mot årleg leige 2 rd. - Innløys. av husi 20 rd. ved fråflytting. (Øvre Kleivstaul.)

➤ HAUKOM gnr. 36, bnr. 1

Opp i hallet mellom Midsund og Utsund ligg Haukomgardane. Namnet vart skrive som oftast Houkum (1602), Houchumb (1665) - uttalast no Hau'komm, Namnet kan koma av hauk (fugl). jfr. O. Rygh haukheimr, men helst truleg av haug (haugom) då garden ligg på ein haug - eller på fleire små haugar.

Det var ein gard frå først av. Jordet femnde over 18 teigar med slått, (ein teig 12 mål). Eigedomen gjekk frå Skarprudeigedomen i vest til Seljord grense i aust. Garden vart rekna fullgard med skyld 6 1/3 tn. 6 daler, men med den merknad «ganske ringe eiendom, for høit satt».



[Haukom, søndre]

¹⁹ 1861 husm. Vrål Knutson Myrfjeld 49 år og Kari Andersdtr. 38 år. til U.S.A. med 3 små gjenter. (Anne 10 år, Såve 7 ½ år og Asjer 3 ½ år.)

I eit uprenta diplom frå 28. mai 1645 står det at garden vart deila²⁰ det året. Det er arveskifte etter Salig Sveinung Hauchomb. Han hadde vori g.m. Aslaug Ormsdtr. og hadde 4 born etter seg. Tarjei, Johannes, Bergit og Torbjørg. Gutane får 2 tn., 2 settong kvar og gjentene 1 tn., 1 sett. jordegods. Sjukmori Lovei Aslaksdtr. får seg tildela ein halvning av lausøyra - den andre «blef jæffnit fornevnte børn imellorn, saa en Huer rektig bekomb huis derinenived Laed kunde tilfalde». - Det er Mats Bastiansen (skrivar) og Gudmund Opsund, Jon Kyrkleboen, Thoff Holtan, Helge Midsund, Bjørn Lundevold og Thord Groven som er lagrettsmennene. Tarjei og seinare Vetle son hans, tek bustad på sondre Haukom og Johannes på nordre. Ved skifte 19. 3. 1666 er både sonene av Sveinung Haukom døde. Men Tarjei har sonen Vetle etter seg, og Johannes sonen Sveinung (d. Sundsbarm 1708) og dottene Aslaug og Gro.

Vetle Tarjeison er det skifte etter 12. 4. 1708 og 13. 4. same året etter son hans Sveinung som har vori umyndig eit års tid - kva enn grunnen kan vera. Skifte etter Vetle vert oppgjort med ein netto på 462 riksdaler, men etter sonen var det 981 rd. - Ein bror åt Vede heiter Svein Breiland. Han har sonen Tarjei som så bur på sondre Haukom. Tarjei er g.m. Sissel Mikkelsdtr. Der er skifte etter Tarjei Sveinson på Haukom slutta 31. 3. 1734. Net. 559 rd. irekna jord i Haukom 2 tn. 4 mæler m.b. 400 rd.

Sonen Mikkel Tarjeison g.m. Gunhild Steinarsdtr. har så garden framover. Skifte etter Mikkel 14. 7. 1767. Netto 1130 rd. Haukom (sondre) 2 tn. 8 sett. er rekna 500 rd. Dei har 5 born, Tarji 18 år, Steinar 11 år, Anne 23 år, Sigrid 21 år, Signe 16 år.

Tarjei (1749-1825) g.m. Aslaug Sveinungsdr. Haugland har garden så lenge dei lever. Både d. på Haukom. Ho 1834, han 1825. Dei hadde i alt 13 born. Ingen av desse bia på garden. Ole Bjørnsen kjøpte garden og hadde han til han døydde 1845. Han kjøpte truleg av kjøpmann Jørgen Aall som hadde vorte eigar av sondre Haukom i 1810. Inntil den tid var det sameige i skogen, men då kravde Aall utsifting. Ved utsiftingi fekk n. Haukom all skog heimanfor Heivatn og Heivassåi, og s. Haukom all skog aust for desse. N. Haukom fekk staulane: Øvre Einang aust for Heivatn med vedrett og delvis husfang, og vidare Osestøyl, Skuggebergstøylene, Auverstøyl og Egilsstøyl. Desse staular er no tilvaksne med skog så nær som Osestøyl, der det står ei hytte og er att noko slåtteland. I n. Haukom sin skog skulle s. Haukom ha rett til fri ved og tømmer til småvølingar. Desse rettar er no endra, men fiske er sameige, likeins sag og kvern i Heivassåi.

Haukom skal ha vore gamal tingstad, men visstnok lenge fyre 1664 då tingbøkene for Kviteseid byrjar. Under nydyrkning i 1917 i nærleiken av den gamle husestaden, kom dei over gamle trestubbar som stod i ein rund ring oml. 5-6 m i tverrmål. Var det ævor etter den fredlyste tingstad der folk fekk avgjort trættene sine?

I 1670 åri vart Haukom «frigaard» og bustad for dei militære autoritetar. Tre fenrikar er nemnde som har tilhald der. Det er fenrik Bruun, fenrik Munch og fenrik Karl von Østenberg.

Den 5. 9. 1702 er det brev om at «det er Hans Maj. vilje at alle Oberoffiseres tillagde og benifiserede gårder skal av skriveren og dannernend besiktigges». - Og vidare «ydermere derpå formente gaard Haukom med des tilliggende efterseet». Oppsiddar er Vetle Tarjeison som svarar på alle spurnader. Garden er gammalt odelsgods. Yngste dotteri Anne Vetlesdtr. etter skifte 27. 6. 1695, eig 3 tn., 1 mæler. - Heile skyldi er 6 tn. 2 mæler. Svein Breiland (bror åt Vetle eig 2 ½ tn. m.b. og generalmajor Arnholt ½ tn. Vetle er «bruker og besidder for årlig avgift» og garden er aldri brukt «av nogen offiser langt minder bygslet eller anderledes bortleiet».


Husi er i god stand. «En skorstenstue med kove i god stand, en røkstue med liden kove i god stand. Et jordbur med kjelder vegg og tak godt. Trende stolpeboder i god hævd. En dobbelt høylade og kornlade i god sund - en anden ditto i god stand, et fæhus vegg og tak godt, ny svidd på østre kant ønskelig. Badstue og smidje samt et lide dobbelt hus til småfæt. En ny stall og en gammel ditto». Så har dei ei liti bekkekvenn «som går kun i flom. Aker og eng forsvarlig dreven, god furuskog med god tilvekst, kan nok som en tid land continuere».

Ein husmannsplass Homman sår eit kvartel korn. Slåtte til garden «samst sæterbol». Det såg bra ut.

Til Haukom sørde høyre plassane Lundeberg og Skovik. På Lundeberg budde Tarjei Listaul i 1850 åri. Tarjei Mikkelsen brukte nokre år på Haukom etter han hadde selt garden til Jørgen Aall i 1810. Seinare flutt til Skovik. Vidare Ståland, Moslid, Orlid. På vestsida av fjorden låg Homman, Hovet og Bergland. Fleire av desse plassar er no attlagde.

Ole Bjørnsen budde som sagt si mest ti på Haukom. Han la ned eit stort arbeid på jordi og garden. Han flutte husi ned frå «tuftine» og dit dei står i dag. Stoga bygde han i 1815-16. Eit bur frå 1771 flutte han ned, likeins løda frå 1745 som stod like til 1942. Dei meiner han dyrka opp ikr. 60 mål. Dei store myrane ved Haugrud med eit tjønnfly, vreita han og tørdagde. Ole var både klokker og lærar, lensmann og forliksråd, postopnar og stortingsmann. Gravferdi hans var den største nokon hadde sett i Kviteseid. Dei talde 40 hestar i ferdi til kyrkja.

²⁰ Det var innmarki som vart deila, ikkje skogen.



[Ole Bjørnsen (Gotuholt 3)]

Etter eit skyld.dok. av 18. 7. 1849 vart Haugen skild ifrå med plassane Ståland, Moslid og Skovik. Eigedomane på vestssida av fjorden vart selt frå N. Haukom i 1835 åri. Det var Kristoffer Blom (Hamburg) som kjøpte det heile. No er det feire eigarar. På Homman bur Halvor Bakkan Seljord. Skogen eig landh. Toralf Lindstøl. Bergland eig Anlaug Lid, enka etter Hallvard Lid.

Haugen fekk seminarlærar Aslak O. Haukom d.y. og Sveinung fekk hovudbølet. Olav ein annen bror gjekk ut med pengar og kjøpte seinare Ståland frå Haugen, (1865). Både Sveinung og Aslak utvandra.

Eivind og Halvor Lid, Bø hadde Haukom søndre ei tid. Så hadde Jørgen Råmundal det. Torvald Smeland hadde garden frå 1890 til 1909, då garden kom inn i ætti att ved at Aslak Brauti kjøpte han. - Av han kjøpte den noverande eigar Sveinung A. Gotuholt g.m. Anne Tarjeisdtr. Fjødde garden i 1915. Sveinung har fått Tor Vås jorddyrkingspremie Ar 1920 og har hatt mange ombod i kommunen. Han har skrive soga at Kviteseid Sparebank, (100 års skriftet) og eit skrift om ordførarane i Kviteseid 1837-1937.

NB. 1657. Kvægskatt: 1 hest, 8 kyr, 16 sauер, 2 geiter og 1 gris.

Både nordre og søndre Haukom har fått seg tildeila heistykke av Jørgen Aalls eigedom istaden for bruksrettane dei hadde, så det er oppgjort. Men millom nordre og søndre Haukom er ikkje dette hopehavet heilt ordna, men står som før.

Skuggeberg har og vore plass, men har lege under Haukom. Her budde Torjus Holteviki og Bergit ikr. 1850. Han var lundehering. Dei spurde korleis dei levde oppe i denne plassen. «Å jau,» sa Torjus «de er ikkje så sjellan at eg å Bergit legg smær i grauten.» - Torjus kjøpte sidan ein av Tveit-gardane i Kviteseid og døde der. - Sonen hans Gunleik til U.S.A. Han kom attende og budde på Myre.

➤ HAUGEN gnr. 36, bnr. 2

Namnet høver godt. På ein haug aust for Sundkilen millom Utsund og Ståland, ligg denne garden med store romsame hus og 65 mål dyrka jord og 8 mål udyrka, (myr).

Utmarki - skogen - fell i 3 partar: Moslid, Lundebergskogen og Sollidfjellet. Totalvidde 300 mål, (250 mål prod). Skogen ikkje mælt.

Haugen dela frå Haukom søndre 1849, 18. 7. (tingl. 27. 9) då eigaren av Haukom, Anders Hansson Saltevje g.m. enka etter Ole Bjørnsen kravde skylddeling. Sveinung O. Haukom (Gotuholt 9) kjøpte Haukom søndre og øvre av sjukfaren Anders og Anders fekk Haugen. Det seiest at Ole Bjørnsen hadde byrja å hysa på Haugen - i alle fall hadde han vreita opp noko av dei store myrane der.

Anders sel skogen frå Haugen i 1864 (Skyld. 12. 9.) Dette gjeld Heivasskogen og Mørkevasskogen som då låg til Haugen. Jarnverkseigar D. Cappelen og Aall vert eigarar av desse stykki.

Men i 1865, 23. 6. vert Haugen dela i 2 ulike partar millom brørne Aslak og Olav O. Haukom (Gotuholt 12 og 10) såleis at Olav får Ståland 1 65/103 sett. og Aslak Haugen 7 25/103 sett. - Aslak var ein framtøk mann og slo inn på litt av kvart. I Porsgrunn starta han eit meieri, og i Kviteseid dreiv han som landhandlar. - Han kom i stor skuld og laut kvitta seg med garden i 1886 og drog til U.S.A. med kona Signe Jonsdtr. og 8 born. - Kom heimatt og d. på Gjersund 1913.

Det vart lensmann Johannessen som overtok Haugen etter Aslak. Men i 1892 kjøper Tor Vå garden. Han dyrka opp mykje av garden og planta ein stor frukthage. Dette var noko nytt - og vekte åtgauam og gav tildriv så fleire i Kviteseid la seg etter hagebruk. No er omlag alle dei gamle fruktrei på Haugen borte.

Husi sette han i god stand. Uthusbygningen frå 1895 oppsett av Jon Mikkelsen Kleivstaul, er vel den dag i dag den største i Kviteseid. (39 m lang, 13,3 m breid og 5,5 høg). Han er oppsett av reisverk, noko som og var nytt i bygdi. Mange spådde dette var ei udryg byggeform. Men huset står der no like bra endå. (Jfr. reisverket på Vrå nordre fri 1873 av Olaus Svenkeson).

Tor Vå som på denne tid handla skogar og gardar i det store i fleire herad i Telemark, bytte no bort Haugen i Hemmestveit med Svein Larsson Tveit. Svein sel garden ei tid etter til fanjunker Torvald H. Smeland g.m. Anne Torbjørnsdtr (Uppsund 77) i 1910. - Kjøpesum kr. 21000. I 1928, 6. 3. overtok sonen Harald g.m. Kari H. Berge. Både far og son dyrka og stelte. Dei fekk både i si tid Tor Vås jord.premie.

Noverande eigar Torvald Haraldson g.m. Bergit Steinarsdtr. Hovden (Høydalsmo) overtok eigedomen 1. 1. 1953, (tingl. skjøte 10. 2. 1955).

Medan Svein Tveit hadde Haugen, vart det utskild mange jordpartar som ligg aust med riksvegen.

Haugerud bnr. 19, nov. eigar Lars O. Tveito g.m. Ingrid Sv. Ståland.

Myrbø bnr. 20, nov. eigar Fritz Jakobsen g.m. Signe J. Kleivstaul.

Haugland bnr. 22, nov. eigar Arne G. Draugedalen g.m. Gro Tråen, Tinn.

Nordbø bnr. 23, nov. eigar Olav Lindestad g.m. Borghild Nordbø.

Til Haugen høyrd plassane Skovik og Moslid. Skovik låg i nordhalli av Högås og er no innlema i den dyrka jordi på Haugen. Ingen minnest det har butt folk der.

Moslid låg aust for Ståland og ein ser merke etter 2 små kjellartufter. Sist budde Olav Høyesson Porsmyr der i 1920 åri. På Moslid sat som husmann Høye Porsmyr og Hæge i slutten av 1850 åri. Høye var ein uti frå herren og spræk kar. Det går mange soger om han. På den tid var Anders Saltevju eigar av Haugen. Han var «hestekar» og sat med tråvarar. No hadde han ein reint stortråvar og hadde bode ein annan sundbygding opp til eit kapplaup. Han aka ned på isen og småkøyrd og móykte opp hesten sin. Husmannen Høye Moslid var svært forviten og feta etter på hudsko og tok så til å småspringe ved sida av hesten - og heldt litt fyri. Då spurde Anders om dei skulle kapptråve. Høye svara med ein liten eid at det kunne dei gjerne. Og no sette dei opp farten - men Høye heldt seg fyre. Anders vart så sinna då han skjøna han tapa. Han reiste seg i sleden og ville slå til Høye med den lange sveipa si. «Men då sprang eg av redskur», sa Høye etterpå. Han sprang inn mot Midtsundlandet og vart berga. - Nokre dagar etter vart han oppsagt frå plassen og laut flyta bort i Utsundmarki til Porsmyr. «De va den dyreste moro eg hev vore med på», sa Høye så tidt når han fortalte dette.



[Hæge og Høye Porsmyr (Langlid 37)]

➤ STÅLAND gnr. 36, bnr. 3

Ståland vart utskild frå Haukom søndre og nedre (Haugen) 23. 6. 1865. Skyldi vart 1 65/103 sett. Det var Olav O. Haukom²¹ g.m. Anlaug Leivsdtr. (Roholt 36) som hyste og bygde her. Kona hans døydde her i 1894.

Garden kom på handel i slutten av nittiåri og ein Hermod frå Rauland kjøpte eigedomen, (halvparten). Han selde så til Gunnar Svendsen (Lønnegrav 106) som så selde til Olav Sveinungson Flaten. No er det sonen Sverre g.m. Margot Nord (f. i Sverige) som er eigar.

Husi er i god stand. Totalvidda 18 mål.

Eit hus på leigetomt Nystad like ved har sonen Olav kosta opp g.m. Anne Vetlesdtr. Bjørkelid.

➤ STÅLAND gnr. 36, bnr. 17

Dette bruket ligg ende nedom bnr. 3 lognt og fint på sudsida av Stålandsnuten og grensar mot Midtsund søndre og ned mot Sundkilen i sudvest. Areal: 15 mål dyrka og 100 mål utmark. Bruket vart dela frå bnr. 3 i 1896, 15. 8. Det var Knut Knutson (Hestehaga 4) som fekk denne jordparten og hyste her. Kona hans Anne d. her 1899. Sidan kjøpte Gunnar Sveinungson Kleivstaul det og hadde det til 1916, 14. 10. då den nov. eigar Svein Torjusson (f. Lia Fjågesund) g.m. Margit Sagabakkane (Mo) (d. 1906) kjøpte det. Lærar Hallvard Lid hadde det og 1 års tid.

²¹ 1883 13. 8. skyldela frå Ståland eit skogstykke til Ådne Midtsund verd 400 kr.

➤ HAUKOM (nordre) gnr. 36, bnr. 8

Johannes Sveinungson fekk dette i 1645. Han var g.m. Gunlaug Sveinsdtr. Breiland, Høydalsmo. Sonen Sveinung makaskifter gardar med syskinbarnet sit Vetle Tarjeison som hadde Sundsbarm. Dette var i 1680 åri. Vetle overlet garden nordre Haukom til dotter si Aslaug g.m. Jørgen Tarjeison (Nape). Aslaug er det skifte etter 13. 2. 1737. Dei har 5 born, Knut, Vetle, Gunhild (25 år) Ingebjørg (22 år) og Gro (18 år). Det er eit stort bu. Netto 1069 rd. Irekna Haukom 3 tn. 1 mæle m.b. 500 rd., Sundsbarm 2 tn., 242 rd. Der er sylv for 88 rd. M.a. 2 sylbelte. Det eine gylt med 16 cuber, (18 rd.).

Sonen deira Knut g.m. I Karen Hansdtr. II Gunhild Steinarsdtr. Fjågesund, ser ut til har vori ein velstandsmann. Han er det skifte etter 13. 7. 1767. Dei har borni: Jørgen 20 år, Sveinung 16 år, Steinar 9 år og Aslaug 18 ½ år, Brt. 1613 rd. Net. 1567 rd. Irekna Haukom (nordre) 3 tn. 2 sett. 600 rd. Der er gamalt arvesylv for 155 rd. m.a. eit brurelad (hovedlaug) med lauv og 51 kubber og plater for 80 rd.

Jørgen er det skifte etter 19. 1. 1769, (ugift). Net. 205 rd.

Etter Knut vert Sveinung eigar av nordre Haukom, 3. 3. 1774 heimlar han 2 7/12 tn. - Ein Halvor Gunnarson vert eigar 26. 2. 1788 (3 1/6 tn.) og framover til 1820²²⁾ (Nape 16.)

Han var g.m. Gunhild Sveinungsdr. Haukom i 1794. Dei fekk 11 born, (5 døydde små). Sveinung einaste sonen, fekk garden etter faren, døydde (1848). Han var gift med Tone Johannesdtr. (Skare 16) 10 born.

I 1870 sel han garden til versonen sin Kjetil Kjetilson (Omnes 15) g.m. Bergit Sveinungsdr. og stryk til Amerika med kone og 6 born «Ved egne midler og 2 500 spdr. i behold» står det i kyrkjeboki - så det var ikkje naudi just som dreiv han til å vandra ut.

Kjetil opplever krisetidi i 1870 åri til fullnad. Han slit med stor skuld og må til slutt selja garden etter at det vert panta og halde eskursjonar hjå han i stor stil. (Jfr. anmerk. frå panteregistret 1877 på Haukom). Han sel m.a. plassen Brekke og eit skogstykke til S. D. Cappelen i 1877. Ein pantobl. tingl. 2. 11. 1874 på kr. 7 200, vert visst tuva som velter lasset. I 1880 åri stryk Kjetil og Bergit med borni til U.S.A. og garden kjem på handel. Både Olaus Svenkeson og Gunnar P. Flatland har Haukom nordre fyrr lærar John O. Fjalestad overtek garden 1896. Han tek over pantelånet frå 1874, rest kr. 3 420, - - og tek opp eit nytt lån på 700 kr. 23. 4. 1896. (Sletta 9. 9. 1904).

Torof J. Fjalestad kjøper garden av John i 1903, (ikkje skjøte) men sel han til Tellef Kj. Fjalestad 21. 11. 1904. John har heimelen den gong.

Noverande eigar Kjetil T. Fjalestad g.m. Gunhild Løken fekk skjøte først 25. 8. 1942 av mor si Gunhild Fjalestad (f. Wæthing), men hadde overteke eigedomen i 1932.

Dyrka jord 70 mål, 85 mål utruster og ca. 1000 mål skogmark - mestedeilen produktiv.

Husi på garden i god stand. Stoga bygt i 1898 av Knut Ståland, som og bygde uthusbygn. 1906. Eit gamalt stabbur frå 1717 er flutt opp frå den gamle husestaden, (utskurd).

Kjetil Fjalestad har mange kommunale ombod, Har fått Tor Vås jord.premie.

➤ KOSI u/HAUKOM (nordre) gnr. 36, bnr. 8

Gamal plass. Her har butt mange husmenner. Såmund Klokkar budde her ikr. 1850. Han heldt endå skule her. «Skulestoga» vart seinare flutt til Holteviki og er no svært trasaleg. Elles budde Olav Jondalen og Ingerid her. Olav Jonson Sagabukti g.m. Margit Ånonsdtr. Viki fuitte frå Orlid u/Haukom til Kosi ikr. 1870.

²² H. Gunnarson får 1 sett. frå sondre H. 19. 9. 1814. I 1823 skjøtar Mikkel T. Haukom til H. G. 1 sett av den 1 tn. 8 sett som M. har heimel til i sondre H. 1835, 4. 7. er det lagt 2 sett. frå sondre H. til nordre Haukom.



[Frå v. Fyrste rekkje: Andres Dalen, Mattis Mathisen, Vetle Bjørkelid, Ole Mathisen. Andre rekkje: Øystein Steinsrud, Høye Porsmyr, Gunnar Haugan, Aslak Haukom, Jon Kleivstaul, Jon Holteviki. Tredje rekkje: Olav Moslid, Jon Lunde, Torgrim Seland, Olav Jonsborg, Olav Kosi. (1911)]

Sonen deira Halvor f. 1879 og g.m. Gunhild Halvorsdtr. Sundbø budde her saman med foreldri. I 1905 kjøpte dei plassen av Tallev Kj. Fjalestad.

Halvor hadde godt minne og visste mykje gammalt. Han har prøva ymse arbeid - mest murarbeid og skogsarbeid. Han var med og mura kyrkja i Kviteseid. «Eg trur eg hev handtupla kvar steinen der», sa Halvor. Elles mura han opp museet i Øyfjell m.a.

➤ UTI-HOMMAN gnr. 36, bnr. 9

Ein fin liten gard - godt vyrdsla med hus og jord; ligg på vestsida av Sundkilen i ei logn kro sud for Bergland. Anlaug Blom fekk Uti-Homman og Bergland av bror sin. Christoffer Hamburg (Blom 58) ikr. 1860. Ein son åt Anlaug, Kristoffer Homman g.m. Anne Heimkleiv, Seljord, hadde så bruket. Dei selde til Anne Lindstøl og kjøpte att ein jordpart på austsida av Sundkilen, - Haugland u/Haugen 1903.

Toralf Lindstøl overtok etter mor si, men selde plassen (uten skog) til Halvor Bakkan (Seljord) g.m. Anne Bukti 1929.

Halvor har dyrka storparten av dei 24 mål garden har, og fått Telemark Landbr.selsk. diplom for jordbruk. Han har også diplom for skogsarbeid frå Telemark Skogselskap.

➤ BREKKE gnr. 36, bnr. 11

Ovanfor Lunde i ei liti dalkro med flatt tun, ligg Brekke, høgt og sjåleg. Husi er gode og nyvølte.

I 1877, 6. 8. vart Brekke skilt frå Haukom (øvre) kravt av Kjetil Kjetilson Haukom f. Omnes for broren Olav. Jon J. Kleivstaul er eigar i 1889, men i 1905 Svein O. Tjos. Han sel det i 1921, 11. 11. til personen sin Svein Dalen (Seljord) g.m. Gunhild Tjos, (kr. 14 000). Svein Dalen har dyrka opp storparten av jordet 23 mål, og fått til eit kulturbete på 10-15 mål, (totalvidde ikr. 60 mål).

Noverande eigar Trygve, sonen åt Olav Sveinson Brekke. Olav Brekke har bygt seg nytt hus ved Midtsund. Lauvstad ei tomt på 2 mål kjøpt av Aslak Lønnegrav.

NB. Festesetel frå Halvor Gunnarson til Bjørn O. Myrfjell på pl. Brekke, tingl. 30. 9. 1836.

➤ BERGLAND gnr. 36, bnr. 12

Namnet høver. Midt i berget på vestsida av Sundkilen, rett for Haukom, ligg dette vesle småbruket i bratt, tungamt lende, men med god jord. Berre ein smal stig fører fram til bruket, men ein veg er stikka nordanfrå Homman - og kjem vel med tid og stunder.

Bergland er gammal plass til Haukom. Ved folketelj. 1801 bur husm. Ådne Olavson og Ingeborg Egilsdtr. 38 og 24 år med 3 born 5, 3 og 2 år gamle der.

Ikring 1860 kjøpte Christopher Blom-Hamburg dette og Uti-Homman for syster si Anlaug g.m. Aslak Olavson frå Morgedal (Storlid 14) for 800 spd.

Bergland har 8 mål dyrka jord og 200 mål utmark. Dotteri Kari Aslaksdtr. g.m. Andres Halvorson Bukti (Nes 8) hadde Bergland til 1920 då lærar Hallvard Lid Flatdal kjøpte det av verfaren sin. Hallvard var g.m. Anlaug Andresdtr. Hallvard Lid var lærar og attåt hadde han militærutdanning. Han var ein ihuga samlar

av folkeminne og skreiv ofte i bladi både poesi og prosa. Han samla m.a. mykje tilfang til Kviteseid bygdesoge - og var formann i sogenemndi der i fleire år. Han døydde 19. 12. 1951 - 79 år gamal.

No bur enka Anlaug på Bergland med dotteri Gunhild f. 1916. (Nes 24.)

I 1852 er Johannes Aslakson eigar av Homman og Bergland m/Hovet.

➤ **LID gnr. 36, bnr. 15**

Dette småbruket ligg nord for Haukom i hallet mot Haukombekken (Jonsbergåi) innringa av skog. Heile bruket er på 30 mål. Av dette er dyrka 21 mål. Husi er gamle, men i brukeleg stand.

Det er truleg gammal plass og heitte fyrr Rue. I 1843 reiste husmann Olav Auverson Rue v/Haukom og Ingebjørg Tarjeisdtr. til Amerika med 6 born. (18 – ¼ år gamle.)

Eivind Halvorson Lid flytte til Rue i 1880 åri. I 1891 kjøper han plassen av Jon O. Fjalestad på øvre Haukom, (tingl. 4. 5. 91). Då Eivind kom til Rue var det huslaust. Eivind heldt fram med å kalla seg Lid og namnet festet seg og på plassen. Eivind overdreg egedomen 17. 11. 1902 til sonen Mathias. Han skjøtar seinare (26. 6. 1906) til bror sin Sveinung som i 1914 sel til Rikard H. Løvland (Reinsviki) g.m. Ragnhild Høyestdtr. Porsmyr. Sonen Halvor fekk namnet sitt på skjøte, (2. 11. 14), Halvor g.m. Margit O. Roligheten. No er det ho som er eigar. Ho bur i Skien og Bjarne Rikardson brukar egedomen.

➤ **ÅHEIM gnr. 36, bnr. 33**

ligg tett ved Lid. Sveinung Lid selde dette til Gjermund O. Steinsrud i 1911. No er det Bjarne Sveinson Lia som er eigar. (3 mål).

➤ **LUNDE gnr. 36, bnr. 26**

Høgt og fritt ligg denne staden med utsyn i lange augneleite vestover mot Raudbergnuten og gardane rundt øvre lut av Sundkilen. Det er noko tungvint å koma til, men har betra seg etter den svingute skogsbilvegen kom for eit par år sidan.

Husi er gode. Stoga er fint opp-pussa. Uthusi er under bygging. Det er 20 mål dyrka jord - utan noko utmark. Bruket utskild frå Haukom (øvre) 14. 5. 1906 då Tarjei J. Lunde (Nape s. 416) kjøpte det av Tallev Kj. Fjalestad (1100 kr.) - Etter Tarjei hadde sonen Jon egedomen, deretter broren Halvor g.m. Anne Harthol. (Seljord.) No er det sonen deira Hallvard g.m. Anne Alfredsdtr. Apeland (Mo) som har overteke Lunde. (1956.)

Lunde vart rudit i 1830 åri av Jon Tarjeison, (1806-50).

Like ved Lunde er merke etter ein attlagd plass som heitte Lundeberg som høyrde til søndre Haukom. Her budde folk ikr. 1870.

➤ **LØVLAND gnr. 36, bnr. 29**

I nordkanten av jordet på nordre Haukom ligg dette småbruket på 10 mål. Utskild 1907, då Rikard Reinsvik, Rauland kjøpte det og hyste her. Han selde det til Halvor Kn. Sandland - så overtok Kviteseid kommune det og ikr. 1930 kjøpte så den nov. eigar Olav Tovson Tufte (Kleivstaul) g.m. Sigrid Knutsdtr. Buviki (Birtedalen) det. Husi er nye og gode.

➤ **HEGNI gnr. 36, bnr. 41**

Eit nytt bruk frå 1933. Einar O. Stålland g.m. Marie Karlsdtr. Kviteseid kjøpte det av Sv. Gotuholt og bygde hus her. Det ligg sud mot grensa av Utsund og ovanfor vegen og er ca. 30 mål stort. Einar brukar no Kviteseid gard og sonen Karl g.m. Gudrun Andersen f. Magnushommen driv Hegni. Dei har elles fått seg leigetomt og bygt hus på Hegni grunn, (Lauvlund kalla).

➤ **MIDTBØ gnr. 36, bnr. 18**

Dette bruket er på 7-8 mål, utskild frå Haukom 1907 og ligg like ned for Søndre Haukom ved allmannvegen. Han som bygde først der var Olav Sveinson Tjos. Men Tarald Skarprud og Kjetil Gulløy fekk det og selde det til Gunnar S. Straumsnes, Vrådal. Dotteri Kari g.m. Halvor G. Nordjore (Morgedal) fekk det etterpå og dotter deira Anne g.m. Bjørn Hansson Lindestad er nov. eigar.

Endå fleire har fått seg tomt frå Haukom søndre og bygt seg hus. m.a.

Homman gnr. 36, bnr. 31 eigar Nils Hansson Lindestad (sløydlærar) g.m. Elen Olavsdtr. Kleivstaul.

Solbakken gnr. 36, bnr. 32 eigar Ånon Storlid, fyrr brukar av Kleivstaul øvre og søndre.

Lid gnr. 36, bnr. 34 eigar fru tannlækjar Karen Dahl. Her går delet millom Haukom søndre og nordre.

Bjørklund bnr. 27 ca. 7 mål eigar Andrea Lindestad enke etter Anders Nilsson Lindestad, (nordre Haukom grunn).

Bjørkelid bnr. 44 ca. 10 mål eigar Vetle Vetleson g.m. Sigrid Karlsrud, (n. Haukom).

➤ LANGELI gnr. 37, bnr. 19

Nett i vestenden av Langesjå der Heivassåi kjem ned i nordhalli av ei skogklædd stor li, ligg Langli. Dei som har rutt og bygt her har ikkje reddast einsemda og skogstilla og dei harde krav som livet set. Det skulle vera ein rømling frå Hjartdal som hyste her. Det er krongle å koma fram til Langelid frå Åsgrendsida. Anten må ein over og langs Langesjå eller så er det å streve seg fram etter geitevegar langs vatnet. Det er noko likare veg vestover mot Haukom og Kviteseid.

Det har budt folk i minst 300 år på Langeli. I ei markeskilsak frå 1639 millom Kollveit og Langeli m.a. er Langeli nemnt. (Sjå ættesoga side 323.)

Frå tingboki 1. 10. 1695:

Gro Midtsund har innstemmt Tov Midtbøen til å svara på sine «Myndlingers vegne Jon og Kjetil Eivindsøner om gårdspladsen Langeli.» - Ho hadde selt Langelid. til Sal. Eivind Kyrkjebøen og ikkje fått pengar.

Ditto 28. 7. 1698: Gro Midtsund med son Kjetil Natadal tilstades. Sal. Helge Midsund hadde kjøpt plassen Langeli av «Ofer Jonson for en temmelig hop penge 136 rd. - en ringe plads. Ofer (Auver) stedsønner Jon og Kjetil har likevel træget,» men tok seg att på tinget.

Langeli samla skyld 6,48 har vorte uppdela i fleire bruk. Det er brukseigar Aall som har det meste. I 1889 eig Mikkel Andersen gnr. 37 bnr. 1 og 2 og Olav Andersen bnr. 7. I 1905 er Knut Aslakson eigar av bnr. 1 og 2 og Knut Sørensen bnr. 7. Nils Aall og Cato Aall har dei andre partane som er skogstykke. 1905 har Tarjei H. Mevestaul vorte eigar av Kosi bnr. 10 - (10 øre i skyld). Omkring 1917 var det 2 bruk (kanskje fleire), kvart bruk 20 mål dyrka og 1000 mål skog, med Knut K. Heistad på nordre Langeli og Olav Surtemyr på det søndre som og kallast Ækrune. Brukseigar Aall eig då det heile.

På Ækrune nye, fine hus no.

Skifte på Kyrkjebø 1723, 21 11. etter Tov Knutson gift 3 gonger (I Aslaug Torbjørnsdtr., II Bergit Torjusdtr., III Guro Tovsdtr. - 2 barn + 1 barn + 1 barn). Ikke nemnd sum i skiftet. Langelid med i skiftet.

Sonen Høye Tovson Langeli er det skifte etter 1746, 20. 6. g.m. Guro Knutsdtr. 3 guitar (Tov 21 år, Knut 18, Knut d.y. 15 år). Brt. 279 rd. Net. 184 rd. Medr. jord i Langeli u/Kyrkjebø 6 sett. m.b. 136 rd., sylv 20 rd.

Det var nok denne Høye Langeli som Hans Jakob Bloch, sokneprest i Kviteseid (1731-1754) mana den vonde or. Høye hadde sete på Sundet og drukke vitet frå seg og presten vart henta, men det hjelpte ikkje stort, så kom dei dragsande med Høye til prestegarden. Frua vart vond at dei la så mykje arbeid på «far», men presten fekk med seg tenestgjenta og la Høye på bordet. Presten stod over han og las og mana og tre gonger kom himmannen opp i munnen i museskapnad og tredje gongen måtte han or mannen. Musi smatt ned i støvlen på presten. «Nu må jeg i kirken,» sa Bloch. Då han kom att, var han dyvat av sveitte og laut skifta kvar tråden - «som sedvanhg etter slike kraftanstrengelser» seier J. L. Quisling i Øvre Telernarkens historie s. 53. -

Det staselege loftet som står på Sud-Kilen er flutt frå Langeli 1924. Det ber årstalet 1781 og namn T.H.S.L. (Tov Høyeson) og på låsjarnet K.H.S.A. og T.H.S 1782. (Knut Høyeson).

Tov heimlar ½ tn. 1781, 9. 10. og Høye Tovson ½ tn. 1789. Denne Høye Tovson sit på Langeli 1815-21. (Høye 3 sett. og Tov 3 sett.) Ætti sit på Langeli framover til 1880 då Høye Aslakson g.m. Torbjørg Gunleiksdtr. m/ 6 born fer til U.S.A. (Sjå ættesoga Langeli s. 323-25).

Vadder er ein plass u/ Langlid. Det er segn om at far åt Sterke-Nils (Sterke Nils 1) vart fødd her omkr. år 1700. Olav Høyeson (Langlid 23) døydde på Vadder 1838. Her vart Høye Porsmyr son hans, fødd 1830.

Pålsgard er og ein gamal attlagd plass her.

Kosi. (VI Langlid) Her budde Knut Høyeson og Margit Tronsdtr. i 1850. Dei 5 borni er skrivne både for Kosi, Åsen og Lyngåsen, men det var same plass. Raklekast og Røgsland var visst og plassar.

Ei segn seier at Langelid var sylvknappgard. Ein skyttar såg denne tussegarden og skaut ein sylvknapp over og så hadde han garden.

➤ MIDTSUND gnr. 38, bnr. 1

Garden ligg på ein lagleg stad. Fint mot middagssoli i høveleg høgde oppi austhalli ved Sundkilen, har dei krøkt dei fyrste svillar truleg ei god stund fyre år 1000.

På eigedomen har lege mange gravhaugar som frametter åri har vorte nækte for innhaldet sitt. Det er ei svært rik samling av fornfunn i oldsaksamlingi frå Midtsund - nære på 50 nr. i katalogen. Det er øksar og piloddar, skjoldbuler, munnit og knivblad m.m. Midtsund er no som ei liti grend med tilsaman 200 mål dyrka jord og ei samla skyld av 34,60 skyldmark, (1889). Det er nordre og søndre og øvre Midtsund og nokre fleire mindre bruk og hustufter.

Det er Midtsund søndre som er hovudbruket. Det var alt i 1647 rekna for fultgard + øydegard med skyld 6 1/6 tn. + 5 kalvskinn, med ein buskap i 1657 på 2 hestar, 11 kyr, 16 sauher 4 geiter og 2 griser.



[Midtsund, søndre og øvre]

Noko prenta diplom om Midtsund finst ikkje, men eit par uprenta diplom skal me ta eit utdrag av. Brev om jordkjøp 4. 6. 1589.

Åvald Aslakson Midtsund har selt Jørgen Nordbø XI markabol i Breiland i H.mo. Betalingi var eit venskapskjøp der heile uteidsla var 3 daler og 2 topundskjelar og 7 daler for ei stoge som Åvald hadde bygt på Breiland. Vitne på handelen er Aslak Torkelson og Øystein Opsund, (skrive på Holom).

Skjøte på 2 m.bol i Midtsund (nordre) 25. 2. 1603 Torguis Huneson har selt Tjostolv, Knut og «Olffer» Tollefsonsøner 2 m.bol i Brekke i Midtsund for «15 gode gamle enchede Daller», og fått betalingi. «Thj shall fornevnte 2 marchaboll i breche m/ alle the rette tilliggelser som ther nu tilligger oc aff arildt: tadt tilligget haffuer inden gaardz oc wten werre oc bliffue heden - - - frels oc aatalelos, fra mig oc mijne arffuinger fødde oc wfødde» osv. Midsundt thenn 25 february Ano dmj. millesino sex centesinio tertio. (MCCCCCCCIII).

Me skal så sjå på eigrarar og brukarar av Midsund søndre.

I 1593-1620 heiter bonden Auver (Olffuer, Wllffue) eller Ulv. Han eig fleire gardar - m.a. Midsund (3 tn.) Svalestue (2 tn.), Minnesjord (4 tn.), Espeli (1 tn.), Framgarden (2 tn.), Rørtveit (2 tn), Skeie (2 tn.), Utsund (½ tn.), Verpe (2/3 tn.)

Helge betalar koppskatt 1645. Det er nok Helge Skeie (Flatdal) som eig garden då. Ved folketelj. 1664 er Helge 50 år, son Olffuer 16 år, drenger Jon 14 og Oluff 19 år, husm. Halvor 26 år. Helge var lensmann og eig mykje jord. Dysje (5 tn.), Rui (1 ½ tn.), Skeie (1 ½ tn.), Håtveit (1 ¼ tn.), Busnes (1 ½ tn.), Tubås (1 tn.), Midtsund (4 tn.), Meland (4 tn.), Hovdejord (2 tn.), Utsund (½ tn.), Berge (1 1/3 tn.) og Åkre (1 ½ tn.) - alt dette i tidfolk-en 1644-68.

Framover til 1695 er det fleire som har små jordpartar i Midtsund m.a. Olav Åse 1 ¼ tn. (1672-77), Helga Sveinungsdtr. 2 1/6 tn. (1672-78), Steinulf Skeie 5/12 tn. (1672-79), Marcus Barnholt ¾ tn. (1677).

Helge Eivindson (lensmann) g.m. Gro Johannesdtr. får no tilhald på Midtsund ikr. 1690.

Skifte etter Helge på Midtsund (søndre) 1695, 5. 6. Netto 177 rd., dessutan jord i Midtsund 3 ½ tn. og Natadal 3 ½ tn. 4 born (Kjetil, Eivind, Kari og Gunlaug). Enka Gro Johannesdtr. sit med garden ei tid, g. II Aslak Halvorson Berge.

Kjetil får så Midtsund (3 ¾ tn.) og sit med det til sin død 1709. Skifte etter Kjetil Midtsund 11. 11. 1709, g.m. Torbjørg Eivindsdtr. (1 barn Gro.) Brt. 1081 rd. Net. 858 rd. Medrekna jord i Midtsund (søndre) 3 tn. 3 qtr. 1 mæle = 420 rd. Langelid (i Sundbygden) 2 ¼ sett. 53 rd. «Enkens odelsgods Gåsedalen» (1 tn. = 120 rd. Vindal 1 tn. = 140 rd. og Dahle (i Seljord) ½ tn. = 32 rd.

NB. Ad Langelid. Tinget på Lundevall 28. 7. 1698. Gro Midsund var tilstede med sonen Kittil Natedal og opplyste at Sal. Helge Midsund hadde kjøpt plassen Langelid under Kirkebø av Ofer (Auver) Jonsson «for en temmelig hob penger 136 rd. - en ringe plads». - «Auvers stedsøner Jon og Kittil Kirkebø har likevel trægt - men tog sig att på tinget.»

Broren Eivind Helgeson får så Midsund. Han er lensmann etter Torbjørn Opsund (1712-21). Den 3. mars 1721 sender han inn søknad om å sleppe yrkjet. Han er gamal og sjukleg. Det vert då Monsr. Christen Hansen Paus som vert tilsett. Alt 27. 6. s. å. er Groven vorte tingstad. -

Skifte etter Eivind Helgeson på Natadal 1734, 22. 2. g.m. Bergit Steinarsdtr. Fjågesund (8 born). Midtsund går over til brordotteri Gro Kjetilsdtr. g.m. Olav Knutson (Kivle 4) ikr. 1730. (4 ¼ tn.) I 1743 er Olav Midtsund skiven for 400 daler i reide pengar. Olav vart enkemann i 1738. Skifte etter Gro 1. 12. 1738. (3 born). Brt. 1169 rd. Net. 895 rd. - Medrekna jord i søndre Midtsund 4 tn. 1 ½ mæle = 488 rd., Gåsdalen 1 tn. = 120 rd., Kivle m/Tresland 3 tn. m.b. (over 4 tn.) = 300 rd. Olav g. II 1740 m. Anne Eivindsdtr. Skare. (Kivle 4, grein 2.) Det vert sonen Kjetil Olavson g.m. Egeleiv som får heimel på 5 2/24 tn. 30. 8. 1754. (I 1756 rekna 4 1/6 tn. + 5 kalveskinn) 5 born alle f. Midtsund. Broren Knut (1726-1808) heimlar 3 ½ tn. i Midtsund 1781, 20. 11. + 2 ½ kalveskinn. Han var g.m. Anne Torsdtr. Grave, (Seljord) 7 born.

Olav Knutson og ei enke Joronn Gudmundsdtr. (Utsund 16) har kvar 1 tn. 12 11/12 sett. i 1802. -Men i 1808 er garden dela midt i two (kvar med 3 tn. 3 ½ sett.) millom Olav Knutson og Endre Knutson. (Svollsbru 3) - ikke brør.

I 1815-21 er Olav Knutson skriven for det same og Aslak Tovson for Endre sin lut c: øvre Midtsund.

Olav d. på søndre Midtsund 1825 - 63 år, og Jørgen og Knut overtok garden. Den siste får plassen Huken. (Jfr. Midtsund øvre. Utbytn. 11. 9. 1830.)

Jørgen kvittar seg fort med søndre Midtsund, for alt i 1834 er procurator G. Pettersen eigar - og Jørgen er å finna som eigar av Huken 1852. Broren Knut som åtte dette, utvandra til U.S.A.

Pettersen sel Midtsund søndre i 1846 til oberstløyntnant Diedrichson som gjev frå seg skjøte til landl-I. Wohl 25. 3. 1861. (4200 spdr.) -Wohl flutte frå Lårdal til Midtsund i 1846 med krambodsvein Olaus Johannessen f. i Fredrikstad. og opna her ein landhandel i «drengestuen» som framleis står. I 1863, 5. 5. obl. frå Halvor Sveinungson (Hustveit 87) til Ivar Wohl 1145 spdr. Det skulle vera faren Sveinung Steffason Groven som handla Midtsund for Halvor. Skjøte frå Wohl til Halvor 5. 5. 1873. (5 500 spdr.)

Halvor Sveinungson bytte gardar med verfaren Ådne Gunnarson (Lønnegrav 20) ikr. 1881. Skjøte frå Halvor til Ådne på Midtsund søndre 6. 3. 1882, kr. 22 000. Same aret kjøper Ådne, Huken av Olav Jørgenson for 10 600 kr. (skjøte 7. 8. 1882). - Olav Jørgenson kjøpte Gjersund i Morgedal i slutten av 1870 åri. (Er på Midtsund 1879).

Vidare kjøpte Ådne eit skogstykke av O. O. Ståland 23. 11. 1883. Tingl. 2. 11. 1885 for kr. 400 og la til Huken eller utigard Midtsund som det noe vart kalla. Det var ny skylddeling av Utigard Midtsund 11. 8. 1902 - vel mest fordi versonen Thov Jarandson (Mandt 30) skulle få hovudgarden, men og for at noko av Huken no gjekk inn att i Midtsund søndre. Skjøte til Christiane Marie tingl. 14. 9. 1903.

Noverande eigar Arne Blom Tovson Midtsund g.m. Durdei Prestgard (Røldal) overtok etter faren 1946. Garden er no på 50 mål dyrka jord + 15 mål og 600 mål utmark. Husi er gamle, men omvølte og stelte i seinare tid. Stoga er nok mykje gamal. I 1846 trygda for 1400 spdr., 11 år seinare 1700 spdr. I 1878 kr. 5

Utmarki vart deila i 2 like delar. Den nordre del av marki skulle øvre Midtsund eige. Den søndre fall til nedre og søndre Midtsund.

Jørgen og Knut helvtast om denne marki att. Knut får den austre mot Haukom grense og Jørgen den vestre og strandline mot Sundkilen. Fiskeriet sams.

Etter kaptein Gantzer²³ (brådøydde på Gantzerækra på Nordbø i Vrådal) kom prokurator G. Pettersen til Midtsund. Han tek opp eit lån i Norges bank 2. 12. 1834 på 700 spdr. G. Pettersen sel sætri Kinsarviki (mot Sundsbarm) under Opsund til Ole Bjørnsen 30. 9. 1836. Utskift mill. øvre og søndre Midtsund 4. 7. 1840.

Prokurator G. Pettersen gjev så skjøte til oberst Diedrichson 3. 3. 1846. – Men dette gjeld nok nedre og søndre Midtsund. 25. 3. 1844 utf. att for Georg Petterson (41 år) og Thora f. Risch til Gjerpen (4 born 10, 8, 6 og 4 år.)

Rossmann budde og på øvre Midtsund. Ei kunstferdig vogn låg etter han der. Han hadde eit firespan av hundar han køyrd med i gravferd o.l. (Sjå Kolbu.) Seinst budde kaptein Ullfers der (Ulefoss 1864) som vel selde det til dyrlækjar Aslak Bjørnson.

Garden gjekk no i mange handelar - både Tor Vå og Olav Roholt hadde det. Kviteseid kommune kjøpte det av Roholt i 1921 for 160 000 kroner - endå var ikkje alt med - Steinsrudplassen og ca. 150 mål skog tok han undan. No har Leif O. Roholt dette.

Egil Steinsrud, son å Egil Tajeison Sollid u/Midtsund budde på Steinsrud i 1870 åri, d. 1882.

Øystein Orlid (Åbø 25) g.m. Anne budde på Steinsrud til Leif overtok.

Garden har vorte svært oppdelt i seinare tid, serskilt etter 1921 då kommunen fekk eigedomen.

Her fylgjer ei liste over dei ymse jordpartar og eigarar.

1. Bjørkland, eigar Alfred Myran g.m. Gudrun, Fyresdal.
2. Sollid, eigar Olav G. Åheim g.m. Sigrid Midtbøen v/Syftestad.
3. Sondbø, eigar Marie Sondbø.
4. Lia, eigar Sveinung Bj. Asheim f. Lia Fjågesund, (enkemann).
5. Tveiten, eigar Håkon Knutson Langelid (ugift). 1801 Aslak Tovson og Ingebjørg Jonsdtr.
6. Fjellheim, eigar Kjetil O. Teigen g.m. Tone Kvernnes.
7. Furuheim, eigar Hans Øysteinsson Steinsrud (Orlid) g.m. Hæge.

Kommunen heldt undan doktorbustad og tomt til gamleheim. Doktorbustaden er den gamle hovudbygningen på garden. Eit gammalt stabbur flutt frå Rauland den tid Tor Vaa var eigar. No er elles doktorbustaden selt til Sigrid Mikkelsdtr. Moen (Dalane) (ugift) og komm. har bygt ny bustad for doktoren nede i Kyrkjebø på Midtsund nordre sin grunn. (Legvin gnr. 39, bnr. 37.)

Resten av Midtsund øvre selde Kviteseid kommune til Aslak H. Lønnegrav (Husveit 149) i 1924. Aslak har drive hønseni og avlscenter og selde opptil 16 000 daggamle kjklingar i året. Det store steinfjøset oppkosta av Tor Vaa innreidde han til dette fyremålet. No har han leigt bort hønseniet. - Som påskyning for sitt store arbeid har han fått Telemark fylkes vandrepokal i fjørfeavl til odel og eige 1951 (3 år på rad.)

No har Midtsund øvre skrumpa fælt inn - att er berre 20 mål innmark. Her ei ny liste over det som Aslak har selt ifrå.

1. Rinden (5 mål) nov. eigar Olav Knutson Lauve v/ Lundevall.
2. Tveitan (5 mål) gamal plass, Aslak Magnushommen og Sigrid Jore.
3. Sundslid (2 mål) Gunnar Åmundson Sudbø g.m. Ingebjørg Århus (Vrådal). 4. Høgheim (2 mål) Knut K. Ståland g.m. Gunhild K. Tveiten.
5. Vegheim (2 mål) Arne Magnushommen g.m. Borgny (Eidsborg).
6. Hågunheim (4 mål) Håkon Ruud g.m. Gunda H. Selstad (Brunkeberg).
7. Solstad (1,5 mål) Karl Rue g.m. Hæge Sveinungsdr. Gotuholt.
8. Solhaug (3 mål) Gunnar Haugen v/ Roeid g.m. Signe Strømstad.
9. Lidheim (3 mål) Ragna Lid f. Dalen enke etter lærar Ånon Lid.
10. Lauvstad (2 mål) Olav Brekke g.m. Kristine Mevastaul.
11. Utsyn (2 mål) Kristiane Borgenvik f. Lønnegrav (enke).

Midtsund skog ca. 1000 mål kjøpte Gunnar Naper 1955 og Båstjønnliane skog ca. 500 mål Sigurd Nørstrud 1947. I denne marki låg staulane Purrum og jenshol (no attlagde)

NB. Granlien tuberkulosheim - no åndsveikeheim vart i si tid skjenkt som gāve til det offentlege av Tor Vaa 1913. Ca, 9 mål.

²³ I 1852 brukar kaptein Crøger øvre M.

➤ MIDSUND (utigard) gnr. 38, bnr. 12

Like nedom vegen vest for Haukom skule ligg dette bruket med stor timra stogebygning frå 1931 og ein mindre bygning frå 1928 og uthusbygning frå 1890 åri. Den forrige stogebygning, oppflutt frå plassen -Huken og påbygt, brann 1930, likeins eit lite bur med breie, magatulgde vegger med årstalet 1521. Skulle vera flutt frå Kyrkjebø og oppsett av Vonde-Knut.

Den nye stogebygning er teikna av Øystein Vesås og oppsett av Jon Mikkelson Kleivstaul. Egedomen har 40 mål jord, (35 mål dyrka). Dette er noko av plassen Huken - som Jørgen Olavson (Kivle 24) har i 1852 og sonen Olav har i 1864 (heimla 13. 9. 1858 i skifte etter faren d. 1856). I 1882, 7. 8. skjøte frå Olav Jørgenson til Ådne Gunnarson Lønnegrav (skyld 1 tn. 7 ¾ sett.) Kjøpesum kr. 10,600. Ådne d. her 1906 og enka Andrea Christophersdtr. (Blom 65) sat med egedomen (d. på Bjørkehaug 1922).

Skyldeling 11. 8. 1902 - utigard gjeve bnr. 5.

Noverande eigar lærar Hans Omland (Høydalsmo) g. II m. Torbjørg Lid (Øyfjell) kjøpte egedomen i 1914 (tingl. skj. 3. 5. 1915) av Thov Jaransen Midtsund og Andrea Midtsund som skjøteheimelsmenn. Skylddela 17. 4. 1915 og gjeve bnr. 12 og skyld 1,66. Merknad: «Den solgte eiendom må ikke udparseleres heller ikke må nogen parcel eller tomt av eiendommen bortfæstes uden samtykke av eieren av Søndre Midtsund gnr. 38, bnr. 1». - Hans Omland har -vori lærar i Haukom skule frå 1913 til 1950.

Sud mot bytet med Haukom ligg feire småbruk og hus. Såleis Bjørkenes nov. eigar Aslak Sv. Gotuholt g.m. Bergit H. Haugan (Mandal). Fyrr stod her ei liti stoge der skomakar Ole Mathissen og Ingebjørg budde i.

Rett ovanfor Bjørkenes ligg Knatten utskild frå Bjørkeseth, eigar Olav Sv. Gotuholt g.m. Aslaug Kilen.

➤ BJØRKEHAUG [Bjerkehaug] gnr. 38, bnr. 7

Dette er ein eldre plass under Midtsund søndre. Her budde i 1861 jomfru Elsa Lund. Når obersløytn. Diedrichson sel garden til Ivar Wohl tek han undan at Elsa skal ha 1 liter mjølk dagleg og sitja gratis på levetid i denne plassen.

På Bjørkehaug sat enka etter Ådne Lønnegrav til sin død 1922.

Haukom skule er utskild frå Bjørkhaug i 1911.

➤ BJØRKESETH gnr. 38, bnr. 24

ligg like ved og her bur Edvard Evja g.m. Constanse Kj. Vidflat. - Edvard eig Torje eller Skogstad under nedre Groven i Brunkeberg.

➤ KOSI gnr. 38, bnr. 26

Dette bruket ligg tett ved Sundkilen. Vidde 20 mål dyrka jord og 5 mål utmark. Knut K. Jore g.m. Magnhild Jonsdtr. kjøpte det i 1926 av Johannes Bergan. Knut har bygt alle husi og dyrka opp 17 mål jord.

➤ VOLL gnr. 38, bnr. 46

Det er Harald H. Kosi v/Haukom g.m. Sigrid Såmundsdtr. Øyane som er eigar. Bruket er på 10 mål og har gått i mange handlar. Hør berre:

I 1907 kjøpte Olav O. Kosi det av Ådne Lønnegrav si enke Andrea. Han sel det til Petter Groven, som gjev det frå seg ta Halvor Teisberg som flutte ei stoge frå Åland og sette opp, likeins eit lite bur frå Håtveitgrenni. Tor Vaa overtok dette bruket også, men sel det til Tallev Larsen. Han døydde der og Knut Ståland fekk det, men sel det til Johannes Bergan. I buet etter han, kjøpte så Harald Kosi det - altså den åttande eigar i rekka.

➤ JONSBORG gnr. 38, bnr. 36

Den vesle plassen ligg oppi bakkane ikkje langt frå Brekke.

Husmann Jon Aslakson (Langlid 81) d. på Jonsborg 1867. Son hans Olav budde på Jonsborg all sin dag (1852-1930). Kona hans heitte Anne.

I 1946 fekk Halvor K. Sandland g.m. Gunnhild Lindestad kjøpt plassen frå Midtsund søndre. No er båe døde og plassen står øyde, og husi er reint til nedfalls. Heile vidda er 25 mål. Av dette er 5 mål dyrka. «Det er eit underskots bu!» sa ein av grannane. Dag Torp Hansen g.m. Kari T. Midtsund kjøpte Jonsborg i 1958 for kr. 8 400,-.

➤ MIDTSUND (nordre) gnr. 39, bnr. 1 og 2

Ein mykje fin gard med gilde hus på eit romsamt flatt tun eit lite stykke frå allmannvegen utover til Spjotsodd. Garden ligg svært sjåleg til på eit høgdedrag og med litt hallande jorde.

Alt i 1647 var det eige bruk og rekna halvgard med skyld 2 5/6 tn. - 3 daler, men det er truleg at garden er utskild frå Midtsund sørre - dersom den er hovudbølet. «En ringe eiendom» er merknaden i skattelistene. Buskapen i 1657: 1 hest, 6 kyr, 5 sauvar og 1 geit.

Det uprenta diplom frå 1603 som er medteke under Midtsund sørre gjeld denne garden.

Eigarar og brukarar. Tallev heiter eigaren i 1593-1620. Han har desse 3 sönene Tjostolv, Knut og Auver (Olffuer). Som leiglendingar (1618-41) er nemnde Gregar, Hergius (Huneson) og Anders.

Torbjørn betalar koppskatt 1645. Dette er nok Torbj. Oppsun, han eig heile garden 1647-50, (2 2/3 tn) Elles har Aslak Fossheim Bø, heile garden 1660. Halvor er brukar 1661 og Bjørn 1664 med dreng Karl, (16 år). - I 1672-80 er og Aslak Fossheim eigar, men i 1682 er Gro Nes medeigar. (1 ½ tn.)

Øystein Midtsund har garden frå 1680 åri til 1704. Rollev 1708-10. (1 ½ tn.)

Peder Hansen Paus (sorenskrivar) (1691-59) kjøper nordre Midtsund ikr. 1720. - Denne ætti får tilhald her i 150 år. (12. 10. 1709 skjøte frå Rolleiv Greggason på 1 ½ tn. i nordre Midtsund for 271 rd., til hrr. Hans Paus, (Paus 9).

I 1765 heiter det Mad. Hedvig Sal. sorenskriv. Paus. (2 5/6 tn.) Skifte etter sorenskrivar Paus 1759, 28. 11. (2 born.) Brt. 2890 rd. Net. 2608 rd. Medrekna odelsgods i nordre Midtsund 800 rd, pantegods i Bygland 2 tn. 315 rd. og Rue 105 rd. Sylvtøy verd 395 rd. (Sylvkanne 64 rd., ditto 11 rd. Sylvskål 62 rd., ditto 12 rd. 1 tallerk 2 lod 12 rd. m.m.).

Leiglending Halvor Kjetilson Åse g.m. Bergit Jensdtr. er det skifte etter på nordre Midtsund 1766. Hus på nordre Midtsund grunn. «Skifteretten foretog sig at efterse de på denne Plads (unemnt) stående husebygninger, såvidt den afdøde mand deraf være eiende ere», Netto 33 rd., sylv 6 rd. «1 stuehus med skorstene, udi samme 2de vinduer, sengested, bord og benche, hvilket alt er taget udaf gaardens eiendes skaug - yder for ei høiere kunde taxeres end 12 rd., 1 badstue eller tørchehus på ligemaade vurdeds 1-2 rd. - hvilke tvende husebygninger er bestaaende på nordre Midtsunds gaards grun og beløber sig til 13 rd. 2 ort. De øvrige på Pladsen værende huuse, skal være paa Opsund gaardens eiendeler opbygget, saa de iche kand blife dette boe til nogen indtekt.»

Nicolay Paus (lensmann) (1751-1841) ein soneson åt Peder Hansen og son åt Hans Pedersen Paus (også sorenskrivar) bustad Holtan, får no heimel på Nordre Midsund, 1776. 15. 6. (2 5/6 tn.) og sonen hans att Paul Paus (f. 1783) får skjøte i 1806, 17. 12. Han sit med garden i 1821 og framover.

Harald Paulson Paus f. 1824 har så garden framover. Han dreg til U.S.A. 1886 m/ 3 born og kone nr. 2 Agnete Kristine Ellingsdtr. Flom.

Denne Harald Midtsund kom så i strid med husmannen sin Torgrim Olavson Skjelbreid, (innfl. frå Lårdal 1872). Han budde på plassen Seland. Harald ville heilt rå over husmannen sin og kravde han til å utføre arbeid for seg på stuttaste varsel. Ein gong Torgrim hadde teke arbeid av Olav Sveinungson Groven i fløytingi, kom Harald ein kveld og sa han til å møte til skogsarbeid kl. 6 næste morgen. Torgrim laut til Groven kl. 5 om morgenon og seie i frå at han skulle vera hjå Harald, men han vart noko seinka så Harald stod og venta då Torgrim kom til Midtsund. Han fekk grov kjeft - noko husmannen tykte var noko uforskylt. Nok av det, dei rauk opp i ei trætte - og Harald vart så sinna han hivde nisteskrepp i marki så det klass - og bad husmannen fjerne seg frå plassen den same dag. Torgrim tok han på ordet og same dag laut han i hu og hast flyta med pikk og pakk. Han fekk koma inn på plassen Huken under sørre Midsund. Han trega nok på dette Harald og ville gjerne ha fått att husmannen sin, men Torgrim gjekk ikkje på nåde for Harald, han.

Det vart berre trøngt for Harald etter kvart og han må rett som det er låna pengar av versonen sin Gunnar P. Flatland som i 1872 vart g.m. Dorte Haraldsdtr. I 1880 kjøper Gunnar Lunden (ein del av Midtsund) for 9200 kr. Kjøpesummen greier han ut med å overta eit lån på 4800 kr. og resten kvittar han i sitt «tilgodehavende». I skjøtet - tingl. 1. 12. 1880 - er medteke ein servitut om at Harald og kona skal få buke plassen Åsheim mot ei årleg leige av 24 kr.

Omlag på same tid sel Harald også Midtsund til Petter Flatland, far til Gunnar. Korkje Petter eller Gunnar kom til sitia med eigedomane. I 1883, 19. 9. sel Petter frå seg Midtsund til sonen Leif for 9000 kr. I skjøtet er ein merknad om at Harald på denne tid har selt Åsheim (ikkje skyldsett endå) til Halvor Tallevson Åsheim. Skjøtet er tingl. 7. 1. 1884. Same dag og år vert det også tingl. skjøte frå Gunnar til broren Leif på Lunden for 11600 kr. I dette skjøtet står at bruksretten Harald har til Åsheim må «respekterast». Harald drog til U.S.A. i 1886 og handelen med Åsheim vart det ingenting av.

Leif var ein driftig mann og sette garden i god stand både med hus og jord. Han dreiv og som handelsmann i Kviteseid frå ikr. 1895. Kona hans heitte Kristiane f. Steane. Dei hadde 9 born. Gunnar, nesteldste sonen, g.m. Gunhild Andresdtr. Hefre overtok Midsund etter faren i 1922 for 56250 kr. Skjøtet tingl. 29. 6. 1923.

Toralf overok den delen av Midtsund som ligg på øvre sida av riksvegen gnr. 39, bnr. 23, Midtsund østre. I dagleg tale vart dette før kalla Tuftin. Det var merke etter husestad der. Dette var nok fyrste husestaden på Nordre Midtsund, og det er her dei fleste gravfunni er gjorde. Husi er flytt i 1851.

Toralf g.m. Kari Guttormsdtr. har sett upp hus lenger nord

Nordre Midtsund har no 60 mål dyrka jord, 22 mål anna jordbr. areal og 300 mål skog. Til garden høyrer øvre Homman på andre sida Sundkilen.

Av namn i jordet merker ein seg Gardkrok nedom husi og Kirsebærhaugen nordom. Ned med strandi finn ein «Kafteinstoi». Det var her dei militære på øvre Midtsund hadde rett til leggja pråmane sine. Namnet skriv seg nok serleg frå kaptein Ulefoss (Ullfers) som var ein orginal, litt brautande mann. Minnet om han levde lenge i bygdi.

Stoga på nordre Midtsund er bygt i 1851. Det var då husestaden vart flytt. Stabburet - undare delen av loftet - er gammalt, heilt frå 1745. Loftet er påbygt i 1901. I buret finn ein bokstavane N.O.S. Uthuset er bygt i 1898.

➤ LUNDEN gnr. 39, bnr. 5

Dette ligg ned i Kviteseidbyen og er utskild frå nordre Midtsund. Heile vidda er 20 mål. Stoga er bygt i 1850 og stabburet (bygt 1747) er flytt frå nordre Midtsund 1851.

Harald Paus Midtsund selde Lunden i 1880 til Gunnar P. Flatland, men i 1884 kjem det saman med ~~Midsundet etter at han kjøpte det. flyttet det i 1900~~

Nils tnen yrka u mestarten av jordi og plant a stor frkthage. For dette fek ha 1. r. av Tor
fn i .

~~er en stor fruktavleide del av den gamle skjold 1900. rektified~~

ne mmerafteei Kvitesei

➤ **SUDBØ gnr. 39, bnr. 12**

I ei logn dalkro på vestsida av Sundkilen ligg no 2 velstelte småbruk, det er Sudbø og Homman. Det siste er hovudbølet. Plassen høyre til Midtsund nordre frå gamalt.

Sudbø er utskild frå Homman i 1905 då kjøpte Åmund Endreson Kasnes (Sandland II 72) eigedomen og bygde og hyste ber. Han dyrka opp 12 mål steinut morenejord. Kona hans Sigrid Greggardsdtr. d. 1957.

Åmund har drive skogsarbeid og fløyting ved sida av småbruket. Han er å sjå på hundrekronesetlane som Erik Werenskjold har måla. Dei andre på bilætet er Toralf Midbøen, Aslak E. Midbøen, Åsmund Haugen (eller Einar Midbøen) Åmund rekk høgst opp av dei fire.

Åmund har no gjeve frå seg eigedomen til Arne - ein av dei 6 sønene sine. Han er g.m. Johanne Marie.

➤ **SVINGEN [før bnr. 8] gnr. 39, bnr. 19**

Det gamle namnet var Finstad. Her stod først ei liti stoge med 2 rom. Denne stoga med litt jord til kjøpte lensmann Sandvik av Leif P. Midtsund 12. 5. 1903 (5000 kr.). Sandvik bygde innåt og fekk til rom i 2. høgdi også. Etter storbrannen i 1911 laut lensmannen gjeva rom til fleire husviller her. Ein av dei var sakførar Grøntvedt som hadde mist heile sitt kontor ned i «byen». Han kjøpte Finstad i 1911, 11. 12. og bygde først eit eldfast rom og sidan bygde han innatt og ominnreidd bygningen slik som han står i dag.

Grøntvedt selde huset til advokat Thorvildsen som budde der i 3 år. - I 1919 kjøpte dyrlækjar Sommerfeldt det for 23500 kr. og hadde det til 1938 då noverande eigar fru sakførar Hals kjøpte det for 12000 kr. Frå 1. okt. 1919 vart namnet på eigedomen brigda til Svingen. Då Sommerfeldt flutte frå Kviteseid vart eigedomen hans bortleigd til dyrlækjar O. O. Hæreid som budde her til i mai 1938.

Ved århundreskiftet var her jamvel ein privat middelskule på Finstad. Gunnar Midtsund f. 1886 hadde vori elev der. Leif Midtsund ordna med skulen.

➤ **ÅSHEIM gnr. 39, bnr. 22**

Nett der Brokefjoll hotell no er bygt, låg plassen Åsheim - visstnok rudit etter år 1800. Utskild frå Midtsund nordre 29. 6. 1923.

I 1871, 3. 10 ei avtale om at bruksretten til Åsheirn er overdrege til R. Blom og Aslak O. Haukom frå frk. Dora Munthe (grunneigar C. F. Munthe samtykker i dette).

Då Harald Midtsund sel garden sin i 1880 - tek han undan Åsheim mot ei årleg leige av 24 kr. Det heiter i 1884 «at bruksretten av Harald på Åsheim må respekterast». Då Leif Pettersen kjøper Midtsund. 19. 9. 1883 - er det med ein merknad om at Harald har selt Åsheim til Halvor Tallevson, (ikkje skyldsett).

Denne handelen korn aldri i stand. Tallev Åsheim far til Halvor, sat som husmann her i lang tid. Kona heitte Asgjerd.

Bjørn T. Lia g.m. Kristine Teigen budde på Asheim i fleire år til ikr. 1918.



[Kviteseidbyen kring 1910]

Plassen kjøpt av Georg Midtsund 1923. På denne eigedom vart Brokefjell hotell bygt i 1935-åri.

➤ SELAND gnr. 39, bnr. 26

Dette var plass under Midtsund nordre til 1933, 1. 8. Seland ligg nedom vegen til Brunkeberg og byter med Oppsund søndre. Her budde i 1870 åri Martinus Hanssen (Ulefoss) og Kristi. Dei flutte ned til plassen Askelund og Torgrim Olavson Kvålo (Lårdal) (Utbøen 146) (innfl. 1872) g.m. Gunhild Torsdtr. Vefall. (Seljord) vart husmann her. (Sjå Midtsund nordre og striden med husmannen). Ei kort tid var Torgrim på Huken u/Midtsund søndre, men flutte attende til Seland då det vart fred og forlik. I 1893, 10. 4. festesetel frå Leif Midtsund til Torgrim Seland (Leiga 26 kr. årleg) Leif var ein grei mann og koma til med.

Heile eigedomen er på 4 mål. Husi høyrd til husmannen. Stoga som no står er oppsett av Knut Ståland for Torgrim i slutten av 1880 åri. Han hadde heile 75 kr. for å timra opp veggesalen.

Torgrim og Gunhild hadde i alt 11 born No er det Hallvard den yngste, som har Seland. Han kjøpte det til odel og eige 1933. Hallvard f. 1895, har drive som byggmeister, (ugift).

1870 Ungkar Mikkel Halvorson Seland (28 år) U.S.A.

➤ DALEN gnr. 39, bnr. 27

Her i denne vesle dalen vest for Kviteseid Sparebank låg fleire hus - med ymse kjenningsnamn. Det var Dalen, Askelund og Meinstad. Dei two siste er utjamna og borte, men Dalen har no 2 bustader. Det søndre åtte i si tid Olav Dalen - han som Erik Werenskjold har måla med han leider på hesten. (Skysshesten 1894). No er det Sigrid Dalen - dotter åt Åse syster åt Olav som er eigar.

Olav kjøpte det av Theodor Midtsund 1933.

På nordre Dalen står ein stor bygning som Torjus Andreasson g.m. Gudrun Åsmundsdtr. Høgelid eig.

Dette kalla dei Meinstad bnr. 21. Her fekk Olav Meinstad u/Roeid leigetomt av Leif Midtsund og sette opp ei stoge. Andreas Andreasson kjøpte det i 1915, han d. 1922.

➤ SJÅHEIM gnr. 39, bnr. 30

Dette er mesteparten av «Port Arthur» 3,8 mål. Skjøte frå Gudrun Utsond til Samuel Sørensen 16. 8. 1946 (kr. 5000) overdrege til sonen Ivar Sørnsen g.m. Judith Ova (Lunde) 24. 9. 1947.

➤ PORT ARTHUR gnr. 39, bnr. 29

Byggmeister Knut Ståland fekk ei tomt av Leif Midtsund sud for Finstad og ville byggja seg ei stoge. Då kom kaptein Segelche og fekk Knut til å byggja ein større bygning for seg. Det var den gongen striden stod i Korea og flåteharnri Port Arthur som Japan til slutt tok i 1905, var på alle munnar. Så kalla han eigedomen sin Port Arthur. Han budde her i fleire år. Det var kap. Segelche som i 1905 söke om å få koma først i krigen mot Sverige med telegutane sine.

Dokter Olaf Utsond kjøpte det av Segelche og hadde kontoret sitt her til han vart utnemnt til distriktslækjar i Setesdal. Elles budde kapelan Børge Ask i dette huset ei tid. Dyrlækjar Sommerfeldt budde her og.

Bygningen brann i 1930 åri og berre uthuset stod att til i 1961 då Kari Hørte f. Herrefoss g.m. Eivind Hørte sette opp nytt hus her.

➤ FURULY gnr. 39, bnr. 31

Dette er ei tomt på snaue 2 mål (1,8) som Bjarne Kosi u/Haukom kjøpte for 400 kr. 10. 9. 1946 av Gudrun Utsond og bygde seg hus. Vel huset var ferdig døydde Bjarne og no er det enka Martine Kristoffersen (Hetland v/Stavanger) som eig det.

➤ LUNDEHAUG gnr. 39, bnr. 32

Ei tomt på 3,3 mål jord ende nedom sistnemnde og kjøpt på same tid (1946).

Eigar Aslak A. Midtbøen Syftestad g.m. Arnhild Jakobsen har sett opp hus her.

➤ KYRKJEBØ (nordre) gnr. 40, bnr. 1

Denne garden ligg mest 1 mil frå Kviteseid gamle kyrkje. Namnet må vel helst tyde på at garden frå først av har vori kyrkjegods. Ein finn ingenting som tyder på at det har stade kyrkje her i gamal tid, men nye kyrkja bygt i 1915, ligg på Kyrkjebø grunn. Likeins kyrkjegarden.

Garden har hatt eit lageleg lægje og difor har han frammetter åri vorte utstykka i mange tomter og skapt som ein liten landsby her rundt båtbryggja. Her er forretningsbygg av alle slag, pensjonat, apotek, posthus og sparebank, dokterbustad, tannlækjarbustad, sakførarbustad, skifabrikk, myllebruk og sagbruk og eit nytt hotellbygg m.m. Fyrr var det og garveri på Kyrkjebø grunn, men det er nedlagt.

Det er no 2 Kyrkjebø-gardar - nordre og søndre. Det fyrste er hovudbruket med skyld 7,70. Der et gjort nokre få fornfunn frå yngre jarnalder her - økseblad og piloddar, så her har vori gamal busetnad herinne i denne logne dalkvelven ved den fossande bekken.

Kyrkjebø er nemnd i bisp. Øysteins jordebok 1395. (s. 12 s. 573 og s. 578) Kyrkjebø og Åslund.



[Garveriet og Kyrkjebø nordre 1876]

Eit uprenta diplom frå 1625, kunngjer ei semje millom Jon Knutson Kyrkjebø og Tarjei Tallevson Håtveit (Nissedal) som er gift med Ragnhild syster å Jon. Det gjeld arven etter foreldri Knut Tallevson og Kari Tallaksdtr.

Jon får 1 tn. 5 mæler i Kyrkjebø m/Langeli ($\frac{1}{2}$ tn.) og 1/3 i halvdelen av Stavenes og Gledbjør og 2 partar av halvparten «udi Bøkle i Valle».

Tarjei Tallevson får 1 $\frac{1}{2}$ tn. i nordre Utsund, og i Stavenes 1/6 av halvparten og 1/6 i Gledbjør + halv sjuende rixdaler for utjamningi skuld.

Omtveit tingstoge 19. sept. 1625.

Matz Bastiansen (skrivar), Geirmund Fione, Ollfuer Midtsund, Sveinung Haukom og Tholf Fieldestad har skrive under på semja.

Kyrkjebø er rekna halvgard 1647 m/underligg. ødeplass Langelid «ringe gaard efter skylden» - 2 $\frac{1}{2}$ tn.

Buskap 1657: 1 hest, 7 kyr, 7 sauher og 1 geit.

Eigarar og brukarar. Knut heiter bonden 1593-94, men i 1609-45 er det sonen Jon som er eigar - titulera skyss-skaffar. Knut har garden 1660. Ved folketelj. 1664 er Knut 50 år med son Steinar 18 år og drengen Oluff 16 år.

Jon Kyrkjebø er ofte nemnd i tingbøkene, han er lagrettsmann m.a. og eig pantar i ymse gardar. Utsund 2. tn. (1611-13), Dale 2 tn. (1611-13), Gotuholt og, Rui 1/3 tn. kvar (1648-60). I 1660 heiter det Jon Kyrkjebøens arv 2 1/3 tn. m.b.

Sveinung Vreim har 1/6 tn. (1647-64) og Hollen pr. bol 1 hud (1647). Knut har Kyrkjebø (1662-71). Auver (1672-82). Anna Sal. Claus Andersen eig 2 1/3 tn. i garden 1682-83. (Claus Andersen 1 1/3 tn. 1672-80). Auver og Tallev og Jon og Tallev er skrivne for Kyrkjebø 1688-92 - seinare Kjetil og Tov (2 tn.) Jon Auverson (1673-1762) har noko av garden frå 1704 til 1746 (7 /12 tn.) og sonen Auver Jonson får skjøte på $\frac{1}{2}$ tn. 1762, 13. 11.

Frå tingboki, Opsund 11. 10. 1756.

Åse Steinarsdtr. har fått barn med sjukfarene Olav Jonson Kyrkjebø g.m. Anne Kyrkjebø, mor åt Åse. Åse var åndsvak, så futen meinte at mannen var den mest skyldige. På denne tid var Olav rømt endå lensmannen Gudmund Opsund, hadde hatt 2 mann til vakta på fangen.

Saki er framme att 30. 6. 1757. No hadde Olav kome tilstades. Han ville heller lide straffi enn å gå og plage seg med sorg og angst. Etter paragraff 6.13-14 i lovi måtte retten samrøystes døme at «Ole Jonsen bør henrettes».

Den 3. 3. 1758 opplyste fogden av domen 18. 11. 57 er omgjort til livsvarigt tukthusarbeid på festningi.

På tinget 4. 7. 1759 står Auver Jonson bror åt Olav, fram og vil få Tarald Lundevall og Gudmund Opsund til å uttala seg om Olav si framferd fyreåt for om mogeleg å søkja om kongens nåde. «Olav hadde vore ein fredeleg, still og ærbar mann», var ålmugens samstelte utsegn.

Jon Auverson heimlar 1 $\frac{1}{2}$ tn. i Kyrkjebø 28. 2. 1766, (må vera f. fyre 1754 då han ikkje er nemnd i ættesoga.) Det må vera denne jordparten broren Aslak Auverson sit med i 1815-21. (1 tn. 6 sett.)

I 1801 er Aslak på Kyrkjebø 41 år g.m. Aslaug Sveinungsdtr. (Haugland 39) 42 år. Både Egeleiv f. 1788 og Tarjer f. 1800 vart gifte med Ole Bjørnsen på Haukom. Den siste g. II med Anders Hansson Saltevje.

I 1802 er det 3 eigalarar på Kyrkjebø 6 Langeli. Aslak Auversen 15 sett. Olav Larsson 5 sett. og Høye (Helge) Tovson 5 sett. (Langeli.)

Aslak Auversen delar så garden Kyrkjebø 1830 millom dei 2 sønene sine Auver og Sveinung. Det var 10. nov. at extrarett vart sett på Kyrkjebø (sjå og bnr. 3) Auver får hovudbølet som utgjer 2/3 av det heile. Det er denne luten han sel til Kviteseid kommune eller det offentlege for 900 spdr. - tingl. skjøte 5. 3. 1847. Auver får same dag skjøte på Kosi i Brunkeberg for 300 spdr. (Han dreg til U.S.A. frå Kircke-Groven i 1851 med kone og 6 born.)

Kyrkjebø vert no seminarium. Den store skulebygningen frå Kosi (13,5 x 11,5) som vart oppført i 1810 vart flutt ned til Kyrkjebø og teken i bruk hausten 1846. Same bygningen står endå med stort sett same innreidnad i grunnplanet som Niels Windfeld planlagde og teikna. Etter 10 år vart skulebygningen for liten og lærarskulen fekk tilhald ned på Moen grunn i Kommunebygningen som endå står. Kyrkjebø heldt fram som offentleg eide dom, men no nyttta til bustad for styrar og lærar ved skulen. Her budde først Knud Johan Jeremiassen til han slutta i 1854. (Skjøte frå Jeremiassen til kommunen på fleire av husi på Kyrkjebø for 80 spdr. 29. 6. 1855.)

Sidan kom kand. teol. Fredrik Christian Wolff. Han slutta i 1860 og Severin Johannes Wilhelm Hesselberg vart styrar til 1871 då Johan Ole Herman Jensen vart innsett i ombodet. I frå 1876 til skulen vart nedlagt våren 1889 var Knut Gislesen Gløersen styrar. I matr.lista for 1889 står serninarstyrar Jensen. (Eg har vitordi etter H. G. Heggtveit.)

Kviteseid kommune har Kyrkjebø i 1905 og til 1910. (Skjøte tingl. 11. 7. til sakf. D. Cappelen og Tor Vaa. Obl. utstett same tid for kr. 13183,33.)

Advokat Olaf Hegland får skjøte frå D. Cappelen 12. 10. 1920 for kr. 35 000. Han sit med eide domen til 19. 6. 1934 då sivilingeniør Olav Dalen kjøper dette og bnr. 34 for kr. 21500.

Olav Dalen og systeri Margit Hedvig Dalen er no eigalarar. På ei tomt utgått frå Kyrkjebø har dei reist Kviteseid bruk med sag og høvleri, kornsilo og myllebruk.

Kyrkjebø har no 20 mål dyrka jord og 30 mål utmark.

Det heiter Kyrkjebødøli ned mot vegen og Opsundbekken. Her var ein av dei første stadene dei byrja med slåtten og det var eit gamalt ord: Når dei slær Kyrkjebødøli kjem det alltid regn. No er noko av Døli selt til tomt og resten planta til med hage og det er slutt med å vita når slåtteregnet kjem.

I munnleg tradisjon har det heilt fram til våre dagar vore tala om Vonde-Knut Kyrkjebø. Det er ikkje lengre attende enn eldre folk minnes at det spøkte i Kyrkjebøreinane ned mot nyvegen. Den gamle vegen låg lengre ned mot vatnet. Då dei laga vegen til Kyrkjebø, fann dei mannebein. Det var ein eller annan som Vonde Knut hadde kvitta seg med og grave ned her, sa folk.

Vonde Knut levde i 1500 talet.

Eit gammalt stev seier:

Det var vonde Knut Kyrkjebø
med sine hagom hende,
han sette upp loftet på Kyrkjebø
på sekstan stolpar det stende.

Buret som brann på Utigard Midtsund (gnr. 38, bnr. 12) i 1930 var flutt frå Kyrkjebø. Det bar årstalet 1521 og var uppsett av Vonde-Knut.

➤ KYRKJEBØ (søndre) gnr. 40, bnr. 3

Garden er dela frå nordre Kyrkjebø i 1830, 10. 11. millom sønene åt Aslak Auversen. Auver fekk 2/3 av garden og Sveinung 1/3 - c: denne luten. Ein bekk dela millom bruksi. Den samla skyld var då 6 sett. + 1 hud. Laugrett er Eiv. J. Oggarden, Steinar Torbj. Holtan, Knut O. Midtsund og Tor Rolleivson Lie. - Aslak Auversen tilstades og både sønene. Sveinung får bekken, endå den er bytet. Kvern og stampe står der og Auver som får nordre luten får rett til å mala alt han treng til hushaldet og få stampe 30 alen vadmål gratis i året.

Stogebygningen på garden er truleg oppført av Sveinung etter delet i 1830 - men omvølt av Olav O. Bjåland ikr. 1914, påbyggt og innattbyggt. Småvølingar av nov. eigar etter 1940.

Buret har magatelgde vegger og ser gammalt ut. Uthusbygningen er i heller därleg stand. Denne garden har gått i mange handlar. Sveinung var g. 2. gonger (I Anne Asbjørnsdtr. II Margit Gjermundsdr.) (Kyrkjebø 26). Han døydde 1885.

I 1889 er Såve Aslakson Gotuholt eigar, men i 1905 Fredrik Wriedt. - Olav Bjåland kjøpte det på auksjon - auksj.skjøte 24. 6. 1913 (Obl. d.d. på 16000), Olav og broren bygde skifabrikk og nyttta frå fyrsten bekken til drivkraft. P. Midtsund eig bnr. 3 i 1917. Ei kort tid hadde Bjørn Høydal, Langlim denne eide domen, (1918-20). Han budde her ikkje og skjøtar det til Såmund Bjåland 16. 3. 1920 (kr. 24600).

I Såmunds dødsbu 7. 12. 1926 får Olav Bjåland skifteskjøte for kr. 22 000, - då er bnr. 22 og 26 og med.

Den noverande eigar Signe Håtveit kjøpte det av Kviteseid sparebank 1937 (tingl. 1. 4. 1937) for kr. 14000. Syster Anne har ein pant i garden på kr. 5 500, (18. 3. 1946).

Ikkje så få tomter har gått ut frå bnr. 3 heller, såleis det som var Kviteseid garveri og tomti av overrettsakførar Hallvard Roholt og Kviteseid Gjestgiveri. Dei nov. eigara har selt frå 3 partar, (til Fritjov Jacobsen, Hans og Rolf Kilen).

Då garden vart eige bruk i 1830, var den samla skyld 4 mark og 2 2/3 skilling - i 1889 3 mark 18 skilling, 1905 2 mark og 1 øre - men no innkrept til 20 øre.

➤ LAUVSTAD gnr. 40, bnr. 2

Samstundes som hovudbølet Kyrkjebø vart innkjøpt til lærargard (seminarium) av det offentlege i 1847, vart denne jordparten som høyrd til Bjørn Olsen kjøpt for 400 spdr. (skjøte 5. 3. 1847) og lagt innat. Lauvstad skylddela 28. 2. 1839.

I formannskapsmøte i Kviteseid 19. 12. 1855 vart det vedteke å byggja klokkarbustad på ein liten sate i nærleiken er husi på plassen Lauvstad. Ein utarbeid plan for hovudbygningen som skulle ha 4 rom (daglegstoge, soverom, matsal og kjøken) vart lagd fram «Tømringen til røstet 5 ½ alen og røstet 3 ½ alen». Klokkar Knut Taraldsen var møtt fram og baud seg til å fiftia uthusi på Lauvstad ned til klokkarbustaden mot å få eigedomsrett til den gamle stoga på Lauvstad.

Formann Christoffer Blom baud seg til å taka arbeidet for 250 spdr. Saki utsett ta 31. 1. 1856. Chr. Munthe kom då med eit tilbod som låg 5 spdr. lågare - og han fekk oppdraget å byggja klokkarbustad på Lauvstad - samstundes tok han og kommunehuset for 255 spdr. Chr. Blom skulle sjå etter arbeidet.

Kommunen vedtok på nemnde møte å låna 500 spdr. av Oplysningsvæsenets fond til desse 2 bygningar. Fristen for bygget sett til 14. 4. 1857.

Lauvstad har sidan vore bustad for klokkaren i Kviteseid.

Ende nedom husi er den nye Moen skule reist.

➤ SOLVANG [Solstua] gnr. 40, bnr. 8

Solvang vart utskild frå Kyrkjebø bnr. 3 den 23. 6. 1903. Det var dr. Olaf Utsond som kjøpte Solvang av garvar Fr. Wriedt som då åtte Kyrkjebø. Utsond sette ikkje opp hus. Fyrst då Petter Groven (Hustveit 123) kjøpte det vart det hyt her. (kr. 1920.) Petter d. her. Trygve Feilberg vart så eigar av Solvang og sette på namnet Solstua. I 1953 selde han det til Olav Bjåland (Hustveit 23) g.m. Åsne Knutsdtr. d. 1953 i Solstua. Olav og Gunhild Djuve, syster til kona hans, budde så her. Olav d. 1961.



[Olav Bjåland (Hustveit 23)]

Olav Bjåland vart den som levde lengst av karane som var med Åmundsen til Sudpolen i 1911. Olav hadde mange premiar frå skirenn her i landet og i utlandet. Størst ruver nok sylvkanna hans – Kongepokalen frå Holmenkollen 1902. «Eg kom kjøn heimatt den gongen,» sa Olav på sin eigne logne måte.

I 1959, 7. 2. fekk han æresløn kr. 6 000 av Staten.

Olav åtte også Djuve i Dalane.

➤ LANDVIK gnr. 40, bnr. 10

Inne i dalkroi nord for kyrkja på Hamaren ligg dette bruket med 20 mål jord. Det har gått ut frå klokkargarden Lauvstad (bnr. 2) 26. 11. 1909. Her budde lærar Thor Larsen til 1952. Husi er oppkosta av han. No er det sonen Torgeir g.m. Egeleiv Eikeland som eig det.

Sollid u/Landvik.

På spøk kalla Sinai - for det ligg på ei bergufs nokre meter høgre opp enn Landvik, (1 mål). Leigekontr. 31. 8. 1914 til Einar Andresson Sundbø og kona Sigrid på livstid, (leige 12 kr. årleg). Einar bygde huset som står der. Samuel Sørensen kjøpte det så, men 10. 10. 1922 gjev han skjøte på Sollid til Sigurd Landvik (kr. 8500). - No er det enka etter Sigurd, Åste O. Breidalen som er eigar.



➤ GRØNLID gnr. 40, bnr. 28

Er utskild frå Kyrkjebø søndre. Opphaveleg 4 mål. Her har overrettssakforar Hallvard Roholt g.m. tandlækjar Liv Roholt (f. Skeie) heim og kontor. Roholt eig og Revskil i Vrådal. Det var Olav Roholt som fyrst bygde her. Den bygningen brann.

➤ HØGEVOLL gnr. 40, bnr. 32

Dette stykket er omlag 27 mål stort og ligg oppå haugen ovan nordre Kyrkjebø - som det og er utskild frå. Tor Vaa kjøpte det att av sakførar D. Cappelen. (Skyldela 16. 12. 1930 - 65 øre.) Ei tid hadde Kviteseid Sparebank det. Seinare bankkasserar Simon Johannessen. Av honom kjøpte skreddar Trygve Landvik det i 1939. Trygve har drive skreddarverksernd - ofte med sveinar - i over 50 år. Kona hans er frå Seljord og heitte Helbjørg Nordgarden.

Alle husi på bruket er nye og kosta av den noverande eigar.

➤ VESTAD gnr. 40, bnr. 38

Hans K. Bergsland g.m. Anna Breidalen kjøpte dette stykket (7 mål) av Lauvstad klokkargard i 1937 og sette opp hus her. Hans eig og Åneroe, eit skogstykke oml 200 mål på Breidalsheii.

➤ OPPSUND gnr. 41

Den tid Kviteseid vart rudit og bygt, vil eg tru at ein av dei fyrste gardar dei hyste på var Oppsund. Her ligg desse Sundegardane i Sundebygdi med høveleg millrom. Utsund og Oppsund med Midtsund på lag midt i millom. På alle desse gardar er gjort fornfunn frå den yngre jarnalder. Rikast er fornfunni på Midtsund. I oldsaksamlingi finst desse funni frå Oppsund: 2 ljåblad, 2 plogjarn, rangle av jarn, 1 spjotodd, 2 piloddar, skjoldbule, 2 skiferbryne. Ein skynar av dette at garden må vera rudit eingong i vikingtidi, (800-1050).

Det eldste brev om Oppsund er frå 1550, 5. 6. (D.N. X s. 790) der 5 «dannemend» er samla på Tveiten og såg og høyrd at Audun Bjørnson og Gudbjørg Bjørnsdtr. vart samde slik at Audun skal hava 1 markabol i Oppsund (Wpsen) attende frå Gudbjørg. Ho selde han attpå 2 m.bol i same gard for 14 kyrlag. «Item» (likså) Gudbjørg eig 2 m. bol i Døllen (Dalen) og det skal Audun betala henne full landskyld for. Herr Michel, Tallak og Ledvor «beseglar dette bref». («Michel Laurisson på Hvittisøø.»)

I Hitterdalsboken s. 429, er nemnt eit skifte på nedre Håve i 1590 åri, etter Oluf Gregersen Håve g.m. Egeleiv Olufsdtr. Folkestad. Ein av dei 7 borni deira var Gunhild g.m. Torbjørn Oppsund ikr. 1595. Ho let etter seg ei dotter Anne g.m. Gudmund Oppsund omkr. 1615.

I 1614 eig enkja etter Oluf Gregersen, Oppsundgarden. Ho hadde flutt til Folkestad og sonen hennar Gregar, fekk i skifte etter ho 7 tn. i Håve og Gudmund Oppsund fekk 3 tn. i Hellern på «sin quindes vegne».

Eit uprenta diplom frå 1638, 14. 5. lyder slik i utdrag:

«Gudmund Alfson boende på Opsund i Hvidesøø prestegield, gjør vitterlig at sal. Østen Opsund for lengere tid siden habe kjøbt af Harald Torkelsøn 7 m.bol i Lid i Ødefjeld sogn, og da nu Olafs Lies kvindes forældre ere komne i besiddelse af de nævnte 7 m.bol, har Olaf begjæret af Gudmund det kjøbesbref og kirkekvittering som sal. Østen hafde kostet på Ødefjeld kirche, hvilke breve han også er holdt mod at gifve Gudmund 2 kjør.»

Oppsund vart rekna fullgard + øydegard i 1647 med skyld til 6 1/6 tn., 7 ½ daler m/merknad «høit sat». Buskapen 1657: 2 hestar, 10 kyr, 20 sauher, 9 geiter og 2 griser. Den samla skyld i 1889 var 23,40 skyldmark, dela på 12 bruksnr.

Eigarar og brukarar. Torbjørn heiter bonden 1593-94. Gudmund Alfson 1609-45. Han er ein jordkakse og eig fleire gardar framover til 1650, såleis halve Opsund (3 tn.), Holtan (3 tn.), Djuve (3 tn.), Bøen (1 tn.), Nordgarden (3 ½ tn.), Utboen (2 tn.), Sandland (1 ½ tn.), Tjønn (½ tn.), Gjervoll (1 ½ tn.)

Sonen Torbjørn (heiter etter morfaren) er titulera lensmann i 1661. Ved folketelj. 1664 er han 44 år m/soner Tove og Kjetil 15 og 18 år. (Ættesoga nemner ikkje Tov eller Kjetil, men Tor og Øystein, Gunhild, Aslaug, Anne og Bergit.) Torbjørn har også ein del gardar, men ikkje så mange som faren. I 1644-til eig han 2 tn. i Fjågesund og 3 tn. i Midtsund. Pantar i Fjågesund har han framover til 1681. (1 ½ tn.). Skifte etter Torbjørn 1682, 20. 10. (Sk. pr. kol. nr. I s. 11) g.m. Aslaug Torsdtr. (Vitne: Alf Kirkebøe (lensmann), Wetle Haukumb, Tallev Holtan.)

Kviteseid prestebol har 1/3 tn. i Oppsund 1647. Torbjørn eig 5 5/6 tn. (1672-80) og sonen Tor Torbjørnson eig 6 1/6 tn. (1683-88). Etter 1691 er Gunhild enka av Tor eigar av Oppsund (6 1/6 tn) og ein son hennar Alv etter fyrste gifta hennar med Sigurd Alvson eig 5 tn. (1697-02). Så får Torbjørn Torson rádevelde over garden. Han er lensmann som bestefaren visstnok ei kort tid (1707-12). Skifte etter Torbjørn 1735, 6. 12., gift to gonger (I Bergit Torsdtr. Fjågesund d. 1718, II Gunhild Såmundsdtr. Kleiv.) Brt. 1742 rd. Net. 1475 rd. - Sylv 34 rd. eit sylvbelte, 21 kubber 11 rd. Medr. jord i Oppsund 6 tn. m.b. (over 6 tn. 2 mæler) for 600 rd. I Hovdeklev 1 tn. m.b. = 140 rd. Skjelbred 1 ½ tn. m.b. (over 2 tn.) = 213 rd. Håtveit nordre, 2 tn. m.b. (over 2 tn. 5 kalveskinn) 280 rd. og Vesterdal nedre, 3 ½ mæle m.b. (over 5 1/4 mæle) 125 rd.

Det vert sonen Gudmund som får heimel på 6 tn. 1748, 12. 3. - Ein Tallev Arentson (Aarensøn) har 3 tn. i Oppsund i 1742 og sel desse for 300 rd. til Gudmund detta året. - Gudmund er lensmann 1752-58. Kona Ordri Eivindsdtr. Midtsund d. på Oppsund 1792, han d. 1774.

Skifte etter Gudmund 1774, 1. 11. (verge for kona er broren Steinar Skeie, Flatdal.) Brt. 2504 rd. Net. 1778 rd. Irekna jord i Oppsund 6 tn. m.b. (over 6 tn. 4 sett.) 1000 rd. Ånejord 1 tn. 2 sett m. b. (over 1 tn. 2 1/4 sett.) 300 rd. Sylv 44 rd. Tin 10 rd. Kobber 20 rd. Sylvet utgjer 1 høgt sylvkrus m/namn og årstal 1624 og 5 sylvskeier med namnetrekk og årstal. (P.W. 1713, P. R. 1717, I. A. 1725, T. S. S. og A. H. D. 1717, G. A. S. 1647. (G. Alvson.)

Samstundes med skifte på Oppsund etter Gudmund Torbjørnson vert det skift etter sonekona hans Anne Torsdtr. g.m. Torbjørn Gudmundson. Brt. 413 rd. Net 375 rd. Medr. jord i Oppsund 1 tn. 2 3/5 sett. = 200 rd., sylv 49 rd. - ditto etter Anlaug Torsdtr. g.m. Johannes Vikingson på plassen Lie. - Net. 9 rd.


Torbjørn Gudmundson heimlar 6 tn. i Oppsund 28. 6. 1775 - og sit truleg med garden til sin død 1822. Garden vert dela ikr. 1820 millom Anders Olavson og Halvor (Olavson?) 3 tn. 2 sett. på kvar. Dette gjeng fram av jordebøkene 1818-21.

➤ OPSUND (Midtigard) gnr. 41, bnr. 3

Dene er hovudbølet. Den gamle husestaden var litt lenger aust (mot Sudigard) enn der husi no står.

Den siste som sat med heile Opsund var Torbjørn Gudmundson (Uppsund 32) f. 1811 d. 1844. Han var g.m. Gunhild Høyessdtr. Det ser ut som det var Torbjørn som hyste først på Sudigard og tenkte på å selja dette. Då Torbjørn døydde, sat enka av med to gutter. Gudmund f. 1836 d. 1866 og Høye (Hælje) f. 1840 d. 1867.

I ein ekstrarett på Opsund 21. 7. 1845 vert søndre Opsund skylddela fra. Kjøpar er «Bjørgulf Olsen». Bjørgulf legg fram ein «Mindeseddel af 25. sept. 1844» om kjøp og dele. Til søndre delen skal og falla tridelen av Kinsarvikbeitet, og rett til å setja opp sag og kvern i «Bækken, dog saaledes at Boet har første valg». Søndre Opsund fekk ei skyld på 7 daler og 30 skill.



[Uppsund, midtre 1885]

Året etter (1. 8. 1846) er det og rett på Opsund for å dela og skyldsetja Midtigard millom enka Gunhild og sonene. Garden vert dela i tri delar «Saaledes at Enken skal tildeles den nordre og søndre Part og begge sønnene den midterste Part.» Gunhild fekk såleis Midtigard, men bytet mot Nordigard gjekk då frå Rising og ende bak løda som no står på Midtigard. Den nordre parten som Gunhild og fekk, gjekk omlag frå der bytet millom Nordigard og Sundbø er no og nordover og tok med Lie og Draugedalen. Det Gunhild får blir kalla «Opsund-Midtgarden med Nordparten.» Det Gudmund og Høye fekk «Oppsund-Nordgaarden.»

Plassen Høydal fall til Nordigard. Det budde endå to husmenn på Høydal den gongen. På Lie bur enka Live Egilsdtr. og på Draugedalen enka etter Svenning Torgersen.

Opsund-Midtgarden med Nordparten fekk ei skyld på 3 daler 58 skill., Opsund-Nordgarden 2 daler og 58 skill.

Gunhild g. att 1845 med Johannes Gregarson (Gregar 6). Dei fekk 2 born. Gunhild d. Draugedalen 1848.

I 1855 er det atter delingsforretning på Opsund. No skal Nordigard delast millom brørne Gudmund og Høye. Gudmund får sjølvé Nordigard, Høye fekk søndre delen av Nordigard. d.v.s. det som no ligg millom løda på Midtigard og bytet mot Nordigard. (Tingl. 5. 10. 1855.)

Høye hyste her. Han fekk med seg loftet frå Nordigard, elles måtte han byggje av nyom. Enno finn ein merke etter hustuftine her. Høye vart g.m. Anne Tormodsdtr. Borgejordet i 1861. «Eg tisse forlåte meg so vondt om Høye som sko få Anne, fe ho æ både vond og dovi,» hermer dei etter far hennar, Tormod Knutsen.

Sveinung Steffason (Hustveit 12) kjøper Midtigard først i 1850 åri. I 1854 var Sveinung til byen med ei kreturdrift. Med. han var i byen, brann stoga på Opsund. Sveinung fekk ikkje vita dette fyrr han kom heimatt. «ja, no gjekk det att, alt det eg tente på kreturi,» sa han.

Olav Sveinungson Berdal g.m. Ingebjørg Halvorsdtr. overtok Midtigard av far sin. Olav kjøper og garden etter Høye og legg det inntil Midtigard i 1872. (Med omk. kom det i 1300 rd.) Anne, enka etter Høye, flyt utover.

Olav riv alle husi etter Høye så garden kjem heilt bort. Det loftet Høye fekk med frå Nordigard, hadde fyrr stått på Midtigard. Høye selde overdelen av loftet til Gudmund Såmundson Øyan som hadde kjøpt ein jordpart av Opsund og kalla det Haugan. Gudmund brukta loftdelen til stoge. Høye måtte byggja ny overdel på loftet. Det var så klein handel at folk tala om det. Olav flyt loftet til Midtigard. Der stod det til i 1927, då brann det. Stoga vart sold og sett opp som handelsbu i «Hyttebyen». Løda kom til Lauvstad klokkgard. (Pris 100 rd.) Fjøset vart oppsett ovom vegen til vårfjøs.

Olav hadde garden til 1885. I 1889 eig futen Fr. Walløe Midtgården med nordparten og Nordgarden 2,72 sk. mark og Midtgarden med Nordgarden 8,15 sk. mark. Seinare har denne garden vore samla slik.

I 1905 er Midtgarden gått over til Hustveitætti att med Sveinung Halvorson. Lønnegraff som eigar.

Tor Vaa kjøper Midtigard i 1906 for kr. 36000. Skjøte 16. 7. 1906. Han planta til 23 mål av jordet med frukttre. Det var mange i bygdi som meinte han var reint galen. Seinare visa det seg at det ikkje var så reint gale. Det kom fleire år at hagen gav større innkorne enn skogen.

I 1923 kjøpte Odd Jonson Loftsgården g.m. Birgit Vaa eigedomen. Auksjonsskjøte 11. 3. 1924. Pris kr. 120000. Odd er no død og enka sit med garden.

Midtigard har 76 mål dyrka jord, 40 mål beite og 1500 mål skog.

Den store hovudbygningen frå sist i 1850 åri og seinare påbyggt, brann i 1928. Ein mindre bygning sett opp av Sv. Lønnegraff står. Uthuset bygt 1895, innåtbyggt 1901. Paktarbustad 1918.

➤ UPSUND (Sudigard) gnr. 41, bnr. 2

I buet etter Torbjørn Gudmundson (d. 1844) fekk Bjørgulf Olsen Brokke kjøpt ein tredel av heile Opsundgarden. Delen vart mælt ut av 3 skjønsmenn 25. 9. 1844. Skyldsett 21. juli 1845, skyld 7 daler, 30 skill.

Plassane Åse og Hadeland låg på Sudigard (på øvre sida vegen) og det budde endå folk her. I 1766 er det skifte etter husmann Halvor Kjetilson Åse g.m. Birgit Jensdtr. Noko av plassen låg på Midtsund grunn.

Steinar Brokke hyser på Sudigard i 1847.

Bjørgulf sel til verbroren Mikkel Gunnarson Klauvreid i 1850. (Lauvik 27) Denne ætti har seinare sete på garden.

I 1875, 6. 9. vart det inngjenge semje millom Gunnar Mikkelsen og Mikkel Gunnarson og Birgit Olavsdtr. Gunnar og Mikkel seier frå seg odelen til fordel for ervingane til Birgit. Birgit er 3. kona til Mikkel som kjøpte garden av Bjørgulf. Mikkel d. 1881 og Birgit vart g. att m. Nils Pedersen. 17. 7. 1899 skriv skifteretten i buet etter Birgit og attlevande mann Nils Pedersen, ut skjøte til Torjus Sølverud g.m. Hæge Nordbø. (Lauvik 57). Nils fekk rett til bu på garden så lenge han levde. Han hadde og att ein del av jordet mot Midtigard. Kjøpesum kr. 16000. 27. 2. 1939 skjøte frå Hæge Sølverud til Anne Sølverud-Moen, (kr. 23500).

Husi på garden er gamle, men vølte og oppussa. Det er to stogebygningar. Den eine bygt ikr. 1846, den andre 1870. Uthusi 1927.

Der er 65 mål dyrka jord, 25 mål beite og 1400 mål skog.

Kviteseid Elektrisitetsverk som vart skipa som lutlag i 1913, ligg på denne eigedomen. Vest Telemark Kraftlag overtok verket omkr. 1950 og la det ned. Det er no meinings å nyttat vatnet her som kjem frå Opsundtjørnane, til kjelde for vassverket til Kviteseidbyen.

17. 7. 1923 tomti Solbakken bnr. 26 skild frå.

1. 7. 1938 tomti Heddelid bnr. 28 sold til o.r.sakf. Olav Lien.

➤ UPSUND (Nordigard) gnr. 41, bnr. 1

I skiftet etter Torbjørn Gudmundson 1846 gjekk Norigard til sønene Gudmund og Høye. (Skyldeling 25. 9. 1846.)

Plassen Paradis låg her. Tuftine er ende nedom den nye stogebygningen. I 1825 d. inderst Kjetil Knutson 77 år gammal på plassen Paradis u/Opsund.

Gudmund og Høye delast om Nordigard i 1855. (Tingl. 5. 10. 1855). Gudmund får det som no er Nordigard, Høye luten sudom. (Frå noverande byte og til bekken bakom løda på Midtigard.)

Gudmund (Uppsund 36) g.m. Sigrid Tormodsdtr. i 1856. Dei hadde 3 gutter som alle døydde i ung alder.

Gudmund Såmundson (Øyan 24) g.m. Marie Tomasdtr. kjøpte garden i 1868. Han d. her, 1875, ho 1874. Sonen Olav Gudmundson hadde så garden ei tid. Han er oppførd som eigar i 1889 (Matrikkelen), men var d. på Fjødde 1886. Olav var utifrå god spilemann og kvedar. Han var med i mange brudlaup og spila. På

kyrkjevegen spila han på horn, seiest det. Syster hans Gunhild g.m. Aslak Fjødde kjem til Nordigard i 1888. Dei budde først på Fjødde og det var hjå dei Olav døydde. Olav var vissordig og god til å sei dei. «Når eg er død» sa han, «skø de gravleggja meg på Håmaren, for der hev eg alltid lika so godt å sjå på båten.» (Hamaren er der kyrkja no står.)

Aslak Opsund d. 1921 og dotteri Marie, g.m. Jjohannes Gunnarson Skarprud overtok. Skjøte 14. 3. 1922. kr. 50000. Johannes fekk 2. pr. av Tor Vås fond for jorddyrking, (1926). Johannes d. 1942.

Agnes Johannesdtr. g.m. Gunnar Omland overtok garden i 1950. Auksjonsskjøte 5. 2. 1951, kr. 25000.

Nordigard har 50 mål dyrka jord, 10 mål beite og 200 mål skog.

Den gamle stoga vart visst flutt hit før garden vart dela. Buret er nytt og fint utskore av Olav Aslakson i 1898. Olav var då 18 år.

➤ LIE gnr. 41, bnr. 4

Lie er ein liten gard millom Holtan og Oppsund og har no 33 mål dyrka jord og 15 mål heimeskog. Eit skogstykke på 300 mål er tilskift frå Oppsund bnr. 3. Dette stykke ligg 7 km undan.

Husi på garden er i god stand. Både stoga og buret er flutt til Lie. Buret har ein gong vore veslebur på Holtan. Det er påbygt til loft. Uthuset er nytt. Husestaden var i gamal tid høgre oppe.

Lie har vore plass under Oppsund. I 1774 er det skifte på Lie u/Oppsund etter Anlaug Torsdtr. g.m. Johannes Vikington. (Net. 9 rd.) Lie vert skyldela 29. 9. 1848. I 1852 heiter det Lie m/Nordjordet plass under Oppsund. Eigar er Tallev Hansson. I 1864 er Aslak Sveinungson eigar. (Hustveit 82) Halvor Jonson eig Lie 1889. Stortingsmann Knut Taraldsen eig garden i 1892 då Olav S. Lie g.m. Egelev dotter til Taraldsen, kjøper garden. I matrikkellista 1905 er endå Taraldsen oppford som eigar. Han d. her 1915.

Tarald Olavson g.m. Ruth Kjetilsdtr. overtok garden 1948.

➤ STOKKLAND gnr. 41, bnr. 17

er skild ut frå Lie. Halvor Guttormson g.m. Margit O. Lie hyste her omkr. 1910. Gunnar Heimdal hadde det og. Av han kjøpte Signe Skarprud enka etter Knut Skarprud bruket og hadde det til 1946. Eigar no er Jørund Knutson Skarprud g.m. Marie Andrea Olavsdtr.

Husi på Stokkland er nyvølde og gode. Vidda av bruket er 10 mål.

➤ SUNDBØ gnr. 41, bnr. 19

Andres, son åt Knut Taraldsen kjøpte dette i 1913. Skjøte 25. 5. 1914. Andres var gift med Ingebjørg Landvik. Sonen deira Knut overtok i 1927. Han selde det snart og seinare gjekk det i fl. handlar til heradsagronom Halvor Sondbø g. m.

Olaug Lurås kjøpte det i 1954. Dei har stelt mykje på husi. Bruket er på 10 mål.

➤ JORE gnr. 41, bnr. 21

Lærar Knut Taraldsen Jore (d.y.) kjøpte dette i 1914. Knut g.m. Aslaug Olavsdtr. Etter foreldri døde er det Ragnhild f. 1899 og Olav f. 1906 som er eigarar. Bra hus. Uthusi brann 1947, men er oppattbygde. Det er vanskeleg med gardsveg enno. Jore er på 10 mål.

Kristian Andresen Jore budde her. (Sjå under gnr. 38-1.)

➤ TORSHAUG gnr. 41, bnr. 23 og 24

Gamal plass, men no svært kringskoren, så han utgjer berre 1,5 mål.

Her budde Ingebjørg Torshaug omkr. 1900 og dotteri Sigrid. Sigrid kjøpte plassen av O. S. Lie 1914.

Sigrid Guttormsen bur no i gamle stoga, men dotteri Gudrun g.m. Arne Kåsi, har bygt seg nytt hus ende ovanfor (bnr. 24),

➤ HAUGAN gnr. 41, bnr. 10 og 11

Eigedomen ligg vest for nordre Oppsund og nedunder hovudvegen til Brunkeberg, og utgjer 2 stykke som er slegne saman. Det er 20 mål i alt. (Skyld. 9. I I. 1863) Husi er gamle. Stoga har grove, magatægde veggjar og skal vera av eit stabbur frå Midtigard-Oppsund. Her var landhandel i gamal tid.

I 1864 er Gudmund Sårrundson eigar (Øyan 24), men i 1889 har Asbjørn Knutson fått det etter farbror sin. - 1905 brørne Olav og Jon Taraldsøner - Olav sel Haugan i 1950 til Knut O. Tufte eller Kleivstaull g.m. Gunhild Sv. Vesterdal.

➤ OPPEBØEN gnr. 41, bnr. 9

Dette bruket ligg nedom Midtigard-Oppsunnd og er opprudd av-Olav Ånundson (Røyndal 12) g.m. Marken Jensdtr. (Huvestad 91 a) i 1860 åri. Skylddeling 10. 11. 1862. Skjøte frå Gudmund Torbjørnson til Olav Aanonson 249 spdr.)

25. 6. 1924 skjøte frå Marken Jensdtr. til sonen Aslak (7 000 kr.).

8. 4. 1946 skjøte frå Harald A. Oppebøen til Gudrun Riis (6 000 kr.).

15. 10. 1951 skjøte frå Gudrun Riis til Olav O. Lundeberg (15 500 kr.)

Heimbø gnr. 41, bnr. 34 skjøte frå Petter Oppebøen til H. Toresen 13. 8. 1946 (kr. 4500).

Olav var flink salmakar. Han døydde på Oppebøen 1907 - (kona 1926 - 86 år).

Sonen Aslak g.m. Ingebjørg Olavsdtr. (Sundt 24) overtok etter faren, men døydde i 1940 åri. Ei dotter Gudrun g.m. Fredrik Riis hadde garden til 1951 då Olav O. Lundeberg g.m. Ashild Ardalen kjøpte det. Enka etter Aslak har sitt tilhald på garden.

Husi i bra stand (stoga bygt 1862). Der er 14 mål dyrka jord.

Frå Oppebøen er utsikt ei tomt Heimbø (1 ½ mål) der Halvor Toresen g.m. Anne Færstaull (Seljord) bur. Likeins nordre Oppebøen (2 mål) der bur Signe Andreasdr. Holte og Torkel bror hennar g.m. Tone Hosum. (Utskild 25. 6. 1912, bnr. 15.)

➤ BARSTAD gnr. 41, bnr. 14

Litt nedanfor Draugedalen, nedom allmannvegen, ligg Barstad; utskild frå Oppsunnd 16. 1. 1905.

Gudmund Greggason kjøpte stykket av Sveinung Lønnegrav og bygde her. Gjekk i fleire hender til Aslak Såveson Kolbu g.m. Ingebjørg Guttormsdtr. Nordbø (Kviteseid) kjøpte det av Ånund Kosi i 1925. Bruket har nye hus og 4 mål jord.

➤ SKOGLY gnr. 41, bnr. 16

Utskild frå Oppsunnd 6. 3. 1913 - og ligg ovanfor veggen til Brunkeberg under skogliði med nye, gode hus og 10 mål stort. Her hyste Elling Flom, men selde så til Tor Vaa. Olav Aslakson Fjellet fekk auksjonskjøte, (tingl. 29. 2. 1924). Kr. 12750.

Denne jordparten var med i fleire eigedomar som Tor Vaa hadde og pantsette i oblig. 14/12 1920, 250000 kr. No er det Marry Olavsdtr. Oppsunnd som er eigar av Skogly etter skjøte av 27. 6. 1953, (kr. 12000). Handarbeidslærarinne.

Olav Oppsunnd f. 1880, d. 1960 g.m. Marie Tovsdtr. var ein flink snikkar og treskjerar og byggmeister. Mange av hans arbeid er å sjå i Kviteeid. Svalstolpane på buret på Oppsunnd skar han som 18 års gut, (1898). Han drog til Canada i 1903 og var borte i 10 år, bygde m.a. ei kyrkje i Swanson i Canada. I Sandar står eit fint stabbur han har bygt og skore ut. På øvre Berge i Moredal har han innreidt stoga med krunesenger m.m. Altertavla i Høydalsmo kyrkje er og hans arbeid.

På Skogly er eit gammalt lauvstaup med dobbel lauvring (6 lauv + 3 lauv) med bokstavar O.H.S.D. - Dette er namnetrekket av Djuvekongen frå Øyfjell, langbestefar til Olav. Ein skilling av sylv (C7 - 1779) har han funne under golvet i Eidsborg stavkyrkje. Der fann han og eit kvinne- og barnelik ved restaureringi.

➤ DRAUGEDELEN gnr. 41, bnr. 22

Namnet er festa på denne dalen i den tid då ovtrui rådde grunnen og draug og tusse var ofte synlege for folk. Plassen låg til Oppsunnd. I 1801 bur enkem. og husm. Olav Eivindson her 78 år. Ein Olav Hølgjeson Draugedalen dør her 1845 - 83 år. Eit nytt festebrev 26. 9. 1845 til Sveinung Tarjeison og «hustru» på levetid.

Greggar Olavson (Bø) g.m. Sigrid Gudmundsdtr. fekk feste på plassen 18. 2. 1886. Ein son Andres g.m. Martine Straume, Vrådal, kjøpte plassen av Tor Vaa i 1912. (Skjøte tingl. 25. 6. 1917.) Eigedomen har 20 mål dyrka jord, 12 mål kulturbeite og 10 mål skog. (Nydyrka 12 mål.) Andres fekk Tor Vaas premie i 1949. Plassen Krossbekk høyrer no til (3 mål). Fråseld ei tuft på 1 mål til Johannes Omtveit.

Husi på Draugedalen er gamle, men vølte og i god stand. Det er elles merke etter fleire tufter i heimejordeL Segn om at ein prest vart fødd og fostra her.

➤ RISING gnr. 41, bnr. 27

Dette vesle bruket ligg nedom Oppsunnd (Midtigard) og er utskild frå dette. Skylddela 12. 8. 1924 til furer Eivind Sundsbarm.

I 1850 flyt Åmund Andersen Rising 17 år til Kongsberg.

Snikker Hans Larsen g.m. Anne Petterine Åmundsdtr. (Sundt 2) bur her. Han var kjend som ein framifrå snikkar. Anne d. på Rising 1890. Dotter deira Marthe Karine g. i 1894 med Eivind Sundsbarm. No er det sonen Arne g.m. Astrid Knutsdtr. som er eigalar.

Ein del av Rising (gnr. 40, bnr. 14) er lagt til kyrkjegarden.

➤ HOLTAN gnr. 42, bnr. 30

Denne garden låg høgt og fritt med utsyn over ein stor del av Sundbygdi. Jordi er god, men ein del er bratt.

Garden er no sundbytt i mange bruk og husi longe spreidde for alle vindar. Stoga vart flutt til Staulen i Brunkeberg og brann der i 1927. Det skulle vera 2 bur, eit stor og eit lite. Det vesle står på Lie. Det andre reiste or bygdi. Kan det vera loftet på Vestgarden Fjågesund? Dette loftet skal ha kome frå Kviteseid. Løda stod att og Torbjørn Hosum som fekk den delen av Holtan der husi hadde stade, saga ho opp til reisverk i den nye uthusbygningen sin.

Kviteseid kommune kjøpte Holtan i 1947 og dela det ut i fleire bruk.

Noko av gamlesoga.

Holtan var rekna fullgard alt i 1593-94 då Aslak reider ut arbeidskatten. Skyldi er 4 2/3 tn., 6 dalar i 1647 m/plassen Ulledalen. Buskapen 1657: 1 hest, 6 kyr, 4 sauher, 4 geiter og 1 gris.

Eit uprenta diplom frå 1603, 15. 4. kunngjer eit makeskifte millom Guttorm Aslakson og farbroren Egil Torkjelson såleis at Guttorm byter bort ½ Holtan som hadde høyrt til far hans Aslak Torkjelson og hans lut i Rollagstodul i Langlim (no Roddøystaul i Sælidfjellet) og attpå 20 daler, mot Ålandslid (3 tn.) i Lårdal. - Matz Hansson «soren Landtz schriwer her sammestets og Alff Donnestadel, Oluf Home, Laugrettismandt» henger sitt segl under.

«Thete breff giffet oc giordt paa Holttom thenn 15 aprilis Ano Dmj. MDCIII.»²⁴

Eigarar og brukarar. Aslak er bonde 1593. Egil (lensmann) betalar saltverkskatt 1609. Denne Egil Holtan eig mange gardar framover til 1625. Omframt mestedelen av Holtan eig han 1 tn. i Hemmestveit, 2 ½ tn. i Homme, 1 tn. (Utsund, 4 tn. i Mandal (Bekkhus), 2 tn. i Kvåle (Hualle), 1 tn. i Loupedalen (Løbedal), 1 tn. i Kvanbekk (Wambæk), 1 tn. i Hovdeklev og 1 tn. i Omtveit.

Guttorm kjem så deretter 1619-20 - vel den same som Guttorm Ånundson Holtan. (Lundevall.) Tov (Toff) er skiven for Holtan 1644-45 «m/hustru og Dreng» - kalla og Tov Kvålsodd. I 1660 heiter det sal. Tov Holtans arv 4 2/3 tn. - Kanskje Tov Lavransson Midtbøen. (Sjå Midtbøen II). Ved folketelj. 1664 er Halvor oppsitjar 30 år m/husm. Sondre 50 år.

Etter 1672 kjem Tallev Ansteinson Årak til Holtan. Han er skiven for 2 2/3 tn. (1672) og 3 2/3 tn. 1682. Der er både 2 og 3 eigalarar på same tid framover til 1700-talet. Såleis Guttorm, Tallev og Tore 1675, Knut og Tallev 1677, Kirsti og Tallev 1682, Tallev og Olav 1688, Gunstein, Anstein og Olav 1698 med lutar 1 2/3 tn., 1 2/3 tn. og 1 1/3 tn.

Skifte på Holtan 15. 5. 1708 etter Hans Tallevson, (ugift). Net. 183 rd. Han eig jord i Vesle-Omtveit (5 mæler, 8 sauskinn = 200 rd.). Dei 8 syskini hans er arvingar. (Gunstein, Anstein, Torbjørg, Åse, Bergit, Åshild, Astrid og Hæge.)

Ditto 1713, 27. 3. etter Aslaug Sveinungsdtr. g.m. Anstein Tallevson (2 born). Brt. 932 rd. Net. 886 rd. irekna jord i Holtan 1 tn. 4 mæler rn.b. 350 rd., Klomset øvre i Seljord 3 tn. m.b. = 300 rd.

Anstein meiner han har rette odelen til Holtan «etterdi ei allene Enken Moder Åshild Ansteinsdtr. for mere end 50 år siden arvde samme efter sin sallige fader Anstein Tallefssøn, men end ochsaa hand tillige med sin broder Gunstein til forhandled sig vedkommandis odelsrett og adgang til samme gaard.» - Dei hadde betala 27 rd. for odelsretten. (Attest 3. mars 1708, der Tov Sandland, Sondre Åse og Guttorm Midtbøen hadde høyrt på semja millom Liv og Torbjørg Endresdtr. - Kontra Gunstein og Anstein.)

I 1717, 12. 11. skifte etter Gunstein Tallevson g.m. Elen Asbjørnsdtr. (4 små born.) Brt. 464 rd. Net. 414 rd. Medrekna jord i Holtan 1 tn. 4 mæler m.b. 350 rd.

Anstein har 1 11/18 tn. i Holtan 1727. Etter han sonen Sveinung Ansteinson Sundsbarm. (1730-47.) Holtan vert sorenskrivargard. omkr. 1750. Hans Pedersen Paus heimlar 3 1/3 tn. 1750 - er skiven for 3 tn. 1755-65. - Det heiter i eit brev frå 1755 at eldste son åt Gunstein Holtan, Tallev bekom odelsgodset Groven. - Skrivaren trugar med prosess for å få resten 4 sett. i Holtan.

Skrivar Paus d. 1774, skiftet først slutt 1780, 19. 9. Brt. 3005 rd. Netto 296 rd. Den som då overtek garden er Torbjørn Steinanson Skeie, Flatdal. Han får skjøte på 3 1/3 tn. i 1787. Fyrste kona hans er Anne Torsteinsdtr. Skori, Åmotdal. Henne er det skifte etter 1794, 28. 2. Brt. 1700 rd. Net. 1600 rd. - Jord i Holtan 3 tn. 4 sett. = 900 rd. og Fjellstaal og Dyrdalsheii ½ sett. = 200 rd. Lausøyre 200 rd. og krav 399 rd.

Torbjørn²⁵ g. II m. Ingebjørg Lavrantsdtr. (Midtbøen II 37) (8 born). I 1821, 16. 10. skifte på Holtan etter Ingebjørg. Brt. 3746 rd. Net. 2111 rd. Medrekna jord i Holtan 3 tn. 4 sett. ½ sett. i Dyrdalheii = 1700 rd. 3 tn. 10 sett. i Midtbøen m/Finndalen 1450 rd. Utteståande krav 42 rd. (Halvor Bjåland) «Enkernanden opgir boet av alderdomsvaghet».

²⁴ Jfr. Ano domino Millesino sex centimo tertio, sjå Midtsund.

²⁵ Torbjørn d. 6. 12. 1820 gravlagd 28. 12. Dødsfallet meldt i mai 1821.

Etter at foreldri på Holtan er døde (mor 1817, far 1820) sit dei 8 borni med garden fram til 1830. Den 8. 7. 1830 vert Holtan dela millom 3 brør - Steinar (f. 1795), Lavrants (1799) Og Gudmund (1812). Gudmund får 4 sett. og dei 2 andre 1 ½ tn. kvar. Steinar har selt frå Skipsted nordre og søndre til Knut Såveson (5 sett., skylddela 8. 7. 1830). Sjølv har han att 1 tn., 1 sett. Han bur på Holtan til i 1830 åri då han flyt til Åsmundstveit, (d. På Sundbø i Kviteseid 1839).

Lavrants vert no den som sit på hovudbølet Holtan. Kona hans heitte Ingebjørg Bjørnsdtr. (Bjåland 36). Av dei 5 borni deira er 4 av dei fødde på Holtan. Det gjekk ut med Lavrants og dei flutte til Landvik ein plass u/Kyrkjebø, (d. der 1860).

Lavrants var ein emnerik mann, men ein flåkeft og ei vyrdesløyse på mange vis. Men han kunne syna rikt hjartelag sume tider og taka det han sårleg trøng sjølv og gjeva til stakkaren. Det er sogar om det og. Ungane hans var gåverike og flinke.

Då Torbjørn skulle konfirmerast, gjekk Lavrants til presten og sa: «No veit eg at du vil setja anten son til skrivaren eller justitsråden øvst på kyrkjegolvet, endå dei er ikkje halvten så flinke som sonen min; men gjer du det, skal du få med meg a gjera.» Presten som kjende Lavrants, våga ikkje anna enn setja Torbjørn øvst.

1844: Efter Kongl. Benaadning av 30. 12. 1843 vendt tilbage fra Agershuus Fæstnings Slaveri, hvor han indkom den 13. april 1837 paa Livstid. Merkn. i kyrkjeboki.

1843: Olav Tjostolvson Rolfshus, Mo, til Holtan (skoleholder) g.m. Else Gjermundsdtr. - er der til 1857, (utfl. 14. 4. 57 med 8 born). Han var det igrunnen som selde Holtan m/Skipsted til skrivargard, tingl. skjøte 10. 5. 58. (I. L. J. Wohl innfl. 1846).

1852: I. Wohl eigar av Holtan (Skattemanntalet).

1864: sorenskrivar Conradi. I 1889 og 1905 den same. (Skrivargard).

Ved skyldelingi av Holtan 8. 7. 1830 får Gudmund Juveland-plassen m/Kolbu (4 sett.), verge: Jørgen Jensson Midtbøen.

Steinar får Holteplassen (ovanfor Holtanviki til høgre) og halve plassen Bakken og Skipstvet (5 sett.) som han overdreg til Knut Såveson med det same, (8. 7. 1830).

Lavrants får innatt sjølve Holtan plassen Ståland.

I 1833, 17. 6. krev Lavrants Holtan og Knut Olavson at plassen Bakken vert skild frå og dessutan eit jordstykke nordanfor garden 3 sett. til Torbjørn Torbjørnson, (umyndig). Ståland skild frå (3 ½ sett.) 17. 6. 1833. Smeland skild frå (1 sett.) 17. 6. 1833.

Til Holtan hørde ½ Kinsarvikbeitet (i Sælidfjellet) og ½ sett. i Dyrdalsbeite.

Den 5. 11. 1831 vert Kinsarvik skild frå, (2 Sett.).

Ved den nye allmannvegen til Brunkeberg ende ovom Holtan, står den kjende Holtaneiki. Eiki er gamal og hol og har ikkje hatt det godt etter vegen kom. Det skal vera gøynd sylskeier i eiki ein gong, men ingen har funne dei - enno.

➤ KOLBU gnr. 42, bnr. 1

Ein av dei mange plassar-som har hørt under Holtan. Noko gamal plass er det ikkje. Namnet frå fyrst var Juvland. Etter vitord frå Statsarkivet er dette bruket så seint som i 1868 kalla Juvland. Namnet Kolbu skriv seg frå at dei brende kol her i nærleiken. Det er merke etter kolgraver i utmarki. Det skulle og stå ei gamal kolabu i kanten av jordet, fortalte ein gamal mann. Kolbu har 20 mål dyrka jord og 6 mål beite og 35 mål skog. Husi er nye og gode. Den gamle stoga timra i 2 høgder, er rivi og ein ny stogebygning er reist.

Aslak Halvorson (Åbø 79) kjøpte eiged. 1924 av Jorund Råmunddal m. fl. Aslak (d. 1959) var lærar i 33 år. I 1940 fekk han Tor Vaas jorddyrk.premie.

Olav Leivson budde her fyre Aslak og lenger attende foreldri åt Aslak Kolbu, Såvi og Såve Aslaksdtr. (Haugan 150) i 1890 åri. I 1889 er P. Sundt eigar av Kolbu, men i 1905 K. Sakkrisen og Olav S. Lie. -

Lavrants Holtan hadde flutt til «Juvland» 1836. (Bjørn f. der det året.) N.B. Kolbu slätte til Moen 3. mars 1796, fyrr til Kyrkjebø.

Rossmann budde ei tid på Kolbu. Han var tenestemann for eit minekompani. Han hadde store planar og slo stort på - og vart til slutt fant. Dammen han bygde ved Skipsted, skulle nyttast til eit steinknuseri. Han hadde store planar om å byggja eit samlingshus nede ved vegen med stor kjellar og eit liknande på nedre sida med løyndegang under vegen. Han kom så langt at muren var ferdig, men så vart det ikkje meir. Ein ser merke etter bygget hans - endå det no er utbrote og sletta. over. Segni seier at ein utsending kom frå minekompaniet og ville sjå til tenestemannen, for han var fælt flus med pengane, tykte dei. Då løynde han seg bort. «Penninghaugen på bordet te Rossmann ligg som små kviggejvir,» hermer dei etter Høye Hestskodiket som tente hjå Rossmann. Gruvene hans låg i Skolteberg mot Tjønnhei, og Myrangruva i Tveitgrend m.v.

➤ SMELAND gnr. 42, bnr. 2

Eit lite bruk rett opp og aust for Bakken med ca. 8 mål dyrka jord og 100 mål utmark. Staden er som bortgøymt og svært tung vind å koma til.

Smeland vart skild frå Holtan 17. 6. 1833 og rekna berre 1 sett. skyld. I 1853 er Aslak Lavrantson eigar (ikkje av Holtanætta), men i 1864 Tarjei Torson. Det er truleg at Olav Johannesson Varmekro (Mo) kjøper Smeland av Tarjei for Olav har eigedomen både i 1889 og 1905.

Noverande eigar er Gro Smeland - dotter åt Halvor Bukkøy og Kari Huvestad. Dei kjøpte eigedomen i 1930. Husi er gamle og små - rett husmannshytter - med undantak av stoga som er fra 1952, men bare halvferdig.

➤ **JUVLAND gnr. 42, bnr. 9**

Gamal plass under Holtan til 8. 7. 1830 då Gudmund Torbjørnson får seg tildela desse 4 settong. Då høyrd Kolbu til. I 1801 blir husmannskona Aslaug Hakesdtr. 38 år med sonen Tore Toreson 12 år. Mannen Tore Gunsteinson d. 1788 var klokkar i Kviteseid. (Thoresen 1.)

I 1864 har enke Dagne Sveinungsdtr. eigedomen. Olav Kjetilson har det i 1889 og i 1905 kona hans Bergit Gunnuldsdtr. Ho selde så Juvland i 1916 til Knut Høyesson Slåtta g.m. Inger Øysæ, Fyresdal.

Jordet er noko bratt - rett eit Juvland, med 10 mål dyrka og 20 mål utmark og utruster. Husi er i god stand. Stoga vålt 1942, fjøset bygt 1940, løda 1885. Eit lite bur av grove vegger ser ut til å vera svært gamalt.

Frå Juvland har gått Kolbu og Krossbekk plass.

➤ **STORGÅRD gnr. 42, bnr. 20**

Frå Holtan gard har gått ut mange bruk i nyare tid. Staten eller Opplysningsvæsnets fond overtok Holtan med Skipsted nordre og søndre for 4000 spdr. 1858, tингl. 10. 5. Det vert skrivaren som råder over desse eigedomar framover både i matr. for 1889 og 1905.

Storgård ligg ved vegen til Gotuholt og under vegen til Brunkeberg rett nord for Holtantunet - og utgjer no 8 mål dyrka jord og 10 mål utmark. (berglende.) Aslak Leivson Storgård, Seljord g.m. Åsne Johannesdtr. Askedalen (Vrådal) kjøpte det av staten ikr. 1920. Han har bygt hus og dyrka opp småbruket.

➤ **RUSTAD gnr. 42, bnr. 28**

Utskild 1949. Eigar Margit Trondal, f. Brauti. Ny stogebygning.

➤ **EIKELAND gnr. 42, bnr. 34**

Dette bruket ligg sud for Holtan og er utskild frå Holtan. Etter at Kviteseid kommune overtok Holtan 1947 og dela det opp i så mange partar 15. 10. 1947 - fekk denne eigedomen tillagt nokre mål tilleggsjord.

Eigar: Johannes Guttormson g.m. Marie O. Lid.

➤ **ÅSLAND gnr. 42, bnr. 11**

Skylddela frå Kolbu 18. 1. 1904. Eigar av Kolbu då var E. Lundevold. Anders Åsland sette opp stoga - og truleg uthus. Bruket har 11 mål dyrka jord og 3 mål udyrka.

Eigar i 1949 var Mikkel Nordgård, Rjukan, som selde eigedomen til Gunhild H. Lundevall for kr. 9500. Skjøte tingl. 3. 8. 1949. (Mikkel var fosterson av Gunhild Blom som budde her i mange år.)

Den noverande eigar er enke etter Sveinung Luindevald. Ho har ei stor samling med heimil frå Lundevall m.a. ein stor bilætbibel frå 1630? og ei fin kiste måla av Knut Mevestaul 1854. (A.S.D.G.) 6 utskorne svalestolpar med roser, utskori løve og mann med sverd og barn med ring, har ho delvis montera opp ut i svali.

Gunhild gjorde eit godt arbeid med reisingi av Pensjonsheimen i Kviteseid med innsamling o.l.

➤ **HADDELAND gnr. 42, bnr. 18**

Skylddela 11. 7. 1919. Auver A. Hauglid hyste her. Seinare kjøpte Tarjei Håtveit det. Han selde bruket 18. 10. 1937 til Teodor Eggereide (f. 1894) g.m. Hæge L. Landsverk. Stoga vålt 1939. Eggereide har drive eit lite garneri.

Bruket har 8 mål dyrka jord og 30 mål utmark.

I 1947 tilleggsjord, beite.

➤ **NORDHEIM gnr. 42, bnr. 12 og 16**

Andreas Holte hyste her omkr. 1905. Noverande eigar kjøpte det av Kviteseid Sparebank i 1929. I 1947 fekk han 5 mål tilleggsjord av Holtan. Eigar: Auver Hauglid g.m. Aslaug Håtveit.

➤ NYLAND gnr. 42, bnr. 10

Det er ættegard frå 1905 då Jon Halvorson Nyland (f. Sjausæl) kjøpte det av byggmesiter Halfdan H. Lie. Trevarefabrikk og sirkelsag drive med vassturbin oppsett 1905. Eigedomen har 8 mål dyrka jord og 12 mål udyrka. I 1926 kjøpt innatt 500 mål skog i Flekstveit og i 1956 eit større skogstykke att frå same eigedom

Husi på bruket i mykje god stand. Med undantak av stogebygningen frå 1890 åri, er alle husi oppkosta av Jon Nyland og sonen Halvor.

I 1937 overtok Halvor eigedomen med sag og trevarefabrikk etter sin sin. Halvor er g.m. Signe Gunnarsdtr. Brauti.

➤ NYLAND (nordre) u/NYLAND gnr. 42, bnr. 10

Ei tomt på 1 mål med nye hus bygt av Halvor J. Nyland. Han budde her frå 1920 til 1937. I 1951 flutte sonen hans Jon H. Nyland d.y. inn her - g.m. Torhild O. Åheim.

➤ SOLVANG gnr. 42, bnr. 39

Tomti kome frå Nyland med tillegg av 3 mål frå Skibsted (15. 10. 1947). Her bygde Andres Olavson g.m. Marthe Uppebøen ikr. 1900. Olav Andresson g.m. Anlaug Torsdtr. Sanden budde her etterpå. (Olav drukna ved Øyan 18. 5. 1932). Enka Anlaug Solvang bur her no, men det er sonen Torleif g.m. Marit Ekeheien som er eigar av Solvang frå 1952. Bur i Oslo.

➤ GRØNVANG gnr. 42, bnr. 37

Dette er den gamle Skipstedplassen. (Omtala under bnr. 4.) Husi den gong låg tett ved der det no er hyst. Grønvang er utskild frå Holtan 15. 10. 1947. Leidulf K. Hosum g.m. Bergit Torbjørnsdtr. Templen kjøpte det og fekk bureising og bygde hus. Alt i alt er det godt 40 mål jord. Av dette er dyrka 13 mål.

➤ GRANHEIM gnr. 42, bnr. 32

Jon Jonson Moen g.m. Gunhild Guttormsdtr. kjøpte dette stykket av Holtan i 1947 og fekk bureising. Granheim ligg på ein sate nedom Holtan. Vidda er 60 mål.

➤ SOLSTAD gnr. 42, bnr. 31

Dette er og av dei bruka som vart skild frå Holtan i 1947. Det ligg tett ved gamle husestaden på Holtan og har 14 mål dyrka jord. Eigar Sigurd O. Asheim g.m. Astrid J. Holte.

➤ SKIBSTED gnr. 42, bnr. 4

Etter segni nådde eingong Sundkilen nordover desse flatane til Skiparsteinen som er å sjå der den gamle Brunkebergvegen stakk opp. Skipsted kjem kan hende av at her var den gamle båtstødi. Det er ingen gammal plass, visstnok hyst på noko etter 1800 talet. 1828 er det ein «ny plass» då Torkel Paulson leiglending døyr 55 år.

Ved skylddelingi av Holtan 8. 7. 1830 får Steinar Torbjørnson denne jordparten i sin lut av Holtan 1 ½ tn (18 sett.) Han overdreg same dag Skibsted (5 sett.) til Knut Såveson (Kallåk 86). Såve d. på Skibsted 1835, 64 år. Knut til U.S.A. og døydde der 1873. Broren Torjus Såveson og Såve Auversdtr. bur på Skibsted 1835-42²⁶. Sonen Såve 28 år til U.S.A. 1863 - og Torjus som enkemann til U.S.A. ikr. 1880.

Landh. I. L. J. Wohl²⁷ vart så eigar av Skibsted og i 1858 gjev han skjøte frå seg til Opplysningsvæsenets fond. (Tingl. 10. 5. 1858, kjøpesum 4000 spdr.) Etter den tid har det vorte Skrivargard.

Skibsted med Mylla gjekk frå 15. 9. 1858. Mylla bygt 1856 og ombygt 1885. En som heitte Rossmann bygde dammen og Olaus Svenkesen bygde om og flute mylla. Skibsted mylle.

Skrivargarden har skrumpa mykje inn, der er fråseld fleire stykke i 1947, såleis Grønvang bnr. 37 (75 øre skyld), Nordlid bnr. 38 (1 øre), Solvang bnr. 39 (19 øre), Flatbø bnr. 25 skylddela 4. 6. 1947 (1,20 skyldmark).

Husm. O. O. Skibsted og kona Gunhild Tovsdtr. til U.S.A. med 2 småborn 1861.

²⁶ Dette var besforeldri til senator Henrik Skibstead som vitja Kvitseid i 1931 - (sjå Kallåk 124.)

²⁷ Innflutt til Kvitseid 1846.

➤ SKIBSTED (nordre) gnr. 42, bnr. 5

Berre eit lite stykke frå skrivargarden i vestleg leid ut mot Dalanelvi, ligg dette bruket som no utgjer 12 mål dyrka jord og 8 mål utmark. Husi er gamle, men opp-pussa i nyare tid. Den noverande eigars er Tor Steinarson g.m. Marianne Eidar Mandt kjøpte det av banken 1925. Knut Bjåland (d.e.) hadde ått det fyrr. Kjetil O. Lien, Sauherad hadde ått det derfyre.

I 1889 er det rnyllemester O. Olsen som er eigars, men i 1905 er det Kviteseid Sparebank.

Då Tor overtok i 1925, var mylla til nedfalls, men ho vart oppstelt att og gjekk under krigen til i 1945. No er ho nedlagd for godt og rivi.

➤ BAKKEN gnr. 42, bnr. 6

Dette var plass under Holtan til 17. 6. 1833 då det vart skylddela og gjeve ei skyld på 2 ½ sett. - no 1,57 skyldmark. Det var Lavrants Holtan og Knut Olavson som var eigarsar då og skjøta plassen til Torbjørn Torbjørnson. Med i skylddelingi vart eit jordstykke nordanfor Holtangarden og dessutan fekk han vedrett og husefang i Holtan skog. Denne Torbjørn d. på Bakken 1837, 23 år gammal.

I 1864 har Ole Paulsen eigedomen Bakken.

I 1889 er Olav Sv. Groven eigars av Bakken, men i 1905 Margit Gjermundsdtr.

Ved folketelj. 1801: Husm. Olav Eivindson Bakken 30 år og Signe Endresdtr. 31 år, (Anne 3 år).

Bakken ligg ovan vegn austom Holtan. Noverande eigars Leif T. Sanden g.m. Lovise Lien, kjøpte garden i 1928 av Ingebjørg Aslaksdtr. Mor hennar Margit Gjermundsdtr. er skiven for garden 1905.

Frå Bakken er gått frå 2 tomter og eit småbruk m.a. Furuheim - eigars Kåre Knutson Hosum

Nov. eigars som også er byggmeistar har dyrka opp heile garden som no utgjer 15 mål dyrka jord og 18 mål utruster og 100 mål skog. For 30 år sidan fekk dei 5 skp. høy - no næsten det 10-dobbelte. Leif Sanden har hatt ymse kommunale ombod. Husi er gode. Stoga bygd 1928. Stabbur 1948.

➤ HOLTE gnr. 42, bnr. 21

Det har vori plass under Holtan og ligg eit stykke frå vegn nedanfor Torget. Total-vidde ca. 50 mål.

Tov Aslakson (Langelid 76) hadde rutt plassen ikr. 1830. Dotteri Signe g.m. Olav Åmundson (Sundt 5) budde her. Så sonen deira Andreas Holte (kjend rose målar) g.m. Anne Bukti (Nissedal). Etter Signe og Olav Holte, kom Johans Olavson (Viking 51) g.m. Anne Såmundsdtr. Lid u/Tveito. Dei «stedde» plassen ikr. 1909 og kjøpte han av skrivargarden 1925. Noverande eigars er sonen deira Andreas g.m. Tone Johansdtr. Bakken. Dei kjøpte det i 1957. Stoga brann i 1931 og Johans har kosta oppatt ny stoge. Uthusi er heilt nye.

➤ STÅLAND gnr. 42, bnr. 7

Dette bruket byter med Passpå og ligg millom allmannvegen og Dalanelvi og har heilt flatt lende. Det utgjer 20 mål dyrka og ca. 50 mål utmark og beite. På dette stykke låg den gamle plassen Lysaker, no utjamna og utsletta. Frå tingboki - Midtsund 20. 6. 1720 hentar eg dette: «Fogden innvarslet degnen Jens Christensen og løytnantenken madamen Anne Else Hassel for klammeri og slagsmål i overvær av lensmand Eivind Midtsund og Torbjørn Opsund og Jon Kirkebøen.» På plassen Lysaker stod ota. Jens kravde ho etter nokre pengar, og ho kom med gevær og øks og ville «kiøre eller jage» han frå plassen Lysaker. - Han Jens tok ein haslekjepp og slo ho over «skulderen» for å verja seg. - Madamen møtte ikkje på tinget og fogden Sweder sette ut saki. -

Denne madamen er elles bort i litt av kvart. I 1723 er ho innstemnt til tinget att i ei «leiermål» sak. Ho skal gjeva opp barnefaren til ein unge som hadde sett dagsens ljós 23. 2. 1722. Ho hadde gjeva opp Søfren Sparre, Porsgrunn som den einaste rette, men han gjorde eid og vart frikjend og madamen laut bøte 6 rd.

I klokkarhuset mellom Langesund og Kragerø hadde dei trefst 14 dagar fyre Mikkelsmess (Krossmess) - og 5 månar etter kom barnet. Fogden får ikkje inn boti - då almuen vitnar at ho er lusfattig.

Eit skifte på Lysaker u/Holtan 1779 etter Jens Andersen Skilderup som drukna på Nisser. Mori Lisbeth frå Torrisdalen og 7 systken er arvingar.

Ståland har vori sjølveigarbruk lenge. I 1880 åri åtte sakførar Wettergreen eigedomen og etter han sakførar Gunleik Dalen. Petter Groven Br.berg kjøpte det av enka etter Dalen ikr. 1910.

Vetle Sveinson Kallåk handla det av Petter Groven og hadde det i 2 år til 1914, då den noverande eigars Halvor Øysteinsson Husås, Seljord, g.m. Anne Halvorsdtr. Ådalens kjøpte det. Tingl. skjøte 21. 6. 1915.

Husi på garden er i god stand. Den store hovudbygningen med mange rom er kosta av Wettergreen-Buret er flutt frå Husås 1916, timra i ny form, utan framsval, men med two rom og trappoppgang frå forrommet. (Ikkje årstal.) Uthuset med steinfjøs kosta av sakf. G. Dalen ikr. 1905.

Eigaren har dyrka opp mykje av garden og fekk Tor Vås 1. pr. 1934, (12 skeier).

I 1923 kjøpte han Tveit skog i Tveitgrendi. Noko av denne skogen selde han i 1925 til Kristoffer Strandrak. (Heggteitfjellet). Halvor har drive som fehandlar.

Ad Lysaker.

Frå tingboki 1723, 11. 10. - Knut Lundevall og Jon Kyrkjebø + ålmugen er forarga at kona åt klokkaren Jens Christensen «holder øll og brendevinsahl på en plads kaldes Lysager.» - Øverheita grip inn og krev at ekteparet må greia seg utan denne handel og liva av klokkarløni.

Ad. Ståland (Holtenstølene).

1852 eigar Ole sön av Jørgen O. Omnes, men i 1864 Eivind Jørgensen.

➤ GOTUHOLT gnr. 43

Gotuholt ligg ved den gamle bygdevegen til Brunkeberg og namnet kjem nok av gotu, inngjerd veg av holt, (og skog). Det har vore nytta ymse skrivemåtar. I 1551 Gattuholthe, 1612 Gotuholt, 1723 Gutteholt. Seinare vart det helst Gadeholt eller Gadeholdt.

Gotuholt er ein gamal gard og vart rekna halvgard, 3 1/6 tn. bygsel 3 daler.

Ikkje så få fornfunn i Oldsaksamlingi skriv seg frå denne garden. Funni vert tidfest til yngre jarnalder (vikingtidi) ca. 800-1050. Det er ymse bruksting av jarn og bronse, såleis handtak av bronselykel, bronsespenne (Målforma), jarnkniv, vevskei av jarn m.m. Rundt 1930 fann Sv. Bjørnson på nedre Gotuholt 2 takkeforma jarnheller oml. 70 cm i diameter. Dei var så opptærde av rust at det var uråd å 5 dei opp or jordi.

Eit prenta diplom frå 1551 (1). Norv. 7 b. s. 824) nemner at Kjetil Tjøstolvson svoren lagrettemann i Brunkeberg vedgjeng seg å ha selt 7 markabol «i Gattuholthe i Bruggabergs sogn» til Bjørn Mosbø «for solf, kobber, klæde og fæ.»

Eigarar og brukarar. Guttorm heiter brukaren i 1609-11. Han svarar saltverkskatt av garden. Likekeins Asbjørn i 1619-20, Halvor 1644-47, Gunnar 1661-62. Ved folketeljingi 1664 er Anders 27 år.

Ein Knut Gotuholt (også skr. Lundevall) eig 2 tn. i Gotuholt 1611-29.

I 1660 får Halvor Gotuholt tildela arven 3 markabol i Gotuholt. Han bur der «self med søsken» i 1656. Elles heiter det på denne tid at Gotuholt «er en skarp og ringe gaard». -

Omfram desse nemnde brukarar, har me Tov 1657-61, Laurits 1662, Nikuls 1672-75, Asbjørn 1677-95, Johan (Jon) 1697-1703.

Frå 1704 kjem Sveinungs-namnet inn på garden. Fyrst med Sveinung Aslakson som er gift med Gunbjørg Tovsdotter (har ein bror Egil). Det er skifte etter Sveinung 16. 4. 1705 (net. 3 10 rd) og Gunbjørg er alt gift med ein Sveinung Sveinson Loftsgarden som det er skifte etter 14. 5. 1708, (net. 894 rd.). Gunbjørg er det skifte etter 29. 3. 1713, (net. 737-3-17.) Sonen etter S. Sveinson, Sveinung g.m. Egeleiv Torsdr. Fjågesund vert så sitjande med garden til 1755.

Denne Sveinung Sveinungson bar ei halvsyster Aslaug (g. m. Anstein Tallevson Holtan) og 3 systkin, Svein, Aslaug og Ingebjørg. Aslaug er det skifte etter 17. 3. 1713. (ingen sum nemnd.) Ho har 2 umynd. gutar etter seg, Sveinung og Hans.

I skifte 1755, 24. 11. etter Sveinung og Egeleiv er eiga 2564 rd. (barnlause). Dei vert nemnde dei 3 samsyskeni og Aslaug som har hatt ein son etter seg, truleg er Hans død fyrr, og no er Sveinung (Ansteinson) og død, men let etter seg ein son og 3 døtter. Omfram heile Gotuholt, høyrer til buet pantegods i Syftestad med Moen (2 ½ tn.), Tytegrav, (1 ½ tn.) og Kosi (6 sett.).

Aslaug, syster åt Svein og Ingebjørg, er det skifte etter 24. 3. 1759. (Net. 397 rd.) Der vert nemnt Ingebjørg enke død, (3 barn). Halvsyster Aslaug død, (3 barnebarn). Der er oppnemnt 3 formyndarar. (Knut Haukom, Tallev Groven og Steinar Berge.)

Den rg ene gpBer s 2vors, (y)30.432(s001(e)2.3(y)30.429.15029644(B)4.78845(e)2.148785(r)-23.00(d)-9.88997()-.5.68

Bjørn O. Haukom gifter seg 28. 12. 1831 med Dordi Sveinungsdr. Gotuholt, (Han 20 år, ho 17 ½ år). Bjørn var lærar på Kosaskulen. ei tid, men var sjukleg og døydde alt i 1840. - Kona hans d. 2 år etter. Ein son Sveinung Bjørnson g.m. Asgjerd Larsdtr. Espetveit. (1852.)

Det er Sveinung som får nordre Gotuholt ved delingi i 1845. Han sel det att i 1858 og i 1865 fer han og Asgjerd m/5 born til U.S.A. frå Øvrebø u/Groven.

Ole Bjørnsen Haukom fekk garden i 1838. Ætti etter han sit på nedre Gotuholt den dag i dag. Opphavleg er ætti frå Sudgarden i Langlim. Ættfaren er Lavrants Bjørnson (1611-1685) (Gotuholt 1) g. m. Gro Olavsdtr. I femte led frå han kjem Bjørn Olavson Sudgarden. Han bur på Hesthaga i Øyfjell og vert g.m. Birgit Tovsdtr. Kallåk. «Nøyt deg å få på deg fjølltrøya, no ser eg Bjønn i Honnåskleivan,» sa Tov til dotter si. Bjørn døydde ung, og Birgit flutte til Mordedal m. borni. Ho gifter seg att i 1791 med Torjus Hosleberg.

Ole Bjørnsen (1783-1845) var lærar og klokkar i Brunkeberg, stortingsmann i fleire periodar (fyrst 1815-16, sist i 1842), varalensmann i Nissedal (1824-31), forliksmeklar i Nissedal, postopnar, medlem av formannskapet m.m. Han var gift 3 gonger. Fyrst med Tone Tallevsdtr. Hemmestveit (1806-07), så med Egelev Aslaksdtr. Kyrkjebø (1811-23) og så med syster hennar, Torgjerd (1824-45).

Meir om Ole Bjørnsen finn ein i boki Rikard Berge har skrive om han. Bygdedikting frå Telemark XXII.

Då Ole døydde i 1845 vart garden dela. Den 23de, 24de, 25te, og 26te juni er dei i arbeid med dette «for at dele og skyldsette denne gaard - i 2de lige dele til avbenyttelse som aasæder for Bjørnsens arvingar nemlig hans sønnesøn den umyndige Sveinung Bjørnson og hans son Aslak Olsen.»

Dei dela både innmark og utmark. Jamvel stoga vart dela i two. Elles fekk kvar gardpart eit gammal loft.

➤ GOTUHOLT gnr. 43, bnr. 1

Det vart den umyndige Sveinung Bjørnson som fekk den gamle husestaden. øvre Gotuholt. Han sel garden ah i 1858 til Sveinung Sæffason Groven. (Hustveit 12.) Steffen, son til Sveinung, brukar garden fram til 1860-61. Så er det ein yngre bror til Steffen, Aslak Sveinungson, som brukar garden fram til 1889 då han overtek garden. I matrikkelen 1889 er Aslak skiven for eigedomen. I denne tid vart det drive sag, stampe og landhandel her. I 1889-90 kjøper Bjørn Aslakson Gotuholt (Gotuholt 32) garden. Aslak tek kår då han sel garden. (Aslak var ugift.)



[Gotuholt, øvre 1911]

Bjørn Aslakson vart i 1888 g.m. Kari Sveinungsdr. Groven. Dei får two guitar, Gunnar f. 1890 og Sveinung f. 1892.

I tidi millom garden vart dela og 1890 vart husi flutt litt lenger nord upp på ein haug.

Tor Peterson Vraa kjøper garden 25. 8. 1892 for kr. 11500. Tor var morbror til Kari Gotuholt.

Tor vøler stoga (1897) og plantar frukthage. Sume av briskestolpane i hagegjerdet stod helt til 1960.

Tor dreiv ikkje garden sjølv, men hadde brukarar. Fymst Per Fossøl, så Jon son til Tor frå 1898 til 1901. I 1904 leiger Sveinung Fossheim garden for 7 år.

23. april 1894 kjøper Tor skogstykket Kjetilstaul (580 mål) av Olav Lundevall. Dette skogstykket hadde opphaveleg hørt til Oppsund, selt frå i 1862. Namnet er seinare endra til Kjekjustaul etter sin attlagd staule. Av namn her merker ein seg Steinstølen, Bjørndike, Paradisslåtta, Rullekasen og øvst oppe mot Kolltveiteggen Sandholet. Dei hente skuresand herifrå, seiest det.

Hans Torson Vraa g.m. Torund Kristiansdtr. overtok Gotuholt 14. 9. 1903, men dei flutte ikkje til garden før i 1910.

I 1916 kjøper Hans saman med andre ca. 500 mål av Homme skog i Dalane.

Hans vreita ut nokre myrholer i jordet og braut opp nokre skaggar så jordet er no på 50 mål dyrka. Sjølve Gotuholt-skogen er 470 mål. (Dei innåtkjøpte skogstykki ikkje medrekna.)

Loftet er gammalt, truleg frå først i 1600 talet. Vyrket er svært grovt. I 1775 vart loftet innklædd. Sveinung S. Gotuholt og Kari kosta utskurden. No er loftet freda. Uthuset er sett opp i 1922. Den halve stoga som fall til garden i 1845, er seinare innåbygt (1897) og vølt fleire gonger.


Hans døydde 5. 4. 1938 og enka Torund sit no med garden.

Det første formannskapsmøtet i Kviteseid vart halde på Gotuholt 27. nov. 1837.

Den store Gotuholteiki tett ved garden og ved gamle allmanvegen til Brunkeberg, er gode 5 m i kringmål.

➤ **GOTUHOLT (nedre) [Utigard] gnr. 43, bnr. 2**

Husestaden her er om.l. 150 m frå den gamle husestaden fyrr garden vart dela. Aslak Olesen f. 1814 fekk denne garden og livde her til sin døyande dag i 1895. Denne ætti sit på garden no og. Aslak var gift 3 gonger (I. Tone Knutsdtr., II. Gro Såvesdtr., III. Hæge Jørundsdtr.) Aslak Gotuholt var ein dugande bonde, hadde fin handskrift og vart mykje nytt i bygdi sit styr og stell. I 2 periodar var han i styret for Kviteseid Sparebank. I 1883 fekk han sylvmedalje og diplom frå Landbruksseksjonen for «kvægoppdrett». Sonen Olav overtok garden i 1880 åri. Han var ugift, (d. 1940).



[Gro og Aslak Gotuholt (Gotuholt 6)]

I 1904 selde Olav ein lut av Gotuholt til Såve, bror sin. Denne luten vart kalla Espeland.

Sveinung Gotuholt, halvbror til Olav, kjøper Gotuholt i 1913, men sel det same året (byter i Haukom) til Aslak Brauti.

Den noverande eigar Sveinung Bjørnson g.m. Åse Olavsdtr. Bygland (Hustveit) i 1923 tok garden på odel same året.

Sveinung har grunnarbeidt av nyom heile jordet og planta mange frukttre. Garden har no 51 mål dyrka jord og 157 mål produktiv skog.

Loftet er frå 1748, løda 1920 og fjøset frå 1942.

➤ **ESPELAND gnr. 43, bnr. 3**

Dette gjekk ut frå Utigard Gotuholt i 1904 då Såve Aslakson kjøpte det av bror sin og hyste der.

Gunnar Bjørnson g.m. Randi Skeide kjøpte bruket av farbroren, Såve i 1917.

Gunnar (d. 1941) dyrka opp mesteparten av garden og fekk Tor Vås premie 1929. Han planta og ein stor frukthage. Denne er seinare utvida så mest heile jordet er tilplanta no. Ikr. 1924 kjøpte Gunnar eit skogstykke i Tveitgrendi. (Heggteitskogen ca. 700 mål.)

Espeland har 36 mål dyrka jord og 300 mål utmark.

Gunnar Bjørnson var lærar i 27 år, meste tidi i Kviteseid. Kona var og lærarutdanna.

Sonen Arne g.m. Ingrid Løken overtok i 1951. Han skogbrukslærar.

(Staulen Olavsstaul (nedlagd) høyrer til).

Plassar under Gotuholt.

Garnlevegen gjekk ovom Gotuholt over Linfloti og framom Linkjelda og så over den gamle plassen Slote som no longe er attlagd. Dei fyrste ein veit budde her, er Olav Olavson (Slote 1) f. 1684 og kona Anne Olavsdtr. Ho d. her 1773. Sonen Knut d. Slote 1760. Bjørn Knutson g.m. Ingebjørg Olavsdtr. Tveit bur her seinare. Ho d. Slote 1805. I 1848 bur skomakar Åmund Åmundson (Sundt 1) og kona Marte Karine Pedersdtr. her. Dei siste ein veit budde i Slote var Tor Eivindson (Nystaul) og kona Svanoug Halvorsdtr. Dei bur her i 1836, 1842-44 og 1852-58.

Litt lenger oppe var plassen Berge. Dette er nok ein gamal plass. Åkerreinane er opp til 2 m høge.

Dei fyrste ein kjenner namn på her er Kjetil Asbjørnson (Rårnunddal) tambur, g. 1769 med Anne Ådnesdtr. Dei har 10 born, alle fødde her. Ein av gutane heiter Asbjørn f. 1777 og død her 1860. Han vert g.m. Birgit Egilsdtr. (Aase) i 1802. Dei har 9 born, 3 f. på Berge. Eine dotteri, Birgit vert g.m. Knut Såmundson Øyan. Dei fekk og mange born. Eine sonen er den seinare så kjende skulemannen Asbjørn Knutsen.

Kjetil Knutson Bergedal (Lundevall) og kona Margrete bur her truleg frå 1826 til 1842. Då kjem Ådne Asbjørnson og Hæge Tovsdtr. hit. Den 2. februar 1863 skriv eigaren av Gotuholt, Sveinung Steffason festesetel på Berge til Olav Andresson Meinstad (Skarprud) og kona Ingebjørg Tarjeisdtr. Ho d. her 1899. Borni Andres og Anne bur her visst til 1904. Dei siste på Berge vert Halvor Tarjeison (Dreng) og kona Åsne. (1904-07).

Frå då vart Berge nytta som slåtte fram til 1941. Etter den tid berre til beite. Stoga rivi. Stabbur og fjøs flutt til Kvigarden i Lundevallsgrendi i 1928. Løda rivi 1956.

Gamlevegen er no retta og sletta litt og er god skogsbilveg.

Frå Gotuholt er i seinare tid skild ut nokre tomter:

Lillegård (plass fyrr) til Brødr. Lundevall som har bygt trevarefabrikk her. (1944.)

Lundebakk til Hans Lundevall g.m. Luzzy Rødbakk.

Haugestad til heradskogmeister Hallvard Dalen g.m. Klara Hesteskodiket.

Haugetun til Svein Berger g.m. Gunhild Bjørnson.

➤ HAUGELID gnr. 43, bnr. 5

Dette er eit småbruk 5-6 mål stort like ved vegen til Gotuholt Det har gått ut frå nedre Gotuholt (bnr. 2). Husi er gode og tidhøvelege. Solhaug ei hamn på 12 mål er innattkjøpt i nyaste tid.

Olav Aslakson (Gotulholt 28) gav ved gavebrev den gamle hushjelpi si Gunvor, plassen Hauglid. Sidan kjøpte Knut O. Sandland d.e. det, men selde det at til Margit Sandland g.m. Olav Åkeren (Kviteseid) og sist fekk Knut O. Sandland d.y. (Adne O. 38) g.m. Torunn O. Fløthyl eigedomen, 1947.

➤ LUNDEVALL gnr. 44, bnr. 1

Lundevall er ein av dei gardane i Kviteseid som har mest dyrka jord. Fint hallande er jordet. Elvi frå Moredal på austida og Dalanelvi på sudvestsida gjerder garden inn.

Namnet er lett skynleg. Det er samansett av lund (skogkrull) og voll - det uttalast Lóndevall (Londarvollar i Vinje - er igrunnen same namnet)

Det er omlag 120 mål dyrka jord, 30 mål naturleg eng og 1500 mål skog. Husi på garden er i mykje god stand. Stoga er omvølt i 1858 og noko i nyare tid og har mange rom og gangar i two høgder. Som vanleg på ein større gard er her 2 bur, eit stort loft og eit veslebur. Det store loftet er opphavelig svært gamalt - frå millomalderen, men svaler og utskjeringsar og stolpar under er frå 1786, for det var visstnok «jareloft» frå først. Den venstre beiteski (Kinnong) har ein forvitneleg bilætutskud med motiv frå soga om Sigurd Favnesbane. (Arkeolog Gjærde i Vikingtidsskrift B XIII 1949) Veslebur (1785) er eit vanleg likbur med dreia stolpar og flatskurd. Den store uthusbygningen er frå 1927. Eldhuset ombygt til tenarbustad i 1946.



[Lundevall kring 1900]

Lundevall er ein gamal gard, og ættegard frå 1691. Det eldste brev om Lundevall²⁸ er frå 1571, 18. 10. Der etterskrivne Tov Olavson og Andor Lune... (Lundvall) sannar at dei stadtfeste jordbyte som godfaren Sigurd Froland gjorde med Berulf Skompin. Sigurd fekk då 5 markabol i Lundevall i Brunkeberg sokn. Berulf fekk 5 m.bol i Hogane i Roadal imot. Tov og Gregard Meland «beseglar». (Holm i Hjartdal).


Eit brev skrive på Lundevall 1597, 2. 4., der Ånund Sigurdson kunngjer at han med samtykke av son sin Olav Ånundson, har selt 3 m.bol i Kleiven i Skafså som var hans eigen arv, til Anund Torkelson for 44 gode daler og 1 mark. (Kjøparen har pant i eigedomen for denne sum.) I denne samanheng kan riemnast eit gammalt brev frå 1590 som Olav Moen Dalane, legg fram i retten på Midtsund 1704. «Ole Moen fremkorn og irttelagde det påberåbte gamble bref om Ulledalen af Anno 1590 - hvori meddeles at den Ødegård Ulledalen skal være gifvet til Br.berg Kirke af Aslak og Ånund samt Igild Torchilssoner - deris gode Fader.»

I eit uprenta diplom frå 1611, 23. 11. vitnar Soffrin Halvorson at Egil Holtan, Nikuls Sudbø og «dannequinde» Gudve Lunnervald, har halde 2 soldater (soldatlegd) Tormod Jonsson og Anund Halvorson i hans regimente frå krigen byrja 1611. Han vitnar at «for'ne knegtter haffuer skicktett sig jnndenn och wdenn lanndtz paa tog och wagtt som villige soldatter vell egner och annstaaer.» Denne Gudve Lunnervald er i sume skattelister og brev kalla Gunnar, men det ma vera feil. (Jfr. «dannekvinde».)

Lundevall vart i 1647 rekna meir enn fullgard. (Fullg. + Øydegard) med skyld 9 tn., 7 ½ daler. (Berre Fjågesund med 10 tn. er større.) Iulen skyldi er nok for høgt rekna. I ein merknad heiter: «Dobbelts forsett paa landskyld» - og etter elvim i 1656 har grave ut mykje av det beste jordet er skyldi sett ned. (1671: Lundevall m/Rue 6 tn.)

Buskapen er berre så medels. 1657: 1 hest, 8 kyr, 10 sauher, 2 geiter og 1 gris. (I ei oppgåve frå 1835 der husmannsplassar er vel rekna med, er buskapen 2 hestar, 25 naut, 44 sauher, 6 geiter og 2 griser.)

Eigarar og brukarar. Den gamle Lundevallætti hadde røtene sine i Heddal og Gransherad og Sauland. Bonden på Lundevall Ånund som betalar skatt 1593-94 er vel far til Olav Ånundson g. fyr 1593 med Aslaug Torsdtr. (dotter åt Tor Torgeirson Enggrav (1535-1635). Kona hans truleg frå Koppaland i Gransherad). Ånund truleg son åt Sigurd Frøland. (Jfr. brevet 1697, 2. 4.)



[Loft og stabbur på Lundevall]

Men Ånund Lundevall er heller ingen annan enn den rike Ånund Holtan i Kviteseid. Han som let etter seg 12 gardar til dei 3 sønene Såmund, Gutterm og Knut. I 1622, 18. 1. er det oppe ei arvesak på Lundevall. Futen Anders Michelson «K. M. fougitt ouffer Tellemarken», helsar alle Ånund Lundevalls arvingar som en Såmund Lundevall, Knut Sandland og Gutterm Holtan, Berit Mæland og Tone Bjåland (død). Asbjørn Bjåland er ektemaken.

Olav Brekke «på sin quindes vegne, reiser tiltale mot dei andre arvingar og krev omgjort ein handel av 2 mæle skyld i Rui. - Dei vert kalla til å møte på Omtveit «steffne stouffue» fyrstkomande ting.

Gutterm - lensmann 1625 - betalar saltverkskatt 1609-11, trukg son åt Ånund Holtan. Gudve 1619-20. Ho er elles nemnt som odelskvinne, ho eig 3 tn. i Lundevall, 1 tn. i Åsmundtveit, 3 tn. i Moen og 1 tn. i Wambek.

Såmund Ånundson er odelsbonde 1611-41 og eig jord i mange gardar (likeins Knut, bror hans) m.a. 4 tn. i Lundevall, 3 tn. i Nord. Loftsgarden, 1 tn. i Wambek, 1 tn. i Rui, 2 tn. i Tytegrav, 3 tn. i Moen.

²⁸ 1561 (D. N. VII - 841): Eit brev skrive på Lundevall gjeld Flaten i Børte.

Knut Lundevall: 2 tn. i Gotuholt, 2 tn. i Sandland, 1 tn. i Åkre, 1 tn. i Rue, 4 tn. i Lundevall (1623).

Guttorm skiven som Lundevall, Gotuholt, Holtan, Sandland, er odelsbonde som dei andre brørne, og eig jordpartar her og der (4 tn. i Offuerbø, 2 ½ tn. i Gotuholt, 2 ½ tn. i Holtan, 2 1/3 tn. i Hemmestveit, 1 tn. i Hovdeklev, 1 t. i Wambek, 1 tn. i Loupedalen, 4 tn. i Lundevall (1625-26) og 3 tn. i Moen.

Bjørn Såmundson Lundevall, odelsbonde og lensmann 1641-65. Han har pant i fleire gardar, m.a. Lundevall 4 tn. (1641-47), Gjervoll 3/8 tn., Ågetveit 1 tn., Ramberg ½ tn., Nordgarden 1 tn. - På denne tid er Lundevall samla 9 tn. skyld, så ingen eig heile garden - knapt det halve.

Ved folketelj. 1664 er Bjørn oppsittar 50 år m/dreng Knut 12 år og husmann «Børrie» 40 år.

Ånund Såmundson Haugen eig 2 5/12 tn. i Lundevall, (1647-59), Bjørn Engrav 2 tn. (1660), Hakei Gjerrishvam 1 1/3 tn. og Sigrid Skarum 2/3 tn. - og vidare Hans Tiedemand 2 ½ tn. m.b., Hakei Huvestad 2/3 tn., Eivind Sundbø, Fld . 2/3 tn., Sal. Tone, Bjørns syster 1 1/3 tn., Br.berg kyrkje 1/6 tn. alt 1660.

I 1671 er Lundevall titulera som lensmannsgard, men det er noko uklårt kven som var lensmannen. Etter oppgåvane var det Øystein Vigleikson Omtveit, men han hadde ingen ting med Lundevall å gjera. Garden vart på denne tid driven av Gregar Taraldson i 20 år fram til 1688. Skyldi er nedsett til 6 tn. - og mesteparten er på utanbygds hender.

I 1687 eig Anne Clausdtr. (til Borgestad) 6 sett. Eivind Minnesjord 3 sett., Asbjørn Espelid 5 sett., Jon Sommer 1 tn. 4 sett. og Peder Wolff 3 tn. 2 ½ sett. Men i 1688 har Tarald Såveson Flekstveit kjøpt panten av Sommer og Wolff. (4 tn. 6 ½ sett.) Skjøtet fra Jon Sommer skrive på Loftsgarden i Seljord 28. 1. 1688 - 220 rd. (Sommer sorenskrivar i Øvre T. frå 1684.)

Tarald Såveson har Lundevall m/Rui 1692-98 (5 17/24 tn.). Han døyr 1701 og det er skifte etter han på Lundevall 17. 1. 1702. Kona heiter Gunhild Olavsdtr. 5 born (Knut, Tarald d., Hæge, Margit og Bergit). Han eig pant i 8 gardar tils. 15 tn. 2 mæler ½ kv. m.b. (ikkje verdsett). Tarald lensmann 1695. Sonen Knut har garden (1699), men sidan Gunhild og Kjetil Kjetilson (mannen hennar nr. 2) til 1720.

Gunhild er det skifte etter 1719, 22. 3. - Ikkje born med Kjetil. Brt. 2823 rd. Net. 2733 rd. Knut Taraldson g.m. Asgjerd Åsmundsdtr. Tveiten i Lårdal har så garden nokre år.



[Anne og Torus T. Lundevall (Lundevall 29)]

Skifte etter Knut Taraldson 1726, 23. 11. - 7 born (Åsmund, soldat 22 år, Tarald 20, Gunnar 14, Ådne 9, Olav 5, Gunhild 8, Tone 2 år.) Brt. 2706 rd. Net. 1880 rd. Medrekna jord i Lundevall 5 tn. 5 mæler m.b. = 1600 rd. Flekstveit m/Strand i Lårdal 4 tn. = 700 rd.

Asgjerd oppattgift med Bjørn Aslakson og han er skiven for garden 1730-40. (3 11/18 tn.) Skifte etter Bjørn 1741, 10. 1. 1 barn (Knut 12 3/4 år). Brt. 1258 rd. Net. 928 rd. Sylv 38 rd. (Sølvbelte med Spænde og Spraatte og 21 Cuber.) Jord i Lundevall og Kvålset = 1063 rd. tilsaman.


Enka Asgjerd Åsmundsdtr. oppgjev buet 12. 1. 1741 og skifter det ho har att millom sine «2 kuld barn». Brt. 705 rd. Net. 687 rd. irekna jord i Lundevall 2 tn. 8 sett. m.b. = 518 rd. Kvålset 6 sett. 2 kalvskinn = 115

høit Sølystøb, med Hov og forgylte Ringer og 4 englehoder hengende udi for 9 rd.) Tarald lensmann «sist som sådan 13. 7. 1767.»

Skifte etter Tarald Knutson 1774, 8. 9. 6 born (Knut 12 år, Olav 10, Asgjerd, Margit 20, Torbjørg 17, Dorthe 16 år) Brt. 3292 rd. Net. 2963 rd. - I 1778, 6. 11. oppgjev Egeleiv buet. Net. 1395 rd.

Torjus Åsmundson Flekstveit får heimel på Lundevall 5 tn. 1778, 9. 10. Torjus Åsmundson Lundevall sa eingong det bles så på Bandak til roarane: «De må vera vare karar, eg er ein dyr mann, eige 24 rjukande Piper.» - Han er g. 2 gonger og har 18 born, (9 d. små.) (I Tone Steinarsdrr, II Egeleiv Såmundsdtr.) Sonen Tarald etter II ekteskap (1773-31) g.m. Dordi Torbjørnsdtr. (Uppsund 24) får heimel på heile garden (5 5/6 tn.) i 1795, 27. 2. - (1199 rd.) Det var mykje å styre med i hans tid. Dei hadde fast 3 tenestgutar og 3 tenestgjenter omframt husmennene i arbeid. Men Tarald var ikkje oppgåva vaksen, sulla og drakk vel mykje og lika å krangle og ligge i saker om småtteri. I unge år bygde han ein hestestall av stein til 4 hestar og sette opp ein lang steinmur. Til universitet gav han 40 rd. - Men likevel gjorde tilhøvi at han vart sett under verge og garden overdregen til dei 2 sønene Torjus og Hans - som delast om garden. Torjus fekk nedre parten, Hans den øvre. Dette var i 1826.

I 1828 innkalla Tarald sonen Torjus til forliksrådet. Dei gjorde forlik om at Tarald og kona Dordi skulle få føderåd og rom på plassen Rue og få årleg 10 p. kaffe (å ½ kg), 4 p. sukker, 10 rullar tobak og inntekti av Rue som var bortsett til ein husmann som forutan arbeid svara 3 tn. bygg, 10 tn. poteter og 2 kvigefødsler.



[Olav og Åsne Lundevall (Lundevall 40)]

Torjus Taraldson (1802-74) g.m. Anne Hansdtr. Kilen (1815-1901) fekk snart ein betre skikk på garden. Nokon utdanning utover «alrnueskolen» hadde han ikkje, men han lærde seg opp sjølv i rekning og skriving så han kunne forma kontraktar o.l. Han kjøpte snart luten av Hans (1834) etter at dei fyrst hadde makaskift jordpartar. Uppgarden kjøpte han resten av i 1842 og Nordgarden Heimigard gnr. 49, bnr. 2 fekk han til slutt åleine etter at Hans og Halvor Drengmandson hadde vori medeigarar i mange år. Øvre Flekstveit kjøpte Torjus av farbror sin Åsmund Torjusson 1854. Vidare kjøpte han nordre Fjågesund - ein storgard med ikr. 7000 mål skog og 70 mål innmark. Når han så attåt alt hadde Kilengarden, arv med kona si, så skynar me at Torjus var ein jordkakse reint og fekk mykje å stå i. (Dette er berre eit stutt utdrag om Torjus frå boki «Lundevallslekten i Kviteseid»). Ved skifte 1875, 6. 2. vart det store buet oppgjort. Brt. 41 000 spd. med ei gjeld på 1437 spd. Dei 5 borni som då levde (Hans d. ug.) Tarald, Torjus, Olav, Dordi og Anne fekk arvelutar på 7200 spd. kvar. Tarald fekk Kilen for 14500 spd., Torjus fekk Fjågesund for 8000 spd. Olav fekk Lundevall, Nordgarden (heimigard) og Dyrdalsbeitet for 10000 spd. Dordi fekk Flekstveit for 6500 spd. og Anne fekk Kåsi for 2000 spd. Då Anne d. 1901 var hennar bu 20000 kr. - Ho hadde då selt Uppgarden til Torjus Fjågesund, (sonen sin.)

Som nemnt vart det Olav Torjusson (1840-1900) g. m. Åsne Sveinungsdtr. Groven (Hustveit) som no fekk Lundevall. Han forbetra garden mykje og var ein framsynt mann. Han var den fyrste i Kviteseid som nytta slåmaskin, (I 1880 åri). Seinare kjøpte han hestevandring og treskemaskin og rensernaskin. Fram til tunet la han springvatn i trerør. Det var 400 m lang ledning.) - Han fekk i stand oksealslag - og hadde den fyrste lagsoksen.

I det offentlege livet var han ikkje større med. Det var garden han levde for. Han hadde til vanleg 2 tenestgutar og 2 gjenter. - Når så husmennene kom i onnene vart det folksamt på garden - og det gjekk mykje mat. Om hausten slakta dei gjerne 2 griser, 1 kyr og 14-15 sauер og salta ned. Ferskt kjøt og fisk var meir ei sjeldsynt vare. Husmennene hadde heime på Rue, Teigen, Myri, Dalen og Berge.

Langheii til Lundevall var Dyrdalsbeitet i Øyfjell. Det var kjendt for å vera så bra. «Ein som hev Romenes eng, Syfestad fiskeri og Dyrdalsbeite kan alli bli fatig» var eit fast ordtak. «Sælet på stølen var en steinhytte dekket med treverk og never.» - Men her sat dei med sine eigne 24 naut og endå tok dei nokre krætur innåt. Kari Kosi var budeie der i mange år i 1860 åri. Frammot 1900 vart Langheii nedlagd og dei hadde kreturi i Lundevallsdalen. - I 1905 selde Sveinung O. Lundevall Dyrdalsbeite for 500 kr.

Ved skiftet etter Olav (1900) vart Lundevall m/Dyrdalsbeitet utlagt til sonen Sveinung for kr. 21000. Eit par skogstykke, Ytestaul og Gunhildskos fylgte ikkje med, men vart utlagt til broren Torjus for 7 000 kr. Heimigard Nordgarden fall til broren Hans.

Sveinung (1873-1941) g.m. Gunhild Halvorsdtr. Ivlidtbøen f. 1885 vart no eigaran av Lundevall. Sveinung gjekk på Kviteseid seminar 1889, men var visst aldri lærar. Det var ættegarden som femnde heile hans hug. Av dei 120 mål dyrka jord Lundevall har i dag, har Sveinung dyrka opp 55 mål.

I 1927 bygde han den store uthusbygningen med fjøs til 18 kyr. I Sveinung og Gunhilds tid vart gardsbruket omlagt til moderne drift. Maskiner vart teke i bruk og jordi betre dyrka. Ein stor frukthage vart planta og rotfruktdyrking kom som eit nytt innslag i avlen.

I 1928 fekk Sveinung Tor Vås premie for jorddyrkning, 12 store og 12 små sylskeier i etui.

Han var elles mykje interessera i oppal av Telemarksfe - og fekk mange premiar for utstillingsdriyri sine. Han hadde fleire kommunale ombod - og var med og skipa Kviteseid elekrisitetsverk (1914) og Kviteseid handelslag m.m.

Olav eldste sonen f. 1909, kjøpte Lundevall av mori 1946. Han driv sagbruk på garden. Jordet nyttar han til korndyrking.

N.B. Lundevall 25. 6. 1696.

Sak millom Tarald Såveson og Sveinung Opgarden og Åmund Moen om ei inngjerd hegning 6 mål stor ned for husi på Lundevall. Dei legg fram eit pergamentbrev frå kong Eriks 36. Reg.år (1425) der Olafri Griotgardson vedgår at han hadde selt Åmund Olafsøn 2 markabol i «sudre Monorn ligir i Ebletuedbóite» i Br.berg. Brevet hadde ikkje seglet i orden og Tarald ville få brevet dømt ugyldigt. - Lang sak.

Vik i Nissedal 15. 6. 1697.

Lensmann Tarald Lundevall «besverget sig at det faldt for tungt at lenger være lensmand i disse 3 annekser.»

Sifwer Nordbøe innsett fyrebils i Nissedal.

➤ ÅLAND gnr. 44, bnr. 5

Plassen ligg på vestsida av Dalanelvi, ned under ei rein (morene) som går parallelt med elvi. Det har vori plass under Lundevall til 1918, då Jon Torson Vasslaus g.m. Hæge Andresdtr. Bergland u/Homman, kjøpte det av Sveinung Lundevall (6000 kr.). Jon har dyrka opp omlag heile plassen (10 mål) og stelt med husi, nytt fjøs m.a.

Det gamle namnet, var Stuvestaul. Her budde Eivind L. Jore som plassemann fyre 1905 og deretter m.a. Knut Eilevson g.m. Ingebjørg (frå Vinje) næst fyre det vart eige bruk (1918).

Eigaren har vori vegarbeidar og skogsmann.

➤ TEIGEN u/LUNDEVALL gnr. 44, bnr. 1

Ende sud for Åland ligg denne plassen, med noko skrale hushytter - og folketom. Så seint som i 1950, budde Jens Bakken g.m. Anne O. Dalen her. Her budde og Karl Torjusson Rue og Signe Halvorsdtr. Haugen u/Haugland. Lenger attende budde skomakar Sveinung Teigen og kona Malene - (mor åt Marthe, kona åt Torjus Rue).

➤ MYRI gnr. 44, bnr. 4

Plass under Lundevall og utskild 1900 frå gnr. 44, bnr. 3. (Gunhildskosfjellet og Ytestaulmoen). Andres Myri heitte fyrste sjølveigaren. Olav Valebø u/prestegarden Moen åtte det så og selte det til Nils Landberg, ein svenske. Noverande eigar Karl Nilsson g.m. Gudrun Gunnarsdtr. Haugland (Øyfjell), overtok 1948. Der er 8 mål dyrka jord og 40 mål utmark. Husi er gamle, men vølte på og gode.

Frå Myri er selt 2 tomter, Lunden og Berglund som Jens Bakken og Otto Lundeberg har bygt bustadhus på.

➤ RUE gnr. 44, bnr. 9

Plass under Lundevall frå gamalt, men utskilt som eige bruk 1949. Fyrst søkt på som oreigning, men ordna tilslutt ved fritt kjøp. Storleik: 25 mål dyrka, 20 mål udyrka jord og 35 mål utmark. Tallev Torjusson Rue g.m. Gunhild Knutsdtr. Hosum nedre er no eigar. Han fekk i stand bureising og sette opp nye hus. Eit lite bur er flutt frå Flat-Rue - ein attlagd plass lengst sud på jordet med merke etter hustufter. (O. O. Flat-Rue f. 1776 g.m. Gunbjørg Aslaksdtr. Ho d. på Flat-Rue 1851.)

Rue ligg fint til det, eit stykke oppi bakken, med flate oppdyrka dukar nedanfor, og lange utsyn sudaustover, men i vest står den bratte Svollånen og skyggjer for soli så det er sollaust 14 dagar jolebil. Torjus Rue far åt Tallev, sat som husmann her i nærepå 40 år, (f. på Kosi u/Nordgarden.)


I 1801 bur husm. Eivind Olavson her og kona Gunhild Stålesdtr. med 2 små gutar. (Olav 5, Ståle 4 år). Sveinung O. Rue og systeri Aslaug til U.S.A. 1843. (17 år og 12 år gamle) 1862 reiser husm. Torvild O. Rue 33 år og kona Åse Gunnarsdtr. 32 år til U.S.A. med 5 små ungar, (9 år - 1 år).

Av ættesoga side 200, Haugen u/Ruim, kan ein sjå at same ætti har sete som husmenner på Rue ikr. 150 år. - Olav Eivindson (1727-99), Eivind Olavson (1756-1808.) Olav Eivindson (1795-1845).

➤ ØYAN (øvre) gnr. 45, bnr. 1

Dette var i gamal tid plass under Lundevall og når det er skild ut som eige bruk er ikkje råd å finna. Truleg var det i fyrste halvdelen av 1700 talet.

Det ser ut som plassen Midtbøen, ovom Øyan, er eldre. I 1707 gjer Aslak Bjørnson Midtbøen u/Syftestad og Kjetil Kjetilson Lundevall ei avtale der denne plassen er med. Aslak gjev frå seg og sine "ald min tilhørende Odelsrett" til Lundevall som han «paa min faders Biørn Saamunds: veigne der till Kand have.» Til vederlag får han «Ødegaarden Midtbøen u/Lundevall.» Dette Midtbøen er etter dei omtala grensene å døma, øvre luten av Øyan skog. Der er no kalla Staulen.



[Øyan, øvre kring 1910]

Bjørn Aslakson f. 1692 vart g.m. Asgjerd Lundevall. Det kan vera ho som får med seg Øyan frå Lundevall. Bjørn kjøpte Kvålset av Talleiv Lavrantson, men son av Bjørn, Knut Bjørnson makaskifter dette med Bjørn Bjørgulvson Syftestad og får att Møn i Kviteseid.

I eit dokument av 16. juni 1791 er Bjørn Såmundson oppført som eigar av «Plads Oienne». I dokumentet vedgår Halvor Guttormson Nordgarden og Jon Såmundson Opgarden at dei har «Kontraheret og forlig bort et Skauestocke aaven for Pladsen Øienne øvre til Biørn Saamundson.»

Såmund Aslakson (f. 1707 d. Øyan 1763) g.m. Rannei Jonsdtr. er den fyrste av ætti ein med vissa veit har butt på Øyan. Sidan er lina greid med son etter far. (Sjå Øyan.)

Ved folketeljingi 1801 bur husmann Bjørn Såmundson (62 år) og kona Anne Gudmundsdtr. (59 år) med 2 dotter på Øyan.

I skattelistene 1815-21 er Øyan teke med under Lundevall sine 6 tn. skyld.

I 1810 gjer Såmund Bjørnson ei avtale med mor si, Anne, om follaug. (Holtan tingsted 1. 10. 1810.)

Etter Såmund er det skifte på Øyan 1836. Enka Gunhild har Tormod Knutsen (kontorist) til laugverge. Knut Såmundson får Øyan for 400 spd. (Gadeholdt tingsted 8. 7. 1836).

Det er registrering etter Knut i 1870, 28. 6. 878 spd. 32 skill. Millom ervingane er sonen Asbjørn Knutsen, skulestyraren. Sigrid Asbjørnsdtr. var sterboenke.

Såmund Knutson g.m. firmenningen sin Bergit Såmundsdtr. i 1870 overtok garden same året. Såmund kjøpte øvre Fleksveit av Halvor Lønneggrav i 1894 og budde der til 1902. Sonene hans, Knut og Aslak hadde Flekstveit til 1909. (Dei selde då denne garden til bileth. Gunnar Utsond, dr. Utsond og Gunleik Dalen som og hadde kjøpt nedre Flekstveit av Aslak og Einar Brauti. Flekstveit vart dela i 1850 millom brørne Knut og Åsmund.)



[Hæge og Halvor Tveit (Kjyrkjebo 118)]

I 1916 overtok Ingvald og Asbjørn Såmundsøner øvre Øyan. Ingvald d. 1922 og broren Aslak overtok hans del i garden. Asbjørn d. 1956 og Aslak 1961. Båe ugifte.

Øyan har 20 mål dyrka jord, 10 mål beite og 150 mål skog. Jordet er flatt og fint, men med skarp grusjord fleste stadene. Av namn i jordet legg ein merke til: Linåker, Podden, Skjerpling og Åmreidsdokk myri.

Husi er gamle og timra. Stoga oppsett ikr. 1840 av Knut Såmundson. Han var snikkar.

På Øyan var mykje tussar i gamal tid. Ikkje sjeldan kunne dei frå tunet både sjå og høyre store buferder i liene. Bjøllene hadde jamt så ven ein låt. Det var aldri lenge dei såg buferdene.

Såmund hadde ein koll som heitte «Sømmeli». Den gjekk i beite og hadde med kalven sin. Båe vart snupt borte. Folk leita i 2-3 dagar, både upp og ut, både høgt og lågt utan å finna nokon ting. Ikkje merke etter dyri ein gong, fann dei. Men tredje dagen stod kollen der dei sist hadde sett han, mett og trivleg. Kalven hadde endå fenge mjøldrikke. Det var tydeleg å sjå.

➤ ØYAN (nedre) gnr. 46, bnr. 1

Dei fyrste me finn på nedre Øyan er Nils Jonson (Nils J. 1) g.m. Anne Vernsdtr. Dei døyr båe på Øyan i 1755. Denne ætti er her til 1788. Frå 1795 til 1825 bur Knut O. Øyan. (1762-1825) g.m. Ingebjørg Kjetilsdtr. på nedre Øyan. Sonen Olav g.m. Hæge Olavsdtr. (Lundevall 147) bur her 1818-1833.

Aslak Janson (Øyan 81) g.m. Kjersti Aslviksdr. budde her visst etter den tid. Dotteri Gro f. 1813 g.m. Jørgen Kjetilson i 1847 vert så eigarar. I 1849 skriv Jørgen ut ein Obligasjon (statslån) på 100 spd. med 1. pant i Øyan. Det er skifte etter Gro og Jørgen i 1874, 12. 1. Kjetil Jørgenson får då heimel på garden. Han var g.m. Kari Jørgensdtr. Kjetil var skomakar. Han sel garden 5. 3. 1886 til Bjørn Knutson. (Skjøte tingl. 6. 3. 1836.)

Bjørn Knutson fekk heimelsbrev på plassen Krikken i skiftet etter Knut Såmundson på Øyan (27. 8. 1870) for 100 spd. Krikken har vore plass under Omtveit i Br.berg, men har sidan høyrt til Øyan nedre.

I 1910 vart Andrea, fosterdotter åt Bjørn Knutson, g.m. Såmund Såmundson (brorson åt Bjørn) og dei overtok garden.

Andrea døydde 1941 og Såmund 1951. Sonen Bjarne har hatt garden sidan 1951.

Nedre Øyan har 22 mål dyrka jord og 100 mål skog. Til dette kjem så Krikken med ein del skog.



[Øyan, nedre kring 1910]

Husi på garden er i god stand.

Like framom husi på garden renn Svollåi. Ho er vanleg bare ein liten bekk. Men i 1912 natt millom 8. og 9. aug., vart det ein ofseleg storflaurn. Bekken auka og gule fossen gjekk over tunet. Det spøkte for husi for vatnet grov djupe vreiter i harde grunnen. Det var den gongen det flaut 115 kornstaur på Sundkilen.

➤ LID gnr. 47, bnr. 1

Rett nedunder den hoggbratte Svollarnuten ligg garden på ein sate rett mot morgonsoli - men likevel sollaus i 3 månader om året.

Garden har 30 mål dyrka og 4 mål udyrka jord og 100 mål skog. Husi på garden er i god stand. Buret er bygt 1791. Den gamle husestaden låg ikr. 50 m lenger oppe. Husi flutt av den noverande eigar Olav Halvorson g.m. Anne Eilevsdtr. Tveit i Tveitgrerin (Finne 38).

I 1801 bur husm. Tor Auversen Lid 56 år og Margit Olavsdtr. 53 år her med Auver 28 år og Olav 12 år.

Jon O. Lisland kjøpte det i 1849 av Torjus Lundevall. Jon er skiven for det i 1889 også. Ei dotter Mari Jonsdtr. g.m. Halvor O. Øverland Bø budde her i 1905. - Sonen deira Olav Lid f. 1881 har no garden, (Skogen 115) men det er Eilev son hans, som driv farsgarden.

➤ OPPGARDEN gnr. 48, bnr. 1

Garden ligg rett oppfor Lundevall, oppimot det skogkledde, skarute Slemdalfjellet. Jordet er noko bratt og har skarp, men god jord, 25 mål dyrka og 1000 rnål skog. Til garden høyrd fra gammalt Sudbø, Juvland, Tjønnhei, Landerud, Bekkhus, Lauve, Lyberg, Brennklev (øvre og nedre) og Tjønntveit (staule). På Bekkhus og Lauve bur no sjølegeigarar. Dei har dela Lyberg millom seg.

Den gamle husestaden låg i nordvest under Vesleberg. Da heitte det Epletveit og var vel det fyrste ruddningslende her i Lundevallsgrenni. Sidan vart husi flutt lenger opp og aust i halli, og så flut ned att på stella dei står i dag. Husi på garden er gamle. Der er 2 bur, det største er bygt i 1775. Stoga skal vera frå ikr. 1700.

Under eit kjempestort tuntre er lagt opp ein 2 m lang gravstein med innskrift skore av eigaren Jon Såmundson. Han var fødd på Kleiv 1754 og døydde her på Oppgarden 1829. På same steinbordet er plassera ein pfallos med hol tvert i gjennom. - Han er ikr. 30 cm høg og liknande i tverrmål på undersida og har den vanlege innhogne meita rundt midten. Denne steinguden, fruktbarhetsguden er nok svært gamal - og er ein raritet å sjå. Jfr. garden på Svinom i Åmotdal (Seljord I 302) og steinguden på Juve i Dalane. -

Ætti som no er på Oppgarden, kom hit her i 1831 - då Torjus Taraldson Lundevall kjøpte garden av Eivind Jonsson. (Huvestad 123).

Torjus Taraldson døydde 1874 og enka Anne, sat med Oppgarden til sin død 1901 - då overtok Torjus, son hennar, det. Han budde på Fjågesund. Dotteri Anne g.m. Anders Huset fekk Oppgarden ikr. 1917 (etter at ekteskapet deira var oppløyst.).

Den eldste sonen Ove Torjus Lundevall g.m. Edith Nilsdtr. Bruseth overtok garden 1946. Han døydde av hjartelåming 1956 og son hans, Anders f. 1920 g.m. Margit Sofie Sørensen har no garden.

Frå gamlesoga.

Det eldste namnet på Oppgarden var Epletveit. I brev frå 1380 åri og frametter til 1700 er dette namnet jamnast bruka. At det har vori eit gammalt hovudbøle, skjønar ein av det at bydi king Sundkilen så seint som i 1590 vart kalla Epletveit-grenn i Brunkeberg sokn.

Eit prenta diplom frå 1400 og 1401 (D.N. II s. 90) gjer kunnigt at Salve Ormson sel 5 markabol i

Jon Såmundson får heimel på Oppgarden 1784, 30. 9. (4 tn.) og har han i 1808, men i 1815-31 er det Eivind Jonson som er eigar. Eivind let garden frå seg til Torjus Taraldson Lundevall og flyt til Sudbøplassen, d. der 1866.

NB. 1807, 20. 4. Jon Såmuadson søker om å få sitja i uskift bu - om ein av dei døyr. Bare 9 dagar etter er kona Anne Aslaksdtr. død og Jon har fått Kongeleg løyye til å sitia i uskift bu som då vert verdsatt til brt. 2113 rd., net. 1400 rd. Medrekna jord i Oppgarden 4 tn. m.b. 700 rd. og ein pantobl. i sørndre Omtveit 700 rd.

Skifte på Lid u/Oppgarden 1803, 22. 9. etter enke Sigrid Jansdtr. og Tor Rolleivson. (5 born). Brt. 31 rd. Gjeld 44 rd.

➤ LAUVE gnr. 48 bnr. 2

I halli aust for Bekkhus ligg denne plassen som vart oreigna frå Oppgarden i 1937 av Olav Eivindson Apalstoi g.m. Gunhild Tallevsdtr. Lauve. Sonen deira Jørgen Olavson g.m. Kjersti Pettersdtr. er eigara no.

Det er 15 mål dyrka jord og 40 mål skog og utmark. Noko av plassen Lyberg er lagt til.

Garden har vori i same ætti frå 1780 - då Tov Lauve - oldefar til eigaren sat som husmann der.

Lauvdal er utskild frå Lauve. (1 mål). Der bur O. O. Lundevallsdal g.m. Gjertrud O. Lauve.

1843 til U.S.A. Inderst Gunnar Halvorson Lauve (f. i Bø 1815) g.m. Sigrid Knutsdtr. (2 born f. på Nørstrud).

➤ BEKKHUS gnr. 48, bnr. 3

Det har vori plass u/Oppgarden til 1937 då Olav Vasslaus oreigna denne plassen.

(Olav d. i eit sandtak ved Spjotsodd). No er det enka Ingebjørg, dotter åt Gunhild Leivsdtr. og Olav Guttormson Berge u/Lundevall eigar. Dei sat som husmannsfolk her i 1880 åri og laut svara i leige av plassen 4 mål skurd og 2 teigar slått.

På Bekkhus er 8 mål dyrka jord, 9 mål kulturbeite og 30 mål utmark. Det halve av plassen Lyberg ligg til Bekkhus.

I 1875 til U.S.A. Aslak O. Bekkhus og Tone Guttormsdtr. «Ved hjælp av sine i Amerika værende 4 børn».

1870 reiste Guttorm Aslakson og systeri Asgjerd til U.S.A. og i 1872 Tjostolv, (22 år).

1854 Gunne Mikkelsen Bekkhus og Anne Halvorsdtr. til U.S.A. m/6 born.

➤ UTGARDEN gnr. 48, bnr. 4

Dette er utskild frå Oppgarden i 1946 og nybygt. (Merke etter gamal husing). Der er ikr. 15 mål dyrka jord og 600 mål utmark med halvdelen prod. skog. Til eigedomen hører nokre atlagde plassar m. a. Sudbø, Juvland, Landru og ½ Tjønnhei.

Eigar av Utgarden er Torjus Andersson.

Sudbø.

Her budde sist Leiv Eivindsson Oppgarden d. 1877 og borni hans Eivind, Aslak og Leidulv til i 1890 åri. (Sjå Huvestad 126). Knut Taraldsen (Lundevall 210) er fødd på Sudbø 1825. Foreldri hans var Tarald Knutson og Aslaug Bjørnsdotter.

Juvland.

hadde fastbuande folk ved århundraskiftet. Egil og Dordi var dei siste som budde der. Sonen deira Olav f. 1895 bur no på Passpå. På Tjønnhei budde sist Aslak Bakken til ikr. 1900. Han flytte til Skjellaug i Lunde.

➤ NØRSTRUD gnr. 49, bnr. 3

Nørstrud - nordste rudningen - i Lundevallsgrenni, derav namnet. Plassen vart utskild frå Nordgarden (heimigard) 1832, 11. 9. Rekvisisjon frå Torjus Såmundson ved sal av Nordgarden til Halvor Drengmanson og Torjus og Hans Lundevall. Han tok undan plassen Nørstrud med «tilliggelser». Nørstrud rekna 1/6 av halve Nordgarden (heimigard) og fekk ei skyld av 4 ½ settung. Til Nørstrud låg då plassen Nystaul. Det er no bureisingsbruk og kallast Nørstrud vestre. På Nystaul budde sist Margit og Olav Grasberg i 1870 åri.

Nørstrud er ikkje nernnt i 1801 men på Nystaul u/Nordgarden bur husmannen Endre Åmundson 26 år og kona Såve Jonsdtr. 23 år med Anne 1 år.

I 1843 reiser husmann Tallev Tallevson Nystaul og kona Aslaug Danielsdtr. og 3 små born til U.S.A. I 1867 likeeins ein Tallev Tallevson Nystaul u/Nordgarden til U.S.A. 22 år. - Kan der vera sonen deira?

Nørstrud er fyrst nemnt i 1822. Då bur husmann Anstein Nørstrud der - sonen Olav 9 år døyr det året. I 1844 flyt Gro Ansteinsdtr. Nørstrud til Lårdal. (27 år). Enkemann Aslak O. Nørstrud til U.S.A. 1848 - 60 år.

Aslak Bjørnson (dyrlækjar) g.m. Gudbjørg O. Vesterdal kjøpte Nørstrud i 1860 åri. Obl. frå Aslak til Hypotekbanken 1881 på 6000 kr. Hans J. Wiborg får kjøpt garden 27. 1. 1892 og betalar hypoteken kr. 4280, (avlese 1. 3. 92). Resten står som pant i garden då Eivind og Knut Knutsøner Bergan kjoper garden 1893. (Tingl skjøte 10. 7. 93). Dei hadde garden saman framover til dei døydde, (Knut 1900, Eivind 1908) og sidan enkene Bergit Torbjørnsdtr. og Åsne Kjetilsdtr. (Gråætti).

Garden vart dela 1936 - såleis at Knut Knutson g.m. Ingebjørg Dorthea Vesterdal fekk hovudbølet Nørstrud som utgjer 22 mål dyrka jord og 22 mål innmark og beite og 67 mål skog - og Knut Eivindson fekk vestre luten med ei liknande vidde.

På Nørstrud medalja av Dordi Vesterdal (1798-1874) II kona av Såve Hansson Vesterdal. Ho fekk denne for spinning og dansing ikr. 1820. Omlaga til brystnål med tønn i. - Årstal MDCCCVIII. - Ho møtte i Skien ein gong og dansa for kongen.

Knut K. Nørstrud fekk Tor Vås premie for 1950. Dei har hatt ein gild buskap med fleire høgt premiera dyr.

➤ NØRSTRUD (vestre) gnr. 49, bnr. 21

Ein svær grusrygg går i sudaust leid frå Moen (plass) med bratt skråning til både sider med jordlag ikr. 25 m tykt. - Det er morenegrus lagt opp av Dalanelvi gjennom millionar av år. Sudi enden av denne grusryggen ligg Nørstrud vestre. Omlag midt nordpå ryggen låg plassen Haugen. Det er merke etter tufter. Husi er flutt lenger nord og ned mot vegen og har skift namn - no heiter det Moen. (49-13).

Frå gammalt låg plassen Nystaul her - plass u/Nordgarden til 1832 - og attlagd i 1870 åri. Ved delet av Nørstrud i 1936, fekk Knut Eivindson g.m. Hæge Åndesdtr. Tho dette stykket som utgjorde 47 mål beitemark og 67 mål skog. Knut fekk i stand bureising og bygde nye hus og dyrka opp over 20 mål. Han fekk Tor Vås jorddyrk.premie 1947. Han har hatt mange kommunale ombod - var såleis ordførar i 2 år - og i fleire år varaordførar. Han driv elles med skogsarbeid og vegarbeid ved sida av småbruket sitt.

Kona hans døydde 1955.

➤ NORDGARDEN gnr. 49, bnr. 2 og 5

Alle gardar som ber dette namnet har nok frå først hatt eit anna namn - for nordigard og sudigard er ikkje noko namn meir enn uppigard og nigard. Men likevel har namnet vorte eit sernamn med tidi. Etter lag og lende kan ein då sjå at garden har mått gått ut ifrå Oppgarden eller Lundevall; for det ligg på nordre kant av desse gardane og har grense sams med både. Der ligg no 2 Nordgards-gardar nokså nære kvarandre med den sermerkte Uddaråsen i nordvest med store grå urder ved foten. (Urdaråsen).

Gardane ligg mot middagssoli i ei halvbratt hall og har skarp grusi jord. Det er truleg Heimigard som er hovudbølet. Her budde Torjus Såmundson omkr. år 1800. - Truleg den same som Landstad diktar om som sprengde hesten sin for å koma til Flatdals kyrkje og få eit glimt av Mandalssoli. «Det var 'kje presten han vil lyda på - men Gro frå Bekkhus han ville sjå». -

Det var mange plassar til Nordgarden. Floti, Gonilskos, Grasberg, Haugan, Haugen, Jore, Kosi, Kvigrarden, Listaul, Nordbøen, Nørstrud, Pyklimot og Stogo. Sume er attlagde, men sume er eigne bruk - og vert omtala på ein annan stad.

Noko av gamlesoga.

Det eldste namnet på Nordgarden var Loftsgarden (1585-1640). Han vert rekna halvgard (1593-94) og svarar 1-2 kalveskinn (skinnskatten). Eit uprenta diplom frå 1600, 27. 8. der Bjørn Gunleikson sel 2 markabol i Loftsgarden og Grimsgarden i Epletveit (Oppgarden) til Gunleik Eilevson.

I 1647 vert Nordgarden rekna fullgard med skyld 5 1/6 tn., 6 daler, med merknad «Skarp og ringe gaard».

Ved denne tid byter garden namn. (1629 Nord-Loftsgaard, 1641 berre Loftsgaard, 1641-til Nordgarden).

Garden har vorte følt pantsatt og hatt mange eigalarar på same tid. Dei har ått berre noko små partar av garden, 1 tn. eller 1/2 tn. og sume opptil 3 1/2 tn., men ingen heile garden.

I 1657 var buskapen 2 hestar, 9 kyr, 16 sauar og 5 geiter - sikkert alt då 2 bruk. (Jfr. Grimsgaarden).

Eigarar og brukarar. Gunnar svarar arbeidsskatt av Loftsgaard 1593. Knut er leiglending 1611-13. Gunleik 1645. Gunleik Groven har 1/2 tn. i «Nordgarden» 1611-13. Guttorm Lundevall eig 1 tn. i «Nordgarden» 1611-29. Torgrim Hauge 7/12 tn. i same tidsrom og Knut Lundevall og Olluf Gjerjord, Såmund Lundevall og Olluf Brekke frå 1/2 tn. til 1 tn. same tid.

Fyrst etter 1640 vert pantane noko større. Såleis har Gudmund Opsund 3 1/2 tn. i Nordgarden 1641-53. Åmund Donstad 1 1/2 tn. 1647-49 og Br.berg kyrkje 1/6 tn. i 1647.

Ved manntalet 1661 og folketelj. 1664 heier oppsitjaren Torgeir 49 år med son Torgeir 14 år, husm. Anders 24 år. Torgeir kallast odelsbonde 1653-64 med 1 tn. skyld i Nordgarden, Hachic Gjerrishvam eig 1 tn. i N. 1651-53 og Hachie Gjervold 1 1/4 tn. 1660-71, - sikkert same mannen. Vetle Haukom eig frå 3 tn. til 4 1/4 tn. i Nordgarden 1672-95.

Claus Andersen eig 1 1/4 tn. 1672-75 og Øystein Qualle 3 1/2 tn. m.b. 1660 - samstundes som Hachie Huvestad har 1 1/4 tn. m.b. i Nordgarden.

Odelsbonde Torbjørn Nordgarden som i 1642-43 eig 3 1/2 tn. i Nordgarden og 2 tn. i Fjågesund, er knapt frå dette Nordgarden.

Som ein kan skjøna er Nordgarden ingen ættegard frå gamalt der son fylgjer etter far, og bestefar og oldefar lever på garden i segn og soge med hundrad åri går. Garden har vore som ein husmannsplass i så måte som har skift med brukarar og leiglendingar tida og ofte.

Fyrst frammot 1750 får garden fastbuande sjølegeigarar med bygging og bøting på hus og jord. Det er Halvor Guttormson. (Gjersund 1). Skiftet etter første kona hans Ingebjørg Egilsdtr. 12. 10. 1765 (1 barn). Brt. 714 rd. Net. 656 rd. Medrekda jord i Nordgarden 2 ½ tn. m.b. over 2 tn. 7 sett. = 600 rd. Han eig tilslutt heile garden 5 tn. i 1777 og i 1787, men han sel garden 4 ½ tn. til Såmund Såmundson (1748-1814) (Huvestad 42), 4. 10. 1793. Desse 4 ½ tn. får sonen Torlus heimel på 1807, 2. 10. - Han sit på garden til 1832, då han sel garden til Halvor Drengmannson og Torlus og Hans Lundevall, og flyt til plassen Nørstrud «m/ tilliggelser» som han tek undan.

Det sermerkte loftet på Nordgarden med utskurd og årstalet 1813, har Torlus kosta opp. Kona hans heitte Ingebjørg Gunleiksdtr.

Torlus Lundevall som i 1832 hadde kjøpt 1/6 av Nordgarden, løyste snart inn heile garden. Hans gjekk ut og kjøpte Råmundalen i 1835, for 1300 spdr. Seinare selde han denne garden og kjøpte Nordgarden (Nordigard) 1843 for 870 spdr.

Ved det store skiftet etter Torlus Lundevall i 1875 fekk sonen Olav omfram Lundevall, Heimigard Nordgarden og Dyrdalsbeitet (alt rekna 10000 spdr.). - Etter hans død 5. 1. 1900 overtok sonen Hans Lundevall (f. 1877) Nordgarden. - Hans har vori ein mykje nyttig mann i styr og stell - m. a. direktør i Kviteseid Sparebank i ei rekke år.

Kona hans Hæge (d. 1933) var dotter av Sveinung S. Groven og Sigrid f. Flatland Vrådal.

Nordgarden har 60 mål dyrka jord + 25 mål og 1200 mål skog. (Kjøpt innat 500 mål skog).

Knut Hosum brukar i 30 år.

➤ NORDGARDEN (Nordigard) gnr. 49, bnr. 8

Ein godt opphusa gard - med nye uthus og ny stogebygning. Stabburet gamalt, men vølt i 1943. Jordet 30 mål dyrka jord - har vorte jamna med buldozer, 8 mål udyrka og 90 mål skog.

Det er mangt som tyder på at Nordgarden har vore 2 bruk lenge. - Når det heiter i eit uprenta diplom frå år 1600 at Bjørn Gunleikson sel 2 markabol i Loftsgarden og Grimsgarden i Epletveit (Oppgarden) og ein veit at den fyrste er meint Nordgarden, Heimigard, så er det nære å taka Grimsgarden for det som no er nordre Nordgarden. At buskapen i 1657 har m. a. 2 hestar, kan tyde på at det då var 2 bruk.

I 1737 bur Jan Vernson Nordgarden (Grå 44) her og sonesonen Vern Auverson g.m. Sigrid Knutsdtr. har dotteri Såve, f 1760 på Nordgarden. - Gardane kom under same eigar med Halvor Guttormson – 1777, og heldt fram samla med ettermennene Såmund Såmundson (1793) og sonen hans, Torlus, (1807). Men i Torlus si tid vert det 2 bruk att med Vetle Trondson g.m. Susanne Jakobsdtr. som bonde på Nordigard.

Han stryk til U.S.A. i 1843 m/5 born og Hans Torlusson, kjøper garden det året for 870 spdr. Det ser ut som Hans klara seg klent på dette bruket og selde så garden til Olaus Svenkeson ikr. 1860 og flyt til plassen Listaul.

Olaus hadde garden i mange år. - Neste eigar er Olav Hansson. (Lundevall 111). Han bur på garden truleg frå den tid han gifte seg i 1872 og ham til 1890 M. (Kona hans Gro Endresdtr. d. på Nordgarden 1897).

Olav Leivson g.m. Tone Steinestr. (Homme 27) kjøpte garden i 1898 av Olav Hansson. - Lavrants Janson (Åbø 17) som var gift med Margit Steinarsdtr. (Homme 29) kjøpte garden av Olav Leivson.

Jan Lavrantson hadde skjøte ei kort tid, men så i 1920 åri fekk Bergit Lavrantsdtr. g.m. Nils O. Espetveit eigedomsrrett til garden.

Ei dotter å Bergit, Signe g.m. Hallvard Tarjeison Mevastaul fekk skjøte på garden 1942. Hallvard har verkstad og sagbruk på garden.

Frå tingboki 2. 10. 1683.

Philip Pauli tilspurte almuen om der var noget løst eller fast gods etter i hans tid henrettede Anders Nordgarden. Svaret var blankt nei. «Konen gikk rundt med børnene og betlet»

I eit bryllaup på Midtsund i joli 1672 vart Lars Utbøen i helstungen av Anders Nordgarden. Saki framme på Midtsund 24. 10. 1673. Mange vitne er samla som har sett på tilburden. Anders får elles eit godt skotsmål - men vert likevel henretta.

➤ KVIGGARDEN gnr. 49, bnr. 18

Dette er eit lite nytt bruk utskild frå Nordre Nordgarden etter 1930 - og ligg nedanfor denne, med frodig småskog rundt ikring. Her budde enkemann Nils O. Espetveit (g. m. Bergit Nordgarden) og Jan Sv. Nordgarden. Bruket har 8 mål dyrka jord og 20 mål utmark.

Plassen Kosi no attlagd, ligg ende nord om Kviggarden. Her budde Halvor og Aslaug Kosi - foreldri å Torlus Rue omkr. 1880. Med Torlus var bitte liten kom ei kone frå Dalane til Kosi og skulle jaga ut muro. Ho sopa under bord og senger og i alle krøar og mulla nokre ord med sjølve seg.

➤ JORE gnr. 49, bnr. 10

Det har vore plass under Nordgarden og ligg vestanfor Dalanelvi sudfor Nørstrud. Utskild 7. 6. 1887. Skjøte til Hans Hansson Paus tingl. 20. 10. 1890 (kjøpt 1882) fra Tarald Hansson Sunde.

Plassen Pyklomot som ligg ende nordan for og har serskilt skyld og nr. (44-2) og er kome frå Lundevall (1900) er no innlerna i eigedomen. Der finst ikkje lenger merke etter tufter for alt er utbrote og jamna. - Her budde Knut Tallevson og Øli Aslaksdtr. Pyklomot i 1829 og Ingebjørg Knutsdtr. P. 1822.

Øli d. på Pyklomot 1835 - 40 år. Same ætti finn me på plassen framover i 1860 åri. (1867 Øli K. Pyklomot til Vinje 30 år, og Anlaug K. Pyklomot til Rauland 1862 - 21 år).

Jore har 25 mål dyrka jord og 100 mål beite og utmark. Husi er av ny dato, stabburet er gamalt, vølt 1940.

Ved skiftet etter Hans Paus 1896 overtok dotteri Marthe eigedomen. Ho var gift med Eivind Leivson Sudbø u/Oppgarden. Dotter deira Gudrun Jore g.m. Ingvald Bentsen. er neverande eigarar.

Eit sermerkt kroskåp, heilhola og fint utskore av Olav Torsteinson Sollid, Åmotsdal, står i stoga på jorde.

Ei tomt Bjørkelund (½ mål) fråseld 1956 til lærar Ånund Harstad.

➤ GUNHILDSKOS gnr. 49, bnr. 11

Under den bratte skoglidi i nordkanten av Uddaråsen på ein hjell ved Dalanelvi, ligg denne plassen med små, nette hus i firkant på tunet og frodige tuntre og aplar kringom. Totalvidda 24 mål (8 mål dyrka). Det er utskild frå Nordgarden etter 1889²⁹.

Olav Hansson som hadde ått Nordgarden livde her på sine gamle dagar og er ført som eigar 1905 - men døydde i 1904 - 68 år gamal.

Plassen har skift eigar alt i eitt. 3 mann (Gudmund Barstad, Gunnulf Eilevstjønn og Olav Leivson) selde plassen til Jon O. Lundeberg g.m. Anne Knutsdtr. Ståland i 1930.

Litt nordom Gunhildskos, står ei liti gamal stoge, no omgjort til badstoge. Her budde Susanne (ugift) m/dotteri Anne. Susanne d. der 1943.

Fra Nordgarden heimigard er utskild skulehustomti i Lundevallsgrenni. Skulehuset står like ved vegen nedfor Nordgarden og er nytt oppstelt.

Dal er ei tomt midt for skulehuset på øvre kant av vegen utskild frå nordre Nordgarden. Her har Einar O. Dalen (Lundevallsdalen) g.m. Anne Setalid, Rauland, bygt seg ein heim.

➤ HAUGAN gnr. 49, bnr. 12

Haugan ligg mellom Rue og Jore, og har kome frå Nordgarden. Eigar er Hans Kleivstaul, men det bur ikkje nokon på Haugan no.

I 1890 var det utskild frå Nordgarden. Den fyrste sjølveigar var Eivind Gunnarson (Utbøen 167) og Tone Olavsdtr. Den gamle husestaden låg høgre opp - på Hauganbakken. Eivind hyste oppatt der nede. Der er 28 mål dyrka jord og 15 mål utmark. Eit skogstykke ovanfor Listaul ikr. 50 mål høyrer til. Eivind fluttet til Stokke i Vestfold etter 1920 og selde Haugan til Olav Hovdeklev. Det gjekk i fleire handelar, Samuel Sørensen g.m. Else Ova, Lunde, budde der sist. Asbjørn Såmundson Øyan selde det til Hans Kleivstaul etter 1950.

Haugan er ikkje nemnt i 1801, så det er nok rukt seinare.

I 1841 reiser husm. Halvor Eilevson 36 år til U.S.A. med kona Sissel Halvorsdtr. 50 år og Anne 15 år, Aslaug 13 år. (Haugan u/Nordgarden).

Ditto 1848: Tallev O. Haugan u/Nordg. til U.S.A. med kona Karen Olavsdtr. og 4 små born (29 år og 33 år - eldste gjenta Guro 12 år).

➤ MOEN gnr. 49, bnr. 13

Dette var plass u/Nordgarden gnr. 49, bnr. 1 - og heitte Haugen. Husi låg då oppe på ein høg grusrygg ca. 50 m oppe. Eilev Aslakson Heggtveit or Tveitgrenni kjøpte plassen og fluttet ned husi til vegen omkr. 1900. Skjøte 18. 12. 1899 til Eilev Heggtveit - skylddela 13. 11. 1899. Skyld 14 øre.

Gunnar Eivindson Listaul kjøper så plassen av Eilev, men skjøter han bort til Johannes O. Bergan 15. 4. 1912. (Kjøpesum kr. 3 200).

²⁹ Eit skogstykke 150 mål ovan Gunhildskos har høyr til Hans Lundevall - no overdrege til Sigrid dotter hans.

Johannes sel småbruket Moen 23. 6. 1917 for kr. 5500, til Hans Marius Åbø g.m. Hæge Knutsdtr. (Råmundalen 74), (7 born). Moen har ei totalvidde på 45 mål. (20 mål dyrka). Husi er i god stand. Uthusi bygt 1929. Buret er flutt frå Bergan u/Vesterdal av Johannes Bergan ikr. 1912.

Ei tomt *Flóti*, bnr. 17, er fråskild Moen 25. 6. 1917. Her bur Eivind Endreson (Sandland 71) g.m. Bergit Torgeirsdr. På denne tomti stod fyrr ei liti stoga der Såve Tjostolvdsdr. (Homman 64) mor åt Åsne Norstrud budde ei tid. (1839-1932).

Haugen (Moen) er truleg rutt omkr. 1830. Plassen vert omtala i 1846 og 1848. Eivind O. Haugen u/N. 20 år fift til Kristiania (1846) og Tallev Olavson visstnok broren, reiser til U.S.A. 1848 m/kona Karin Olavsdtr. og 4 små born. - Husm. Tarald O. Lyberg bur på Haugen i 1890.

Frå Kyrkjeboki. «Halvor Ellefsen 36 år og Sissel Halvorsdtr. 50 år med Anne 15 og Aslaug 13 år. - Denne familie har 10. mai 1841 tilbagelevert sin attest for utvandring og forbliver i menigheten». Dei reiser til U.S.A. året etter. (Attest 17. 4. 42). Bustad: Haugen u/Nordgarden.

➤ LIENG [Listaul] gnr. 49, bnr. 19

Det ligg jorde i jorde m/Nordbøen i søndre kant. Det er bureisingsbruk. Nover. eigar Tor Halvorson Åbø g.m. Anne Aslaksdr. Brekke (Øyfjell) kjøpte bruket i 1930 av Olav Tarjeison Listaul. Bureis. frå 1947. Nye gode hus. Der er 15 mål dyrka jord og 25 mål anna innmark og 30 mål utmark - dertil eit skogstykke 40 mål m/prod. skog.

Tarald Hansson Sundet (Nordgarden) åtte dette bruket i 1889 og 1905. Men han feste det til Tariei Berge u/Gotuholt. Sonen hans, Olav g.m. Anne Myri u/Lundevall kjøpte det i 1915. - Eit tomt Listaul på 3 mål, heldt Olav seg att, (bnr. 15) då han selde det til Tor Åbø i 1930.

Listaul er nokså gamal plass, med merke etter fleire tufter. På eigedomen var eingong eit brennevinsbrenneri. Det syner ei tuft med tilhøyrande vassrenne.

I 1844 var Anders Bjørgulgulson husm. på Listaul u/Nordgarden.

➤ NORDBØEN gnr. 49, bnr. 20

Dette småbruket ligg under eit høgt fjelldrag – Aksleskard - og rett sudvest for Nørstrud vestre. Det var plass u/Nordgarden til 1934 då Mikkal M. Skogheim g.m. Anna Myrland, Fyresdal, kjøpte det av Hans Lundevall. Husi er nye og gode og oppsett av den noverande eigar - med undantak av eit lite bur som har stade her sidan det var husmannsplass. Den totale vidde er ikr. 80 mål. (Dyrka 10 mål).

Mikkal kom hit som leiglending i 1921. - Han har vori vegvaktar frå 1934.

I 1801 er det ikkje nemnt om folk på denne plassen. Fyrst i 1819 høyrer me om husm. Knut Jonsson Nordbø u/Nordgarden død 59 år gamal.

Fyre Mikkal budde Jon Torson Vasslaus her g.m. Hæge Andresdr. Bergland og derfyre Svein Torjusson Slokviki. (Vrådal).

1852 Syvert Niculsen Nordbø u/Nordgarden (6 år) til Lårdal.

➤ HOVDEKLEIV gnr. 50, bnr. 1 og 3

Dette er siste gard i Kviteseid sokn og ligg i bytet med Dalane. (Brunkeberg). - Garden ligg i ein kvæv på austsida av Hommesnipp med skoglidi og små knausar rundt i kring. Det er noko tungvindt å koma til. Husi er gamle, men i brukeleg stand. Stoga er bygt ikr. 1880, fjøs 1914, eldhús 1922. Løda gammal, (timra med låve i midten).

Den dyrka jord er 20 mål, utmarki 1000 mål. Til garden har høyrte plassen Hosum nedre (bnr. 2) og Sveiven under Sveivfjellet - merke etter hustufter. Ståland ligg og som ein tilgrodd plass ved vegen utover, (1850). Tjønnås øvre høyrde til.

Garden er rekna millom øydegardane i 1647 med 1 tn. skyld. (1 ½ daler). Nokon buskap er ikkje bokført her i 1657 - så då har garden berre vore eit attåtbruk. Hovdeklev høyrer til dei gardane som har skift ætt og eigar nokså tidt frå 1600-talet og framover. Den eldre Holtan-Lundevallætti åtte det, og ei tid Hakesætti på Huvestad. I 1778 får Tor Kjetilson (sjå Epletveit) skjøte. Honoms etterkomrar bur der til dei seinste reiser til U.S.A. i 1860 åri.

Eigarar og brukarar. I 1609-11 er Egil Holtan eigar og svarar saltverkskatt. Noko, seinare har Guttorm Gotuholt garden. Stein er nemnd husmann 1626-28.

Åmund Hemmestveit eig Hovdeklev i 1642-47 og Åmund Donstad i 1647-50, (kanskje same mannen). Knut Huvestad 1652-64. (Hake 1661-62, manntalet). Anders Midtbø-Gjelstad 1664-78 og Svanaug Dalen 1679-88.

Åsmund, Såmund og Gunleik eig garden (1 tn.) etter tur 1691-1707. Frå 1713 til 1751 er det uklårt kven har skatta av garden, men i 1751 er Tallev Kvålset eigar av alt. - sidan Bjørn og enka Torhild Johannesdr. 1758-72. Torhild får heimel på 27/64 tn. 1761, 31. 3. Tor Kjetilson får skjøte på 1 tn. 1778, 9. 4.

Han er gift 2 gonger (I Hæge Auversdtr., II Signe Mikkelsdtr.). Sonen Svein etter første gifta, g.m. Aslaug Gunnarsdtr. får skjøte på $\frac{3}{4}$ tn. 22. 11. 1798.

Skifte på Hovdekleiv 1760, 27. 6. etter Bjørn Bjørgulvson g.m. Torhild Johannesdtr. Barn: Johannes (myndig). Brt. 309 rd. Net. 202 rd. Odelsgods i Hovdekleiv 1 tn. 230 rd. Bjørn hadde fått Kvålset, men makaskifte til seg Hovdekleiv med Tallev Arntson. (Aarensøn).

Svein Torson og Aslaug hadde 5 born f. Hovdekleiv. (Tor, Gunnar, Knut, Hæge og Aslak). Svein d. på Hovdekleiv 1836, Aslaug 1847. Sonen Tor g.m. Kari Halvorsdtr. 11 born f. Hovdekleiv (5 d. små).

Tor Sveinson er eigar av Hovdekleiv 1852 skriven for Vesle Kallåk, men i 1864 er Osmund L. Grave, Seljord eigar.

I 1860 åri kverv ætti etter Tor Kjetilson på Hovdekleiv og garden kjem på rek. Me ser såleis at i 1889 eig Bjørn Johannesson Brekke garden og etter han Nils P. Høyter (1905) og så Tor Vå. Olav Bergan kjøpte det av Tor Vå i 1914. Sonen Knut g.m. Aslaug A. Lundeberg, bur no på Hovdekleiv - overtok i 1944.

Der har vore ymsne leiglendingar, såleis i 1880 budde Halvor og Såve Hovdekleiv der og litt seinare Kari og Øystein Åbø.

I *Nigardslid* låg ein gard i gamal tid - kanskje nedre Hovdekleiv. Der er merke etter murar og røysar og dyrka jord - ingen minnest folk der. Ei segn om at garden vart dela og emna på hustufter - men dei sluttar seg ut med byggingi.

Sveiven har hatt busetnad fram mot 1900 talet. Enkemann Gunleik Sveiven vart g.m. Såve Floti. Dotteri Gunhild g.m. Tarjei Strand i Fjågesund.

➤ **HOSUM NEDRE gnr. 50, bnr. 2**

Denne plassen ligg ved Dalanelvi under Hommesnipp, og har hørt til Hovdekleiv frå gammalt. Her budde Tor Kjetilson på sine gamle dagar og døydde der. (1731-1811.) Sonen Kjetil g. 2 gonger, budde her til sin død 1838. (I Margit Såmundsdtr., II Anne Eivindsdtr. Vasslaus). Anne Eivindsdtr døydde på Hosum 1844. - Dei hadde sonen Tor d. på Hosum 1847 g.m. Åsne Tovsdtr. - Son Kjetil (1846-77) d. på Hosum.

Hosum nedre vert sjølveigarbruk ikr. 1850. I 1852 er Tor Andersen eigar og etter han Kjetil Torson (1864). I 1886 er Jon Aslakson Kyrdal, eigar. Sonen Aslak har plassen 1905.

I 1914 kjøpte Knut Tallevson g.m. Hæge Torbjørnsdtr. Jusureid (II Gunhild O. Holteviki) plassen som har 14 mål dyrka mark og 300 mål fjellstrekning.

Plassen vart fråflutt 1954. No vert han slegen kvar sumar og foret køyrt frå. Eigaren bur på Furuheim u/Holtan. (Knut Tallevson). Husi på plassen er gamle, men i brukleg stand. Buret er bygt 1803.


➤ **TVEIT [Dalane] gnr. 51, bnr. 1, 2 og 3**

Det er tungt å koma til gards, bratt veg og kranglen. Ein fylgjer vegen mot Vesterdal eit stykke, men tek så av til venstre forbi plassen Gravi oppover ei bratt lid med Rottjønnbekken fossande ved sida. Tveit er no 2 bruk - austre og vestre. Der gardane ligg, er meir kjømt og flatvore. Vestigard ser ut til å vera hovudbruket. Men fyre 1501 høyrde både Tveit og Kvinandalen til Vesterdal. Til vestre Tveit høyrer plassane Kvåle, Skeidal og halve Eikedal - alle saman attlagde og attgrodde. På Kvåle budde sist Olav og Gunnbjørg Lundeberg og Johans og Ingebjørg Bjørnflatens omkr. 1900. På Skeidal minnest ingen budde folk, men der budde Tormod Knutson Borgejorde - heites det.

1861: Sondre Tjostolvson Skeidal til U.S.A. (15 år).

Vetle Torbjørnson f. Baugerud, Åmotdal (1813-1902) g.m. Bergit Auversdtr. budde på Eikedal sist (1900).

Til austre Tveit har hørt Listaul, Berge og Gravi og Kleivmorki, Kvinandalen og Sending, Haugkasin, Nordskog og Kosi. Fleire fråselde, sume nytta til slåtte. Både Tveitgardane står folketorne i dag. Eigарne har funne seg trivelegare bustader nærmere folk og vegsamband. - Vestre Tveit har 20 mål dyrka jord og 20 mål innmark og 1200 mål skog. Husi er gamle, stoga, 1 høgd, trasaleg. Rette stoga flutt til Uppistog Dalen. Loftet gamalt, svært stort med grove vegger, men utan utskurd. (Såmund Torjusson Lundevall, sjå Lundevall slekten side 22).



[Knut Tveit (Haugen 50)]

Eigar no: Halvor Gunnarson. Kvålseth g.m. Torbjørg O. Utbøen. (Olav og Marie Utbøen hadde kjøpt Tveit av Gunleik Dalen).

Austre Tveit eller Heimigard har 25 mål dyrka jord og 15 mål innmark og 1500 mål utmark. Husi på garden er i brukeleg stand. Ein stor brand i 1885 (pinseafaten) la alle husi i oske. Ei stoge med 2 rom og gang, og 2 bur og løde og fjøs. - Berre badstoga stod att, den laut innreidast til fjøs. Såve Gotuholt var eigar og hadde bruksfolk. Elden skreiv seg frå pipa.

Eigar no er Olav K. Tveit som bur i Kviteseid.

Vestre Tveit har bnr. 1. Austre bnr. 2 og 3.

Eigarar og brukarar. I dei gamle skattelister for Brunkeberg er det ført opp 3 Tveitgardar i åri 1609-20, med 3 leiglendingar. Det må vel ha vori 2 på ein gard som på Vrå i 1585.

Den fyrste bonden heiter Bjørgulg (1593) og så Håvard. I 1609-20 Sivert, Anders og Tjøstolv. Fram til 1641 Laurits, Olver, (Ulffuer) Åsmund, Helge og Torstein.

Ein som heiter Nikuls Sudbø er odelsbonde og eig Tveit (4 tn.) 1611-21. Kanskje den same som Nikuls Berge. Tallak er brukar av dei 4 tn. 1647-53.

Som ein ser var Tveit fullgard med 4 tn. 6 daler skyld i 1647 og buskapen er 1657: 1 hest, 6 kyr, 10 sauher, 4 geiter og 1 gris.

Ved manntalet 1661-62 er Tor oppførd med Tveit 1/1 gard og i folketelj. 1664 er sonen Aslak 20 år og faren Sivert (Cnayret) (uleseleh). - Tallak Tveit er odelsbonde 1641-53 og eig Tveit (4 tn.), Åse (2 tn.), Tjøn (4 tn.), Stoe (1 tn.), Tho (1 tn.).

Halvor Tveit odelsbonde 1665-80 eig 2/3 tn. i Bjåland og 4 tn. i Tveit. Etter han kjem Egil (1779-81) og Tore og så Asbjørn (1695-1720) frå 4 tn. og ned til 1 1/3 tn. - Dette er visstnok Asbjørn Asbjørnson Bjåland og Halvor bror hans som åtte Tveit.

Tor eller Tov eig mesteparten av garden i åri 1730-40. Sidan Asbjørn Tovson som får heimel på 4 tn. 19. 2. 1761 og sonen Tov 4 tn. 30. 9. 1784.

Såmund Torjusson heimlar 4 tn. 28. 2. 1807.

Skifte på Tveit i Dalane 10. 11. 1724 etter Asbjørn Tovson g. 2 gonger (I Guro Tovsdtr., II Hæge Bjørnsdtr., ikkje barn), 5 born etter fyrste kona. (Tor, Tov, Margit, Ellen og Hæge). Brt. 183 rd. Net. 80 rd.

N.B. Tor har fått garden i 1711, men på skifte 1724 er broren Tov stri på at garden skal delast i two. Han er tung å vinne og stor nok og «af naturen self har dannet denne Gaard til at være 2de mands brug og dend er adschild ved en dahl og derudi rindende beck på hvilken nernblig af hver side på bemeldte beck er en husestad, samt ager og eng fra hinanden skilt». - Og han meinte skifteretten ikkje hindra deling.

Broren heldt fram at Tov har bore opp 20 rd. uti odelsløysingsrett til garden Rui 1 tn. m.b i Ordal av Torkel Tovson Slettemeås. (Midaas) Rui var deira sal. faders odelsgods.

Nokre gamle skifte tek eg med.

Skifte på Tveit i Dalane 1694, 22. 6. etter Thore Tveit (ugift) 6 syskin arvar. (Guro g.m. Asbjørn Tovson Gotuholt (Tveit), Gro, Margit, Asbjørn (Halvorson), Borghild (Halvorsdtr) og Margit d.). Lausøyra 32 rd. Gjeld 151 rd. Desutan jord i Tveit 2 tn. m.b. Ca. 200 rd

Ditto 1697, 1. 3. etter Asbjørn Halvorson g.m. Signe Torgrimsdtr. Arvingar sysken og halvsysken (Borghild, Margit, Gro og Turid Torsdtr.). Lausøyra 30 rd. Gjeld 234 rd. Jord i Tveit 1 tn. m.b. 200 rd.

Ditto 1711, 10. 7. etter Guro g.m. Asbjørn Tovson, 6 born. (Tor, Tov, Margit, Eli (Øli), Hæge og Gro (ugift)). Brt. 659 rd. Net. 262 rd. Medrekna jord i Tveit 3 tn. m.b. 450 rd. - Guro sin arvelut.

Ditto 1759, 26. 3. etter Dagne Torgrimsdtr. g.m. Tor Asbjørnson, (barnlause) arvingar 3 sysken (Asgjerd, Åsne og Margit). Brt. 957 rd. Net. 399 rd. Medrekna jord i Tveit 4 tn. m.b. 600 rd. og plassen Nordå 200 rd. Sylv 24 rd.

Ditto 1759, 27. 3. etter enkem. Tor Asbjørnson som lever og gjev opp buet. Dei 4 syskini hans er døde. Tov (4 born), Margit (2 born), Hæge (4 born), Øli (3 born). Dei 13 syskinborni erver. Brt. 218 rd. (inga gjeld). Irekna jord i Tveit 1 tn. m.b. 150 rd. Noraberg 1 ½ sett. m.b. 25 rd.

Han gjev arvetufti (tomten) frå seg til brorsonen Asbjørn Tovson.

I 1802 er det 2 bruk - austre og vestre Tveit. Dei 2 brørne Endre og Kjetil Knutson har kvar si 1 tn. - men i 1808 har Kj. Knutson 2 tn. og Såmund Torjusson 2 tn. Seinare ser me at Såmund Torjusson (Lundevall) har slege til seg både partar og skattar av 4 tn. (1815-21).

Såmund greidde seg ikkje i lengda på Tvedgardane - men sel dei etter tur. Åsmund Øvrebø, Åmotsdal kjøper av han vestre Tveit og Kvinandalen og betalar 800 spd. - Betre handel det enn når han selde den svære stoga på Tveit til Knut O. Dalen for 30 spd. «Han drakk og sudet bort det han hadde» er domen Tarald Lundevall gjev han. (Side 22 i L.slekten).

I 1852 eig Jon Karlson (Kyrkjebø 108) Tveit i Dalane m/Kvåle og Skeidal (d. på Tveit 1869) 1889: O. Knutson Dalen d.y. 1905: O. sagf. G. Dalen.

Tveit østre m/Sending har Olav Sveinungson m. fl. 1852 likeeins i 1864. Men i 1889 Såve og Knut Aslakssøner Gotuholt. 1905 Knut O. Lyberg.

Kvinandalen som er ei stor hei sud for Vesterdal, har Aslak Olavson, Sveinung Bjørnson og Knut Kristoffersen Tveiten i 1852, men i 1864 Sveinung Steffason og Olav Såveson og Aslak Olavson.

1889: Dyrækjar Aslak Bjørnson. 1905: Aslak O. Dalen.

Ein stubb: Med Såve Gotuholt ha østre Tveit, kom det ein gong ein kreturhandlar til gards, - og dei rødde om likt og ulikt. Mannen kom då til å seia at han visste eit knip slik at han kunne legge ein stat i marki med eit einaste handgrip. - Såve hadde ingen stat å gjera prova på og foreslo å prøve knippet på hesten. Og mannen var viljig til det. Han tok hesten og vred så skarp i hovudet at hesten datt ned - og aller reiste seg meir.

➤ LISTAUL gnr. 51, bnr. 7

Det er eit småbruk høgt opp i heii ovanfor Tveitgardane. Tungt er det å koma til, men har ein først vunne seg opp, har ein eit storfelt utsyn over skog og dal - med glimt av snaufjell langt i aust. Her er nøgdi av sol. Husi ligg oppunder eit ufsdrag på ein liten hjell, rett mot middagsoli med ein bratt, ujamn bakke nedanfor og Rottjønnbekken forbi. Eit større oppdyrka jorde ligg på sudsida av bekken med ei høyloede.

Listaul har vore plass under østre Tveit til i 1900, 20. 7. då det vart skylddela i frå. (1/9 av Tveit sine 5,84 skyldmark - 65 øre).

Det er 14 mål dyrka jord og 200 mål utmark. Stoga er gamal, men omvølt, klædt og måla 1944. Fjøset og løda er gamle, likeeins eit lite bur. Badstoga i passe fråstand er endå i bruk. Eigaren turkar korn og mel det på fossekvern i Rottjønnbekken etter gamal sedvane.

Sidan 1900 har mange vore eigrarar av Listaul. Gunnar Eivindson g.m. Tone Kn. Li, Lårdal og sonen Knut åtte det nokre år. Han bytte det til seg i Kleivmorki. (Kleivmorki pl. u/ø.Tveit). Knut Knutson Midbøen (gl. pl. under Vesterdal) kjøpte det i 1909 og hadde det til 1924 då den noverande eigar Knut O. Lundeberg g.m. Bergit O. Heimdal kjøpte det.

Knut har dyrka opp plassen (14 mål) og stelt med husi og vore ein sjeldan flink og onnig mann. (7 born). I 1945 fekk han Tor Vås premie for jorddyrkning. Han bur der no mo åleine langt frå folk og ferdsel og driv med skogsarbeid. Lange tider om året bur der skogskøyrarar og hoggarar og då er det meir triveleg - for mann er no manns gaman.

➤ VESTERDAL gnr. 52, bnr. 1 og 2

Garden ligg i Dalane - som namnet seier i ein sidedal mot vest, 1,5 km frå hovudvegen. Det er den fyrste gard på vegnen oppover frå Kviteseid. Her var fyrste nattstode for bodstikka i 1702, som gjekk gard ifrå gard i rute ut frå Midtsund, der lensmann Kjetil Helgeson budde.

Ein skogsbilveg er ferdig eit stykkje oppover i den tjukke skogsmarki og er vel tenkt å halda fram vidare til Tveitgardane og Listaul eit godt stykkje lenger oppe.


Komen ut av skogen, ligg der brått two gardar fram for ein i ei dalkro - det er Nigard og Uppigard Vesterdal. Berre i ei leid - austover - er der lange augneleite mot Brokefjell. Elles stenger Hommesnipp, Fivlandsnuten, Tolvskarnuten og Ertnappnuten for soli i 6 viker.

Nigards husi er bygde på ein liten rinde med storparten av jordet nedanfor - det heiter endå Tunvollen der beste åkeren ligg.

Å tidfeste alderen på Vesterdal er ikkje så beint. Men ein kan då slutte at garden er rudd fyre år 1000. I oldsaksamlingi i Oslo er fleire fornfunn frå Vesterdal som skriv seg frå yngre jarnalder (870-1050) m. a. spjotodd, økseblad og sigd.

Vesterdal måtte samla vera ein ovstor gard. Då høyarde Tveitgardane med Kvinandalen, Listaul, Nordskog, Berge, Sending, Støyle og marki utover mot Lundevallsbytet med plassane Vasslaus, Lundeberg, Tysland, Bergan, Dalastaul og Folaheftet til.

I 1501 vert Tveitgardane med Kvinandalen, Kvåle, Skeidal, Eikedal, Kleivmorki, Nordskog, Listaul, Berge og Sending dela frå Vesterdal. Det eldste brev om Vesterdal er frå 1502 (D.N. 9 b. s. 411) der ein Egil Øysteinsson pantset (sætter) 3 m.bol i Tveit i Vesterdal i Brunkeberg til Orm Leidulfson til bot for bror åt Orm som er død (drepren). Brevet er skrive i Flatdal 22. 5. 1502.



[Vesterdal, nedre]

22. 5. 1601: Brev frå skrivar Hans Olson i V.Telemark skrive på Folahefte i all hast, der han let Sivert Brokke vita, at han ikkje kan koma til ting på Brokke 4. pinsedag, for då lyt han halde ting på Særrend i Vinje - men kanskje fær han ta tinget på Brokke 8. juni. (Hans Olsson Egen Hand).

Onund (Ound) betalar arb.skatt 1593-94. - Kanhende er det sonen hans Olav Vesterdal som vert drepen i jolegilde på Heggyteit i Lårdal 1598 av Tallev Heggtveit. «Stend du der i mordstig for meg,» sa Tallev og hogg han ned i svali. Saltverkskatten 1609-28 greier Halvor med. Tallev kjem deretter.

I 1647 er Vesterdal rekna fullgard med skyld 5 ½ tn. 6 daler, men med merknad: «ringe gård etter skylden.» Buskapen 1657 er 1 hest, 10 naut, 16 sauher og 10 geiter. Omkring 1660 vart garden dela, for i 1664 nemner dei øvre og nedre Vesterdal.

Knut, son åt Aslak Storåslid og gift II med Såve Åmundsdotter Moen, er å finne på Vesterdal 1645 og ved manntallet 1661-62. I 1654 møter Knut som lagrettsmann på Huvestad. Han må vera avliden først i 1660 åri, for ved folketeljingi 1664 er Såve oppsitjar på Nedre Vesterdal med sonen Olav 13 år, og tenestegut Gunnulv, 16 år. Bruket 3 tn. Olav, 32 år, har øvre garden. Han må vera son åt Knut etter første gifta. jfr. skifte 5. 3. 1696 etter Gro Talleivsdtr. g.m. Olav Knutson Vesterdal. 3 born (Knut, Gisle og Margit). «Gjelden overstiger løsøret med 41 rd.» Jord i Vesterdal innløyst 2 tn. m.b. 182 rd.

Denne Olav på Uppigard er innført som odelsbonde og eig omfram dei 2 tn. i Vesterdal, små jordpartar i Moen, Åkre og Sudbø (7/12, ½ og 1/6 tn).

Men i åri framover vert både øvre og nedre Vesterdal pantsett meit og minder. Etter skifte på Vesterdal 20. 2. 1673 etter Egil Egilson g.m. enke Såve Vesterdal (ikkje barn) er det faren, Egil Bjåland som erver. Son hans: Asbjørn E. Bjåland møtte, likeeins Asbjørn O. Flekstveit «på sin kvindes vegne efter hendes forige mand» Olav Knutson.

Brunkeberg kyrkje har på denne tid 1 tn. i Vesterdal. På nigard sit Olav Knutson d.y., gift m. Torbjørg Tallevsdtr. Det er skifte etter Torbjørg 7. 12. 1705: 3 born (Knut mynd., Såve og Liv umynd.). I ættesoga ei misstyding her: Det er O. d.y. det gjeld og ikkje O. d. e. jfr. skiftet 1696 der Gisle Olavson overtek (kjøper) 2 tn. i Vesterdal.

I åri 1698-99 brukar Gisle Olavson dei 2 tn. og Olav, farbroren, dei 3 ½ tn. - I 1705 er Gunnar Ådneson (frå nigar Moen) g.m. Margit O. Vesterdal eigar av 2 tn. (øvre) og Øystein Torbjørnsen g.m. Gro Knutsdtr. Vesterdal har no Nigard. Frå tingboki Midtsund 3. 3. 1721: Øystein Torbjørnsen Vesterdal, 70 år, gjer lagretten kjend med at han har odel til garden 3 ½ tn. m.b., samt at Sveinung, son hans, er soldat under prinsen av Sønderborgs regiment og kapt. Fuchs Komp. - Lagretten meiner at dei «svage foreldre bør selge gården.» Gro er dotter til Olav Kn. Vesterdal.

Skifte etter Øystein og Gro 1727. - 6 born (Svennung, Tor, Knut, Turid g.m. Nikuls Landsverk, 2 born: Torbjørg g.m. Gregorius Vesterdal og Aslaug (ugift). Brt. 632 rd. Net 16 rd. Jord i Vesterdal 2 tn. 2 m. - 500 rd.

Fylgjer me så Uppigard Vesterdal, lagar nemnde Gunnar Ådneson g.m. Margit Olavsdotter Vesterdal ny mannsline der frå 1705. Sonen Gregar (Gregorius) gift 2 gonger (I Torbjørg Knutsdtr., II Torbjørg Øysteindtr.). Etter han sonen Olav Gregarson (1730-1804) g.m. Anne Bjørgulvsdtr. Dauve. Honoms son: Gregar Olavson heimlar 2 tn. 24. 11. 1804 og har dette bruket i 1821 g.m. Åshild Aslaksdtr. Moen. Deira dotter Anne g.m. Johannes Egilson (frå Tveit i Tveitgrend) fekk dotteri: Åshild som i 1867 vart III kona til Olav Såveson, N. Vesterdal.

Om Nigard er å seie, at etter Øystein døde i 1727 har truleg grinnen Gregar, gift med Torbjørg Øysteinsdtr. dette bruket til i 1740 åri. Jon (Åkre) og sidan Olav Jonson sit som eigar av mesteparten av garden i 1750 åri. I 1767, 26. 2, skøyter han Nigard til Knut Gisleson gift med Gro Olavsdotter.

Det er segn om at Knut kom vestanfrå (kanskje frå Bergestig i Øyfjell?) med ei skreppe full av svlpengar då han kjøpte garden. - Ein tanke kan det vera, at det er sonen til Gisle Olavson, som hadde Vesterdal i 1690 åri. Men det foreligg ikkje noko skifte eller vita om denne Gisle kor han vart av.

Knut Gisleson ser ut til å ha vore ein velhalden mann. Det gilde stabburet som står på garden ved sida av veslebur, har han kosta upp med fin utskurd på svalstolpane. - Det er no freda. På handtrevet under glugget står innskore: «Dette loft havet jeg Knut Gisleson Vesterdal og Gro Olsdtr. bekostet 17 Julius 1776.»

Olav Knutson og broren Guttorm var meint på å dele garden 4. 3. 1784. Men dette vart inkje av, for 15. 3. 1790 løyste Olav skøyte på heile garden. Guttorm må ha flutt frå eller døytt.

Olav var g.m. Egelev Eivindsdtr. Dalen. Dei fekk rose måla stoga på Nigard 1799. Namni er å gå på skåpet, kroskåpet og sengi (O.K.V. - E.E.D.V.). Dei ha 2 døtter: Gro og Dårdi. Båe vart gift med: Såve Hansson Bergestig, Øyfjell (1790-1837). Såve og Gro gifte seg 1816 og flute til Rue i Ordal, der Gro døydde på barnseng. I 1818 gifte Såve seg med syster hennar og flute til Vesterdal. Med Dårdi fekk han 5 born som voks upp: Olav, Hans, Aslak, Turid og Gro.

I 1825 kjøper Såve Hansson Vesterdal halvparten, 2 tn. av grannegarden Tveit av Såmund Torjusson Flekstveit. I 1832 sel han 1 ½ tn. att til Osmund Egilson Tveit. Såve held att heistykkjet Sending og plassen Berge med eit tillagt stykkje av Tveit, tilsaman ½ tn.

Olav Såveson kjøpte Uppigard Vesterdal, fekk auksjonsskjøyte tingl. 7. 6. 1845. Olav og broren Hans overtok Nigard Vesterdal ihop. Men i 1854, 21. 2. utferda dei eit makeskiftebrev. Dalastaul som frå 1852 hadde hørt til Uppigard Vesterdal, fekk Olav lagt til Nigard att og likeso Sending med Berge. Hans fekk Uppigard som hadde ei skyld på 1 tn. 9 sett. (3 daler, 1 skill.) (Dalastaul 6 sett., Sending 6 sett.).

Olav Såveson Vesterdal var gift 3 gonger. (I Aslaug Knutsdtr. Tveito. a. Gudbjørg g.m. dyrlæge Aslak Bjørnsen. II. Signe Kn. Tveito. a. Knut f. 21. 10. 1860 g.m. Gunhild Bjørnsdtr. Brekke. III. Åshild Johannesdtr. a) Såve Homme g.m. Helbjørg Knutsdtr.)

Knut Vesterdal og Gunhild hadde så Nigard etter faren var død 1870. Og då Hans døydde 1893 kjøpte han garden honoms også.



[Gunnhild og Knut Vesterdal (Lid 54)]

Knut og Gunhild var dugande bondefolk og dreiv godt både gardane. Det var folksamt på Vesterdal i onnetidene. Alle husmennene hadde pliktarbeid på garden og arbeidet gjekk godt undan.

Knut fekk Tor Vås dyrkn.premie for 1938 og hadde fjøs med mange høgt premiera kyr og fine oksar. 4-5 oksar vart seld til fealslag i Hedemark. Ein bra frukthage fekk Knut og Gunhild til - høgda er 328 m.o.h. Jordi er sers grorsam.

I uåra 1808-14 skulde det verta nokså bra grøde her, heitest det. To sæbyggjar kom sumaren 1813 og arbeidde for maten på Vesterdal.

Barneflokken var stor: I alt 12 barn.

Bjørn, den nest eldste guten, gjekk lærarskulen på Notodden. Vart lærar på ymse stader frå 1909 til 1937 - sist i nedre Dalan, d. 9. 12. 1948. I 1910 g.m. Gunhild Kn. Norstrud. Dei fekk 11 born som alle lever.

I 1923 overtok han Uppigard Vesterdal med Nykos og Haugestaul etter far sin. Han har dyrka opp heile garden, 35 mål, og fekk i 1939 egn 1. pr. av Tor Vås dyrkn.fond. Bjørn Vesterdal var interessera i oppal av Telemarks fe og var kvar haust å sjå på Seljordsjået. Han hadde i alt 3 kyr med 1. pr. og endå fleire 2. pr. og 3. pr. kyr. Fleire oksar vart selde til fealslag. Kona Gunhild må ha part i æra som husmor og budeie,

No er det enka Gunhild som sit med garden.

Knut, den eldste av gutane, vart tilkjent odden til Nigard Vesterdal ved Høgsterettsdom 1956. Det er ein verdfull eigedom med sine 2600 mål skog og lett framdrift. Stoga og stabburet er freda. Dei andre husi er mindre gode.

Plassar til Vesterdal - gnr. 52, bnr. 1 og 2.

Det er rett mange plassar som frametter ári har vorte bygsla i den store Vesterdal eigedomen. Fleire av desse er utskide til eigne bruk og opphusa, men andre er attlagde og delvis huslause, og sig ut i gløymsla med sine mange minne. Ettertidi bør vita litt om desse armods heimar, som kan ha fostra mange gjæve kvinner og menn.

Det er i sudaustre kant av eigedomen at plassane har grott fram. - Der låg Vasslaus, Tysland, Lundeberg, Omdalen, Bergan og Dalastaul. Berge, Nykos, Støyle og Sending ligg lenger i vestleg leid. Plassen Folahefte gjekk over til Dalen søndre ved ei deildegong 1781.

På Vasslaus budde folk til i 1920: Det var Tor og Ingebjørg, foreldri til Anne Bjørnflatin, Ingebjørg Lundevallsdalen og Jon Åland.

Tysland er nett attlagd så husi står der. Her budde Leiv og Guro med dotteri Anlaug (død ugift). Namnet har vist ikkje noko med tyskerar å gjera. Etter segni er plassen rudd av Olav «Guten» frå Åmotsdal. Grov i bakken og hadde fjøs i kjellaren og stoga ovanpå. Skulde ha g. seg med Kari Tjønnstaul (enke). Men slutta ut og gjekk «gut» livet ut.

Lundeberg ligg på ein sate høgt opp i lidi, krangle å koma til. Her vaks barlind i gamal tid og plassen heitte vist ein gong Barlindflaten. Dei små husi kikkar fram og skimtar vel så vidt almanvegen der djupt nede. Her budde Olav og Gunnbjørg med mange trivelege ungar. Knut Lundeberg på Listaul og Olav Lundeberg på Hommen er av borni deira.

Ein Knut Lundeberg, kjend prest i Amerika, bar namnet sitt derfrå.

Omdalen ligg i nærliken av Lundeberg, attlagd og huslaust, sist budde foreldri av Olav Lundeberg der, Olav og Johanne Auversdtr. i 1890 åri.

Bergan ligg opp i ei dalkro, brattlendt, men vårkjømt. Husi står på skakke og forfarne og luter mot si grav. Her har folki i fleire ættled fått møykt seg opp i seig trott og truge slit. Her budde Knut og Gunhild Bergan i 1880 åri - foreldri til Knut og Eivind Nørstrud.



[Gunnbjørg Lundeberg (Grå 170)]

Bergan vart fråseld Vesterdal ikr. 1900 til Olav Bergan. - Noverande eigar er Andreas Tveit på Uppistog Dalen. Han budde på Bergan til ikr. 1949.

Berge er kome frå Heimigard Tveit. Det var tvist om Berge og Andres, som rudde plassen 1823, laut betala 2 rettighetar på eit år. Berge vart kjøpt til Vesterdal i 1825. Olav K. Vesterdal kjøpte det av far sin og no har sonen åt Bjørn Vesterdal det. - Det høyrer 200 mål skog til og plassen fødde i si tid 2 kyr.

Anders Berge hadde sonen Mikkel Anderson Stavdal g.m. Gunhild Stålesdtr. Listaul. Der har vore fleire husmenn, sist budde Johans Auversen Bjørnflatin og Ingebjørg frå Vinje (barnlause).

Dei små, timra husi står der på ei vis og må skjøtta seg sjølve heretter og graset veks og rotnar ned på den vesle sletta og fjorfønnen tjuknar til kvart året.

Nykos er attlagd som plass, men vert opphalden som staule enno og høyrer til Uppigard V. Sist budde Tor Nykos her. - Han hadde vore gift 2 gonger (I Asgerd, II Såve Årdalen) og hadde hatt 18 born. Ein av gutane av Bj. Vesterdal sa: «Her som hev vore 18 born - tru hott dei hev ete.» - ja, ein kan så seia når ein ser den usle plassen.

Dalastaul var ein av dei betre plassar under Vesterdal. - Han ligg ovan veggen i nærliken av Tysland og har jamvel epletre og nokso mykje langljå slått. Der har butt folk like til 1935 - eit par av sønene til Knut og Gunhild Vesterdal med kone og born. No er då denne plassen også dømd: - Glasi dett ut or stoga og den vesle bursdynni er vekk og løda med treskjelåven kan snaut dylja si skam, salrygga og skakk i veggesalen.

Her budde for ei tid sidan Olav og Rannei Dalastaul med fleire barn. - Mange av desse har vandra ut til Amerika.

➤ **SENDING gnr. 51, bnr. 5**

Sending ligg på solsida av det lange Sendingsvatnet og har fint lag og lende. Det har vore plass - ja kanhende gard i gamal tid og utgjorde vel ein del av den utdøydde Kyrvegrend. Ingen hugsar lenger nokon fastbuande der. Det har vore staule i lange tider. Men der er framleis hus - stoge, fjøs og løde.

Sending byter med Støyle, Nigard Vesterdal, Nystaul, Moen og Flekstveit.

Det har lege under Vesterdal frå 1825 - og i skiftet etter Knut Vesterdal (1956) vart denne heii tilkjendt Aslak K. Vesterdal rekna 8000 kroner (åsæte 7200).

➤ **STØYLE gnr. 52, bnr. 3 og 7**

Midt overfor Dalengrenni på vestsida av elvi er ein stor kvæv med plassane Midtbøen og Hommen på kvar side av Støylebekken frå Sendingsvatnet. Ein skogsveg frå 1953 er lagd sneilides oppover dalglupen med sterkt stigning. På øvste brotet ligg småbruket Støyle med flatt og fint lende minst 500 m.o.h. Eingong var dette plass under Vesterdal.

Til Støyle høyrde Veslestaul (attlagd plass) Rottjønn og Jonsliheii. - Dei two siste er fråselde og Ingvald Lid (Lisland) er eigar no. Støyle er på 24 mål dyrka jord og 9 mål nat. eng og omlag 1000 mål utmark.

Husi er nye og i god stand. Stoga er bygt 1935. Uthusbygningen 1920. Ei gamal stoga frå 1775 vert nytta som eldhús - er truleg den fyrste stoga etter plassen vart rudd.

Etter garden vart eige bruk, har han gått i mange handlar, m.a. hadde Tor Vå eigedom ei tid. Det var brukarar i lang tid. Halvor Gunnarson g.m. Aslaug Tysland sat som leiglendingar i nære på 50 år. (Leigde det av Aslak Dalen i 1899). Sonen deira Gunnar g. rn. Margit Tho, Lårdal, overtok etter broren Gunnar d. e. i 1934. Det var Olav O. Bjåland g.m. Åsne K. Djuve som hadde ått det fyre del.

Den nov. eigar kjøpte innatt omlag 600 mål utmark i 1937 av systrane Åsne og Gunhild K. Djuve.

1852: Enke Anne Knutsdtr. 1864: O. Knutson Dalen d.y.

➤ **MAGNUSHOMMEN gnr. 53, bnr. 1**

Høgt opp i nordhalli midt over for Djuve, ligg plassen Magnushommen. - Det er i sanning ein stor home. (magnus dvs. den store). Namnet kan nok og koma av mannsnamnet Magnus. Det er tung vindt og bratt å koma til - og jordet er hekut og halvskakt, men der er god åker og nøgdi av sol. (Morgonsol). Det er 10 mål dyrka jord, 15 mål skrapslått - og ca. 600 mål utmark. Husi er gamle og tunskipnaden gamal med stoge i øvre bakke og bur, løde og fjøs i rekke litt tilsides nedunder.

Magnushommen har hørt under Nigard-Moen i same skyld (2 1/3 tn.) frå gammalt av. I 1702, 20. 2., er Gro Brokke, Fyresdal eigar av Magnushommen og lyser plassen fal. - Det har vore giftesamband millom Moen og Brokke, såleis i skifte på Brokke 7. 4. 1665 etter Ånund Aslakson g.m. Kari Olavsdtr. Arving er m. a. Aslak Moen i Dalane for kona Gro Såvesdtr. som er eldste systerdotter og åsætemann til Brokke. Ein kan rekna med at der har butt folk i samanheng på Magnushommen i dei siste 300 år, - men det vantar truleg skrivne festebrev om dette.

Fyrste skifte på Magnushommen 1793, 4. 4., etter Olav Jonson (38 år) g.m. Asgjerd Eilevsdtr. 4 born. (Anne 11 år, Kari 8, Aslaug 3 år og Sigvei 15 veker). Brt. 161 rd. Net. 137 rd. Irekna jord i Magnush. 8 sett. Buet eig det halve 4 sett. 110 rd.

Ditto 1811, 30. 7., etter Gro Eivindsdtr. (g. 1777) med Jon Olavson. Brt. til rd. Net. 39 rd. Ho har 4 brør og 4 systar som arvar. (Tor 82 år, Olav + (5 born), O. Rui + (1 son + 2 born), Anders + (5 born), Margit + (4 born), Tone g.m. Nils Tovson. Turid + (1 dotter), Ingebjørg + (5 born). 25 arveluter i alt.

Ditto 1812, 3 /2, etter Anne (dotter åt Olav Jonson d. 1793) g.m. Bjørn Tallevson. 3 born. (Olav 1 3/4 år, Gro 5 3/4 år og Dordi 4 1/4 år). Brt. 608 rd. Net. 508 rd. - irekna jord i Smylimoen som stærbuett er eigande, verdsatt 450 rd.

Ditto 1822, 19. 2., etter Asgjerd Eilevdtr. G. II med Tormod Tallevson Kvålsodd. Ikkje jord. Brb 295 rd. Net. 222 rd. irekna krav til Aslak Olavson 180 rd.

Magnushommen har vori lagd til Djuve i seinare år. Knut O. Djuve åtte både partar. Ein Anders Magnushommen g.m. Guro Bøle, Vinje leigde det av Knut Djuve. Då Knut skifte 1911, fall Djuve til Åsne i arv. Ho vart g.m. O. O. Bjåland 1914 - og han kjøpte innatt Magnushommen av Knut eller buet hans.

Så ei tid var det ingen fast brukar der - men det vart drive som attåtbruk til Djuve. Ein svensk anleggsarbeidar Karl Anderson g.m. Torbjørg Andresdtr. Magnushommen kjøpte garden av O. O. Bjåland. Karl d. 1934 og enka hadde det nokre år. Så kjøpte sonen Albert Anderson garden i 1945. Eit par år seinare kjøpte han innat Skorshei og Magnushomdalen ved friviljug handel. Heiane det her gjeld, åtte Ellen Sannes f. Sinnes. - Ho hadde kjøpt det av Olav Bjåland.

I desse heistikki ligg staulane Skór og Nystaul. Beite og slåtte, ikkje nytta no lenger. Albert eig og ein halvpart i øvre Skór, som låg under øvre Moen. Marki til Magnushommen går i nordvest til ein nut som heiter Deildehov - der sju eigarar møtest i ei hovuddeild på toppen. Ei liten tjønn med settefisk i heiter Galanterhavet - etter ein mann dei kalla Galanten.

1852 og 1864 eigar Olav Halvorson Åkre, g.m. Kjersti Ådnesdtr. Dei flutte til H.mo våren 1863 med 6 born.
- Innfl. frå Lårdal til Åkre 1847.

Frå Tingboki 23. 9. 1678:

Nils Magnushommen hadde hogge Åmund Vesterdal i håndi og vart dørnd til bote 1 daler i sylv til kongen.

Ditto 20. 2. 1702:

På vegne av Gro Broche, Fyresdal: «laugbyde en plads kaldet Magnuswamen» under Moen i Dalane - om dei som har betre odel vil innløyse - elles sel ho til kven som helst.

Lang og ugreid sak, men enda slik at Gro fekk dom for halve plassen. Denne halvdelen sel ho for 40 rd. 17. 2. 1702.

➤ **SMYLI MOEN gnr. 53, bnr. 2**

«End ligger til forne Magnushommen en hauge kald: Smylemoen» - Utdrag av eit brev om Moen 1593. Dette er eit småbruk som ligg på ei flate tett ved Dalanelvi på vestsida. Her er sikkert sollaust i lang tid om vinteren - for dei myrke skoglider som står rundt ikring er sers bratte og høge i sud og vest. Men jordet er flatt og lettdrive. Der er 16 mål dyrka jord og 8 mål nat.eng. Skogmarki er ca. 600 mål. Hud på garden er i god stand. Stoga frå 1922 er omvølt noko seinare. Uthus frå 1895. Stabbur nokså gamalt, men bygt i nyare stil uten svaler berre ei utviding i andre høgdi.



[Smylemoen]

Til garden hører no plassen Dalastaul som ligg i flukt med hovudbruket - i nordvest leid. Den siste som budde på denne plassen var Steinar Steinarson (Grosonen) omkr. 1900. Husi er næsten nedrotna. Nokre utslätter (som Gamlestaul) har vori nydda i gamal tid.

Halvor Halvorson Midbøen, Ordal, fekk skjøte på eigedomen 11. 7. 1881. Han sel det til Halvor O. Smylimoen 13. 2. 1888, han att skjøtar det til Aslak O. Noraberg 5. 4. 1889. Ditto frå Aslak til sonen Aslak Aslakson 4. 4. 1892. Dalastaul nedre, skjøte frå Kviteseid Sparebank til Aslak A. Smylimoen 4. 3. 1898.



[Turid og Jørund Smylemoen]

Olav Eivindson Listaul g.m. Bergit Kn. Møn, kjøpte garden av Aslak A. Noraberg omkr. 1906.

Olav fekk ikkje skjøte med same, men måtte ordne det med Aslaks arvingar 10. 12. 1947.

Dalastaul øvre, skjøte til Øystein Groven 9. 2. 1891. Ditto frå Øystein til Aslak Aslakson 16. 12. 1895. Ditto frå Aslaks arvingar 10. 12. 1947.

N.B. H. H. Midbøen ervde Smylimoen etter Jørund Midbøen (1804-89) g.m. Turid Bjørgulvsdtr. Fjødde.

Den nov. eigar Halvor O. Lundeberg g.m. Synnøve Magnushommen kjøpte eigedomen av Olav Eivindson i 1949.

Frå kyrkjebøkene: I 1765 dør Torjus Anonson Smylimoen 17 år, Ditto 1776, Gunnar Guneson Smylimoen 75 år, og Gunleik 17 år, Såmund Gunleiksson d. 1781.

➤ ÅKRE gnr. 54, bnr. 1

Dette er øvste garden i Dalane. Han ligg høgt og litt til det med myrke skoglider rundt i kring. Der husi står er det nesten flatt - elles er mykje av jordet bratt, hallande ned mot vegen og elvi. Husi er gamle og umåla og utgjer eit gamalt, sermerkt tun. Eit gammalt stort loft, med flate sidestolpar utan utskurd, står med mønet utover bakken. Det skal vera Landsverkarane som har timra dette loftet. - Loftet på Tveit og Landsverk har og same svalestolpar og utstyr. Veslebur opps. av ein fange. Fjøs og løde og stall er timra. - Stallan har høytrev og skåle på vanleg vis.

Stoga er gammal med 3 rom nede og 2 rom oppe.

Den dyrka jord er 25 mål. Innmark og kulturbete elles 50 mål. - Skogvidda er fleire tusen mål. Til garden høyrer plassane Bratterud og Nasgrav - no nedlagde. På Bratterud budde sist Nils Leivson Tysland og Bergit Kj. Hovden, og på Nasgrav Svein Nasgrav og Kari Vå.

Som på Vesterdal og Sudbø heiter ei ækre nedfor loftet Tunvollen. Grindeteig heiter ein lut av jordet. Jfr. Moen øvre, som åtte Grindeteig m. a. i 1591.

Nokon svært gammal gard er ikkje Åkre. - I eit prenta diplom frå 1564, 20. 2., (D.N. B. 2 s. 808) kallast han øydegard. (Grindeteig er nok eldste namnet).



Åkre.

237

[Åkre]

I 1647 vert han rekna halvgard med skyld 2 1/6 tn.+ 2 kalvskinn «en meget ringe Gaard».

Nokon buskap har dei ikkje hatt - så ein kan skyna at garden har vori drive som attåtbruk. Ved å sjå gjennom listene for odelsbønder finn me Åkre snart under den, og snart under hin odelsbonde.

Tjostolv Dalen eig 2 tn. i Åkre (1611-12), Åmund Åkre og skiven Åmund Aslakson Ø. Moen 2 tn. i 1658-59. Egil Vesterdal eig 1 5/12 tn. 1670-80 og Olav Vesterdal det same 1682-88. Både Brunkeberg kyrkje og Høydalsmo har kvar 1/6 tn. i garden, (1672-1751).

Brukarane heiter med fornamn. Olav (1593), Aslak (1647), Kristian (1662), Morten (1672-82), (Jfr. saki mot O. Moen 1676), Jon (1691), Tone (1680-86), Lavrants (1691), Øystein (1698), Gunleik (1700), Dei siste skattar av 2 1/6 tn. og 1 9/24 tn. Steinar eig 1 5/6 tn. og 2 kalveskinn 1715-17. I 1751 er Såmund oppsitjar, men «Kreditorer» eig 2 tn.

I eit skifte på Åkre 1769, 8. 9., etter Egeleiv Aslaksdtr. (Moen) g.m. Såmund Knutson (Dalen) - der buet er 0, vert det opplyst at fru Ancker eig garden. 2 tn.

Fyrst i 1786, 24. 4., vert det orden i garden, då Knut Tovson Kallåk heimlar 2 tn. (g. 1786 med Bergit Leidulvsdtr.) Han byggjer og bur her til sin død 1840. M. a. får han Tov Landsverk til å bygja det svære

loftet som står på Åkre (1812). Det heiter i Knut si tid at dei fødde 12 naut og hest og mange sauер. Der var 7 staular og 5 plassar til garden då. Svein Ung (S. Mostaul) fortel at brudlaupet av Torvild Knutson Dalen (f. Åkre g.m. Hæge Olavsdtr. (1827) stod på Åkre. - Då dansa dei i det store, nye loftet. Det var mange bedne, men ståselegaste kvinna der var Dagne Heggtveit. - Det skein i silkeband og ringla i sylgjer når ho sveiv over golvet. - Petter Veum, bror hennar, spela i laget.

Såve Knutson g.m. Ingebjørg Knutsdtr. (Berge) hadde garden etter Knut, men dei drog til U.S.A. 1852 og selde garden til Olav Halvorson, (galanten). Han selde Åbø fra Åkre, til Olav Rykkeliid, ein sylvsmed komen frå Mo - og g.m. Åsne systeri hans.

Det heiter elles om Knut Tovson Åkre at han i 1797 bortbøxlet Åbø under Åkre til Sundre Tallevson g.m. Kari Brynjulvsdtr. på levetid. Avgift: 2 rd. årleg - eller slå 1 teig (12 mål) og skjera 4 mål åker - ymse rettar til beite og ved og husefang.

Olav Halvorson hadde Åkre 7-8 år så bytte han til seg Tveit i Kviteseid (Uppigard) med Olav Eivindson Heggtveit g.m. Rannei Pettersdtr. Groven. Dei hadde 4 born. 1 Gro g.m. Lars. O. Tveito, Lårdal, 2 Eivind g.m. Margit O. Dalen, 3 Gyri, 4 Sigrid. Eivind Åkre fekk den fyrste treskemaskin til Dalane. Det var i 1890-åri. Det gjekk slik til at Tor Vå ha kjøpt skog av Eivind og så skaffa han maskina anten som betaling eller attpå handelen. Eivind døydde 1922 og Margit 1934. - Dei var barnlause og garden gjekk over til Gro og Lars Tveito.

Sonen deira, Lars L. Tveito d.y. har no Åkregarden. Syskinbarnet hans Lars O. Tveito, har fått eit skogstykke vestan elvi og plassen Nasgrav.

N.B. 1854 dreg Endre Sveiningsson Nasgrav (f. 1821) og kona Aslaug Olavsdtr. til U.S.A. (Olav 9 år, Ragnhild 7 år). Innfl.. frå Lårdal.

1825 flyt Brynjulf Sundreson og Hæge Hansdtr. frå Åkre til Lårdal.

1843. Leidulf Knutsen Bratterud u/Åkre og Åshild Olavsdtr. m/5 born søkte om å utvandre, men let det vera.

➤ ÅBØ gnr. 54, bnr. 2

Råbøen heitte det i gamal tid då plassen låg under Ø. Moen. Denne plassen ligg vestom elvi innunder mørke skoglider. jordet er delvis flatt og innfelt med små bergknausar. Der er 5-6 åkrar - Leiråker, Krokåker og Skaråker m. a. Husi er små og gamalvorne. Dei har vorte flutte og vålte, men stort sett svive her på same tunet. Stoga er vålt og måla innvendes og skal opphaveleg ha vore ei røykstoge. Heile jordet kan vel utgjera eit par teiger med halvparten dyrka mark. Utmarki er rundt 100 mål, vil eg tru.

Denne plassen har lege til Åkre. Me kjenner til at Knut Tovson som fekk heimel på Åkre 1786, skrev ut festebrev i 1797, 17. 2., til husmannsfolki Sundre Tallevson g.m. Kari Brynjulvsdtr. på levetid. Rettugheiti var å slå 1 teig (12 mål) og skjera 4 mål åker - omgjort i pengar 2 rd. årleg.

Det fylgde ymse rettar med om beite, husefang og brenneved.

Torjus Sundreson g.m. Gro Sveinsdtr. budde så på plassen. - Sonen Olav (kjempekar) g.m. Bergit Prytz (Kjørstoga) flutte til Fen og vart understiger i gruvene hjå Cappelen.

Olav Halvorson selde Åbø til Olav Rykkeliid frå Mo i 1852. Plassen gjekk visst i fleire handlar. Øystein Sveinson g.m. Kari Guttormsdotter Gjersund kom til Åbø i 1889. Dei kjøpte det av Svein Larson frå Bø, han hadde ert det etter ei morsyster si Kari, som åtte dette og Dalastaul.

Øystein og Kari var båe av barnerike huslydar. Kari som var av Gjersundætti, var yngst av 20 syskin og halvsyskin og Øystein yngst av 9 born. (Ormbrekke ætti). Dei gifte seg i 1865 og brukta på mange gardar og plassar (8 stk) fyrr dei slo seg ned på Åbø i 1889. - Barneflokken 8 guitar, 4 gjenter fostra dei opp - under denne flakkingi. Alle borni voksa opp og kom seg fram med idugt arbeid, med undantak av Knut som døydde 3 år gammal. No er då fleire av syskinflokken døde, men Margit den eldste bur her saman med syster si Ragnhild og broren Tarjei. Han reknar seg som eigar av Åbø idag. Dei veit ymse frå gamle dagar desse 3 syskini.

➤ MOLAND gnr. 54, bnr. 3

Som namnet visar, ligg garden på ein flate - like ved vegen og elvi. Det har vore plass under Åkre og ligg litt sudom denne garden. Det gamle namnet var Åkremogen. Her budde Såmund Breiland og Margit Jørundsdtr. i 1880 åri. Kona døydde og han utvandra. Plassen kom i vanrek, husi rotna ned og jordet grodde til med skog. Men så i 1937 kjøpte Bjørgulf O. Noraberg g.m. Tone Andresdtr. Magnushommen dette jordstykket som har ei totalvidde på 60 mål - no 20 mål nydyrka. Bjørgulf var ein flink mann. Han fekk dette som bureising og sette opp nye, gode hus. Bjørgulf er død og enka har eigedomen.

N.B. 1842. Olav Olavson og Liv Torvildsdtr. Moen u/Åkre til H.mo m/4 born.


➤ DJUVE gnr. 55, bnr. 1

Det låg nok frå først av under Moen (øvre) (Jfr. 1647 Moen m/Juve, 3 ½ tn. skyld), men har nok tidleg vorte eige bruk meddi det har eige gnr.

Garden har bratt jorde ned mot elvi og Juvsfossen på austre kant. Den gamle bygdevegen svinga oppom husi. Nyvegen går lenger nede ved elvi.

Husi på garden gamle og umåla - står kvar for seg og lagar eit sermerkt tun. Buret har utskorne stolpar og ser gamalt ut. På øvre kant står endå pinnar i veggen - nyttar når dei rende vever. Stoga er timra og har 4 rom. I stoga eit lite, sermerkt stogeskåp, med ein ryttar måla på skåpdøri og nokre enkle roser. Under bilætet står skrive: «En avvist leutnant». - Truleg ein friar som hadde prøva seg etter dotteri på garden. På skåpet står måla Thor Andresen, Åsne Thovsdr. 1830.

Nedom stogelaftet på ein liten hagemur eller moldbenk var no plassera ein steingud - ein pfallos. (Sjå boki om Olav Bjåland, av Johan Austbø - billetet).



Djuve.

[Djuve]

Denne steinen fann Gutterm og Åsmund Åbø då dei braut jord like ved husi. Knut Djuve og seinare Olav Bjåland (sudpolfararen) tok vare på han.

Om steinen har vore dyrka som «fruktbarhetsgud», er uvisst.

Til garden høyrd plassen Hegni. - Den siste som budde her var Steinar Steinarson g.m. Anne Nykos. (1890 åri). Grindeteig og Trengjusland er gl. namn i sjølve jordet. Eigedommen byter med Haugelid, øvre Moen, Åkre og Moland og mot vest til Dalanelvi. Djuvefossen har eit fall på 20-30 m. Der har stade både kvern og sag. Sagi var oppgangsag og høyrd til øvre Moen. (Nedlagt fyre 1900).

I 1930 åri og framover, dreiv Olav Bjåland ein skifabrikk her. No er alt vekk.

Garden Djuve har no 30 mål dyrka jord og 1500 mål skog. Eigedommen har vore i ætti frå 1857, då Tor Andresson g.m. Åsne Tovsdr. kjøpte det. Dotteri Gu a e e]

«Sjersanten på Juve hev penning fe sant
 å derfe han liver so godt å galant.
 Han bortsvarmer glad si tid
 han kan siå på liott'n vi
 - men hu meg vera sjersant oin lande' fekk Kri.

Denne sjersanten er truleg Nikuls Jørgensen Juve, han er titulera korporal 1792. Bror hans Åmund Jørgenson Juve d. 54 år 1806. - Det kan og vera son hans - etterdi at visa er dikta i 1816.

➤ MOEN gnr. 56

Sermerkt for alle gardar som heiter Moen, er at dei ligg på ein flate, glått og fritt til det, slik og med Moengardane i Dalane. Her har elles den tronge dalen fått ei heller stor utviding med plass til eit hundrad mål fin maskinslått - deila på 3 bruk - øvre, nedre og sørnre Moen.


Det var tidleg 2 bruk, øvre og nedre. Det fyrste er tvillaust hovudbruket. Eit vitne og delesemje om garden er frå 1597, men truleg var det dela noko fyrr. Eigedomen strekte seg på både sider av Dalanelvi nordover til Åkre, og på vestsida like til og med Åbø.

Til øvre Moen hørde plassane Årdalen øvre, Dalastaul, Hauglid, Hegnelid, Djuve, Råbøen, (Åbø) og øvre Sæmund og staulane Svinemoen, Jønnbjønn og Ståland. Og til Nigard Moen: Årdalen (nedre), Berge, Gullkopp, Kåvejuve, Magnushommen, Nystaul, Strånd, Meåmoen (Mademoen) nedre Sæmundet, Grindeteig. -

Fyrst skal me sjå på hovudbølet.

➤ MOEN gnr. 56, bnr. 2

Husestaden ligg opp i bakken millom små bergtenner og hausar som stikk opp i morenejordi. Ovanfor ligg Husnuten med flug og skarer og Geitenuten til høgre som two trauste vaktpostar. Husi er trauste og gode - og har den vanlege tunskipnaden. Stoga er frå 1836, men påbygd 1913. Loftet utan svaler er av rundt, hardt vyrke og bygt 1666, enkelt utstyrt utan noko rik kroting. Løda er timra med skålar og høyrom og har same årstal som loftet. (1666). Fjøset er frå 1890 og eldhuset frå 1906. Garden har no 25 mål dyrka jord og 35 mål udyrka med omlag 1000 mål utmark. Til garden hører plassen Hegnlid, no huslaus og tilgrodd.



[Moen, øvre]

Her budde sist Guro Moen. Ho fekk denne plassen den tid fillepengane kom, (1813). Ein Stein oppå Hegni heiter Gurolyfte. Det er fullt karslyfte og den skal Guro ha bore i fyrklædet. - (Hegnisugga).

Gygrenosi ligg i bytet med Ståland og Jønnbjønn. Det var Gygri som miste nosi si her. Alle som fer forbi, må helsa på gygri ved å kasta ein Stein, stor eller liten mot nosi hennar. Der ligg ein diger haug framfor denne kjempesteinen. «Det kjennest så underleg å ikkje taka opp ein Stein å kasta her,» sa ein mann meg.

Det eldste brev om Moen er frå 1472, 16. 2., (D. N. 9 B. s. 333) der 3 lagrettmenn vitnar at Salve Bjugson har selt 4 markabol jord i øvre Moen i Brunkeberg sokn til Torgrim Bergulvson. Brevet er skrive i Valle. (Salve Bjugson, Torgils Aslakson og Olav Ulvson).

Eit uprenta diplom frå 1593, 4. 12, går ut på at dei 2 brukarane av øvre og nedre Moen sannar at dei held delingsemja og brukar kvar sin gard med staular og plassar innåt. Til øvre Moen: Djuve, Råbøen (Åbø) øvre Sæmundet (Sæmoen) og Svinemoen.

Aslak Guttormson med sin kvinne Anne Arvesdtr., har fått den øvre parten. Syskinbarnet av Anne, Svein Haukson får nigard Moen.

Moen m/underlegg. plass Djuve, vart i 1647 rekna fullgard 3 ½ tn. 6 daler. Buskapen 1657: 2 hestar, 10 kyr, 20 sauher og 9 geiter.

Eigarar og brukarar. Aslak Guttormson (sjå Moen-Skarprud 4) heiter bonden 1593-94 og 1609-20. Åmund Moen er nemnd odelsmann til Moen (4 tn.) 1622-32. Han eig elles Åkre 1 tn., Djuve 1 tn., Haugom 1 ½ tn. og Sudbø 2/3 tn. I 1633 er Åmund død «og hans gods bortbyttet til arfinger».

Ved folketeljingi 1664 er Aslak oppsitjar 50 år med sonene Åmund 16 og Sveinung 13 år. Han eig fleire jordpartar attåt Moen sine 4 tn. m. a. Åkre 2 tn. (1641-49), Moghus 2/3 tn. (1653), Dale 3/4 tn. (1653-55).

Det er skifte etter Aslak 7. 2. 1668, g. II Gro Såvesdtr. Brokke. 6 born. (Åmund, Sveinung, Asgjerd etter fyrste kona (NN), Jon, Liv og Kari etter II gifta).

Merk. Samstundes skifte etter Aslaks foreldre. Der er au tvist om ei gáve som Aslak lova Gro på brudlaupsdagen. - Jord i Moen 2 ½ tn. 2 mæler, i Brokke 3 qtr.

Knut Brokke eig 134 tn. (1672-82) elles er Åmund Aslakson (Moen-Skarprud 10) eigar av 342 tn. 1699, og Gunhild Steinarsdtr. kona hans det same i år 1700.

Det er skifte etter Åmund 14. 1. 1701 g.m. Gunhild St. Fjågesund. 6 born. (Aslak, Olav, Steinar, Aslaug, Liv og Bergit). Brt. 118 rd. Net. 54 rd. Desutan jord i Moen øvre m/Djuve 1 tn. 2 qtr. 2 ½ sett. m.b. 208 rd., i Åkre 1 tn. ½ kalveskinn m.b. 45 rd., i Landsverk ½ tn. m.b. 30 rd., i Udbøen i Sundbygden 1 tn. m.b. 80 rd., i Utsund 1 tn. m.b. 80 rd., i Opgarden m/Epletveit 1 tn. m.b. 262 rd.

Det ser ut som Olav Åmundson har sete med noko av eigedomen etter Åmund. Det er skifte etter Olav 11. 8. 1712. Arvingar dei 5 sysk. hans (nemnde ovanfor). Brt. 290 rd. Net. 277 rd. Jord i Utsund 8 sett. 66 rd., i Åkre (åsæte hans) 108 rd.

Skifte 1711, 20. 3., etter Gunhild Steinarsdtr. g.m. Åmund (d.) 6 born. Brt. 494 rd. Net. 393 rd. irekna jord i Utsund 1112 tn. 150 rd. og Magnushommen 4 mæler 82 rd.

Merknad. Aslak Moen andgav på skiftet etter hans sal. moder blev at indføre toe femteparter i et fiskevand foregivvet kaldis Skibdrætsfiske nordfra beliggende (noko av Møsvatn) som hans sal. moder tilhørende hvilket hans sal. godfader Aslak Åmundson Moen sig haver tilhandlet af Tof Lavrantson Holtan 17.2.1653 for 29 rd. 2 ort.» - Aslak har selt i frå så det er att berre ein del, rekna 12 rd. til deling på arvingane.

Aslak Årnundson g.m. enke Rannei Tarieisdtr., har så garden (1715-39) 3 ½ tn.

I 1739, 19. 8., er det skifte etter Rannei. 4 born. (Rannei (halvsyster), Åmund, Egeleiv og Gunhild). Brt. 884 rd. Net. 676 rd. Medrekna jord i Moen m/Djuve 3 ½ tn. for 350 rd., i Magnushommen 4 mæler 80 rd. i Tveiten, øvre 10 ¾ nott. 45 rd. Sylv 98 rd. (3 sylvbelte (18 + 18 + 20 rd., 1 høgt sylvstaup 10 rd.). Samstundes (20. 8. 39) oppgjev enkemannen Aslak Årnundson buet. Brt. 343 rd. Net. 275 rd. - irekna jord og sylv.

Åmund g.m. Åshild O. Ormbrek har så garden. Han heimlar 3 ½ tn. 4. 3. 1745. (i 1756-71 skriven for 2 ½ tn.). Enka Åshild sit med garden til 1775 då Aslak overek 1 ¼ tn. og 1781 2 1/6 tn.

Det er skifte etter Åsmund 6. 4. 1772. 8 born (Aslak, Olav, Tarjei, Olav d.y. Rannei, Gro, Hæge og Anne). Brt. 915 rd. Net. 838 rd. Irekna jord i øvre Moen 3 ½ tn. 420 rd., i Djuve 1 tn. 320 rd. Sylv for 42 rd.

Aslak Åmundson misser kona si Aslaug Knutsdtr. 1. 4. 1773 - skifte 10. 11. 1774. 2 born, (Åmund 2 år, Åshild 4 år). Brt. 218 rd. Net. 207 rd.

Jord i øvre Moen 3 73/84 tn. for 54 rd. Sylv 20 rd. Han g. II Guro Torjusdtr. Lundevall, med henne 6 born som voks opp. Ein av dei Åmund, (1784-1849) har Moen framover til 1811 - då han makaskifter (byter) gardar med Knut O. Berge g.m. Gudvei Leidulvsdtr. Åmund vert mykje skuldig på Bergegarden og sel noko til bøheringen Halvor O. Grave og resten til Harald Knutson, og flyt til plassen Nordjore og dør der 1849. Han var g. m. Asgjerd Johannesdtr.

Att er å nemne at det var skifte etter far hans Aslak Årnundson Moen 14. 8. 1805 g. II Guro Torjusdtr. 6 born, (Aslaug, Åmund 21 år, Tore 19, Gro 16, Rannei 13 og Asgjerd 8 år). Brt. 1409 rd., Net. 725 rd. - irekna jord i øvre Moen 2 tn. 6 sett. 1200 rd.

Knut Olavson har så Moen framover i 1830 åri. I 1836, 5. 7., er det skylddeling på øvre Moen. Lagrettsmenn er Torvild Kn. Dalen, Knut O. Dalen, Olav Nikulsson Landsverk, Tarald Egilson Moen. (Nigard). Enka Gudvei Leidulvsdtr. skal ha halve garden og seinare overtak sonen Olav Knutson. Kvar lut utgjer 1 tn. 3 sett. i skyld.

Tallev Knutson og Leidulv bror hans, hyste på Moen søndre. Tallev g.m. Gunhild Fjødde, hadde 2 døtter, Gudvei og Hæge. Gudvei g.m. Bjørn H. Huvestad fekk søndre Moen. Hæge g.m. Aslak O. Dalen (Uppistog).

Øvre Moen fekk Ståle Mikkelsen og Olav Eivindson skjøte på 15. 11. 1897. Seinare sel Olav sin halvdel til Ståle, tингl. skjøte 10. 10. 1905. Enka Sigrid Taralldsdtr. (Dalen) har sete i uskift bu til 1955. No får Mikkel eldste sonen garden.

Tarald og Knut Stålesøner har drive øvre Moen no i fleire år. Dei er sterkt interessera i oppal av Telemarksfe, og har ein fin buskap.

Tarald S. Moen byggjer no hus på den gamle plassen Ståland som har hørt under Uppigard Moen.

Knut, broren, eig Jønntjønn hei og staule. Knut bur saman med Tarald.

➤ MOEN gnr. 56, bnr. 1

Denne garden vart skild ut frå øvre Moen 9. 7. 1836 og fekk bnr. 1. Det var Tallev Knutson som fekk denne parten og laut hyse. - Mori Gudvei Leidulvsdtr. hadde att hovudbølet.

Husi er i god stand. Stoga er bygt omkr. 1850, men påbyggt seinare. Eldhuset er flutt frå øvre Moen i 1836. Det var visst opphaveleg røykstoge. Loftet ser ut til å vera frå den tid garden var dela. Uthusi er nye. (1924).

Til garden hører plassen Ardalens, søndre med 2 mål dyrka jord og ca. 20 mål utmark og hamn. Husi er

utover. Ho fekk bygt nytt fjøs, men den gamle løda stod der og gjorde tenest til den nye uthusbygningen vart reist i 1923.

Margit var dotter å Anne og Jon. Då ho vart gift med Jon Torjusson, kjøpte han plassen som sagt. Jon var ein flink mann. Han dyrka opp 15 mål jord og bygde bur (1923) eldhus og uthusbygning. Han fekk premie av Tor Vå 1933. (Døydde 1947).

Den nover. eigar Torjus Jonsson (f. 1903) overtok småbruket i 1948. Han har kosta stogebygn. som no står.

Der er fråseldt ikr. 4 mål i 1939 til John J. Hauglid som har bygt landhandel på tomti. (Skogly, bnr. 6). Han er g.m. Maria Orre f. Haugland.

1844. Gunleik Jonson og Sigrid Øysteinsdtr. 49 og 29 år til U.S.A. m/2 born. «Haugelid i Dalane».

➤ MOEN (Nigard) gnr. 57, bnr. 1

Denne garden ligg flatt og fint til ved vegen og elvi, med store hus etter det var gamleheim. (1899-1948). Ein del av stoga er svært gammal, 15 kvarv magatægde vegger, tvhøg. Etter segni bygt omlag år 1550, men innatbygd og påbygd 3-4 kvarv all vegen, kosta av kommunen ved årh.-skiftet eller litt fyrr. Der er no 18 rom.

Eit stort og eit lite bur. Det store loftet er fint utskore i gammal stil. Jarni tvert over dynnane er fint utkrota og med innhogne bokstavar. A.O.S. Ved å studera eigarane av denne garden, må me gå attende til Åmund Ormson som kjøpte garden med «luttum og lundum» omkr. 1540 for å finna eigarsmann til bokstavane. Det vesle buret ved sida ser ut til å vera like så gammalt.

Ein stor uthusbygning er oppsett omkr. 1900 - likeeins sumarstoga.

Den dyrka jord er 60 mål og 40 mål anna innmark så dette er største jordgarden i Dalane. Dertil er det 800 mål produktiv skog.

Frå gammalt høyrde til: Årdalen nedre, Berge, Gullkopp, Jønnbjønn, Kåvejuve, Magnushommen, Nystaul og Strånd - langt attende Grindeteig, Mademoen (Meåmoen) og nedre Sæmundet (Sæmoen). - Berre Gullkopp-plassen høyrer no til - rett opp i Moslidene på vestsida attlagd og buslaust, men med merke etter tufter og små åkerlappar. Ingen minnest no namn på nokon som har butt der.

Nigard Moen er nemnd i eit uprenta diplom frå 14. 12. 1591 - det gjeld eit skjøte på 14 markabol i Moen i Brunkeberg sokn.

Anund Sveinsson sannar at hans salige far Svein Nikulson har for noko lang tid sidan selt Åmund Ormson 14 markabol som var hans eigen odel. Med i handelen fylgjer mange små øygardar og staular med Luttum oc Lundum som har hørt til og høyrer til - og pengane har han fått både første og siste skillingen. Vitnar på fråskrivingi av all eigedomssrett gjer 6 dannemend. (Anund Torkilson, lensmann i Br.berg sokn, Olav Tormodson, Aslak Torkelson, Alf Gunisson, Ega Torkilson og Tjostolv Tallevson).

Moen m/Magnushommen rekna halvgard 2 1/3 tn. 3 daler i 1647. Buskapen 10 år seinare: 1 hest, 10 kyr, 20 sauher og 10 geiter.

Eigarar og brukarar. Svein Nikulsson har hatt garden fyre Åmund Ormson - etter dok. av 1591. Men Svein Haukson betalar skatt 1593-94. I 1611-28 er Olav (Olluf) leiglending, men dør då og der «sidder igjen en fattig, forarmet enke». Litt seinare 2 forarma enker på garden Elli og Liff. (Øli og Liv). I 1644-47 er Mikkel brukar - han og «forarrnet». Ved folketelj. 1664, er Olav oppsitjar 30 år og tenar Jon 20 år. Denne Olav Olavson er skriven for 1 1/6 tn. med ½ bygsel (1647-59) og litt seinare auka til 2 1/3 tn. Han eig Haugland (2 tn.) og Homme (1 tn.) 1665-80.

Det er sonen hans Olav O. Moen som er eigar av Nigard Moen frå 1689 til 1710. (Moen II 1.) Han var g. 2 gonger. (I Torbjørg Asbjørnsdtr. Haugland, II Åse Adnesdtr. Ofte). Olav har vore ein heluve på mange måtar og stod ofte tiltala på tinget - men syntes koma nokså usnikka frå alle grove skuldningar. Frå tingbøkene tek me dette:

I 1676 er det ei langdryg sak mot Olav Moen. Han er mistenkt for å ha drepe Såmund Dalen eller i alle høve tilskunda døden hans. Den 17. juli er saki uppe i tinget på Omtveit. Lagrett er: Kjetil Brekke, Eilev Hauge, Torbjørn Hemmestveit, Kjetil Groven, Torbjørn Opsund og Sigurd Dalen. Presten hr. Åmund med mange vitne er innkalla. Vitneprov m.m. upptek over 20 tettskrivne sider.

Stemningi mot Olav byrjar so.-«Formedels dinne onde och ugudelige bedrifter som du tid epter anden før och begaar - ». Det vert opplyst korleis Olav kom til Dalen og banka på nattetider og kravde Såmund etter 1 daler for ein annan person. Såmund kjende ikkje til skuldi. Olav slo då Såmund ned med ei skie eller ein stav. Kona, Svanaug, ville hjelpe mannen sin, men vart ille medfari. Ho vart skuva over ein krakk og mot bordet og fekk vonde støytar. Såmund vart liggjande i 5 veker, men kom seg nokonlunde. Olav fører prov for at Såmund har arbeidt for sjølve seg og andre, jamvel i elvebrøytingi etter på. Han har gjort reise til Seljord og til kyrkje. Olav ymtar på at den farlege omgangssjuken som då nett for, kan vera dödsorsaki. Olav legg og fram skriftleg fråsegn frå 3 av grannane - Halvor Tveit, Olav Landsverk og Åmund Moen - som hadde fylgt med til Dalen og hørt på korleis Olav og Såmund Dalen vart samde. Såmund hadde kravt 20 rd. for all «ofrlast» og dei tilgav kvarandre i alt hopehav og skildes som vene. Dette var 4 dagar fyre Såmund døde. (16. juni 1676).

Olav Moen vert frikjend for orsak i Såmund Dalens død, men framferda hans er dømmande og ei høveleg bot til kongen skal ta neste ting «påtallis».

Berre 2 år etter, 14. 8. 1678, er han innstemnd av futen til å møte på Opsund tingstoge. No er det tenestgjenta Margit Bygland han er mistenkt for ha drepe. Dei fann ho drukna i elvi millom Svinemoen og Meåmoen.

Det var i slåtten og ho vart sendt på skogen etter hesten - det var endå ein måndag. Ho kom ikkje heimatt og Olav reiste etter hesten, som han fann med beislet på og krossalen, men hesten stod hella med vidjespenlar. Han høya ikkje sjølv, men sa til tenestguten at hinmannen kunne høye. Sjølv tinda han 2 river og deretter smia han på ein ljå.

Til grinnen sin Åmund Moen sa han at Margit hadde vel lagt seg til å sova nord i skogen. Ho var så svemnug stødt. Eingong somna ho over bakstebordet og gaddde ikkje til fyrr all veden var undanbrendt. Han og tenestguten Bjørgulv reiste på skogen med hesten etter at dei hadde høya 3 lass, og leita i skogen, men fann ho ikkje den dagen.

Dagen etter kom dei på at dei skulle leite i hylen. Tenestgutane laga ein flote og Åmund og Olav reiste utpå elvi. Olav vart først var Margit. Ho låg på 1 ½ famn djup. Dei kørde ho heim og i ljos av ei tyriflis som Aslaug tenestgjenta heldt - stelte dei liket. Neste dag kørde dei henne til kyrkja. - Vitne er Øli Bygland (mori), Åmund Moen, Morten Åkre, Olav Juve, Tormod Landsverk, Rolleiv Dalen, Liv Magnushommen og Aslaug og Bjørgulv (tenestfolki). - og Bergit Olavsdtr. og Turi Øysteinsdtr. «som det dødde legemme beklædte»-

Futen Jørgen Snekl spør ålmugen om ikkje Olav Moen har eit vidt rykte for slagsmål og at Ånund Sudbø har fått sin død av Olav Moens «handsverk». Ålmugen svarar at Olav som mange andre, har vori uti slagsmål - men om Ånund Sudbøs «ændeligt» er «indet bevist».

«Ole Moen påberopte sig til prof Søfve Berge og Eillef Hauger at Anund Sudbø hadde tarmeløb tilforn og at Gunder Gellejord proufet att Anund på sit ændeligt hafver sagt Ole Moen fri.»

I saki med Margit Bygland, nekta Olav spent og etter fleire fyrehavingar vert han truleg frikjent.

Opsund 1. 10. 1695. No er Olav skulda for ukvensord mot Kongen og overheit og lovi. Vettle Haukom innstemnd som vitne. Alf Klocker hadde sete og tala med Olav «da fandtes afvermaaden druchen». - Vitnet hadde ikkje nettopp festa seg ved noko. - Det måtte i tilfelle vera sagt i «hastighet og ubetenksomhet».

Olav Moen kunne ikkje hugse nokon ting, og det skulle «Gud hannem forbyde», om han hadde sagt noko i mot H. M. Regering.

Saki framme 13. 11. 1695. Mange vitne - og helst i mot Olav. - Endeleg 11. 6. 1697 vert det opplese eit brev frå K. M. ved justitsråd Adeler. Olav slepp med ei sterk formaning «om ydmygelse og om at tiene Kongen med lif oc blod».

Rart nok er same karen oppsett som lagrettmann for 1697.

Lundevall 12. 6. 1696. Olav Moen frå Dalane innstemnd for leiermaal med Åse Ådnesdtr. Ofte. «Han hafvde aflet barn med henne føren presten hafvde trolofvet eller sammenviet dem.» - Olav gifte seg med Åse og betala 20 rd. til Christiansands hospital. Futen meinte dette var for lettkjøpt og kravde Olav straffa. Saki vart utsett gong på gong. - Endeleg 1698, 19. 2., på Opsund, kjem det brev om at han er frikjend.

Midtsund 20. 2. 1702. Semje millom Olav Moen og Såmund Kleiv. Olav hadde ærekrenkt Såmund og kalla han tjov. No tok han seg att på dette. «De ragte hinanden hender, hvortil dem og enhver ønskes av Gud i Himmel, lykke, naade og velsignelse!»

Endå meir gøymer dei gamle tingbøker om Olav, men dette får vera nok.

Skifte på nedre Moen 1694, 20. 6., etter Torbjørg Asbjørnsdtr. g.m. O. O. Moen. Syskin som arvingar: (Svein Asbjørnson, Kari d., Tore d.) Brt. 474 rd. Net. 410 rd. Desutan jord i Moen 1 tn. 4 mæler m.b., Homme 1 tn. Syftestad 3 tn. m.b. (kjøpt), Haugland 2 tn. (arv). Uddedalen 2 mæler m.b.

Ditto 1711, 19. 3., etter Olav O. Moen g. II Åse Ådnesdtr. 6 born. (Små). (Olav, Ådne, Halvor, Asbjørn, Anne og Torbjørg). Brt. 1111 rd. Net. 1037 rd. - irekna jord i Moen nedre 1 tn. 4 mæler for 300 rd. Ofte 2 ½ tn. 205 rd. Døsji i Hj.dal 5 tn. Ar 286 rd., Haugland ½ tn. 52 rd.

Ditto 1719, 15. 7. etter O. O. Moen d.y. Mori Åse lever og dei 5 syskini hans. 140 rd.

Etter Olav er død (1710) g. enka seg med Helge Hakeson Huvestad. - Helge er skriven for 9/16 tn. (1712-21).

Ådne Olavson g.m. Margit Såmundsdtr. bur så på nedre Moen, men medelen fjørast fort. Ådne er skriven for 3 tn. 1757-61.

Ved skifte etter Margit 5. 12. 1763, er gjeldi 712 rd. Dei har 7 born. Olav (skal ha garden), Såmund, Anne d. (4 born), Hæge, Joronn (g. m. Asbj. Ådneson Ofte), Åse, Bergit). Olav får skjøte på 181/192 tn. 15. 10. 1773. Han er g.m. Ingrid Bjørgulvsdtr. Dauve. 5 år etter har ein Olav Knutson fått skjøte på 5/6 tn.

Garden får fleire eigalar, med berre små jordpartar. Det er visst no at både Magnushommen, Strånd og Nytaul vert eigne bruk.

I 1802 er det 3 eigalar under Nigard Moen. Det er Såve Knutson med 16 2/3 sett. Tormod Tallevson 3 1/3 sett. og Jon Olavson 3 1/3 sett. I 1808 er Bjørn Talievson komen inn istaden for Tormod, men i 1821 er det Såve, Tormod og Bjørn som eig ymse jordpartar i Nigard Moen. - Såve Kn.son heimlar 1 2/3 tn. 23. 5. 1795.

Skifte 1795, 22. 6., etter Knut Såveson Moen g.m. Rannei Åmundsdtr. 5 born. (Såve, Aslak, Olav, Bergit (g. m. Høye Skeie, Flatdal), Margit.) Brt. 3361 rd. Net. 2980 rd. irekna jord i nedre Moen 1 tn. 8 sett. 700 rd.

Fyre 1834 budde Tarald Egilson av Lundevallætti på Moen g.m. Anne Bjørnsdtr. I hans tid var det gjestgjeveri på Nigard Moen. Tarald drakk ikke så lite og garden gjekk til auksjons og vart sold til Kjetil Olavson 1834. (Sjå Lundevall slekten side 21).

I 1834 flutte Kjetil Olavson og Margit Sakariasdtr. (Gravdal 14) til Nigard Moen. Kjetil var fanjunker. Son deira Sakarias (1820-90) g.m. Anne Leivsdtr. Moen (Seljord) flutte frå Seljord til Moen i Dalane 1846. (11 born). Han kom i stor skuld og laut selge garden og Tarald Egilson seinare Nystaul, hadde det til 1899 då Kviteseid kommune kjøpte det og nyttet det til gamleheim frå 1899 til 1948. Kommunen sette opp den store uthusbygningen (1935), eldhús og vaskehús. Kommunen hadde fleire styrarar og brukarar her.

I 1948 overtok Aslak O. Landsverk g.m. Gunhild O. Mostaul eigedomen.

➤ KÅVEJUVET gnr. 57, bnr. 7

Dette har vore plass under Nigard Moen og ligg midt for Nystaul innved vegen. Den gamle skulestoga for øvre Dalane står endå like ved vegen og er bygd i 1860 åri. Denne stoga som liknar ei uvand husmannstoge, er på 5 x 5 m med 2 storruta glas på tverrveggen og eit lite bislag - gjorde tenest som skulehus til 1910. Det året vart nytt skulehus bygt litt lenger nord på Svinemoen. Svein Nasgrav og Kari Vå budde i mange år i den gamle skulestoga, som endå blir kalla Våstoga.

Kåvejuvet (Kalvejuvet?) ligg like ved elvi med Mosfossen eller Kåvejuvfossen. Innmed fossen er ævor etter 2 kvernhus. Sagi – oppgangssagi - stod litt lenger nord ved Svinemoen i Stortjønnbekken.

Den dyrka jord er 5 mål. Heile eigedomen er 50 mål. Husi er nye og gode.

Her budde Dreng Årdalen som husmann til han døvde i 1915. Plassen gjekk over til eige bruk meddi at Anders Aslakson Magnushornmen (f. Tysland) g.m. Guro Tarjeisdtr. Bøle, Vinje, kjøpte det av kommunen. Anders sette opp ny uthusbygning.

Den noverande eigar Olav Andresson g.m. Tone O. Åsnes, overtok i 1934. Han har kjøpt innat 14 mål skog og beite. Den nye bygningen er oppsett i 1953.

➤ NYSTAUL gnr. 57, bnr. 2

Opp i ei kro under det ufsute Høgefjell, ligg garden Nystaul. Husi står høgt og fritt midt i mot morgonsoli som kjem svært tidleg høgst sumar. Men tidleg skuggar det her i høyveret. Dei høge skoglidene stengjer så i heile 18 veker må dei sakne soli midtvinters.

Husi på garden er alle saman gamle, men i brukeleg stand. Frå gamalt var det two stoger. Den eine stod i utkanten av tunet og vart riven i 1918. Uthusi står i øvre bakke, fjøs og løde kvar for seg. Buret er av ny type - timra med lite utskot utan svaler og utskur, men klædd og kvitmåla.

Der er omlag 50 mål slåtteland i bakkut og flatt lende. Ein gamal, matsikker åker heiter Naskebakk. (Naskeleg = tægeleg, godt).

Nede ved elvi i enden av jordet, låg Meåmoen, (Mademoen) plass i 1593 og «en bustödull kald: Nyestödull». - Det syner tufter både nede ved elvi og ovan husi på Nystaul. Der stod truleg stølshusi eingong. - Det er vanskeleg å finne ut når Nystaul vart byksla som plass, men truleg var det først i 1700 talet.

Frå kyrkjebökene har eg desse vitordi: I 1765 døydde Hæge Nystaul i Dalane 80 år (blind) og i 1790 er Aslaug dotter åt Halvor Torgrimson Nystaul i Br.berg død $\frac{1}{2}$ år. (Dette siste kan gjelde Nystaul i Ordal au.) Det er skifte etter kona hans Bergit Eilevsdtr. 1818, 15. 2. Brt. 530 rd. Net. 492 rd. - jord i Nystaul for 500 rd. 6 vaksne born. (Torgrim, Eilev, Tallev, Aslak, Anne og Asgjerd).

Egil Knutson Moen øvre - son åt Knut O. Berge og Gudvei Leidulvsdtr. vert eigar av Nystaul i 1840 åri.

Sonen Tarald Egilson g.m. Sissel Kjetilsdtr. hadde så garden. Sissel vart enke og selde garden til bror sin Olav Kjetilson g.m. Oline Løkslid. Dei flutte til Lunde. Anne Nikulsdtr. Landsverk kjøpte så Nystaul, og selde det til bror sin Olav Landsverk. No er det dotter hans Åshild f. 1904 som eig garden og driv han.

➤ STRÅND gnr. 57, bnr. 3

På vestsida av elvi på ein flate ligg Strånd. Der er dyrka grønland over 111531 (1870) mål. Strånd (må 512 Norkå) i q47989085515

Denjoruru tsvg skok



[Halvor Tommesen (Tommensen 18)]

➤ LANDSVERK gnr. 58, bnr. 1

Namnet trur dei tyder opparbeidt jord med strev. Det kan passe på denne garden.

Landsverk ligg midt millorn Dalen og Moen i ein kvæv sud for Geitenuten. No er det two bruk - øvre og nedre. (upplistogu og nistogu). Det er truleg Nistogu som er hovudbølet. Skyldsetning 27. 2. 1845.

Garden er rekna halvgard i 1647 med skyld 2 5/6 tn. Nokon buskap er ikkje oppgjeven i 1657 så garden er vel driven som attåbruks. Det var noko av Nikuls Berge si jordmengd. (30-40 tn.) Dotteri Såve g.m. Tormod Kleiv får garden i arv. Dei første brukarar som er nemnde, Olav, Gunleik og Jakob, er truleg leiglendingar. Nikuls Berge eig 3 tn. 1611-41, seinare det halve. Ein vold Landsverk er odelsbonde og eig 2 5/6 tn. 1653-65. Dotter åt Såve og Tormod, heiter Gunhild. Ho er gift med Per. Han er oppsitjar ved folketelj. 1664. Då er Per 60 år. Olav, sonen, 16 år og drengen Jakob 12 år.

Skifte etter Per 1675. Olav Person g.m. Margit har så garden. Gjeldi er stor, dei eig ikkje buskapen eingong. Ein son Villum, er skriven for heile garden (2 5/6 tn.) 1695-1711, seinare broren Nikuls saman med Villum. Det heiter i 1712: «Landsverk bruges av Wilhelm og Niculs Olssønner, deris eget odel.» - Niculs eig 1 tn. 1776-1825. Han er g. m Turid Øysteinsdtr. Sonen Olav Nikulson får heimel på 2 2/3 tn. 1743 - g.m. Tone Drengsdtr. (11 born). Deira son Nikuls får heimel på noko av garden 18. 10. 1784 (1 5/12 tn.) og resten 27. 2. 94, (samla 2 5/6 tn.) Br.berg kyrkje har 1/6 tn. i 1672 og det same i 1751.

I 1804, 21. 3., er det søknad frå Nikuls og Bergit Olavsdtr. om å sitja i uskifta bu - om ein av dei dør. Løyve vert gjeve.

Skifte 1806, 24. 1., etter kona Bergit. 3 born. (Olav 11 år, Olav 9 år og Torjus 3 år). Brt. 1330 rd. Net. 1330 rd. Jord i Landsverk 1000 rd. - Trass i Kongeleg løyve om å sitja i uskift bu, vel ektemannen å skifta til borni no.

Ditto 1810, 1. 8., etter Nikuls Olavson g. II med Margit Olavsdtr. (Ho døydde like etter mannen). 5 born. (Olav, Olav, Torjus, Tone og Gunhild). Brt. 1309 rd. Net. 1227 rd. Irekna jord i Landsverk 11 1/3 sett. m.b. over 11 9/10 sett. for 580 rd.

Tilgode ca. 220 rd.

Etter Nikuls kjem sonen Olav. - Han er eigaren av 2 tn. 10 sett. i 1821 og betalar åmen landskyld og brennevinsavgift. Olav g.m. Hæge Tarbjørnsdtr. (Kleiv). Sonen Nikuls (1827-1902) gift 2 gonger. (I Anne Kjetilsdtr. Moen (Langkos i Bø), II Ingebjørg Knutsdtr. Håvbeit. 2 born med II. kona.


Olav Nikulson (1866-1950) g.m. Tone Taraldsdtr. Dalen. Sonen deira Nikuls O. Landsverk f. 1901 (ugift) er den noverande eigar.

Garden har 18 mål dyrka jord og 15 mål anna innmark og 1500 mål utmark. Husi på garden er gamle. Stoga flutt frå Nistog 1840, påbygt 1910, eldhus 1880, løda (timra) 1870, fjøs 1914. Loft bygt omkr. 1800 av Tor Landsverk (1761-1824). Han bygde loftet på Åkre og vestre Tveit også.

Til garden har hørt plassane Veslestaul og Åse og staulane Kleivi og Antjønnstaul, (øvre og nedre). Plassane huslause. Kvenn i Rennansbekken like ved husi. No i ustand. Elles hadde garden smie og badstoge saman med nigard. Både smia og badvoga er rivne.

➤ LANDSVERK gnr. 58, bnr. 2

Den gamle husestaden var nok på dette tunet, men då garden vart dela 1845, vart både stoge og loft flutt eit godt stykke lengre opp i lidi. Det er sagt at Olav Nikulson, kom i stor skuld. For å berga ættegarden sin laut han selje halve garden. Eivind Olavson Øygarden I Vå kjøpte det som no er nistogu Landsverk. Han fekk med eit gammalt loft. Underdelen er fra 1600 talet. Loftet er noko utskore på flate flak på sidene av dynni. Der er sirkelrunde ringar og roser på stolpane. I den tærde gråveda klædningen, er merke etter kulehol. Om det var ein rømling som dei meinte heldt til i loftet og som skulle drepast, er ikkje så heilt visst, men kuleholi står der no. Stoga er bygt i 1850 åri og påbygt i 1900. Løda er og gamal og har stått her i 200 år. Fjøset er bygt i 1906. Stallan er 100 år gamal.



[Ole E. Landsverk (Ringhus 15)]

Til garden har hørt plassane Hestegarden og Vestgarden og staulane Skór med Skorskóte, Berstaul og Bekkjkrokan. Hestegarden er gamal attlagd plass. Namn etter den tid skyss-skifte var på Landsverk. I 1585-87 var «skysskaffen fri vervet sitt,» heiter det i eit notat om Landsverk.

Vestgarden ligg like ved. Den siste som budde her var Eilev Taraldson Åskleiv g. 2 gonger (I Anne Tjostolvsdtr. II Anne Gunnarsdtr.). Det var i 1870 åri.

Eivind Landsverk g.m. Kari Sørensdtr. hadde garden til sin død 1871. – Så overtok Olav (1848-1919) g.m. Signe Åsmundsdtr. Førstaul (ho d. 1927). Den noverande eigar Eivind O. Landsverk g.m. Gunhild Stålesdtr. Stavdal kjøpte garden i 1922, tingl. 1. febr.

Nistogu Landsverk er i dag ein gard med 21 mål dyrka jord og 8 mål innmark elles. Den totale skogvidde er 1000 mål. Den noverande eigar har dyrka opp omla



[Dalen, nordre]

Her har vore svært mykje stein i dette jordet som er nokså mykje hekut. Svære steinrøysar med tusenvis av lass, er hauga opp eller lagt som mur i deilde-bytet. Nordre Dalen har 20 mål dyrka jord og 30 mål anna innmark. - Den samla utmark ikr. 1500 mål etter at Norigard Dalen vart fråskild 29. 11. 1861, tingl. 13. 1. 1862.

Til nordre Dalen høyerde i si tid Åskleiv, Bergdal, Bergshyl, Midbøen, Hommen, Haugen, Langelid og staulene Lauvås, Høge-Nystaul, Låge-Nystaul, Heiskar og Roffsstaul.

Sume av plassane har vorte eigne bruk, (Midbøen, Hommen) men dei fleste er attlagde - t. d. Åskleiv. Der budde sist Gunnar Eilevson og Aslaug Olavsdtr. i 1888. Bergdal, huslaust. Sist Knut K. Midbøen og Johanne Olavsdtr. 1912. Bergit heitte ei kone på Bergdal som drap ei gaupe. Det gjekk så til: Gaupa kom drivande med ei geit som hovudstupp rømde inn i smia. Bergit etter og fekk stenge att dynni - og med smiesleggja som våpen drap Bergit gaupa.

Bergit f. 1801 til U.S.A. 1868 g.m. Torvild Aslakson Bergdal d. 1863. - Dei hadde 11 born. - Bergdal høyrer no til Gunleik S. Dalen. Han nyttar det til kulturbeteite.

Husi på garden er gamle og i brukeleg synd. Stoga er svært stor etter tilhøvi og med 2 kammers og ivistoge med 7 takbjelkar. Eit sieldan stort vegeskåp på nordveggen (2,10 m br. og 2,30 m høgt) millom dynni og høgsætet, har 2 store dynnar nede og 3 oppe, og med doble og enkle rekjer av småspiegelar til stas. (79 stk.) Noko defekt måling. Namn E.S.S. (Eivind Såmundson) 1796 og D.O.D. og dette rimet: «I mit hus du ei bande må, men heller ud på døren gå. Thi Herren Gud i Himmerig, han hører både dig og mig.» - Nedgangen til kjellaren i skåpdynni til høgre, nyttal til for 20 år sidan. Ei sermerkt stogeklokke, eit tårnur frå Holt jernverk, heng på veggen. Torvild Knutson kjøpte ho på auksjon etter Åsmund Nordgaard ikr. 1850.

Stabburet er påbyggt og kledt 1914, men var opph. veslebur (gamalt) med tjørekrossar og bumerke.

Løda, innleft (minka) ber irstalet 1786, fjøs 1896. Eldhuset brann 1914, men oppsett att same året.

Det gamle buret som stod på garden og flutt frå Kleiv av Eivind (son åt Såmund Såmundson Kleiv), vart flutt til Norigard Dalen ved deling i 1861. (Sjå under N. Dalen).

Eigarar og brukarar. Tjøstolv betalar arb.skatt 1593-94 og saltverkskatt 1609-11. Olav (Oluff) er leiglending 1611-40. I 1640 brukar odelsm. sjølv. Han heiter Gunnulv, Såmund heiter brukaren 1645. Ved folketelj. 1664 er han 40 år med søner Svein og Knut, 13 år og 12 år. Dette er nok den same som døydde i 1676. Olav O. Moen var mistenkt for å ha tilskunda døden hans. (Meir om dette under Moen gnr. 57, bnr. 1).

Såmund er nemnd odelsmann 1653-75 og eig 2 ½ tn. i Dalen og 1 ½ tn. i Rue. Svanaug Knutsdtr. kona hans, har odel til Hovdekleiv, (1 tn. 1679-81).

Elles har garden vone pantsett til så mange, større eller mindre luter. I 1647-54 eig Olav Nordbø (Omisdal Langlem) 3 1/12 tn. og i 1672-81 Åshild Nordbø 2/3 tn. (Ho er dotter til Gunnulv Såmundson).

Brunkeberg kyrkje eig ¼ tn. i Dalen 1713 og det same 1751 og 1772. I 1683-88 er Gunnulv og Tolf eigar av garden. (4 ¼ tn.) Gunnulv finn me framover til 1709 og son hans Såmund, eig ¼ tn. 1727. Elles er det litt laust kven det er som har nordre Dalen framover til Eivind Såmundson heimlar 4 tn. + 5 kalveskinn 27. 2. 1767. Der er nokre skifte på nordre Dalen, men det tykkjest vera etter leiglendingar. Såleis i 1712, 11. 8. etter Asbjørn Gunnulvson g.m. Tone Åsmundsdtr. (1 barn, umynd.) Brt. 73 rd. Net. 24 rd.

Markeskilsak 7. 6. 1734, Såmund Kleiv eig Nordre Dalen. Skifte 1739, 20. 8., etter Margit Olavsdtr. g.m. Såmund Sveinson. 3 born. (Margit g.m. Gunleik Øygarden, Bergit (enke), Margit d.y. 22 år). Brt. 48 rd. Net. 27 rd. Ditto 1744, 6. 6. etter Olav Aslakson g.m. Hæge Aslaksdtr. (Rannei ½ år). Brt. 59 rd. Net. 49 rd.

Så har me skifte etter Eivind Såriundson 1790, 19. 10. g.m. Dordi Olavsdtr. 7 born. (Olav, Såmund, Egil, Eilev, Aslak, Egeleiv og Bergit). Brt. 1324 rd. Net. 883 rd. Medrekna jord i nordre Dalen 4 tn. 5 kalveskinn m.b. over 4 tn. 5 k.sk., 3 sett. = 1000 rd. - Denne Eivind Såmundson var ein vyrd og velhalden mann.

Han hyste godt opp garden - bygde stor timra løde 1786 og kosta svaler med fin utskur på det gamle loftet han flutte fra Kleiv. Eivind hadde ein av dei fremste stolar ved Brunkeberg kyrkje og fekk premie av Landhusholdn. selsk. i 1787 «Jordforbedring» 5 rd. I 1789 for «Haugdyrking».

Enka Dordi overtek heile garden i skifte 1790. I 1796 minka til det halve (2 1/8 tn., 2 1/2 skinn) for sonen Olav har heimla 2 1/2 tn. 26. 2. 1795, og overtek 4 1/4 tn. 5. 10. 1798. Denne Olav Eivindson g.m. Anne Knutsdtr. Dalen har garden til han døydde 1823. Sønene Eivind (1799-1860) og Knut hadde garden til Torvild Knutson gift med Hæge syster deira, kjøpte garden ikr. 1832.

Torvild³⁰ miste kona andre året dei var gift (1828). Dei var då på Djuve, men i 1831 vart han g.m. Anne Taraldsdtr. Lundevall. (11 born, 1 død, alle f. Dalen). I skiftet etter Torvild i 1861 vart garden deila mellom Tarald og 2 brør. Tarald fekk norigard og hyste der. Han fekk det fine loftet med utskurd 1787 og fjøs og stoge. Tallev og Torbjørn fekk att hovudbølet. Seinare selde dei det til broren Torjus g.m. Helbjørg Sveinungsdtr. Berge. (Grave 13). Torjus døydde berre 35 år gammal i 1882 og enka Helbjørg sat med garden til i 1898 då sonen Sveinung overtok. Han vart i 1910 g.m. lærerinne Bergit Gunleiksdtr. Sisjord, Bø.

Sveinung har dyrka opp 8 mål steinsett jord, vreita og tørrlagt mykje av det gamle jordet, sprengt Stein og lagt opp store steinrøysar. Han fekk Tor Vås premie 1940. Elles har han vore mykje interessera i feal og hatt fleire premiekryr ved fesjåi. Han har vore glad i gamle folkeminne, og gjeve eit bra tilfang til Rikard Berge og andre samlarar. Kona (d. 1956) var og glad i ættesoger og folkeminne. Ho var lærar i ytre Dalane i 8 år.

Den eldste sonen Torjus g.m. Ingebjørg O. Dalen (Norigard) overtok garden i 1931. (Sjå ættesoga Kallåk 62).

➤ DALEN (norigard) gnr. 59, bnr. 2

Denne garden ligg som i ei sægd vest lengst i Dalengrenni. Ei masse Stein er brote or jordi og lagt i røysar og murar. - Det er 14 mål dyrka jord og 25 mål uvandare slåtte. Skogvidda (total) er oppmot 1000 mål. Til garden hører plassen Åskleiv (5 teigar slått) og staulen Heiskar - sel og løde står att, men det er over tretti år sidan dei staula her.

Husi på garden er i den gamle stilien, umåla på utsida og kvar for seg på tunet. Stoga er flutt frå nordre Dalen i 1860 åri. Eit mindre stoguskåp med 1 dynn nede og 2 oppe og langspelar ber namnet å Eivind Såmundson 1787. Buret som er freda, ber årstalet 1665 over busdynni, men under glugget på svali står 1787 og namnet av Eivind Såmundson. Det var han som kosta utskurden etter at det var flutt hit frå Kleiv. Buret fylgte med ved skiftet på Nordre Dalen 1861. Likeins sauefjøset som enno står. Løda er oppført i 1860 åri. Eldhuset er opphaveleg den gamle stoga frå plassen Langelid vestom elvi. I 1947 påbygt og innreidt. Smie og badstoge har hørt til garden. Badstoga er nyss rivi. Den enkle steinomnen står att på tufti endå. Nord i Haugfossen hadde garden sag og kvern. No er dei borte.

På denne eigedomen ligg gruvene som Såmund Stålesson fann i 1885. Såleis gruva «Spennivegg» rett oppfor husi. Etter gruvene er nedlagt, er dei til mykje ulempe for buskapen. Jordtaket kan brått dette ned med dyri. Såleis var det nære nok med ein kalv her eitt året.

Gruvene har ikkje vore i drift sidan 1916. Då arbeidde dei att ein del både ved Heiskar, Lauvnetten og i Haugejuvet.

Fleire fornfunn er gjorde på Dalen. Under hysingi i 1860 åri fann dei 2 gullblanke bolettar, munndbit og hestesko og hestetanner. I 1920, 2 piloddar, 1 øks, 1 langt tviegjøga sverd og 2 små bryne med holer i enden. (Innsendt til Oslo).

Tarald Torvildson (1838-1929) g.m. Åshild Olavsdtr. (Berge) sat rned garden til 1914 då dei 2 sonene Olav og Leidulf, overtok og delast om bruket.

³⁰ Torvild var lenge fløytningsinspektør i Dalan-Morgedalsåi. Han var ein kjempekar. Men på ei byreise til Skien vart han helselegen av kapt. Cloumanns soldatar (sjå Lundevallslekten s. 26). Han reiste sak og Cloumann laut ut med 600 speisidaler. Torvild var i-medlem av det første kommunestyre i Kvitseid 1837, og ellers nytta i mange kommunale ombod.



[Åshild og Tarald Dalen (Kallåk 40)]

Olav Taraldson g.m. Kari Guttormsdtr. Nordjordet fekk Nordigard og Leidulf hyste på sin del og kalla eigedomen Haugerud.

Olav Olavsson overtok Nordigard 1951 av mor si.



[Dalen, nordigard]

➤ HOMMEN gnr. 59, bnr. 3

Jordet er heller brattvore og ligg under skoglidi på nordre kant av Støylebekken frå Sendingsvatnet. Det er 8 mål dyrka jord og 18 mål skrapslått. Skogvidda er 80 mål. Plassen Lanød nordaust ved elvi høyrer til. Der står att ei løde. Sist budde Aslak Olavson der g.m. Ingebjørg Hakesdtr i slutten av 1890 åri.

Hommen har vore plass under nordre Dalen. Ein Jan Sveinungson (1748-1829) rudde plassen, g. 2 gonger. (I Anne Asbjørnsdtr. II Gunhild Tarjeisdtr.).

Han hadde 6 born i alt. Tariei var ugift og døydde på Hommen 1836 (61 år) og Gunnar (1792-1881) budde visst på Hommen all sin dag. Der døydde han og der døydde kona Bergit Torbjørnsdtr. (Svolsbru), (1796-1881). Dei hadde 7 born. (2 d. små).

Ingen av borni stana her, men ein Knut Halvorson Bergshv1 (Gjersund) g.m. Egelei, v Torvildsdtr. Dalen kom hit. Ho fekk det visst i år 1885. Knut T. Dalen hadde det så. Etter han Leidulv, broren.

Den noverande eigar Olav O. Lundeberg g.m. Kari Halvorsdtr. Åbø, Kviteseid, kjøpte småbruket av Leidulf i 1939.

Husi på garden er gamle. Stoga er liti og gamaldags. Uthusbygningen er og noko trasaleg. Eit lite bur er med og krepper inn tunet. I buret er eit gammalt glas med blyrårner. Det skal ha kome frå Brunkeberg kyrkje, heites det. Heile glaset er 27 cm x 27.

Den gamle husestaden var litt lenger nord i skåhalli. Der er merke etter kjellartufti til stoga. Knut H. Hommen fluttet huset 1907 sa nær som buret. Det fluttet Knut Taraldson litt seinare.

➤ HAUGERUD gnr. 59, bnr. 8 og 4

Garden bygd etter 1914 på ein haug ned mot vegen. Leidulv Taraldson overtok dette stykket og noko av hei Rovsstaul, då han og broren Olav delast om garden. Han kjøpte elles innåt plassane Bergshyl og Haugen som ein sakførar Berg, Oslo åtte så egedomen fekk ei utmark på omlag 1000 mål.

Jordet er på 25 mål dyrka og 6 mål skrapslått og beite. Husi er nye og gode. Stoga og uthus bygt 1924. Eldhuset er den gamle stoga frå Åskleiv.

Leidulv dyrka opp 20 mål og hyste og stelte og fekk som påskynning premie av Tor Vås fond 1936. Leidulv d. 1954 (ugift), og Tarald Mikkelsen Moen g.m. Gudny Vesterdal kjøpte garden i 1952.

Plassen Haugen som Leidulv kjøpte innåt, ligg ved Haugfossen. Dei siste som budde på Haugen, var Gunnar Åsmundsson (Flatland 52) g.m. Birgit Olavsdtr. frå Bø. Birgit var modell til kvinna bilethoggar prof. Gunnar Utsond laga på minnetokroningen frå 1905. «Et særpreget andsikt,» sa Utsond om Birgit. Birgit sat fyrst modell i «Frankrike» (gnr. 60, bnr. 4), men måtte seinare ned til Utsond.

Gunnar d. Haugen 1904 og Birgit d. Gamleheimen Moen 1914.

➤ MIDBØEN gnr. 59, bnr. 5

Denne plassen ligg i same lidraget som Jusureid berre litt lenger nord. Næraste granne er Hommen. Midbøen har hørt inn under nordre Dalen. Knut O. Vesterdal åtte det ei tid. Sonen Aslak kjøpte det i 1917.

Av husmenner som har butt her kan nemnast Knut Eivindson (1821-1900) g.m. Gunhild Gunnarsdtr. Sonen Knut Knutson (1871-1935) g.m. Johanne Olavsdtr. budde her 1907 og endeleg sonen deira Knut Knutson (1903-1940) g.m. Sigrid Olavsdtr. Godtland i Mo.

Den noverande eigaren Aslak K. Lundeberg g.m. Ingebjørg Kristiansdtr. Lundtveit, Mo, kjøpte det av enke Sigrid Midbøen i 1955.

Det er eit snålt lite småbruk med høvelege hus i bra stand. Stogebygningen er heilt ny.

Bur, eldhús og uthusbygning er heller ikkje gamle. Jordet er noko bratt. Den dyrka jord er 12 mål, utmark 20 mål. Skibakken i Dalane ligg på Midbøen grunn.

➤ DALEN (søndre) gnr. 60, bnr. 5

Alt i 1593 er denne garden eit eige bruk ved sida av nordre Dalen. Det har lik skyld som denne (4 ¼ tn.) og rekna fullgard og med mykje meir fødsle. Her vart betala kvægskatt i 1657 av 2 hestar, 10 naut, 16 smolog og 7 geiter.

Kjem ein til gards no vil ein leggje merke til at det er mange hus rundt tunet. Alle saman gamalvorne og utan måla utsida. Den tvihøge stoga står i austre kant av tunet og er timbra opp av utbledd stort furuvyrke. Det er segn om at tilfanget har kome or Ormbrekkskogen. Denne skogen brann, og det vart så mange svartsvidde, høge stuvar at det vart vyrke til fleire hus. Men då denne stoga i si tid vart oppsett på Vestre Tveit i Dalane, er det reint utruleg at dei greidde frakte desse store veggene oppover dei lange, hengbratte bakkane. Såmund Torjusson Tveit av Lundevallætti hadde ei tid både Tveitgardane, men hadde klein lukke med seg og handla og selde og vart tilslutt utfatig. Sjå Lundevallslekten s. 22. Han selde stoga for 30 spd. til Knut O. Dalen. På veggen står med lange bokstavar skore STST 1801. - Det er vel namnet av Såmund. Stabburet er bygt etter nistogu Dalen vart dela frå 17. 10. 1844 og det gamle buret frå 1769 vart flutt dit ned. (Namn K.S.S. og E.H.). Løde, fjøs og stall og eldhús er alle saman timra og står kvar for seg. Eit par tufter er å sjå utanom tunet. Ei liti, kanskje smietuft, oppe i bakken og ei stor stogetuft (6 x 9 m) nord for eldhuset.

Til søndre Dalen har hørt plassane Storrmyr, Jusureid, Folahefte, Juve og Brekka fyre 1844. No har visst alle desse gått i frå.

Den dyrka jord er 10 mål. Innmark elles 30 mål. Skog ikr. 1200 mål. Jordet er heller bratt og tungvindt. Jakobs haug.

Eigarar og brukarar. Guro (Gurri) reider ut skatt 1593-94. Ljot (Liøfte) 1609-41. Kanskje er dette far åt Tor Ljotson som 20. 9. 1634, bøter bort Stavdal til Hvestabonden Knut Hakeson. Olav har garden 1644-64. Ved folketelj. 1664 er denne garden 2 bruk med ca. 2 tn. kvar. Olav er oppsitjar på det eine bruket, 50 år, med sonen Ledvor, 16 år. På det andre Tov, 57 år. Han er nemnd odelsbonde med 2 tn. i Dalen og 11/36 nott. i Sinnes (1657-61). Kanskje er Olav og Tov (Tor) søner åt Ljot og har delast om Søndre Dalen?

Utanbygds folk finn me med pantar i søndre Dalen framover til 1700. Bjørn Mosebø 2/3 tn. 1648-50. Olav Fjellet 1 1/4 tn. 1648-50, Gregar Ryen 2/3 tn. 1660 - overteke etter O. Mosebø. Den fyrr omtala Ådne Gjerjord eig 1 1/4 tn. i 1660 og Brunkeberg kyrkje på same tid 1 tn., seinare minka til 1/4 tn.

Garden er framleis 2 bruk utover med 2 oppsitjarar. I 1680 heiter dei Såve og Ådne. I 1698 er Såmund og Nils brukarar av noko ulike partar. (Såmund 3 3/16 tn., Nils 1 1/16 tn.) Knut overtek etter Såmund. I 1700-10 har han 3 1/3 tn., men minkar til 1 1/3 tn. 1714-19. Sigurd, Vetle og Såmund har berre små jordpartar i 1720 åri.

Ved å samanlikna skifti under søndre Dalen kan ein finne noko klårleik i desse brukarar.

Skifte 1684, 15. 11., etter Sigurd O. Dalen, (bror åt Såmund). Gift 2 gonger. (I Torbjørg O. Skjelbreid, E. etter Nikuls. II Tone Leidulvsdtr. Ho g. II Knut O. Vesterdal). 2 born. (Såmund og Margit). Verje: farfaren O. Dalen og for Tone møter Olav Moen. Alv Skjelbreid, Lårdal møter og opplyser at Torbjørg hadde vore g. fyrr med Nikuls og har sonen Nikuls f. etter faren var død. Ikkje nemnt sum.

Ditto 1696, 4. 12., etter Knut O. Vesterdal g.m. E. Tone Leidulvsdtr. Arvingar: syskini av Knut - Gisle og Margit Vesterdal. Gjeldi oversteig eiga + skatt 11 rd. I eiga irekna jord i Vesterdal 1 tn. m.b. innkj. for 90 rd.

Ditto 1700, 16. 1., etter Såmund Sigurdson Dalen. Arvingar: systeri Margit g.m. Knut Vetleson og halvbroren Nikuls Nikulsson Skjelbreid. Jord i Dalen søndre 1 tn. 2 mæler = 185 rd. Noko skuld som arvingane tok på seg å betala. I skiftet vert Tone nemnt som giftingskvinne til Sivert (Sigurd) og Knut Dalen. Skiftebrevet har ikkje etla henne noko.

Ditto 1705, 20. 4., etter Margit Syvertsdr. g.m. Knut Vetleson. 6 born. (Syvert, Salve, Vetle, Såmund, Tone og Torbjørj Brt. 559 rd. Net 455 rd. Medrekna jord, odelsjord, i nedre, søndre og øvre Dalen 3 tn. 2 mæler m.b. 467 rd.

Ditto 1739, 21. 8., etter Anne Olavsdtr. g.m. Syvert Knutson. (Margit 3 1/2 år). Brt. 540 rd. Net. 115 rd. Irekna jord i øvre Dalen 4 mæler over 2 tn. 1/2 qtr. 333 rd. og i Seltveit 50 rd.

Dalen 11. 10. 1759. Sivert Knutsen 72 år gammal søker om pensjon for utstått krigstenest i 4 år og 8 år ved major Brehus kompani. Sivert visar eit pass frå 5. 8. 1722 «imedens krigens hu svævede i disse lande». -

No er han blind og svag og i største fatigdom.

I 1750 åri kjem Knut Såmundson g.m. Hæge Torbjørnsdtr. (Naper) til Dalen. Han kjøper 1 tn. 26. 6. 1758. Dei har 8 born f. Dalen. (3 døde små). Hæge 21 år og Egelev 13 år dør på Dalen i 1780 åri.

Såmund. Knutson samlar dei 2 jordpartar att til eitt. Han heimlar først 3 3/16 tn., 1802, 24. 11. og 1 1/6 tn. 1805, 1. 3.

Han er g. 2. gonger. (I Aslaug Bjørgulvsdtr. II Margit Knutsdtr.) I 1811, 29. 7., er det skifte etter Aslaug Bjørgulvsdtr. Dei har 7 born. (Knut, Bjørgulv, Tarjei, Såmund, Svein, Gunhild, Hæge). Brt. 5487 rd. Net. 2311 rd. Medrekna jord i søndre Dalen 4 tn. for 4500 rd.

Såmund g. 1814 med Margit Kn. Råmunddal og har med henne 5 born. (2 d. små). Han har garden framover til i 1820 åri. Det ser då ut som Såmund er komen i stor skuld og må selje garden. Han dør som fatiglem på Sjodal 1845, 83 år og kona hans på Jusureid.

Knut Olavson g.m. Margit Olavsdtr. Berge i Eidsborg har kjøpt garden etter Såmund i 1823.

I buet etter Knut vert Dalen dela på ny 17. 10. 1844. Lagrett: Hans Taraldson Nordgarden, Gudmund Såmundson Nordgarden, Leidulv Sørensen Landsverk og reserve: Egil Kn. Nystaul.

Enka Margit skal ha 1/2 eide domen. Dei 2 Olavane den andre luten i saman. Margit fekk nordre luten 1 tn. 11 1/2 sett. (3 daler, 2 ort.) Den søndre si skyld 1 tn. 11 1/2 sett. (3 daler, 1 ort. og 23 skill.).

Kvern og sag skulle vera sameige.

Det gamle buret frå 1769 skulle høyre til søndre part (Nistogu), likeins plassane Brekka og Stormyr.

Olav d.e. g.m. Birgit Torbjørnsdtr. Uppund var flink børsemakar - og prøva seg jamvel med flygemaskine, men det gjekk nok ikkje så bra. Dei flutte frå Dalen til Sending i Lårdal 1868.

Olav Kn. Dalen d.y. g. 2 gonger (I Gunhild Aslaksdtr. II Johanne Auversdtr.) flutte frå Dalen ikr. 1860 (namni på skåpet 1854.) og til Tveit. Sonen Knut g.m. Gunhild Torsdtr. (Stavdal) budde på Djuve, men d. 1929 på Uppistoga Dalen.

Ein bror Aslak g. 2 g. hadde Uppistog Dalen. (I Ingebjørg Jonsdtr. II Hæge Talleivsdtr. Berge. I ei gjente d. ug.)

Sakførar Gunleik O. Dalen hadde m. a. Uppistoga ei tid, sidan fekk brordotteri Gunhild Knutsdtr. det. Den noverande eigar Andreas Bergan son åt Olav Knutson d.y. og Johanne Auversdtr. kjøpte garden i 1949. Andreas er g.m. Gunhild Ånonsdtr. Storlid. Han eig og plassen Bergan.

➤ DALEN (nistogu) gnr. 60, bnr. 1

Garden ligg aust lengst i Dalengrenni. jordet er ei blanding av bratt og flatt lende. Det er ikr. 10 mål dyrka jord, litt skrapslått og 1500 mål utmark. Plassane Brekka og Stormyr har hørt til. Husi er gamle. Stabburet er frå 1769 og vart flutt frå Uppistogu Dalen ved skiftet 1844. - Dei andre husi er oppsette etter denne tid. Her budde Olav Knutson d. e. og. Bergit Torbjørnsdtr. til dei flutte til Sending i Lårdal 1868.

Brorsonen Knut O. Djuve hadde det til 1913, 31. 10. då sonen Tor Knutson g.m. Åse Rikardsdtr. fekk det i arv av Gunhild syster si og faren. Det vart rekna i verd 21000 kr. (6,38 skyldmark).

Tor Djuve sette opp landhandel nede ved allmanvegen i 1917. Både garden og handelen vert no driven av eigaren Gunhild Torsdtr. g.m. Eivind O. Haugan, Brunkeberg. - Der er fråseld (1916) ei tomt, Åheim, på ca. 6 mål. Auver Bjørnflaten g.m. Margit Nesheim Grungedal bar bygt hus på tomti.

➤ JUSUREID gnr. 60, bnr. 2

Namnet noko uklårt. Etter O. Rygh vert det sett i samanheng med mannsnamnet Josurr i Halfs saga (ein sagnkonge, oldefar til Half.) Men staden her vestan Dalanelvi, heller trøngsam, høver lite til å ha vori kongsgard i denne bergfyllte skogheii. Jfr. a Roga a Jøsturheide i Milli Rogalands ok bela - merkr Fornald. s. II 26. NB. Jøs kan tyde hojase. Jøsureid av hjase.

Plassen er gamal. Me høyrer om at Hake Eilevson (Huvestad 13) budde på Jusureid i 1764 då han døydde 80 år gammal. Jfr. Jusurei-visa av Andres Meinstad (1749-93). «Fekk eg so fat i ein briskekrakje der laag eg heldt og ropa på Hakje: «Kom Hakje av Jusurei, hjelp meg av nø! - Eg kom kje i hug at den mannen va' dø.»

I 1801 bur husmann Svein Werntson på Jusureid (44 år) med kona Kirsti Persdtr. (31 år) og 4 små born.

Tor Andersson (Stavdal 5) f. 1816 budde på Jusureid g. 1848 med Åsne Tovsdtr. (Kallåk 28) (Ho g. II m. Knut Sveinson J. 38 år, utv.).

Torbjørn Gunnarson (Åbø 55) g.m. Gunhild Norvaldsdtr. (7 born f. Jusureid) kjøpte Jusureid i 1866 av Hans Vesterdal og budde her til 1899. Etter dei sonen Åsmund (1878-1943) g.m. Margrete Nilsdtr. Dei var barnlause og tok til seg ei gjente Andrea Haukom (dotter åt Dise Halvorsdtr. Haukom, H.mo.). Andrea g.m. Olav Ånonson Årdalen. (Han og sonen Ånon drukna under lausing i elvi i 1944).

Husi på Jusureid oppkosta av Åsmund omkr. 1920. Eigedomen har ca. 5 mål dyrka jord og 80 mål utmark.

Folahefte høyrer no til Jusureid. Frå først av låg dette jordstykke til Vesterdal, men så ved ei ny deildegong i 1781 vart det lagt til Dalen søndre. I 1791, 15. 11., vart det oppretta festebrev, millom bonden på søndre Dalen Knut Såmundson og John Laurantsen og kona Hæge Olavsdtr. som rydda plassen på nytt. Utskrift av festebrevet har Sveinung Torjusson, nordre Dalen. Leiga vart fastsett til 1 rd., 2 ort. i året. Elles kravde jorddrotten det at John skulle vera bunden til å taka arbeid hjå honom og elles i alle måtar oppføre seg som ein husmann bør. Han skulle m. a. gjerde inn plassen. Ved folketelj. 1801 bur dei på plassen med sonen Olav 13 år. Dei hadde hatt i alt 4 born. men dei tri eldste døde tidleg og ætti har ebba ut. Kanskje var det best so.

Olav den yngste som vart fødd på Jusureid 1788, har fått eit därleg ord på seg. Det vart sagt om han at han gret i mors liv. I boki av Tone Årak «Framandkar kjem til gards», vil ein få vita meir om denne mannen. I visa om Folaheften får ein tokke av at han var ikkje nokon mors beste bån «jeg fortryder ei på, jeg banket dig blå», seier han om far sin. Han var visst langfingra i tillegg til mange andre unoter. På Vesterdal ha dei kvernhus i bekken under Kvålsli. Eingong ha dei male nokså mykje så dei hadde fleire mjølhitar ståande på mylla over natti. Då Olav Knutson Vesterdal kom på kverni om morgonen, sakna han ei hit. - Og då det nett hadde kome eit snøfar med nau, såg han greitt der tjoven hadde stiga av. Han fekk med seg ein av husmennene og strauk til Folahefte. Der stod eit par tresko på golvet og i sengi låg Olav ogsov. Dei vekte han og kravde han til svars for mjølhiti som var stoli. Olav spratt or sengi i eit fælt sinne og treiv ei øks han hadde i stoga og svinga med - så dei var glade til dei fekk koma seg på dynni.


Etter mordet på Tarjei Bratterud sumaren 1815, vart han fengsla og dømd til å rettast - og det hende i Stavern 1816.

Det kom visst ikkje til å bu folk på Folahefte etter at John og Hæge var borte. No er staden tilgrodd med skog.

NB. 22. 5. 1601, Skrivar Hans Olsson er på Folahefte og set opp eit brev om ting på Brokke som vert utsett frå 4. pinsdag til 8. juni. - Sjå Vesterdal.

➤ FRANKRIKE gnr. 60, bnr. 4

Litt nedom den eldste husestaden Dalen med kjelda «Dalaspae» ligg Frankrike. Namnet har staden etter ei fransk minekompani som i 1880 åri sette igang gruvedrift her i Dalane. Dei kjøpte 12 mål jord som vart utskild frå Uppistog Dalen av Aslak O. Dalen og sette opp ein stor bygning. Her heldt leidarane til så lenge drifti varde. (1889-99). Det var Såmund Ståleson Dalen (1855-85) som fann gruvene i 1885 i nærleiken av Lauvås og Heiskar og i Dalenbakkane. «Spennivegg.» Det var først sett i gang prøvedrift av Andvort og dei fann sylv og koparmalm. Han selde det til nokre franskmennar som vart interessera og dei arbeidde med stort mannskap i heile 10 år, men dei spann nok ikkje silke på «avfæra», - og selde att i alle fall huset og jordi til Aslak Dalen - som dei hadde kjøpt det av. No er det ingeniør Olav G. Dalen som har fått dette etter farbror sin (som var barnlaus) og attåt det plassen Juve ved Bjønnflatin og den store hei Kvinandalen som har gått ut frå Tveit vestre.



[Aslak O. Dalen (Håveit 66)]

Som brukar av Frankrike er no Gunleik Sveinungson Dalen g.m. Bergit Bjørnsdtr. Vesterdal. Uthusbygningen har Aslak Dalen kosta opp i 1906.

Gunleik eig Bergdalplassen.

➤ STORMYR gnr. 60, bnr. 7

I ei fin dalkro grøypt ut or harde fjellet ligg denne vesle plassen med sermerkte små timra hus i brukeleg stand. Det har lege ei liti storrmyr i sudaustre kant av det vesle jordet - og sikkert gjeve plassen namn. At myri er stor, er skam å seia. Ho mæler snaut meir enn eit halvt mål.

Den gamle ridevegen frå Morgedal om Huvestad til Dalen i Dalane gjekk her forbi. Enno kan ein sjå denne sermerkte vegen der han krokar seg fram i bergkleivar og moldbrekker og over ris og rantar, med ei-vegbreed sterkt skiftande frå $\frac{1}{2}$ m og oppover.

Storrmyr har hørt under Dalen søndre, men er eige bruk frå 1940.

I 1883 feste Olav Eilevson Åskleiv g.m. Hæge Halvorsdotter denne plassen. Hæge døyde på Storrmyr 1920, men Olav hadde plassen til han døyde 1928. Dei hadde 2 born, Knut og Anne.

Plassen stod tom av og til, men så i 1936 kom Johans og Ingebjørg Bakken frå Brunkeberg dit med fleire av borni sine. Dei kjøpte plassen i 1940. Johans døyde i 1942. Enka og sonen Ingvald har no Storrmyr. Dei bur der ikkje fast då dei har hus nede i Kviteseid.

Til Storrmyr høyrer plassen Brekka, straks nedanfor. No er der huslaust. Brekka vart rudd omkr. 1840-50 av Aslak Olavson g.m. Gunhild Knutsdtr. Gjersund (1835). Kjetil og Ingebjørg Halvorsdtr. feste plassen. Son åt Kjetil og Kari Ledvorsdtr. Jøren Kjetilson var der sist. Han var skomakar og hadde vore g.m. Såve Tysland. (Kjetil f. 1886).

➤ HOMME gnr. 61, bnr. 1 og 2

Heilt bortgøymd i ein stor kvæv eller dal aust for Bjønnflatin ligg denne garden. Den sateformå Homsnibb stenger rett i sud, så soli er borte 6 veker. Lauvmannstolen ligg i nordvest (namne skal vera etter ein skrivar som sat der i eit tvistemål) og Stavdalnuten med ein liten varde er rett opp for husi. Jordet er noko hekut og ujamt. Der er 25 mål dyrka jord, 25 mål skrapslått og 300 mål skog. Sjølvé Hommeskogen (7-800 mål) er fråseld og høyrer no til enka Toron Wrå og Olav Bjørnstad.

Husi på garden i bra stand - om ikkje heilt ferdige etter storbrannen i 1922. Då brann stoga, fjøs og løde og 2 bur. Det eine var eit loft med utskurd frå 1782. Stoga var gammal med runda veggjar. Det var nestfyre slatthen så uthusi var tome. Brannen skreiv seg frå pipa.

Homme har legi under Huvestad frå gammalt. Det var rekna øydegard 1647 med skyld 1 2/3 tn., 1 1/2 daler med merknad: «for høyt sat i skyld».

Buskapen 1657: 1 hest, 4 kyr, 7 sauvar og 2 geiter.

Det var visst lenge drive som attåtbruk.

Eigarar og brukarar. Egil Holtan eig 2 1/2 tn. i 1611-12 i Homme (meir enn heile skyld!) og Nikuls Berge 1/2 tn. på same tid, men i 1618 2/3 tn. Hake Huvestad 1 tn. 1611-24 og sonen Knut 1 tn. i Homme 1625-41. Gunnar Huvestad hadde og 1 tn. i same tidsrom. På skifte 23. 4. 1625 er landskrivar Jon Tommesøn tilbedt å byta millom dei 3 brørne Gunnar, Knut og Eilev Huvestad «alt fastegods efter voris salige Fader».

Gunnar får Homme og staulen Rommedahl (Råmunddal) og 50 rd. som Knut reidder ut.

Gunnar har garden framover til 1661. Ved folketeljingi 1664 er Sveinung oppsitjar 28 år. Denne Sveinung skulle vera komen vestanfrå (Sætesdal) og var kræmar og driftehandlar. Eingong han kom med drifti si or vestbygdene og for Huvestadvegen låg han på Homme. «No må du kaupe garden min,» sa Gunnar. - «Når eg kjem att austate sko eg kaup'n,» svara Sveinung. Og det gjorde han. Han gav 300 daler for Homme m/Hosurn og Bjønnflatin. Dette er tradisjonen, fortalt av Jan Nordgarden. Mor hans var av denne ætti.

Sveinung har garden i 1672, så kjem Olav (1675-99). Tarald Sveinungson har Homme (1702-22) 1 2/3 tn. Det er skifte etter kona hans 1724, 11. 11. Ho heiter Gjedda (Geirlaug) Tormodsdtr. 5 born. (Sveinung 19 år, Tormod 17, Margit 24 (umyndig), Sigrid 22, Sigrid 12 år). Brt. 302 rd. Net. 30 rd. Irekna jord i Homme 1 tn. 4 mæler 200 rd. «Homme m/underliggende plass Hosurn».

Eit uprenta diplom frå 1706, 12. 2, går ut på at Tarald Sveinungson har lånt 160 rd. av Såmund. Hakeson Kleiv - og stiller i pant 1 tn. i Homme. Tarald skal betala 5% rente årleg - og attpå skal Såmund ha rett til å hogga 2 tylter timmer «kort eller langt, hvor det er nærmest og nærhændigst», heiter det.

Elles eit ditto 4. 12. 1721 der Christopher Fredriksson Blom - bygdelen sm. i Lårdal «gjør vitterligt at han med sin kjæresteres samtykke, har solgt 2 marker Landskyldsgods i gaarden Homme i Br.berg til Tarald Sveinungson for 20 rd.»

Underskrift: Aslak Moen, Jon Nordgarden og Cornelius Paus ved Grovens tingstue 26. 2. 1722.

Skifte 5. 6. 1744 på Homme etter Tarald, g. II Jyri Jonsdtr. 5 born etter fyrste gifta - fyrr nemnde. Brt. 27 rd. Net. 9 rd.

Etter Tarald er død 1744, er Jon eigar av 1 1/2 tn. (1744-46). Der etter kjem Halvor Sveinungson, soneson åt Tarald innatt på garden. (Sveinung er på Uddedalen som bruksmann i mange år).

Halvor får først 5/6 tn. og seinare 1 2/3 tn. - 1. 3. 1762. Skifte 20. 12. 1797 etter Halvor Sveinungson og Liv Steinarsdtr. (oppgjev buet). 3 born. (Torjus, Åsne og Anne). Brt. 510 rd. Net. 472 rd. Irekna tilgode av sonen Torjus på Homme 1 tn. 8 sett. for 399 rd.

Torjus får skjøte 27. 2. 1794 (1 2/3 tn.) - og er eigar framover i 1820 åri, gift med Tone Jonsdtr. Bygland i 1797. Dei ha 10 born, alle f. Homme. (4 d. små).

Jon Torjusson g.m. Bergit Knutsdtr. Brekke, har garden framover i 1840 åri. Dei reiser til U.S.A. 1843. Ein bror Steinar g.m. Margit Knutsdtr. har allvisst Homme i 1849 då Margit, dotter deira, er fødd der. Sonen Knut Steinarsdtr. Homme (lærar) g.m. Turid Såvesdtr. har garden i 1860 åri. (3 born f. Homme) Knut og Turid til U.S.A. 1870.

Olav Såveson Vesterdal hadde også Hurrong. Han bytte med Steinar Torjusson i Homme. Olav g. 3 gonger, sist med Åshild Johansdtr. (Sjå Vesterdal). Ein son Såve g.m. Hellbjørg Kn. Sandland kom no til å eiga Homme framover til 1920. (I 1905 er Åshild Johansdtr. eigar av Homme bnr. 1 og 2). No er det sonen Olav Såveson f. 1897 og syster Åshild som eig garden. - Ei syster Gudbjørg bur der og.

➤ HOSUM gnr. 61, bnr. 3

Denne plassen ligg på ei aksel i vesthalli av den såteforma Homsnibb - rett aust for Vesterdal. Ein svingut, bratt kjerreveg, er no graven fram til garden. Der har kome heilt nye og måla hus i den tid Bjørn og sonen Bjarne Vesterdal har fått egedomen. Den dyrka jord er ikr. 20 mål og den totale skogvidde ikr. 1000 mål.

Namnet Hosom, meiner dei er dativ av hus. Jfr. O. Rygh, men kan like snart koma av haus. (Hausom). Ein rundvoren berghause, ligg på nedsida av garden i lidi - som elles både sunnan og nordan har bratte skarer og svad nedmot elvi. Hosom har lege under Homme (Huvestad) frå gammalt og truleg utskild som eige bruk i nyare tid. Det har gått i mange handelar - berre i siste mannsalderen.

Den fyrste me veit om som budde på Hosom, var Knut Ånundson og Bergit Knutsdtr. (både morgedøler), Knut var f. på Strånd u/Sudbø 1750 og d. på Hosom 1825. Ei dotter Aslaug g.m. Tarjei Torsdtr. Odden (Lårdal) budde der ei tid, men døydde på Lundeberg, (1870).

Som nemnt har det vore mange eigrarar av Hosom. I 1889-1905 er Olaus Svenkeson eigar. Aslak O. Dalen kjøpte det, men selde det til Olav Hovdeklev g.m. Bergit Midtbøen. Han selde det til Aslak O. Dalen og kjøpte att Hovdeklev. Hosom gjekk i arv til Tor Knutson Djuve. Knut Taraldson Dalen var og med på handelen. Bjørn Vesterdal kjøpte fyrst halve Hosom. Etter Knut omkom bort i fjellet 1938, kjøpte Bjørn honoms lut også. Bjørn bygde og hyste og dyrka opp fleire mål av nyom. Sonen Bjarne g.m. Svanaug Steinarsdtr. Hovden, har halde fram med arbeidet.

➤ BJØRNFLATEN gnr. 61, bnr. 4

Ein gammal plass som låg til den store Huvestadeigedommen. Då Homme vart utskild frå Huvestad fylgde Bjønnflatin med saman med Hosom og Piparfloti. Plassen er rudd på ein sate nede ved elvi på austsida. Vegen gjennom Dalane går like framom. Skulehuset for ytre Dalane er på same jordet - nordom husi. - Litt lenger nord ligg ein liten attlagd plass som heiter Juve. - Den siste som budde der heitte Anne. Ho kom til gamleheimen på Moen og døydde der.

Dei fyrste me veit om budde på Bjønnflatin var Jon Vetleson og Jorunn Knutsdtr. Son deira Vetle var fødd der i 1762. Jon d. på Bjønnflatin i 1785, 63 år. Etter han budde sonen Halvor der til sin død 1819, g.m. Guro Hakesdtr. Dei hadde 7 born. (2 d. små).

Frå kyrkjeboki 1803: Åse Åmundsdtr. Bjønnflatin d. 72 år og Jorunn Kn. Bjønnflatin 83 år - båe legslemer. Same året døydde dotter åt Halvor og Guro, Aslaug Bjønnflatin 16 år. Omkr. 1860 budde Dordi Knutsdtr. og Steinar Olavson her. Dei åtte plassen. Sidan overtok Auver O. Bjønnflatin g.m. Aslaug Nilsdtr. fra Vinje. Dordi hadde føderåd og budde der så lenge ho levde.

Olav Auversen. g. I Birgit Sveinsdtr. (Nils J. 54), II Anne Torsdtr. Vasslaus, (kom hit 1907). 5 born. (Auver, Tor, Aslaug, Bergit og Åsmund).

No er det sonen Tor g.m. Margit Kjetilsdr. Skogstad som har eigedomen.

Husi er i god stand. Stogebygningen er oppsett 1938. Fjøs frå nyare tid, men det vesle buret ser ut til å vera nokså gamalt. Den dyrka jord er ca. 5 mål og utmarki ikr. 50 mål.



[Auver og Olav Bjørnflatin (Finne 86 og 97)]

➤ HUVESTAD gnr. 62, bnr. 1

Det er ein einbølt gard - i ville heii millom Dalane og Morgedal i eit svært ujamt lende. Der husestaden er valt, er det nærepå flatt med godt utsyn sudiover mot Kviteseid. Høgt ligg det så her har ikkje soli nokon vanske med å floyta over skoglidene i vest - jamvel høgste vinterdag. Namnet noko uklårt - kan det tyde ein stad der dei har huva (huga) mykje - både hjuringar og kjemper - eller ein høg plass der er såleis fleire Hóv (høge skard) rundt i kring? Garden har lege midt i ferdslivegen millom Dalane og Morgedal og har nok vore ein vanleg kvilestad for folk og krøter. Men i dag er garden som ein slokna glod. Folki er flutt i frå, og dei destruktive krefter snik seg inn over alt og tærer på hus og jord. Husi ja - dei er gamle og er nok bygde i ei velmaktstid. Stoga er påspita c: dei fyreste 10 kvarv er av grovt runda stokkar og har nok sett sine 300 år. Der er merke etter «likluke» frå kammerset på framsida. Noko liknande som på Kleiv i Morgedal. Dei andre 9 kvarv er av flatskanta vegger. Stoga er no tvhøg og romsleg.

Nedpå tunet står 2 bur - eit loft med tronge svaler som går ikkje heilt rundt og ikkje med noko større stas på. På bursHELLA er hoggen ein stor sirkel med vanleg passarrose i midten og H.O.S. 1810. Same namnet finn ein att i loftsvali med årstalet 1815 og på veslebur ved den indre døri H.O.S. 1780. Men veslebur er mykje gamalt, sikkert frå 1600-talet. Der er over 20 tjørekrossar å sjå over den næsten firkanta låge døri. Fjøs og løda kvar for seg, er timra i den gamle formi.

Jordet er vidt og bratt med 5 teigar slått og heller liti dyrka jord, (ækrer her og der).

Huvestad har vore ein stor eigedom. Dei rekna lengda ei mil frå sud til nord.


Til garden har hørt Råmundalen, Homme, Stavdal, Hostum, Bjønnntveit, Sjodal, Løkslid, Tjønnhei og Storlid. Fleire av desse er fråselde og anten attlagde eller eigne bruk.

Huvestad m/Råmundalen er rekna halvgard 1647 med skyld 3 tn., 4 ½ daler. Buskapen 1657: 1 hest, 10 naut, 16 sauher, 4 geiter og 1 gris.

Garden er nemnt fyrste gong i eit prenta diplom frå 1471. (D.N. 18 B. s. 88).

Tjostolv Tallevson og Torbjørn Øysteinsson lagrettmenn i Kviteseid, vitnar at Hachen Gunnarson på Huvestad har late lese eitt gammalt brev, (sundslite på midten, med uforfalska og uskrapa bokstavar).

Innhald: Arne Pederson, Arne Torkleifson og Peder Targeirson har gjort arvesemje med skyldfolki sine. Etter det skal Arne Tallevson lia 7 markabol i Huvestad, 3 markabol i Langlim (Sudgarden), medan Peder Targeirson skal få arveluten sin av dei 3 systemene sine og syte for vermor - og difor skal heller ikkje Arne Tallevson få arv etter ho anten ho lever stutt eller lenge. Segli av Lauritz Holmsteinsson, Tjostolv Jorde og Ollo Ollofsøn. - Brevet sett og hørt i Sundbygd 1602. Jfr. Seljord III s. 137. (Arne Tallevson 27. 7. 1476.)



[Senger frå Huvestad (No på Vatnelian)]

Ditto 1493, 21. 10. (D.N. 9 B. s. 387). Anders Nilsson prest i Hjartdal, skriv og helsar at Kjetil Kjetilson selde Pether Grogarthson 5 markabol i Lofthus og 1 mål åker, badstogåker og 2 hudsland i Stavdal i «Ostradalum», som ligg i Brunkeberg sokn. Skrive i Toffdal (Tuddal) Xltusena jomffrvers dagh, Anno Domino MCDXCIII.

Ditto 1522, 25. 4. (DX 9 B. s. 467). Lauritz Jakobson prest i Seljord og Jon Drengsson og Alv Olavson gjer kunnigt: Torstein Reidulvson sa seg då vilja frelsa (løysa) Kjetil Halvarson det Åsmund Torgrimson kravde (åtala) i Huvestad. Kjetil ilag med Alv Amundson sel då 5 markabol i same garden til Tjostolv Trondson og byter endå til seg 7 markabol i same garden av Olav Neridson mot 5 markabol i Haugstoga i Flatdal som var Tjostolv sin odel. (Skrive Guidgrstuve, Heugrsuve.)

Ditto 1534. (D.N. 9 B. s. 180) Torbjørn Torsson og Niculus Amusson svorne lagrett.m. såg og høynde at Tjostolv Trondson og Svein Kjetilson gjorde makeskifte. Svein fekk 12 markabol i Huvestad mot 4 markabol i søndre Dale i Flatdal og 1 ½ rnmarkabol i nordre Klomseth.

Ditto 1564, 12. 3. (D.N. 16 B.. s. 828) Torkjel Aslakson, Berulv Håvardson og Helge Dale var på Br.berg kyrkjegard og såg og høynde at Hauk (Høeg) Sveinsson selde Eilev Sveinson (broren) 2 markabol i Huvestad (Horstad) for 2 mark gull i sylv, kopar og 1 daler i odelsløysing.

Eit uprenta diplom frå 26. 9. 1599 seier at Svein Haukson sel 2 m.bol i Huvestad til Haki Gunnarson for 20 gode daler. Jordi var Svein sin arvelut.

Eigarar og brukarar. Hake Gunnarson er den fyrste me veit noko visst om på Huvestad. Han betalar arb.skatt og saltverkskatt 1593-1620 og samlar jordpartar i garden. I 1599 kjøper han 2 rn.bol i Huvestad av Svein Haukson og i 1611 eig han 1 tn. i grannegarden Homme og 2 tn. i øydegarden Ljosdal i Høydalsmo. Om faren Gunnar, veit me at han var gift med Liv Hakesdtr. ho g. oppatt med TorjuS Olavson - bror åt Nikuls Berge.

Segni seier at Hake var følante stor og sterk og ikkje sein til å bruke våpen når det knipte. Men ikke noko dråp er spurd etter han - men likevel skal han ha gått att nede ved Jusureidfossen, - det var vel som deildegast, truleg, for etter at bytet millom søndre Dalen og Hommeeigun har vorte flutt frå Trengslet Millom Jusureid og Folaheftet, har ingen hørt eller sett han meir.

Det er skifte etter Hake 23. 4. 1625. Landskrivar Jon Tommesson sett opp skiftebrevet. Gunnar, Knut og Eilev Hakessøner får kvar sin lut av gardar og gods. Han eig på denne tid Huvestad, Homme, Nigard Råmunddal (som var staule då) og Ljosdal og Nestebø i Høydalsmo.

Knut fær hovudbølet Huvestad mot å legja frå seg til brørne ei arveutjamning, til Gunnar 50 rd. c: 20 i pengar, 4 naut = 20 rd. og 5 blåranda tjeld 8 rd. + 2 rd.

Eilev 1 tn. korn årleg og 1 tn. til mori så lenge ho lever. Om denne Knut Hakeson g.m. Randi Gunnarsdtr. er det mange soger.

I joli 1619 var han i eit gjestebod på Åkre i Mandal - han var nytgift og budde på Dyrland - der kom han i manneskade. I sjålvforsvar stakk han ned Nerid Åmundson Bekkhus frå Hjartdal. Han slapp med ei bot til Åmund Bekkhus og 33 rd. til Kongen. På tinget i Seljord (Midbøen) får han dette skotsmål: «Erklærede menige mand som til stede var, at Knut Hachieson havde stillet sig som det en ærlig og god Dreng udi alle Måder sommer og anstaar.»

I slutten av 1620 åri flyt Knut og Randi til Huvestad. For 12 rd. kjøper han øvre Råmundalen (sæter) av Krut Ånundson Holtan som hadde fått denne parten av far sin, (12 gardar). - På Huvestad var så bjørnute

i Knut si tid - å ja, lendet er til det den dag i dag. Plassen Bjørntveit og Bjønnflatin gøymer vel på mange soger om bjørnar frå den tid.

Ned frå Huvestad er ein ovende bratt bakke, og fjøset står ytst på bakkebrauti.

Ei natt låg Knut i sengi og hørde bjørnen slo på fjøsdøri. Knut hoppar opp, klær på seg og triv tollekniven og på dør. På tunet møter han bjørnen på two bein og så sinna at han skumar i kjeften. Men Knut legg på han og det ber kant over kant nedover den lange bakken. Knut hadde i farten teke berre ei knivsnubbe - men denne stakk han no med kvar han slapp til. Ja til sist sette han kniven opp ned i kjeften - og dermed tok bjørnen ut. Knut finn han att bak Homssnipp nokre dagar etter, der ligg han daud. Om denne ota finst her eit gamalt stev.

«Huvestad Knut av sengi spratt - på tunet gjekk bamsen mara. For femtan krivstikk den bjønnen datt, då ned ivi bakken dei rulla.»

Kona av Knut, ho Randi Gunnarsdtr. vart ikkje mindre ute for bjørnen. Med ho gjekk gjætte ved ein stad som no heiter Randismyr, kom bjørnen så stums på ho. Ho vart slegi i uvit, og bjørnen drassa ho bort og skulle grava ho ned. Ho vakna opp att og sette på spranget heim og fekk gøyme seg inn i buret. Det var og på høg tid, for bjørnen kom etter og reiv og klora i veggen - og rispene skal synast den dag i dag. (Eg saumfor, men fann inkje spor.)

Randi vart elles stygt skamskori i handi i eit giestebod. Det var Thor Ljotson Dalen og ho, som trætta om delet millom Huvestad og Dalen. Då laut Dalen mannen overlata Stavdal og 12 rd. og gå med på aldri meir å trætta om delet millom eigedomane.

Knut er odelsbonde og eig fleire gardar (1611-65) m.a. Huvestad 3 tn., Homme 1 tn., Rue 1 ½ tn., Magnushommen ½ tn., Gjerriskvam 2/3 tn., Hovdeklev 1 tn., Åkre 2 tn. og Gjeldstad 1 tn.

Hake Knutson g. 2 gonger (Hæge Bjørnsdtr. II Bergit Helgesdtr.) har Huvestad (3 tn.) 1672-82. Sonen Eilev og Bergit enka, har garden framover til 1707, då vert Bjørn Eilevson eigar av 2 1/8 tn., (1709-17).

Skifte på Huvestad 1668, 6. 11. etter Hæge Bjørnsdtr. g.m. Hake Knutson. Born: Eilev, Såmund og Anne. Gamle Knut Huvestad har hatt opphold på Lundevall i 11 år hjå Bjørn, far til Hæge - elles skal Hake sjølv dela arven til dei 3 borni. Ingen sum nemnt. Jord i Gjervold 1 ½ tn.

Ditto 1684, 17. 11. etter Hake Knutson g. II Bergit Helgsdtr. 3 born (Jon, Knut og Helge).

Jord i Nordgarden 5 qtr., Gjervold 1 ½ tn., Hurrung 1 ½ qtr. Merkn.: «Dette løsøre og jordegods indeholder oplysninger om et Drab og om tvistigheter i slekten.»³¹

Ditto 1698, 11. 1. etter Aslaug Egilsdtr. f. Bjåland g.m. Eilev Hakeson. 1 barn (Bjørn). Lausøyre 27 rd. Jord i Vassend Høydalsmo 1 qtr., 1 nott. m.b. I Bjåland 1 qtr.

Ditto 1700, 15. 1. etter Bergit Torsteinsdtr. g.m. E.m. Eilev Hakeson. (Born: Hake, Hæge, Asgjerd og Torbjørg.) Brt. 54 rd. Net. 38 rd. Desutan jord i Huvestad 1 tn., 2 qtr., 2 nott. = 220 rd. «som satt i pant til Såmund Kleiv for skyldig gjeld.»

Ditto 1716, 5. 10. etter Eilev Hakeson (III Anne Asbjørndtr., ikkje barn). Brt. 15 rd. Net. 9 rd. Dessutan jord i Huvestad 3 tn. (ingen sum).

Ditto 1735, 24. 2. etter Torhild Leidulvsdtr. g.m. Bjørn Eilevson, 3 born (Egil, Aslaug og Ingebjørg). Brt. 594 rd. Net. 482 rd. Irekna jord i Huvestad 3 tn. m.b. 360 rd.

Ditto 1738, 8. 11. etter pige Ingebjørg Bjørnsdtr. Arvingar: Syskeni Egil (gift), Aslaug g.m. O. Åsmundtveit. Brt. 149 rd. (inga gjeld) irekna jord i Huvestad 10 ¾ sett. 107 rd.

Ditto 1769, 7. 8. etter Egil Bjørnson g.m. Gunhild Knutsdtr. 3 born (Ingebjørg g.m. O. Halvorson Berge, Torhild g.m. Johannes Egilson Tveit i Ruimgrend, Åsgjerd g.m. Eiv. Gudm. Manhein.) Brt. 693 rd. Net. 650 rd. Irekna jord i Huvestad m/Råmundalen 3 tn. 600 rd.

Egil Bjørnson har garden framover til 1768. Han får skjøte 1741, 12. 10. på 3 tn. Enka Gunhild overtek 1 ½ tn. 20. 9. 1769, og Olav, versonen, får same dag ½ tn. - og sidan heile garden 1778, 23. 2. (3 tn.). Sonen Halvor Olavson heimlar heile garden 25. 2. 1802 – og han sit med garden i 1821. - Denne Halvor er det som har namnet sitt ved sirkelen i burshella og elles på fleire stader i buret. (d. på Huvestad 1836.)

³¹ Sjå meir om Hake Knutson Huvestad under Syftestad gnr. 32.



[Olav Storli (Storli 148)]

Frå kyrkjeboki 1813: Olav,-Halvor Huvestads son: 8 dagar. «Dette barn var h.døpt og siges født med 6 fingre på hver hånd og 6 tær på hver fod samt 6 tænder i munden.»

Ingebjørg Halvorsdtr. Huvestad g.m. Bjørgulf Såmundson (Dalen 41) i 1819 - ho 17 år gammal - Dei har no Huvestad framover. Bjørgulf d. 1839 - «fundet død på Morgedalsheien hvorover han reiste om natten.» (38 år gl.).

Ingebjørg g. II 1842 med Knut Andresson (Brekke 11). Dei reiste til U.S.A. 1844.

Halvor Tallevson Midbø og Anne Olavsdtr. flyt til Huvestad i juli 1843 med 3 smågutar. Olav d. 1853 14 år gl. (akeulukke). Ei gjente Åsne d. 1857 2 ½ år. - Tallev f. 1848 overtek Huvestad etter faren, men han greidde seg ikkje og kom i stor skuld. Han dreg til U.S.A. 1884 med 2 av syskeni sine.

Garden går då over til Nils P. Høyier. Han har Huvestad både i 1889 og 1905, (matrikkelen). Nils Høyier hadde kjøpt garden av Steinar Kråkenes.

Tor Vå kjøpte Huvestad ikr. 1905 - og sel først Stavdal (bnr. 6) til leiglendingane sine Olav og Andres Mikkelsøner i 1905, (tingl. skjøte først 22. 9. 1911).

Tjønnhei (bnr. 2) skylddela 6. 9. 1911. Aslak O. Lundeberg får det som arbeidarbruk.

Løkslid (bnr. 3) skylddela 6. 9. 1911. Olav Løkslid vert eigar. - No Johans Såvesson Homme og systeri Åshild.

Storlid (bnr. 5) skylddela 22. 9. 1911. Gunnar Råmundalen eigar. - No sonen Andres Råmundalen.

Nystaul (bnr. 4) skylddela 22. 9. 1911. Serskilt skjøte på dette 8. 4. 1924 (1000 kr.) til Bergefolki.

Då Tor Vå ikkje lenger greidde seg på alle eigedomane han hadde kjøpt - gjekk dei over til panteigarane. Hypotekbanken overtok Huvestad, og banken selde det til Berge huslyden. Dei som var innom heradet, kom på skjøtet. Det var Bjørgulf, Hans, Åsne, Margit og Gunhild, men tre andre sysken vart også medeigarar (Hallvard, Gunleik og Olav). No er fleire av syskini døde, og luten deira har gått over til dei andre, men framleis sit Åsne, Margit og Gunhild med skjøtet, men elles har Hallvard Berge, Gunleik Berge, Hallvard og Helbjørg (borni etter Hans Berge) Steinar og Helbjørg (borni etter Olav Berge) partar i garden.

No er det ikkje fastbuande folk på Huvestad. Slåtta vert nytt enno, og foret køyrt frå garden. Staulane nedlagde - slike som Førstaust, Haugestaust, Stavdalslåtta, Vårstaulen og Stemnestaul. Den siste namn etter at eigarane frå Dalen og H.stad møttest her - og sloss om bytet. Dalenbonden vart drepen.

➤ STAVDAL gnr. 62, bnr. 6

Den som skal bu på ein slik stad, må ikkje setja for store krav til livet. Plassen ligg i sudenden av ei smal lang dal høgt oppi hei på austsida av Dalanelvi. Berre ein bratt vegstig frå Dalen (Nistogu) fører fram til plassen frå bygdi. Derimot er det ein noko likare, utbetra veg austover til Huvestad og Morgedal. Plassen er gammal etter alt å døme. I eit prenta diplom frå 1493, 21. 10 (DX 9 B. s. 387) er Stavdal nemnt. (Sjå under Huvestad.)

Husi er i god stand. Stoga bygt av Olav Homme og Åsmund Jusureid 1929. Fjøset nytt (1952), men løda noko gammal og salrygja. Eldhus og skjol i god stand. Eit lite bur, flutt av Mikkel Stavdal i 1865, står der knarteleg på tunet. Husestaden frå gammalt har vore på same stad, men husi har skift plass, såleis både stoga og bur og løde.

Heile eigedomen utgjer omlag 200 mål, berglendt utmark og 10 mål dyrka jord med ikke så lite skrapslått.

Stavdal var plass under Dalen frå først, men så i eit gjestebod kom Tor Ljotson Dalen i skade for å skamskjera Randi Gunnarsdtr. i handi. Tor vart dømd og måtte gjeva frå seg Stavdal.

I 1865 fekk Mikkel Andresson Berge g. m Gunhild Stålesdtr. Haugen feste på plassen av Huvestadmennen. Gunhild døydde 1873, og Mikkel sat att med 3 små born, (Olav ¼ år). Etter Mikkel døydde 1895, (ikkje 1873 i ættesoga s. 457) overtok Andres og Olav festet. Då var konsul Nils Heyer

eigar av Huvestad. Fyre han, var Steinar Kråkenes eigar (sjukfar til Åsmund Nordgård - g.m. Gunhild Jakobsdtr. Dalen.) Nils Heyer selde Huvestad til Tor Vå. Han hadde Stavdal i 2 år, men så selde han det til leiglendingane sine, Olav og Andreas Mikkelsøner i 1905. (Skjøte fyrst i 1911.) Andreas d. 1937, og Olav har vore eigar åleine sidan.

Olav som kan prala med at han er jamgamal med kong Håkon (f. 3. 8. 1872) er ein mann som kan mykje gamalt. Han har godt minne og er varsam og pålitande. Torjus Loupedalen hadde sete i lag med han så mang ein dag.

Som opphav til plassenamnet kom han med denne enkle forklaring. «De íva strakst ette den store mannedauen som sille vera i 1349-50 at de korn ein mann på dessi traktir å leita å sökte ette attlivans. Ende nor i denni trонge, smale dalen sill'n heitas finne ein nyspikka stav - her ha vore folk nyss såg'n. - Sea hev denni plassen hett Stavdal.»

Sjodal - attlagd plass og huslaust, har hørt under Huvestad. Frå Hovdeklev gjekk vegen nordover til Sjodal. Her skulle vera endestasjonen for så mang ein legslem. Dei stana her på livsreisa si. På den gamle låven stod så mange krossar innskorne - det var ein for kvart follaug som ha lege på likstrå der. - Olav Knutson Storlid (1805-91) skiløyparen flutte frå Storli til Sjodal 1838. - Han og Hæge med 7 born til U.S.A. 1843.

➤ GJERSUND gnr. 63, bnr. 3

Garden ligg i ein dal som går opp frå Bakketjønni i vest, Dalen har bergknausar og små dalkrørar og ujamt lende. Dei gamle husi stod eingong lenger i aust under Tollhaugen i Huskroi. Der enno synlege tufter. Ingen minnest eller kan gjeva greie på kva tid husi vart flutte dit dei står i dag.

Til garden høyrer plassane Vassend, Gunleiksrud, Nystaul og Baklistaulen. - Fyre garden vart dela i 1908, høyrde Gjersund nedre (Storvik) og plassane Nordheim og Nuten også til. - Vassend med 15 mål dyrka jord, vert drive som attåtbruk. Det er fråseld ei hyttetomt på Vassend. Elles har Jørgen Knutson bygt seg hus på Vassend grunn.

Dei andre plassar er attlagde og huslause. På Gunleiksrud budde sist Gunnar og Bergit (Flatland 52) med sonen Olav, (drukna i Kleivhylen, Flatdal 1907). Nordheim rudd av Sundre fyrr han utv. 1884. - Seinare har det ikkje butt folk der. Nuten rudd av Halvor, far åt Tormod. (90 år gamal.)

Husi på Gjersund er i god stand. Stoga er den gamle frå Huskroi, seinare påbygt og innattbygt. Stabbur, svært gamalt og grovt magatægt timmer med litt utskurd. På handtrevet over utgangsdøri står skore med tærd, nesten uleseleg skrift: «Dette loft haver vii Sommund Sommundsøn og Tone Torjusdatter bekostet.» - (Såmund. (1748-1814), Tone (1755-1836).

Uthusbygning 1944. Det gamle eldhuset var bygt av Sundre Nordheim (1876) og er no oppsett som hytte på Vassend. Ei kårstoge oppsett på eldhustufti (1953), vedskjol ved sida u/same tak. Den dyrka jord er 15 mål - med nokre mål skrapslått (Vassend 15 mål) og 1150 mål utmark. I utmarki er merke etter fleire dyrestuper - m.a. ved Evjemyrjordet og Ordokki.

Olav Jørgenson (Midtsund-Kivle 34) åtte garden i 1886, g.m. Aslaug Olavsdtr.



[Olav J. Gjersund m/born og verborn (Kivle 34)]

Garden vart dela ikr. 1908 såleis at sonen Olav (1876-1950) hyste på Storvik eller nedre Gjersund, og Anders (f. 1884) hadde hovudbølet. Men i 1910, 11. 1. skjøta han garden over på broren Knut Markus-(1867-1947) g.m. Gunhild Jonsdtr. (Juvland 20) f. 1887. Knut O. Gjersund hadde i mange år vore i Alaska på gullgraving og opplevt mange eventyr. - Etter han var død overtok sonen Jon Knutson g.m. Aslaug Såmundsdtr. (frå Bø) garden i skifte 1948.

N.B. Gjershvam 14. 11. 1695:

«Kom-for retten Offer Haikeson og Niculs Giersund på sin qv. Åse Haikesdtr. vegne. Derved ladet Såmund Haikeson Klefven tilkjendegifver, at såsom han hafver for en tid siden bemektiget og tilegnet sig Romuinddal søndre under Giersund beliggende og skogen Udbrugt, alt uden deres Lof og Minde.»

Litt av gamlesoga.

Namnet Gjersund har vori skrive på mange måtar. Her er nokre døme: Gerasuam (1545), Jerushuarn (1554), Gierissuam (1602), Giereshvam (1723).

Mannsnamnet Geirulf kan ha skapt namnet meiner O. Rygh. – Men ei lettvind tolking av namnet har folketradisjonen halde oppe. - Ein gut på Huvestad spurde far sin om han måtte reise av stad og ru seg ein gard. og faren svara: «Gjer so, son» - og garden fekk namnet Gjersonn'.

Garden er gammal. I 1910 vart det gjort eit mindre gravfunn. Med Johannes Hauge braut i ein lågvoren haug ned i jordet, fann han eit sverd 80 cm langt, ei handøks og nokre piloddar, nokre lange steinar låg i same haugen næsten forma som eit gravrom. - Ein amerikanar drog avgårde med sakene - så ingenting kom til Oldsaksamling!

Noko prenta eller uprenta diplom ligg ikkje fyre. Gjersund er oppført millom halvgardane i 1647 med ei skyld av 2 ½ tn., 3 daler. Buskapen i 1657 er 1 hest, 5 kyr, 5 sauher og 5 geiter.

Eigarar og brukarar. Egil heiter brukaren 1593-1609, seinare kjem Hakesætti frå Huvestad inn på garden. Gunnar Hakeson eig 5/6 tn. i garden 1642. I 1654 bur Gunnar på Gjersund hjå sonen Hake g.m. Ragnhild Såmundsdtr. Dei har 2 born, Auver og Åse.

Auver g.m. Guro Torbjørnsdtr. har garden ikr. 1700. Deretter sonen Olav Auversson g.m. Sigrid Jonsdtr. I ættesagaer og sagn av Landstad s. 79, kan ein lesa om korleis denne Olav Auversson vart nedstukken i festarølet på øvre Bygland - då Egil O. Brekke festa Gro Eilevsdtr. Det var Knut Sveinson Versto som var mordaren, og det gjekk så ille at han vart retta ved Brunkeberg straks etter. (18. 11. 1731 - retta 7. 5. 1732.)

Ein ætting av Auver er Såmund Såmundson Kleiv. Han er g. 2 gonger (I Egeleiv Eivindsdtr. II Anne Jonsdtr.) Då han misser fyrste kona, bur han på Gjersund. Skifte 8. 1. 1742. Far hans, Såmund Hakeson åtte Gjersund då han døydde i 1739. Skifte 1. 6. 1739 på Kleiv. Netto 4087 rd. medrekna m.a. jord i Gjersund (Gierishvam) med Råmundalen 2 tn., 2 sett. = 550 rd.



[Tormod Nuten]

At sonesonen til Såmund Kleiv, Såmund Såmundson får Gjersund, er såleis sjavsagt³². Dei har då garden til i 1790 åri og flyt så til Råmundalen og døyr der (1814.) - - Ein Halvor Guttormson (I Ingebjørg Eigilsdtr. II Sissel Knutsdtr.) flyt til gards 1796.

Two av sönene hans, Knut (f. 1784) og Guttorm (f. 1792) bur på Gjersund frametter til 1826.

Skifte på Gjersund etter Halvor Guttormson 1812, 15. 4., 4 born. (Knut, Guttorm, Kari og Ingebjørg.) Brt. 3134 rd. Net. 3087 rd. Medrekna jord i Gjersund 1 tn., 5 sett. m.b. = 3000 rd.

Ditto 1815, 13. 1. etter Sidsel Knutsdtr. - enka etter Halvor. Brt. 214 rd. Net. 133 rd. Tilgode av Knut 53 rd., av Guttorm 51 rd.

Ditto 1818, 4. 8. etter Asgjerd Olavsdtr. g.m. Knut Halvorson, 3 born. (Halvor 11 år, Gunhild 8, Sidsel 1 ½ år.) Brt. 328 rd. Net. 36 rd.

Det skifter med brukarar på Gjersund etter Guttorm flyt til Hasleberg som brukar i 1827. I 1843 dreg Olav Knutson Gjersund og Anne Olavsdtr. til Amerika med 4 born. Kanskje leiglendingar. - 10 år etter i 1853 Eivind Egilson Gjersund (28 år) og kona Gunhild Olavsdotter (27 år) med Egil, 12 dagar, til Amerika.

I 1860 ein flokk på 7 stk. til Amerika frå Gjersund, det er Torbjørn Knutson (40 år) og Elen Sveinsdtr. (36 år) med 5 små born. Halvor Halvorson eigar 1852, Anders Hansen i 1864.

Olav Jørgenson kjøper Gjersund av Anders i 1877, og sidan har den ætti sete på garden (sjå innanfor.)

³² I 1785 fekk Såmund Landhush.selsk. guldmedalje for jordforbetring.

➤ GJERSUND gnr. 63, bnr. 5

Dette er ein ny gard, skyldela 23. 6. 1908 frå øvre Gjersund. Det var Olav O. Gjersund g.m. Åse Jonsdtr. Hauge som tok fatt her og ruppe opp ein gard med hus og jord. Han bygde opp alle husi - som er i svært god stand, og dyrka opp 12 mål av nyom. I 1950 fekk han Tor Vå sin premie for jorddyrkning. No utgjer eigedomen 35 mål dyrka jord og 10 mål beitemark og slåtte og ikr. 600 mål utmark. Ved delingi 1908 vart plassane Nordheim og Nuten og staulen Nystaul lagt til denne eigedomen. Plassen Nordheim var som fyrr nemnt rutt av Sundre Auverson. Han hadde g. seg i 1854 med Rannei Årnundsdtr. Skreppedalen, Høydalsmo. Han fekk seg eit rudningslende av Tallev Sudbø og hyste opp i Sudbøkasen. «No var det slutt med det frie livet som lauskar og dansemeister,» seier Tojus Loupedalen - «men med løypingi bli det som før.»

Etter han ha herda livet nokre år på Nordbøen innpå heii ved Breivatn, er han å finna som husmann på Gjersund i 1863. Han ruppe då og bygde i ei dalkro vest for Gjersund og fekk som ein heimstad her i 20 år. Namnet på plassen vart Nordheim, - oppkalla etter ein storgard i Bø. Men det var berre smått for Sundre og Rannei og dei mange borni. «Svolten sat i høgsætet og næringsorgi ved hovudgjerdet» - her som i så mange husmannsheimar. Og så veit me at Sundre og huslyden sette pinnen i dynni og drog til Amerika 1884.

Plassen ligg no huslaus og øyde - og minni om Sundre - skisportens far - er det einaste som gjer denne staden forvitneleg.

Nuten som låg rett ovanfor, vart vel rudd litt fyrr, av Halvor og Tone - foreldri av Tormod Nuten.

Dei fortel at Halvor byrja ru i Sevingane, men så slutta han seg ut der og tok fatt i Nuten. Det var nok ikkje så rare greider der heller, tungvindt og bratt å koma til, men det var no ein heim likevel.

➤ RÅMUNDDALEN gnr. 63, bnr. 2

«Rommedal stødul» vert det nemnt i gamal tid då det høyrde under Huvestad. Der garden er bygt, er det ujamt lende rned berg og knausar og bakkar - og den høge Huvestadhøgdi mot sudvest. Garden er gamal. Eit fornfunn (1910) frå yngre jarnalder er i oldsaksaml. i Oslo.

Til garden høyrer den anlagde plassen Tjønnstaul. Her er enno hus, både fjøs, løde og ny stoge.

Sist budde Olav Tjønnstaul der og foreldri hans, Aslak og Guro. Eit par staular har hørt til. Dei er no huslause og gror til med skog. (Vårstaulen og Tustetjosen.)

Husi på garden er i god stand. Stoga bygt 1917. Gamlestoga brann ned i 1946. Der er 2 små bur, det eine flutt frå Tjønnstaul 1897. Det andre har stått her i lange tider. Uthusbygningen er bygt 1925. - Som ein raritet kan nemnast at ein tilfare under låven ber tydeleg merke etter bjørnetenner - det har endå vore stokken over døri. Det skulle vera ein bjørn som var etter ei framleg kjerring. Ho fekk stenge seg inn i løda eller fjøset - og så har bjørnen bite så flisane har floge.

Det er 20 mål dyrka jord, 10 mål elles og 300 mål utmark. Den forrige eigar, Gunnar Torson, dyrka opp 15 mål og fekk Tor Vås premie i 1925. Han hadde ymse kommunale ombod og var murar av yrke.

Den nov. eigar Tor G. Råmundalen g.m. Margit Greggarsdtr. Lid, Øyfjell, overtok 1935. Han er både murar og byggmeister. Har bygt stoga (1917) og uthusbygningen (1925) og sett opp fleire granittmurar i heradet.

Litt av gamlesoga.

Hake Gunnarson Huvestad som livde i slutten av 1500, åtte m.a. nigard Rommedal, som då var staule. I skifte etter Hake 23. 4. 1625 får Gunnar Hakeson Homme og nigard Rommedal. Broren Knut får Huvestad. Han var busett på Dyrland omkr. 1620. Dråpet på Åkre i Mandal joli 1619, (sjå Huvestad).

Etter Knut busette seg på Huvestad ikr. 1625, kjøpte han innått «Den støel øfre Rommedahl» - for 12 riksdaler. Staulen hadde hørt til jorddrotten Ånund Holtan, og det var Knut Ånundson som hadde fått denne 1 tn. skyld i «byttelaug».

Det ser ut til at det vert øvre Råmundalen som vert fyrst bygt som plass og busett. Tov Ånundson f. 1680 d. på Råmundalen 1768 er truleg den første husmannen her. Skifte 1768, 13. 6. etter Tov. (I Ragnhild Torvildsdtr. (d. på Rårnundalen 1756) II Sigrid Knutsdtr.) 6 born etter Ragnhild (Asbjørn, Ånund, Torvild, Olav, Margit og Sigrid), Brt. 21 rd. Net. 17 rd. Medrekna husi på plassen Råmundalen, 20 rd.

Det ser ut som plassen går over frå Huvestad til Gjersund, og at det er Såmund Såmundson av Huvestadetts som kjøper plassen og legg han inntil garden (1748-1814). - Eit skifte på Gjersund 1786, 20. 2. gjeld Råmundalen. Joron Vigleiksdtr. er død g.m. Egil Johannesson (Vigleik 10 år). Brt. 27 rd. Net. 5 rd.

Torvild Tovson Råmundalen g.m. Margit Eivindsdtr. bur på plassen med borni deira er små (1753-62.) Torvild flyt til Runningen like ved - ryddar plassen - og dør der 1810. Dotteri Hæge Torvildsdtr. (f. 1758) g.m. Aslak O. Råmundalen (Storlid 2) bur på Råmundalen fram til 1800. 6 born alle f. Råmundalen (1787-98.) - Alle desse er husmenn på Råmundalen. Såmund Gjersund og kona Tone Torjusdtr. døydde båe på plassen Råmundalen, (Såmund 1814, Tone 1836).

Dotteri Tone Såmundsdtr. (f. 1784) g.m. Tor Tovson Sporastaul (Haugland 62) bur på Råmunddalen. Det er skifte etter Tone 1820, 4. 9. 3 små barn, (Såmund 4 år, Tov 2 ½ år, Tone 11 veker). Brt. 894 rd. Net. 368 rd. Medrekna jord i Sporastaul 8 sett. 400 rd. Tilgode i pengar 416 rd.

Bror å Tone var den kjende Åsmund Nordgård som saman med Åll bygde Bandak-Nordsjøkanalen. - Sonen hans, Hågen Norvald (f. 1805) g.m. Hæge Knutsdtr. (11 born) krev plassen Råmunddalen skylddela 3. 9. 1832 . Åsmund Nordgård f. på Gjersund fekk Råmunddalen etter far sin - «den ældste sør Norval overlod jeg nedre Ramunddalen, tillige med nogle penge og indbo, men han var uheldig i det, han forstod ikke at leve, solgte gården og gjorde ende på alt.» (Åsmund Nordgård 18. 2. 1846.)

Sonen Jakob har da Råmunddalen øvre samt Dalen østre på Dalen mot å forsyte foreldri sine. - Det er truleg av Jakob at Olav Aslakson har kjøpt eigedomen. (Norvald umyndig, og far hans møtte.) Jakob eigar 1852. Det som no er øvre Råmunddalen vart 5/8 av det heile. - Two av borni av Norvald vert fødde på nedre Råmunddalen (1826-31). Han flyt så til Krikken og er der i 1838.

Ein Olav Aslakson Råmunddalen, sonen åt smeden Aslak Olavson (Storlid 2) er på plassen Tjønnstaul u/Råmunddalen 1814 til 1825. Sonen hans, Aslak Olavson, bur der i 1840 åri. Ein son av denne, Olav f. 1843 og gift i 1870 med Bergit Tallevsdtr. (Kleiv 70) har Råmunddalen til sin død 1888.

I 1889, 6. 12. vert garden sold på skifte etter Olav Aslakson til Gunnar Torson (frå Innleggen i Bø) for 3000 kr.


➤ RÅMUNDDALEN (nedre) gnr. 63, bnr. 1

Lettdriven og velstelt gard - 24 mål dyrka, 10 mål innmark og 200 mål utmark. Til garden høyrd plassane Runningen, Taraldkos, Haugejord og Fossjord. No er det berre Taraldskos som hører til, dei andre er fråskilde. Stoga frå Taraldskos er flutt og står som eldhus på garden. Sist budde Olav Lintveit her.

Husi på garden er i god stand. Stoga er timra, men innattbygt med reisverk og klædt utvendes og innvendes av den forrige eigar Gunleik Bjørgulvson f. Berge g.m. Åste Olavsdtr. Gjersund.

Buret er gammalt. Uthusbygningen frå 1921.

Det er fråskilt eit bureisingsbruk Rårnunddalen søndre (Moen) 22. 8. 1935 til Gunleik G. Råmunddalen.



[Råmunddal, nigard]

Det var nedre Råmunddalen Norval Åsmundson fekk i 1832. Det var om han faren skreiv i 1846 «at han ikke forstod at leve, solgte gården og gjorde ende på alt» og no kom garden på framande hender.

Hans Taraldson Lundevall kjøpte nedre Råmunddal av Norvald 1835 (1300 spdr. og selde han i 1846 for 900 spdr.

Eigar 1852: Ole Haugeland af Mo. 1864: enken Ingeborg Ånundseltr.

Torbjørn Gudmundson skriv ut ein obligasjon til Hypotekbanken på kr. 1280, 10. 1. 1876 men i 1886 er Olav Jørgenson Midtsund eigar. Han kjøpte det 1882 av Torbjørn og Tåron³³.

Dotteri Åste Olavsdtr. fekk så garden g.m. Gunleik Bjørgulvson. No er det sonen Sveinung g.m. Gudveig Kj. Nystaul, Seljord som har garden, tok over 1936.

³³ Torbjørn Gudmundson og Tåronn til U.S.A. 1882 m/6 born, (19 år - 1 år).

➤ RUNNINGEN gnr. 63, bnr. 4

Dette var plass under nedre Råmunddalen - og ligg i austre kant av dalen. Det er nokså skiftande lende med små bergknausar og våte sævor iblant. Husi er gamle. Stoga er bygt den tid plassen var festa av Olav Sveinsson (1809-86) g.m. Ivlargit Olavsdtr. i 1840-åri. Olav var flink murar og vegbyggjar. (Bandakslikleivane). Han mura kari til Svollsbrui som enno står. Ein kap. Diedrichson hadde hatt Olav som arbeidkar og kytte mykje av han og sende han jamvel ei kostbar dyne då han låg på det siste. (Nils J.)

Dei hadde berre 2 born, Bergit og Svein. Bergit var g.m. Åsmund Haugejord. Svein gjekk lærarskulen og var m.a. lærar i Lunde vallkrinsen i 12 år. Han hadde plassen etter far sin og døydde på Runningen i 1898. Han hadde vore gift 2 gonger. (I Gunhild Knutsdtr. II Gunhild Tronsdtr., både d. Runningen 1869 og, 1920.)

Olav Sveinsson etter II ekteskap f. 1871 og g.m. Bergit Øysteinsdtr. hadde plassen etter sin far att. Olav d. 1960. Han var brukar av ymse større gardar m.a. prestegarden Moen i Kviteseid, (3 år). Elles var han i lang tid tilsynsmann hjå Tor den tid han kjøpte skogar og dreiv stort. Olav vart jarnvel send til Langlim med fullmakt til å kjøpe heile bygdi for Tor Vå. Han fekk ein skog på hand, men så ville dei andre ikkje selja, og så rakna «veven» oppatt, fortalte Olav.

Olav var kry av at han hadde fått svlvmedalje på jub.utstill. i Oslo 1914, for bygg vakse på Runningen. Bygg frå Ås landbr.høgskule fekk bronsemedalje same tid.

Svein, eldste sonen har overteke Runningen etter far sin. Svein er gift med Jensine Stang, Askvoll.

Plassen er for liten til å føda ein huslyd, så Svein har måtta tydt til ymse attåtarbeid. Det er om lag 20 mål dyrka jord og like mykje udyrka og ikr. 250 mål utmark.

Ein stad ute i marki heiter det Sveinfall. Det skal vera i byte millom Gjersund øvre, Rårnunddalen og Runningen. - Byglandsmannen og Huvestadbonden sloss om delet - og ein av desse fall dø.

Ved folketelj. 1801 bur husmann Torvild Tovson (83 år) og Margit Eivindsdtr. (75 år) og Margit Eivindsdtr. (75 år) på Runningen u/Råmunddalen. - Dotter deira Hæge Torvildsdtr. g.m. smed Aslak O. Rønningen i 1786. Far til Torvild han Tov, d. på Råmunddalen 1768 - 88 år.

Torvild og Margit flutte frå Råmunddalen 1762 og tok til å rydda og byggja på Runningen. Han d. på Runningen 1810 - 92 år gammal.

➤ SLÅTTUN gnr. 63, bnr. 7

Like ved Moredalselvi og utanfor Hemmestveitdammen på vestsida ligg denne bustaden. Frå gammalt låg her 2 små plassar Bergan og Damkosi. Her budde Halvor Nuten. Han hadde rudit både plassane. Sidan ruddde han Nuten og budde der til sin død.

Ein festesetel tinglyst 10. 10. 1864 til Olav Sveinson Runningen og kona og barn gjeld Damkosslåtta. Dei brukte det i lange tider - son etter far. Så vart det semje om at det skulle gjevest til voldgift, og O. Sv. Runningen (f. 1871) kjøpte det så etter takst 1936.

Olav sette opp hus her. No har dotteri Birgit g.m. Halvor Grasdalen overteke.

➤ VASSEND gnr. 63, bnr. 10

I nordenden av Bakkejønni (Hemmestveitjønni) på ein flat voll ligg denne plassen. Nokon gammal plass er det ikkje. Det er truleg Eivind Tjostolvson g.m. Bergit Sveinsdtr. som har rudit det. Dei får festesetel på plassen 17. 4. 1871. - Olav Jørgenson var då eigar av Gjersund. Dotter deira Anne Eivindsdtr. g.m. Sveinung Vassend og sonen deira Bjørgulv Sveinungson og broren Eivind, budde der ei tid. Bjørgulv d. 1960, budde sist på nedre Sollid. Anne hadde broren Svein, lærar i Modum.

Toralf sonen åt Svein, var sagbrukseigar på Modum. Han sette opp hytte på tomti.

➤ RÅMUNDDALEN (søndre) gnr. 63, bnr. 9

Uti enden av Råmunddalen, flatt og djupt med ei utsut skoglid på nordsida, ligg dette bureisingsbruket frå 1937. Husi ligg i nordhalli nokre meter opp frå dalbotnen. Garden er på 18 mål dyrka, lettdrivi jord og 10 mål udyrka. Utmarki er ikr. 200 mål. Her i denne logne kroi, utan å sjå ei lyse eller rykande pipe i augneleite, bur Gunleik Gunleikson (Storlid 205) og kona Anne Gunleiksdtr. Versto.

Til bruket høyrer ein gammal, attlagd plass Lintveit. Her på denne plassen budde ein lækpreikar som heitte Jens Lintveit.

➤ FOSSJORD gnr. 63, bnr. 6

Ovom Fossjordbrekka der den gamle Moredalsvegen gjekk, ligg denne plassen i ein dalsøkk på vestsida av elvi. Litt nedom ligg ein plass som heitte Haugejord. Dei siste som budde på Haugejord var Birgit Olavsdtr. (Nils J. 49) og Åsmund Guttormson. (Gjersund 23.)

På Fossjord budde spelemannen og målaren Guttorm Fossjord frå 1865 til 1887 då han drog til Amerika. Guttorm var yngste sonen av målaren Olav Guttormson som var komen frå Nordgarden i Langlim. Han budde lenge på Langerud u/Donstad. Guttorm f. 1826, g.m. Torhild Nerisdtr. (Sjå Rosemåling i Telemark II s. 70.)

Guro og Aslak Fossjord brukta plassen for Olav J. Gjersund til ut i 1930 åri.

Olav Råmunddal fekk både desse plassane av far sin Gunleik Råmunddal, (Storlid 182) då han gifte seg med Gunbjørg i 1937.

Både Olav og Gunbjørg er døde og borni eig Fossjord no.

Buret er gamalt, dei andre husi nye. Av dyrka jord er det oml. 12 mål og av utmark 200 mål.

➤ BYGLAND gnr. 64

Garden ligg vestan elvi midt for Brekke. Jordet er hekutt. Millom åkrar og ækrer ligg berg og knausar og små myrar. Eigedomen har 1000 mål utmark og 76 mål innmark. (36 mål dyrka jord.)

Til garden høyrer plassane Dalen og Hakedalen (nedre) og staulen Nystaul. Drangstveit som no er eige bruk, var plass under Bygland. Gopledalen i utkanten av jordet, ber merke etter tufter - og ved nydyrkning fann dei ei skjoldbule der.

I Dalen budde Guttorm Halvorson (Drangstveit 5) og foreldri hans Halvor og Tone i 1850 åri.

I Hakadalen budde sist Halvor Nordå ikr. 1900. Elles var no Trond Hakadalen komen herfrå, f. 1859, Guttorm som vart politimann i Minneapolis, var bror hans - ein ovstor kar - fortel Torjus Loupedalen, (Skisoga s. 132.)

Husi på Bygland er i god stand. Den gamle husestaden var litt lenger aust bortom løda. Den forrige eigaren Olav Eivindson (Hustveit 31) flutte husi dit dei står i dag. Stoga er svært gammal. Dei 10 fyrste kvarvi er magatægde. Stoga påbygd i 1880 av Olav E. Bygland.

Buret er frå 1780 - utan utskurd - og har same lag som lofti på Tveit, vestre, Landsverk øvre og Åkre i Dalane. Desse er bygde av Tor O. Landsverk.

Veslebur er truleg av same alder. Det har flatskanta vegger. Uthusbygningen med fjøs og stall under same tak bygd 1926. Kvern saman med Donstad.

Eit mykje rikt gravfunn vart gjort på Byglandjordet i 1943. I ei røys som vart utbroti, fann eigaren Eivind O. Bygland, fleire ting av jarn. Oldsaksarlingi vart varsle, og dei kom med folk og grov fram ei rik samling av stridsøksar, sverd og spjotoddar, piler, rangler, perler og smiereiskapar - ialt 300 ting. Funnet vart omtala som eit av dei rikaste frå den yngre jarnalder (850-1050).

Etter dette kan me toleleg trygt gå ut frå at garden må vera bygt omkr. år 1000.

Som så mange gardar, har skrivemåten av namnet vori så ymse. Det er skrive Byghland 1593, Biuglannd 1602, Buøgland 1612. Det er då kornslaget bygg som har skapt namnet, jfr. Rugtveit o. fl.

Bygland er nemnt i eit uprenta diplom frå 1589, der ein Anders Torvildson pantset eit halvt markabol i Bygland til stykmori Tore Helgesdotter. I vederlag har han fått: 1 hest for 8 gamle daler, ein engelsk vampe «godtt for thre Daller», og eit treskjeft tjeld for «halfanden Daller», - dette utgjer halvtrettande daler.

Eit anna uprenta diplom frå 1616, kunngjer at Gro Håkonsdtr. på Noraberg i Høydalsmo sokn sel 5 markabol i Bygland til Tormod og hans kvinne som har odel. Gro har fått det som giftegods med den forrige mannen sin Nikuls Tveiten, Summen er «Hallfemsintzthiuffue guode och enschinde Daller» (90 daler) som er betala henne.

Den 7. mars 1745 er det arveskifte på Bygland etter ovannemnde Tormod (Torvildson). Sorenskrivaren i Aust-Telemark, Tobias Martensen, er til stades saman med Knut Donstad, Ånund. Hauge og Såve Brekke. - Det er 3 tn. med «åsæde og herligheder», som skal delast millom dei 4 borni.

Torvild (har åsæte), Sæbjørn, Tarjei og Tone - den siste gift med Eivind Kallåk.

Bygland er rekna halvgard i 1593 og 1609-20, men i 1647 fullgard med ei skyld på 4 1/3 tn. og 6 daler. Oppgave over buskap 1657 vantar - så dei har sloppe «Kvægskatten». Kan hende stod garden øyde det året.

Eigarar og brukarar. I 1593 heiter brukaren Tormod og framover til 1620. Han er det arveskifte etter på Bygland 1645. Trond er leiglending på garden i 1611-13. Frå 1644 til 1664 er Sæbjørn Tormodson eigars Brukar av 4 tn. m.b.

Ein heil del brukarar har jordpartar i Bygland no framover til 1700 - m.a. Torjus Olavson g.m. Anne Hakjesdtr. (1672-81). I 1682 er det skifte etter Torjus. Dei har two smågutar Eilev og Olav, som farbroren Gjermund Ålandslid er verge for. Det vert ikkje nemnt nokon sum, men lausøyre «samt jord i Bygland 2 tn». -

I 1688 eig Asbjørn og Tallev 4 1/3 tn. Ved denne tid vert garden deila i two, øvre og nedre Bygland - såleis høyrer me at i 1697-1707 er ein Torjus eigars av 2 1/6 tn. og Olav 2 1/6 tn. (nedre Bygland).

Nokre utanbygds buande har pant i Bygland i 1670 åri og framover, såleis Magdalena Jessesdtr. 1 1/12 tn. (1672-75), Hans Tidemand 1 2/3 tn. (1672), Anders Cornix 1 1/12 tn. (1677-79). - Desse partane vert innfridde nokso snart.

Torjus sit på øvre Bygland, og etter han sonen Eilev framover til 1740. Den 17. 1. 1741 er det skifte etter Eilev Torjusson g.m. Torbjørg Nikulsdtr. Brt. 315 rd. Net. 195 rd. Han eig 4 ½ mæle i øvre Bygland, (dotter Gro g.m. Egil O. Brekke).

Det må visst vera Egil, mannen av Gro, som er skriven for 2 tn. i 1741. - I festarølet på Bygland øvre - då Gro Eilevsdtr. og Egil O. Brekke skulle festast, var det at Knut Sveinsson drap Olav Auverson Gjersund.

Egil Brekke sel Bygland til ein Torbjørn frå Hjartdal. Han eig desse 2 tn. 1742-50. Etter Torbjørn kjem Torjus som eigar - og han overlet luten sin til Øystein Tallevson 17. 2. 1759. I 1768, 28. 11. er det skifte etter Øystein. Brt. 332 rd. Net. 39. rd. Medrekna 1 tn. i nedre Bygland 200 rd. Sonen Torbjørn Øysteinsson får heimel på 1 ½ tn. 24. 2. 1769 - men berre 3 år etter overtok Tarald Sveinungson i alt 2 tn. (15. 10. 1772). Han er av Hommeætti som skulle vera komen or Setesdal. Kona hans heitte Sigrid Torjusdtr. (Grå 315). Den 20. 1. 1800 får enka Sigrid heimel til sonen Sveinung Taraldson g.m. Gunhild Ånundsdr. (Hurrung 11) får dei 2 tn. 25. 6. 1806. Han sit så som bonde på øvre Bygland til i 1830 åri. Ein son Tarald d. på Bygland 1832 (25 år).

Det er truleg at Eivind Steffason Hustveit kjøper garden av han i slutten av trettiåri - for Sveinung og Gunhild flyt til Strånd og dør der. (Sveinung 1840, Gunhild 1847.)

Steffa Eivindson (1836-1908) g.m. Gunhild Ivarsdr. (Skott 12) får garden av far sin. 6 born alle f. Bygland (i åri 1861-79). Steffa kjem i stor skuld til Hypotekbanken (Obl. 9. 5. 1864, 600 speisidaler. Ditto 2. 2. 1880 kr. 1300). og garden kjem til auksjon. Steffa med kone og 3 born til U.S.A. 1886, 3 av borni hadde reist fyrr.

Jørgen E. Eikland får auksjonskjøte 22. 4. 1887 lydande på kr. 5 800. Seinare overdrege til Egil Versto og broren Tarald Tallevson. Den 9. 11. 1898 kjøpte Egil brorens lut for kr. 3 700, - og vart eineeigar av Bygland.

Egil Tallevson og kona Åse Torjusdtr. (Nordskog 58) hadde så garden. Dotter deira Bergit g.m. Johannes J. Hauge, fekk så garden etter foreldri. Bergit vart enke i 1934. 4 born.

➤ BYGLAND (øvre) gnr. 64, bnr. 2

Øvre Bygland ligg i ei dalkro vestorn stogufjell og har 35 mål dyrka jord og 40 mål anna innmark og 700 mål utmark, (5 mål nydyrka).

Plassane Kosi, Åtestaul, Styve og Staulen hører til. På Åtestaul budde Olav og Gunhild med 5 born ved århundreskiftet.

Husi har stort sett stade på same tunet, men flutte og ombytte - såleis at stoga og løda har bytt plass. Stoga er ombygt og påbygt i 1930. Uthusbygningen 1929. Buret er gammalt med svaler, men ikkje utskurd, nymåla og velstelt. Årstalet 1843 står på ein bjelke inne i buret, men er snaudt rette alderen. Eldhuset er frå 1927.

Garden er ættagard frå 1898. - Eigar no er Birgit Egilsdtr.

➤ BYGLAND (nedre) gnr. 64, bnr. 1

Dette er hovudbruket. I slutten av 1600 talet vart øvre Bygland skild ifrå, og Torjus får det. Olav broren, sit att på hovudbølet. Åsmund Jonsson og Gyri Sveinsdtr. (både ukjende) kjøper så garden. Han død 1769, 85 år, og sonen Jon g.m. Bergit Halvorsdtr. får heimel 1. 10. 1767 (2 tn.) Han har garden 1792 då det er skifte etter kona hans. Brt. 518 rd. Net. 0. (gjeld 619 rd.). Garden går over til Jørgen Olavson g. 1799 med Margit Torvildsdtr. Omtveit (II 1803, Kari Halvorsdtr. Gjersund). Han får heimel 25. 2. 1802 og har garden i 1821.

Det er truleg at Eivind Steffason kjøper garden av han i slutten av 1830 åri.

Sonen Olav d.y. f. 1854 og g.m. Gunhild G. Skare fekk denne garden etter faren. Han vart tilslutt mykje skuldig på garden. (Obl. til Hypotekbanken 9. 8. 1886 på 3000 kr.) og garden selde deg sjølv. Gregar Kj. Utabjå kjøpte garden på auksjon i 1891. Han hadde eigedomen i 11 år til i 1902 då han flutte til søndre Brekke.

Johannes, son av den forrige elgar Olav E. Bygland, kjøpte så garden. Han døydde ugift i 1935. Broren Eivind g.m. Birgit Aslaksdtr. (Haugen 71) fekk skjøte 2. 9. 1930.

Ei tomt Skogheim (1 mål) fråseld i 1939 til Ingvald Bruhaug.

På eigedomen er eit skjerp som ein gruveingeniør Bertol dreiv i 1880 åri. Det er endå tinglesen ein ekskusjon 16. 1. 1880 hjå Bertol for kr. 32721,71. I denne samanheng vart det tingl. ein kontrakt 18. 10. 1887 med O. E. Donstad og broren O. E. Bygland d.y. om vassrett til eit vaskeri på vestsida ay elvi. (Heimebakken bnr. 3, skyld 11 øre.)

Styve.

Styve rudit omkr. 1800 av Tallev Styve, bror åt Åsmund Solheim som hadde att Bygland ei tid.

Husi på Styve har stade hit på braddi i Byglandjordet, med godt utsyn austover mot Brekke, Hauge og Skare. Plassen vart sold til Jørund Bygland, og Tallev kom til Bygland på sine gamle dagar og døydde der. Stoga vart sett opp til eldhus på Bygland. Sist stod det att ei liti løde på plassen - det var i 1890 åri.

Dalen.

Litt i sudvest for Styve, ligg Dalen jorde i jorde. I 1853 kom Halvor Dalen frå Dalane og spurde Eivind Donstad etter rudningslende. Eivind åtte då nigard Bygland og gav Halvor rudningslende der. Kona hans heitte Tone og var dotter åt Guttorm og Margit Lian. Dei fekk 5 born (Olav, Guttorm, Halvor, Margit og Turid).

Etter Halvor og Tone hadde døytt, kom Aslak Torjusson Omlid g.m. Rannei Ånonsdtr. Drangstveit der. Dei reiste til Amerika og plassen vart lagd øyde.

➤ DRANGSTVEIT gnr. 64, bnr. 4

Dette er ein plass utskild frå Bygland i 1906, 10. 11. Han ligg i sudhalli mot morgonsoli, lognt attom ein tykk skogkrull. Det er 10 mål dyrka og 40 mål utmark. Namnet finst i Fyresdal og andre stader. Under Skare ligg ei slåtte som heiter Drangeland. Etter O. Rygh: «spids, opragende klippe», men dette passar no ikkje så godt her nett - for lendet ovan plassen har berre låge knausar.

Husi på bruket er i bruakeleg stand. Stoga er gamal, men omattbygt (1939). Løda er ny (1954), men fjøset gamalt og skal snart gjeva rom for nyt.

Buret er berre ei vanleg, liti stolpereising.

Plassen har gått i fleire kjøp på dei siste 50 åri. Bjørgulf Sveinungson Vassend hadde kjøpt det innåt Vassend av Olav Eivindson Bygland i 1906. Bjørgulf selde det til Tormod Nuten, og han til Sigvald Sandstaul (Rauland) og så til Olav Skålid (utv.) Av den siste kjøpte Aslak Guttormson Nordjorde g.m. Bergit Halvorsdtr. Harthol eigedomen i 1924.

31. 3. 1857 Kari Halvorsdtr. Drangstveit til U.S.A. (20 år).

Halvor Olavson (1814-66) kumen frå Mo budde her i 1850 åri, (Drangstveit 1).

➤ DONSTAD gnr. 65, bnr. 1

Ein heller trong liten dal strekkjer seg i nordvest leid frå Brekke i Morgedal fram til Donstadgarden. Der husi no står, er det litt meir romsamt og ópe, men jordet er bakkut, og noko ujamt av lag. Slåttelandet er ikking 70 mål (40 mål dyrka) 1600 mål utmark.

Den gamle husestaden låg lenger vest og opp på ei høgde med fint utsyn over Nordbygdi i Morgedal. Aslak Svalastoga frå Vinje åtte garden den tid husi vart flutte - fyre 1837.

Til garden har hørt plassane Hakadalen, Solheim og Langerud og staulen Skarkernyr. Plassane er atlagde. I Hakadalen budde sist (ikr. 1900) Halvor Herbjørnson Nordå g.m. Sigrid O. Lid. På Solheim budde Åsmund og Tone i 1870 åri og litt seinare Gunnulf og Lovise. Plassen Langerud i marki ned mot Morgedalstjønni står huslaus, og har ikkje hyst folk i manns minne. Her budde målaren Olav O. Langerud - sonen åt Olav Guttormson Nordgarden. Han var fødd der 6. 6. 1818. Sjå Rosemåling i Telemark II s. 62.

Husi på garden er i mykje god stand. Stoga er gamal og freda. Den kjende rosemålaren Knut Mevastaul har måla ivistoga i 1850, både skåp, senger og dørar. Fargane er klåre som det var måla i dag. I kronesengi til høgre har kong Olav overnattet då han var kronprins.

Loftet er svært gamalt og av grovt timmer, men innklædt, jamvel dei utskorne svalstolpar. Oppgang inne i buret frå først med merke i golvet, no laga trapp ute i svali. Mange tjørekrossar over døri og ute i tvemskurden på lofti. (Jfr. Hauge-buret.)

Eit lite bur ved sida har flatskanta vegger med 6 jarngrind over døri med monogrammet: Anne Åmondsdr. leseleg frå høgre og venstre. (AADMN). Løda er gamal, timra med skålar og two låvegolv (3 høgder) og kornrom og høyrom. Ein stor, romsam uthusbygning bygd 1920 står i vinkel med den gamle (gang imillom). Eldhuset er timra og måla raudt, nokså gamalt. Badstoga er i god stand. Kverni i elvi nedom Morgedalstjønni er i bruakeleg stand. Det var sag til garden fyrr (oppgangsag).

Donstad er ættegard frå 1835.

Garden Donstad høyrer ikkje til dei eldre gardar. Det finst ikkje anten prenta eller uprenta diplom om denne garden. Rett nok er det eit funn i Oldsaksaml. - eit knivblad av jarn, rnen det veikjer noko at funnet er frå uviss tid. Gardsnamnet er noko vanskeleg å tyda. O. Rygh nemner ymse tydingar og vert ståande ved duna, drønn. Det kan ha vore ymse brak og bulder nord i denne dalgluppen. At namnet kjem av mannsnamnet Dond er vel berre fri fantasi - endå det er spunne ein god tått om dette namnet. Det har då vori skrive på ymse måtar. Donnestad, Dønnestødul (1602), Dennestad (1612). Utalast Dónsta.

Donstad er rekna halvgard 1647 med skyld 2 ½ tn., 3 daler, og buskapen 10 år etter er 1 hest, 9 naut, 14 sauher, 7 geiter.

Eigarar og brukarar. Gro reider ut saltverkskatten 1609-11, Håvard 1619-20, Åmund (1645), Jon (1661). Ved folketelj. 1664 er Gunnar 40 år og Guner 26 år. Elles skifter det med brukarar i dette hundreåret fram til 1700. Torkel Donstad er rekna odelsbonde 1641-65 og eig 1 ½ tn. i Donstad og 2 ½ tn. i Tytegrav, og 1

1/3 tn. i Bjåland og 2 tn. i Håtveit. - Åmund Donstad er odelsbonde 1641-53 og eig 1 ½ tn. i Nordgarden og 1 tn. i Hovdekleiv.

Elles er Kjetil Lid eigar av 2 tn. (1647-59). Br.berg kyrkje eig 1 1/6 tn. i garden 1647, 1672 og 1751. I 1660 har Signe Torgrimsdtr. 2 tn. m.b. - og sonen hennar Torgrim 2 1/6 tn. i 1672-76. Gunleik, Lars, Eten, Aslak og Hr. Amund Hansen (2 tn. i 1682) har pant i garden fram til år 1700. Ein Aslak Anderson har garden 1695-1731. Den sarne som det er skifte etter 1731, 12. 9. Aslak er gift med Liv Torgrimsdtr. og har 2 døtter Ellen og Sigrid (båe gifte). Netto 90 rd. Garden er overdregen til versonen Knut Vernerson Tveit, mannen av Ellen. Han finn me som eigar av Donstad 1731-65 (2 tn). I 1743 er han oppført med 100 daler i reide pengar. Knut heimlar 2 tn. 12. 6. 1721, men det må vera feil årstal, då det står at sonen Olav Knutson også heimlar det same i same året.



[Anne og Olav Donstad (Hustveit 29)]

I 1793, 18. 3. er det ei stor åstadsak på Donstad. Det gjeld grensa mot Bygland. - Det er Olav Knutson Donstad mot Tarald og Jon Bygland. (Tarald Sveinungson og Jon Åsmundsson.) Olav Knutson d. på Donstad 1806. Kona Gro Guttormsdtr. d. 1807.

Sonen Knut Olavson, får heimel 25. 2. 1808, (2 1/6 tn.). Han er gift 2 gonger (I Gunhild Kjetilsdtr. II Anne Ånundsdr. (enke) Knut har ikkje born med nokon av dei, men Anne har vori g. fyrr og har 3 vaksne born. (Ånund, Dagne og Åshild Gunnarsdtr.)

Det er skifte etter Anne på Donstad 16. 1. 1827. Då er Knut 63 år.

Straks etter sel han garden til Aslak Svalastoga, Vinje. Han er det som flyt ned alle husi. I 1837 kjem Eivind Steffason Hustveit frå Vinje og tek bustad på Donstad. Kona heiter Tone Jørunddtr. (Storlid 157). Sonen Olav (1840-1903) g.m. Anne Aslaksdtr. (Storlid 214) overtek så Donstad. Dei hadde 13 born. Eivind f. 1879 har drive garden saman med dei 5 ugifte syskini sine, (Aslak, Steffa, Jørgen, Gunhild og Hæge).

Eivind er eigar av garden sidan 1903. Saman med syskini sine har han dyrka opp omlag 30 mål jord. For dette fekk dei Tor Vås premie i 1926. Eivind har også ala fram mange premiekyr og stutar.

Eivind var ein dugande skilaupar. I 1901 vann han Kongepokalen i eit renn på Ulefoss og i 1903 vann han ei stort sylslege drykkjehorn i Holmenkollen.

Solheim u/Donstad.

Nordi enden av Donstadskogen ovanfor Leirlid ligg Solheim. Frå fyrst av var det plass under Donstad, sidan sjøveigedom. No har det atten komi til Donstad og dei brukar han som staule om sumro.

Åsmund heitte han som rudde denne plassen. Han åtte halve oppigard Bygland, men selde det og rudde så Solheim. Folk undrast på denne åtgjerdi, men Åsmund sa: «Byglandsåkeren er so piren om våren, men på Solheim er meir lauvsnikje og drog seg under skjero». Kona hans heitte Tone og var komi frå Gjeldstad, syster åt Øystein som rudde Åsheim. Ho var medgjeti knipi og nånøyti. Ho svelte mann og ungar meir enn godt gjorde. Til dogurds fekk dei greie seg med tre skeisblad mjølk attåt grauten. Kyri herinar heitte «Lykkegev». Fyrste venda ho mjølka ho etter kalvingi, tok ho av seg slangesya og sprengte fyrste dropane gjennom henne. Etter kyri hadde vori til okse, slo ho henne over krossryggen med fillebuksa av mannen sin.

Tone og Åsmund hadde 2 gutter, Gunnar og Halvor. Gunnar budde på Solheim etter foreldri. Han var gift m. Gunhild Leirlid. Var ikkje fritt anna han dreiv med brenning. Han tok på seg å lutbrenne. Av 1 tn. jordeple og 1 nottong malt fekk han 18 potter brennevin. - Men det var ulovleg, og øverheiti fekk nysn i det og sende ein kontrollør nordover. Han var inn på Donstad og ville få ein vegvisar. Kona som visste om brygget der nord, fekte hente mannen med mat og drikke - medan ho let eit snarbod gå fyre til Sollheim. Kontrolløren fann ingenting ulovleg, då han kom på staden i kveldingi.

Etter Gunnars tid, stod Solheim øyde, seinare kjøpte Gunnolv Omlid det av Olav Donstad og flutte dit, men Olav tok det att på odel.

➤ UNDEBERG gnr. 66

Hustuftene på Undeberg ser me enno ævor etter oppom den store steinen oppi bakkane under Undeberghaugen. Denne garden var i si tid utskild frå Berge. Han er nemnd alt i 1593 (Undeberigh). I 1709, 7. 12. er det skifte etter Ingebjørg Asbjørnsdtr. Ho har ei dotter, Tone Jonsdtr. Brt. 56 rd. Net. 47 rd.

Eit nytt skifte 1749, 26. 4. etter Sondre Halvorson. Arvingar er mori Anne Sondresdtr. og 3 born, Guttorm 7 år, Tone 13 og Torbjørg 10 år - med ein halvbror Olav Halvorson 20 år og Bergit og Anne Halvorsdtr. 22 og 17 år. Brt. 16 rd. Net. 13 rd. - Dette er nok berre bruksfolk eller husmenner.

I skifte 1759, 30. 3. etter Asgerd Såvesdtr. g.m. Olav Sondreson er bruttomedelen 375 rd. Net. 333 rd. irekna jord i Undeberg 2 tn. m.b. for 203 rd. 4 småborn frå 9 ½ år til 14 dagar er nemnde. (I buet sylv for 15 rd.)

Ei åstadsak millom Dalen og Huvestad i 1725 syner at Egil Sudbø er innkalla til å møta for Undeberg. Han er truleg eigar då.

Garden har visst skift eigar alt i eitt, for den Torkjel Olavson som det er skifte etter 19. 1. 1774 og g.m. Åshild Gunsteinsdtr. Holtan, er ikkje nemnd millom borni av Olav Sondreson i 1759. Dei har dotteri Ronnaug 24 år. Brt. 102 rd. Net. 77 rd. Halvbror til Torkjel, Olav Olavson får arv «udi plassen Bottkiønhaugen».


I skattelistene for 1775-77 er enke Torhild Olavsdtr. nemnd som eigar av Undeberg.

Tarjei Tallevson Kleiv (1779-1849) åtte Undeberg ei tid, men bytte det så bort i Sudbø med ein Guttorm Guttormson.

Det var vidder til garden, såleis heitte Kolbukasin, Undebergkasin frå gammalt. Kolbu og Løkjin var visst Undebergstaular, likeins Listaul oppom Kolbu og Breidal som både er attlagde. Haugen var au ein part av Undeberg. Langt attende var det stor skog millom Berge og Haugen - store ospelunnar med gamle revahie. Haugen var frå først ein skarve plass under Undeberg, fortalte Torleif Omtveit.

Den siste som budde på Undeberg, var Tarjei Sjoås. Han brukte der for Halvor Grave. I 1821 er det ein Gunnar Halvorson som får skjøte på Undeberg, og i 1832 sonen Steinar Gunnarson. Men i 1840 er Halvor Olavson eigar. Det kan ikkje vera den same som Halvor Grave som i 1848 har auksjonskjøte på garden - for denne var gift med ei Mari frå Lunde og hadde 2 born, Gunnar og Torhild.

Etter Halvor O. Grave fekk sonen Olav Undeberg i 1854. Gamle Halvor hadde då dela opp garden. Ein part vart lagd til Sudistog Berge og ein til Haugen. Stoga på Undeberg flutt til Haugen i Olav si tid, men i 1870 åri sette Olav opp ny stoge, den som no står. Halvor som ruppe Bergan, var timmermannen - han fekk ei kyr i betaling, verdsett 22 daler. Buret på Haugen oppsett av Gregar Lakshyl, Seljord.



[Halvor Berge (Grave 6)]

Veslebur på Sudistog Berge er flutt frå Undeberg. Dei andre husi vart tekne til ved eller rotna ned. Ei attlagd ækre har namnet Fjøsåker og ei anna Grauteknappåker - den åra fort så den kunne gjeva tidleg grautmjøl.

Frå tingboki:

Citanten Øystein Tallevson vil innløyse garden Undeberg m/260 rd. frå contra-partane Aslak Berge (nordre) Halvor Berge og Egil Sudbø. Dei undrast stort at citanten trur at han har løysingsrett. Dei har hatt det i dobbel hevdsåringar.

Dommen gjekk mot Øystein og Aslak og Egil får ha Undeberg 2 tn. til odel og eige 18. 4. 1730.

➤ HAUGEN (Undeberg) gnr. 66, bnr. 1

Garden ligg på ein flate like ved storvegen og byter med Strand og Sandåker, øvre og søndre Berge. Der er 30 mål dyrka jord, 25 mål skrapslått og beite og 750 mål utmark. Løkjin, ein heimestaule høyrer til, no attlagd.

Husi på garden i god stand. Garden har vori i ætti frå 1840 då Halvor O. Grave, Bø kjøpte han av underfogd Schreider, (dela 1845).

Olav Halvorson g.m. Ingebjørg Tarjeisdtr. Kleiv hadde så garden. Dei hadde fleire born m.a. Bergit g.m. Klas Kjetilson Dale, (Flatdal). I skiftet etter Olav vart det så at Klas fekk kjøpe garden. Seinare gjekk eigedomen over til Torleif T. Omtveit som var gift med syster å Bergit Haugen.

Sonen deira Olav g.m. Magnhild O. Landsverk overtok garden, (2 born). Magnhild vart enke 1929 og har sidan hatt garden. Ho har leigt bort garden, m.a. har O. E. Landsverk g.m. Helbjørg O. Berge brukar der i fleire år.

Skulehuset for Nordre Morgedal står på eigedomen like ved husi.

➤ MOSTAUL gnr. 66, bnr. 2

Dette er ikkje stor jordmolen - kanskje 15 mål i alt med halvparten oppdyrka. Det ligg undan for soli i sudvestre kant av Moskei - like ved vegen. Det var plass under søndre Berge, og her budde ei tid m.a. Guttorm Nordjorde og Ingerid.

Eivind Mostaul var bror å Sundre Nordheim. Eivind var og skimakar og vevskeimakar. Han budde her i 1860 til 1890 åri. Foreldri å Sundre hadde og butt på Mostaul. Eivind stod endå i glaset og såg då Sundre rann Kastedalskotet. Anne, dotter hans (f. 1864) var bitte liti den gongen. (Sjå Morgedal s. 77). «At du ikkje løyper deg i hel,» sa far den gongen - «men Sondre la so lite til, han var fåordig og stutt og skrytte aldri.»

Den tid stod husi litt lenger vest.

Det er Hallvard Jørund, son å Tallev Sveinungson Berge som har bygt seg huS like ved vegen. Han er g.m. Bergit Aslaksdtr. Kleiv.

Han arbeider i jordskifteverket.

➤ LEIRLID gnr. 66, bnr. 4

I ei nordhall beint aust for Nordskog ligg denne eigedomen inngjerd av granskog på alle kantar og noko hallande fint oppdyrka jorde

Det har frå gammalt vori plass under søndre Berge. Dei gamle husi stod litt høgre opp og er rivne og tuftene utbrotne. Her budde Jørund Hansson og Gunhild Levorsdtr. ikr. 1790. I låvebrui ligg ein Stein med innrita årstalet 1787 og bokstavane H.J.S. Det er truleg far åt Jørund. Elles er det ein husestad lenger sud ved det gamle vårfjøset. Kanskje det er den eldste.

Olav O. Undeberg (Seljord) kom til Leirlid i 1890. Han betala feste (stedsmål) med 420 kr. og sidan kr. 20 i leige kvar 14. 10. - Han sat som husmann til 1939 då sonen Olav f 1903, kjøpte det med jordloven av Halvor Sveinungsson Berge. Olav fekk i stand bureising og bygde nye, romsame hus. Halvsyster hans, Hæge f. 1891 bur saman med Olav og driv garden - som er på 40 mål innmark (20 mål dyrka) og 120 mål utmark.

I 1801 Jørgen Hansson Leirlid (til år) og Gunhild Levorsdtr. (53 år).

Bjørn, Svein og Barbro var 3 ugifte systken som budde på Leirlid noko fyre Olav Undeberg kom der.

➤ BERGE (søndre) gnr. 67, bnr. 1

Denne garden som er utskild frå øvre Berge vart i 1641 rekna for øydegard med brukaren Egil (Igel.) I 1647 heiter det «en ringe gaard foruden eiendeler». - Likevel vert skyldi sett til 3 tn. i tidbolken 1647-71 og rekna halvgard. Me skjønar at garden tek form med hus og jorde omkr. 1650, men vert ikkje utskild frå hovudbruket fyrr i 1670 åri.

I desse første åri finn me brukaren Igel 1647-61, Jon 1662, Halvor 1664-68. Igel (Egil) eig dessutan jord i fleire gardar framover 1641-81, såleis i Rui 1 tn. Dalen 3/4 tn., Kallåk 1/3 tn., Bjåland 1 2/3 tn. Habesquam (Habbarskvammen) 2 tn.

Knut Berge er brukar 1672-85. I rettsbøkene finn me dette: Den 23. 9. 1678 er det ting på Utsond, der er Knut innstevnt fordi han har gjeve Eilev Hauge 3 øksehamarslag. Knut påstod at Eilev fekk berre 2 slag - det 3. slaget fekk ein Olav Ormbrekk som blanda seg inn i ureia. Eilev ville ikkje minka talet, men heldt fast på dei 3 slag. - Domen vart så utvida til å gjelda 4 øksehamarslag à ½ rd.

Etter Knut kjem Tallev og svarar skatt og utreidsler av garden framover til 1699. Etter Tallev kjem Kari 1700-04, så Eilev 1705-07, så etter Kari 1712-20. Etter henne Halvor 1721-44. Olav Halvorson (1758-65) har no løyst inn dei 3 tn. som har vore deila på ymse namn det framfarne hundredåret, såleis Kari 2 ¼ tn. (1701-11) og Halvor 2 ¼ tn. (1721-34). Knut Olavson fær heimel på Berge søndre 27. 2. 1794. Han er eigar framover til 1811, då garden går over til Åmund Aslakson og Guttorm Aslakson.

Denne Tallev som er nemnd framanfor, er Tallev Såvison av den gamle Bergeætti. Kona hans heitte Kari Torsdtr. - Halvor, sonen deira, sit med garden 1721-44, gift 2 gonger (I Tone Årnundsdr. II Anne Sondresdtr.) Olav Halvorson Berge g.m. Ingebjørg Egilsdtr. Huvestad (10 born, 6 d. små). Desse flyt frå Berge s. til Huvestad omkr. 1773 då Ingebjørg var odelsgjente.

Sonen Knut Olavson (1764-1821) g.m. Gudve Leidulvsdtr. Stor-Omtveit hadde 9 born som alle vokst opp. Knut makaskifter gardar med Åmund Moen (Uppigard) i 1811. - Han har garden samla til 11. 7. 1832 - då vert desse 3 tn. dela likt millom Halvor Olavson Grave g.m. Helbjørg Sveinungsdtr. Nordheim og Åmund Moen. Halvor husa der sud, bygde m.a. stoga som står der i dag. Namni av Halvor og Helbjørg står på kammersdøri med årstalet 1839. Sveinung son deira, fekk så garden, g.m. Gunhild Johansdtr. Skare, og dotter deira Gunhild Sveinungsdtr. g.m. Sveinung Tallevson Kolltveit fekk heimel 5. 11. 1883. Halvor Sv. Berge hadde garden frå 1936 til 1941 - då ein son av Tallev Sveinungson Berge, Sveinung, tok att garden på odel - og er no eigar. (1956).

➤ BERGE (nordre) gnr. 67, bnr. 2

Dette er halvdelen av det gamle søndre Berge som vart sjølvstendig bruk ikr. 1650, utskild frå øvre Berge. Husi vart flutt ned frå Undeberghaugen i 1780 åri (Anna Havslund f. 1777, mor åt Bjørgulg Gunleikson Berge, minnest dette). Etter alt å døma er det Knut Olavson g.m. Gudve Leidulvsdtr. som stod for flutnaden. Han makaskifter gardar med Åmund Moen i Dalane i 1811. Denne Åmund g.m. Asgjerd Johansdtr. vert snart svært skuldbunden på garden og lyt i 1832, 9. juli avstå 1 tn. 6 sett. til bøheringen Halvor O. Grave som hadde kome til Gjerjord i 1828. Han husar så på sudistogu. Deildi står midt i tunet såleis at bytet går beint gjennom stoga i nordre Berge.

Åmund sel resten av garden sin til Harald Knutson og flyt til Nordjorde. Harald byter gardar med Olav Aslakson som eig ein part i Bekkhus i Mandal og får 30 speisidalar i mellomlag. (Maksk.brev 4. 3. 1840.) Same året byter Olav bort Berge i Gjerjord med Knut Bjørgulgson og får 146 dalar attpå. Berge verdsett 454 dalar.

I 1846, 11. 6. skriv Knut ervebrevet sitt (tingl. 1853), og etter det erver Såmund Sveinungson Bjåland garden. Av honom kjøper Bjørgulg Gunleikson Brekke garden for 800 sp.daler 30. 9. 1853. Halvor Grave baude han att same verdet. «De e ikkje fe de e verdt de, men fe at eg tiss vondt om deg» - hermer dei etter Halvor. Ætti av Bjørgulg sit på garden framleis.

Bjørgulg g.m. Åsne O. Strand i 1842 bruka i fleire år. - Jamvel etter han handla seg gard, bruka han på Brekke. Garden Berge sette han bort til Torju Sollid. Fyrst i 1858 overtok han garden. Han tok fatt med husing. Flutte fjøset nedom vegen og sette opp bur på fjøstufti og bygde ny løde, (gamlebur vart flutt til sudi-stogu).

Bjørgulg dreiv som kreturhandlar og smed og kom seg opp etter kvart. Han var koparslagar og smida plogar og eggjarn. Et år gjorde han 22 plogar.



[Åsne og Bjørgulg Berge (Storli 166)]

På Berge var skyss-skifte og gjestgjeveri i Bjørgulfs tid og svær oppgang av utmenner og fjellmenner.

Bjørgulg og Åsne sat med garden til 1889 då son Halvor g.m. Helbjørg Halvorsdtr. Haugen overtok. Halvor døydde 1938, og sonen Bjørgulg hadde garden i 6 år (1944-50). Då Bjørgulg døydde, overtok broren Hallvard eigedomen. Han selde til brorsonen, Steinar Olavson Berge g.m. Marie Dæhlin (Vangsåsen).

Berge har 50 mål dyrka jord og 1200 mål utmark. Av dette 500 mål produktiv skog. Jonslistaulen høyrer til garden.

➤ NORDSKOG gnr. 67, bnr. 3 og 4

Innunder den skogkledde, høge Gjømregg i ei dalside mot morgonsoli ligg denne garden med utsyn austover til Gøysen på Skorve. Nordskog har eingong vore plass under Berge nordistogii. Det var two Nordskogplassar ei tid, Sudistog låg høgre opp og lenger sud. No er det att berre murar og tufter. Her budde Halvor Knutson, son åt Knut Villumson.

Husi på Nordskog låg 150 m høgre opp under ein nutenabb som heiter Nuten. Der budde m.a. Gunnar O. Tvestodal og Gyrid. Halvor Knutson kjøpte Nordskog av dei i 1853. Sonen Knut, g.m. Anne O. Kleivi (Flid.) kjøpte eigedomen 1905.

Stoga på Nordskog brann og dei gamle eigarar flutte frå og selde plassen til Halvor KnUtson g.m. II Anne Norvaldsdtr. (g. I Gro Kosi u/Bjåland).

Åsmund Nordskog overtok etter faren, men selde att til Tallev Larsson som hadde Nordskog ei kort tid. Då Knut, bror åt Åsmund, kom att frå U.S.A. i 1905, kjøpte han garden av Tallev.

Der er 25 mål dyrka jord, 30 mål kulturbeite og skrapslått og 100 mål utmark. Bortom Leirbekk ligg ei liti slåtte Rolegmoen (3 mål).

Husi på garden er i god stand. Stoga timra i 1854 og no klædd ute og inne. Eit snikkarrom er bygt innåt i 1946. Likeins ei kårstove, (1946). Uthusbygningen er frå 1911 med ymse tilbygg i nyare tid.

Eit bruk, Bergly, bnr. 5, utskild 1945 - ikr. 30 mål, til Norvald K. Nordskog g.m. Jenny Tveit, Matre i Sundhordland.

Den noverande eigar, Olav Knutson g.m. Gunhild O. Håtveit (sudigard) overtok garden i 1946.

Olav driv med snikking og treskjering attåt gardsbruket.

➤ BERGE (østre) gnr. 68, bnr. 2

Garden ligg fint til i Nordbygdi i Mørkedal. Jordet er fint hallande og lettdrive. Det er no oml. 70 mål dyrka jord, 50 mål kulturbeite og stuttljåslått og 800 mål utmark. (600 mål produktiv skog.)

Garden er truleg ein av dei eldste i bygdi. Det er gjort fleire fornfunn i gravhaugar i jordet.

Husi låg litt lenger sud fyrr, bort mot den flå bergpynten (Undeberghaugen) som vel har gjeve garden namn.

Like ved husi ligg ein stor stein. Segni seier at det var Bjår, rysen i Bjålandfjellet som kasta steinen etter husi på garden, men han råka ikkje. Rysen ville så ned den fyrste rykande pipa i dalen, som skipla freden hans.

Til garden har hørt høgheii Jonslid og vårheii Røynstaul. Utskiftingi i 1950 la Røynstaul til Sudbø, og Berge fekk att Sudbø-Tjønnstaul. Jonslid er no sold til Olav L. Berge.

I slutten av 1500 talet frametter til 1640-åri sat Nikuls Olavson på «Nordgarden i Berge» i Mørkedal og rådde for mykje jord i bygdene her, (30-35 tn.) Men i 1650-åri og frametter løyste Aslak Vetleson Storåsli og sonen Såve inn gardar og jordpartar som Nikuls hadde ått, såleis nordre Berge o. fl. Det hadde seg truleg slik at Aslak var gift med ei dotter eller stykdatter til Nikuls Berge. Aslak hadde 5 soner, og ein av dei var Såve som vart buande på nordre Berge og gift med Turid Bjørnsdtr. Brokka.

Berge vart rekna fullgard, 7 1/6 tn. og hadde stor buskap. Etter oppgåve frå 1657 betala dei kvægskatt av 2 hestar, 10 kyr og kviger, 20 lam og sauer og 6 geiter og bukkar.

I eit brev frå 1451 (Dipl. Norv. b. I s. 595) er Berge nemnd. «Bergh som ligir i Moldale i Bruggabergh sokn.» Av fornfunn frå Berge som no er i Oldsaksamlingi i Oslo, kan nemnast eit fragment av eit tviegga jarnerverd frå yngre jarnalder.

Eigarar og brukarar. Den fyrste brukar på Berge, nordre, som er nemnd, er Nikuls. Han betalar arbeidsskatt for året 1593-94 og saltverkskatt for 1609-11 og 1619-20, (Nikuls Olavson). I 1644-47 i lista for heile garden, heiter brukaren Gulllik. Ved folketelingi 1664 er nemnd Såve (Soffue) 80 år som oppsid. og sonen Asbjørn 16 år og Olav (Oluf) 24 år. I 1647 denne merknad: «Ganske ringe eiendom - for høit satt i skyld.» -

I tidi 1672-1704 er garden dela, for no er skyldi sett ned omlag det halve til 4 tn. Frå 1705 til 1808 rekna 4 ½ tn.

Ikkje mindre enn 16 uprenta diplom handlar om Berge i tidi 1589-1658. Dei fleste har noko med Nikuls Berge å gjera som i mange måtar synest å vera ein eigenrådig og myndug mann som «blæs i lov og dom». -T. d. eit diplom frå 1600 der han nektar brorborni 5 års landskyld - og held att brorarven til Torjus Olavson. Frå 1607: Der må lensmannen i Lårdal stevne Nikuls fordi han ikkje lyder dom o.s.v.

I åri framover frå 1672 då garden vart deta er det mange brukarar på n. Berge. Såve 1672-78, Tallev 1679-80, Gregorius 1681-88, Rønnau 1681-92, Gunstein 1695, Såmund, Nerid og Rønnau 1698-99, Nerid, Asbjørn og Rønnau 1700-1704. I 1705 brukar Nerid og Rønnau kvar si halvt. (2 ¼ tn.)

Frå 1707 til 1721 er det Aslak som betatar skatt av heile garden og luter av han. Halvor Aslakson 1737-39. Ei heiter Bergit eig 1 11/12 tn. i garden 1732-38 og 1739-45. (Kona av Aslak.)

Steinar Aslakson (f. 1720) får så mestedelen av garden 27. 1. 1746 (3 1/3 tn), og sonen hans, Halvor Steinerson får 2. 3. 1780 4 ½ tn. Dotteri Gunhild Halvorsdtr. er skriven for 4 ½ tn. 31. 8. 1786. Faren er i 1802 eigar av 2 tn., 5 skjepper og i 1808-21 4 ½ tn. (heile garden). Denne Halvor Steinerson er titulera sergeant og var g.m. I Aslaug Sveinungsdtr. og II Ingebjørg Knutsdtr. og hadde 12 born alle f. Berge. Han døydde 1822, 74 år.

Etter honom vart Knut Halvorson eigar ei tid framover til 1830 t. sk. 27. 9. 1826. I 1824 sel han halvparten til lensmann Skott. Skyld. 29. 7. 1831. Han er sikkert komen i skuld til han. Den jamne velstand på Berge tek til å rakne i Halvors tid, og det held fram med borni hans. Fleve av gutane er å finna som husmenner på plassane under Berge. Såleis er Knut på Åmlid og Tarjei på Lid.

I 1834 vert hovudbølet skift sund, Tarjei Tallevson Kleiv får nordre parten 11 settong, og Knut Halvorson 6 settong - altså Åmlidplassen. Knut sel Åmlid for 250 daler i 1843 til ein Kjetil Torson Lien og flyt til Meås, d. der 1844. Den søndre parten, Heimigard, får truleg Aslak Knutson Bjåland. Visst er det at i 1853 sel

han denne luten til Torbjørn Tarjeison Kleiv for 1200 dalar. Den nordre parten fekk Torbjørn i arv etter mor si, Åste Torsdtr. i 1847. Torbjørn hadde no garden samla i fleire år. Han opna landhandel i eit kammers på garden og dreiv med hysing av fjellfolk, borga ut varer til Per og Pål og korn snart i store økonomiske vanskar. I 1865 får landh. Nils Viborg, Lårdal, auksjonsskjøte på garden for 1701 daler. Fleire hadde store krav, m.a. Eivind Steffason Donstad 430 daler og Viborg 364 daler. Slutten bli at i 1867 makaskifter Torbjørn til seg Gjerjord med Løkjin mot Berge med Eivind Donstad og får eit millomlag rekna 450 daler. (1800 kr.) Eivind var ein rik mann, åtte Donstad og 2 Byglandsgardar og Gjerjord. Sonen han Halvor, hadde så garden frå 1870 til 1914 då Eivind, den noverande eigar, overtok garden.



[Åsne og Halvor E. Berge (Hustveit 30)]

Han fekk Tor Vås jordfonds 1. premie i 1921. Det var 12 sylvskeier i etui, og Norsk Hydro sin diplom for auka matal i 1918. Eivind og Signe kona har vore mykje interessera i feal og har ala fram mange gilde kyr og stutar.

Garden har fiskeri i Selvatnet og har gode kvern- og sagastøde i Moskjeibekken.

Fleire småbruk og plassar har høyrt til Berge, men er no etter kvart fråselde m.a. Lid, Åmlid, Nordjorde, Havslund og Kastedalen.

Eivind vart i 1928 g.m. Signe Steinarsdtr. Kvåle.

➤ LID gnr. 68, bnr. 5

Dette er gammal plass og ligg i nordvest halli opp frå Moskei. Plassen vart eige bruk 10. 4. 1824. Då vart Lid og Midtbru skild ut frå Berge, (9 settong).

I gamal tid låg husi litt lenger oppe, men i 1930 åri vart husestaden flytt. Av dei gamle husi er buret det einaste som er att. Dette er og ukjenneleg frå gamle laget. No er det bygt på stolpereist loft og alt er klædd. Buret skal vera flytt frå nordre Brekke eingong.

Gunleik Eilevson Lid (d. 1932) (Nystaul 20) g.m. Anne Såmundsdtr. budde i mange år på Lid. Gunleik var ein hendig og flink mann. Han var flink smed og god forteljar. Til draga ut terner på folk, var han medgjeten. Reiskapen hadde han smia sjølv og det var framifrå godt gjort. Reiskapen vart sendt til samlingane ved Noregs Tannlegehøgskole og er å sjå der.

Dotteri Hæge selde garden ikr. 1937. No vart det to bureisingsbruk. Denne parten (bnr. 5) som har 200 mål utmark og 40 mål innmark (15 mål dyrka) kjøpte Tarjei O. Håtveit g.m. Anne Donstad. Dotteri Ragnhild g.m. Harald Gjeldstad overtok i 1954. Ved delingi av Lid fekk kvar part ein halvdel av Midtbruplassen.

Ved folketeljingi i 1801 bur Vetle Lien og Tone med sonen Jon (9 år) på Lid.

Midtbru - attlagd plass. I 1835 d. husmannskone Hæge Ådnesdtr. Midtbru, 65 år.

Hæge hadde vore gift med ein enkemann heitte Olav. Ho hadde ein gong sete «glomsk» på Kleiv saman med Åste Kleiv. Då kom Olav inn og mest skamskremde dei.

Hæge og Olav hadde ein son heitte Ådne. Han var i mange år på Vestlandet på fiske. På sine gamle dagar kom han heim att og for rundt «på skylli». Han døydde på Gjervoll.

Nordbøen - attlagd plass - ligg lengst nord i marki og grensar til Liberg.

På Nordbøen budde Sundre Auversen i slutten av 1850 åri. Det var Tarjei Lid som gav han rudningslende.

Liberg bnr. 12 er utskild frå Lid ikr. 1940 til Liv Tveiten som driv pensjonat på Liberg, (1 mål).

➤ LID gnr. 68, bnr. 10

Dette vert og kalla austre Lid og vart bureisingsbruk i 1937. Storleik: 24 mål dyrka, 15 mål beite og innmark og 40 mål utmark. Husi nye.

Bjarne Gunnarson Råmunddal g.m. Ingebjørg Amanda Sveinsdtr. Ståland kjøpte jordi av Hæge Lid i 1937.

Bjarne er byggmeistar og murar.

➤ NORDJORDE gnr. 68, bnr. 4

Dette har vore plass under Berge øvre frå gammalt³⁴. Egedomen ligg jorde i jorde med Berge nordistoga, og har fint lægje rett mot morgonsoli, han er godt oppdyrka, har nye, gode hus og er lettdriven. Den dyrka jord er 25 mål og 15 mål elles og 20 mål utmark. Eit skogstykke i leidi mot Koldsås på ikr. 75 mål vart tillagt ved utskiftingi i Berge 1950.

Dette var ein därleg plass fyre 1910, då Guttorm O. Øverbø g.m. Ingerid Eivindsdtr. Mostaul, kjøpte han av Eivind H. Berge og Anders Jansen. Guttorm og gutane - især Olav d.y. har æra for oppdyrkning og hysing av garden. Jordi var steinsett og tung å dyrka, så det er ikkje få tusund lass Stein som er oppbrotna og frakta bort. Dei har fått Tor Vås premie for jordarbeidet.

Olav d.y. (f. 1889) og Signe (f. 1886) overtok egedomen etter faren 1941.

Der er fråseld fleire tomter:

1. Rustin til systrane Berge.
2. Skogstad til Åsmund A. Kleiv g.m. Ragnhild O. Skibsted.
3. Norheim til Torvald E. Nordjorde g.m. Henny Sundet (Romsdalen).
4. Røysland til Olav E. Nordjorde g.m. Margit H. Lauklid.
5. Teigen til Åshild O. Dalen g.m. Torgeir Teigen, Fjågesund.

➤ OMLID gnr. 68, bnr. 7

Egedomen ligg eit stykke oppi nordhalli under det ufsute Omlidfjellet med Langedalen øvst oppe. Jordet ligg langs fjellsida noko hallande med eit flatare lende øvst oppe mot Løyntjønn. Vidda er 350 mål utmark med 50 mål innmark, (20 mål dyrka).

Namnet kjem truleg av alm (ulmus montana) som det er nokså rikeleg av inne i fjellsida, men kan og tyda ovanlid (øvre lid). Halve plassen Havslund hører til og Kvennes - no attlagde. På Kvennes budde sist Øystein Åbø og Kari ikr. 1880. Havslund dreg fram i minnet Gunleik Olavson (1771-1855) og Anne Bjørgulvsdtr. (12 born - ættfedrane til Havslundrova).

På Loupedalen er å sjå staupet han fekk frå det Kongelige Selskap 1846. Staupet, som har hov og kunstnarleg handtak, har denne innskrift:

«Til Gullik Olsen Havslund af Brunkeberg Sogn i Øvre Thellemarkens Fogderi fra det Kongelige Selskab for Norges Vel 1846.» - (Sjå ættesoga s. 567.)

I 1908 Olav Gunnarson Havslund til U.S.A. (59 år). Kona hans, Aslaug, måtte då vera død. - Desse var dei siste i denne husmannsplassen. -

På Omlid er nye, gode hus, måla og oppstelte. Den gamle stoga, frå den tid det var plass under øvre Berge, står endå og vert nytta til eldshus.

Gunnulf Olavson (Ytre Seljord) g.m.-I Lovise Nord (Åmdals Verk) kjøpte garden 1903 av Klas Dale - det høyarde då til Haugen, (Undeberg). Dei hadde 7 born. Håkon f. 1897 kjøpte garden 1948, (ugift).

Det er då i dei siste 50 år at garden har vorte så utbетra med hus og nydyrkning. Det var knapt 4 mål dyrka då Gunnulf kjøpte det.

Ei gruve, Omlid gruve med koparkis, ligg på egedomen, prøvedrift ikr. 1907.

Ved folketelj. 1801 bur husmann Olav Asbjørnson 41 år og Svanaug Kjetilsdtr. 52 år med 3 born på «Almlien». - Svanaug Omlid d. 1815 - 67 år.

1845: Gårdmandenke Anne Steinarsdtr. Omlid 55 år, flyt til Seljord med dotteri Ingebjørg Knutsdtr. 23 år og Steinar Knutson (skoleholder) 26 år g.m. Bergit Leivsdtr. (Roholt 33).

1868: Seminarist Guttorm Torjusson Omlid (22 ½ år) til U.S.A. «ved slektingers hjelp, dels for at søge bedre udkomme og dels for at undgaa militærtjenest.» - Kjetil Abrahamsen og Kari Rusbakkane (Langlim) brukar her i fleire år.

1868: Grubeforhand Olaus Børgesson (32 år) og Margrethe Hjerpmann (23 år) rn/2 små barn - «for at bestyre arbeidet i Omlid Kobbergrube». - «Manden f. i Stockholm og hustruen i Forsmarch af Stockholm Lehn.» -

N.B. Den andre ½ av Havslund og ½ Kastedalen eig Aslak O. Fossjord g.m. Ingebjørg H. Berge - (Bondeheimen, Brunkeberg).

³⁴ Åmund Aslakson Berge flyt til Nordjorde i 1840 åri. 1852-64 er Aslak Åmundson eigar.

Ragnvald Kleiv eig resten av Kastedalen. Kastedalen rudd av Bjørn Olavson som seinare rudde Havslund.

1843: Kjetil Torson Lien (Vinje) og Anne Olavsdtr. (55 og 53 år) m/dotteri Anne (22 år) til Omlid i Morgedal. Kjøpte plassen av Knut Halvorson for 250 daler. Knut flyt til Meås d. 1844.

➤ KLEIV gnr. 69, bnr. 1

Kleiv ligg fint mot morgonsoli i nordbygdi i Morgedal. jordet er noko bratt og tungvindt, men har skarp og god jord. Merke etter den første husestaden er å sjå høgt under ein berghamar vest for garden. Elles har husi stade austpå ækra mot bekken. I vest ligg Geitaråsen og Kleivås og skygger for kveldsoli. Av åkrar merkar ein seg Geiråker, Bursåker, Tonåker, Pløgsla og Holåker med Holdalen og det gamle Holum (gl. gard nemnd 1446. D. Norvigecum).



[Kleiv]

Til garden høyrer fiskeri i Mjåvatn, likeins staulen Venås med godt fjøs og sel - i bruk til 1950. Det har i alt vori 12 staular til Kleiv. No er mange berre «ro» som så vidt synest. Me nemner Mjåsvassli, Langedal, Hessbrekk, Skór og Gamlestaul. Av husmannsplassar var det óg ei heil drøs: Kastedalen, Høgetveit, Risgrav, Leite, Håldalen, Nystaul og Øverbø. I den siste vart Sundre Nordheim fødd 1825. Her vart olympiaelden kveikt i 1952 og frakta til Oslo av skiløyparar. På Nystaul budde Olav og Sissel omkr. 1850, seinare flutte dei til Øverbø. - Olav var ofte på Donstad og arbeidde, og der vanka drammar i blant. Når han då for heimatt opp Risgravdalen og kom til Duveggmyri, hende det han gósta og skreik. Då sa ho det Sissel: «No må de vera snille, ongar, fe no høyrer eg fa dikkons ned på Duvemyri.»



[Øvrebø. (Teikna av Åsm. Kleiv)]

Høgetveit ligg høgt, så dei hermer etter presten Storm etter ei vitjing dit; «So nære har eg aller vore himmelen».

Husi på Kleiv er ei soge for seg sjølv. Dei er av stort, grovt timmer, især stoga og stabburet. Den gamle tunskipnaden er urupla med mange hus kvar for seg. Den tvhøge stoga står med gavlen utover bakken - med moldbenk og likluke i øvre tverrvegg, og med merke etter tvihøg langsval. Loft og bur ved sida av kvarandre. Dei ber merke av høg alder. Veleslebur flutt frå Tjønnhei (pl. under Huveestad) i 1701 av Såmund Hakjeson. Innskrift: «Dette tømmer hafver Somund Hakisøn Klef kiørt fra Tjønnheden anno 1701.» Veggene skanta flate då og snudde så det fådde laget er inn no. (Eit loft frå Kleiv står no på Dalen nordre i Dalane, sonesonen Eivind Såmundson flute det med seg. Han lever der 1770. Han fekk prenie for jorddyrkning av Landhusholdningselskapet.)

Løda er timra av rund stokk - med høg veskjelåve, - og kornrom og timra iviskåler - låg lavebru inn av tunet. Fjøset og staken står kvar for seg i line oppover bakken i høveleg fråstand. Endeleg eit timra saufjøs og grisehus bortom desse att. Det er trev over alle - jamvel i det vesle grisehuset. Stallen hadde årstalet 1416 på svilli. Dette synest ikkje lenger for eit mineskot øydelagde det. I Kleivbekk er det kvern, badstoge og smie.

Ovanfor og i nord for Øverbø ligg Hónnåskleivi. Der gjekk ein gamal rideveg nordover heiane millom Breivatn og Mjåvatn om Håvonstaulen til Liggjarflóti der det var marknadslass - og vidare gjennom Gjæslemoskardet til Øyfjell.

I Kleivemarki var stor gruvedrift frå 1880 åri og fram til 1905. Det var two gruver i Kleivås. So var det Nystaul gruve, Gamlestaul gruve, Lauvkasin gruve og Omlid gruve i Kleiv og Haugemarki. Kleiv er på 80 mål innmark (45 mål dyrka) og oml. 4000 mål utmark.

Gamle brev frå 1446 og frametter gjev litt kjennskap til dei ein må tru var eigarar på Kleiv, far og son nedetter. - Det gjeld kaup av jordpartar - og i 1553 innkrevjing av dråpsbøter for Tormod Ormson som Gunnulv Kjetilson slo i hel. (Dipl. B. II s. 785.) Olav Tormodson har hatt denne innkrevjingi og delar no løysepengane med brørne Torbjørn og Torvild. Dei gode lagrettmenn som «beseylle thette breff» var Kjetil Tjøstolvson, Torgrim Olavson og Torkjel Aslakson på «Bruggaberugh sancte Haluars dag (15. mai) 1553.»

Eit dipl. frå 1531 (B. II s. 648) fortel at Gjermund Torgilson sannar at han har selt Tormod Ormson 3 markabol i Kleiv i Br.berg sokn.

Orm Tormodson er nemnd i eit diplom frå 1491. Han avhenda til Gjermund Egilson og Gunhild Gjermundsdtr. all den eigedom og betaling som far hans, Tormod, hadde teke mot - og gjev kvitting for det.

Av fornfunn frå Kleiv er i Oldsaksamlingi i Oslo ein «vævskytteformet sten» og ein «Kljåsten» frå eldje jarnalder (500 f. Kr. til 500 e. Kr.) - Elles er fleire gamle gravhaugar synlege den dag i dag.

Garden Kleiv er rekna halvgard med skyld 3 tn., 4 ½ daler - og fødslar i 1657 var 1 hest, 3 kyr, 8 sauher og 1 geit.

Eigarar og brukarar. Olav heiter brukaren i 1593 - truleg Olav Tormodson og Tormod 1609-20, myrda ikr. 1650. Det visar seg at denne Tormod var ein riking. Omfram Kleiv eig han 2 tn. i Ormbrekk, 1 tn. i Ormstøyl, 2 tn. i Sending og i 1643-52 2 5/6 tn. i Landsverk.



[Birgit og Tor Kleiv (Kleiv 56)]

Ved folketelj. 1664 er Olav oppsitj. på Kleiv 60 år med sonen Tov 20 år. Han har garden til 1668. Åsmund 1672-88, Såmund 1691-1704. Denne Såmund eig mesteparten av skyldi (2 2/3 tn.) og sit med garden til 1745. Han er rik, står i ein formue på 800 daler i 1743. Det er visst same mannen som Såmund Hakjeson Kleiv, som er framme i ei rettsak på Gjershvam 14. 11. 1695, innstemnd av bror og syster si, Åse Hakjesdtr. g.m. Niculs Gjersund og Auver Hakjeson «hafver for en tid siden bemektiget sig Råmunddalens sondre under Gjersund beliggende, og skogen udbrugt, alt uden deres Lof og Minde.»

På Midtsund 20. 2. 1702 vert det forlik millom Olav Moen og Såmund Kleiv. Olav har sagt at Såmund var tjoy. «De ragte hinanden hender,» - «hvortil Dem og enhver ønskes av Gud i Himmelten, lykke, naade og velsignelse.»

Såmund Hakjeson Kleiv var gift 2 gonger (I Gro Såvesdtr., d. 1696, II Hæge Taraldsdtr.) Sk. på Kleiv etter Gro 26. 3. 1697. Brt. lausøyre 223 rd. (restanser 376 rd.) Net. 196 rd. (rest. 351 rd.) I 1739 gjev Såmund opp buet, (båe lever). Der er 4 barn. Gunhild og Asgjerd etter fyrste ekteskap. Såmund (24 år) og Gro etter andre. Alle gjentene er gifte.

Det er eit stort bu. Brt. 4393 rd. Net. 4087 rd. Irekna jord i Kleiv, Gjerriskvam med Råmunddalens, Gjervoll, Dalen (nordre), Råmunddalens, Nordgarden, Opgarden, Flate-Sandland. Dessutan pantegods i Kvålsodd og Sudgarden, (Langlim). Sylv 43 rd., blant anna eit høgt sylvstaup, 15 rd.

I 1746 eig Egil Johannesson (mannen av Asjerd) 2 2/3 tn., så Såmund Såmundson 1747-50, det same. Eivind Såmundson får heimel på desse 2 2/3 tn. i 1762. Ein Tarald Torson kjøper 1 tn. i Kleiv 27. 2. 1767, og sonen hans Tor får heile 3 tn. i 1781, (Heggtveit 126). Tor Taraldson er g.m. Bergit Gutormsdtr., og henne er det skifte etter 31. 7. 1798. Brt. 1043 rd. Net. 340 rd. Dei har dotteri Åste (10 år).

Den 2. 3. 1807 får Tariei Tallevson Hemmestveit (1779-1849) g.m. Åste Torsdtr., skjøte på 3 tn. i Kleiv. Dei har garden framover. Båe dør på Kleiv, han 1849, ho 1844.

Sonen Tor (1812-1887) g. 1842 med Bergit Halvorsdtr. (Grave) (1825-1891) bur på Kleiv og døvr der. Etter dei Tallev Torson (1856-1939) g. two gonger, I Bergit Olavsdtr. II Bergit Knutsdtr. Tallev og Bergit Knutsdtr. flutte frå Kleiv 1908 (til Solum). Det hadde seg så at Tor Vå åtte garden Klovholt og bytte med Tallev. Som brukar hadde Tor Vå Aslak Andresson Sollid g.m. Liv Tallevsdtr. Kleiv. Sidan kjøpte Aslak garden i 1913. No er det sonen Ragnvald Kleiv som har garden. Han gøymer på fleire kunstskattar som bollar og tinfat og kister m.m.



[Kong Lavring]

Han har den kjente Lille kong Lavring - ein mann til hest - fleire hundrad år gamal. «Husguden» hadde plassen sin på ei hylle ved høgsæte i stova. Til kvar høgtid vart den teken ned og sett på langbordet med tende ljós i stakane. Lille Kong Lavring hev fylgt garden ættled etter ættled og trui er den at kjem Lavring bort frå garden så er det ute med ætti si lukke.

► BJÅLAND gnr. 70

Bjåland ligg i nordbygdi i Mordedal, høgt og fritt mot middagssoli med Pinsdagfjellet og Åmelundsfjellet i nord og nordvest. Millom desse fjelli er ein dalglup der plassane Kvæven og Bjønndalen ligg. På Kvæven er alle husi borte, men på Bjønndalen står att ei oppfjødda husmannstoge. - Jfr. Sundre Nordheim. (Sjå Smiestøy!)

Om ein Bjålandsman seier eit gamak stev:

*Statt tipp du Bjålandsman
med dine late drengjer,
soli skin på Kleivefjodd
og dit heve sove so lengje!*

Gamle brev om Bjåland finn ein frå tidi kring svartedaugen. I 1383 sel Tolf Grimarson og Kjetil Kollbeinson 6 markabol i Bjåland til Steinulv Sumarlideson. Frametter til 1555 finst det 8-9 slike brev. Dei gjev berre ikkje noko far- og son-rekkje og fær ikkje gjera tenest i gardesoga. I 1555 er Tore Egilsdotter «odelskvinne». Ho sel 1 markabol i Midbøen (ein eldgamal Bjålandpart) til Olav Tormodson Kleiv. Tore er truleg mor til Asbjørn Bjåland som denne ætti opnar med. Men det er grunn til å tru at garden går på manns- og kvinneodel i skifting attende til Sumarlidesonen, Steinulv.

Bjåland, som tyder bøland, (dyrka jord til garden jfr. åkerland) er ein svært gammal gard. Det syner alle fornfunni derifrå som oldsaksamlingi i Oslo har innregistrera (54 stk) - fleire frå yngre jarnalder (800-1050). Dei fleste er gravfunn. Endå ligg det att gravhaugar som er uopna.

Bjåland er rekna fullgard med skyld 4 1/3 tn. og 6 daler. Buskapen er i 1657: 2 hestar, 10 naut, 17 smólog (sauer og lam) 5 gjesskrætur (geiter og bukkar) og 1 gris.

Eigarar og brukarar. Alf heiter bonden på Bjåland i 1593, i 1609-20 Asbjørn og framover til 1645. Asbjørn eig omfram Bjåland (i 1611-41) 1 tn. i Tytegrav, 1 5/6 tn. i Vesterdal, 1 tn. i Nordgarden (Langlirn) og 1 tn. i Rui. Sonen Egil har i 1665-81 m.a. 2 tn. i Habbarskvammen, 1 tn. i Rui, 2 tn. i Sauffue. (Søve?)

Etter denne Egil Asbjørnson som sit med garden i 1676, er det eit lite avbrot med ymse brukarar til 1686 då Johannes Egilson svarar skatt av heile garden (4 1/3 tn.) fram til 1721. - Nett i denne tid vert det ordna med sams vekt og mål i Kviteseid herad. Skjepper, alner og jarnbismarar vert «stasjonera» over alle sokn. Den 1. 10. 1695 får Mordedal «2 sett.» - Det eine vert nedlagt på Bjåland hjå Johannes, det andre hjå Egil Brekke (I Urdalsgrend hjå Tov Midbøen. Kanskje Ordal.) Johannes Bjåland er gift 2 gonger (I Dorte Steinarsdtr. Fjågesund, II Guro Halvorsdtr. Berdal).

Han dør 1731, og Guro er då skiven for 4 tn. i Bjåland. Guro g. II g.m. Olav Sivertson Østenå,


Egil Johannesson (1687-1764) g.m. Asgjerd Såmundsdtr. Huvestad har det heile frå 1732 til 1756. Sonen deira, Olav, får heimel på dei 4 tn. 24. 2. 1755, gift med enke Anne Bjørnsdtr. Gardvik. Sonen Bjørn får

heile garden (4 tn.) 26. 2. 1793. Han vart g.m. enka Anne Auversdtr. Kyrkjebø i 1787. Bjørn døyr på Bjåland 1826, og Halvor Bjørnson vert den nye eigar, (f. 1788 d. i U.S.A.) gift i 1815 med Bergit Halvorsdtr. Haukom (f. 1797 d. i U.S.A.) Halvor og Bergit til Amerika i 1852 med 3 born.

Det hadde vore jamn velstand på Bjåland - det syner skifte etter Asgjerd, kona av Egil 25. 1. 1746. Brt. 1981 rd. Net. 1661. Irekna Bjåland 4 tn. m.b. 600 rd. Nordre Subø 2 tn. m.b. 256 rd., Tveit 3 tn. 410 rd. I Nordgarden (i Sundbygden står det!) 2 tn., 6 sett. m.b. 200 rd. Sylv 90 rd. «deraf et høit sølvstøb med 4 ringer 12 rd., et ditto for 12 rd.»

➤ **BJÅLAND gnr. 70, bnr. 1**

Bjåland vart som nemnt dela i 1827.-Det var brørne Olav og Halvor Bjørnsøner som fekk kvar sin lut. Båe kom i stor skuld og laut lata gardane gå.



[Gunhild og Olav Bjåland (Hustveit 17)]

Lensmann Steinar Halvorsen fekk auksjonsskjøte på garden i 1826, 27. 9. Altså fyre delingi var i orden. Steinar sel garden til Eilev Halvorsen. (Skjøte 1. 10. 1828.) «Eilev Gamp» som han heitte i dagleg tale, hadde garden til 1841, då ein prokurator G. Pettersen fekk auksjonsskjøte 3. 12. 1841. Av han fekk så Såmund Sveinungson skjøte 27. 2. 1844. (Syfestad 39.) Same ætti sit på garden den dag i dag. Dotteri Gunhild g.m. Olav Olavson (Hustveit 17) kjøpte garden av foreldri som reiste til U.S.A. (Skjøte 20. 4. 1868.) Gunhild vart enke, men sat med garden til 18. 7. 1901 då sonen Olav Bjåland (sudpolfararen) overtok garden. Syster hans Tone g.m. Sveinson Kallåk kjøpte garden i 1909. (Skjøte 22. 3. 1909.)

Den gamle husestaden var litt lenger vest. Det er oppbrote no. Det var Såmund Sveinungson som flytte husi. Det eldste huset på garden er loftet. Det ber årstalet 1744, men ser eldre ut og har ingen stas med seg. Stoga er gammal, men vølt i seinare tid. Uthuset er frå 1912.



[Hæge Bjåland (Skare 15)]

Bjåland har 30 mål dyrka jord, 30 mål anna innmark og oml. 1800 utmark. Til garden er fiskeri i Breivatn. Fyrr var det godt fiske her.

Til garden høyrer Rinden og Svinsagi, staular opp I mot høghei og skoggrensa.

➤ **BJÅLAND (nordre) gnr. 70, bnr. 3**

Denne luten var det Olav Bjørnson hadde ei tid. Han vart g.m. Gunhild Halvorsdtr. Gotuholt i 1816 og flutte dit straks etter. Garden var pantsatt til Tarald Torson Rådstoga, Flatdal - og han slo til seg garden ved delingi 1826. Han hadde brukarar på eigedomen. Fyrst Aslak Guttormson Storlid (3 år), Torjus Såmondson Hemmestveit (9 år) og Svein Torbjørnson Hurrong (6 år). Men i 1856 fekk Aslak Knutson f. Donstad skjøte på garden, (Grå 275). Han bygde nye, store hus på garden, stoge, fjos og løde. Men stabburet vart flutt frå øvre Berge - der det så vidt var oppsett. Loftet skal vera oppsett på Fitjan og er nok svært gammalt. Ved delingi vart eit lite bur flutt til nordre Bjåland. Det ber årstalet 1685. - Mykje av jordi i mark og hei var samege, som litt ettei litt vart ordna ved lov og dom, då det ofte valda strid og usemje. Som eit døme kan nemnast at da Aslak Knutson hyste på nordre Bjåland, tykte dei andre medeigarane at han var noko hard rned skogen i sameiga. Både løda og stoga vart bygde heller store - av utbladd vyrke.

Knut Aslakson (lærar) overtok garden etter faren og etter han Knut Kriutson d.e. Ein lut av garden, Midtistogu, fekk broren Torvild av far sin, sidan overtok han etter broren nordre Bjåland (1915). Det kom på handel att, og Aslak Dalen fekk det, og så Jens Sælid som var g.m. Anne Knutsdtr. Bjåland (syster åt Torvild). Men så i 1920, 27. 9. fekk Halvor Tallevson (Kleiv 85) skjøte på eigedomen. No er det Eivind Stråndi, gift med dotter åt Halvor som er eigaren frå 1. 9. 1952.

Nede i jorde på Midtistogu budde Torvild Bjåland saman med dotteri Ingebjørg, g.m. Anders Gunnarson Råmundalen. Dei har bygt seg nye hus der. Bruket heier Bjåland nedre.

Med Anne Kosi tente hjå Gunhild Såmundsdtr. og Olav, kom bjørnen til buskapen ved øvre Småskålan. Ho slo mot bjørnen med ein kjepp, og han vart elles jaga av fleire dyrevonde kyr. Bjørnen hoppa opp ei ufs fleire meter høg. Dette var i 1890 åri.

➤ **RUPESTAUL gnr. 70, bnr. 10**

Dette har vore staule under Bjåland søndre og ligg ved Breivatn i bytet med Lårdal. Det byter med Rupestaul øvre i nord og Omlid og Lid i søraust og Kleiv i nordaust. Det er bureisingsbruk frå 1938 - då Eivind Guttormson g.m. Dordi Torvildsdtr. kjøpte det - (med jordloven) av Hans Lundevall. (250 mål skog heldt Hans att.) Dyrka jord 23 mål, 20 mål innmark og ikr. 450 mål utmark. Husi er nye og romsame. Sonen Torvald Nordjorde g.m. Henny Sunde (Bud-Romsdalen) overtok 1954. Frå eigedomen er utskild 2 tomter: Kosi, bnr. 11 (1 mål) 1952, og Roheim bnr. 12 1955 (1 mål). - På Kosi bur Harald Anderson, g.m. Ingerid Eivindsdtr. Nordjorde, og på Roheim bur Eivind og Dordi.

Kosi.

Denne plassen er rudd etter 1800. I 1825 bur Knut Villumsen og Gunhild her. Dei flutte sidan til Nordskog. Etter dei kom Gunnar Olavson f. på Exempel i Kviteseid 1815 og Sigrid Halvorsdtr. Dei hadde 13 born. I ein bibel etter han på Leirlid har Gunnar skrive inn alle borni sine. Dei hermer etter Gunnar: «Sigrid hev havt 13 ongar, men eg 14.» Med fyrste kona si, Gunhild, hadde han dotteri Juri. Gunnar og Sigrid døydde på Kosi og festebrevet gjekk då ut og plassen kom attende til Bjåland. Olav Bjåland åtte Rupestaul og Kosi - sidan Såmund, broren. I 1924 kjøpte bankdir. Hans Lundevall denne eigedomen.

➤ **SUDBØ gnr. 71, bnr. 1**

Sudbø er nok namnsett frå Bjåland. Det er boen, vollen, i sudleg leid for denne garden, og såleis, kan me tenkle, bra yngre enn Bjåland.

Fint har denne garden lendet sitt. Tunet er nesten flatt med velstelte, fine, gode hus i ein firkant. Den gamle husestaden låg i sudleg kant av tunet frampå ein hallande bakke som heiter Tunvollen. Elles er garden med sine 40 mål dyrka jord og eindel uvand slåtte og beitemark, innringa av Sandåker, Haugan, nedre Håtevit, Bjåland og øvre Berge. I vårhei til garden ligg staulen Røynstaul, som vart bytt med Tjønnstaul ved den store utskiftingi 1950. Staulen var i bruk til i 1940-åri. Men her som på dei fleste gardar i Moredal, vart det slutt med staulsdrift etter krigen.

Til Sudbø høyrer plassane Kasin og Høgeli. Der sat husmenner til fram i 1890-åri. På Høgeli budde far åt Aslak, han Åmund Gunnarson g.m. Rannei Guttormsdtr. Dei hadde hatt 10 born og flutte ofte. Aslak fødd på Kosi, Knut, den yngste på Høgelid (1840). Dei fortel at Rannei lei ikkje skjerane, og eingong fekk ho tak i two skjeraungar og stakk ut augo på dei! Folk tok det for ei straff at ho fekk two guitar med fuglegidderaugo og kvite, (albinos). Aslak var ein av dei. Desse two var så like at Aslak hadde til vis å skuva skuldi over på bror sin, når nokon kom og skryfta han for eit og anna han hadde sagt eller gjort. «Nei du føle, de va nok ikkje eg de du, de måtte vera bro min.» - Aslak var langskanka og bugen og ein original mann. Han hadde vore i Amerika ei tid, men kom snart heimatt og rusla rundt i dei øvre bygder. Han døydde på Nordbø i Vrådal 1898, 65 år gamal. Mange løgne påhitt og soger om Aslak lever etter han.

Garden Sudbø var mykje større fyrr, då høyrde Sandåker og øvre og nedre Strånd til eigedomen.

Sudbø er fyrst nemnt i eit diplom frå 15. 5. 1447. (D.N. 12 b. s. 182.) Der Steinar Egulfson og Sven Andtsson kunngjer at dei var på Siderbø (Sudbø) Halvormessedagen 15. 5. og såg og høyrd Bergulf Olavsson som ombudsmann for Olav Torgrimsson, betala Tore Kjetilson 5 gilde mark i bøter. - Olav hadde drepe far åt Tore, Kjetil Åmundsson.

I 1455, 15. 9. eit brev skrive på Haukom i Høydalsmo, (D. N. 9 B. s. 303) der lagrettemenn Jon Erikson, prest i Høydalsmonom, Guttorm Ivarsson, prest i Vinje og Niculs Dyreson, vitnar at Karl Torkjellsson gav Gunnar Aresson eit 3 marks åklæde til stadfesting på at Gunnars bestefar Roald Aresson selde 4 m.bol «i nordra gardenom i Sudhabø» til Karls bestefar, Tolf Sveinkesson.

Sudbø vart rekna fullgard i 1647, 5 ½ tn., 6 daler, og buskapen var i 1657 1 hest, 9 naut, 19 sauher og lam og 2 geiter.

Eigarar og brukarar. Nikuls Berge bet. arb.skatt i 1593 og saltverkskatt 1609-20. Denne same mann eig mykje jord i Moredal og i Aust-Telemark m.a. Håvit 3 tn. Tveit 4 tn., Rollaug ½ tn., Tjønn (Tuddal) 2 ½ tn., Åkre 2 tn., Toff 1 tn. Der er nemnd ein Audun «som satte der tilforn på den samme gården (Sudbø) som nu Nikuls sidder» (1593-94).

Torkjel (m. hustru, dreng og pige) bet. koppskatt 1645. I 1664 er garden dela i 2 luter (kanskje Sandåker ifrå) som kvar har 3 tn., 1 qv. i skyld. På det eine Sudbø bur Jørgen (30 år) og husm. Oluff (40 år) og på det andre Sudbø, Ånund (50 år) med sonen Knut, (14 år).

Det heiter i 1660-64. Sal. Torkjell Sudbøs arv 3 tn. Han er død etter 1653.

I 1647-64 har Asbjørn Loftsgarden 2 tn. i Sudbø. Elles er det mange som eig jordpartar i garden framover hundradåret, Svein, Bjørn og Gunnar heiter brukarane av desse til 5 ½ tn. i 1675. I 1699 har Åmund Jørgenson 2 ¾ tn. og Halvor 2 ¾ tn. Ein Tov Jorgenson og Liv Jørgensdtr. har små jordpartar i Sudbø i 1670-80 åri.

Etter 1700 finn me brukarane Knut, Arriund og Egil nemnde. Egil eig såleis 2 ½ tn. i 1714-31. I 1738-40 Øystein (Berge 54) 2 tn., han finn me nemnd framover til 1755. (Då 2 ½ tn.) I 1756 eig Aslak 2 ½ tn. Olav 2 ½ tn. I 1760-65 Aslak 2 ½ tn. og Knut 2 ½ tn. Ved skifte 24. 3. 1755 får Aslak Egilson heimel på 2 ½ tn. Kona hans, Ingebjørg, som er enke, heimlar 1 3/8 tn. 9. 9. 1776, Egil Aslakson 2 ¾ tn. 8. 3. 1783 og Tarjei bror hans, dei same 2 ¾ tn. 27. 2. 1789 framover til 1814. Ein annan part på 2 ½ tn. heimlar Knut Såvesson 4. 3. 1760 og i 1778 2 ¾ tn. Ein Egil Olavson får 2 ¾ tn. 29. 9. 1791, og endeleg den same skyld Olav Knutson 1. 3. 1804. I 1815-21 har me desse 3 oppsitjarar på Sudbø: Tarjei Aslakson, Olav Knutson og Egil Olavson med 2 tn., 6 sett, 2 tn., 7 ½ sett. og 4 ½ tn(!) i rekkefylgje. - Tarjei åtte Sudbø. Der døydde første kona hans, Asgjerd Olavsdtr. i 1816 (sjå ættesoga. s. 63). Han døydde fatig 1839 (legslém). Ein bror hans, Guttorm Aslakson, hadde dotteri Rannei som budde i Høglid (sjå innanfor). Ei anna dotter, Ingebjørg g.m. Guttorm Kj. Kollveit bur på Sudbø 1834, (døyr då). Mannen dør som legslern 1856. Den siste av denne ætti som bur på Sudbø, er Knut Guttormson - d. på Sudbø 1860, 48 år. Men ei god tid derfyri er Talleiv Tarjeison Kleiv vorte eigar, g.m. Bergit Hansdtr. Båe dør på Sudbø. Han 1867, ho 1869.

Etter Talleiv vert Jaran Tovson Reffelbrekk-eigar til i 1883 då Olav Sveinungson Løkslid kjøper garden. Den 3. 11. 1914 får Åsmund skjøte av far sin, og 13. 12. 1952 får Olav Åsmundson Sudbø d.y. heimel og skjøte.

Det er serskt Olav Sveinungson og Åsmund Olavson g.m. Rannei Olavsdtr. f. Donstad - som har forbetra garden. Dyrka opp mesteparten av jordet og bygt nye, store tidhøvelege hus saman med borni sine. Åsmund fekk Tor Vå sin premie 1941.

Til Sudbø høyrer 500 mål utmark. Av dette 300 mål produktiv skog.

Loftet er frå 1766 og den eldste stoga ikring 1850.

21. 6. 1706 skjøte frå Knut Knutsen til Johannes E. Bjåland på nordre Sudbø. Kjøpesum 244 rd.

➤ STRÅND gnr. 71, bnr. 3

I øvre ende av Moredalstjønni på solsida, tett ved allmannvegen ligg garden Strånd. Det er ein velstelt gard, godt oppdyrka og lettdrive jorde. Garden har 20 mål dyrka jord, 25 mål skrapslått og 50 mål utmark. Eit skogstykke, utskilt frå Sudbø. (Sandåker) Evjemyrdalen høyrer til, ca. 125 mål.

Husi på garden i mykje god stand. Uthusbygningen frå 1951 har avløyst dei gamle, små uthusi. - Den gamle husestaden låg lenger aust og opp og vart kalla Uppi-Strånd.

Asgjerd som vart g. att med Kjetil Bjørgulvson, var oppvaksen der. Han kom hit her i 1847 og kjøpte garden av Olav Halvorson. Olav hadde 6-7 døtter. Det var ein som sa at Olav stod i Uppistrånd og kasta døttene sine utvi heile Moredal - etter som dei var tunge eller lette, fauk dei langt eller kort. Asgjerd måtte vel vera «drelt i», for ho dala ned på Strand - grannegarden.

Kjetil og Asgjerd hadde sonen Halvor g.m. Ingebjørg Halvorsdtr. Tveito (Vinje). Halvor sokjer om utskifting 24. 7. 1884 og gjev etternemnde vitord:

Egil Olavson selde i 1804 garden søndre Sudbø (Sandåker) og tok undan Hegnin, Stråndbakkane og Husfladene «samt fritt bygningstømmer, brendefang i gårdenes skov». - Kjøpte og i 1805 Strånd plass den gong frå nordre Sudbø.

Halvor døydde 1943, og sonen Olav Halvorson hadde kjøpt det. (d. som ingenør i Holmestrand 1940) Enka, Snefrid, sat med Strånd til 1947 - då Knut K. Bjåland, son åt Egeleiv Halvorsdtr. Strånd og Knut K. Bjåland d. e. kjøpte det. Den nye eigaren har bygt den nye uthusbygn. og dyrka opp 5 mål jord.

Undebergstrand³⁵ ligg jorde i jorde og er berre ei opprydda slåtte. Der har aldri vori hus. I gamal tid høyrdet det visst under Undeberg.

N.B. Olav Halvorson Brottlid (1788-1870) (Espetveit 9) kjøpte Uppistrånd 1832 for 300 spdr. Far hans var son å Tallev målar. Olav den siste som budde på Uppistrånd. Olav hadde i 1844 kjøpt innåt Strånd-Lid og Undebergstrand av Halvor Gunnarson Undebergs dødsbu for 86 spdr. Han døydde på Nordjordet i 1870.

► SANDÅKER gnr. 71, bnr. 5 og 6


Sandåker er ein lettdriven gard like ved vegen gjennom Morgedal med Sudbø som nærmeste granne og er i si tid utskild frå denne garden. Den dyrka jord er 35 mål (morenejordk Så er det 20 mål anna innmark og 2000 mål utmark. Til garden hører staulen Tvituli og plassen Åsheim.

Husi på garden er gamle og i god stand og utgjer eit sermerkt gamaldags tun.

Stoga er gamal, tvhøg utan bordklædning og måling. Det er både loft og vesle bur. Loftet har gamal utskur og er freda - bæ bygde millom 1730 og 60. (1734-1762). Uthusi er oppsette i 1934. Det hører til både sag og kvern, smie og bad, stoge. Eit lite ljosverk frå 1939 har gjeve garden den straum dei trong.

Det offisielle namnet på Sandåker er Sudbø nedre. Etter som ein skynar vart garden dela omkring 1660. Fyre den tid var den samla skyld 5 ½ tn. Sudbø var fullgard.

I skifte etter Jørgen Sudbø 1668, 3. 7., eig han halve garden 2 tn., 4½ mæle. Han har two gutar, Ånund og Tov, og ei dotter Liv - som alle har små jordpartar i 1670 åri.



[Lavrants Sandåker (Syftestad 61)]

Me hører om eit skifte på nedre Sudbø i 1733, 11. 11. etter Ånund Jørgenson g.m. Joronn Hakesdtr. Det vert då ingen ting i arv til dei 5 borni (Jørgen, Ånund, Tone, Liv og Ragnhild) og garden går over til sonen på Berge, Øystein Tallevson (Berge 54) som er g.m. Ragnhild Ånundsdr. (ikkje Åmundsdr. av Moenætten som nemnt i ættesoga).

Skifte etter Ragnhild 1755, 17. 11. - Ho har 2, systar, Tone og Liv, som erver. Brt. 802 rd. Net. 685 rd.

Medrekna jord i Sudbø nedre 2 tn. 6 sett. m.b. over 2 tn., 9 sett. for 450 rd. I Undeberg 9 43/336 sett. m.b. 152 rd.

N.B. Arvetomten Sudbø har Øystein løyst inn frå Tallev Eilevson Hauge 2 tn. m.b. for 205 rd. - Olav Halvorson Berge (brorsonen) meiner seg å ha odels- og løysingsrett til nedre Sudbø 2 tn., 6 sett.

Det ser ut som det er Knut Såvason, ein brorson å Øystein, (barnlaus) som no overtek garden 2 ½ tn. 1760, 4. 3. og i 1778 heimlar han 2 ¾ tn. Kanskje har han no garden samla - øvre og nedre Sudbø.

Olav Knutson eig Sandåker 1808-21 g.m. Ingebjørg Toresdtr. - Dei fift til Seljord 1823, og Aslak O. Synnstveiten g.m. Dordi Tormodsdtr. kjem til Sandåker 22. 11. 1822. - Aslak flyt til Hjelmeland 1834. Denne ætta har vori på garden sidan. Dotteri Aslaug g.m. Sveinung Sveinungson (Syftestad 46) har garden til Lavrants (1848-1936) g. 1876 med Sigrid Sigurdsdr. overtek han. Lavrants og systeri Anne (1852-1926) delast om garden. Anne bygde seg ei liti stoga som står i kanten av tunet enno.

Sveinung Lavrantsson, den eldste av 11 systken, overtok så halve garden etter far sin, og Sigurd broren kjøpte først luten etter farsysteri Anne 1907 c: halve jorde og halve heimeskogen. I 1936 kjøpte han delen av Sveinung og, med undantak av ca. 15 mål av heimemarki oppe ved Dansarfloti. - Sveinung heldt att vårheii Tjønnstaul med eindel av skogen og høgheii Tvituli med ein del skog, men ikkje staulen. (Anne hadde Tvitulistaulen og Sveinung Tjønnstaulstårta.) Sandåker slik som Sigurd hadde det, overtok sonen Åsmund 1953 - g.m. Sigrid Hansdtr. Lundevall.

³⁵ 1852 Undebergstranden og Strand: eigar Petil Bjørgulvsen.

N.B. ¼ tn. som Br.berg kyrkje åtte fekk Sv. Sv. Såndåker kjøpe 1858 for 10 spdr. - Staulen Skonemyr frå Kleiv kjøpte Sigurd 1924.

Fra Sandåker er utskild 2 tomter, Bruin og Bruøy.

➤ HAUGAN gnr. 72, bnr. 1

Garden Haugan ligg i Håtveitgrendi, og er truleg i si tid utskild frå Håtveit. - Det er om lag 35 mål dyrka mark, 60 mål beite og slåtteland, 6500 mål utmark. (1500 mål prod. skog). Eigedomen er i tri luter, heimemarki, vårheii og høgheii. Der er både heimestaular og fjellstaular. Hóvstaul og Fjósskórli i vårheii og Håmsdal og Myklestaul i høgheii. Staulane var i bruk til i 1940 åri. Tvo plassar har hørt til, det er Huse, nemnt 1742 og Heibø. Liv og Eilev heitte dei siste som budde i Heibø, dei hadde m.a. tvo guitar, Gunleik (Lid) f. 1836 og Torbjørn far åt Eilev Gjerjord.



[Haugan (oml. 1900)]

Husestaden på Haugan er ikkje brigda. Stoga er ombygt av bestefar til Olav Haugan, Hans Olavson Haugan. Ho er måla av Olav O. Langerud, sonen åt Olav Guttormson Nordgarden, Langlir i 1838. I 1947 innattbygt - Loftet er bygt av Bjørn Brattson Rompom omkr. 1790. Eit lite bur ved sida ser ut til å vera noko eldre. Uthusbygningen av ny dato, (1928).

Nede i jordet ligg Hestfossen. Etter segni skal ein hest ha fare utover der den tid vegen og brui over bekken låg lenger nede. Ikke minder enn 6 kvernhus har stade etter einannan i denne bekken. No er dei fleste nedrotna. På Haugan kvern og badstoge under eit tak.

Haugan har vore i same ætti i 4 leder, frå Olav Hansson Svanajord (f. 1746 d. på Haugan 1829).

Lars H. Berge vart eigar i 1945 etter verfaren.

Haugan delar i hememarki med Sandåker, Strånd og Håtveit nedre, i vårheii med Sandåker, og Gjerjord og dei tre Håtveitgardane, og i høgheii med Håtveit nedre, Sælid (Furustaul) og nordre og søndre Bjåland. - «Dei 7 vardar» er eit greidt grensernerke oppe i høgheii. No er eltes berre 3 vardar å sjå. Det er segn om at desse vart brukta i krig til å varsle folk, (bodstikka).

Det gamle namnet på Haugan var Håtveit nedre og vestre. Alt i 1647 er det eit sjølvstendig bruk ein halvgard med 3 tn. skyld + 5 kalvskinn 3 daler «en gansche ringe Gaard, for høyt sat,»

Buskapen 1657 var 1 hest, 6 kyr, 12 sauvar og 1 geit. Frå skattelister og jordbøker får ein greie på folki som har ferdast i dette tunet. Det er vanskeleg å finne nokon ættetråd fyrr me kjem fram til 1780 åri - ein må helst tro garden har vore ofte på rek.

Den fyrste bonden som er nemnd, heiter Olav (Oluff). Han sit som «bruger og odelsmand» 1622-45. Etter han Hans, (1661-62). Ved folketelj. 1664 er Åsmund oppsitjar, 20 år. Det er skifte etter han 1694, 10. 1. Denne Åsmund Torkjelson g.m. Ragnhild Asbjørnsdtr. eig 2 tn. m. b. i Håtveit nedre og vestre og underligg. plass eller staule Omsdal (Håmsdal), 4 born. (Torkjel, Gunhild, Torbjørg og Torer). I 1677 er Daniel Abrahamsen skriven for 2 tn., men straks etter er Ragnhild eigar av garden, (1685-93).

Ei dotter til Åsmund og Ragnhild heiter Gunhild. Ho er g.m. Endre Guttormson. (Bestemor av Ragnhild var Torbjørg Asgeirsdr. Heggtveit, Lårdal). Dei har Håtveit fram til 1721. Sonen Guttorm g.m. Anne Olavsdtr. (Ormbrekk 5) har garden til 1742, så deira son att Endre (1724-50) g.m. Bergit Knutsdtr. øvre Håtveit.

Etter Endre døydde berre 26 år gammal, sel enka garden til ein Øystein Olavson. Skjøte 28. 6. 1751 på 2 tn. Han har garden til 1772. Hans og Johannes får kvar si tn. skyld i 1777, men i 1786 overtek Johannes luten av Hans (24. 2. 1786). Men så i 1789, 27. 2. får Olav Hansson (Svanajord 9) heimel på 2 tn. i Håtveit, g.m. Gunhild Jonsdtr. (Kyrkjebø 47). Ei dotter Kari g.m. Hans Jørundson Kjos (Gjeldstad 11) får 1 tn. 1804, og sonen Hans Olavson får 1 tn. 3. 3. 1807. - I 1815 er Haugan-namnet fyrst nemnt på prent.

Hans var g.m. enke Gunhild Halvorsdtr., og dei hadde 8 born. Båe d. på Haugan 1861. Sonen Halvor (1813-1905) g.m. Margit Halvorsdtr. (Grave 11) (1832-1907) overtok så garden (11 born). Olav d.y. (f. 1873) g.m. Margit Åsmundsdtr. (Åbø-Groven 27) sat med garden til 1945 - då versonen Lars H. Berge (Hustveit) g.m. Margit O. Haugan kjøpte garden. Lars dreiv som timmermålar frå 1927.

➤ HÅTVEIT (nedre) gnr. 73, bnr. 1

Straks nedom øvre Håtveit ligg denne garden. - Han har eige gnr. no - men er nok truleg eingong på 1600-talet gått ut frå øvre Håtveit - som me trur er hovudbølet. Husi på garden er gamle, men i god stand.

Stoga timra, tvihog, noko hardt herja av vind og ver og uklædt, har eingong hatt «italiendertak» på den tid Aslak og Signe budde der og hadde handel i 1860 åri, (til U. S. A.).

Buret gammalt. Klædt framside utan utskurd (1838) 4 rose måla kister. Ei frå 1818 med B.A.S. merkjer seg ut med bilætmåling i loket, (løve, bjørn, hest, kyrje og dronning, tre etc.)

Løda og fjøs og stall er timra, likeins eldhuset.

Garden er rekna 3 tn. i skyld 1647 og halvgard - og buskapen 1657 er 1 hest, 7 kyr, 12 sauere og lam og 3 geiter.

Eigarar og brukarar. Like frå 1609 til 1664 er Torgeir namnet på brukaren, men oppsitjaren 1664 er 50 år - så det kan ikkje vera same mannen. Kanskje far eller farfaren den fyrt nemnde.

Nikuls Sudbø eller Berge er odelsbonden som eig denne garden (30-35 tn. eig han i alt) 1611-38 men Torgeir Håtveit eig 4 tn. i Håtveit 1611-13, og Nikuls Berge har 1 tn. 1629-34. Aslak Lavrantson Midbøen, Seljord eig 1 tn. i Håtveit 1633-35. Torkjel Sudbø 3 tn. 1641-48, Torgeir Håtveit (1658-61) 3 tn. i nedre Håtveit. - Åsmund er oppsitjar og eigar av 2 tn. 1672. (Ob. odelsbonde 1665-81). Det er skifte etter Åsmund Torkjelson g.m. Ragnhild Asbjørnsdtr. 1694, 10. 1. 4 born (Torkjel, Gunhild, Torbjørg og Tore). Gjeld 70 rd. Ikkje lausøyre. Jord i Håtveit 2 tn. m.b og ein plass (støel) Omsdal.

Det skifter med brukarar på garden. Tov, Eilev, Gunnar, Svein, Jon, Tåronn, Sondre og Mikkel. Etter 1700 er det Torgeir, Torbjørg og Tord. - I 1751 heiter det at Steinars Skeie har alt og Jon er oppsitjar.

Halvor Sveinsson får heimel på 2 tn. 1767, 2. 10. Egil heimlar 3 tn. 1782, 1. 3. og Halvor 2 tn. + 5 skinn 1787, 23. 2. Men i 1793, 26. 2. kjøper Bjørgulg Lavrantson 2 tn. og i 1808, 1. 10. får sonen Lavrants heimel på 2 tn. - Ved folketelj. 1801 er Bjørgulg 52 år, Hæge Olavsdtr. 44 år, Lavrants 17, Kari 15, og Hæge 13 år.

Lavrants Håtveit gjev 10 rd. til universitet. Han byter gardar med Ånund som åtte Sandåker. Aslak Ånundson g. m. Signe O. Drotning hadde så garden. Dei hadde landhandel i kammerset. Ein ser dørropningi er attfelt i timra på øvre sida.

Anund gnæste og var ofte vond i heimen. Folkvard Skålid fortalte at han drog høy frå Øvstestaul for han og hadde 12 skilling lasset og kosten. Han hadde kun na greidt 2 lass til dagen, men fekk ikkje lov. «Han ville hell fø meg på krakkjen hell at eg sille tene for godt,» sa Folkvard.

Olav Ånundson Drotning g.m. Sigrid Åsmundsdtr. flyt til Håtveit 1869 - (Olav d. 1869 på Håtveit) «for at bruge en kjøpt gårdsdel i Håtveit» Aslak f. 1825, Halvor f. 1829 er med dei. Seinare kjem fleire av borni frå Vinje, m.a. Åsmund. Åsmund O. Håtveit (1836-1928) g.m. Kristi Aslaksdb Særen (1848-1916) kom til Håtveit 1873 som ungkar. I 1876 kom Kristi «før at bosette sig på sin mands gårdsdel Håtvedt».

Åsmund hadde Håtveit nedre til 1918, då Olav einaste sonen f. 1885, g.m. Helga Halvorsdtr. Strånd, kjøpte garden. Olav Håtveit har hatt mange tillitsyrke i kommunen og vore forretningsførar i trygdekassa i mange år og dreiv lenge handel på Br.berg i same huset der Olav Sv. Groven hadde byrja handelen sin. Olav hadde bruksmann på Håtveit alle år, m.a. Knut K. Bjåland d.e. g.m. Egeleiv H. Strånd - syster åt kona av Olav.

Den noverande eigar er Åsmund O. Håtveit f. 1919. Som brukar på garden er Gunnar K. Slåtta g.m. Ingebjørg Knutsdtr. Bjåland.

Garden har ikr. 25 mål dyrka jord og 20 mål innmark. Samla utmark 2 000 mål. Lykkjun³⁶ truleg ein attlagd plass - sudaust for garden. Skalrastaul i vårheii og Kåvelid, Fjøllstaul, Øvstestaul i høgheii. Staulane nytta fra gammalt og nær sagt til notidi.

➤ HÅTVEIT gnr. 74, bnr. 1

Namnet høver til garden. Høgt og fritt ligg Håtveit i austhalli av Nordbygdi i Mordedal med noko bratte, hallande jorde. Det er no tre Håtveitgardar øvre, nedre og sudigard - det siste bruket er yngst. Hovudbølet er nok øvre Håtveit. Når dei frå gammalt også rekna 3 Håtveitgardar, så er det nok Haugan det er meint med «nedre og vestre». Det «nye» namnet kom ved 1800-talet. Garden har frå fyrt heitt Hallbrekko (Svalastofunne og Halbrekko), og har vori skrive på mange måtar. Hathvet (1441), Hoffthweth (1501), Haattued (1585), Haatvedt (1723). Det eldste brev om Håtveit er frå 1455, 8. 4. (D. N. XIII s. 92) Svein Andothsson skriv at han har «giort jardabyte» med Roald Helggesson med det skilordet at han fekk

³⁶ Svein Lykkjun d. 1752 - 76 år. 1760 Gro Lykkjun vitne i ei rettsak.

4 m.bol i Seljugjorde på Dale i Flatdal, mot 7 markabol i Svalastofunne og Halbrekko som ligg i Br.berg. - Vitne: Niculs Dyrasson. Oppsett på Haukom i H.mo.

Eit ditto 1530, 21. 11. (D. N. XI s. 625) Jens Laureson, prest i Sillejord og Alff Olafson, gjer kunnig at Torgrim Eivindson makaskifte 6 m.bol i Ormbrekki H.mo til Trond Arnasson mot 3 markabol i Hotvedti i Svalastofn i Mergedal og 13 kyrlag «med i obofir oc 1 tyll i breffen løsn.» - Skrive i Seljord.

Garden er rekna millom halvgardar 1647, skyld 2 5/6 tn., 3 daler «en gansche ringe Eiendom». Buskapen 1657: 1 hest, 10 kyr, 13 sauher og 12 geiter.

Frå tidi kring 1600 finn me jamt tri Håtvéitgardar i jordrekneskap og manntal - men det er vondt å skilje dei frå kvarandre. Ein må nok rekne at sume namn kan vera ombytte - for det er ikkje jamt det står øvre, eller nedre eller nedrevestre Håtvéit - og farsnamnet er sjeldan medteke.

T. L. har då gjort eit utval - og etter det har så eg rena meg - når det gjeld å finna det mest rette skilet millom brukarane av desse gardar.

Eigarar og brukarar. Tallev betalar skatt 1609-20 og er eltes nemnd under leiglendingar til 1641, «forarmet». - Asgeir (1641) den same som Asgeir Heggtveit. Dotter hans, Torbjørg, vart g.m. Asbjørn Tallevson og budde på Håtvéit. Tallev betalar koppskatt 1645 «m/hustru». - Asbjørn er nemnd i manntalet 1661-62. Skifte etter Asbjørn Tallevson g.m. Torbjørg Asgeirsdr. 1675, 22. 1. 6 born, (Sondre, Tallev, Høye, Anne, Ragnhild og Gunvor), Jord i Heggtveit 1 1/2 tn.

I 1664 er Olav oppsitjar, 28 år. Det skifter med namn alt i eitt. Asbjørn Håtvéit, verson åt Asgeir, har delar av garden til 1680. Sondov Midgarden, Rauland, eig heile garden (2 5/6 tn.) 1682-88. - I 1660 eig Olav sjølv 7/12 tn. Claus Andersen eig 1/2 tn. (1675) og Ove Brochenhus 5 kalvskinn. - Fyrst i 1698 har me Olav Sondreson som har 2 5/6 tn. - Skifte etter Olav 1708, 3. 12. g.m. Asgjerd Tallevsdv. 3 born (Sondre, Tallev og Margit). Brt. 113 rd. Net. 106 rd. Sondre er skriven for 1 1/4 tn. fyrststundes, men vinn seg alt fort meir jord - så i skiftet etter han 1732, 31. 2. eig han 3 tn., 1 kvartel m.b. i Håtvéit = 329 rd. + luter i øvre Klomset og Skarpedale, (1 tii. m.b.) Net. 691 rd. i alt. Kona heiter Torbjørg Tovsdr. Sandland, (barnlaus). Merk. Arvetomten øvre Håtvéit m/Farstaull 2 tn. 5 mæler, 5 skinn. Bror åt Sondre, Tatlev O. Dale. Fld. eig 5 kvarter av desse = 106 rd. Vidare pantepengar til Halvor Jørgenson Medgarden (Rauland) 1 tn. = 99 rd. Innløyst ein «stødul Liher» for 24 rd. som Egil Breiland skreiv ut skjøte på 24-4. 1728.

Frå tingboki: Midsund 13. 10. 1705. Innstemnt Sondre Håtvéit. I dugnad på Groven vart Såmund Kleiv skoren stygt av Sondre Flåtvéit. Dei sloss inne på høystaden. Såmund klaga at dei hadde skore ut barken på han, «vinden (pusten) gikk ut i såret så lyset blikket derved.» - 4 knivskurdar i alt, tri i halsen og ein i aksli. Tatlev Haugen hadde teke seg av Såmund og fylgt han til Omtveit om kvelden. Domen vart at Sondre skulle bote «76 1/2 lod sølv inden 15 dager.» -

Kona hans, Torbjørg Tovsdr., er det skifte etter 1734, 25. 11. Brt. 314 rd. Net. 292 rd. Medrekna jord i Håtvéit 1 tn., 2 1/2 mæler, 2 1/2 skinn. Syskeni hennar arvar, Sondre og Gunnar Tovsøner.

Ein-son av Tallev O. Skarpedale, Knut, vert så eigar av garden, fyrst ein lut 1 5/8 tn. (1732-39) og så alt 2 5/6 tn. (1749-63). Tallev Knutson får heimel på 2 5/6 tn. og 5 skinn 1763, 7. 12. i skifte etter faren, g.m. Tone Leidulvsdr. 5 born (Tallev, Leidulv, Sondre, Olav og Bergit). Brt. 778 rd. Net. 743 rd. Medrekna jord i Ø. Håtvéit m/Farstaull 2 tn. 10 sett. 5 skinn m.b. = 500 rd. og i søndre Håtvéit 4 1/3 sett. = 80 rd. Sylvstas 18 rd.

Skifte etter Tone, enka av Knut, 1774, 20. 1. Brt. 455 rd. Net. 431 rd. Medrekna o. Håtvéit m/Farstaull = 250 rd. Sylv 17 rd.

Tallev Knutson sit så med garden til 1801. Den 4. 7. 1801 er det skifte etter han. Ø Bergit Såmundsdtr., II Hæge Olavsdtr. (Grå 320) 6 born, (Knut, Olav, Kjetil, Torjus, Leidulv og Tone). Brt. 1162 rd. Net. 767 rd. Medrekna jord i øvre Håtvéit 1000 rd. I 1805 skifte etter guten Torjus Tallevson. Brt. 85 rd. Gjeld 145 rd. No er Hæge g. att med Olav Garvik. Sonen Knut Tallevson får heimel 8. 10. Tallevs enke 8. 7. 1801, 1 5/12 tn. Ein må skyna dette så at øvre Håtvéit vert dela på denne tid. Husi på det nye bruket stod visst nesten på same tunet fyrststundes - og er vel flutt til Sudigard noko seinare.

I 1808 er Knut og Vetle Jonsson eigar av desse two gardar - men etter 1815 er Leidulv Tallevson komen inn på Sudigard. (1 tn. 7 1/2 sett.) Knut Tallevson d. på Håtvéit 1830 og andre kona hans Mari Aslaksdr. (Svanajord 51) d. på Håtvéit 1848. Sonen Tallev budde på Ø. Håtvéit 1834-48, men reiste til U.S.A. 1852 med kona Hæge Tovsdr. og 9 born og gamle vermor si, Kari Bjørgulvsdr.



[Åsmund og Kristi Håtveit (Åbø-Groven 15)]

I 1839 flyt Ånund Aslakson Rolfshus (Rauland) 54 år og kona Margit Ånundsdtr., med 4 born til Håtveit. I 1842 Olav Ånundson (22 år) til U.S.A. 1846 broren Eivind 22 år, til U.S.A. 1869 Aslak Ånundson Håtveit (54 år) og Signe Olavsdtr. (53 år) med 5 born til U.S.A.

Sigurd Aslakson er eigar av øvre Håtveit frå 1857. Han har vore gift 2 gonger (10 born). Av desse reiste 3 til U.S.A. Sigurd eig Håtveit øvre 1889, d. på Krossbakkane 1894.

N.B. 1852 er Aslak Ånundson eigar av øvre og nedre Håtveit, men i 1864 Sigurd Aslakson øvre og fyrrnemnde Aslak - nedre Håtveit.

1895: Knut Knutson Hestehaga og Gunhild Andresdtr. med 5 born til Håtveit. Sonen Bjørn (1881-1934) g.m. Ellen Eivindsdtr. Landsverk H.mo - overtok garden etter faren 1913. (Svein, ein yngre bror f. 1887, budde på Håtveit 1911, flutte så til Svelgfoss.)

Ellen Eivindsdtr. er eigar frå 1934. Det er 20 mål dyrka jord og 20 mål anna innmark og 1200 mål utmark (200 mål prod. skog). Godt fjellbeite med 4 staular høyrer til.

Husi på garden er vel vyrdda om. Omfram stoga er det bygt ein stor pensjonatbygning 1948. Loftet er eit sersyn med sine breie, magatægde vegger - utan stabbar, (jareloft). Eit av dei eldste bur i Kviteseid. Freda.

Plassen Sjoås høyrrer til garden.

➤ HÅTVEIT (Sudigar) gnr. 74, bnr. 3

Austanfor ei daldrop midt for øvre Håtveit ligg denne husestaden. Ovan skygger ei skoghovde for den tidlege morgonsoli, men så skin soli så mykje lenger i kvelden. Husi på garden lagar eit sermerkt tun og er gamle og velhaldne med tak og grunnmur. (Den gamle husestaden var visstnok like ved øvre Håtveithusi. Husi er flutte til den noverande stad omkr. 1834.)

Stoga gamal, påbygd 1917. - Eit gammalt hengeskåp 1712, T. K. S.H. - På ivistoga 2 krunesenger laga av Olav A. Håtveit med måling av Halvor O. Slettmeås 1934 - Eit mykje fint og sermerkt kunsstykke. Loftet opph. veslebur frå øvre Håtveit 1734 K.T.S.H. (Knut Tallevson) påbyggi 1834 - ny form.

Løda gamal, timra, fjøset 1913 - stolpereist over, alt under eit tak. Eldhuset (1905), snikkarhus (1943). Badsroge og smie høyrd til, kvern sarnan med øvre Håtveit. Motorsag på garden.



[Håtveit (sudigard) Gjerjord ovom. (kring 1900)]

Den dyrka jord er ikr. 30 mål med 18 mål innmark elles - utmark 1500 mål.

Til garden høyrer 2 staular, Kabrettstaul og Stuvelid - nyttta som slåtte og staulebruk til 1930.

Det er truleg Knut Tallevson som i 1801 hyser det som no er Sudigard - meddi at mor hans sit att på halve garden. Men etter 1815 er Leidulf Tallevson komen til Sudigard. Han er g.m. Svanaug, Sondresdtr. Ein son, Olav f. 1821, har så garden til 1852 da Olav Eivindson Tveito g.m. Margit Eivindsdtr. kjøper garden. Andre kona hans er Ragnhild Tarjeisdtr. (1831-1915). Sonen Åsmund (mor Ragnhild) g.m. Gunhild Guttormsdtr. (Skare 21) overtok etter faren 1883. Åsmund var ein hugheil og utifrå flink arbeidskar som kom av med det utrulege. Han dyrka opp storparten av garden.

Sonen hans, Olav Åsmundson g.m. Gunhild Olavsdtr. Kvålsgård, overtok i 1918. Han er sløydlærar og byggmeistar.

Den nov. eigar Åsmund f. 1922, overtok 1955.

➤ LIER gnr. 74, bnr. 4

Plassen ligg i nordhalli under Liernotra, eit stykke opp i lii - med Liervatnet rett nedanfor. I gamal tid var det staule, sidan plass og høyrde under Håtveit (søndre). Tingboki 24. 4. 1728: Egil Tovson Breiland, H.mo, skjøte til Sondre O. Håtveit på *Lierstølen* for 24 rd, til odel og eigedom.

Eivind Steffason Donstad kjøpte plassen ikr. 1800, og av honom kjøpte Gunleik Folkvardson det, g.m. Ingerid Auversdtr. Kvæven, syster å Sundre Nordheim. (9 born) II Asgjerd Knutsdtr. Nordskog, 3 born (Ingerid, Knut og Halvor). Dette var ikr. 1870. Då han kom til Lier, stod stoga på hollsteinar utan stogemur. Han innreidde kammerset til vermdrehus og budde der nokre år. Sidan sette han mur under stoga, slik som gråsteinmuren ter seg fram i dag. Gunleik budde på Lier til 1911, og flutte så til Håtveitåsen til Knut son sin og døydde der 1915. Seinare har det vore brukarar av og til, og det har gått i fleire handlar, m.a. åtte Eirik Nord det. Seinare har Niels Schødt ått det, og no er det Fredrik Weidemann. No bur der ikkje folk lenger. Dei små, gamle husi vert då vyrdsla om. Lier var ikkje av dei mindre plassar, dei fødde vanleg 2 kyr - og fiskeriet i Liervatnet var bra, (aure, røye og tryte.)

I stubbåi millom Nystaul- og Liervatnet, har stått kvernhus som Oppistog Slettemeås åtte. No er alt utsletta, og berre namnet Kvennhusbekken held oppe minnet.

➤ KROSSBAKKAN gnr. 74, bnr. 5

Det har vore plass under øvre Håtveit og ligg 1,3 km i aust for garden. Ein ny skogsbiweg fører fram til dette bruket som ligg 678 m.o.h. Dette er no øvste bustaden i heile Kviteseid herad, og høgt og fritt ligg det med storfelt utsyn nesten i alle leider. Ordalsåta, Brokefjell og Vrådalsfjelli har ein for augo kvar dag.

Her kan ein seja bakkane krossast og rid over rygg. Sume hallar nordover mot Ordal, andre sudover mot Mergedal. - Eit fint oppdyrka jorde ligg i ein liten kvæv mot middagssoli og ber god avling av høy og jordeple. Det er 25 mål dyrka jord og 30 mål kulturgeite og 20 mål skog. Til Krossbakkan høyrer eit gamalt rudningslende som heiter Lid, og som har kome frå Gjerjord. - Der er merke etter åkrar og tufter - jamvel 2 husestader.

Den gamle husestaden på Krossbakkan låg 50 m lenger opp under skogkanten. Tufter er synlege, men ingen veit når husi vart nedflutte. Dette er nok ein mykje gammal plass. I jordi er det funne fleire steinar med hol i - handkvænnar o.l.

Krossbakkan vart eige bruk i 1909 då Olav Vetleson Kjøta, Fld. g.m. Aslaug Knutsdtr. Hestehagen, kjøpte det av eigaren åt Håtveit, lærar og klokkar Knut Knutsson Hestehagen. Aslaug vart tidleg enke (1919), og

saman med ungane dreiv ho godt småbruket. Det vart dyrka ikr. 20 mål. I 1938 fekk ho Tor Vås premie. Husi på bruket er i god stand.

Dei nov. eigarar, Knut f. 1905, Harald f. 1906, driv åleine dette småbruket. Knut er byggmeister. Dei har bygt 2 nye hytter i nærleiken av husi og tek mot gjester vinter som sumar. (Plass til 20 stk.) Elektrisk straum fekk dei i 1956 over Ordal.

Det er utsagn, at Gjerjord ei tid var 2 bruk. Husi på det andre bruket stod like ved. Det er merke etter tufter nedom løda. En deildemur er synleg i nordkantan av jordet.

Maristaul er visstnok ein gamal vårstaule med merke etter sel.

«Situationscart 2. 1. 1795 af Math. And Bye», over Furustaulmarki. Langdrug sak millom Gisle Sæli og Loftsgarden. (No på Gjerjord.)

Fjosskorlid har hørt til Gjerjord, men er fråseld til Haugan. Likeins høyrde Lijordet, ein gamal plass ved Krossbakkane til, - skylddela frå 8. 10. 1881. Lijordet selt av Svein Gudmundson Gjerjord til Sigurd Aslakson som då har Krossbakkane.

➤ BREKKE gnr. 76, bnr. 1 og 2

I austhalli sud for Morgedal Turisthotell, ligg Brekkegardane fint i mot middag- og kveldsol. Jordet er noko bratt, men jamt hallande utan noko større dekkar og dalar. Det er sermerkt morenejord, grusi og grov. Brekke nordre er hovudgarden, men husi stod lenger oppe, nesten i høgd med Hauge bort i Troi, og der er merke etter tufter. Kven som husa der husi står i dag, er løynt, men lenge sidan er det.

Brekke i dag står der med ei fin opphusing. Stogebygningen er frå 1913, men nyoppussa. Uthusbygningen har vorte bygt og forbetra og utvida etter som det skifte med eigara. Stabburet er gamalt med stolpar og flate plankar utan utskurd, fint måla og vyrdska. Det er ein medels stor gard med 35 mål dyrka jord og 35 mål kulturbete og innmark og 1000 mål skog, (prod.)

Til garden høyrer høghei Vasstaul sørre og Olavstaul nord mot Jonsliskarvet og inntil Selvatn, (fiskerett). Plassane Versto, Skålid, Storbrone og Stråndi var alle sameige til nordre og sørre Brekke, slik at husmennene slo 1 teig i kvar gard som leige. På Stråndi sat som husmann Olav Guttormson og Asgjerd Øysteinsdtr. Dei har no kjøpt det så det er eige bruk.

Versto var plass til 1937 då Sveinung Gudeikson g.m. Gunhild Haukås kjøpte det av Svein Brekke og Gregg Utabjå. Som husmann sat Gunleik Folkvardson Skålid og Asgjerd Steinarsdtr. der, (Han d. 1920 ho 1934 på Versto). Skålid er nedlagd som plass og dela millom Brekkegardane (8. 8. 1914, tingl. 4. 3. 1915). Skogen høyrer til sørre, og slåtte og beite til nordre Brekke. Sist budde Folkvard Folkvardson (1836-1915) g.m. Kjersti Lavrantsdtr. (1842-1932) på Skålid.

Garden Brekke er gamal. Alt i 1647 vart han rekna fullgard med skyld 5 ½ tn. 6 daler, men med den merknad «en ringe eiendom», - (1 kalveskinn).

Brekke m/Mostaul har 2 hestar, 8 kyr, 17 sauher og 4 geiter i 1657.

Det eldste brev om Brekke, er eit uprenta diplom frå 1575, der Asle Sveinsson gjør krav på åsætesrett for borni av broren Asbjørn.

Eit ditto frå 1596, 7. 4. der Svein Sveinsson sel all «Ahend lodt oc iordepartt som jeg aatthe oc m. Rette oc Arffuelig'n tilkom bode ij Brecke oc ij Fioslandt (Bygland) liggend = ij Skotuedgren ij Molgedall wdj Brunckebiereg sogn» til brorsonen Kjetil Asbjørnson. Betalingi er 7 daler og ein stålboge rekna 3 daler. Pengane kvittar han for. Vitne er lagrettmenn Tov Audunson og Egil Torkelson. Brevet skrive i Morgedal 7. aprilis MDXC sexts.

Ditto frå 1602, 26. 5. (Omtveit stevnestoge.) der Gunleik Eilevson Groven nektar å ta mot av Ånund Lundevall, Bekkåker i Brekke med 1 tn. skyld - likeins øydegarden «Rudit». Då sagde Ånund: «Da hav din egen arvepart der nede i Epelthvedt og fly mig mine Penge igjen.» - Då gjekk straks Gunleik heim og henta 26 daler og «hæderlig vellærde mand Hr. Christen Olfussøn, Guds ords Tiener i Hvidesøe og Provst offuer Skatlandet» talde opp pengane til Ånund «i hans egen Haand.» - Lagrett er: Tjostolv Haukom, Gunleik Undeberg, Nikuls Berge og Gunnulf Skarde.

Eigarar og brukarar. Kjetil betalar arbeidsskatt 1593-94. Olav saltskatt 1609. Han er skysskaffar 1620. Ådne m/hustru betalar koppskatt 1645. Ved folketelj. 1664 er Kjetil oppsitjar 40 år med sonen Eiel (Eilev) 12 år. Blant odelsbønder finn med nemnt Oluff Brekke 1611-44 med fyrst heile garden (1611-17), så om lag det halve og mindre (1622-24, 2 5/6 tn.) og med part i Rudi, Haukeli, Mostaul, Groven og Loftsgard. - Tjostolv Åse eig 1 1/3 tn. i Brekke (1618-23). Anders Jelstad 2 1/3 tn. (1625-26). Kjetil Brekke 1 7/8 tn. i Brekke og 2/3 tn. i Mostaul og ½ tn. i Gotuholt (1657-71). Kjetil Bergland (Brogland) 1 1/3 tn. i Brekke og 1 1/3 tn. i Bergland (1665-81). Jon Kjetilson 1 ½ tn. i Brekke (1680-81). Odelsskatt av Brekke m/Mostaul svarar Tov Klomset, Svein Loftsgarden og Kjetil Egilson i 1682-88 med berre små jordpartar (1/6 tn., 1/6 tn. og 2 tn.).

Brekke m/Mostaul rekna 4 tn. 1672-1704. Egil eig 3 1/3 tn. og Olav 2/3 tn. i åri 1695-1700. I 1704 har Egil 3 1/3 tn. og Gro (Mostaul) 2/3 tn. Olav (trueleg Egilson) har Brekke 3 1/3 tn. 1713-39. Det er skifte på Brekke 1741, 16. 2. etter Olav Egilson g.m. Ingebjørg Torbjørnsdtr. («opp gir boet på grund av Aderdom og svaghet») 4 born, (Egil, Torbjørn, Tarjei og Birgit). Brt. 520 rd. Net. 464 rd. Medrekna jord i Brekke m/Mostaul 3 tn. 2 mæler m.b. = 450 rd.

Egil Olavson g.m. Gro Eilevsdtr. Bygland får heimel på Brekke 8. 12. 1741. (3 1/3 tn.) Egil har garden framover til 1765. Ein son, Aslak Egilson g.m. Ingebjørg Tarjeisdtr. har så garden. Han døyr, og enka g. att med Tallev Olavson, (barnlause). Det er skifte etter Ingebjørg 31. 3. 1789, 4 born, (Tarjei, Såmund, Olav og Guttorm). Brt. 505 rd. Net. 289. Irekna jord i Brekke 1 tn., 8 sett. = 400 rd. Sylv 9 rd. Tallev Olavson får heimel på 1 2/3 tn. 27. 2. 1781. - Me skynar at garden vert dela på denne tid.

Etter alt å døma vert det Tallev som byggjer på Brekke sørre omkr. 1780, fyrst litt seinare får broren Knut heimel på hovudbølet 1 2/3 tn. 1791, 1. 3. Tallev g. II 1808 med enke Anne Olavsdtr. (Grå 273). Han døyr på Brekke 1822.

Knut g.m. Guro Andresdtr. bur på Brekke til sin død 1823. - Dei har 9 born, og ikkje mindre enn 3 av dei får ein udød (sjå ættesoga s. 74).

Knut Olavson svarar skattar og avgifter av Brekke 1815-21 (1 tn. 8 sett.), men brukaren på søndre garden heiter no Tallev Jonson (i 1808, Nerid Gunnarson). Samstundes eig ein Tormod Åmundson 8 sett. (Mostaul). I 1852 og 1864 eig Vetle Johnson nordre Brekke.

Nordre Brekke kjem på handel, og Jørund Tovson Midtbøen og Turid Bjorgulvsdtr. Fjødde kjøper garden.

Jorund (1804-898(l)5.27641.-4.12708()-35.0448(T)-15.1256(a)2.15025rid ()1.07439(1)-9.88997()-4.12633504189(d)2.

➤ VERSTO gnr. 76, bnr. 7 og 8

Dette var plass under Brekke nordre og søndre like til 1937 då Sveinung Gunleikson (Folkvard 39) kjøpte det av Svein Guttormson og Gregar Utabjå.

Elles er plassen kjend frå gammalt. - Her var det Knut Sveinson Vestå var heime, han som drap Olav Auversen Gjersund på øvre Bygland (18. 11. 1731). (Sjå ættesagaer og sagn s. 79).

Tallev Sveinungson (1812-1900) og Kari budde her. Dei hadde 8 born alle fødde Versto, (1847-64.) Egil og Sveinung Tallevsøner hadde og denne plassen. Frå 1905 hadde Gunleik Folkvardson og Asgjerd Steinarsdtr. sete som leiglendingar. Dei var foreldri åt Sveinung Versto g.m. Gunhild Haukås, Tinn.

Den dyrka jord er 18 mål og så er det 80 mål utmark. På dette bruket har den nov. eigar reist ein turistheim i seinare år. Mykje av snikkararbeidet har Sveinung gjort sjølv.

Frå Versto er selt ei tomt ikr. 2 mål til Andres O. Gjersund.

➤ STRÅNDI gnr. 76, bnr. 11

Dette er ein gamal plass under Brekkegardane eit stykke nord i solialli ved Morgedalstjønni i eit bratt lende. Husmannen her og på Versto måtte svara pliktarbeid - slått og skur både til nordre og søndre Brekke.

Stråndi vart sjølvstendigt bruk i 1942. Olav Guttormson Nordjorde d. e. g.m. Asgjerd Øysteinsdtr. Høydalsmoen, kjøpte plassen av Johannes Brekke og Gregar Utabjå.

Husi er nye med undantak av buret som har vori flutt og ser gammalt ut.

Dyrka 14 mål, 4 mål beite og 30 mål utmark.

Der er fråseld ei tomt på 900 m² og bygt ei storvevstoge, (1946). Vevstoga gjekk i nokre år. No er huset overteke av advokat Dokksæter, Oslo.

På ei tomt 600 m² like ned ved vegen har Øystein O. Stråndi g.m. Signe Åsmundsdtr., Høydal bygt seg bustad.

På Stråndi budde ei tid som husmann Tallek Sveinungsson Versto og Kari Egilsdtr. (Homme 50) og sonen Tarald og Gunnbjørg som seinare kom til Kvålset. Tormod H. Nuten og Sigrid og så Olav og Asgjerd frå 1915 - dei som seinare kjøpte plassen.

➤ SKÅLID gnr. 76

Dette var ein av dei likaste plassar i Morgedal. Her sat dei med 3 kyr og nokre småkrøter år om anna. Jordet kveker fint inn frå alle kantar som ei skål - derav namnet. Sieldan fin husestad, god åkerjord og mykje dyrkingsmon og eit fint skogstykke høyrde til.

Omr. 1730 vart Skålid bortpakta frå Brekkegardane på 150 år. Leiga var m.a. slå 2 teiger, ein på kvar av Brekke, nordre og søndre.

Jakob og Sigrid Skålid var dei første husmenner ein har greide på. Jakob var ein flink mann, bygde hus og dyrka jord og sette jamvel opp kvern ned i Brekkemasi, staden heier Jakobshol. Men han vart sinnssjuk og hengde seg på låven på Skålid. Dei var barnlause. Sigrid bur på Skålid 1841.

I 1801 bur husmann Eilev Aslakson (77 år) på Skålid. I 1845 vart Skålid selt til Rannei Jansdtr. Ho hadde fleire brukarar der, m.a. Halvor Torsteinson, Tarjei Sjoås og Eivind Tallevson Gjerjord. Rannei Jansdtr. (Øyan 84) d. 1845 hadde 2 døtter, Sigrid og Gro.

Sigrid g.m. Aslak G. Bergland og Gro med Anon S. Drangstveit. (Homme 49.) Dei fekk kvar sin halvdel av Skålid i arv. Eivind Tallevson Gjerjord g.m. Margit Arionsdtr. Håtveit (nedre) kjøpte så Skålid. av mågane til Rannei Jansdtr.

Eivind var ein sers flirik jordbrukar og dreiv opp plassen så han sat med hest og 3 kyr og nokre småfe. Til sine tider var han mykje tunglynd - hadde jamvel ymta om det på brudlaupsdagen at han ville drepa seg. Ein dag han skulda på at han ville eit ærend. til Halvfardalen, hadde han brigda seg med kniv. Over 100 mann gjekk manngard i Brekkemarki, fortalte Gunleik Lid. - Millom Kåvsås og Breidalen fann dei han med eit sår i halsen.

Margit selde så Skålid til Brekkebøndene Såve og Bjørn og flutte til Modum til Tallev son sin, som var lærar der.



[Kjersti og Folkvard Skåli (Folkvard 5)]

I 1880 jekk stedsmålet ut på Skålid - det varde frå 1730 til 1880. Plassen vart no sett bort til lutvinning. Jens og Anne Vatrielian brukta det i mange år, men flutte så til Sjoås, og Folkvard Folkvardson og Kjersti kom til Skålid i 1890. Dei budde der til 1903. Sidan har det stade øydd. Berre løda står att.

Skålid vart dela millom Brekkegardane 1914 (tingl. 4. 3. 1915) såleis at skogen hører til søndre Brekke og slatte og beite til nordre.

➤ HAUGE gnr. 77, bnr. 1

Garden ligg oppfor Brekke, under åskanten med sinå bergknattar på 3 kantar. Den gamle husestaden låg litt lenger nord, oppå ein bakke i ei dalkro som heiter Huskroi, med Husås nære innpå.

Husi på Hauge er i god stand og lagar eit sermerkt tun med gamle hus ordna i ein firkant. Stoga er gamal og har magatægde vegger i fyrste høgdi. Det skal ha vore røykstoge. Der er gamal innreidnad i stoga. Two låge dynnar med kledning og krone og småspeglar i. Kronesengi er måla 1845 med namni Åsmund Jonsson og Sigrid Jonsdtr. Vå. Skåpet er frå 1817 med namni Sveinung Bjørgulvson og Anne Taraldsdtr. og Tarald Tallevson, (d. 1827). Den gamle trappi til kjellaren gjennom venstre skápdynn vert framleis nytta.

Ei gamal stor Kongsbergkiste er å sjå med 5 jarnband og med raudt klæde innom gangjarni. I jarnet inngrave Martha Kristine Boor 1769.

Ein ølbolle frå 1705 med denne innskrift «Guud glæde de Giermender gode, de dricker med frydefull mode Guud uner os freden til Laas (lands) og en vans med Pung og harv gaar 20 i Dans». Anno 1705.

Loftet frå 1788 er av grovt virkje og staseleg utskore av Karl Jonson Svanajord. Ved sida står eit bur (utan årstal) med mange tjørekrossar og med mosegrødde flak og stolpar. Nokre få små krossar hogne inn i tverrstokkane i lofti er og å sjå. (Jfr. Donstadburet) Løda og fjøs timra i gamal stil med ein lang gang imillom. Eldhuset er oppstilt til ei slag kårstoge. Badstoga har plassen sin eit stykke i frå dei andre husi.

Jordet er sterkt hallande og går like ned motvegen og elvi. Ein stad ned i bakkane heiter det Svalastogåkeren. Svalastogåkeren er eit veikt minne om ein gammal gløymd gard som har lege der. Fyrre nov. eigar Åsmund Hauge braut opp der nede, synte det tufter m.a. etter stoga. Eit stykke sudom braut han ut ei smietuft med kol og sinder. Ein liten hestskor fanst i smietufti.

«Hakjesteing» i Hauge, namn etter Hakje Sollid, husmann.

Den dyrka mark er ikr. 60 mål, og så er det 30 mål beite og slatte og 1100 mål utmark.

Til garden har hørt Bergland og plassane Sollid øvre og nordre og staulane Natstaul og Lian. Bergland er fråseld i 1834 og nordre Sollid i 1870. På øvre Sollid har butt folk frametter åri. No bur Torgeir Teigen og Åshild der. Husi er berre därlege.

På Natstaul er fjøs og stoge og høysel. Staulane har vorte nytta til no. - I Trytetjønn er det bra med fisk.

På Hauge gøymer dei ein stor kyrkjenykkel som etter segni skal vera frå ei kyrkje som stod i Åmdalkro i nordre Sollid, men dette er mykje utruleg, og der finst visst ikkje merke etter noko tuft heller.

Ikring 1500 lever two systar, Åse og Herborg. Åse er gardmannkone i Seljord (Loftsgarden eller Åsheim) Herborg det same i Morgedal, truleg på Hauge. Me veit dette av eit brev skrive Krossmessdagen 1588 på Hauge i Morgedal. Det tek til slik: «Ollurn mannum thennun som th breff seer eller hære lesse helsar vi efternevnte: Aslak Holten, Jørgen Norbøen, Ånund Lundevall och Egil Torkjelson sorne lagrettismend ware vii med flere dannemend på Hauge i Bruggabergh sogenn om Krosmøsdagen om woren anno 1588.» - Dei høyrde på ord og avtale om rett arveskifte millom Svein Sveinson og Eilev Petarson. Dei la fram sine ervemål etter godmødrene Åse og Herborg som var samborne sysken. Dei imillom hadde det ikkje vori gjort noko visst skifte fyrr. Avtala er at Svein med brør og systar skal vike og få jord m.a. i Brekke, Bergland og Midbøen, (lut av Bjåland). Eilev med sine sysken, fær jord i Hauge som han sjølv «å sidder», og noko i Brekke og Midbøen.

Seks år seinare, 28. 6. 1594, møter same ervingane på Hauge med 6 lagrettmenn og «M. Maj. lensmand Ånund Lundevall». - Dei skal granska og forfara same skifte. Laurits og Svein Sveinson er nemnde, dei har jord i Loftsgarden. Dei tek for seg jordpartar i Hauge, Bergland og Brekke, innmark og utmark, lut for lut, og vert forlikte om byte og deilder. Aktuelt den dag i dag, kanskje, desse gamle deldegrenser med

namn og nemne. - Og til slutt: Ville nokon av partane byte bort luten sin, skulle han fyrst by han til dei han ha sameige med. Når det var gjort, og ingen tok bodet hans, kunne han byte eller selje til kven han ville.



[Hauge]

Hauge er nemnt i eit prenta diplom (B X s. 790.) frå 1530. Halvor Ulvson svoren lagrettsmann i Fyresdal «giør vitterlig» at han har bore opp 9 kyrlag av Petter på Hauge i «Mollgadalle», etter den semja om den arven mor åt Halvor fekk etter Bjørn Loftsgarden. - Østen Ulvson, Torgrim og Kjetil Berge «henga sine innsegl under».

Hauge er så tidleg som i 1590-åri rekna fullgard med ei skyld på 4 1/6 tn. + 5 kalvskinn 6 daler. Buskapen i 1657: 2 hestar, 7 kyr og 9 sauер.

Eigarar og brukarar. Den fyrste brukar som er nerrind er Eilev, (Elleff). Han svarar arb.skatt 1593-94 og saltverkskatt i 1609-11 og 1619-20. Han er sonen til Petter på Hauge som er nemnd ovanfyre. I eit uprenta diplom frå 1588 heiter han Eilev Petterson, likeins i eit ditto frå 1594. Han har two soner Gunleik og Petter. - Ånund heiter brukaren framover i 1644-62. Ved folketelj. 1664 er oppsitj. Eilev 30 år og ein son Gunleik 17 år.

Ånund eig 2 1/2 tn. m.b. (1647-62).

Eilev Tallevson (d. 1693) brukar garden 1664-68.

Det er fleire som eig pantegods i Hauge framover frå 1611.

Olav Geirjord 1 1/2 tn. (1618-29), Gudmund Opsund 1 1/2 tn. (1620), Gutorm Haugland 1 tn. (1647-59), Styrkår Haugland 1 5/6 tn. (1650), Asbjørn Loftsgarden 1 tn. (1650) o.s.v. Som brukar 1672-91 er Eilev nemnd, (einskilde år Eilev og Kjetil eller Eilev og Gro).

I 1692-97 Tallev og Mo. Dette er nok Tallev Eilevson g.m. Margit Taraldsdtr. Lundevall, som i 1704 har løyst inn alt pantegodset, (4 1/6 tn. + 5 kalveskinn). No sit Tallev på Hauge til i 1740, men pantsatt garden etterkvart, så då skiftet er etter han 18. 12. 1741, har han att om lag halvparten, (2 tn. 1/2 mæler, 2 1/2 kalveskinn), men i Sui-Omtveit eig han 2 tn. 5 mæler, 2 1/2 kalveskinn m.b. Skifte. Brt. 1267 rd. Net. 506 rd.

Tarald Tallevson overtek garden (1741-46). Han er gift med Anne Bjørnsdtr. Garvik, - men døyr snart, (1746). Enka g. att med Olav Egilson Bjåland, og han sit med garden frarriover til 1757 - då styksonen hans, Tarald Taraldsonen, får noko av garden og sidan heimel på heile garden 4. 3. 1779. Tarald sit med garden til 1808. Kona hans er Gunhild Såmundsdtr. Huvestad. - Ei dotter Anne f. 1778 g.m. Sveinung Bjørgulvson Syftestad i 1801. - Denne Sveinung'n er så eigar av Hauge 1815-21. Men det ser ut som han ikkje kan klare seg på eigedomen. Han må til å låna og pantsætja garden. Alt i 1819 skriv han ut ein obligasjon til Norges Bank på 100 speisidaler (22. 11. 1819) og ein 8. 7. 1826 på 290 spdr., og endeleg in 9. 7. 1836 på 800 speisidr. mot 2. pant. Dette skynar ein ber gale i veg, og 17. 10. 1840 er det eksekusjon der Åmund Aslakson av Vinje har fått innførsel i 2 tn. 3 1/2 sett. i Hauge.

Sonen Bjørgulv prøver å berga farsgarden og får lånt 408 speisi av bror sin, Såmund, som no på denne tid har fått Bergland - truleg i arv. Obl. 21. 7. 1841 med pant nestetter banken og Åmund Aslakson. Garden kjem til auksjon, og Såmund Bergland får auksjonsskjøte 2. 12. 1842. - Han sel vel garden til Åsmund Jonson Juvland g.m. Sigrid Jonsdtr. Vå, som flyt til Hauge våren 1845. Åsmund er då 43 år og kona 28 år, 2 born, (Jon 4 år, Åsne 1 år).


I 1854, 29. 9. kom Husekroi attende til Hauge. - Åsmund kjøpte det av Berglandmannen Aslak bror sin, for kona hans ville eige så lang ho såg bortover Husnuten. Då gjekk det med 1/6 av Bergland.

Brunkeberg kyrkje åtte 2 mæler jord i Hauge frå gammalt, men i 1858, 2. 12. fekk Åsmund Jonson kjøpt dette av kyrkja. Bjørn Johannesson underskriv skjøtet på kyrkja si vegne.

Ein ing. L. Bertolt får i 1887, 9. 5. rett til å søkje etter malm i Sollid - mot årleg avgift.

Åsmund døydde på Hauge 1863, og sonen Jon g.m. Margit Guttormsdtr. (Skare 22) overtok garden.

Jon skriv ut ein obl. på kr. 3218 til broren Jon d.y. 20. 12. 1889, som har reist til Amerika i 1884. Jon hadde examen frå lærarskulen på Hamar. Han var flink skiløypar (Kongepokalen i Huseby 1879) og kom seg godt fram i Amerika, (eigedomsrneklar).



[Jon Hauge (Juvland 7)]

I krisearri 1920-30 var det ikkje så greidt å klare seg på gardane, og såleis gjekk det til at Hauge og kom på handel, Hypotekbanken slo til seg garden for 13000 kr. (Auksjonskjøte 19. 3. 1932). Den noverande eigaren Åsmund Jonson Hauge g.m. Anna Gregarsdtr. (Storlid 227) kjøpte garden att for 17000 kr. Skjøte 20. 3. 1936. Dei har ikkje barn.

Åsmund har dyrka opp 20-30 mål jord.

Fra Hauge er utskild ei tomt (bnr. 4) på 1,5 mål til Dagfinn Tveiten, Fyresdal g.m. Gunhild Vetlesdtr. Kallåk. (Morgedal rørleggjarverkstad.)

Ei tomt (bnr. 5) på 2 mål er sold til Tor Egilson Fundlid g.m. Gunnbjørg Aslaksdtr. Kvålseth.

➤ SOLLID gnr. 77, bnr. 2

Garden ligg noko løynt i ei dokk mot sud og middagsol. Berre denne vegen ser ein til rykande piper og lampeljos om kvelden. Det er Kallåkgrendi ein ser noko av. Sollid er ein koseleg heim for dei som likar å ha det fredeleg og stilt.

Jordet skifter millom bakkut og flatt lende. Garden har no 24 mål dyrka jord, 20 mål anna innmark og beite og 100 mål skog.

Stoga er gamal, men påbygt og innåtbygt både i 1923 og 1955. Uthusbygningen er frå 1913. Buret vart omgjort til loft i 1938. Eldhuset har two rom og er stelt til kårstoge for mor til eigaren.

Sollid var plass under Hauge til 9. 7. 1870. (Skyldelingi tingl. 2. 10. 1871.) Det var Anders Bjørgulvson som kjøpte det av Jon Hauge.

Det har butt folk lenge på Sollid. I 1762 dør Lars Finne på nordre Sollid u/Hauge, 80 år. Det kan vera han som ruppe plassen. Hake son til Lar, £ 1726 og g. 1754 med Aslaug Kjetilsdtr. (Tveitane 19) budde her. Ho d. på Sollid 1773. Bjørgulv Kjetilson g.m. Åse Torjusdtr. fekk feste på plassen 17. 7. 1824. Festet oppatnya 3. 12. 1859 til sønene Anders og Mikkel. (Nordskog 48) Anders g.m. Gunhild (Svolsbru 190) døydde same året dei kjøpte Sollid (1871) og hadde ikkje born etter seg. Broren Mikkel d. ugift 1861.

Sollid kom no på handel og gjekk frå hand til hand, m.a. hadde Aslak Tallevson Bjørntveit og seinare Torbjørn Vårbuli det.



[Tone og Hallvard Lid (Tormod 49)]

Skomakar Hallvard O. Lie u/Hemmostveit (Tormod 49) kjøpte det av-Hæge Hemmostveit i 1902. Skjøtet tingl. 7. 3. 1902. Hallvard g.m. Tone Tallevsdtr. Tresland var flink skomakar og heldt skomakarskule skiftombil over heile heradet. Hallvard - eller Halvor som han oftast vart kalla - var ein framifrå ordhag forteljar og hadde eit utifrå minne. Mange er dei som kom til Sollid for å høyra han fortelja.

Hallvard braut opp mestedelen av garden og fekk Tor Vås premie 1922.

Sonen Torleiv g.m. Signe Tarjeisdtr. Grønlid overtok eigedomen i 1946. Torleiv driv og som tømmermålar.

➤ BERGLAND gnr. 77, bnr. 3

Denne garden som er utskild frå Hauge 5. 7. 1834, ligg vestan Husåsen og midt ovanfor nordre Brekke. I ei hallande dalkro med rindar og små berg i jordet er husestaden valt - med fritt utsyn mot Nordbygdi. Her er nok verskøtt og hardt i nordvesten, men lognt når veret står frå aust og sud.

Den dyrka jord er 30 mål og 30 mål elles og 1000 mål utmark. Husi på garden er i god stand. Stoga bygt 1866, men innåtbygt og påbygt i 1930-åri. Loftet er gamalt, flutt frå Breidalen. Eldhus og skjol 1918, uthusbygning 1930. Skogshytte og smie på garden.

Til garden hører plassane Sigurdstaul og Revstaul og Stogo. Det var bra plassar ei gong og fødde 2-3 naut. Sigurdstaul var størst. Her budde ei tid Asbjørn og Susanne Vatnelian. Sidan ein som heitte Knut med sonen Olav. Så kom Eilev Skålås (Øyfjell) og Ingebjørg Revstaul og budde her ei tid. Ingebjørg vart enke og gift att med «Hovde-Olav». Han døydde, og Ingebjørg gift tredje gong med Hans Bukkøy, (Kviteseid). Etter Olav og Ingebjørg hadde butt der, vart plassen attlagt.

Revstaul ligg i ein logn kvæv opp i frå Nastaul. Berre løda står att. Her budde for lenge sidan Gunleik og Martine - foreldri åt lensmann Eilev Sandvik. Far åt Gunleik, Eilev Ånundson d. på Sigurdstaul 1857, (Sandvik 2).



[Sigrid og Aslak Bergland og borni (Storli 167)]

«Stogo» er ingen plass, men berre ei tuft. Her bygde Andres Knutson Brekke og Kari Bjørnsdtr. seg hus - og så vart det kalla stogo. Dei hadde ått Brekke ei tid, men klara seg därleg og laut selje garden. I 1854 dreg dei til Amerika med fleire born. Dei hadde hatt 13 born.

Bergland er fyrst nemnt i arveskifte på Hauge 1588 og 1594 (gå Hauge). I 1706 2. 3. er Gunleik Gunnarson. v/Aslak Midtsund odelsmann til Bergland under Hauge i Moredal og lyser sin pengemangel.

Frå kyrkjeboki: 1758 døyr Eivind «Ole Bærlands sön», og i 1765, 30. 11. er det skifte på Bærland etter husmannskona Ragnhild Jonsdtr. (d. 39 år gl.) g.m. Olav Ånundson, 3 born, (Anund 10 år, Tallev

og Tone 2 år). Brt. 47 rd. Net. 32 rd. Ditto 11. 2. 1788 etter ungkar Såmund Gunnarson Bergland, (d. 1787, 25 år). Mor: Hæge Såmundsdtr., halvbror Ånund Gunnarson, (38 år), systrar: Ingebjørg 25 år, Marie 22 år. Brt. 43 rd. Net. 19 rd.

I 1767, 29. 3. vigde E. m. O. Ånundson B. og E. Gunhild Tomesdtr. Ved folketelj. 1801 er husm. Tallev O. Bergland 44 år og kona Anne Olavsdtr. 38 år med 4 born, (Kari 13, Olav 9, Olav 7 og Guro 3 år).

Ei herme etter Tallev: «Årelata seg fe skry å hoste, nyttar 'kje. Å fesle seg fe Bronkeberg kjørke gjeng 'kje an.» - Tallev vart noko vinglen så han rødde så rart.

Ved skyldelingi på Hauge 24. 5. 1834 går ein tredjepart frå c: Bergland. Det får Aslak Jonson bror åt Åsmund Juvland etter 1845. Fyre den tid hadde Såmund Sveinungson åt Bergland. (Sjå Hauge) Aslak Janson er skriven. for garden i 1852. Truleg var det av honom Aslak Gunleikson Havslund kjøpte han i 1861. (Storlid 167). Son hans Olav d.y. f. på Bergland 1867, hadde så garden etter foreldri til 1897 då han reiste til U.S.A. Anders Kj. Kilen (Jordgrav 19) kjøpte garden. Han hadde garden til 1908 då Tarjei Endreson. Nestebø g.m. Ingebjørg O. Gjerjord kjøpte Bergland. Noverande eigar er Olav Tarjeison g.m. Signe Nygård, Hinnøy. Han overtok etter mor si 1916. Han har dyrka opp 15 mål og fekk Tor Vås 2. pr. 1939.

➤ SKARE gnr. 78, bnr. 1 og 2

Skare ligg om lag midt i Moredal, oppe i sohalli godt synleg frå vegen. En fin gard med gilde hus, 80 mål dyrka jord (35 mål nydryka), 50 mål beite og slåtteland og 900 mål skog.

Stoga er frå 1650, men innåtbygt og oppstelt i nyare tid. Stabburet er fint med utskurd. Uthusbygningen. er bygt 1940.



[Skare (kring 1911)]

Garden er gammal så ingen veit kven ruppe han, men visst veit ein der har butt folk i om lag 400 år. Den ætti som sit på Skare no, kom hit i 1778. Det skifte med ætt og eigar på Skare i eldre tider. I eit uprenta diplom frå 1630 er nemnt ein Osvald Skare som saman med Trond Ålandslid, Lårdal, makaskifter 1 ½ tn. i Trontveit, Nissedal, med 1 ½ tn. i Utsund med Tarjei Tallevson Håtteit - odelsjord som kona hans åtte. - Eit ditto frå 1651 der Bjørgulf Osvaldson Skare sel 3 kvartel gods i nordre Utsund til Halvor Sondovson Midgarden. Bjørgulf eig 1 ½ tn. i Utsund, ½ tn. i Rue og 1/3 tn. i Donstad.

Fyrste brukaren som er nemnd, heiter Gundolf. Han svarar arbeidskatt 1593, det er då berre øydegard. Etter 1647 halvgard som er rekna 2 tn. skyld - 3 daler.

I 1609-11 er Gullik brukar og i 1619-20 Trond, så Jakob (1624) «bruger og odelsmand». Etter han Osvald (1629-40) som dessutan eig 1 ½ tn. i Årak³⁸. Rasmus brukar 1641 og Knut 1644-47. Koppskatt vert betala av Eivind m/hustru 1645. I 1648-59 skattar Asbjørn Loftsgarden av 2 tn. m. byksel og i 1660 Gunnuf Ålandslid av det same.

Buskapen 1657 er 1 hest, 7 kyr, 10 sauere og 1 geit. Ved manntalet 1661-62 er oppført som brukar «enchen» - kanskje kona av Johannes som bruker garden næst fyre, (1651-61).

Ved folketeljingi 1664 er Olav (Oluf) 70 år med son Torjus 24 år og husmann Kjetil 20 år.

Og brukarane skifter i eitt framover. I 1672 Torjus Olavson, 1675-81 Ådne, 1682-85 Bergit, 1686-88 Knut, 1691-95 Torkjel, 1697-1710 Olav (1 tn. m/byksel). Frå 1721 til 1751 er Knut Hansson (Lid, Selj.) brukar og etter han H. Løvenskiold (1756), Anne Kivle (1764) og Guro Knutsdtr. (1767). Etter desse kom brorsonen Aslak Aslakson, som så byter gardar med Johannes Guttormson som då eig Rue i Ordal. Heimel på 2 tn. 9. 11. 1778.

Ætti etter Johannes sit på Skare den dag i dag. I skifte på Skare 31. 8. 1786 etter Johannes får Guttorm heimel på 1 ¼ tn. og broren Olav ¾ tn. (Vesle-Kallåk.)

Men 24. 6. 1811 heimlar Johannes Guttormson 1 ¼ tn. (Skare). Han er g.m. Gunhild Bjørnsdtr. Sonen Guttorm g.m. Åse Sveinsdtr. har visst både Skare og Sollid. (Han d. på Sollid 1896, ho d. på Sollid 1909.) Guttorm fekk skjøte på Skare 28. 8. 1854.



[Åse og Guttorm Skare (Skare 18)]

Broren Bjørn Johannesson og Torbjørn Råmundalen får skjøte 4. 9. 1876 og sit med elgedomen nokre år. Men så går det i handlar til skyld og uskyld, og oftast er det fleire om handelen. I 1890, 10. 5. vert det tinglese skjøte til Margit Torbjørnsdtr. og Åsmund V. Hylland og Åsmund Brekke. - Desse har garden i 3 år. Så får Gregar Utabjå g.m. Bergit Aslaksdtr. Brekke garden. Kjøpekontrakt 23. 6. 1893, (tingl. 20. 7. 96). Jørgen O. Råmundalen g.m. Tone Guttormsdtr. Skare får heimel 20. 7. 1896. Han har eigidornen i 16 år til Åsmund Høydal g.m. Sigrid Gregarsdtr. Utabjå overtek 25. 6. 1912. Lærar Johannes Guttormson Sollid (Skare 25) g.m. Anne Engebretsdtr., Hallingdal får tingl. skjøte på Skare 25. 9. 1916 - og sonen Gunnar Sollid g.m. Kristi Olavsdtr. Haugan (Svanajord 48) får skjøte 22. 1. 1929.

Skare har vorte nokså mykje sundskore og fråselt og partane handla med.

Nemnast kan at det i 1878, 2. 12. var skylddeling på Skare der bnr. 2 vart skilt ifrå. (Skogen frå garden).

Ditto 1904, 12. 9. der Sollid nedre bnr. 5 vart skilt frå bnr. 1 og 2. Endeleg 1906, 9. 10. då eit sykke bnr. 7 vart fraskilt.

Den forrige eigar Johannes Sollid, prøva å samla fleire av desse luter til eit heile. - Såleis i 1924, 8. 4. vart gnr. 78, bnr. 2, 7 og 8 slege saman i ei skyld.

I 1911, 26. 6. får Johannes Sollid kjøpt bnr. 7 (skyld 1,72) av j. O. Råmundalen - og i 1916 i handelen med Åsmund Høydal fylgte bnr. 1 (ein rest av Skare skog 0,15) og bnr. 2 (Skare innmark 1,52) og Skare søndre (bnr. 8 med 1,84).

Som ein ser er det berre bnr. 5 som ikkje er innattkjøpt (Sollid nedre).

Den noverande eigar Gunnar Sollid har dyrka omlag 40 mål og fekk Tor Vås pr. for jorddyrkning i 1940.

Sidan 1932 hev han drive med pelsdyral.

➤ VESLE-KALLÅK gnr. 78, bnr. 3

Denne garden har ein gong kome frå Skare. Namnet kjem av at garden ligg ved sida av Kallåk gnr. 79.

³⁸ Sagefall 1639-40 «Anammet efter Osvald Skarre som korn for skade och stakk Gunnulf Dalen med knif och döde siden udi pesten och fornevnte Osvald ochsaa döde - hans arfvinger böter 100 rd.»

I skifte på Skare etter Johannes Guttormson 31. 8. 1786 får Olav Johannesson denne jordparten som vart sett i $\frac{1}{4}$ tn., og hyste her. Olav d. her 1811 og sonen Johannes (1795-1882) g.m. Hæge Såmundsdtr. bur her framover til ikr. 1827, (eller litt seinare).

Svein Tarjeison Omtveit skriv i dagboki si: «Den 12. mai 1828 kjøpte jeg Lille-Kallåk av Johan Olsen for 600 spdr., solgte det 1 år etter til Tor Svendsen Hovdekleiv for 700 spdr., men så måtte jeg forsørge selv Follauget Thone Olsdatter som fra den tid har vært i mit brød.»

Tor er skiven for Vesle-Kallåk 1830-40. Det dør 5 gutungar for han desse åri. (3 Sveinar og 2 Kjetilar.)

Bjørn Johannesson g.m. Ingebjørg Halvorsdtr. har garden som bustad 1857-68, og er skiven som eigar i matr.lista for 1886. Etter Bjørn måtte leve fra seg garden ikr. 1890 har han gått i mange handelar. Såleis hadde Torjus Bjørgulvson Hemmestveit det ei stund. I 1905 eig Vetle Sveinson det.

I kring 1910 kjøpte Anders O. Gjersund g.m. Åsne O. Donstad det.

Anders har dyrka opp mykje jord. Det er no 35 mål dyrka jord på Vesle-Kallåk. Elles er det 20 mål beite og skrapslått og 800 mål utmark.

Stogebygningen er frå 1953. Stabburet er timra i ny form, men er gammalt. Eldhuset er ei gammal plaskestoge og oppsett her ikr. 1920. Uthusbygningen er ny.

Anders har drive som landhandlar på Odden (tomt utskild frå Versto) sidan 1929. Sonen Eivind overtok handelen 1955. En annan son Olav, har Vesle-Kallåk no.

Frå Vesle-Kallåk er fråselt eit større stykke. (bnr. 12.) Åsmund Vetleson eig dette.

➤ SOLID gnr. 78, bnr. 5

Eit sjeldant ujamt jorde med bergknausar og skåbakkar og tilsprang til ei liti slette her og der og med skog og heiari alle augneleite. Det ligg ende nedom nordre Sollid og heng saman jorde i jorde. Men medan øvre plassen har hørt til Hauge, har dette bruket alle dagar lege til Skare³⁹.

Fyrst i 1904 12. 9. vart Sollid nedre skilt i frå Skare og fekk bnr. 5, - men Svein Guttormson hadde kjøpt det i 1894 av Jørund Råmundalen. Svein budde her fram til 1912 og dreiv mykje som skimakar. Eivind S. Groven hadde Sollid på handel då - men han selde det til Bjørgulv Sveinungson Vassend i 1913. Sidan har han butt der saman med syster si Bergit, (både d. 1960).

Husi er gamle og i bruakeleg stand. Stoga er bygt opp av Svein i 1890 åri med 2 rom.

Loftet er noko lite, opptimra i ny form med oppgang til loftet inne i buret, årstal 1793. Uthusbygningen delvis bygt av den noverande eigar. - Heile eigedomen er ikrig 50 mål, (12 mål dyrka jord).

Guttorm Johannesson flutte frå Skare og budde her på sine gamle dagar, døydde her 1896. Fyre honom sat som husmann Eilev Eivindson (1808-74) (Nystaul 17) og Liv Gunleiksdtr. (Storlid 163) Eilev døydde her 1874.

➤ HAUGAN (øvre) gnr. 78, bnr. 4

Dette var eingong plass under Skare, men utskild derifrå etter 1886. Garden ligg like ved vegen gjennom Morgedal ved sudenden av Skarstjønni. Flat og lettdriven gard med gode hus. Til garden hører plassen Busterud, som ligg i same eigedom litt lenger sud. Der er ikkje att hus. (I 1792 dør Johannes Åsmundson Busterud, 72 år.) Den siste som budde der var Aslak Tallevson Busterud og Hæge Åsmundtveit. (Tormod 44) d. Busterud 1913.

Hans O. Øyan har dyrka opp 5-6 mål der ute.

I utkanten av jordet ligg eit oppdyrka stykke som heiter Målstad. - Eit anna stykke, Drangeland, hørde til Haugen fyrr - no til Skare.

Eigedomen har ikr. 400 mål skogmark og 25 mål dyrka jord.

Stogebygningen er bygt som stolpereising (1900), men ymse forbetringer i nyare tid med golv og klædning. Loftet på garden er opphavelig eit bur flatt frå Kallåk (tuftin på Midtigard), med gammal utskurd på svalestolpane nede - påbygt som loft med svaler i nyare tid. Overdelen av dette buret vart i si tid nytta til fjøs på Kallåk, heitest det. Uthusbygning 1910, Eldhus i nyare tid.

Hans O. Øyan, Hjartdal, g.m. Anne Leirlid, kjøpte garden i 1925 av Torjus Hemmestveit. Dotteri Ingebjørg overtok garden ved skiftet etter mori 1953.

Haugan vart rudd i 1830. Festesetel frå Johannes Guttormson Skare til Folkvard Gunleikson og kona Ingebjørg Sveinsdtr. på deira levetid - dagsett 13. 3. 1833. Leiga var slått av Døleteigen, (1 spd) 4 mål skur (1 spd.) og 2 spd. i reide pengar.

Denne Folkvard var komen frå Hjartdal 1828 og d. på Haugen 1836 - berre 35 år gammal.

³⁹ På eit skifte 1759 på Sollid u/Skare etter Andres Hakeson fortel enkja at det er verfaren Hake Andresson som har rudit plassen. (Ættesoga s. 494).

Den 1. 7. 1868 gifter Barbro Folkvardsdtr. Haugan (pl. u/Skare) seg med Em. Eivind Steffason d.y. f. 1813. B. Kallåk.

I 1886 Haugan i same skyld som Skare - men i 1905 utskild og hører til Jørund O. Råmunddal.

Tallev og Torjus Bjørgulvsøner Hemmestveit (Nordskog 71) hadde kjøpt Haugan, og der budde Hæge mor deira også. - Av desse folki kjøpte så hjartdølen Hans Øyan garden i 1925. (Dei selde Haugan og kjøpte att øvre Hemmestveit av Såmund, farbroren).

N.B. Busterud litt sudom Haugan vert nyva dl hamn - og er huslaust. Plassen er mest kjend for her budde ei lang tid rose målaren Sondre Person Busterud, gift 30. mars 1791 med Anne Johannesdtr. Haukom. I 1793 er dei komne til Busterud. - Her vart dei verande til sin død i 1840-åri. Dei hadde då vore legslemer i fleire år. Den gamle Johannes Åsmundson som dør på Busterud i 1792, (72 år) er truleg verfar åt Sondre. (Sjå Rose måling i Telemark 11, s. 12).

Sondre var ein som kunne meir enn andre. Såleis kunne han stemme blod og årelata folk.

➤ HAUGAN (nedre) gnr. 78, bnr. 10

Dette er ikkje stor molen - berre 3 mål som er skilt ut frå Haugan øvre. Jørund Rårnunddal og broren Anders kjøpte ein bygning som Svein G. Brekke ha sett opp og dreiv landhandel.

Aslak Lavrantsson Sandåker g.m. Bergit Bjørgulvsdtr. Hemmestveit kjøpte bygningen og litt jord til i 1916. Aslak dreiv handel her. - Han hadde innåt ikr. 10 mål slatte frå Hemmestveit så dei fødde 2 kyr. Aslak d. 1954 og sonen Bjørgulv g.m. Åste Knutsdtr. Gjersund, overtok eigedomen. Dei har sluttat med landhandel, men har telefonsentralen.

På Haugan grunn ligg skulehuset for ytre Morgedal. (Nytt 1955).

➤ KALLÅK gnr. 78, bnr. 12

Dette er ein ny gard. Jordi er utskild frå Vesle-Kallåk gnr. 78, bnr. 3. Den dyrka jord er no 20 mål med 10 mål kulturbeite og 60 mål utmark.



[Elevar (og andre) ved Ytre Morgedal skule kring 1890.]

Fyrste rekke frå v.: Birgit Hemmestveit, Gunnhild Byggland, Ingebjørg Skåli, Aslaug Gjersund, Ingrid Runningen, Birgit T. Hemmestveit, Tone Gjersund, Tone Drangstveit, Åse Hauge.

Andre r.: Margit Runningen, Torbjørg Skåli, Tone S. Hemmestveit, Anlaug Råmunddal, Sigrid Donstad, Gunnhild Lid, Ingebjørg Kallåk, Sigrid Hauge, Åsne Donstad.

Tredje r.: Åsne Hemmestveit, Svein Bjåland, Knut Loupedalen, lærar, Gunnleik Skåli, Olav Barbroson, Olav og Tor Vårbuli.

Fjerde r.: Torjus Lid, Tallev Hemmestveit, Olav Gjersund, Vetle Kallåk, Tallev Råmunddal, Eivind Donstad, Olav Hemmestveit.

Den fyrste som hyste her, var Anders O. Gjersund ikr. 1920. Han bygde stoge og løde og byrja på fjøset (grunnmuren). Så stod det øyde nokre år. Det budde folk her i ferien. Anders dyrka opp fleire mål då han hadde det.

I 1931 kjøpte Gunhild Åsmundsdtr., enka etter Vetle Sveinson Kallåk (Holtan 98) det og hadde det nokre år til sonen Åsmund g.m. Gunhild Tarjeisdr. Bergland (H.mo) overtok i 1938.

Åsmund har dyrka og forbetra garden. Husi er i god stand. Stoga er gammal og stod først på Nystaul ovanfor Bjåland. Sidan flutt til Sagamostaul v/Sandåker og vart kjøpt av Anders Gjersund. Han bygde innat og sette reising så ho var tvihøg. Sjølve innreidingi i andre høgdi har den nov. eigar utfort. Uthusbyggnaden har fjøs av stampa jord. Eldhuset er timra av nyom.

Åsmund Kallåk har drive med pelsdyr frå 1929.

frå dette bruket er utskild ei tomt på 1,5 mål der Guttorm K. Kallåk g.m. Johanne Jonsdtr. Vollhovd (Øyfjell) har heimen sin. Det er og selt ei hyttetomt til Roll Hanssen.

➤ KALLÅK gnr. 79

Dette er som ei heil grend no som vender mot vest i ytre Mørkedal. Namnet tyder «den kolde sure ager». Det vart skrive på ymse måtar. Kaldakr, Kallack (1593) utt. Ka'llåk.

Garden er først nemnd i eit uprenta diplom frå 1478. Der står at Arne Tjostolvson selde Nils Talleivson 6 markabol i «nordre Kalaker i Bruggaberg sogenn». Brevet er frå Seljord datera «Udtgaarden i Sælakerbø sante Bæretine dag (5. sept.) 1478». I oldsaksaml. i Oslo er eit fornfunn frå Kallåk - eit økseblad frå den yngre jarnalder, (omkr. år 1000).

Det heiter om Kallåk i 1672: «Denne gaard er heel ringe och derfor tilforn ichun schattet for 1 tønne som for en ødegaard».

Buskapen var i 1657: 1 hest, 3 kyr, 5 sauvar, 2 geiter.

Eigarar og brukarar. Storbonden Nikuls Berge som i si tid rådde over 30-35 tn. jord, hadde og Kallåk ei tid (1611-24). Sønene av Såve Aslakson Berge, slær seg til der omkr. 1660.

Den første brukaren på Kallåk som er nemnd, er ei kvinne. Liv Kallack. Ho betalar arb.skatt 1593 og saltverkskatt 1619-20. Tormod er nemnd 1609-11 og Olav (odelsmann 1621-41) Egil 1644-61.

Såve Aslakson eig 1 ½ tn. i 1660 - truleg heile garden. Halvor Såveson 1672-77.

Talleiv Såveson Berge g.m. Kari Tovsdr. vert no buande på garden (1680-1700).

Det er skifte etter Talleiv 11. 1. 1701. Han eig då Kallåk 7 meler m.b. rekna 100 rd. (Born: Tov, Halvor, Såve og Øystein). Enka sit med garden til 1709, så får først Tov (1709-12) og sidan broren Såve garden. Det er skifte etter Såve Talleivson 25. 1. 1747. Ei kort tid har madam Paus pant i 1 tn. i Kallåk (1734), men det vert snart innfritt, for Såve eig 1 1/3 tn. (heile garden) (1740-46) (Berge 52). Buet utgjer netto eige 152 rd. (8 meler m.b.) Enka Bergit Auversdtr. (Huvestad 150) styrer no med garden fram til 1754 då Tov Såveson overtek. Han er gift med Hæge Åndnesdtr. Av 10 born lever 7 ved skiftet etter Tov 18. 11. 1788. Halvor f. 1753 bli med garden. Systeri Bergit g.m. Bjørn O. Sudgarden - (foreldri av Ole Bjørnsen. Sjå Haukom) Ådne 25 år sit på tukthuset, for han har gjort falske bancosetlar, vert det opplyst. I 1801 bur Ådne på Piparfloti, «er avsindig og underholdes av vennerne i sognet».

Halvor Tovson g.m. Hæge Ånundsdtr. Moen, har garden til 3. 10. 1805, då dottermannen Torbjørn Talleivson Hemmestveit (Kleiv 34) får hand om garden. Han d. på Kallåk 1846 og kona Hæge 1860. Dei hadde 10 born.

Garden vart så dela millom 3 brør i 1840 åri. Talleiv f. 1810, Halvor f. 1815 og Talleiv f. 1823.

Det er truleg at Talleiv vart med hovudbølet, og dei andre måtte hyse. Tuni vart liggande om lag i same høgd i liddraget, men no er det berre Oppigard som er att her oppe. Det har bnr. 4 og 6.

➤ KALLÅK (søndre) gnr. 79, bnr. 1 og 2

Dette er sørste garden i Kallåk grendi. Der husi står, er flatt og fint med hallan de jorde sudover, skiftande med myrdukar og vollbakkar. Husestaden er ny.

Då Mikkel Torjusson Hemmestveit (Nordskog 61) kjøpte garden av Barbro Folkvardsdtr. 9. 2. 1889, flutte han husi ned frå Søndre Kallåk, og fekk til tune som det står i dag. Husi er no i myye god stand, måla og velstelte. Stoga er gammal, klædd inne og ute og påbygt av Mikkel Hemmestveit (f. 1863). Buret er stolpet reist og gjort til loft med ny utskurd. Løda var frå 1810 oppsett av runde stokkar, etter flutnaden flatskanta og måla. Fjøset under same tak av magatægde veggger. Etter segni eit loft - truleg frå Kallåk - underdelen er buret frå Haugan (78-6). Stall og vognskjol er med og lagar vinkel på uthusi som vart ferdige i 1928.

Vedskjol og eldhus er nokså nye, likeins snikkarverkstaden for ski. Smia er eit gamalt eldhus frå oppigard Kallåk

Sud i jordet er merke etter ein plass. Det kallast endå Rudningslendet. Tov Torbjørnson f. 1817 budde her fyrr han utv. til U.S.A. 1861.

Heile dette bruket utgjer 35 mål dyrka jord, 20 mål beite og slåtte og 500 mål utmark.

I 1896, 3. 10. vart det fråselt eit stykke, Bakken nordre, gnr. 79, bnr. 3 og 5 og i 1897 two jordpartar som no utgjer Oppigard, bnr. 4 og 6.

Mikkel Hemmestveit g.m. Tone O. Donstad har all ære av den fine velstelte garden. (Meir om han i skisoga.) No er det dei 4 syskeni Torjus, Olav, Bergit og Anne som dreiv garden saman.

➤ KALLÅK (øvre) [Oppigard] gnr. 79, bnr. 4 og 6

Dette er nok restene av det gamle Kallåk. Ein liten eigedom no, 15 mål dyrka jord og 10 mål beite og slåtte og 70 mål utmark. Jordet er jamt hallande. Husi på garden er i god stand. Stoga er ei av dei eldste i Mørkedal, oppsett som røykstoge av 9 veger. I 1943 var det påbygt 7 kvarv. Inne eit gammalt matskål med merke etter kjellarnedgong. Dørene er laga av flate, breie planker, sambundne med krune og dekor av småspeseglars. Stoga ber merke av å vera flutt fleire gonger, men skal alltid ha stått på same tunet.

Uthusbygningen er frå 1939, buret frå 1890, optimra av Mikkel Hemmestveit.

Denne eigedomen har gått i mange handlar. Det var Aslak Talleivson (Tormod 44) som kjøpte det av Mikkel Hemmestveit 25. 6. 1897. Han selde til Aslak O. Råmunddal; men då han drog til U.S.A., overtok verfaren Olav O. Øverbø eigedomen. I 1909 kjøpte Margit Åsmundsdtr. Kallåk det av Kjetil Sakrisson. Skjøte 5. 11. 1917 frå Margit, enka etter Svein Gudmundson Gjerjord, til Karl Guttormson g.m. Margit Sveinsdtr. (Drangstveit 19).



[Kallåk, øvre]

➤ Bakken gnr. 79, bnr. 3 og 5

Ein nokså gammal plass millom Hemmestveit og Haugan, nede ved vegen og tjørni. Husi stod lenger nord fyrr, og tuftene er utbrotne. Jordet er noko brat og utgjer-10 mål dyrka jord og noko liknande utmark.

Til garden har hørt Hemmestveit nedre, 2 plassar Lid, (øvre og nedre) Svollsbru, Tjønntveit, Lønali, Pírrud og Tjønnan og staulen Ståland (eldgamal og attlagd). Fleire av desse er frådela og eigne bruk - - m.a. Hemmestveit nedre (i 1850 åri) og Svollsbru 1950.

På hovudbruket er 35 mål dyrka jord, 35 mål beite og slåtte og 800 mål skogsmark.



[Bjørgulv og Hæge Hemmestveit (Nordskog 57)]

Husi er i god stand. Stoga er gammal, men ombygt i 1926, uthusbygning 1930, eldhus 1932. - Loftet nokså gammalt, men utan utskur. Vesleburet som stod ved sida av loftet, er flutt til Sanden under søndre Brekke.

Det eldste brev om Hemmestveit (Skottveit) er fra 1427, 9.6. (D.N. B. III s. 495). Eit jordbyte millom Åmund Steinulvson og Asbjørn Tovson slik at Åmund fekk 7 markabol i Skothuet. Vitne er Bjørn Tjostolvson, Torleiv Halvorson, Sollæ Aslakson og Torgyls Tofson. Brevet skrive i Seljord. «Fra 1 og 7 laupa land i Berge eygnadis Åmunde og var quitt dei imillom.»

Ditto frå 1490 (daglaust) (D.N. X b.s. 220) der Olav Torbjørnson, Koll Helgeson og Tof (- - f.) Halvorson vitnar at Svenke og Nerid Gunnulfson sanna, at dei hadde selt til Åmund Steinulvson 2 markabol i «Skotthuet i Molgædal.»

Hemmestveit er rekna halvgard i 1647 med skyld 2 tn., 3 daler. Buskap 1657, 1 hest, 4 kyr, 6 sauher og 3 geiter. Det ser ut som garden har vore i mange mannhender og hatt bruksfolk frå først av. Egil Holtan, Guttorm Gotuholt og Olav (Olle) Håtveit eig garden frå 1611 til 1647 skiftevis.

Eigarar og brukarar. Olav svarar saltverkskatt 1609-11, deretter Svanaug (Svouw), Åmund (1644-47), Håvard (Hoffuer) (1661-62). Ved folketellingi 1664 er Torbjørn 24 år, Olav 12 år (bror). Torbjørn er skriven for 2/3 tn. (1664-1705), Eivind Skeie 2 tn. (1660), Aslak Kvålset 1 1/3 m. (1672-82). I 1691-1706 er Torbjørn sjølveigar av 2 tn., (heile garden), Tone (2 tn. i 1707) og Knut (1708-21).

Skifte på Hemmestveit 1694, 12. 1. etter første kona av Torbjørn Tormodson (N.N.), han g. att m. Tone Øysteinsdtr. Omtveit. Der er 7 bom etter første kona, med Tone ingen bom. (Tollef, Knut, Åmund, Guro, Torbjørg, Ingebjørg og Åse). Net. 10 rd. (inkl. Restanser). Desutan jord 2 tn.

Ditto 1729, 3. 2. etter Knut Torbjørnson g.m. Bergit Leidulvsdtr. f. Meås. «På Enchens vegne var tilstede dend Danne mand Saamund Hachiessøn Klev». - 4 bom, (Torvild 19 år, Leidulv 9, Aslaug 17 og Ingebjørg 6 år). Brt. 1085 rd. Net. 1085 rd. Medr. odelsgods i Hemmestveit 2 tn. m.b. = 500 rd. Kjøpegods i Svanajord 1 1/2 tn. = 133 rd. og i Meås 1 tn. 3 sett. = 200 rd.

Skifte etter Torbjørn 1707, 8. 9. Net. 283 rd. Kone og born nemnd ovanfor. (Tallef vanvittig no.)

Etter Knut Hemmestveit er død vert det sonen Torvild Knutson som sit med garden, g. 2. gonger (I Kari Tallevsdtr. II Kari Torbjørnsdtr.) Torvild flyt til Gjervold. Der er skifte på Gjervold 1775, 29. 11. etter Kari Torbjørnsdtr; 3 born (Knut, Tallev og Lovei.) Brt. 349 rd. Net. 19 rd. Medrekna jord i Gjervoll 1 tn., 6 sett. m.b. = 300 rd.

Skifte på Hemmestveit 1770, slutta 1779, 13. 9. etter Knut Torvildson g.m. Kari Matsdtr. Vik i Øyfjell. 2 bom (Knut ¼ år, Hæge 8 ¾ år.) Brt. 1048 rd. Gjeld 1048 rd. Medrekna fastegods i Vik 2 tn. m.b. 120 rd.

Det vert då broren Tallev Torvildson som får heimel på heile garden 1771, 27. 2. g.m. Hæge Tallevsdtr. (2. gifta.) Tallev d. på Hemmestveit 1800 og kona 1818.

Sonen Knut Tallevson får heimel 6. 10. 1801 g.m. Kari Hermansdtr. Trisæ. Både dør på Hemmestveit. (Han 1852, ho 1864.) Dei hadde 9 bom f. Hemmestveit.

Det ser ut som denne ætti sluttar seg ut på Hemmestveit ikr. 1860. Gjentene gifte seg og flutte vekk - og dei 2 gutane som nådde vaksen alder, vandra ut til U.S.A. (1852 og 1860).

Ein Torjus Såmundson (Espetveit 14) kjøpte visstnok garden. Dei 2 døttene hans Asgjerd g.m. Sigvald Jonsson Vå og Bergit g.m. Torjus Bjørgulvson (Nordskog 47), kom til å delast om garden. Torjus og Bergit

hyste der nord, nedre Hemmestveit, og Sigvald hadde hovudbølet. Sigvald kom til Hemmestveit 1854 og vart gift 1858 med Asgjerd Torjusdtr. Ho døydde i 1866 og let etter seg 4 bom. (Jon, Åsne, Anne m.a.)



[Torjus Hemmestveit (Nordskog 47)]

Sveinung Sv. Groven kjøpte garden av Sigvald og hadde han i lang tid. Der var fleire brukarar på garden, m.a. Vetle Kallåk og Svein S. Bjåland.

Svein Tveit kjøpte garden av Sveinung Groven og bytte med Tor Vå i Haugen, (Kviteseid). Tor Vå bytte bort Hemmestveit med Nikuls Landsverk i skogen hans til uthogst. Anne Nikulsdtr. Landsverk flutte til Hemmestveit. Ho bytte garden med Olav Nystaul i Dalane, og han lyste ut garden til sal. Olav Aslakson Brekke f. Bergland kjøpte garden. Han hadde han i 2 år og selde så til Såmund Torjusson (1858-1923) ikr. 1914. - I buet etter han kjøpte Torjus Bj. Hemmestveit og broren Tallev garden. Dei delast om garden slik at Tallev fekk 1/3 og Torjus 2/3. Tallev bygde stoge og uthus på sin part. No har Bjørgulv A. Sandåker denne parten. Bjørgulv har og eit stykke nedanfor vegen som Bergit Bjørgulvsdtr. Hemmestveit fekk i arv av mori Hæge Hemmestveit, (arv etter Såmund son hennar).

Torjus som var lærar og g.m. Ragna G. Brekke, døydde brått i Skien 1943, og enka har no overteke garden og har brukar.

Lønali er ein attlagd plass. Sist budde Kari Lønali der. Ho var ugift. I eit brudlaup sa presten på skjemt: «No er det best eg vigjer deg au, Kari.» - «Jau de kan du so godt - fe du vigjer då i hop bótte rått og rote du,» svara ho til.

På Tjønnan brukte Olav Sveinson Tjønnås (Nils J. 19) og Margit Olavsdtr. og dotteri Bergit og Åsmund Guttormson. (Gjersund 23) Sist budde Lars Tjønnan der. (Kom på legd.) I husmannsoga for Morgedal står meir om Lars.

➤ HEMMESTVEIT (nedre) gnr. 80, bnr. 2

Garden er hyst på ein liten haug ovan vegen og er ein heller liten gard med 18 mål dyrka jord og 400 mål utmark. Plassane Lid øvre og nedre og Tjønntveit hører til. Dette var gamle plassar. Ein som heitte Øystein budde i øvre Lid, og Tallev og Sigrid i nedre Lid. Sonen Olav Talleivson budde der også - og sonen hans att Hallvard O. Lid g.m. Tone Tallevsdtr. Tresland. - Dei brukte forresten både Lidplassane og budde på nedre. - No står det berre att ei timra løde på nedre Lid og held oppe minni om ein plass som har fostra gåverike søner.

Frå garden er fråseld eit par tomter. Det er Tjønntveit der Sandstrøm har bygt og Skoglund der Svein Kallåk har bygt.



[Olav Hemmestveit (Espetveit 41)]

På Tjønntveit budde som husmenner Ambros og Ronnaug, (innfl. frå Bø).

Husi på garden verkar gamle - endå dei er berre frå 1850 åri då garden vart dela. frå øvre Hemmestveit. Dei fekk med ivistoga frå øvre og bygde på nokre kvarv så ho vart tvhøg. Det var endå Svein G. Brekke og Svein Runningen som var timremenner. Han sa det Svein Brekke at det var vride å få til, for det visa

seg då dei sette den nye timra oppå, så var det skilnad på nedste kvarv og øvste i format, (ho trosra litt den gamle timra). Men dei fekk det til høve så nokonlunde. - Buret er gammalt. Det stod fyrst på Tjønntveit. Uthusbygningen vart ferdig 1914. Vognskjol og eldhus frå 1905. I tenest som pakkbud då Erik Nord handla her.

Dei fyrste som budde på nedre Hemmestveit, var Torjus og Bergit. Etter dei kom sonen Bjørgulv g.m. Hæge Tallevsdtr. - Dei selde garden til Erik Nord i 1896. Han dreiv landhandel i 12 år. Han selde garden til Olav og Torjus Olavsøner Hemmestveit (Espetveit 44-45) i 1908. - Foreldri deira, Olav Torjusson og Gunhild Olavsdtr. hadde bruk til øvre Hemmestveit (1901-08) for Nikuls Landsverk. - Elles var gamle Olav bror å Bergit og Asgjerd Hemmestveit der.

Torjus (f. 1879) og Olav (f. 1877) driv garden saman med syster si Gunhild (f. 1887).


➤ SVOLSBRU gnr. 80, bnr. 7

Dette er ein gammal plass millom Hemmestveit og Omtveit og med Morgedalselvi rett nedunder med foss og stryk. Bratt er det på Svolsbru og tungt og onne, men varmt og drivande så beint mot soli som det ligg.

Det var Olav Bentson som ruppe plassen i 1740-50 åri. I 1774 dør Knut Gunnarson (Svolsbru 1) her. Han var gift med Jorunn Åsmundsdtr. Sonen deira Knut bur på Svolsbru ei tid, men så kjem ætti bort frå plassen. I 1820 åri kjem Per Sveinson (Nils J. 15) g.m. Kari Olavsdtr. til Svolsbru, og denne ætti har sidan sete på plassen i 4 ættleder.

Per Svolsbru var ute i krigen 1808-14. Kjetil Flatin skriv om Per:

«Han var fødd på Tjønnås (u/Huvestad) og foreldri var Svein og Kjersti. Per laut tidleg bort frå heimen. 10 år gammal måtte han heilt til Treungen og tene. Han var litenvoren, men reint ualmindeleg sterk og fjæra kar. Det var om våren i verste bloten han hadde vore til Spjotsodd etter ei kornklyv. På heimvegen møtte han bodi at han skulle ut i krigen. Han fortalte ofte frå krigen etter han var gammal, og då kom det nytt liv i gamlingen. Ofte hadde han vore med når svensken gjorde åtak og drive han attende. «Du kan tru me fekk føtar under dei!» sa han. »



[Per Svolsbru (Nils J. 15)]

Per var ein av dei få som fekk pensjon dei siste åri han levde. Då var han radt blind. Per vart 89 år gammal og kviler på Brunkeberg kyrkjegard.

Per hadde bygt stoga som brann i 1945. Den nye stoga stend på same tufti. Det er merke etter ei enda eldre stoge som har stade litt lenger aust og ned i bakken.

Etter Per kom sonen Tarjei Person g.m. Kari Heggtveit og så sonen deira Jens g.m. Mari Nystaul. No er det Gunleik Jenson g.m. Margit Eilevsdtr. som bur på Svolsbru. Gunleik kjøpte plassen av Ragna Hemmestveit i 1950.

Gunleik bygde den nye stoga i 1945. Nytt fjøs sette han opp i 1959.

På Svolsbru er det 10 mål dyrka jord, 5 mål skrapslått og 80 mål utmark.

Opp i skogen ligg eit gammalt verp, Verpet, ved den gamle ridevegen. Segni seier at ei brureferd og ei gravferd møttest her. Ein frå kvar ferd, frå brureferdi var det brudgomen, tok kvar sin stein og la botnen. Seinare la alle som for vegen her ein stein på verpet. - No ligg verpet gløymt og gøymt for dei fleste.

➤ STORE-OMTVEIT gnr. 81

I ein djup kvæv vestom Brunkeberg kyrkje ligg Omtveit. Det er som ei heil liti grend med fleire gardar og hus på større og mindre tomter. Men frå fyrst av var det berre ein gard - og det er mykje som talar for at fyrste husestaden låg på den bratt flate, runde kollen rett sud for husi på Uppigard-Omtveit. Ein ser som ævor av ei jordtuft etter eit hus, og rundt om nedi skogen ligg små ækrelappar, nedgrødde av villgras og småskog. Det har vorte funne mange ting i jordi, så som leirkar og kvessestein til piler og pileoddar. Sumt er å sjå i oldsaksamlingi i Oslo.

Husi vart så flutte frå haugen og litt lenger i sudaust, omlag der nybygget å Olav Omtveit no ligg. Her stod då husi i mange og lange tider. Mykje av jordet er halvflatt, ligg på ein sate ned mot elvi som kjem med

foss og stryk og logne lonir ovan Morgedal. Står du ved den gamle husestaden ned i dalsøkket, vil du høre som ein ideleg, sjogande dur eller óm frå elvi - og det kan ha vore denne evige ómen som har gjeve garden namn. Det vart alltid skrive med o Omtveit.

No er det gissa på at namnet kjem av alm, jfr. O. Rygh. for dette treet har vakse triveleg i alle lier rundt i kring. Skrivemåten har ymsa noko frå Omtued til Omtwedt.

Det fyrste me hører om garden er i eit brev frå 1522, 24. 4., der Laurits Jakobson, prest i Seljord og Olaff Pedtersen og Alff Olaffsen, vitnar at dei såg og høyrd på eit jordbyte, der Tjostolf Trondson fekk 5 marka bol i Omtweeth i Brunkeberg m. a.

I eit brev frå 1537, 10. 11., vert desse 5 m. bol i Omtued tilkjent Andres Øysteison då det er hans rette odelsgods - dette jattar og Tjostolf Trondson. Det var kome frå Andres folk med gifting og vore i uskyld ætt i lange tider. Tjostolf ha bytt det til seg med 5 m. bol i Ozim (Asheim i Seljord). Lagrettemenn er: Jesper Soffueson, länmand i Skyen, Aser Kremmer, Tønnes Jyde, Reynolt Jonsson, Rasmus Michelson og Niels Oelsson.

Garden vart tidleg rekna fullgard (1647) med skyld 5 ¼ tn. 6 daler, men med den merknad «Ringe gård etter skylden». - Fødsla i 1657 var 1 hest, 9 kyr, 12 sauher og 1 geit.

Eigarar og brukarar. Øystein heiter bonden i 1593, og så sonen Vigleik 1609-20 ver og etter han Øystein Vigleikson. (1584-1684). Han var lensmann og Omtveit lensmannsgard omkring 1650. Øystein var gift med Tore Asbjørnsdtr. Bjåland. Den fyrste tingboki for Kviteseid tek til med år 1664 og då er Omtveit fast tingstad framover. - Ved folketelj. 1664 er Øystein 80 år med sonen Leidulf 20 år og Vigleik 14 år. Der er 2 husmenner, Oluf 22 år og Ådne 40 år. Leidulf skattar av garden til 1698, men flyt til Meås i Seljord, og Kjetil Leidulvson tek ved garden. Han dør fyre 1746 og son hans Leidulf Kjetilson g.m. Margit Tallevsdtr. (Søftestad 28) får heimel på 2 ¼ tn. 28. 3. 1759.

Garden er no deila i two bruk - Nordigard og Sudigard. Det heiter elles alt i 1632 at Vigleik er død «og hans gods bortbytt til arfinger.» - Av den samla skyld på garden 5 ¼ tn., eig Øystein (lensmann) i 1681 4 ¼ tn. i Omtveit. Leidulf og 2 2/3 tn. i 1693 (i 1712 2 ¼ tn.) og Kjetil 2 ¼ tn. 1721-39.

Ein Torvild Leidulvson får heimel på 1 1/8 tn. 13. 6. 1740 og same dag får han 1 1/8 tn. i Omtveit. I 1770, 10. 12., får Torvild både lutene, tilSAMAN 2 ¼ tn. Dette utgjer Sudigard. Men ætti deira går ut straks etter. (Sjå ættesoga s. 25).

På nordigard går ætti ut omlag samstundes - med Leidulf Kjetilson og Margit. Han dør 1802, og sonen Kjetil dør ugift på Omtveit 1809. Ei syster åt Kjetil, Ingebjørg f. 1771 g.m. Halvor O. Huvestad overtek så Nordigard. Han sette inn som brukar Svein Tarjeison. (Austbø 2). Svein var komen frå Mo sokn og hadde vakse opp i tronge kår, men han var ein klok og tiltaksam. mann. På nordigard Omtveit var gjestgiveri, og det gjekk slik til at Svein fekk mykje tilgode av husbonden sin for drikkevarer og så slo han til seg heile garden. I 1815-21 er Svein skiven for 2 tn. 7 ½ sett. i Omtveit. Kona hans heitte Gunhild Olavsdtr. (Skare 108). Svein har levt etter seg ei dagbok som er sers forvitneleg og eit brev til pastor Herlofson datera Omtveit 9. okt. 1830.

«År 1827 den 1. juni fik jeg Privilegium på at holde Gjestgiveri paa Omtvedt som før den Tiid har været holdt paa søndre Omtvedt.» (dagboki)

«Lidet oplyst, og uconfirmeret lod jeg mig hverve til Krigstieneste i Fredriksværn og da blev ansæt ved 2det Companie under hrr. Kapitain Budde og der fik nr. 82 i mit 18de aar, i hvilken tieneste jeg stod indtio92.14878()-



Til denne garden hører eit myllebruk nede i juvet. Kvennhuset er i brukbar stand endå, og under krigen var det mange som mol der.

35 mål dyrka jord (og 34 mål utmark) og 450 mål skog. Stoga ny, eldhus det same. Loftet gamalt. Løde og fjøs i god stand. Sjå Norske gardsbruk s. 917.

Treskosteinen er nord for garden ved den gamle vegen. Her tok kyrkjefolki og bytte skotøy når dei skulle til kyrkje.

Krikken er ein plass vestan elvi og har hørt til Omtveit. Kanskje var det her at Oluff eller Ådne budde ved folketeljingi 1664. Der var det jamvel landhandel ei tid. - Nemnast kan det at A. O. Vinje budde på Nordigard Omtveit den tid han gjekk på skulen i Brunkeberg i 1835-36.

➤ HUSLI gnr. 81, bnr. 16

Omlag på den gamle tufti - då Omtveit var ein gard - har Olav Toralvson Omtveit g.m. Signe Karlsdtr. Breidalen hyst. Det var i 1953 at han fekk kjøpt 6 mål av far sin. Olav har og kjøpt halve skogen frå Nordigard Omtveit.

➤ OMTVEIT NORDRE [Uppigard] gnr. 81, bnr. 1

Ein fin gard lognt og trygt i nordrekant av Omtveitgrenni - litt nedom hovudvegen. Husi er i god stand. Omlag 30 mål dyrka jord og 25 mål innmark elles og 300 mål utmark.

Garden vart dela frå Nordigard Omtveit 3. 10. 1856. Dei 2 tn. 7 ½ sett. vart dela slik at denne luten fekk 10 ½ sett. Det var Svein Tarjeison som byrja hysa på dette bruket og seinare var det dotteri Åse g.m. Guttorm Johannesson Skare som bygde vidare. Stoga sette Søren Hakeson Breidalen opp ikr. 1865.

Guttorm Skare pantset garden til Hypotekbanken 10. 10. 1864 for 300 spdr. Seinare stemnde Lavrants, son åt Olav Sveinsson Omtveit, og fekk garden i 1879. Nokre år etter er O. Sveinungson Groven (Hustveit 83) eigar og etter honom Torleif T. Sudbø. Han fekk skjøte 6. 3. 1888, kjøpesum 4000 kr. Sonen hans Toralf g.m. lærerinne Berthe Nyhus fekk skjøte 4. 11. 1927.

Då Torleif Sudbø kom til gards i 1888, var det mest som å byrja på eit bureisingsbruk. Han dyrka opp 28 mål av nytt frametter åri. Stoga som var følt liti - berre 2 rom og trev, vart saga av på midten og trekt ut på tilbygd mur og timra i mellomrommet og bygt på ei høgd. Dette var i 1891. 3 år etter vart eldhuset sat opp til smie og eit nytt eldhus reist med vedskjol under same tak. Torleif var timmermann, snikkar og smed og sette så opp nytt fjøs (1895) og løda ombygt og utvida (1900). Stabburet (1904), badstoga (1910). Men tidi kravde utvidingar. Stoga fekk eit tilbygg (1926) og uthusbygning vart bygd 1932. - Av dette kan ein skyna at denne garden har vorte heilt forandra dei siste 60 år. - Sonen Hans Andreas g.m. Aslaug Tovhus, Mo, kjøpte garden 28. 12. 1953.

➤ OMTVEIT SUDIGARD gnr. 81, bnr. 3

I austhalli i den store Omtveitkvæven, ligg denne garden med 20 mål dyrka jord og 35 mål beite og slåtte og 300 mål skogmark.

Husi er i god stand. Stoga gamal, men oppstelt og måla i nyare tid. Loftet - i nytimra form, er frå 1750. Uthusbygningen 1921. Reiskapsrom og vedskjol 1850.

Garden var tidleg dela frå Nordigard. Alt i 1693 finn me Leidulv eigar av 2 2/3 tn. og i 1712 2 ¼ tn. Dette er son åt Øystein Vigleikson som det er skifte etter 17. 2. 1684 (d. 100 år gl.). - På Sudigard er det ætti av Torvild Leidulvson som held fram i fleire ættleder. I 1740 heimlar far og son til saman 2 ¼ tn. (13. 6. 1740). Kona av Torvild heiter Anne Egilsdtr. 2 born (Leidulv f. 1703, Bergit f. 1707.) Torvild Leidulvson g.m. Aslaug Tallevsdtr. får skjøte på 2 ¼ tn. 10. 12. 1770. - Far hans er det skifte etter 4. 11. 1766. Brt. 806 rd. Net. 299 rd.

Med sonen åt Torvild og Aslaug Tallevsdtr. han Leidulv g.m. Bergit Tallevsdtr. (Kleiv 29) (d. på Omtveit 1796) går ætti ut på Sudigard Omtveit.



[Tone og Gunnar Omtveit (Svolsbru 222)]

I 1808 er Tormod Tallevson eigar av Sudigard, men i 1815-21 Olav Halvorson - «1845 Lars Halvorson bo».

I 1852 er Tron Olavson eigar av søndre Omtveit.

1821, 24. 11. Ein grensegang der ein ser at Halvor Olavson Huvestad m/svoger Bjørgulf Såmundson eig nordre Omtveit - og Egil Egilson søndre Omtveit.

Gunnar Jensson (Svolsbru 222) g.m. Tone O. Nystaul kjøpte Sudigard Omtveit omkr. 1860.

Sonen Knut Gunnarsson (1845-1925) fekk skjøte frå mor si 1898, 18. 4., for kr. 6800. Omsberg medrekna. Knut hadde garden til han døydde.

Halvor Husås kjøpte garden av buet 1927, han selde det til den noverande eigar Gunvald Barstad 1946.

Halvor vølte på alle husi og dyrka opp mange mål jord. Han fekk til ein stor hage med 200 tre. Som brukar hadde han Olav S. Runningen, Mergedal.

Det er i seinare tid fråselt fleire tomter og jordpartar m.a. Omsberg til Edvard Eilefsen og Brattland til Olav O. Runningen.

➤ OMSBERG gnr. 81, bnr. 11

Omsberg er nokså gammal plass og har hørt til sudigard Omtveit til ikr. 1937.

Den gamle husestaden var noko høgre opp, men husi kom til nedfalls og rotna bort. Sist budde Torju Omsberg og Aslaug der. Dei flutte til Halvfardalen i Ordal ikr. 1880.

Edvard Eilevsen Heggtveit (i Tveitgrend) g.m. Anne Eivindsdtr. Meinstad, kjøpte Omsberg av Halvor Husås som då åtte sudigard Omtveit. Bureisingsbruk frå 1937 - med nye, gode hus. Der er 15 mål dyrka jord, 15 mål dyrkbart og 330 mål utmark.

Edvard har vori skomakar.

Sonen Arne g.m. Kari Bakken er no eigarar.

Av namn i utmarki kan nemnast Langsamdalssmyri, ei utslårte med merke etter eit høysel lenger nede i fjellet.

Oppi fjellet ovanfor Omsberg står som eit bilet i fjellet. Biletet kallar dei «Omsbergbispen.»

➤ VESLESTAUL gnr. 81, bnr. 5

Eit lite stykke vest for Brunkeberg kyrkje nett der utsynet opnar seg vestover mot Omtveitgrenni, ligg denne garden solbert og fritt. Garden har gått ut i frå Sudigard Omtveit i 1845. Skyldsetn. 3. 6. 1845. Eivind Nerison Hauglid kjøpte jordi av Lars Halvorsons bu. Lagrettemenn: Eflev Jensson Åsmundtveit, Johannes G. Skare, Såmund Sv. Bjåland, Halvor O. Berge. Det frådela vart rekna 6 3/10 sett. (Att 2 tn. 1 1/5 sett.) Sterboenka er Anne Torbj.dtr. med verge Svein Tarjeison Omtveit.

Eivind Nerisor var byggmeister og hyste opp Veslestaul. Alle husi er i gammal stil og frå 1840 åri - og haldne godt ved lag med tak og troer. Stoge, loft (ny form) fjøs og løde. (Eivind eigar 1852).

Der er 18 mål dyrka jord, 12 mål skrapslått og beite og 60 mål utmark.

Garden har skift eigarar titt og ofte. I 1864 har Knut Norvaldson det, så son hans Olav Knutson, som selde det til Olav Larson og så Lavrants Kristofferson. Han skjøta det over på verdotteri Ingebjørg Tarjeidtr. for 2000 kr. Ho g.m. Johannes Jørgenson Heggtveit (d. 1916). Ingebjørg dreiv godt fram jordvegen, dyrka fleire mål av nyom og fekk Tor Vås premie 1931. Den noverande eigar Jørgen J. Veslestøyl f. 1904 overtok etter mori 1951.

Juve

har eingong vore hyst som plass og låg aust og ned for Sudigard Omtveit. Då Olav Larsson åtte Veslestaul og Juve, selde han det siste til Torleif T. Sudbø. Johannes Heggtveit kjøpte det att og la det til Veslestaul 1901. Skyldsetn. 15. 10. 1901 - men skjøte først 1922 til enka Ingebjørg Tarjeisdtr. (8. 11. 22 frå O. K. Kosi).

Veslestaul med Juve grensar mot Kosi øvre og nedre og Sudigard Omtveit og Omtveit (81.7) Klokkarjordet og Hauglid.

Vest Telemark Kraftlag (V.T.K.) har sekundærstasjon for Brunkeberg på Veslestaul sin grunn. Tomti kjøpt i 1955.

➤ OMTVEIT gnr. 81, bnr. 7

Til klokkgarden i Brunkeberg som ligg like austan kyrkja, vart det ikr. 1840 kjøpt innat ein part av søndre Omtveit - i dagleg tale kalla Klokkarjordet. Dette stykket ligg like ved vegen vestan Veslestaul. I 1938

selde Kvitseid Kommune denne eigedomen til Sveinung Knutson Opsund (Halvor 15) og han fekk bureising i stand, skjøte tingl. 6. 6. 1940.

No er det 18 mål dyrka jord og 115 mål utmark. Husi på eigedomen nye.

Sveinung er g.m. Anne Eilevsdtr. Staulen. Han har ymse ombod i kommunen - og er tenestmann i V.T.K.

➤ OMLAND gnr. 81, bnr. 8

Eit stykke nordvest for Omtveit og bortover mot Svolsbru ligg Omland. Det var ein gong plass under nordre Omtveit.

Det seiest at rudningsmannen heitte Jon. Han skal endå ha bore ein rund stein or elvi i bakmeis. Steinen ligg i Omlandtunet den dag i dag og er fullt ryggjelyfte, nesten.



[Tone og Torbjørn Omland. (Nystaul 23)]

Søren Hakeson (Råmunddal 27) som fekk Omtveit, hadde Omland og. Dotter åt Søren, Anne gift med Torbjørn Eilevson Sollid budde der i mange år. Torbjørn g. II med Tone Tarjeisdtr. Svolsbru. No er det Margit Torbjørnsdtr. (f. 1894) og systeri Gudrun (f. 1900) som eig og driv eigedomen.

Plassen Midtveit hører til. Der er husi longe borte. Aslak, husmannen på Midtveit i 1870 åj, døydde av lungebrann og enka Birgit Olavsdtr. og borni utv. til U.S.A. straks etter.

Den siste som budde på Midtveit heitte Kari og var enke etter Jakob Andersson Tjønnhei. Ho døydde her i 1880 åri.

Olav Halvorsson Strand (Espetveit 8) hadde Omland i 1820 åri. Han bygde stoge, løde og bur og desse husi står den dag i dag. Litt medtekne av tidi er dei nok, men enno gjer dei nytte for seg. Stoga er elles påbygd i seinare år. Halvor H. Nordå timra fjøset ikr. 1900.

Halvor og Tone Nuten brukar på Omland og sonen deira, Tormod, er fødd her.

Den gamle almanvegen til Morgedal gjeng tett ved husi på Omland. Denne vegen er i 1960 bygt om til grendeveg.

I utmarki til Omland ligg eit gammalt varp, Gullringberget. Det seiest at ei brur datt av hesten her og miste gullringen sin. Alle som fer framom må leggja ein Stein på varpet.

➤ KOSI gnr. 82, bnr. 1

Innunder ei ufsut lid mellom Groven og Omtveit ligg Kosi, lognt og fint med bratte, hallande jorde. Den gamle bygdevegen frå Kvitseid til Brunkeberg gjekk forbi plassen. Av alle plassar i Kviteseid som heiter Kosi så er denne med dei eldste - rudd i 1600-talet. Kosi med Staulen eller Kyrkje-Groven har hørt til Kviteseid prestebol frå ikr. 1650, - skyldi 1 tn.

Medan Staulen først var hystr ikr. 1750, så hadde Kosi hus med fastbuande folk lenge der fyre.

I 1712 bur Tallak Kosi den «Beboes av Tallach Kaasen - uden det stykke eng som hører til Prestegaarden» - likeeins i 1717, husmann 1/8 tn.

Sonen Torvild g.m. Hæge Arentsdr. held fram som husmann på Kosi. Det er skifte etter Hæge 1765, 22. 6. Brt. 267 rd. Net. 226 rd. Medrekna plassen Kosi med hus 90 rd. Skifteretten gjer denne merknad:

«Havt tilleie og brug denne arvetomten pl. Kaasen under Hvidesøe pr. gaards gods Kirke-Groven beliggende hvorpå der opbyggede følgende huse som sk. retten tagende i begransking - 1 stue m/vinduer og skaarsten, 1 stolpeboe, 1 lade m/ 2de rom. Fæhus til 8 nød samt faarehus. 11. stald, 1 smitze, 1 gl. kvernhus.

Samstundes tek dei Kyrkje-Groven i augnesyn, «som enkemanden m/barn har ryddet og bebygget. Plassen i god stand «lagt op en mengde stenbrud». - Og me får vita korleis fyrste husi såg ut. I stue m vinduer og Skaarsten, 1 liden stolpebod, I fæhus til 14 nød m/ faarehus som tilliggende den på pladsen andvende jord, taxt 50 rd. - endvidere andvistes en ny lade på Kirkens eiendom (Kaasen) taxt 15 rd.»

I 1801 bur Halvor Torvildson på Kosi (70 år) med kona Sigrid Johansdtr (65 år). - Frå ættesoga får me greide på at dei hadde 12 born. (Kosi – Kyrkje-groven 4) Halvor d. på Kosi 1816 og Sigrid 1820.

Det er nett denne tid at Kosa-skulen vert skipa (1818) som sokneprest Nils Wendfeldt gjer opptaket til med å skjenkja 1000 speisidaler til dette fyremålet. Enkja Christine f. Paus gav seinare 1000 spdr. til lærarløner. Her på Kosi heldt lærarskulen fram ta 1846 då han vart flutt til Kyrkjebø. Her på Kosaskulen gjekk m. a. A. O. Vinje i unge år. Han budde då på Nordigard Omtveit.

Sveinung Steffason Groven kjøper plassen Kosi etter 1850 og det har sidan høyrt under øvre Groven. No er det Petter og Gunnar Groven som eig det etter 1943. - Garden står øyde og vert drive som attåtbruk.

Frå Kosi er utskild fleire bruk som det er bygt hus på m. a. Kosi bnr. 2 og 3 og 4 (Groven Br.berg landmandsforretning), Staulen bnr. 5, Kyrkevolen bnr. 6 og Jonskos bnr. 7.

Øvre Kosi dela frå nedre Kosi 3. 11. 1851 «afhjemlet 4. 3. 1852», 7 1/17 sett. får Sveinung Steffason og 4 16/17 sett. får Eivind Nerison Haugelid.

Husi på Kosi er gamle. Løda er opptimra i 1806. Stoga som står der har eingong vori ein stor bygning med langsval og 2 inngangar på øvre langside. Stoga er timra (27 kvarv) med eit stort stogerom i kvar høgd og 2 kamers oppe og nede. På nedre kant er 3 store glas i kvar høgd.

Ei kammersdynn i 1. høgd ber merke etter biletmåling i speglane. På nedste spegel ein mann til hest, og på øvre spegelen two defekte figurar (kanskje mann og kvinne). Stoga er sein endå, men med få heile glas ruter. Den 2 m høge gråsteinsmuren er i god stand. Stoga skal vera oppsett etter 1846. - Sjølv seminarbygningen stod litt lenger vest under bratte lidi, og vart flutt ned til Kyrkjebø i 1846. Murane står att og syner han har vori 10 m lang og 8 m breid med ein romsam kjellar under.

Stabburet er utan utskurd med flate, breie plankar ved dynni og timra i ny form. Kan vel vera frå ikr. 1820. Rester av tuntre og aplar står att. - Nede i jordet er no planta frukttrær og fleire mål er nydryka i dette bratte lendet.

➤ **KOSI gnr. 82, bnr. 2**

Dette bruket er dela i 2 luter med kvar ca. 5 mål jord. Einar Sakrisson har det eine og kallar det Solvold. - Det opphavelege har Øystein O. Runningen g. m . Anne Åmot, Lårdal.

Frå denne eigedomen er sold ei tomt, Furulund, til Jørgen Tjørnstaull, spelemannen. Han selde det att til Tarjei Svolsbru g.m. Hæge Tallevsdtr. Bjåland. - Dei eig Stampe-Rue også.

På same eigedom har Åsmund Nordskog fått seg ei leidgetomt.

I 1864 er Knut Norvaldson eigar av øvre Kosi.

➤ **KOSI gnr. 82, bnr. 3**

Dette er eit lite bruk straks vestom Br.berg kyrkje nedom vegen. (6 mål). Her budde i 1889-1905 Gunhild Åsmundsdtr. Hylland.

Vetle Sveinsson Kallåk kjøpte det av Gunhild og hadde det i 3-4 år og selde det så til Tone Halvorsdtr. Berge.

Styrkå L. Berge har overteke etter Tone farsyster si.

➤ **JONSKOS gnr. 82, bnr. 7**

er utskild frå Kosi 25. 8. 1900.

Det ligg i fjellsida like ved vegen nordom kyrkja og var i gamal tid hamn for hestar som dei slepte ved kyrkja. - Der er funne hestesko.

I 1905 budde Eilev Tallevson her. Han hadde ei liti timra stoge som no er flutt til Veslestaul.

Olav Eivindson Haugan kjøpte Jonskos av Eilev i 1917. Han er g.m. Anne Torbjørnsdtr. Omland.

Det er omlag 1 mål dyrka jord som vert nytta til hage. Plassen Noraberg u/Åsmundtveit kjøpte Olav i 1923 av Johan Straand, Vrådal.

Husi på Jonskos er nye og i god stand. Det eine romet i bygningen har vore nytta som posthus frå 1917 til 1956. På same tomti er bygt eit hus med verkstad i kjellarhøgdi og posthus og bustad i 2 høgdi. Det er Gunnar O. Haugan som har fått denne tomti av far sin og bygt huset. (gnr. 82, bnr. 8). Broren Bjarne har posthuset.



[Brunkeberg (Flyfoto)]

➤ STAULEN Kyrkje-Groven gnr. 82, bnr. 5

Ende sud og nedom Brunkeberghøgdi ligg denne garden lognt og varmt til det. Husi er nye og gode. Dyrka 35 mål, anna innmark 8 mål og 200 mål utmark. Garden har vore i ætti frå 1861 då Sv. Steffason kjøpte han av Br.berg kyrkje. Han har same gardsnr. som Kosi og har høyrt innunder denne garden.

Den eldste husestaden låg litt lenger aust mot vegen. Stoga vart flutt av Aslak Sveinungson (oppav. Holtanstoga), men selde han garden til Bjørn Gotuholt og han til bror sin Såve. Han flutte dei gamle husi og hyste vidare. Han hadde endå Torleif T. Omtveit til å setja opp nytt fjøs. Eit gamalt bur vart seinare selt til lensmann Sandvik.

Den eldste guten på øvre Groven, Sveinung Sveinungson d.y. stemnde på odel og fekk garden.

Foreldri hans, Sveinung og Sigrid var eigarar til 1917. Sonen deira Eivind (1876-1928) fekk skjøte i 1922, g.m. Åsne H. Berge. No er det dotteri Sigrid g.m. Erling Taraldson Øygarden som er eigar, (skjøte 15. 1. 1931).

Hovudbygningen - den gamle Holtanstoga - brann i 1927. Ny stogebygning vart sett opp straks etter.

Ovan vegen i aust er merke etter gamle hustufter, det heiter Uppåstaul. Stoga vart flutt til Nigard Groven og nytta som eldhús, sidan flutt til Bø. Tarjei og Jorunn Tjønnstaul dei siste som budde på Uppåstaul.

På Uppåstaul stod kornmagasinet, heitest det.

Ei segn seier at den fyrste kyrkja i Br.berg stod på Kyrkje-Groven rett sud for husi. Kyrkjii brann opp - heitest det.

I eit dokument fra 1728, 6. 7., heiter det: «Blef holdt skyldsetning forrn. på en plads kaldet Kirke-Groven i Br.berg annex, Br.berg kirke tilhørende efter kirkestolens formeld (hvoraf årlig er svaret landskyld for 1 tn. brug) blef taget i øiesyn som allene var et engstykke (slåtte) og ikke med husevaaninger bebygget. Denne engjord som nu av lensmand Chr. Paus bruges, siges vel at være i fordums tid udkommen fra Groven ved mageskifte mot 1 tn. i Sudbø gaard i Br. berg. - hvorom dog ikke noget til antagelig bevis blef fremvist, og kan på denne engebund i den tilstand nu befindes aufles 10 a 12 læs høe, der dog ved rødningsarbeide og anvendende hævd med tiden blifve noget forbedret.»

Utskift.forr. 3. 8. 1837 samla på Kirke-Groven. Eilev Larsen Stølen er leiglending. M. B. Landstad møtte.

Kirkevolden utskilt 2. 11. 1874 (6 øre) årleg avgift 72 skilling.

Garden vart offisielt kalla Staulen då Eivind Sv. Groven. fekk skjøte av Sveinung bror sin 6. 9. 1922.

Kosaskogen med Åsestoga er kome frå Kosi og høyrer no til Åsne Eivindsdtr. og Gjertrud Berge.

Sjaubrorsodden (åkeren) som M. B. Landstad fortel om, ligg på Staulen.

➤ GROVEN gnr. 83

Like etter Brunkeberg høgdi ved kyrkja er nådd austanfrå, ligg Groven gardane mot sud med flate og hallande jorde. Det er 3 Grovengardar, Staulen eller Kyrkje-Groven og øvre og nedre Groven. Namnet kjem av grov, grovu (stor eller liti jordsægd) og er ei dativ form. I gamle brev vart det skrive Groffuin, Groffuenn, Groven m. a.

Den fyrste husestaden låg litt i aust for Nigard, sud mot ei dalsøkk. Det heiter endå Tunvollen, og det syner murar etter husi; for det er no ikkje så mykje over hundrad år sidan husi vart flutt derifrå. Det som no heiter Staulen og ligg oppunder brauta mot kyrkja, skulle vera staule, heimestaule til Groven fyrr, det og Kosi og Uppåstaul; men så vart det hyst der litt fyre år 1700 og lagt inn under kyrkja som prestebol. Det


vart kalla Kyrkje-Groven. Den som løyste det inn var Sveinung Steffason Groven med ein obligasjon på 1250 speisidaler, tingl. 12. 8. 1861

Frå tingboki: Opsund 21. 6. 1708, skjøte til Hans Paus på 1 tn. i Groven frå Samuel Morland (prest) - frå stiftskriven Jochum Heins bykslesetel på Kirke-Groven 1 tn. til Brunkeberg kyrkje til Hans Paus utstedd 28. 1. 1698. Ved folketeljingi 1664: «Kyrkjegroven 1 tn. Bruges under prestegaarden (ikkje namn) og 1672: Ligger under prestegaarden 1 tn. Men 1751 2 tn. (Kviteseid prestebol 1 tn. Kviteseid kyrkje 1 tn.)

Til Groven har høyrt fleire plassar som no hører inn under ein av Grovengardane anten øvre eller nedre - eller er fråselde m. a. Rulleteig (Rullerud) Bekkhus, Tjørnstaal, Godokk (2 plassar) og Husstaal. Bakken og Torget er fråselde i seinare tid.

Eigarar og brukarar. Gunleik (Gullich) heiter brukaren 1593 og framover til 1620, truleg er han sjølveigar. Men i åri 1622-41 er det fleire leiglendingar m. a. Aslak, Bjørn og Tor.

Groven var rekna fullgard med skyld 4 tn. 6 dalar i 1647 og buskapen 1657 er 1 hest, 7 kyr, 12 sauver og 2 geiter.



[Frå v.: Olav Smeland, Ånund Berge, O.S.Groven og Aslak S. Groven]

Tor svarar skatt av heile garden 1641-47 og frå 1647-61 2 tn. m. b. (halve garden). Ved folketeliingi 1664 heiter oppsitjaren Kjetil 40 år, kona Ingebjørg og sönene Olav 23 år og Tjøstolv 14 år. Denne Kjetil finn ein har garden eller lut av han 1672-85. Elles er det mange odelsbønder som eig partar i Groven frå 1600 til 1700 - såleis Niculs Berge 1611-29 1 tn., Tallev Utsund 1611-29 ½ tn., Olluff Brekke 1611-29 1 ½ tn., Gunhild Groven 1611-13 1 2/3 tn. i Groven og luter i 4 gardar til. (Nordgarden, Bakken, Sudbø og Haugen). Steinar Midtsund 1651-65 1/6 tn. Tor Groven 1641-54 2 tn. Gregar Ryen, Heddal eig heile garden 4 tn. i 1670, Gunnulf Nes 1678-81 1 tn, Frå 1682 eig Claus Andersen og Anna sal Claus mestedelen av garden. (3 7/8 tn.) I åri 1686-1707 Hr. Hans Paus heile garden, (4 tn). Mad. Susanne Paus har 3 7/8 tn. i 1718-19 og det same har Christen Hansen Paus framover frå 1720 til 1747 då Christen som er lensmann, døyr. 1748 Mad. sal Christen 3 7/8 tn. Tallev har denne skyld 1749-64 og enka hans. Gunstein Kn. Groven får heimel på 1-7/8 tn. 2. 4. 1771. Såmund Knutson får heimel på 2 tn. 19. 12. 1789 og 4 tn. 30. 9. 94 og har desse til 1802 da broren Knut g.m. Tone Endresdr. Tveit har i allefall 2 tn. til 1821. Ein Aslak Olavson har 2 tn. i 1802. Etter 1808 har Jens Knutson overteke desse 2 tn. etter Aslak. Han har desse 2 tn. 1821.

Lensmann Andreas Schodt (1774-1842) vert eigar av Groven i 1830 åri. Kona hans Gunhild d. på Groven 1836 og han 1842.

Det ser ut som garden har vore dela mellom Aslak Olavson og Knut Knutson med 2 tn. kvar omkr. 1800. men den offisielle skylddeling er fyrst i 1843, 30. 11.

I 1820 åri har Groven gått over til Ole Blom og Gudmund Fjågesund, for 7. 10. 1828 skriv dei ut festebrev på plassen Godokk til Olav Olavson.

Det ser ut som lensmann Schodt har rådevelde over heile garden for når han er død i 18 ø . 2.14878(64(2)2.14878

På denne tid kjem Sveinung Steffason og Guro Aslaksdtr. til Groven. (Innfl. attest 31. 10. 1850). Han har 8 born. (Hustveit 12).

Sveinung Steffason var ein flink kar. Han rika seg opp og kjøpte fleire gardar. Fyrst Nigard Groven (1850) og så øvre Groven (1852), Kosi, Gotuholt (øvre), Midtigard Oppsund og sudigard Midtsund. Gutane hans fekk gardane.

Olav d. e. fekk Nigard Groven (1872), Sveinung øvre Groven, Aslak fekk Gotuholt, Olav d.y. Oppsund og Halvor fekk Midtsund, (seinare Lønnegrav).

➤ **GROVEN (øvre) gnr. 83, bnr. 1**

Kven som byrja hyse her er ikkje kjendt, men det var truleg omkr. 1800 då garden vart stift mellom Aslak Olavson og Knut Knutson, (Såmundsonen). Det er no ein mykje fin og godt opphusa gard. - Ættegard frå 1852.

Der er 60 mål innmark (35 dyrka) og 2000 mål skog. Til garden høyrer plassen Husstaull, nytta som staule, men har merke etter åkrar. Langækre og Ormækre og Skrøyvelid, er namn derfrå. Festebrev 5. 6. 1841 frå Andreas P. Schodt til Halvor Johnsen og hustru på Husstaull. (sjå Aadne O. s. 16).

Two plassar heiter Godokk. - Der har butt folk til i 1880. Ei stoge står att i den eine plassen.

Øvrebø har merke etter tuft.

Obligasjon frå Torjus Såveson til Såve Knutson på 35 spdr. mot pant i festeretten på Øvrebø, (ikr. 1840).

Ni-Kosi høyrd til øvre-Groven. Der budde på slutten Sv. Steffason og Guro Aslaksdtr. (Ho d. på Kosi 1884, han 1890).

Sveinung Sveinungson fekk øvre Groven etter faren g.m. Sigrid Pettersdtr. (Mandt 66) i slutten av 1860 åri. Sveinung f. 1868 g.m. Ingebjørg Gunnarsdtr. (Østerdal 22) hadde så garden framover til. 1942. Skjøte frå Sveinung Sv. Groven d. e. til Sv. Sv. Groven d.y. 8. 4. 1916. (Kj.sum 32400 kr.).

Enka Ingebjørg sit med garden, men Gunnar og Petter har skjøte på Ni-Kosi. Avlingi vert køyrt frå Kosi til øvre Groven om vinteren.

➤ **GROVEN (nedre) gnr. 83, bnr. 2 og 3**

Dette mr huvudbølet då Groven var ein gard. Husestaden var då i ei dokk lenger oppe, ovom vegen. Rett i ei grovu. Det heiter enno Tunvollen og ein ser merke etter hustufter. Husi vart nedflutte i 1838 av Anne Schodt.

Groven var lensmannsgard både i Christen Paus si tid i 1720 åri og i Andreas Schodt si tid i 1830 åri.



[Guro Groven (Hustveit 12), Olav S. Groven (Hustveit 83), S.O. Groven (Hustveit 90)]

Maren Olsdtr. sat her i lensmannsarrest i 3 år frå 1723 til 3. 9. 1726 «og nød sitt opphold af lensmand Christen Paus.» Den 13. 10. 1729 er det spurnad frå futen etter eigedomen «etter den henrettede Maren Olsdtr» Almugen svarar: «Ikke det ringeste var eiende uden de få klæder hun skjulede sitt legeme med på retterstedet.» Maren hadde fått barn med kapelanen Normann Bye og så gjøymt barnet i ei kiste oppå eit kammers i prestegarden. Fru Mag. Stoud oppdaga uverket og Maren vart teki på Kongsberg. Bye rømde og saki hennar gjekk til Oberhofretten, men det hjelpte ikkje.

I 1728 den 19. juni er det sak mot Kjetil Remål. Han greider ikkje å betala 9 rd. i slagsmålsbot «og skal her på Groven tingstue sluttes krum i 4 timer». Futen meiner at bygdevektaren Knut Sveinson (Vestå?) skal stå for dette. Knut nektar plent så lensmann og almuge høyrer på og trugar med å sei opp stillingi si om han skal brukast til slike «simple, uærlege handlinger».

Sveinung Steffason kjøper Nigard Groven av Anne Schodt og Såve Knutson i 1850 (1849?) og overdreg han til Olav d. e. i 1872. Sonen Sveinung g.m. Anne Jørgensdtr. vert eigar i slutten av 1880 åri. Sveinung var mange år på gullgraving i Alaska. No er det sonen Olav f. 1935 som bar skjøte på garden. Systeri Gunhild Marthe har skjøte på Tjønnstaull.

Husi på Nigard er i god stand. Stoga og loftet er frå oml. 1700. Stoga påbygt i 1948. Uthusbygning sett opp i 1925 og eldhus i 1930. Av-dyrka jord er det 18 mål. Skrapslått og beite 40 mål og 2000 mål utmark.

Møybring, ei ækre oml. 10 mål stor, er dela millom øvre og nedre Groven. Ei gamal segn seier at ein tusse eller utmann fekk barn med ei hjuringskjente her - med ho låg ogsov. Han la att sokkebandet sitt. Mange år etter kom mannen att og kanna seg guten som vart fødd. Til prov syntet han fram det andre sokkebandet.

Til Nigard høyrer staulen Ruk. Plassen Tjønnstaul har også hørt til. Her har det budt folk til fram mot 1950. Ole Larsen g.m. Gunhild Knutsdtr. Veslestaul fekk omkr. 1903 festesetel for levetidi på Tjønnstaul. Ole var den siste som budde her.

I 1890 åri budde Turi Tjønnstaul og sonen Tarjei på plassen. Tarjei var god spelemann og timremann. Kornbyrda frå Tjønnstaul står no på Nigard Groven, (årstal 1720).

Rullerud (Rulleig) er gamal plass i utkanten av jordet. No er det lenge sidan det budde folk her. Sterke Nils vart fødd på Rullerud i 1721.

Bekkhus var også plass, men attlagd lenge sidan.

Eit godt stykke oppe i Grovemarki låg Torget som og var plass under Nigard. I kring 1940 kjøpte Edvard Evja plassen og fekk til bureising. Edvard kalla bruket Solstad. (bnr. 5) Husi stod fyrr litt lenger oppe. Edvard kom ikkje til bu lenge på Solstad, men kjøpte Bjørkeset (gnr. 38, bnr. 24) og flutte dit.

➤ **BAKKEN (nedre) u/GROVEN (nedre) gnr. 83, bnr. 2**

Ende nedfor plassen Bakken, nedom veggen ligg nokre hus på ei leigetomt, dette kallast nedre Bakken. Her byrja Lars O. Veslestaul å byggja seg ein heim i 1918. Her var emna på ei stoge fyre den tid av Anne Berge u/Gotulioilt. Anne vart sjuk og flutte frå. Stoga var frå Torje. Ho vart fyrt flutt til Oppåstaul og sidan her ned - etter på handla med som eit anna lausøyre. Kom til Øyan, så til Små-Flatan - men ikkje oppsett fyrr Jørgen Tjønnstaul kjøpte vyrket og sette stoga opp på Furulund der Tarjei Svolsbru no bur.

Stoga som no står på nedre Bakken er komen frå Ramskeistaulen (stoga åt Kjetil Andersen og Ingebjørg. «Prirnosten» venamnet hans). Ho er innåtbygt av nov. leigebuar Lars.

Ei anna stoga er frå plassen Ruk men flutt til Tjønnstaul u/Groven, og derfrå hit. No er det Johannes Larsson g.m. Bergit Høgelid (H.mo) som bur der.

Buret er kome frå Tjønnstaul, men var eit sel frå Langelidstaulen opphaveleg.

Lars g.m. Helbjørg Jensine Bakken. Lars er no heilt blind. Alt i 10 års alderen miste han synet på eine auga og i 20 års alderen vart det forverra så han tilsist vart heilt blind. Han har likevel klara seg godt, har drive jamvel med bygging av eigne hus og snikking m. m.

➤ **BAKKEN (øvre) gnr. 83, bnr. 4**

Ein gamal plass under nedre Groven i likskap med Rullerud og Bekkhus. Husi er gode. Den totale vidde er ca. 50 mål og den dyrka jord er 5-6 mål.

Den nov. eigar Eivind Ånonson Godokk g.m. Ingebjørg Johansdtr. Holte, kjøpte det i 1925 av Sveinung O. Groven. (3000 kr.). Det var då nesten huslaust så Eivind fekk eit lån på kr. 6000, og tok til å hysa det opp. Eivind er fødd på Bakken i 1895. Han har drive alle dagar som skogsarbeidar.

Fyre Bakken vart eige bruk budde Johans Halvardson Slåtta og Ingebjørg Jensdtr. Kvålseth her i 16 år.

➤ **HAUGLAND gnr. 84, bnr. 16**

Som namnet seier er det ein gard med haugar og ujamnt lende. Fint og fritt ligg han i ein dalsøkk mellom Loupedalen og Haugan - eit stykke frå veggen. Morgonsoli vekkjer folki tidleg i denne garden og fløyter dei låge åsar og høgder ei lang tid av dagen året rundt.

Den gamle husestaden låg litt lenger ned på ein hallande flate med Smievollen og Slemdalen på nordaustre side. Husi som stod der er longe rivne. Stoga kom endå til Meås i Seljord og er innfelt i den store handelsbygningen der.

Husi på Haugland er i god stand. Stoga som var nokså gammal og enkelt innreidd med 2 rom nede og loft ovanpå, er mykje påkosta av den noverande eigaren Kari Orre. Ho har bygt på huset, klædt og innreidd det. Uthusbygningen, bygt av Ånond Nordgarden, Seljord, er utvida og opp-pussa i nyare tid. Eldhuset er frå 1900, oppsett i si tid som kårstoge for lærar Olav Endreson Sandland, men ikkje nytta.

Eit lite, sermerkt bur frå 1744, står på garden. Det er timra ein underdel som eit slag loft under buret, med dynn på nedre side. No freda. Buret er kosta av Svein Sveinson Haugland som åtte garden 1720-64. Han er oppgjeven med ein medel på 200 rd. i 1743.

Til garden har hørt plassane, Haugan, Hauglid, m/Slettekos, Stallshaug, Slåtta, Skaret og Berge. Dei to siste er attlagde og mest tilgrodde. Dei andre er eigne bruk. Nedre Haugland, Hauglandsmyrane, Smeland, Myrvang, Austlid og Bjørklund er fråselde småbruk eller tomter. Langt attende høyrde Loupedalen også under Haugland.

Det er ikr. 50 mål dyrka jord og 8 mål beite og slåttemark. Storparten av skogen er seld i frå, så det er berre att 70-80 mål utmark.

Det er i det siste hundre år at Haugland Mr blive så kringskoren. Skogen har gått i frå bite for bite og plass etter plass har vorte fråskild.

Etter panteregistret tek eg dette:

Skyldsetn. 30. 11. 1848 då Nordbøen er fråseld. Ditto 12. 6. 1849 Stallshaug selt. Ditto 29. 9. 1853 Nedre Haugland, og 4. 10. 1855 Hauglid, 3. 8. 1874 Haugan, 22. 11. 1912 bnr. 15, fråskild og 15. 10. 1918 bnr. 17, - og etter den tid mange småstykke som er bygt på.

Haugland er truleg rudd omkring 1500 talet - endå det går segn om at her har butt ei kjempe «i heiden old» som heitte Sote Haugland. Han ligg endå gravlagt i den kjente Sotehaug, seiest det. (Sotahaug ligg på Haugan grunn). No er Sotehaug for det meste teken til veggrus og det er ikkje gjort noko funn der endå - så segni har vel liten grunn for seg.

Garden er rekna øydegard omkr. 1600, men halvgard i 1647 med skyld 2 tn. og 1 sauskinn, 3 daler. Buskapen 1657: 1 hest, 6 kyr, 16 sauher og 3 geiter.

Eigarar og brukarar. Børge (Bjørgulg?) heiter brukaren i 1611-22. Truleg den same som brukar Åsmundtveit 1609 og fram til 1623. (Sjå der). Kristen i 1623-39. Ved folketeljingi 1664 Styrkår 50 år og sonen Aslak 18 år. Guttorm brukar for Asbjørn Loftsgarden som eig 2 tn. i garden 1647-59. I 1660 eig Lars Midtbøen og Tov Klomset kvar si tunne i Haugland - og så tidleg som 1611-23 eig Eilev Syftestad 1 tn. (Børge Åsmundtveit vinn vel garden for han).

I tidi 1672-1704 er Gunnar Haugland eigar av 2 tn. Det er denne Gunnaren som i 1683 saman med Åsmundtveitmannen laut bøte til kongen 1 rd. for dei skyssa ikkje futen til Nissedal. (Sjå under Åsmundtveit).

Fleire brukarar er nemnde, Asbjørn (1705), så Olav (1707) og Nils (1713-19) til Svein Steinungson g.m. Aslaug Bjørgulvsdtr. (Syftestad 20) vert sjølveigar, (1720-64). Han er ein velstandsmann, (200 rd. 1743). Om det er honom Landstad skriv så lite rosande om i «Ættesagaer og sagn» side 81 - skal vera usagt. Det stemmer ikkje med at han døydde på Gotuholt, for både Svein og Aslaug døydde på Haugland fortel kyrkjeboki, (ho 1770, han 1775).

Dei har 5 born. Bjørgulg (1727-1800) g.m. Gunhild Torgeirsdr. Kyrkjebo (ukj.), overtek garden 2. 3. 1770. Gunhild er det skifte etter 18. 6. 1789. 3 born. (Tarjei, Svein (myndig), Aslaug 21 år). Brt. 911 rd. Net. 680 rd. Irekna Haugland 2 tn. 1 sauskin m. b. 400 rd. Sonen Tarjei Bjørgulvson får heimel på 2 tn. 5. 10. 1793. Det ser ut som dei må gjeva opp garden og flytte til plassen Hauglid både han og kona Ellen Mikkelsdtr. (Sauherad). Båe dør på Hauglid, (han 1813, 55 år, ho 1823, 78 år).

Etter 1802 fram til 1821 eig Aslak Tallevson garden. Bror åt Tarjei, Svein Bjørgulvson og Maren Halvorsdtr. brukar Haugland ikr. 1810. Dei har 3 born. (Gunhild, Gunlaug og Svein). Sonen deira Svein Steinson g.m. Tone Torbjørnsdtr. (Kleiv 119) kjøper så garden. 8 born f Haugland. (Svein, Maren, Torbjørn, Hæge, Halvor, Bjørgulg, Tallev og Gunhild).

Svein var g. II med enke Gunhild Olavsdtr. - og dei døydde på Haugland både tvo, (S. 1873, G. 1879).

Tallev og Torbjørn Steinsoner var ugifte og d. på Haugland i slutten av 1870 åri, og Gunhild g.m. lærar Olav Endreson Sandland vert den nye eigar, (d. 1911). Sonen Endre får så Haugland og etter han broren Olav (no i Flatdal) som sel det til Olav Kjetilson Nordskog.

Garden gjekk i mange handelar no på kort tid. Den 7.4. 1919 får Einar Orre skjøte frå Halvor A. Almankos på ein del av Haugland. (Haugland midtre med Slemdal. Kj.surn 8500 kr.).

Fyrr hadde han fått skjøte på sjølve garden av Olav Kj. Nordskog, (tingl. 10. 6. 1918. Kj.sum 18000 kr.).

Etter Einar Orre døydde har enka Kari Halvorsdtr. (f. Øverland) sete med garden. 8 born. (Olav, Håkon, Maria, Ragnvald, Sigurd, Arne, Karen og Odd).

➤ SMELAND gnr. 84, bnr. 19

Det ligg like ved vegen på sudsida og grensar mot Haugland, Austlid og Bjørnstad skog. Totalvidde 5 mål. Det vart utskild frå Haugland ikr. 1919. Halvor O. Haugen (Tveitgrend) kjøpte det og hyste her. Em. Waldemar Thorvaldsen g.m. Asgjerd f. Albrechtsen i 1915, kjøpte tomti 1920. Han flutte huset lenger opp på ein liten haug med fastare grunn og bygde innåt. - Fjøs og uthus sette han opp.

W. Th. var i statens vegvesen i 63 år - som akkordformann og smed. I 1949 fekk han kongens fortenestmedalje i sylv med diplom. Han d. 1953, 18. 1. Enka Asgjerd har eigedomen, 8 born. (Margit, Toralf, Hans, Gunhild, Gjertrud, Gudrun, Valborg og Magne).

➤ NORDBØEN gnr. 84, bnr. 2

Dette var gamal plass under Haugland og ligg i austre kant av eigedomen - midt mot morgonsoli med godt utsyn austover Brunkebergskogen.

Plassen utskild 30. 11. 1848 og var fyrste bruk som gjekk frå Haugland. Her budde lensmann Jens Christian Smith Albrechtsen, (1798-1887). Han bytte gardar med ei gamal gjente som heitte Anne - i Juvland, (ovanfor Klomset, no attlagd). Jonas Albrethsen f. 1853 Nordbøen. Lensmannen døydde på Nordbøen 1887, (låg 13 år tilsengs). Sonen Mens f. 1846 g.m. Hæge Sandland budde her og døydde

1925. Sonen Kristian (1875-1956) hadde eigedomen ei tid. Men eigedomen kom til auksjon og då kjøpte landh. H. V. Sellstad det.

Uthusbygning med grøda brann 1932 og året etter kjøpte Kjetil Albrechtsen Skogsmark eigedomen av Sellstad. Det har vorte drive som attåtbruk til Skogsmark sidan. Kjetil har bygt nye hus på Nordbøen. Det er 25 mål dyrka jord og 100 mål utmark.

➤ STORKOS gnr. 84, bnr. 3

Deme er eit fint småbruk, godt opphusa, og ligg i ei austhall og byter med Skogsmark på austsida. Bruket er utskild frå Haugland. Hans Storkos budde der i 1880. Dotteri Ingrid g.m. Mikkel Meinstad budde der etterpå.

Dotteri Kari og Halvor O. Stabbestaul er foreldri til Halvor som bur der no. Han har vori gift med Anne Eiv.dtr. Landsverk, H.mo, (d. 1946), 5 born.

Halvor og sonen Eivind bur der no og driv bruket som er på ikr. 12 mål dyrka jord og 8 mål kulturbete og ikr. 60 mål utmark. (20 mål skog). Halvor vegvaktar.

Storkos gamal plass. Same ætti sete her frå ikr. 1800. Gamle stoga skal vera frå år 1700. Olav Storkos selde plassen til Hans Halvorson oldefar til nov. eigar.

Under Storkos.

Slåtta, gamal plass, er skild frå omkr. 1900. Det var Høye Slåtta som kjøpte det. Tarjei Bjåland eig Slåtta no.

➤ HAUGLID gnr. 84, bnr. 6 og 7

Like ved vegen austom Brunkeberg kyrkje, ligg Hauglid med fine oppdyrka vollar og velstelte hus. Garden er utskild frå Haugland 4. 10 1855, og grensar mot Klokkgarden, Omtveit, Moen, Stallshaug, Haugan og Kosaskogen. Det er omlag 40 mål dyrka jord og 10 mål innmark og beite og 400 rnål utmark.

Slettekos har vore plass under Hauglid og ligg like ved i leidi mot Brunkeberg. Eldhuset skal vera den gamle stoga frå Slettekos. Plassen er gamal.



[Skirenn på Hauglid (1905?)]

Den gamle husestaden på Hauglid var lenger oppe i bakkane, der syner tufter. - Ukjendt når husi vart flutt derifrå, men ikr. 1850 stod husi ca. 50 m lenger oppe enn dei står i dag. Stoga er gammal, men påbygd og brigda 1909 og i 1960. (Stoga flutt frå husestad nr. 2). Uthusbygningen er både ny og gammal. Fjøs frå 1870 og intimira i uthusbygningen, likeins eit stort grisehus, (no nytta til sauhus). Sjølve løda som spenner over att er frå 1939.

Stabburet har ny form (utan svaler) og nokså gammalt. Garden har vore i same ætti sidan det vart eie bruk. Oldefar til eigaren, Eivind Nerison kjøpte garden av Svein Sveinson Haugland g.m. Gunhild Tallevsdr. (Kvåle H.mo). Etter han sonen Eivind (frå 2. ektesk.) g.m. Anne Rolleivsdtr. Kasland. Han dyrka opp mykje jord og bygde og stelte på husi.



[Margit og Tallev Hauglid (Haugen 84)]

Broren Olav Tallevson g.m. Anne Kj. Moen budde på Hauglid fyrr Eivind og Anne kom der. Eivind d. 1947, 64 år.

No er det sonen Kjetil Eivindson f. 1922 som driv garden. Han driv saual, (50 vinterfora dyr).

Frå Hauglid er fråseld nokså mange tufter som er bygt hus på m. a. til kyrkjetenar Halvor Eilevson Staulen og Anne f. Kilen.

➤ STALLSHAUG gnr. 84, bnr. 11

Som ein verden for seg sjølv inne mellom små bergknausar i ei logn liti dokk, ligg dette småbruket midt i mot middagsoli - med Moen på vest og nordsida, Haugland i aust og Hauglid i sud.

Plassen som har hatt større vidde fyrr, er utskild frå Haugland 12. 6. 1849⁴¹.

Det er 11 mål dyrka jord, 10 mål kulturbeite og ca. 30 mål utmark.

Husi på bruket er i god stand. Stoga er svært gammal, men klædd utvendes og innvendes og måla i nyare tid. Innfor klædningen ved sida av loftet på midttimra, er merke etter «likluke» - som på Huvestad og Kleiv - no innklædt og bortgøynt. Uthusi oppsette i 1916 - men vold sidan. Buret er gammalt - utan årstal. Denne eigedomen har gått i mange handelar i seinare tid. Hausten 1932 kjøpte Knut Såveson Homme, Dalane, g.m. Anne Åsmundsdtr. Nordskog det av Tarald Skarprud. - Elles hadde m. a. Jørgen Efraimsen, Eivind T. Hauglid, Halvor Brandbu, Halvor Stokkland og Olav Lid, Kviteseid ått det.

Eit stykke (Heddelid) ikr. 5 mål - kome frå Stallshaug - har Margit Eividsdtr. Hauglid g.m. Auver Myrann bygt hus på. - No eig Kari systeri og Gunleik Bjåland dette.

➤ HAUGAN gnr. 84, bnr. 12

Småbruket ligg mellom Haugland og Hauglid - på ein haug sjølvsagt - like ovanfor vegen. Husi er i god stand. Den gamle stoga vart rivi og ein ny bygning bygt 1955. Uthusbygning 1924, eldhús 1930.

Plassen vart rudd i 1830 av Vrål og Margit. Festesetel 4. 3. 1836. Etterpå sat og Gunhild Vrålsdtr. g.m. Halvor Jonson frå Vinje der som leiglendingar. Gunhild d. 1910 - og sonen Knut Halvorson kjøpte plassen av Olav Endreson Haugland. (Kontr. 10. 6. 1907 - skylddela 11. 7. 1910).

I 1894, 17. 1., kontrakt millom Gunhild og yngste sonen Knut om forsytingskyldnad. Knut skal ha alt etter mor si.

Der er no 20 mål dyrka jord og 50 mål utmark. På eigedomen ligg Sothaug - der etter segni Sote Haugland skal ligge jorda.

Den noverande eigar er Aslaug Olavsdtr. f. Åsmundtveit 1893, enka etter Knut Halvorson. 4 born.

Det er frådela ei tomt på 2 mål, (Bergtun) 19. 4. 1947, der dotteri Torbjørg g.m. Tarjei Knutson Bjåland har bygt hus, (kafe) og uthusbygning.

Same eigar har kjøpt Slåtta - ei liti småbruk utskilt frå Storkos.

➤ HAUGLANDMYRANE gnr. 84, bnr. 22

Eigedomen er på 11 mål og kjøpt frå Haugland ikr. 1919 av Tov E. Tveit. Han selde det til Severin Tollehommen (Søvring Sørensen) i 1937. Av han kjøpte den noverande eigaren Tarjei Fossjord det i 1938 og hyste det opp.

Tarjei er vegvektar. Han har mange premiar i friidrott og skiløyping og har hatt mange kommunale ombod.

⁴¹ 1852 Halvor Torbjørnson eigar, i 1864 Tov Torson.

➤ ÅSMUNDTVEIT gnr. 85, bnr. 1

Det er ei krå for seg sjølv, lognt og trygt der desse two bruk i ligg. Saman med Moen og plassane Myrebøen og Nordaberg som har gått ut frå nedre Åsmundstveit, har det på spøk vorte kalla Kjákheimgrenni, fordi det var draging og bering til desse veglause småbruksi. No er det bygt brukeleg bilveg så dette namnet har vorte avlegg.

Eingong var det ein gard, og husestaden var noko lenger aust på ein haug med godt utsyn over fjell og heiar.

Han som ruppe denne garden heitte nok Åsmund. Mange gardar har fått namnet etter sin rukall. Åsmundtveit er ikkje av dei eldste gardane og det finst korkje prenta eller uprenta diplom om denne garden.

Men han er då rekna millom halvgardane i 1593 og har ei skyld av 2 tn., 3 daler. Buskapen var i 1657: 1 hest, 6 kyr, 9 sauvar og 3 geiter.

Eigarar og brukarar. Kjetil heiter brukaren 1593. Børge (Bjørgulv) 1609. Han nemnest leiglending i 1611-23, likeins ein leiglending heiter Olav 1623-41. Frå 1641 til 1671 er Svein brukar. Etter folketelj. 1664, må han vera f. 1604. Han er g.m. Aslaug Andresdtr. som det er skifte etter 1681, 24. 10. Svein må vera død fyrr. Olav Sveinson har då garden nokre år, men han er det skifte etter 19. 6. 1694. Han har vore gift 2 gonger (I Guro Sæbjørnsdtr. II Barbro (Barbara) Såmundsdtr). Med fyrste kona hadde han sonen Nerid. - I tinget på Opsund 2. 10. 1683 reiser futen krav mot Olav Åsmundtveit og Gunnar Haugland fordi dei ikkje til fastsett tid møtte opp på Br.berg og skyssa han til Nissedal «paa H. Maj. vegne at forrette.» - Dei innstemnde gjorde greie for seg.

Dei hadde møtt opp straks etter futen hadde reist, og meinte dei hadde gjort si plikt. Likevel fekk dei å bøte kvar sin daler til Kongen.

I 1696, 9. 3., då skiftet av 1694 er slutta, er Barbara g.m. Olav Torson. (Net. 46 rd. + jord i Åsmundtveit 5 qtr. m. b.). Desse sit med garden til 1702, då Nerid tek roret. Han er g.m. Åste Gregarsdtr. Epletveit. Nerid er det skifte etter 1711, 20. 11. Net. 269 rd. irekna jord i Åsmundtveit 5 qtr. m. b. 120 rd. Dei har 3 umyndige barn, (Olav, Guro og Såve).

Olav Neridson er no rekna sjølveigar av garden til 1769. Han er g. 2 gonger (I Aslaug Bjørnstad Huvestad, II Torun Tarkjelsdtr. Slettermeås). Aslaug er det skifte etter 1747, 23. 1. Net. 302 rd., sylv 33 rd. (Nerid 12 år, Gunhild 15 år). Olav er det skifte etter 1769, 13. 4. (Net. 163 rd.). Enka Torun har 6 born frå 2 ½ år til 18 ½ år - ein av dei Torkjel. Halvbroren Nerid er død og har dotteri Aslaug 11 år. Gunhild g.m. Tarjei Person Fjellet (d.). Det er innsett verge for kvar av borni. Laugverge for Torun er Leidulv Kj. Omtveit.

Torun sit med garden til 1776, då Torkjel overtek fyrst ein del (1 20/48 tn.) og så alt (2 tn) 4. 10. 1793. Torkjel g.m. Gunhild Tallevsdtr. (Bekkhus 34) - 4 born voks opp. (Olav, Aslak, Tallev og Olav d.y.).

I 1805, 28. 2. får Olav Torkjelson heimel på vel 1 tn. - og broren Aslak ¼ tn. Olav g.m. Margrete Hansdtr. Lid (Bergestig i Øyfjell) og Aslak likeins ei Øyfjellgjente, Margit Bjørnsdtr. Rorge. - Aslak vert sjølveigar på Bindingsdalen (Sjå u/Loupedalen).

I 1832, 14. 11. vart Åsmundtveit dela i 2 partar. Steinar Torbjørnson (Holtan 2) og Knut Olavson Holter har på denne tid helvtast om garden.

No kjøper Olav Torkjelson d.y. g.m. Kjersti Råmundsdtr. av Knut Olavson den nordre parten (7/8 tn) og får med 6 hus som skulle «forpliktes til fraflytting St. Hans 1834». (Stoge, 2 små bur, stall, saufjøs, smie, kvernhus «uden stene og redskab»).

Steinar Torbjørnson sit att med hovudbølet (nedre), Steinar sin part var 10 ½ sett og Nordaberg som høyrd til denne luten vert fråskild i 1833. Den 20. 4. 1833 har Høye Olavson fått skjøte av Steinar på 2 54 settong. Skylddeling 28. 9. 1833.

Steinar måtte truleg hyse på nedre Åsmundtveit etterdi at alle husi vart flutt frå. På denne tid er det at den noverande husestad er valt.

Olav Gjermundson og Gro Olavsdtr. Trovatn, har så garden omkr. 1825 og utover. Dei har dotteri Hæge. Det ser ut som dei byter gardar for Olav Torkjelson d.y. har dotteri Tone (1853-1924) g.m. Harald Halvorson Brekke (Seljord) og dei har nedre Åsmundtveit til sin død. (Barnlause).

Den noverande eigar Aslak Taraldson Kvålset (Homme 81) g.m. Åsne O. Kvålsgard kjøpte ejedomen i buet etter Harald Halvorson 1932.

Husi på garden er i god stand. Stoga gamal, men påbygd i 1938. Uthusbygningen er ny - ferdig 1949. Eldhuset brann 1938, men oppattbygt 1938 - ei stoge flutt frå Klokkarjordet. Eit lite bur frå 1798. (H.O.S.)

Den dyrka jord er 20 mål med 12 mål innmark elles og 700 mål utmark.

NB. Skjøte 4. 4. 1881 på denne egedomen skoguthogst «forbeholdt O. S. Groven og O. S. Opsund efter den opprettede kontrakt».

Plassen *Nystaul* høyrd til. I 1851 flyt ein Tor Olavson 16 år frå Nystaul u/Åsmundtveit til Lårdal.

➤ ÅSMUNDTVEIT gnr. 85, bnr. 3

Jorde i jorde med nedre Åsmundtveit, ligg denne garden med nokså flatt jorde, blanda med myr og moldjord. Garden er utskild frå nedre i 1832 og opphusa den tid av Olav Torkjelson d.y. (d. på Åsmundtveit 1863).

Den dyrka jord er omlag 20 mål med 500 mål utmark. Husi på garden er i god stand. Stoga gamal, påbygt 1950. I huset er gamle dynnar med kronelister over og kroneseng - men skåpet i same stil er borte. Buret nyvore bygt av Knut Skotbakkane, påbygt til loft av O. O. Åsmundtveit 1947. Uthusi små - og skal no rivast og ny uthusbygning reisast. Eldhuset ei gamal stoge på plassen Berge u/Haugland.

Olav Gjermundson og Gro budde her etter Olav Torkjelson. Dotteri Hæge var gardegjente og vart gift på sine gamle dagar med Em. Aslak Tallevson Bjørntveit, (Tormod 44), (barnlause).

Dei selde garden til Knut Skotbakkane - som bygde buret og fjøs og løde - men han selde garden og den gjekk i mange handelar, m. a. Anders Jansen, Lårdal, Sundre Kastet, Ånund Høljeson Bøye. Han selde det til Olav Tallevson 18. 7. 1904. Sonen hans Olav O. Åsmundtveit g.m. Åsne E. Sandland har no eigedomen. (Skjøte tingl. 22. 4. 1930).

➤ NORDABERG gnr. 85, bnr. 2

I ein avdal så bortgøyrnd som berre få, ligg denne plassen under eit hengbratt og høgt berghug. Stoga er nett rivi så kjellaren står og gaper innhol og djup. Løda og fjøset har og sett sine beste dagar - derimot er buret nett og beint - med si skoreliknande klæråte, svingbar på sudveggen.

Dette var det Høye Olavson fekk kjøpt i 1833.

I 1886 er framleis Høye Olavson skiven som eigar av Nordaberg. I 1905 er Knut K. Skotbakkane (Åsmundtveit) eigar - elles har det gått i mange hender. Svein O. Sandland åtte det, så Johan Strand, Vrådal. No er det Olav E. Haugan som er eigar.

Storleik: 15 mål dyrka jord og ikr. 300 mål utmark.

1801: Tjostolv, Huskuldsone Nordaberg 50 år og Anne Sveinsdtr. 57 år, Liv 22 og Svein 19 år.

➤ MOEN gnr. 85, bnr. 4

Omlag 1 km i nord for hovudvegen gjennom Brunkeberg ligg dette vesle småbruket bortgøymt i skog og innringa av åsar og berghamrar. (Kolåsnuten).

Denne garden er utskild frå Åsmundtveit (nedre) 25. 10. 1834. Året fyrr 10. 7. 1833 har Steinar Torbjørnson fått skjøte. Hans Olavson g.m. Anne Steinarsdtr. er den første eigaren. Dei er det nok som husar og dyrkar først her. Søren Hakeson (seinare nordigard Omtveit) får garden 29. 6. 1843, men skjøtar det bort til Kjetil Tarjeison 13. 6. 1846. Etter han dotteri Margit Kjetilsdtr. g.m. Tallev Eivindson Hauglid. (Skjøte 8. 4. 1889).

Ei dotter Gunhild g.m. Olav O. Åse (f. Lid Øyf.) fekk garden 13. 7. 1903. Borna deira Tallev og Sigrid fekk heimel 10. 1. 1910. Den noverande eigar Kjetil Tallevson Hauglid overtok 8. 7. 1912 g.m. Åste Kn.dtr. Bakkane Seljord. Kjetil f. 10. 2. 1885 har vore ein dugande jordbrukar. I 1930 fekk han Tor Vås premie, 12 sylskeier. Mest kjend er han likevel som eggjønnssmed. Knivsblad med stempel K.T.H. finst over heile Telemark. Kjetil har skrive fleire dikt frametter åri.

Sonen Tallev Kjetilson har no teke mot garden og driv han.

Av namn på Moen merker ein seg ækra *Sivinna*, (d.v.s. tung å onne, legder i åkeren) Tarkjelsmyr og Leite. Frå Leite ser ein opp til Åsmundtveit. Der har lege ei stor helle og under den skal ligge ein skatt. Spådomen er at når den skatten vert funnen, skal Åsmundtveit brenne. Hella er no sundsprengd og nytta som murstein og ingen skatt er enno funnen.

På Moen er ei sylskei - ein premie for 1 tyr Kjetil Tarjeison stilde ut i Kviteseid 19. 9. 1856.

Myrebøen Denne plassen ligg i same dalen som Nordaberg og er vel rudit omlag på same tid etter 1800.

No er det huslaust og berre villgras gror over dei gamle tufter. Her budde han Tallev Torkjelson Åsmundtveit (1785-1843) g. 1827 med Ingebjørg Jørgensdtr. Hesteskodiket. Tallev var flink snikkar og byggmeister. Han døydde her på denne plassen 1843.

Plassen ligg i Moen eigedom og har visst ikkje vore utskild frå denne nokon sinn - og er longe attlagd vert ikkje slegen eingong no.

Fyre Tallev budde Bjørn Bj. Myrebøen g.m. Jorun Høyessdotter Sollid her.

➤ LOUPEDALEN gnr. 86, bnr. 1

Den fyrste gard til venstre ved vegen til Ordal er Loupedalen. Lognt og fint ligg han til i austkanten av ei dalkro som høgnar seg opp mot skogåsar og granlier.

Tek ein namnet bokstaveleg, kan det koma av elvelaup. Dette høver elles bra for Ordalselvi straks nedanfor garden, går gjennom laup eller sluk millom two berghamarar uti enden av jordet. Sume har gjete på at namnet har med sålaup å gjera, men dette er lite truleg. Då er det litt meir meinig i å tenkja på lopp (frosk) som det sikkert er nok av i dei våte myrar og tjønnfly nedom garden. I 1651-81 vart namnet skrive Loppedalen. Frå gamalt av skulle visst denne vesle dalen heitt Dyrdal, seiest det.



[Loupedalen, 1910]

Loupedalen høyrde nok til Haugland frå gamal tid. Det er truleg at fyrste rudningsmannen tok til her kring 1600-talet. Den gamle husestaden låg i vestjordet, ope og fritt mot morgonsoli, men tidleg i skugge på ettermiddagen.

Det skal vera Olav Gunleikson (1722-1810) som flutte husi frå vestjordet 300 m lenger aust på ein liten bergrygg. Her var vidare utsyn mot middagssol og sud. Ei liti røykstove var visstnok det hyste huset hev rester av denne er no eldhus på garden. Olav Gunleikson er skriven for Loupedalen i 1772, men fær ikkje lovleg skjøte på garden fyrr 28/2 1789.

Husi på garden er i god stand. Stoga er bygt 1892, men husbunaden er mykje eldre. Skåpet, dynnane og kronesengi er måla av Bjørn Bjålid i 1838. Bjørn hadde på den tid kjøpt Sud-Sandland. (1833-46). Two fine loft står side om side nedom stoga. Det største ber årstalet 1792 og er bygt og fint utskore av Karl Jonson Svanajord. Knut Loupedalen kjøpte dette loftet frå Svanajord i 1910. Uthusi er frå 1926, men ombygt og sett til nytt fjøs i 1950 åri. Badstoga og smia frå kring 1900. Ei stor høyløde er sat opp nede på moen ved vegen.

Det er 45 mål dyrka jord, 35 mål skrapslått og beite og 400 mål produktiv skog.

Til garden har hørt plassen *Hagen*. Dei siste som budde der var Tallev og Gunhild. Det stod lenge huslaust her, men så fekk Tov Kivle og kona Åse leiga tomti og sette opp hus her ikr. 1955. Tov d. og Åse bur her åleine no.

Knut Loupedalen kjøpte i 1920 åri plassen Bindingsdalen (sjå under Åsmundtveit).

Loupedalen er nemnt i eit skiftebrev frå Holtan i Sundbygdi 1626. Ånund Holtan dør det året og let etter seg 12 gardar til dei 3 sonene sine, Såmund, Knut og Guttorm. Den siste fekk m.a. Loupedalen rekna 1 tn. i skyld. Det vantar vitord om korleis denne Guttorm'n avhende garden, men truleg har han selt til Øystein Vigleikson Omtveit. Det er skifte etter han 17. 11. 1684 og då eig han 8 settong i Loupedalen. Som brukarar eller husmenn er nemnde Kristen (1623-39), Trond (1661-62), Leuf (1672).

Det går fram av eit skifte 13. 1. 1695 at Ragnhild Vigleiksdr. eldste syster av Øystein, har fått odelsrett på heile Loupedalen i 1684. Ho gjev frå seg eiga i garden 11. 1. 1742 (2 måler) til døttene sine Ingrid og Tore Kjetilsdøtter som eig dei andre 2 måler etter skifte 20. 10. 1711. Ingrid er gift med Torjus Niculson. (Nilsen). Han er det skifte etter 21. 1. 1744. Dei 2 måler er rekna 50 rd. Ei dotter Gunhild vert eigar ved odel 1763. Same året 12. 11. er det skifte etter dei 4 brørne hennar: Kjetil 28 år, Nils 25 år, Vigleik 22 år og Torjus 19 år. Dei må truleg ha døytt av ein pest som har fare. (Net. 44 rd.) I buet er nemnt eit messingbelte med slir og «2 beslagne knive.»

Odelsjenta Gunhild Torjusdr. vert gift med Olav Gunleikson Dalen, Dalane. (Trulova i Br.berg kyrke 3. 11. 1754). (Loupedalen 6). Foreldri hans, Gunleik og Margit dør på Loupedalen.

Med Olav Gunleikson blir ættelina, mannsrina, grei fram til notidi på garden.

Denne Olav'n var ein dugande bonde. Han flutte husi frå vestjordet, høyrde me, og så dyrka han på jordi. Dei store myrane tok han vreiter i og i bakkane braut han nytt åkerland. For dette storarbeidet fekk han eit svlvstaup av Landhusholdningsselskapet i 1788. «Agtværdige som Flid dig Brød og Agtning giver/ saa nu til Hæder Dig et Bæger skienket bliver.», står det på staupet som enno er på Loupedalen.

Olav døydde 1810 og sonen Gunleik, g.m. Birgit O. Landsverk overtok garden. Gunleik vart gift 3 gonger. (II Gunhild Tovsdtr., III Aslaug Bjørnsdtr.) Han heldt fram med jorddyrkning og vyrdsling av garden og fekk som påskyning eit stort lauvstaup i 1840 ári. Dette staupet kom til Gjervoll og vart derfrå selt seinare til ein Uppkaupar for 25 kr.(!) Det skal ha hamna i Nordiska Museum i Stockholm. I samanheng med dette kan ein og nemna at eit vent sylvbrurela frå Loupedalen vart omsmelta av ein sylvsmed (Mandt?) og laga 12 sylvskeier av. 6 av desse er på Loupedalen. Det er ikkje stasskeier.



[Knut og Hæge Loupedalen og sønene Olav (t.h.) og Torjus, Olav i Loupedalstoga]

Den neste eigar var Olav Gunleikson (1799-1879) g.m. Gunhild Knutsdtr. Han dreiv som skomakar og var flink spelemann og spela i mang ein dans (strok) og brudlaup. I 1837 sette han opp stoga på Loupedalen.

Eldste sonen og odelsmannen til garden Gunleik, ville ikkje ha garden, men strauk til Amerika. Den yngste sonen Torjus, tok mot garden i 1870, men han døydde i 1880 og no måtte «melungen» Knut til. Knut var lærar (eks. Kviteseid 1863) og det var ikke så lett å driva garden og samstundes vera lærar i Ytre Moredal. Men Knut var dugande bonde og god hjelp fekk han av kona si, Hæge Bjørgulvdtr. Berge, som han vart gift med i 1885.

Alt frå barneåri hadde Knut ein stor vyrdnad for gamle folkeminne og byrja tidleg å samle inn gammal brukskunst. Med tidi fekk han ei gild og god samling av store tinfat, rosemåla bollar, kister, krus og koppar og bjøller, klavar, arvesylv, o. m. andre ting. Det gilde loftet som han kjøpte, har årstalet 1792 og namnebokstavane I. L. S. og A. K. D.

Mest kjend er nok likevel Knut som folkeminnedesarlar. I 1923, eit halvt år etter han var død, kom boki hans: «Eventyr og segner frå Telemark.» Orn Knut Loupedalen seier professor Torleiv Hannås: « - for Knut Loupedalen er tvillaust den beste æventyrforteljaren i landet.»

I 1916 fekk Loupedalen Borgardådsmedalja i for langt og verdfullt arbeid i folkeskulen og for arbeidet med å samla gamle folkeminne.

Knut og Hæge hadde two søner, Olav f. 1887 og Torjus f. 1895.

Olav vart gift med Margit Eivindsdtr. Kolltveit i 1917. I 1918 fekk han skøyte på garden. Olav dyrka og stelte mykje på jordi frametter ári. I 1935 fekk han 1. pr. av Tor Vås jorddyrkingsfond. Han sette opp ny uthusbygning og i 1953 nytt støypt fjøs. Etter husi vart flytte frå vestjordet var det ofte vanskar med vatn på Loupedalen. I 1954 løyste Olav vansken. Han fekk ordna med boring i fjellet etter vatn. Dei måtte 64 m ned etter det.

Olav døydde i 1959 og enka Margit sit no med garden.

➤ BINDINGSDALEN gnr. 85, bnr. 5 og 6

er komen frå Åsmundtveit, men Knut L. kjøpte først skogen og så det andre - derfor er det 2 skylder, (50 og 58 øre).

Namnet kjem kanskje av binne (hobjørn). jfr. Bindingsnuten (Flid.) og Bindingskyrkje i Langlim. Trulegast er det vel at dalen som bind saman Sandland og Åsmundtveitgrend har fått namn av dette.

Denne plassen er først nemnd i 1760 - då dør ei Guro Kjetilsdtr. Bindingsdalen 82 år. I 1766 vigde enke Sigrid Torbjørnsdtr. B. (58 år) med Tov Gjermundson Tytegrav (67 år). (Tov dør på Vigdesjå 1773, Sigrid på B. 1778).

I 1773 dør bror åt Sigrid, Aslak Torbjørnson B. 56 år - same året viger Torbjørn Aslakson B. og Gro Jonsdtr. Moen. Borni deira Aslak døypt 1775, Margit 1780.

I 1778 dør mor åt Torbjørn - Margit Vrålsdtr. 71 år.

Bindingsdalen er husmannsplass på denne tid under Åsmundtveit. I 1794, 28. 12. gifte Bjørn Olavson Bindingsdalen seg med Joronn Asbjørnsdtr. Heggtveit. Dei har dotteri Gunhild til dåpen 1795 (fadd. Odbjørg Sveinsdtr. Bind.dalen). I 1805 dør husmann Bjørn Bindingsdalen 52 år. Nye folk tek bustad alt fort. I 1807, 15. 11. gifte Hæge Torsteinsdtr. Bindingsdalen og e.mann Åsmund Asbjørnson Sollid seg, så i 1814 25. 4. Aslak Torkjelson Bindingsdalen og Margit Bjørnsdtr. Rorge, Øyfj. Born: Bjørn f. 1814, Gunhild f. 1817, Olav f. 1820. Aslak «ere nu selfeier.»

Bjørn Aslakson (1814-1879) g.m. Gunhild Jonsdtr. To, H.mo. (barnlause), budde ei tid på Bindingsdalen. Med Bjørn var liten kom han så ut for sin namne skogbjørnen. Ein dag han gjætte fekk han sjå ein bjørn med two ungar. Han trudde ikkje det var bjørn, men skreik: «der æ den svarte sugga på Osmundtveit.», - Bjørnungane sette nedover til krøturi og gutungen etter og ville taka dei, men då kom binna setjande og sette klørne i hårhetta hans og reiv laus ei stor flengje.

Han fekk då koma seg undan bjørnen og sprang vitskremd heimover. Men han bar merke og mein av dette så lenge han levde - og han var alltid noko småfør og tuften, heitest det. Han døydde på Gjervoll hjå syster si Gunhild.

Olav Aslakson (1820-1881) g.m. Torbjørg Vrålsdtr. budde på Bindingsdalen til omkr. 1860. - Etter dei kom Olav Jonson Tveiten frå Seljord hit, g.m. Sigrid Olavsdtr. Denne Olav var ein sers flink kar - og ein kjempekar - han dyrka opp heile plassen, vreita opp nokre myrar og braut opp jord og la opp stein i murar og røysar som er visleg den dag i dag. Olav reiste til Amerika med heile huslyden i 1877. Ein son hans, Eivind, vitja heimlandet i 1920 åri.

Plassen kjøpte Olav Sv. Groven og hadde han i nokre år, så vart han overdregen til Bergit Vigleiksdtr. Haugland og skogen kjøpte Knut Loupedalen - seinare kjøpte Knut heile plassen av borni til Bergit - Jens⁴² og Margit. Desse two ugifte syskeni var dei siste som budde på Bindingsdalen.

➤ GJERVOLD gnr. 87, bnr. 1

Ein fin gard like ved Ordalsvegen, med 40 mål dyrka jord og 15 mål beite og innmark og ikr. 400 mål utmark.

Til garden har hørt Rue (Stamperue), Vesle-Gjervoll, Wæting, Vollen og Hovland som no alle er eigne bruk. Husestaden er gammal. Stoga gammal, men omvølt i nyare tid. Ein vegg i andre høgdi hadde namn og årstal 1746. (Innklædt). Buret er timra i ny form med litt utviding i loftet. Der står romertal 1763 og namn T.T.S. og A.T.S. Uthusbygning stor og romsam, bygt 1936, eldhús 1945.

Garden er frå 1600 - kanskje rudit litt fyre. Namnet kjem truleg av geire (m), anten hudskogeire (pløsa i hudsko) brei form, eller spjotgeire, smalare og spissare form. Husi ligg på ein grusrygg av slikt skap. Namnet har vorte skrive Gergjort (1593), Giergiordt (1602), Gieldegiordt (1612), Giærejord (1723). Utt.: Jerrvoll.

Garden høyrer under øydegardar i 1647 og har 1 ½ tn. skyld. Nokon buskap var det ikkje på den tid å svara «kvægskatt» av.

Eigarar og brukarar. Plassen ser ut til å vera underbruk å ymse odelsbønder med leiglendingar - såleis eig Gudmund Opsund 142 tn. (heile garden) 1641-53 og Bjørn Lundeval 3/8 tn 1652-58. Hake Gjervoll eig garden 1658-81. Hake bur der under folketeljingi 1664 og har tenestguten Eilev. (16 år). Elles skifter det med namn. Eilev (1675), Kjetil (1676), Lars (1677-86), Såmund (1688). Kanskje Såmund Hakeson Kleiv. I 1677 «Hake Huvestad eier.»

Frå 1713 og til 1770 er det ei tomrom. Det ser ut som garden er lagt øyde, har kanskje butt ein inderst eller så i husi. Frå kyrkjeboki ser eg at Åsmund Gjervold er d. 8. okt. 1763, 90 år gammal. Men så i 1771 kjem det sjølveigar på garden. Det er Torvild Knutson som far heimel på 1 ½ tn. 27. 2. 1771.

I 1775, 29. 11, er det skifte etter Kari Torbjørnsdtr. g.m. Torvild Knutson. 3 born (Knut, Tallev og Lovei). (Knut død g.m. Kari Matsdtr. 2 born. Knut 6 år. Hæge 14 år). Brt. 349 rd. Net. 19 rd. Irekn. jord i Gjervold 1 tn. 6 sett. m. b, 300 rd. Sylv ca. 10 rd.

Knut - kanskje sonesonen - får heimel på 1 ½ tn. 6. 12. 1782. (Kleiv 27) g.m. Ingebjørg Trondsdtr. Det er skifte etter Knut 26. 10. 1807. 3 born. (Knut 12 år, Maren 10 ½ år, Kari 4 ½ år). (Enka Ingebjørg d. på Gjervoll 1832). Brt. 1093 rd. Net. 798 rd. Medrekna jord i Gjervold 1 ½ tn. for 950 rd. - Enka Ingebjørg Trondsdtr. g. 1809 med Høye Sakariasson (Gravdal 12) og han har garden framover til 1832. Med han var på Gjervold styrde han med kornmagasinet og var lærar eit bil. Seinare fluttet han til Lårdal og i 1836 er han konst. lensmann i Vinje. (d. 1842).

Margit Sakariasdtr. g.m. Kjetil Olavson (Langkos 2) bur på Gjervoll 1834-35.

Gudmund Holtan d. Gjervoll 1851.

Augon O. Folkestad og Helbjørg (innflutte frå Bø 1856, 43 år gamle) åtæ både Gjervold og Hasleberg i 1856. Birgit Augonsdtr. (1844-1909) åtte Gjervoll etter foreldri. Ho vart gift med lærar Knut Endreson Sandland i 1869.

Ei dotter Kari g.m. Halvor Halvorson (bror åt Harald Åsmundtveit) har garden i 1886.

⁴² Jens drakk av Olavskjelda ved Vigdesjå for å få att helsa si - men det iskalde vatnet gjorde at han fekk lungebrann - og døydde.

Broren Halvor tok undan eit lite stykke ovanfor vegen, Vollen gnr. 87, bnr. 4 og hyste der omkr. 1905. Eldhuset på Sporastøyl sett opp til stoge. Smeden Gunleik Kjetilson Kilen (Jordgrav 26) g.m. Åse Olavsdtr. budde her i mange år. Han d. 1959, men Åse bur her framleis.

Kari Knutsdtr. selde Gjervold omkr. 1910 til Halvor Åmundson Almankos g.m. Margit. (Svolsbru 60).

I 1917 selde han det til Ånund Brekka g.m. Hilleborg Aslaksdtr. Han kom i stor skuld og Hypotekbanken overtok garden. I 1931, 15. 12. fekk Lars Omlid, Morgedal auksjonskjøte på eigedommen for 9000 kr., (g.m. Gudrun Jensdtr. Sælid). Lars Gunnulvson dreiv som kvalfangar i yngre år. Han har dyrka opp 20 mål av nyom og bygde uthusbygning og vølte på dei gamle husi. No driv enka og dotteri Gerd garden.

➤ **VESLE GJERVOLD gnr. 87, bnr. 2**

Ein liten snål jordveg austom Loupedalen, lognt i ei kro rett opp for skulehuset i Sandlandsgrenni. Det er omlag 6 mål dyrka jord og 50 mål skog. Husi er gamle og i brukeleg stand. Fødsla 2 kyr og kalv. Skulehuset står på Vesle Gjervold grunn, men leikeplassen hører til Gjervold gnr. 87, bnr. 1.

Marki låg til Gjervold alt til 1827 - då vart det rutt og opphusa. Knut Knutson Gjervoll (g. II med Sara Hansdtr.) har fått skjøte 24. 3. 1827. Han sel det same året til Tov Tovson Svanajord. (4. 12. 1827).

Olav Gunleikson Loupedalen (1803-1879) g.m. Gunhild Aslaksdtr. (Åsmundtveit 32) kjøper garden i 1840-åri. Dei har 5 born alle f. Vesle Gjervold. Gunhild d. 1902. Gunleik f. 1854 og Aslak 1859 og Gunhild 1851 budde lenge på Vesle Gjervold, men flutte til Vesle Omtveit nedre på sine gamle dagar og døydde der. (Aslak 1938, Gunleik 1941, Gunhild 1945).

Gunleik selde vesle Gjervold til Asgjerd Olavsdtr. Sandland, enka etter Åsmund i 1920 åri - og ho og dotteri Åsne f. 1897, har eigedommen no.

➤ **RUE gnr. 87, bnr. 3**

Lognt og fint i ei krå under bratte svaberg ved vegen, ligg Rue - i daglegtale kalla Stamperue, avdi her stod ei stampe i elvi like ved. Øystein Aslakson Rue dreiv denne stampa ei tid. - Ein mann kom eingong innom på Rue og spurde den vesle dotteri etter Stamparen. Ho svara: «Han heng ende uti stetti» - ho meinte grautestampen.

Plassen er utskild frå Gjervold og har vore eige bruk nokså lenge. Her budde Kristi Eivindsdtr. Vasslaus (ugift). Bjørn Eivindson (Manheim 41) var gardsstyrar for Kristi - og han fekk eigedommen etter ho. Då Bjørn døydde 1934 kom eigedommen på handel og det skifte med eigarar. Nils Høgevold landssekretær for D.N.T. åtte det jamvel. Han selde det til Tarjei Svolsbru g.m. Hæge T. Bjåland.

Husi er gamle, men i brukeleg stand.

Aslak Aslakson og Torbjørg Øysteinsdtr. flutte frå Bø til Stampe-Rue 1837 - og i 1847 kjem foreldri år Torbjørg hit, Øystein O. Haugerud (Bø) og Aslaug Gunleiksdtr. Båe dør på Rue 1851 som gamle folk, han 79 år, ho 84 år.

➤ **VÆTING gnr. 87, bnr. 6**

Kristian Sveinsson Hesteskodiket kjøpte dette stykket av Bjørn Rue, farbror sin i 1914. (20 mål). Han selde det til syster si Hæge Sveinsdtr. g.m. Knut Halvorson Teisberg.

Hæge har bygt stoge og uthusbygning. No bur sonen hennar Sverre der.

Væting ligg like ved allmannvegen austanfor Rue.

➤ **VESLE-OMTVEIT (øvre) gnr. 88, bnr. 2**

På ein sate på vestsida av Ordalselvi midt over for Tytegrav, ligg Vesle-Omtveit fint mot morgonsoli. Det er no two bruk som ligg nesten tun i tun. Den øvre garden er hovudbølet. Dela i 1835, 24. 10. Til Omtveit hørde plassen Sporastaul som vart selt frå 1752, 12. 10. til Lavr. Nilsson (men truleg eig far hans Nils Bjørgulvson plassen sk. 6. 6. 1733, net. 45 rd.)

Garden øydegard 1647, 2 tn. + 1 sauskinn og 1 ½ daler «en liten og skarp jord uden tilliggende eiendom.» - Buskapen 1657, 1 hest, 3 kyr, 5 sauер og 3 geiter.

Vesle-Omtveit er nemnt i eit prenta diplom frå 1557, 20. 4. (D. N. XV s. 785). Torkjel Aslakson seier seg å ha selt Torbjørn Tormodson 3 markabol i Omtveit «som liggir v/ Tithegraff» og har fått det meste av pengane, Kjetil Tjostolvson hengjer innsigle sitt under.

Ditto 1566, 27. 2. (D. N. XI s. 814). Svorne lagrettsmenn Torgrim Berger, Helie Vesterdal «qued guds oc sinne kungørendis» at Olav Tordson selde 3 m. bol i Omtveit i Sandlands gress i Br.berg til Torbjørn Tormodson. (Skrive i Kviteseid).

Eit uprenta diplom frå 1569, 5. 6. Skjøte på Omtveit + «en ødegaard på Overdalsfjeld» - (kan det vera Sporastaul?) - Torbjørn Tormodson sel 6 markabol i desse 2 bruk til Biuff Halvorson (Bjug) og får 32 daler og 2 snime kyr. (haustbærde.)

Lagren: Jørgen Olavson, Eiul Tollefson og Svenigh Tjostolvson.

Eigarar og brukarar. Frå først av er det leiglendingar på garden. Det er Egil Holtan som eig garden (1623-25) sidan Såmund Lundevall. (1626-40). Torgeir Åse eig 2 tn. (1648-61) Anders Omtveit er odelsbonde (1642-48) og eig 2 tn. Knut er brukar 1654-59 (1660 «Knuts arvinger 2 tn. m.b.»).

Ved folketelj. 1664 er Lars oppsitjar 30 år, han har garden til 1688. Ouver (1691-92), Lavrants Tovson (1695-99) Bergit Tallevsdtr. Holtan, enka etter Lavrants, har garden 1700-03. Br.berg kyrkje 1 sauskinn 1647, seinare omgjort til 1/8 tn.

Det er skifte på V.Omtveit 1727, 26. 11. etter Bergit Tallevsdtr. - gift att med Nils Bjørgulvson. 3 born (Tallev Lavrantson, Bjørgulv og Lavrants Nilssøner).

Brt. 153 rd. Net. 83 rd. Medrekn. jord i V.Omtveit 3 ½ sauskinn, 5 7/12 sett. m.b. 110 rd. NB. Bergit «odelsbaaren og løsen til arvetomten Lille-Omtveit.» Tallev, erver garden. Nils Bjørgulvson «henholdt sin odelsrett til Lønnegraff.»

Skifte 1734, 25. 9. etter Tallev Lavrantsson g.m. Svanaug Torjusdtr. (Torgrim 2 ½ år) Net. 71 rd. medr. jord i V.Omtveit 1 tn. 4 sett. 130 rd.

Olav Vesle-Omtveit har garden 1736-57. Torgrim Tallevson får heimel på 1/3 tn. og 7 skinn 1759, 6. 3. (g. 27. 12. 1761 med Mari Eriksdtr.) Skifte etter Torgrim 1768, 8. 6. (Tallev 4 år). Brt. 375 rd. Net. 221 rd. - medr. garden V.O. 4 sett. 7 skinn, 250 rd. Mari g. II Endre Torkjelson. Han heimlar 11/24 tn. 1768 og Tallev Torgrimson 1/3 tn. og 8 skinn 1786.

I 1810, 30. 7, oppgjев Mari og Endre buet. (Barnlause). Brt. 1637 rd. Net. 140 rd. (Bleis 134) i 189n. Den 8e Lavrantst1ig gar8eg

var reist i fyrevegen. Gunhild døydde på skipet over havet. Det var bygdi som kosta dei over, og dei måtte klæda dei opp attpå. Dei var alle saman til kyrkje sundagen fyre dei reiste - dei døypte endå ein gjentunge - barn nr. 6.

På Kleivrud budde sist Guttorm (Skare 92). Han hadde vore rik - tende pipa med ein dalersetel eingong, men vart utfatig og sat i denne plassen og levde av å gjera skrepper og bokvesker for folk. (1814-45), Ei syster Tone g.m. Halvor O. Mæland (lensmann og lærar).

Sporastaul var plass under Vesle-Omtveit til 1734, då er det skifte etter Nils Bjørgulvson på Sporastaul. Han hadde ått både Vesle-Omtveit og Sporastaul, men er berre oppført med ei netto eige på 45 rd. no. Sonen hans Lavrants Nilson kjøper Sporastaul 1752, 12. 10. (1/2 tn. skyld) og Bjørgulv Lavrantson m/barn eig 5/9 tn. 1789, 27. 2. Halvor Sveinson heimlar 2/3 tn. 1793 og har det til 1812 då Kjetil Hansson får eigedomsrett til 2/3 tn. 9. mars. I 1825 flyt Kjetil og kona Åse Guttormsdtr. til H.mo «eiet og brugt Sporastøl.» - Tor Tovson Sporastaul og Gunhild O. Tjønnstaul vigde 1827. Ho d. 1835 - 52 år. Ein son Såmund Torson Sporastaul og Else Tallevsdtr. flyt til Lårdal 1854 med 2 born.

1864: Eilev Øysteinsson eig Sporastaul.

1869: Leigl. Egil Gunleikson Kvålset f. Lårdal til Sporastaul som han har kjøpt.

1869 til U.S.A. Eilev Øysteinsson og Margit Halvorsdtr. m/ 2 born frå Sporastaul.

Egil Gunleikson har Sporastaul i 1889.

Tarjei Kjetilson (Veslestaul 7) g.m. Margit Tallevsdtr. Kleiv i 1874 bur på Sporastaul - der d. han 1887 og Margit g. II med Lavrants Kristofferson 1893.

Tallev Tarjeison (1876-1947) g.m. Tone Olavsdtr. kjøper garden i 1898. Tallev og Tone med 10 born til Borre 1918 og Nils Schiødt kjøpte eigedomen. Han selde det i 1929 til den noverande eigar Jens O. Åsmundtveit g.m. Anne Endresdtr. Sandland.

➤ KVÅLSET gnr. 89, bnr. 1

Ordalsdalen som heile vegen frå sudenden ved Kleivrua og til Midbøen er å kalle flat, lyfter seg og høgnar nokre sneis meter her nord i ei tverrhall og gjev rom til 3 gardar - øvre, midtre og nistogu Kvålset.

Øvre Kvålset er hovudbølet. Husestaden er klemd høgt opp under eit utsedrag med Tusseholet ende ovanfor. Det er berre som ei smal bergrive - ei dynn på glytt. Her skulle tussesteinane ligge som dei gjøymde som husgudar på garden i lange tider. Den eine (6,3 kg) har sin faste plass i gruva den dag i dag, men den andre har kome bort. - I eit gjestebod hadde ein mann lagt seg til å sova i fylli ende utfor Tusseholet. Då han vakna, låg det ein stor hatt ved sida hans; han tok og sette hatten på skallen og rusla inn i garden. Dei sat nett og åt og han fekk sjå at det sat ein tusse ved sida av kvar bordgjest. Han sa: «Det er ikkje onder at her gjeng mykje mat som sit so mange tussar ved bordet.» - Men då smette dei seg ut litt fort - småtassane.

Garden er no godt opphusa og jordi er velstelt med 40 mål dyrka jord, 40 mål anna innmark og 986 mål utmark.



[Kvålseth, øvre, 1916 – Frå v.: Margit, Aslak, Gunnar og Halvor]

Stoga bygt i 1830. Skåpet er eit ivistogskåp kjøpt frå Moen i Dalane for 25 kr. Oppattmåla av Knut Hovden, 2 dynnar oppe, 2 nede med 32 småspeseglar. 2 skåp som har hørt til Olav Aslakson og sonen Sigurd er å sjå med årstalet 1840. Kronesengi har broren Guttorm Aslakson gjort. Han var flink snikkar, (flutte til Geitásane i Flatdal).

Buret bygt 1744 av Nirid O. Hauglid har grovt virkje - oppgang inne i buret, bjørnelås, tronge svaler og med hoggestabbe i dørstokken.

Uthusbygningen er stor og romsam, bygt i 1927, vøling av fjøset 1955.

Til garden har hørt mange plassar. I 1753 heitte det «Kvålset m/ Slettemøås». Halvfardalen høyrde til øvre Kvålset til 1912 - utskild då saman med Svartufs, Bråtuft og Jamenn.

Kvålset eller Kvålsodd er sarne garden med two namn som vert bruka om ein annan. Både namn har rett for seg i naturomgjevnaden - Kvålset er det eldste - og er det embetsførde namn (offisielle) nyttal i 1585. Etter O. Rygh skal det koma av rundvoren kant (egn, ætt, himmelætt). Det andre namnet Kvålsodd, tyder ein rundvoren spjote eller odd som lyfter seg og stikk seg fram i landskapet. - På ymse måtar er namnet skrive: Hualsett (1585) Huased, Oualset, Ovalset, Hvålseth - no Kvålset eller Kvålseth.

Garden er visstnok gamal, endå det er ikkje gjort noko gravfunn der som kan tidfeste busetjingi. Alt i 1647 vart Kvålset rekna halvgard med skyld 3 tn. + 10 kalveskinn, (halvg. + øydegard) 4 ½ daler. Buskpen i 1657 er 1 hest, 10 naut, 18 sauher og lam og 5 geiter.

Kjeldene er uklare når det gjeld folki på Kvålset i eldre tider. Skattelister og diplom gjev ein peikepinn om at ætti der med giftarmål vert knytt til Midtbøenætti i Seljord.

Eigarar og brukarar. Lavrantz (Lauer) heiter bonden i 1609. - visstnok Lavrants Tovson Midtbøen, Seljord som var jordkakse reint og åtte 38 tn. 2 mæler i alt. - I 1614 er det Targjerd Aslaksdr., enka etter Lavrants som eig Kvålset. Ho g. oppatt med Bjørn Tarjeison og gjev han halvparten (2 tn.) i Kvålset. Sjukborni Tov, Tor og Aslak Lavrantssøner, samtykkjer i dette.

Seinare ser det ut til at ein son åt Aslak, Aslak Aslakson sit med heile garden. (Bror åt Lavrants Midtbøen). Sonen hans Sondre Aslakson er ein fetil som slepper garden frå seg.

Omkring 1680 vert eideomen dela - kanskje gjeld dette Slettemøås som høyrde under Kvålset frå gammalt. Ved folketelj. 1664 er Aslak oppsitjar 24 år. I 1683 er det 2 eigarar med kvar 1 ½ tn. og 5 skinn. Dei heiter Tarjei og Knut, Aslak og Knut, Aslak og Gunnar, Sondre og Aslak.

Det er skifte på Kvålset 1703, 15. 3., etter mor åt Sondre, Helge Sondresdr, f. Grave «meget gammel», g.m. Aslak Aslakson Meås, (han død). 3 born (Sondre, Lavants og Kari). Brt. 135 rd. Net. 5 rd. Desutan jord i Meås, Tytegrav, Svanajord og Kvåket (den siste 3 tn, 4 mæler m.b.).

I eit skifte på Meås 1717, 19. 6., etter Lavrants Aslakson g.m. Guro Sveinsdr. er Sondre verge for brorborni Aslak og Tallev (11 og 3 år).

Ditto på Kvålset 1722, 18. 3. etter Gunhild Guttormsdtr. f. Ormtveit g.m. Sondre Adakson. (Aslak 7 ½ år). Net. 765 rd. Irekna Kvålset 3 tn. 10 k.skinn, 600 rd. - Soldat Tallev Lavrantson stemner på Kvålset.

Frå tingboki, Groven tingstoge 13. 10. 1722.

Sondre stemner inn Tollef Lafranson for «selftekta». Han hadde borte seg inn i buret hans og teke mat m. a. - og hadde teke møk og havt på åkeren sin og truga citanten med hogg og slag. (Saki utsett).

I 1730 eig Anstein Arntson 1 ½ tn. og 5 skinn elles er det eit tomrom til Tallev Arntson (Arensøn) vert neste eigar 1742-58.

På denne tid har grannane til Kvålset vore nokså djerwe. Dei har teke seg til å rydda plassar inne i Kvålsetmarki. Såleis hadde Ledvor med sanksjon av Hans Svanajord, rudd Ledvorkos eller Vatnelian. Breidalen rudd av far til Tarjei Espetveit ikr. 1700 (står det i Markeskilsaki 1753) og Nystaul og Kvistaul o. fl. Dei ville påstå full sameige i febeite over Kvålsetmarki. Dette er opptaket til at dei 2 Kvålsetbøndene Bjørn og Tallev og Tallev Slettemøås stemner Egil Midtbøen, Hans Svanajord og Torgrim Aslaugsberg til å prova sine rettar.

Saki er oppe 21. 9. 1753, men utsett til 5. 6. 1754. Det vert førd mange vitne av både partar, men enden vart at Kvålsetbøndene vann i sameigesaki, men dei andre skulle få rett til dei opprydda plassar. Nystaul lagt til Svanajord, Kvistaul til Aslaugsberg, Breidalen til forn. Midtbøen.

I 1759 har Tallev Arentson heile garden og året etter Gunhild kona hans det same.

Skifte 1760, 28. 6., etter Tallev Arentson g.m. Gunhild Såmundsdtr. Brt. 950 rd. Net. 950 rd. Irekna jord i Kvålset 500 rd. - Skifte på Kvålset 1775, 8. 6., etter Anne Aslaksdr. g.m. Eilev Aslakson (Kvålset 2) 4 born, (Aslak, Olav, Bergit og Asgjerd). Brt. 116 rd. Net. 108 rd. Leiglending på Kvålset for Steinar Eiv.son Skeie.

Ei ny ætt kjem inn på Kvålset med Aslak Hansson (Svanajord 10) og Tone Johannesdr. (Skare 3) som får heimel på heile garden (3 tn. 10 skinn) 28. 8. 1789. 1805, 22. 1., søknad frå Aslak og Tone om å få sitja i uskift bu om ein av dei døyr. Dette tilstätt. Aslak vert jordfest 26. 12. 1810 (63 år).

Johannes heimlar halve garden 28. 2. 1811. (1 ½ tn.).

Skifte på Kvålset 1813, 15. 5, etter Aslak og Tone (båe d.). 7 born (Hans 34 år, Johannes 31, Olav 25, Hans d.y. 22, Guttorm 18 ½, Jon 16 ½, Mari 33 år g.m. Knut Tallevson Håtveit).

Brt. 3113 rd. Net. 502 rd. Medrekna tilgode 2633 rd.

Tradisjon: Ein som heitte Aslak Hanson på Kvålset, hadde 2 soner som skulle delast om garden. Gamlingen sat i gruva og høyrde på at dei tjanglast om bytet. Då tok han elskoro og hivde ut gjennom glaset og sa: «Der sko byte gange.» Stoga stod då atti hagen fyrr ho brann (1830) og bytet vart tett ved stogevegen.

Johannes måtte etter dette ha fått Midtistoga og hyste der, for den andre broren Hans d.e. g.m. dobbelenke Gunnbjørg Andresdr. Tveit, Treungen hadde hovudbølet den tid stoga brann.

Hans var ein selskapskar og dusebror og var ofte saman med presten Zetlitz. Dei hadde mangein spas - og vågemål. Eitt er dette: Ein dag våga dei med kvarandre kven kunne eta mest lik ein unge. Dei sette seg med kvar sin sollekopp og slabba og grisa helaste dei visste, og dei var visst både like gode til Hans fann for godt å kvelva resten av sollen over hovudet - og vann.

Kjendt er det, vel korleis han svara presten M. B. Landstad då han var misnøgd med kornreida. «Der er meget havre i kornet din, Hans,» så presten - «Ja, men der er mykje hoste i preka di au,» svara Hans.

Hans greidde seg klent på garden og laut gjeva han frå seg til sonen Hans. Gunnbjørg var kanskje skuld i dette, det var ingen styr i henne. Det vart sagt om henne at alle dei 3 mennene ho hadde hatt gjekk det ut med. Hans og Gunnbjørg sat sist som plasfolk på Berge u/Flatland fyrr dei reiste til U.S.A. med dotteri Tone 1848.

Gunnar Jensson (Svolsbru 222) g.m. Tone Olavsdtr. (Svanajord 88) brordotter åt Hans, vert den nye eigar på øvre Kvålset (Odelstakstasjonsforretning 27. 6. 1839 der Hans Hansson møter med kurator Øystein Eilevson Rui). Garden vert taksera til 950 spd. (50 spd. for skogen). Dei fødde den tid 1 hest, 9 naut og 30 småfe og avla 28 tn. bygg og 80 tn. poteter.

Gunnar hyste opp garden, bygde ny stoge etter brannen (den som står no) og ny løde. Eivind Tormodson Lauklid var endå timmermann.

Sonen Aslak budde på garden i 1865, g.m. Aslaug Tarjeisdtr. Sonen Gunnar fekk garden etter bestemor si Tone Olavsdtr. 1893. g.m. Margit Halvorsdtr. Haugann (f. 1870).

Gunnar dyrka opp mykje av garden og bygde nye uthus (1936) og fekk Tor Vås jordd. premie i 1938. 2. Pr. for rovdyrfangst, rev og rovfugl i saks. Skaut bjørn 1889 saman med Gudmund Slettemeås. Sonen Aslak g.m. Signe L. Midtsund tok over garden 1949.

Eigaren har vore timmermålar og elles hatt ymse kommunale umber.

Plassar.

Bekkhus ligg vest for Slettemeås. Her bur Aslak Sondreson i 1753 - 40 år gammal. (Vitne). Sist budde Eivind O. Nystaul der - (Huvestad 53) g.m. Guro Halvorsdtr. Eivind d. på Bekkhus 1860 og Guro sat att åleine, ho ville ikkje ut. Dei måtte tilslutt taka dynni vekk. Ho kom til Bakken u/ Groven og d. der 1871 - som legslern.

Halvfardalen (Haffardalen) gammal plass. Her budde Knut Gudm.son (Kyrkjebø 59) og Åse Sigurdsdtr. (til U.S.A. 1869. K. 71 år, Å. 75 år). Sonen Gudmund og Sigrid Tarjeisdtr. budde og her (U.S.A. 1859, 4 born).

No er det eige bruk og Tarjei Eilevson eig det. Elles hadde Tov Kivle kjøpt det av Nils Schiøtt - og budde der i 1940-åri. - No står det øyde. Torjus (1841-1922), (Tormod 43) budde der.

Breidalen var gard - rudd omkr. 1700 av mannen frå Espetveit far åt Tallev Aslakson g.m. Gunhild Torjusdtr. Slettemeås. Det har hørt under Midtbøen og her har sete mange bruksfolk. Her budde i mange år Svein Guttormson Nordgarden og Liv Vetlesdtr. Vikhus. (Ingebjørg døypt 1811, Svanaug 1814, Guttorm 1816, Vetle 1817, Guttorm 1819).

Sist budde Olav og Hæge Breidalen der omkr. 1880. Kvålset kjøpte Breidalen i 1918-20. - Husi er därlege. Loftet står no på Bergland v/Hauge.

Sigurdstaul huslaust og tilrunnen med skog, er no dela millom Bergland og Kvålset.

Her budde Eilev Ånundson (1815-57) g.m. I Gunhild Halvorsdtr. II Ingebjørg Gunleiksdtr., med II 6 born f. Sigurdstaul, Gunleik Sandvik (lærar) fødd der. Han var far åt lensmannen Eilev Laurentius Sandvik (1870-1947) g.m. Elise Turine.

➤ KVÅLSET (Nistogo) gnr. 89, bnr. 2

Denne garden ligg nesten tun i tun med Midtistoga og har vore eigen gard frå 1837. - Det heiter i kjøpebrevet frå Sondre Jonsson til Aslak Hansson «den mig ved skjøte av 8. 7. 1837 hjemlede 9 settong.» Skjøte tinglese 4. 3. 1840 til Aslak Hansson.

Den dyrka jord er 25 mål og 20 mål elles, 300 mål utmark. Den halve Ytterbøplassen hører til garden. (Atlagd). Husi på garden er gode. Stoga bygt 1840. Buret og eldhuset er og frå den tid. Uthusbygningen frå 1920 åri, fjøset 1936. Gamalt skåp, noko defekt i hengsli etc, - overdelen er plasera på ivistoga. (44 små speglar). Kvernhus i bekken (sameige), badstoge likeeins.

Aslak Hansson g. II. Åse Knutsdtr. (Svolsbru 144) hadde garden til sin død 1896. Enka sel garden 19. 10. 1897 til Tarald Tallevson Versto (Homme 61) g.m. dotteri Gunnbjørg Aslaksdtr. (tingl. 8. 6. 1905). I 1939 får sonen Olav Taraldson g.m. Gunhild O. Kvålset (Midtist.) skjøte av mor si.

➤ KVÅLSET (Midtistogu) gnr. 89, bnr. 3

Denne luten var det Johannes Aslakson (1782-1849) fekk heimel på 28. 2. 1811, (ugift). Han hyste opp garden. Stoga opptimra av Eivind Tormodson Laukelid. Dei fine krunesengene er laga av Leiv Øysteinsson Sandsdalen. Uthusbygn. 1919. Loft meir nytt med svaler.

Johannes sel garden til Sondre Jonson. Skyld. 30. 9. 1836, skjøte 8. 7. 1837. Den nye eigaren sel så halve garden (9 sett.) til Aslak Hansson (Nistogu) og held att Midtistogu, skjøte til Aslak 4. 3. 1840.

Garden går no i fleire handelar, såleis får Olav Halvorson Midtbøen (nedre) han g.m. Anne Halvorsdtr. Svanajord. Etterpå Halvor J. Lid, Kviteseid som sel det nokså snart til Halvor O. Ramskei 1892 g.m. Gunhild Aslaksdtr. Meås. Deira son Olav overtok garden 1912 g.m. Margit Åsmundsdtr. Håtteit. (Søndre). Ein son Hallvard g.m. Ingebjørg Leivsdtr. Bjørge har no garden.

Den dyrka jord er 30 mål. 200 mål skogsmark. Då garden vart dela 1840, fekk kvar part ein halvdel i plassen Ytterbø. Denne er rudd av Hølje Olavson frå Seljord omkr. 1825, g. I Johanne, II Birgit Gulmonsdtr. Slettemeås. (Kyrkjebø 60). Fyrste kona døydde på Ytterbø 1826. Hølje og Bergit var dei siste som budde der.

No er halvdelen av Ytterbø selt til Slettemeås (nedre).

På Midtistogo står skulestova for Ordal krins, tomti ei gavé til Kviteseid kommune 11. 5. 1896.

NB. Rjupestaul skyldela frå Hasleberg 12. 11. 1860 (gnr. 93, bnr. 2.) og lagt under Midtistogo. - Selt frå i 1906 til Torkjel Gunheim og lagt til Vatneliane saman med Svartufsmarki, (skyld. 9. 10. 06 bnr. 5).

➤ SLETTENEÅS gnr. 90, bnr. 2


Midt inni skogmarki eit stykke vest for Kvålset ligg Slettemeås. Det er no 2 bruk like ved einannan - Uppistogu og Nistogu. - Det siste er hovudbølet endå det har bnr. 2. Gardane ligg i eit ujamt lende som skifter millom flatt og bratt. Namnet tyder «sletta innmed åsen». Det ligg høgt og fritt med godt utsyn i sud og aust i lange augneleite mot fjell og aide heiari. (Ca. 550 m.o.h.).

Garden har hørt under Kvålset og Midbøen, men vart truleg utskild som eige bruk ikr. 1680.

Det er truleg Tov Torjusson som er fyrste odelsbonden på Slettemeås. Han er det skifte etter 29. 3. 1719. Kona hans heiter Gunhild Tovsdtr. Mykje talar for at Tov høyrde til ei Seljordsætt, som dei fleste i Ordal og Sandlandgrenni. Kona Gunhild er det skifte etter i 1723, 15. 7. Dei 4 borni Torjus, Tallev, Torkjel og Ragnhild er vaksne og sume gifte på denne tid. «Tallev ugift noget vanvittig.»

Brt. 339 rd. Net. 268 rd. Irekna odelsgods i Slettemeås 1 tn. m.b. 140 rd. og kjøpegods i Rue 1 tn. m.b. 110 rd. På skiftet framvist eit makeskiftebrev dat. 17. mai 1681, tингl. på Opsund 12. okt. 1685.

Torkjel Tovson g.m. Ragnhild Sundresdtr. Åse (Br.berg) har då Slettemeås framover, men flyt seinare til Åsmundtveit. Dei har 4 gjenter. (Slettemeås 11-15). Dotteri Åshild døyr på Slettemeås 1754.



[Gudmund Slettemeås (Kyrkjebø 65)]

Kjetil Torjusson Slettemeås g.m. Guro Nilsdtr. Midsund er det skifte etter 5. 2. 1749. Systrane åt Kjetil arvingar (Åse og Gunhild g.m. Tallev Aslakson Breidalen). Net. 208 rd. Medrekna jord i Slettemeås 5 ½ sett. m.b. 225 rd.

Ditto 1750, 17. 1, etter Tallev Tovson (vanvittig). Både Torjus og Torkjel er døde og borni deira erver dei 16 rd. Festegods i Slettemeås 1 ¼ sett. m.b. 32 rd.

Omkring 1760 (heimel 8. 10 1761) kjem Jon Knutson g.m. Berte Karlsdtr. som nye folk på garden. (Kyrkjebø 44). Jon d. 1791 og det er skifte etter han 24. 3. 1791. 7 born. (Gudmund 36 år, Karl 30, Knut 28, Jon 26, Gunhild, Kjersti og Kari). Brt. 486 rd. Net. 460 rd. Irekna jord i Slettemeås 1 tn. m.b. 450 rd. (Koparkjele ½ tn. for 3 rd.).

Den eldste guten Gudmund vert eigar av garden framover til 1832. Gift I Gunhild Bjørgulvsdtr. (1783-84), II Aslaug Tarjeisdtr. Vatnelian (ukj.).

8 born (Jon, Mari, Tarjei, Karl, Ånund, Knut, Bergit og Hans).

Jon Gudmundson g.m. Sigrid Tormodsdtr. har så garden til sin død 1867.

Garden vert dela i two bruk 21. 6. 1869, kravt av sonen Jon Jonson på vegne av mor si. Skyldi på øvre luten 6 6/51 sett., nedre 5 45/51 sett. 12 sett. = 1 tn.

Farbroren Tarjei Gudmundson (g. 3 gonger) hyste på Oppistoga og Jon Jonson heldt att hovudbølet.

I skyldskiftet heiter det: «Plassen Nordbø bruges nu av Carl Gudmundsen, har havt den i 47 år». Karl hadde rudd denne plassen som ligg aust for Lier i enden av Nystaulvatnet. Dei hermer etter Karl: «Fær eg Nordbø og den store buhagskjelen so er eg nøgd».

Jon Jonson vart først g.m. syskinbarnet sitt Aslaug Karlsdtr., men ho døydde utan born etter seg og Jon g. II Margit Kjetilsdtr. Løk, Vinje. (4 born).

Jon sel garden til Knut Svanajord og av han kjøpte Tov Knutson Berge g.m. Kjersti O. Ramskei garden i 1886. Sonen Olav Tovson og Knut broren (død) hadde det ei tid. Han har no selt det til Aslak O. Kvålset (Midtistogu) g.m. Rigmor Andersen, Gjerpen. Husi er gamle, men omvölte og i god stand. Der er 25 mål dyrka jord og 14 mål anna innmark og 300 mål prod. skog.

➤ SLETTOMEÅS (Oppistog) gnr. 90, bnr. 1

Husestaden er vald oppå eit lite bakkebrot, rett i nordaust for hovudbølet. - Jordet er noko ujamt. Det er 18 mål dyrka jord og 15 mål skrapslått. Utmarki er på 500 mål. Til garden hører halve Nordbøplassen ved Nystaulvatnet (den andre ½ til Vatneliane) og staulane Liernotra, Listaul og Eggestaul. - På Liernotra sat dei til støls til ikkr. 1907. No eig Vatneliane ½ Liernotra også.

Husi på garden er i god stand. Stoga gamal, men opp-pussa og stelt. Eit sermerkt skåp er å sjå i stoga, kjøpt på auksjon på Kvålset midtistoga for 2 kr. av den forrige eigar Gudmund Tarjeison. Det låg i vanrek under løda med berre halv krone og elles mykje skamfare. No er det oppstelt og er ein attraksjon for kunstkjennarar. Langs listi ovanfor dynnane er det skore inn med kniv: «Detten skaap og al anden indredning i denne stue er jort af Kittil Evensøn og beskostet af Tallef Aarensøn og Gonil Sommons datter. Anno 1751». - Skåpdynnane som har utskorne rundboge speglar, har same namnetrekk på kvar dynn. Bokstavar og årstal ikkje innskorne, men utanpå skorne. Same meisteren har laga skåpet på Nystaul 1751 K.E.S. Ej (egen hånd, c: for sjølve seg).

Skåpet har hatt kjellarnedgang, men er no omgjort. Jfr. skåpet på Hauge som framleis har trapp i venstre dynnopning.

Buret er gammalt - kanskje flutt dit frå hovudbølet, no ny utskurd. Uthusbygning 1949, vårfjøs frå 1850.

Tarjei døydde 1870 på Slettemeås, så det vart vel Gudmund son hans, (g. m. Ingebjørg Halvorsdtr. Listaul, d. Slettemeås 1880) som bygde vidare på garden.

Gudmund var ofte på jakt. I Gullnesiane kom han og Gunnar A. Kvålset så stums på bjørnen. Gunnar skaut på kloss hald (4-5 m) og bjørnen kom farande, men seig daud ned. Gunnar hivde seg utover ei uts og kom nedatt i ei stygg turrgran og fekk eit stort sår i låret - og Gudmund fekk nesten sjokk han også.

Dette var i sept. 1889. Nokre år seinare var Gudmund og nokre andre på jasejagt i Sælidøy. Då gjekk skotet hans av så uløyves og ráka han i underarmen, så den laut takast av han.

Gudmund selde garden i 1888 til Halvor Olavson Fjellet g.m. Ingebjørg O. Øverland, som flutte dit i 1891. Gudmund flutte til Nordbø og sidan til U.S.A. 1903. - Halvor Slettemeås og Ingebjørg hadde 3 born. (Astrid, Aslaug og Olav). Etter Halvor var død 1936 sat Astrid med garden nokre år. No er det broren Olav g.m. Anne Tallevsdtr. Olavskos som sit med garden. Fleire av gutane er flinke byggmeisterar og driv med treskur og måling. Olav f. 1918 og g.m. Gro K. Bakken Langlim er no brukar av Slettemeås. (Øvre).

Skrikudalen, Steinåker og Lappebakke er namn på åkrar på Slettemeås. Ein dei kalla Lappen frå Seljord braut upp Lappebakke. (Halvor Lappebakken). Jfr.: «Syns du kje Lappen æ smeiseleg kar, slepp'n på golve, so dansar han sjav».

Fangehuset heiter ei hole i ei glopurd ovanfor Nordbø u/Slettemeås. Her budde ei tid ein fredlausing - ein rømd fange - i skugg og skjol. Han skulle endå til slutt bli skoten i eit lite bur som stod på Nystaul fyre det som vart bygt i 1819.

➤ VATNELIAN gnr. 91, bnr. 1

Denne plassen har hørt inn under Svanajord - og er rudd omkring 1740. Det heiter i eit stort markskilbrev frå 1753, 21. 9., at Ledvorkos eller Vatnelian er rudd straks derfyre. Det har ei stor vidde mest snaufjell. Ein staule, Rjupestaul, sudom Ordalsåta hører til, likeeins Hjåmenn opp og nord for plassen. - Vatnelian ligg fint til rett mot middagssoli på 665 m.o.h. Skogen med bar og lauv veks godt i ly for nordanveret - og i den skarpe jordi mognar det utruleg fort på åker og eng. Etter 1920 har ing. Nils Schiøtt butt her. Han har store samlingar av gjæve gamle ting frå inn- og utland. Den store fjelleigedomen har han no skjenkt til Foreningen til skiidr. fremme - og dei store samlingane får dei attpå. Ei mykje raust gåve.

Fyre Schiøtt kom der, hadde Torkel Gunheim eigedomen. Elles hadde det skift eigarar og brukarar framover. Foreldri til Knut Jensson, Jens Knutson og Anne Aslaksdtr. Nystaul budde her i 1880 då Knut vart fødd. Elles budde ein Asbjørn Vatnelian her g.m. Susanne. Susanne var eit haugetroll som det går mange soger om. Ho kom til Nigard-Kvålset og døydde der. Aslak Hanson tok ho til seg mot å få Vatnelian. Asbj. og Susanne hadde fostersonen Gunnar.

Nils Schiøtt g.m. Margit Torsdtr. Nes (bornlause) kjøpte eigedomen i 1911 på auksjon etter Torchel Gunheim, men flutte ikkje opp der fyrr i 1920. Med i handelen var dengong i alt 7 bruksnr. jordpartar frå gnr. 89, 90, 91 og 94. I 1913 kjøpte han Rjupestaul og Herjusdalen gnr. 93, bnr. 2 og 94, 7 og i 1917

Nordbø gnr. 90, bnr. 5. Nokre jordpartar han kjøpte i 1922 har han no ytt att m. a. Lier, Halvfardalen m/Svartufs skog og Sporastaul. Jåmennheii er framleis innlemma i Vatnelian.



[Vatnelian]

Ingeniør Schiøtt har bygt hytte på Jåmenn «Nilsbu» på same sætervoll som Sterke-Nils eingong rydda og bygde sel. På Vatnelia er ny uthusbygning reist. Stoga er tilbygt fleire rom for dei store samlingane hans. I alt 3 bygningar er flutt til gards m. a. eit lite bur frå Staulen og ei «Bjønnehytte» frå øvre Nystaul.

Han har planta ikkje så lite gran og fure, og elles drive fiskekultur i fleire vatn på eigedomen.

Heile eigedomen var ei tid ca. 10000 mål, men det som Skiforeningen får er vel 4000 mål.

NB. Vår neverande konge Olav V har vori gjest på Vatnelian 2 gonger (1955 23. 3.-28. 3. og 1956, 9. 3.-11. 3) og sov då i den gamle Huvestadsengi til høgre, sa Schiøtt.

➤ NYSTAUL gnr. 91, bnr. 2

På ein haug aust for Nystaulvatnet, ligg småbruket Nystaul, med omlag 20 mål dyrka jord og 15 mål naturleg eng. Utmarki er 1000 mål. Til garden høyrrer staulane Grasdal og Mjølkekvaæven som ligg fråskilt eit stykke ifrå - ovanfor Vatnelian. Slåtta nytta til no. Eit skogstykke, Svartufsmarki, høyrrer til. Det ligg aust for Lierplassen.

Husi på garden er gamle og i brukeleg stand. Stoga er bygt i 1819, (ei høgd). Eit gamalt lite stoguskåp med ei dør nede og åpe oppe med utskurd. Same meisteren som han som har gjort skåpet på øvre Slettemeås. K.E.S. 175 1. (Kjetil Eivindson, Egen hånd. - tyder: gjort for sjølve seg).

På kammersdynni står måla namnet: Mattis Andressen Nystaul (ikkje årstal). Same namn står på sengi. Denne mannen var frå Sauland. Buret er frå 1819 og timra i ny form utan svaler. Løda timra med låve og 2 rom. (1819).

Alle desse husi er kosta av Olav Aslakson Nystaul. Han flutte seinare til Kvåle i Mandal.

Nystaul er rydda omkr. 1740. I ei markeskilsak 21. 9. 1753 og 5. 6. 1754 millom Kvålseth m/Slettemeås og Midbøen, Svanajord og Aslaugsberg - om sameiga i marki, vert Nystaul (som dei har nyss opprydda) lagt til Svanajord, men beite og marki ligg til Kvålseth.

Eilev Olavson og Rannei Eilevsdtr. er dei fyrste som brukar Nystaul. Rannei d. på Nystaul. 1785 - 85 år gammal. Sonen Eivind g.m. Kari Tormodsdtr. har Nystaul framover til 1815. Skifte etter Eivind 14. 4. 1817. Kari d. 1802, Nystaul. Netto 81 rd.

Olav Aslakson (Svanajord 55) g.m. Kari Sigurdsdtr. bur no på Nystaul til 1837 då dei kjøper Kvåle i Mandal. Av 10 born er 6 f. på Nystaul. jfr. husingi 1819.

I 1844 kjem ekteparet Mattis Andresson og Tone Kjetilsdtr. frå Sauland og buset seg på Nystaul, (båe 27 år. Etter dei kjem Olav Ivarson og Margit. I 1855 dør barnet deira Ivar 3 år gammal. Olav var innflutt frå Rauland visstnok og var ein gampekar så sterkt. Han flutte seinare til Åmotsdal og utvandra til Amerika.

Plassen gjekk i fleire handelar, m. a. hadde Tov Svanajord og Tallev Sollid han og sist Søren Sandland. Av honom kjøpte Tallev Kj. Kilen eigedomen i 1898, g.m. Margit Endresdtr. Sandland (5 born). No er Endre Nystaul og broren Kjetil eigarar.

Nystaul øvre.

Denne plassen låg litt nordom Nystaul oppi ei skåhall og vart rudd omkr. 1830 av ein som heitte Eivind Olavson. (Huvestad 53). Kona heitte Guro Halvorsdtr. Han var lærar og det same Olav sonen hans (1836-1897), som var lærar på Nøtterøy. Det er truleg at denne plassen vart tidleg nedlagd - husi er longe borte.

Eit loft derifrå står på Nigard Slettemeås. 1852: Pigen Margit Aslaksdtr. eigar. 1864: Halvor Gunnarson.

I Slåttekosi i same marki var og omlag samstundes bygt ei liti stoge som no er berre veike merke etter. Nemnde attl. plassar høyrer til Vatnelian.

➤ STAULEN gnr. 94, bnr. 3

Jorde i jorde med Nystad på vestsida ligg Staulen. Plassen er rutt av Liv Vetlesdtr. Vihus g.m. E.mann Svein Guttormson Nordgarden. Etter ho vart enke, hyste ho her. Liv var skreddar og rosesaumar. Ho betala arbeidsfolki med saumeløn. Det vart først sett opp uthus. Liv sat i fjøset og rosesaurna, heitest det - med dei bygde på stoga. I 1854 d. gardm.enke Liv V. Nystaul 72 år gamal. Ein son Vetle var noko småfør av seg, d. på Staulen 1896.

Ei dotter av Liv og Svein heitte Ingebjørg (1811-97) g.m. Aslak O. Dyrland flutte til Breidalen i Ordal 1828. Dei hadde 10 born. - Ingebjørg og Aslak budde også på Sjoås og Staulen. Sonen Olav Aslakson (Dyrland 10) og Tone Aslaksdtr. budde på Staulen til 1904. (Utv. då). Han var sjølveigar og selde plassen til Torkjel Gunheim. Vatnelian hadde Olav også, kjøpt det av Aslak Kvålseth - og Torkjel kjøpte dette og. Olav O. Sudgarden g.m. Aslaug Hansdtr. bruka for Torkjel i mange år. Dei budde på Staulen og dreiv Vatnelian som attå bruk.

Husi på Staulen vert no haldne vedlike av ein Oslomann som eig denne plassen. (Fredrik Gjertsen).

➤ MIDBØEN gnr. 92

Etter alt å døma ein gamal gard. Namnet tyder seg sjølv - den midtare garden.

Nett det året svartedauden tok til, er det eit prenta diplom som gjeld Midbøen. (D.N. b. 2, s. 248).

Sysselmann i Skien Ivar Ogmundson byd Aslak Sumarlideson å etterkoma Tord lagmann sin dom, 5 laupsland i garden Midbø i Ordal m.m. som var tildømt Aslaks bror Neri Sumarlideson. Ivar byd sine ombodsmenn Olav og Nikuls syte for at det vert gjort rett og skil. - Skien 27. 3. 1349.

Fleire fornfunn frå Midbøen er i oldsaksaml. m.a. rester av eit tvieggja sverd, skjoldbule av jarn, 3 økseblad av jarn, 3 perier av glas, stykke av ei gamal jarnbjølle m.m. Funni er frå yngre jarnalder (ca. 1000).

Garden er rekna fullgard så tidleg som i 1593 med skyld 4 1/3 tn. + 1 kalveskinn og 6 daler.

Buskapen var i 1657: 1 hest, 7 kyr, 14 sauher, 1 geit, 1 gris,

Eigarar og brukarar. Olav (Oluff) heiter brukaren 1593 og framover til 1621. «Oluff bruger, odelsrnand», så kom Bjørn, sikkert sonen «bruger og odelsmand» framover til 1645. «Bjørn med hustru, dreng og 2 piger».

I eit manntal 1661-62 er Toris nemnd, og ved folketelj. 1664 (3 tn. m. b.) er Anders opps. og 30 år.

I 1665-81 Tov Midbø - vel den same som Tov Holtan som i 1648 saman med Eilev Midbø har 3 tn. m. b. i Midbøen.

Tov Midbøen er ein rik mann. Omfram Midbøen har han 2 tn. i Sæli (1675-88), ca. 2 ½ tn. i Gotuholt (1675-88), ½ tn. i Vesterdal (1679-81).

I 1683, 12. 3., er det skifte etter Ingebjørg Tallevsdtr. g.m. Tov Leidulvson Midbøen. Dei har 2 born, Egil gift (I Gunlaug Vetlesdtr. Haukom, II Bergit Såvesdtr.) Gunbjørg g.m. Sveinung Aslakson Gotuholt.

Denne Tov Midbøen ser ut til å ha vore ein opplyst mann. Han er lagrettsmann i 1690 - og formyndar tidt og ofte. I 1695, 1. 10, vert det nedlagt in jarnbismar, 1 skjeppe og eit alnemål hjå han Tov. På denne tid høyrer Slettemeås under Midbøen. (1660 «Sundbø i Slettemeås».) I 1705-1708 Midbøen m/Slettemeås 4 1/3 tn. + 1 kalveskinn.

Det ser ut at det har vorte 2 skylder ved år 1700. Tov eig 3 1/3 tn. og 1 tn. fra 1689 til 1707 - seinare 1 tn. Men i 1712, 14. 4. er Tov Leidulvson død og skifte vert halde. Netto 325 rd. - irekna jord i Midbøen 3 tn. m. b. 300 rd. Det er fleire som eig partar i Midbøen framover til 1741 m. a. Torkjel 1 tn. 1722, Øystein 2 tn. 1735, Torkjel 1740. - I 1741-55 er Egil Tovson eigar av 3 tn. + 1 skinn. (1743 god for 400 daler). Sonen hans Tov Egilson får heimel på Midbøen 3 1/3 tn. 8. 3. 1783. Han er g. 2 gonger (I Tone O. Kallåk, II Gunhild Halv.dtr. Berge), etter 2. kona 7 born som vaks opp. Tov døydde 1831 - 73 år.

Slettemeås med skyld 1 tn. får Jon Knutson heimel på 8. 10. 1761. Gudmund Jonsen overtek ½ tn. 1791 og 28. 8. 1806 er skyldi auka til 1 tn. - det opphavelege. Gudmund g. I m. Gunhild Bjørgulvsdtr. Haugland 28. 6. 1783. II 22. 5. 1787 Aslaug Tarjeisdtr. Vatnelian.

➤ MIDTBØEN (øvre) gnr. 92, bnr. 1

Etter lag og lende må det ha freista den første landnåmsmann som kom oppover Ordal til å slå seg ned her. Og gravfunni her og i grannegarden Hasleberg, provar og dette. No er det 2 bruk øvre og nedre Midbøen. Hovudbølet var sjølsagt der oppe på bakken med vake utsyn over grenni. Ved å granska nøye, kan ein då få visse for at husi har stort sett stade på same tunet - berre flutt plass så av og til. Såleis er stoga flutt litt lenger sud og peikar med gavlen utover bakken. Buret som til vanleg plar stå i nedre bakke nærmeste stoga, står her borte i tunet i front mot langveggen av stoga. Uthusbygningen er gammal, men velbygd. Når dei skal tidfeste husi så har dei nytta berre runde tal. Stoga 1900, Uthusbygning, fjøs og løde, 1800, Stabbur 1700 og eldhuset (røykstoga) 1600.

I stoga stort stogeskåp med 2 dynnar (kjellarnedgong, no att-tetta) tallerkhylle og koppehjell og 4 skuffar i iviskåpet med staseleg krune. Namni av Tov Egilson (1758-1831) og Gunhild Halvorsdtr. (1775-1847) utan årstal er måla her. På ivistoga krunsing og skåp i same stil med namni deira og årstalet 1800.

I krunesengi sov Hans Nilsen Hauge ei natt, seiest det.



[Midtbøen, nedre, 1921]

Den dyrka jord er 30 mål, 25 mål beite og innmark og omlag 1000 mål utmark. Til garden hører fiskerett og ½ Grønlidstaulen - som er bytt millom øvre og nedre Midtbøen, (2 fjøs, 2 stogehus) og nyttta til 1950.

Garden har vore i ætti frå 1740 då Egil Tovson vart eigar. Etter han Tov Egilson og kona Gunhild som døydde 1847.

I 1841, 29. 6. vart garden dela millom Halvor og Egil Tovsøner med 1 tn. 5 sett. på kvar. Skjønsmenn var: Jon Karlson Svanajord, Gunnar J. Kvålset og Jon og Tarjei Slettemeås.

Egil fekk det øvre og Halvor det nedre.

Det ovfagre stabburet med utskur av Karl Jonson Svanajord (1786) fekk Halvor med på kjøpet.

Egil d. på Midtbøen 1868 g.m. Ingebjørg Sigurdsdtr. Kvåle. (d. 1849). Sonen Tov hadde garden eit bil, men selde det så til syskinbarnet sitt Tov Halvorson nedre Midtbøen og drog til U.S.A. 1874. (Fire av dei syskini til Amerika i 1870 åri).

Tov Halvorson hadde no båe gardane og vart g.m. Tone Bjørgulvsdtr. (Storlid 175) og fekk dotteri Margit. Så døydde Tov 1877 same året han vart gift - og enka gifte seg att med brorsonen Olav O. Kvålset. - Margit Tovsstr. g.m. Abraham Kj. Havstad 1904 fekk så øvre Midtbøen og budde der så lenge ho levde. Margit og Abraham var barnlause. Dei var godgjerande og kristelegsinna bondefolk (pinsevenner) som har sett djupe merke etter seg i bygdi.

Margit og Abraham overlet garden (1939) til dotter å halvbror av Margit, Tone Tovsdtr. nedre Midtbøen g.m. Einar Eilevson Omland (Nystaul 56) som er den noverande eigar av øvre Midtbøen. Kjøpesum kr. 12000.

➤ MIDTBØEN (nedre) gnr. 92, bnr. 2

Dette er ein fin gard, lettdriven og velstelt som berre få med store romsame hus. Han ligg like ved vegen millom Hasleberg og Kvålset. Eigedomen er utskild frå Midtbøen øvre i 1841, 29. 6, og det vart Halvor Tovson (1799-1881) g.m. Margit Olavsdtr. Kvåle som fekk denne luten. Dei hadde 9 born. Tov, den eldste, fekk garden og kom seinare til å kjøpa øvre Midtbøen også. Då han døydde i 1877 sat enka Tone Bjørgulvsdtr. att med båe gardane. Ho gift oppatt 1882 med brorsonen til første mannen, Olav O. Kvålset, 3 born. (Tov, Anne og Åsne). Dei selde øvre Midtbøen til Margit Tovsdtr. g.m. Abraham Havstad og heldt att det nedre som Tov sonen deira f. 1883 og g.m. Åse Taraldsdtr. (Homme 77) vart eigar av frå 1914.

Der er 60 mål dyrka jord av myr og moldblanding og 12 mål innmark og 1000 mål utmark. Ein halvdel av staulen Grønlid hører til med godt fjøs og stoge.

Husi er mykje gode. Stoga (1850) er omvølt seinare og tilbygt mange rom og gangar. Eldhus og vedskjol bygjt 1924, uthusbygning 1921. Stabburet er bygjt 1786, rik utskur av den flinke treskjeraren Karl Jonsson Svanajord (1759-99). Det er no freda.

Tov har dyrka opp av nytt omlag 40 mål. Han var fast tenestmann i jordstyret i fleire år.

Etter 1958 er Toralf Tovson g.m. Åsta Omtveit Haugen eigar.



[Loft på nedre Midtbøen og Varden på Ordalssåta]

➤ HASLEBERG gnr. 93, bnr. 1

Husi stod høgt oppe i bakken fyrr under eit snaut og kollelaga berg. (Aslaugsberg), men flutt ned for ca. 70 år sidan. (Olav Dalen, Nissedal).

Garden har no svært fine jorde utover mot elvi, meir nydyrka i seinare tid. Det er omlag 50 mål innmark og 600 mål utmark. Det er two bruk, det nordre fråskild som bureisingsbruk i 1933. Hasleberg grensar mot Midtbøen øvre og nedre i nord og Svanajord i sud. På hovudbruket er eit gammalt loft frå 1797, kosta opp av Torjus Torgrimson g. II m. Bergit Tovsdtr. (TTS og B.T.D. 1797) og ei stoge frå ikr. 1750. Til garden har høyrt staulen Rjupestaul. Fråseld ikr. 1860 til Vatnelian.

Namnet er nokså greidt, det er treet hassel som har skapt namnet - elles har det vore skrive Aslaugsberg 1723.

Garden er nemnt i eit uprenta diplom frå 1595 - eit arveskifte frå Særrend millom Trond og Halvor Tallevsøner og Tårn, Asgjerd, Signe og Aslaug Tallevsdtr. «samfødde syskin til mor og far». Det er fleire gardar som høyer til buet, men Trond og Halvor får m.a. kvar sitt markabol i Brunkeberg sogn.

Hosleberg er rekna halvgard 2 tn. 3 dlr. og buskapen i 1657 var 1 hest, 4 kyr, 6 sauер og 2 geiter.

Eigarar og brukarar. Peder betalar saltverkskatt 1609-20. Anstein (1629-41) «bruger og odelsmand», Torgeir (1644-47), Torjus (1645), Guttorm (1661-62). Ved folketelj. 1664: Guttorm oppsitter og 50 år. Det skifter elles med namn utover. Ein Eivind Midbø skattar av 2 tn. (1647-59) og Eivind Skeie av det same i 1660. Elles eig Eivind Natadal 1 tn. i garden 1672-82 og Helge Midsund 1 tn. i same tidfolk. Etter dei finn me nemnde Ånund, Olav, Gunleik, Gro, Aslak og Asgeir og Jens. Etter 1716 finn me Torjus på Hasleberg g.m. Sissel Andersdtr.

Denne ætti held seg ubroti på garden i nærepå 150 år. Torgrim Torjusson er skiven for 2 tn. 1759-65. Etter han får Torjus heimel på 1 ½ tn. 12. 2. 1780 og son hans Torgrim heimlar 1 ½ tn. 2. 3. 1808. Ein farbror åt den siste Halvor Torgrimson eig ½ tn. i 1808 og Aslak Tallevson Kvålset (4 g. gift) har 1 ½ tn. Seinare går parten av Aslak over til Torgrim frå 1815. Han og Ingebjørg Knutsdtr. drog til U.S.A. 1852 - han 68 år, ho 62 år. Olav O. Folkestad er skiven for garden i 1852. Broren Augon innfl. 1856 frå Bø, kjøper så garden - for han er eigar i 1864. Kona heitte Helbjørg Haraldsdtr. Dei hadde two born., Birgit og Olav. Olav døydde ung, (20 år). Bergit g.m. lærar Knut Sandland. Han har garden til 1890 åri då Olav Dalen, Nissedal kjøpte det, g.m. Åshild Fjalestad, så sel han til Tor Heggtveit og han til Aslak Brekka som selde det til O. St. Vinsvål omkr. 1917.

➤ HOSLEBERG (nordre) gnr. 93, bnr. 4

Bureisingsbruk frå 1933. Omlag 50 mål dyrka jord og 300 mål utmark. Nov. eigar Halvor H. Jamgrav g.m. Ingebjørg Vinsvål. I 1958 kjøpt att brn. 1, Hosleberg søndre.

➤ SVANAJORD gnr. 94, bnr. 2

Garden ligg i ein bakke på solsida opp mot fjellet (Ordalsåta) og skal etter segni ha vori ein jordpart som ei gjente fekk i arv. Ho heitte Svanaug. Ei syster hennar Aslaug fekk eigedom lenger nord, der vart det heitande Aslaugsberg. (Hasleberg). Dette med namnet kan vera noko tvilsamt. O. Rygh gissar på fuglenamnet svane, men etter eldste skrivemåten av namnet kan det og tyde det sudaste jordet (Suannegjorde 1593). Garden er gammal. Den grensar mot Håtvæitåsen i sud og aust, og i nord mot Hasleberg og i vest mot Skare og Hauge i Morgedal.

Garden vart tidleg dela i two (1660) og husi låg nesten tun i tun øvst oppi bakken, der øvre Svanajord no har huskullen sin. Søndre garden vart flutt ned mot vegen i 1926 av Olav Kristoffersen som åtte denne parten.

Garden vart rekna halvgard (1647) og med skyld 3 tn. Der er ikkje oppgjeve buskap 1657, kva grunnen no kan vera. Det ser ut som garden har skift eigar tidt og ofte den fyrste tidi.

Eigarar og brukarar. Torbjørn betalar arbeidskatt i 1593, Anstein heiter bonden 1609-30, Torkjel 1631-41. Stein m/hustru og pige betalar koppskatt 1645 - med merknad «forarmet».

Toru og Oluf er nemnde husmenn under Svanajord i 1620-30. Tov Svanajord sit på $\frac{1}{2}$ gard ved manntalet 1661, men ved folketelj. 1664 er Jon oppsidder 27 år.

Garden er 2 like bruk 1660 med kvar $1\frac{1}{2}$ tn. m.b. Den eine luten har Jørgen Syftestad den andre Eivind Skeie. (Effuind Skee).

Ein Sivert Svanajord eig 2 7/12 tn. og Egil Tveit 5/12 tn. i garden (1654-59). Elles skifter eigarsmenn alt fort utover til 1700 talet. Det er Tov, Jon, Bjørn og Olav Svanajord. I 1698-99 har Olav $1\frac{1}{2}$ tn. og Halvor $\frac{1}{2}$ tn., men året etter har Trond og Bergit dei same jordpartar.

Søndre er sjølveigar av $1\frac{1}{2}$ tn. frå 1705 til 1722. Leidulv har same delen i 1745.

Hans Aslakson f. Åse 1709 g.m. Mari Ånundsdtr. har så $1\frac{1}{2}$ tn i 1747 til 54. Skifte etter Hans 5. 6. 54. Netto 292 rd. irekna jord i Svanajord 3 tn. $\frac{1}{2}$ sett. m. b. for 230 rd. Enka Mari er det skifte etter 27. 11. 1765, ho er oppattgift med Tarjeir Bjørnson. Netto 332 rd. Svanajord $1\frac{1}{2}$ tn. rekna 507 rd.

Opsund 7. 3. 1757: Opplese eit skjøte frå Torvil Hemmestveit på $1\frac{1}{2}$ tn. i Svanajord på 278, 2,0 rd. til Tarjei Bjørnsen.

Denne Tarjeir Bjørnson er skriven for $3\frac{1}{24}$ tn. (1757-65) og får heimlel på $1\frac{1}{2}$ tn. 27. 12. 1767 og 4. 3. 1777 $1\frac{1}{2}$ tn. Sonen Olav Tarjeison heimlar $1\frac{1}{2}$ tn. 5. 3. 1779.



[Halvor B. Svanajord og dottersonen Halvor]

Kristoffersen g.m. Bergit Halvorsdtr. Haugan garden. Olav flutte ned husi (1926) som stod att etter brannen året fyrr – der fjøs og løde strauk med. Han kosta opp ny uthusbygning og bygde om stoga. Det utskorne stabbur er av ny dato.

Den noverande eigar Olav Tovson (Svanajord 85) g.m. Hæge Jensdtr. Sælid kjøpte garden på tvangsauksjon 1929.


➤ **SVANAJORD (nordre) gnr. 94, bnr. 1**

Svanajord nordre er opph. hovudgarden, husi ligg pi ein kulle høgt og sjåleg. Sæga er gammal med magatægde vegger og berre ei høgd. Fyrr forstoge og kammers innom, men far til den noverande eigar (Gunleik) Tov Aslakson Kvålset, brigda det til langkammers og bislag. Løda gamaldags, oppsett av Tov Håtveitåsen i 1864. Eit lite bur (gamalt) utan årstal. Denne eigedomen er no i 4 delar - med 25 mål dyrka jord og 150 mål skog.


Skjøte 1884 17/6 frå Knut Torjusson til Tov Aslakson Kvålseth på løbenr. 106 a og b, 110 og 112 b for kr. 3200. I 1897 gjekk Lauvås (sæter) frå (bnr. 5) og i 1912 Nystaul øvre (bnr. 9).

Nover, eigar Gunleik Tovson har ikkje heimelen i orden.

I 1852 og 1864 er Knut Torjusson eigar.



[Knut T. Svanajord]



[Svanajord, øvre (før 1900)]

➤ **HÅTVEITÅSEN 94, bnr. 4**

Garden er lettdriven og fint hallande og ligg millom Rue og Svanajord, like inn til bygdevegen. Der er no 35 mål dyrka jord og 20 mål udyrka og omlag 125 mål prod. skog. Garden er utskild frå Svanajord.

Husestaden var her som på fleire stader i Ordal høgt oppe i bakken - derav namnet Håtveitåsen, den høge rudningen.

Husi vart flutt ned der dei no står av Tov Håtveitåsen omkr. 1870. Sonen hans, Svein, hadde så garden. Han var ugift og selde garden til bruksmannen sin Eivind Auverson Mostaul 1896. Eivind sat med garden nokre år, men selde så til Eivind S. Groven og Andreas Hestehag - og dei dreiv ut skogen. Tor Åse, Brunkeberg kjøpte så garden og hadde han til 1911 då Knut Gunleikson Lier g.m. Aslaug Halvorsdtr. Slettemeas kjøpte garden. Skogen var uthoggen og husi i klein stand då Knut overtok. Det var mykje skrapslått og knapt 2 kufor. Men Knut tok fatt både

På Kleivrud miste ein gut livet. Han drog ved ovan skogen og fekk ei snøskride over seg. (Andres Andresson Langkos, 1851-67).

Ved å granske gamle skattelister kan ein finne sumt om garden Rue i Ordal. Han er rekna millom øydegardane i 1647 med ei skyld av 1 tn. ½ daler. Buskaper på Rue var 1 hest, 7 naut, 14 sauher i 1657. (I lista etter Tytegrav og Hasleberg).

Eigarar og brukarar. Tov Kvålset eig Rue 1633 og betalar skatt av 1 ½ tn. Litt seinare Bjørn Tarjeison Kvålset som var ettermannen hans der og gift med Targjerd Aslaksdtr.

Bjørn Midtbøen - kanskje den same eig 1 tn. 1643-44.


Ved manntalet 1661 er nemnd ein Egil Rue på ¼ gard (øydegard). Elles er Rue på framande hender framover i 1680 åri. (Steinulv Skeie, Aslak Meås, Asbjørn Gotuholt). Eit dokument frå 20. 2. 1702 der Åvald Guttormson i staden for mor si (Hæge Eivindsdtr. Omtveit) melder at Asbjørn Tovson har selt ½ tn. m.b., over 1 tn. i Rue i «Ondahl» for 50 rd. og broren Guttorm Tovson selt ½ tn. der uti for 16 rd.

Hans Aslakson Rue f. 1710 g.m. Mari Åmundsdtr. i 1743 kjøpte Rue i Ordal 1742. Son hans er Aslak Hanson Kvålset som vert g. i 1777 m. Tone Johannesdtr. Rue, Ordal.

I 1730, 14. 4. er det skifte etter Torjus Tovson Rue g.m. Torbjørg Sondresdtr. 5 born (Kjetil, Torbjørg, Tårand, Gunhild «6 år, vanvittig», Åshild). Br. 157 rd. Net. 107 rd. Medrekna jord i Rue 1 tn. m.b. 140 rd.

Lauverge Anstein Holtan.

Det ser ut som garden skifter tidt eigarar. I 1755 dør Sveinung Øysteinsson Rue 69 år. Ein Knut Rue og Astrid Tovsdtr. har fleire ungar som er nemnde. Tor f. 1759, Bjørgulg 1763, men i 1765 dør Astrid 44 år og sonen Bjørgulg 8 dagar. I 1767 har Knut Rue barnet Astrid til dåpen, då er han oppattgift. 1766, 27. 12. vigde enkemann Knut Tjostolvson Rue og Svanaug Hansdtr. Svanajord. Denne Knut var bestefar åt Knut Tovson Utbøen, klokkar i Seljord (Kyrkjebø 136).



[Steinar Rui (Holtan 18)]

Skifte på Rue 1817, 10. 2. etter Gro Olavsdtr. g. m. Såve Hanssom (Hans ½ år). Brt. 400 rd. Net. 400 rd. irekna jord i Rue 300 rd.

Ditto 1820, 8. 2. etter Gunhild Olavsdtr. (kanskje syster åt Gro) g.m. Sveinung Tovson. 5 born (Tov, Olav, Guttorm, Tor og Guro). Brt. 88 rd. Net. 55 rd. (Ikke jord).

Omkring 1820⁴⁴ er Øystein Eilevson (1791-1879) g.m. Sidsel Danielsdtr. bonde på garden. Det var han som flutte ned husi der dei no står. Sonen hans Aslak Øysteinsson hadde så garden fram til 1882. Skjøte frå han til Torbjørn Steinanson Groven i Åsheimgrenni 6. 3. 1882. (Holtan 11).

Torbjørn d. på Rue 1905 og enka Helga Andresdtr. sat med garden til 10. 1. 1916 då sonen Steinar overtok. Han var g.m. Ingebjørg Halvorsdtr. (Svanajord 34). Steinar Rue dyrka opp mesteparten av garden og bygde og stelte på husi - og fekk for sitt arbeid med fedragarden Tor Vås 1. pr. 1919. Han fekk elles Telemarks Landbruksseksjon sylvmedalje og diplom 1926.

Den noverande eigar Torbjørn Steinanson overtok etter mori 15. 6. 1945. Han er g.m. Tone Taraldsdtr. Kvålset.

Opp i jordet er ein flekk som heiter Døen. Det skulle vera ein mann som hadde støle og vart dømd frå livet, men så baud dei han fri dersom han kunne slå ein teig på Kvålset i Krokanjorde på ei svært kort tid. Dette greidde han, og teigen han slo på Kvålset fekk nemndet Tjopina. Så kom han til Rue og slo ovanfor stoga, men då stupa han død og staden han stod slo på fekk namnet Døen.

⁴⁴ Sveinung Jonson Rue og Turid Johannesdtr. flyt frå Seljord til Rue i Ordal 1825. - I 1834 flyt dei frå Rue til Bygland - til U.S.A. 1842.

➤ RUE (nordre) gnr. 95, bnr. 4

Denne garden ligg jorde i jorde med Rue søndre og er utskild frå hovudbruket 1930. Det er bureisingsbruk - med nye, gode hus. 35 mål dyrka jord og 200 mål skog. Eigars er Halvor St. Rue f. 1908. Syster hans Helga Rue bur her saman med bror sin, og dei driv garden i hop.

➤ TYTEGRAV gnr. 96, bnr. 1

Namnet noko uklårt. O. Rygh nemner opphav som tytebær og tyta f. (Kjertel i stein); men det kan koma av tyta. (Ein veik, jamn lát t. d. frå elvi). jfr.: engtyte.

I eit prenta diplom frå 23. 1. 1558 er Tytegrav (Tiudegraff) nemnt. Ein Orm Sundreson sel sin odel i garden til Olfuer (Auver) Halvorson. Dei ytte som offergåve til retten 4 lodd sylv, ein stålboge og ei halv punds gryte. I eit ditto frå 20. 2. 1564 vitnar Eilev Tjostolvson at Sundre Salveson gav dotter si Margit 2 markabol jord i Tytegrav i heimanfylgje, «så sant hjelpe mig Gud som jeg sant siger, Gud være mig gram og vred om jeg lyver» o.s.v.

Tytegrav var rekna øydegard i 1609, med ein Tarald som brukar, men i 1647 har garden teke form og er no halvgard med skyld 2 2/3 tn. og 3 daler «en ganske ringe gaard etter skylden.»

Elles skifter nemningi frå leiglendingsgard, (1620-23) øydegard (1644) til halvgard (1647).

Anders «enkemand med pige», svarar koppskatt i 1645. Buskaper i 1657 er 1 hest, 5 kyr, 9 sauher, 1 geit og 0 gris.

I 1661-62 heiter brukaren Tov, og ved folketelj. 1664 Gunhild med sonen Såmund. 20 år.

Det er fleire storbønder som eig luter i Tytegrav framover, såleis Asbjørn Bjåland 1 tn. (1611-21), Såmund Lundevall 2 tn. (1622-23), Knut Gotuholt 2 tn. (1625-35), Torkjel Donstad 2 1/2 tn. (1649-54), Gutorm Sandland 2 tn. (1641-43) og Aslak Kvålsodd 2 tn. (1676-81).

I denne tid heiter brukarane: Anders (1647-53), Håvard (1654-61). Enka Gunhild (1664-68), Torgim (1672), Aslak (1675). Den same kanskje som Aslak Meås som svarar odelskatt av Tytegrav 1682-88. Knut er brukar 1676-78, Mogens 1683-92, Auver 1695-99, Anders 1700 (2 2/3 tn.), Tov 1702, heile garden, Torbjørn 1703 og framover til 1729 - då er det skifte på Tytegrav etter Torbjørn Eirikson (Sinnes) g.m. Kari Aslaksdtr. Kvålsodd. (6 born). Brt. 251 rd. Net. 53 rd. Irekna Tytegrav 2 tn. m.b. 200 rd. - så det er ikkje så mykje dei eig i garden.

Eirik som er 25 år, overtek garden frå 1730 til 1762 og løyser inn luter altfort så han i 1747-62 eig 2 tn. Kona hans heiter Kjersti Stiansdtr. (d. 1791 - 80 år). Kjetil son deira får heimel 18. 2. 1765 på 2 tn. Han er g.m. Lovei Torvildsdtr. Kleiv. Han dør på Tytegrav 1806, 71 år. Kjetil og Lovei har 5 born som vaks opp. Den eldste guten Eirik (1765-1832) g.m. Kari Gunleiksdtr, To (Seljord) sit med garden til 1803. - Det er skifte etter kona hans 9. 11. 1805. Brt. 851 rd. Net. 49 rd. Irekna Tytegrav 11 sett. m.b. over 1 tn. 3 sett. for 800 rd. Broren Torbjørn Kjetilson (1777-1832) g.m. Ingebjørg Leidulvsdtr. Kleiv prøver så med garden nokre år - men denne ætti går ut.

I 1808 er Sondre brukar og sonen hans Auver og Olav Rui, men 28. 2. 1811 får Olav Guttormson heimel på 1 tn. i Tytegrav. - Han var på Tytegrav til i 1820 åri - flutte så til Kleivrud. Skyldeling 1826 tingl 7. 7. 1827 av Tytegrav.

I 1833 går Bjønndalen frå Tytegrav for då gifter dotteri Gunhild Kjetilsdtr. seg med Olav Asbjørnson Fleinsborg og får denne plassen i arv. (Sjå Seljord II s. 281).

Sveinung Jonson (Sandland 19) og Turid Johannesdtr. Skare har Tytegrav nokre år. Dei reiser til U.S.A. 1842 med 5 born. Ho laut selja den fine heimkomkista måla av Nikuls Buine før ho reiste for å få pengar. 20 år etter kom O. Bergland og Gunleik Loupedalen til setlementet i Trempealeau Valley - der Turid budde. Dei hadde kome seint om kvelden og ferdalasset stod ute. Då dei kom ut om morgonen, stod det ei gamal kone ved lasset og gret. Ho hadde kjent att kista si. Ho laut då få kjøpe kiste att. (Sjå Rosmåling i T. 95).

Same året (1842) kjem eit ektepar frå Valle til Tytegrav. Det er Gjermund Kjetilson «Haistov» og Åste Sveinungsdtr. (3 born). - Året etter kjem Sveinung Gunleikson (kanskje verfaren) og Ingebjørg Tallevsdtr. «for at bruge gaarden Tydegraf».

Gjermund og kona flyt til H.mo 1859 - dotteri Ingebjørg (f. i Valle 1837) flyt til Lårdal 1856.

Em. Gjermund Sveinungson (Brottli 3) g.m. Bergit Tarjeisdtr. Kleiv 1859 - bur no på Tytegrav framover til 1890 åri. Bergit d. på Tytegrav 1893 og Gjermund g. III m. Ragnhild Soterud, Bø og flyt frå Tytegrav på sine gamle dagar.

Knut Hansson Lid frå Seljord er eigars av garden i 1905 - og den ætti har garden framleis. - Dotteri Tone g.m. Eivind Mo, Rauland har butt her på Tytegrav i mange år. (1930-46). No har dei bruksfolk der. (William Andersen, Nesodden).

NB. Skjøte frå Gjermund S. Tytegrav til Knut Lie 17. 8. 1903. (Kr. 8000). I 1933, 4. 1. sereigevtale at Tone Mo (f. Lie) skal ha Tytegrav.

Tytegrav har oml. 40 mål dyrka jord, 5 mål skrapslått, 8000 mål skog og 1200 mål fjellvidde.

Stogebygningen er gamal, men vølt og innåtbygt i 1932. Loftet er frå ikr. 1800, løa 1850, fjøset 1920.

Under Tytegrav var fleire plassar.

Beitlid ligg høgt oppe mot skarvi, Mannen der heitte Jon og kona Ingebjørg. Ein av ungane heitte Aslak. Dei var følt fatige i Beitlid, og Aslak gjekk med tøya av mor si i skulen. Det var endå av dei gamle trøyene med krossaum i ryggen.

Kari syster åt Ingebjørg, budde og i Beitlid. Ho var så flink jakkeskreddar. Ho laga dei kvite jakkene for karane og dei grøne trøyene for kvendi og ho lita alt sjølv.

På Beitlid brende dei au litt brennevin så i skugg og skjol. For ei potte fekk dei 18 skilling og opptil 1 mark. Folk på Beitlid til U.S.A. i 1874 med Egil og Aslak (19 år og 16 år) «vil slektningers hjælp». Sidan har det ikkje butt folk der.

Grytingkosi ligg nedom Omtveitvegen ned mot elvi. Rettugheiti for plassen var 2 teiger dått. Egil Grytingkosi budde her sist.

Bjønndalan hørde au til Tytegrav. Gunhild Kjetilsdtr. Tytegrav g.m. Olav Asbjørnson Fleinsborg, fekk Bjønndalan i ervelut frå Tytegrav. Dei budde her stundom, men det var så følt med tussar der. Karen Øydegarden og Gunhild Gottenborg vart så forfylgde der ein kveld at dei måtte krabbe oppå bjelkane. - Eingong kika ein liten tussegut inn i glaset til dei, og dei såg han hoppa ned or moldbenken og tok ut.

Stoga som står att er ein av dei eldste i grendi.

Åmdalane, høgt opp mot skarvi er ein gamal staule til Tytegrav - no attlagd.

Sandlandgrenni.

Nedom Ordal ligg Sandlandgrenni. Ho er i two høgder liksom. I eit belte tvertover i vest-aust leid høgst opp mellom two åsrekker ligg Bratt-Sandland gardane, og så nedom med stort sett flatt lende som eit stogegolv Flat-Sandland og Gjervoll. - Vegen som går nord og oppover på austsida av elvi tener som ei tropp for å koma på «ivistoga». - Lenger opp med elvi har me så Tytegrav på austsida av juvet og Vesle-Omtveit gardane og Sporastaul på vestsida. - Rundt om i alle tenkelege og brukbare lende, ligg husmannsplassane som har hørt til, folketome og attlagde. Lengst aust i heii ligg Kvåle (Quale) eller Vårstaulen med etterstøder etter ein eldgamal gard.

Bratt-Sandland.

som no er 4 bruk, var i 1593 ein gard med 4 tn. skyld. Den eldste husestaden kan ein endå sjå merke etter litt i nordkanten av dei samla bruk. Ende nedom ligg endå Gasesteinen, der segni seier Gase Sandland drap ei kjempe som kom til han. Etter segni var Gase ein illgjerdsman som ikkje var god å ha til granne. Jamvel etter han var daud heldt han oppstyr på kyrkjegarden så klagemåli høyrdes ut i natti: «Gase Sandland han var leid i gress og vond så er han enn». «Au, au han Gase slær meg med bårearmar». o.s.v.

Garden har vorte dela 1609, då er det 2 halvgardar med 2 tn., 3 daler skyld kvar - nordre og søndre Bratt-Sandland.

Eit loft frå den tid garden var samla, står no på søndre parten. (Nystogo). Det skal vera frå 1400 talet og er freda. Veggene er svært grove. Dørene låge utan utskur på svalstolpane. I buret er samle ymse gamal heimel av Endre, sonen åt den noverande eigar Endre Endreson.

Ei gamal stoge på Sudigard, visstnok frå 1600 talet, opphavelig røykstoge.

Dei andre husi i desse gardar er med undantak av løda i Uppistogo, ikkje så mykje gamle.

Bratt-Sandland er nemnt i eit prenta diplom frå 1436. (D.N.b. VII s. 403). Ein Tjostolv Gunnarson gjør kunnig at han har gjeve Ragnhild Dyresdtr. 4 markabol i Bratta-Sandland i Bruggabergh sokn i Talamarkenna.

➤ BRATT-SANDLAND (nordre) gnr. 97, bnr. 1

Det er truleg at det ved delingi, då loftet vart flutt av stade og til søndre Bratt-Sandland, vart byst der husi på dette bruket står i dag. Den timra løda som det står ein del av i uthusbygningen, kan gjerne vera frå den tid. I undelåven i ein stokk står innskore med trebokstavar Tof Sundresøn Giorth (Tov Sundreson 1630-1720).

Buskapen 1657: 1 hest, 7 kyr, 14 sauher, 4 geiter og 1 gris.

Eigarar og brukarar. Laurits Tordson heiter bonden på Nordre Bratt-Sandland 1593. Det er nok Lavrants Torson Midbøen, Seljord som åtte 38 tn. 2 mæler jord. Eivind 1609-20 «bruger og odelsmand». - Tov 1644-53.

Ved folketeljingi 1664: «oppisidder Toff 24 år», men visstnok ikkje den same som Tov Holtan som har pant i Sandland for 1 ¼ tn. i 1641-43 og som har ymse pantar i garden framover til 1664 for han er nok eldre. Ein Aslak Lauritzson har pant i garden 1629-41. (1 ½ tn) I 1660 Anders Midgarden 1 ½ tn. m.b.

Fra 1672 til 1704 er Tov oppsitjar på Sandland. Han er son til Sondre Klomset og g. 2 gonger. (I Guro, barnlaus, II 1664 Åse Gunnarsdtr.) Han har m. a. two systar Aslaug g.m. Halvor Bjørge og Asgjerd g.m. Kjetil Gunnarson Dalene - desse har pant i garden i 1660 åri 2/3 tn. - Elles har ymse utbygdes små pantar i garden. (Tjostulf Fionne, Jon Mulle, Phillip Paulie, Christian Rock. (5/12 sett.)

Denne Tov Sondreson er det skifte etter 12. 6. 1730. - Han er død 90 år gammal, enka lever og dei har 8 born. Den eldste Øystein f. 1665 «svag og gammel».

Brt. 802 rd. Net. 770 rd., irekna odelsgod i Sandland 2 tn. m.b. 240 rd. i øvre Klomset 1 tn. m.b. 133 rd. I Tytegrav 1 ½ sett. 12 rd. NB. «I arvetomten Sandland har Tov Sondreson 1 tn. 5 nott. etter sk. 5. 12. 1668 - og 2 mæler 1 nott. fra søsteren Asgjerd Sondresdtr. 1696».

Etter Tov vert son hans, Sondre, sitjande med garden d. 1756 g.m. Gro Vigleiksdtr. Stor-Omtveit f. 1677 d. på Sandland 1761 - Sk. 3. 11. 1756. Brt. 466 rd. Net. 430 rd., - irekna jord i nordre Sandland 2 tn. m.b. 350 rd. Dei. har 5 born. Vigleik den eldste «en gl. mand», Olav «langt over sine myndige år». Vigleik får heimel 11. 1. 1766. Kona åt Vigleik, Ågot Endresdtr. Sandland er det sk. etter 5. 11. 1766. Netto 165 rd, irekna jord i n. Sandland 2. tn. m.b. 350 rd. (Sylv 20 rd.). Dei har 7 born. Øystein eldst, får heimel på 2 tn. 3. 3. 1775. Han er g.m. Margit Egildsdtr. Hauge. (2 born).

Skifte etter Øystein 6. 10. 1797. Brt. 800 rd. Net. 800 rd. «Som er jord 2 tn. m.b. redskaber og creaturer». Vigleik Øysteinsson g.m. Aslaug Sondresdtr. Sandland, søndre, fra heimel 29. 8. 1797 og sit med garden framover til 1821. (d. på Sandland 1837).

Nordre Bratt-Sandland vert skyldsett og dela i two like delar (1 tn. kvar) 4. 12. 1827. - Året fyrr har Halvor O. Svalastogo, Flatdal fått skjøte på nordre luten av Vigleik Øysteinsson. (Skjøte ting. 25. 10. 1826). Halvor g.m. Åsne Sondresdtr. har garden framover og sonen Sondre Halvorson g.m. Anne Endresdtr. sit med garden, men har ikkje heimel sjølv. I 1877, 26. 4. sel han garden til svigerson sin Olav Tarjeisson Sandland g.m. Åsne Sondresdtr. kjøpesum 8400 kr., tingl. 7. 5. 1877. Ei dotter Asgjerd g.m. Åsmund Tallevson Kolltveit overtek garden i 1890-åri. Åsmund d. 1904 og enka sat med garden til 1929 då Steinar O. Vinsvål g.m. Margit Åsmundsdtr. Sandland kjøpte eigedomen.

Den noverande eigar har brote opp 16 mål og grøfta og stelt opp jordet så det gjev dobbel avling. Han har bygt heilt ny uthusbygning (1940) og omninreidt stoga med kjellar og kjøkken (1950).

Den dyrka jord er 25 mål og 2 mål udyrka. 600 mål utmark. - Til denne garden har ikkje høyrte gamle plassar.

➤ SANDLAND (oppistogo) gnr. 97, bnr. 2

Etter garden vart dela 4. 12. 1827 hadde Halvor O. Svalastoga den nordre luten. Vigleik sel sin lut til Bjørn Tarjeison Bjålid som flyt til Sandland i 1833.

Det er den kjende rose målaren - som m. a. har måla på Loupedalen 1838. I 1844, 26. 2. pantset Bjørn garden sin til Hypotekbanken for 250 spdr. mot 1. prioritetspant i garden. (Avlyst 1. 12. 1880).

Bjørn selde garden og flyt til Fiskarbekk i Seljord og d. der 1859. Gunnulf Aslakson Sørnstveiten kjem til gards 1850. I 1861, 24. 6. skriv han ut ein obl. til Hypotekbanken på 140 spdr. mot 2. pant. Ditto 11. 10. 1869 på 200 rd.

Olav Gunnuldsen (Røvmål 182) har så garden og tek opp eit nytt lån i Hypotekbanken på 1200 kr. 6. 9. 1880. Han var g.m. Margit Endresdtr. Sandland.

Olav Gunnuldsen selde Juvstaubakkane (Lofthus) 16. 6. 1876 til Hans Gjermundson Øygarden g.m. Ingebjørg Sandland - dei siste som budde på Lofthus.

Olav døydde av lungebrand - og enka gifte seg att med Knut Såmundson Sandland. Han greidde seg ikkje så lenge på garden og Hypotekbanken dreiv eigedomen til auksjon i 1890 åri.

På auksjonen kjøpte Olav og Hans Skretveit, Vrådal elgedomen. Andreas K. Hesthagen kjøper garden 2. 3. 1901 («tiltrædels» 14. 4. 01). Tingl. skjøte 9. 7. 1906. (Kj.sum 7000 kr.). A. K. Hestehagen skriv ut eit skadeslausbrev til Kviteseid Sparebank på 3000 kr. (16. 7. 1906).

Garden kom andre gong til auksjon og då kjøpte Eivind O. Groven g.m. Gunhild Andreasdtr. garden i 1935.

Den noverande eigar har i desse 20 år han har hatt garden gjort ymse forbetingar med hus og jord, bygt på løda, lagt inn springvatn, bygt innat eit rom til kjøken o. a.

Husi er no i bra stand. Stoga gammal, klædt innvendes av Hans Skretveit, utvendes av Andreas Hestehagen. Loftet er gammalt med noko utskurd, især veggene i andre høgdi som er breie og store og skal vera restene av veslebur på hovudgarden.

Kona Gunhild gøymer ei sermerkt tægje med 7 ringhøgder i loket. (Kinnlag og og gammal rosesaum og hekling).

Jordet på garden er noko bratt og ujamt så der er mykle ljåslått endå. 18 mål dyrka, 20 mål udyrka og 500 mål utmark.

Vårstaulen (Kvåle) har vore staule til garden, men er no utlagt til beite.

➤ BRATT-SANDLAND (søndre) gnr. 98, bnr. 1

Garden er i 1585-1611 rekna i verde 2 kalveskinn, i 1620-42 1 kalveskinn.

I 1609-11 som halvgard, frå 1647 skyld 2 tn. som nordre Sandland.

Knut nemnest bonden på garden 1609 - visst den same som Knut Gotuholt som har pant i Sandland for 2 tn. 1618-21 og 1 ½ tn. 1622-36.

Under øydegardar er Sandland søndre nemnt 1644-47 med brukaren Lauritz. I 1645 svarar Johannes m/hustru koppskatt - likeeins for åri 1647-53.

Buskapen er i 1657 1 hest, 6 kyr, 14 sauher og 5 geiter.

Frå 1647-71 skattar skiftevis Tor og Lauritz av 2 tn. i Sandland. Lauritz er nemnt i manntalet 1661-62 og Tov i folketelj. 1664. (Oppsidder Toff 30 år).

Elles er det ein heil flokk som har pantar i garden framover til 1700 talet: Gunnulf Ålandsli og Gjermund, Tov Klomset, Leidolv (1672-1704), Knut, Jon, Auver, Margit, Sondre, Christian Rock (1/2 tn.), Philip Adolph Paulli (9 natt.), Trond, Sveinung og Gunnar eig små brøker av garden 1705-21.

Som sjølveigar «besidder og bruger» frå 1689 til 1739 er det eit tomrom.

I 1740-52 finn me Øystein 2 tn. og Endre 1753-55 2 tn., i 1756 enken 2 tn. Dette er nok Endre Guttormson som var g.m. Bergit Knutsdtr. Håtveit. I 1763, 18. 4. får Guttorm son deira, heimel på ein del av garden og resten 8. 3. 1783. (2 tn.) Han har garden samla til 1808. Guttorm g.m. Torbjørg Talleivsdtr. Både døydde på Sandland, han 1822, ho 1820.

I tidi 1815-18 er garden visstnok dela for det er oppført 1 tn. skyld på Guttorm og 1 tn. på Endre son hans. Det er skifte 1. 2. 1812 etter fyrste kona av Endre, Anne Sveinungsdtr. Haugland. Brt. 2505 rd. Net. 2408 rd., irekna jord i Sandland 2 tn. 1200 rd. Kontanter 800 rd. Sylv 42 rd.

Endre gift att 1813 med Hilleborg Halvorsdtr. Bjåland f. Åse 1784, d. på Sandland 1855.

Endre døyde 1821. Skifte 24. 9. 1823 der garden Sandland (2 tn.) vert utlagt til yrnse m. a. sonen Guttorm Endresonen. Guttorm har innfritt utleggi med undantak av utleggi til enka Hilleborg - 302 spdr. Fyrst 1. 10. 1852 summen sletta av panteboki.

Garden vart dela millom Guttorm og Steinar i 1840 åri. (Tingl. 30. 9. 1852). Guttorm hyste der nord i same tunet, bygde ny stoge 1846 og fekk det gamle loftet frå 1400 talet med i handelen.



[Loftet på Snadland]

Steinar fekk sudigard med den gamle stoga og veslebur. Han hadde garden til sin død 1880. (Ugift). Guttorm g.m. Kjersti Aslaksdtr. hadde Nystog-Sandland til 1862, då dei drog til US.A. m/4 born. Såmund Knutson (Såmundsson 18) kjøpte garden. Han skjøtar det til Knut son sin 26. 6. 1871 Knut sel garden til Endre Knutson 15. 12. 1876 (950 spdr) (Svollsbru 34). Endre d. 1887 og enka Åsne Hakjesdtr. sel eigedomen til sonen Olav Endreson (ugift) 13. 12. 1890.

Broren Søren Endreson hadde garden eit års tid 31. 3. 1891 og sel att til Olav 11. 3. 1892. Men Olav vart sjukleg og broren Endre Endreson kjøpte garden 6. 7. 1896 for 2948 kr. Skjøta ordna ved verge Åsmund Tallevson Sandland 11. 4. 1902. Endre g.m. Margit Torbjørnsdtr. Omland var flink felemakar (d. 1926). Den som no er eigar er sonen Endre g.m. Anne Knutsdtr. Bakkane.

Dette Sandland har omlag 18 mål dyrka jord og 7 mål innmark og 200 mål utmark. Jordet er her også noko bratt og tungdrive med ljåslått ein del. Husi er i bra stand. Stoga og det gamle freda buret står side om side under ei bratt uts med løde og fjos eit stykke undan.

Til garden har hørt plassen Kasin som Olav Halvorson Ramskei rudde opp. Skylddela og selt 1863, 25. 9. - til rudningsmannen.

➤ SANDLAND (sudigard) gnr. 98, bnr. 2

Ved deilingi 1852, 30. 9. fekk Steinar Endreson denne parten. Han fekk med den gamle stoga (røykstoga) og eit lite bur som står ved sida av gamlebur i Nystog. Uthusi vart truleg timra opp på denne tid. Til garden høyrd plassen Nyhus som vart rudd omkr. 1850 av Eivind Halvorson Ramskei, bror åt Olav som rudde Kasin. Ein annan bror, Sondre, rudde Dalen.

På Nyhus har ingen butt sidan.

Steinar Endreson var ein kjempekar, men godmodig og snild. Han livde ugift all sin dag. I 1880 døydde han og garden kom på rek.

Gunleik Olavson, Nes kjøper garden og pantset han straks til Hypotekbanken for 1200 kr. 2. 5. 1881. I 1883 får han låne 1200 kr. av Anne syster si mot pant i garden. Han greider ikkje halda på garden lenge og i 1886, 11. 12. vert det utskrive auksjonsskjøte til Aslak Jonson Bakkane, Seljord. (Ein son åt den forrige eigar Anders Gunleikson hadde fått tilslaget for 1100 kr, men overdrog handelen til Aslak Bakkane).

Enka etter Aslak, Anne J. Sandland skreiv ut skjøte 9. 11. 1916 til brorsonen Knut Knutson Bakkane. Då han døydde 1937 kjøpte Endre Tallevson Nystaul eigedomen. No vert garden driven som attåtbruk til Nystaul og står øyde.

Der er 25 mål slåttemark og 200 mål utmark. Husi er i bruukeleg stand. (4 gravhaugar).

➤ KASIN gnr. 98, bnr. 3

Det er tungt å koma til Kasin. Gangevegen nedanfrå Flate-Sandland går nesten beint opp. Der husestaden er vald, er det som ei meir romsam dokk med Glosarnuten på nordvestside som ein trygg vargard for ver og vind.

Husi er små, men i god stand - alle saman timra.

Garden er rudd omkring 1850 av Olav Halvorson Ramskei (Nyhus) g.m. Anne.

Dei var 3 brør som alle rudd seg nye heimar. Eivind rudd Nyhus, Sondre rudd Dalen. Olav hadde forresten rutt opp Kasin u/Ramskei fyreåt. Dei hermer etter han: «Eg fer rondt å grovriv verden. No hev eg rudd upp Kasin innmed Ramskjei - å no hev eg rudd upp Sandland-Kasin au».

Han fekk kjøpe plassen 25. 9. 1863 av Såmund Knutson (Såmundsonen 18) som då åtte Nystogo-Sandland. Tov Håtteitåsen sette opp stoga her - og fjøset au. Han var så noko rufsen til å timra, fortelst det. Anne kona av Olav Halvorson, sa: «No må du timra bære fjose hell du hev timra stogo, - fe eg kan sita innme gruva å vørme meg, men de kan 'kje kjerri rni.»

Eigedornen har 12 mål dyrka jord og 15 mål skrapslått, 450 mål utmark.

Olav sel plassen til Olav Knutson Tveit 14. 5. 1866. Han sel det til Kjetil O. Kasin som ikkje greier halde på det i lengdi. Den 21. 12. 1879 får Olav Anderson Åsheim skjøte fra Kjetil O. Kasin ved sakførar Olsen. Anderson sel plassen i 1880 til Hans Gjermundson Øygarden g.m. Ingebjørg Gunnuldsdtr. (Son deira Olav f. på Kasin 7. 5. 1881).

Hans sel plassen i 1901 for 1500 kr. til Tallev Knutson og Anne Tovsdtr. (Dei hadde brukta m. a. på Håtteitåsen 1892-94). 4 born. Tallev hadde vore gruvearbeider og vanka vidt og breiddt.

I 1935, 7. 9. skreiv Torjus Loupedalen eit langt stykke om Tallev i «Varden». Loupedalen rosar Tallev for hans seige slit og gåpå hug. Tallev er då 88 år, men ruslar oppe og arbeider.

På Kasin bur han høgt og fritt. «Som eit haukereir ligg Kasin millom fjelli - nærsøkne nutar som tanar mot himmels». Tallev d. 10. 2. 1937, kona hans 11. 11. 1931.

No er Gunhild f. 1888 plett åleine med bikkja og geiti her oppi denne tungvinde plassen.

➤ FLATE-SANDLAND gnr. 99, bnr. 4

Gardane ligg lågt under eit langt utsedrag med småskog og knausar. Jordkyndet er sand og grus med ein del flat vasstrekte myrar som er noko vanskeleg å turrlegge.

Der er no 3 gardar som ber same namnet, men den midtaste som i grunnen er 2 bruk, og samanslegne att, er hovudgarden.

Husi ligg ved vegen som ber til Søre-Sandland med stoga ovanfor vegen og uthusi og stabburet nedom vegen. Stoga bygt 1890, uthusbygningen 1900, loft 1923. (Stolpereist på veslebur). Den dyrka jord er 40 mål (nydyrka 15 mål), 20 mål udyrka jord og omlag 200 mål utmark.

Eigedomen er samansett av fleire jordpartar frå gnr. 98 og 99. (5 bnr. i alt).

Eit Sandland gnr. 99 bnr. 4 åtte Knut Endreson Sandland. Husi på denne parten vart nedrivne og flutte - tufter syner ende austom garden. Elles er plassane øvre og nedre Staulslid, og Dalen lagt til eigedomen. Det var den forrige eigar Tov Anderson Rønning som kjøpte lut for lut. Den 15. 12. 1885 kjøpte han Sandland (løbenr. 118 d 99-4) av bror sin Olav Andersen. (1200 kr). Same dag plassen Dalen (løbenr. 117 d) for 350 kr. og 19. 2. 1898 Staulslid (gnr. 98, bnr. 7) for 200 kr.

Den 6. 6. 1905 får han skjøte frå Knut E. Sandland på gnr. 99, bnr. 4 for 2000 kr. Tov A. Sandland (d. 1943) dyrka opp 20 mål vass-sjuk jord, bygde ny uthus bygning (Skanta alle bjelkar sjølv), stolpereiste buret og fekk bygd ny stoge. (Alle bord til indrekldæning handhøvla). Han var elles fast veggvaktar på riksvegen og Ordalsvegen i 40 år og fekk Kongens fortjenstmedalje i sylv 1926. Han var g.m. Kari Halvorsdr. Vågland (Drangedal) 4 born. (Guro, Halvor, Tone Andrea og Anne Karine).

Sonen Halvor g.m. Signe Fredrikke Andersen (Vermland) eig no garden, men bur i Vestby.



[Tov Sandland]

Flate-Sandland er nemnt i eit prenta diplom frå 1493, 30. 11. (D.N.b. II. s. 227). Anders Nielssøn prest i Hjartdal og Vigleik Torgeirson svoren lagrettsmann, gjer kunnig at dei var i Ordal Anders messe før julen og «saghorn och hørdom handerbandth theræ i mellom» at Toff Torgerson selde 8 markabol i Sandland som ligg i «Brogberga kirka soghan och i nedra gardhen som kallis Flatta-Sandtlandh» til Steinulf Sveinson og har fått betaling.

Ditto 1534. (D.N.b. II s. 685). Tollef «o Kyssæ» og Sveinung Tjøstolvson og Jon Drengson (lagrett) gjer kunnig at Ulv Eivindson på vegne av kona Sigfrid Råmundsdtr., sel 7 markabol i Flate-Sandland som ligg i Brunkeberg sokn, til Koll Tholson. (Tofson). Betalingi lagd. Skrive i Seljord «in vigilia Thome apostoli» 1534.

Flate-Sandland rekna øydegard 1647 med skyld 1 ½ tn., 1 ½ daler med merknad «en ringe Plads».

Buskapen 1657: 1 hest, 4 kyr og kviger, 9 sauер og 4 geiter.

Eigarar og brukarar. Tarald heiter brukaren 1618-23 - «død av pest 1627». Garden tilhøyrer odelsbønder i Brunkeberg og Kviteseid no framover. Anders Jelstad (Ob) eig Flate-Sandland 1625-29 (1 ½ tn.) og Helge Jelstad eit års tid, men i 1630 «er hannorn fraløst». - Gudmund Opsund (1641-53). Steinar Midtsund har 3/4 tn. og Helge Midtsund 3/4 tn. framover til 1688. Ved folketelj. 1664 er Laers (Lauritz) oppsittar 60 år. - Det skifter med brukarar i denne garden. Mogens (1672-75), Tov (1686), Lauritz (1688), Guttorm, Vrål og Niks fram til 1704. Tov (1707), Gunnar (1712-22). I 1746-65 er Aslak Hansson eigar (heimel 2. 3. 1746 på 1 ½ tn.)

Skifte 1768, 7. 6. etter Aslak Hansson g.m. Margrethe Nilsdtr. 4 born. (Aslak (Skare), Hans, Margit 20 år, Liv 14 år). Brt 293 rd. Net. 156 rd. Medrekna festegods i Flate-Sandland 1 ½ tn. m.b. 200 rd.

Det er segn om at det budde ei trollkjerring på denne garden som heitte Margrethe,» sa Gunhild Gjervoll!

Hans Aslakson får heimel på 1 ½ tn. 11. 3. 1773 og broren Aslak får garden 10. 5. 1777. Tor Sandland kjøper garden 1789, 28. 2.

Tov og Svein helvtas om garden 26. 2. 1793. Svein kjøper så Tov sin lut 3. 10. 1796. I 1802 eig Svein Torson 1 ½ tn., men i 1808 er Sundre Gunnarson skiven for garden. Etter 1815 er Svein Tovson eigar av heile garden.

Det er skifte etter Sidsel Tallevsdtr., kona av Svein Tovson 5. 2. 1820. 3 born. (Tov, Tallev og Halvor, 8 veker). Brt. 723 rd. Net. 587 rd. Rekna jord i Flate-Sandland 1 tn. 6 sett. 600 rd.

Svein Tovson har truleg garden framover til borni vert vaksne. I 1836, 21. 2. vigjer gardbr. Tov Sveinson Flate-Sandland og Liv Egilsdtr. Hesteskodiket. (22 år og 25 år). - Svein har g. seg att med Jorond Jørgensdtr. som er d. 1841 (57 år) og skifte etter 6. 8. 1844. Obl. 5. 3. 1829 frå Svein Tovson til Jørgen Jensson Midtbø for 134 spdr. med pant i 10 2/5 sett. i garden Flate-Sandland.

Jørgen Sveinson m/kurator Guttorm Endreson, har selt halve garden (4 ½ sett.) til Endre Knutson. (Svollsbru 34). Skjyld. 24. 10. 1845. I 1849, 31. 1. vigjer Jørgen Sveinson Flate-Sandland (21 år) og Ingebjørg O. Gjervoll f. Skogsmark. (22 år). Vitne: Svein Tovson og Olav Haraldson.

Jørgen og Ingebjørg m/2 born til U.S.A. 1852.

Tov og Liv Egdsdtr. har no Flate-Sandland framover (1 barn, d. 16 dagar gamalt 1852).

NB. Tallev Sveinson Flate-Sandland pantset garden til H. H. Opdal, Bø for 500 spdr. 28. 2. 1860.

➤ SANDLAND (søre) gnr. 99, bnr. 1

Denne garden ligg lengst aust i Sandlandsgrenni; der er berglendt og bratt, men og stykke med myrdyrkning. Omlag 20 mål dyrka jord og 20 mål innmark og 500 mål utmark.

Endre Knutson rydda denne garden i 1840 åri (Skyld. 24. 10. 1845). Det var berre ei slåtte lenge sidan - med eit høysel. I tunet stod der stor skog som Endre stydde ned og timra jamvel løde av. Elles sette han opp alle husi og fekk brote opp åker og overflatedyrka nokre mål jord.

Etter Endre var død 1887, hadde Olav garden og sidan broren Knut Endreson g.m. Bergit Augonsdtr. - Knut Hansson Lid, Seljord kjøpte det av Knut i 1890 åri. Der var fleire brukarar framover m. a. Aksel Albrektsen (Skogsmark), Eivind Meinstad, Kristoffer Undeberg, Petter Høgsrud og så Eivind Sveinson.

Eivind S. Sandland (f. Åse) g.m. Ingebjørg T. Listaul (Dyrlandsdalen) kjøpte garden i 1901 av Knut Lid. Eivind og Ingebjørg har fått opp ny uthusbygning (1949) og stoga er påbygt og innreidt og klædt ute og inne i seinare tid. Eivind har dyrka opp 20 mål jord og fekk som påskyning Tor Vås premie 1950. (6 skeier i etui).

Kona Ingebjørg har vore dugande husmor og budeie. I 30 år sat ho på staulen saman med borni sine frå dei var små. Berre 14 dagar gamal var ein av ungane då han vart teken med på hei - og two av ungane vart fødd på staulen. (Tjønnestaul). Ho fekk budeiepremie 1948 av Telemark Landbrukselskap.

➤ MEINSTAD gnr. 99, bnr. 8

Dette er plass under Flate-Sandland frå gammalt. Feste 7. 12. 1831 på Meinstad til Gunne Mikkelsen og kona - oppatnya 4. 10. 1839 frå Knut T. Hemmestveit. I 1856 har landh, Ivar Wohl pant i plassen for 150 spdr. - Aslak O. Gotuholt har fått tingl. skjøte frå Wohl 29. 11. 1856 og skjøtar det til Knut Nordvaldson 18. 5. 1864 for 130 spdr. Knut sel Meinstad 6. 8. 64 til Endre Knutson (Svolsbru 34) for 150 spdr.

Staulslid og Dalen kjøper Endre Knutson av Olav Endreson Sandland (læraren) 26. 8. 1879 for 800 kr. I 1889 har Endre Knutson og Olav S. Oppsund denne eigedomen, seinare Sv. Sv. Groven (1900). Eivind Berge (Seljordsheii) og Åse Flatin (Seljord) brukta fyrst på Meinstad, sidan kjøpte dei plassen av Sv. Bjørnson. Eivind kjøpte gard i Stokke og selde så Meinstad til Knut Tallevson Kasin g.m. Anne Kalldal, (Hjartdal). No er sonen Torleif f. 1920 eigar.

I 1788 kjem Anders Gunnesson f. Runningen under Nordgarden i Seljord til Meinstad. Han var fødd 1749. Sjå Rikard Berge: Bygdedikting frå Telemarki V prenta i Skien 1912. Anders Meinstad som han vart kalla, var bygdediktar og ein mangslungen kar. Mest kjende av visene hans er «Aslak Skare» som klomsa tjoven, og Jusurei-visa. Anders døyde 1793. Sitat etter R. Berge:

«Hadde der stadi stegg av han Anders med han livde, so minka han ikkje etter han var død. For Anders gjekk att, sa dei. Presten Claus Barfod Storm var den gongen kapelan med Kviteseid; han var fyribis og kunde tala med dei avdøde. Han kom frå Seljord nettupp i dei dagane Andres Meinstad låg på likstrå og Johans Ramberg skjussa han. Komne midtfor Meinstad so segjer han de, Johans: «Der ligg ein mann på likstrå.» «Jeg havde havt moro for at snakke med ham, jeg.» sa Storm og tok upp ei bok og liksom skreiv i ho. Men då kom Andres og som han var livs livande; Johans kjende honom kavende vel, og vart så redd de var ulikeleg. «Hvordan har du det?» sa Storm. Jau, han tenkte de skulde gange honom godt. Men han var uviss endå; de var ei tid dei skulde vandre soleis sa han, og han var av dei «svævende aander.» - Johans såg ikkje meir, men høyrde de buldra og rødde med presten heilt til Hellebrui. - Storm sa etterpå: «Det var Andres Meinstad jeg talte med, det står godt til med ham nu.»

NB. Knut T. Hemmestveit skjøte til Lars R. Bärnholt på Meinstad, øvre Hesteskodiket og Skogsodd 1846, 3. 3.

Endre K. Sandland som har fått skjøte frå Knut Nordvaldson 6. 8. 1864 skjøtar Meinsud til Olav Sv. Oppsund 1878, 20. 6.

Skjøte frå Sv. Sv. Groven til Gunnar og Sv. Bjørnson 1923, 13. 3. (Kr. 8000). I 1925 vart Sv. Bj. eineeigar - meddi han kjøpte luten av bror sin for kr. 2000.

Kviteseid Sparebank kjøpte det på auksjon 1936, 28. II. for kr. 2700, men selde det til Sv. Bjørnson i 1939, 28. 6. (kr. 3500). Han selde det så til brukaren sin Eivind Berge (Seljord) g.m. Åse Flatin.

➤ FLATE-SANDLAND gnr. 99, bnr. 5

Dette er eit lite gardsbruk og ligg mellom Gjervoll og hovudbølet Sandland (gnr. 99, bnr. 4). jordet er noko hekut og blanda i lende og nokså avgrensa. Det er omlag 20 mål innmark og ca. 80 mål utmark - lite skog - difor vedarett, beite og husefang i Tjovedalen skog. Halvor Teisberg fekk utskift eit stykke. Husi på garden er berre så måteleg i stand - og står noko uregelrett på tunet, er vel meint sume skal rivast og flytast. Garden stod øyde og har visst ofte skift eigar i nyare tid.

Ein skreddar Olav Fredrik Jonassen g.m. Mari Andresdtr. (Jordgrav 15) budde her i 1886 og i 1905 - så kjøpte Søren Omland det og sidan gjekk det i fleire handelar m. a. hadde Aslak Nordskog det og Olav Langli og Åsmund Høydal som selde det til Halvor Teisberg frå Øyfjell. No er det sonen Knut H. Teisberg som eig garden.

➤ SKOGSMARK gnr. 100 bnr. 2

Eit stykke vest om Meinstad på Brunkebergskogen går ein veg over ei bru - Skotbakkbrui i leidi mot Kolltveiteggen. Denne vegen går i små svingar oppover til Skogsmark. Husestaden er lagt på ein liten bergknaus med litt trøngt tun med jordet sunnanfor og vestover ein stor myrdal som no er for det meste utvreita og oppdyrka. I austre kant av myrdalen er ei liti tjønn 200 m lang og 100 m brei. Det har vore bra fisk i denne tjønna fyrr, såleis tok far til del neverande eigarar ein fisk på 5 kg.

Husi på garden er i bra stand iszær stogebygningen frå 1919. Klædd og måla.

Til garden har hørt plassane Hommedalen, Hommen og Skotbakkane og staulen Bjordal.

Plassane atlagde og huslause. I Skotbakkane budde Tallev Aslaksson og Egeleiv Halvorsdtr. ikr. 1900. (Svanajord 128). På Homme hadde same Tallev budt tidlegare. Stoga stod att lenge og vart nytta til høysel.

Hommedalen låg lenger nede mot myrdalen, og der budde vist Halvor Hommedalen⁴⁵, han var gift og hadde mange ungar. Det var smått for dei og han for rundt og treskte for folk. Eingong han var hjå O. Sv. Groven og treskte og sat ved gruva og vermede dei nakne føtene sine sa han med seg sjølv. «Å du, den som ha havt seg ei skrå?» - Då sa han det Olav. «Kvitt om, du sko få ein kvart rull, dersom du kan springe att og fram. te Hommedalen berrføtt.» - Og Halvor i veg så snøspruten stod oppover riset. Olav ropa etter han, men han hørde ikkje - og att kom han om ei beite. «Ein må gjera mykje fe ein rull tobak,» sa han.

Skotbakkane som ligg like ned ved vegen og heng saman med Skogsmark, ligg i same skyldi og vert drive som attåtbruk. Der står no ei stor høyloede. Det har vore gamal plass og der har butt folk i lange tider.

Tallev Skotbakkane heimedøypte Olga Skogsmark i 1895 - etterpå hugsa han ikkje namnet. «Eg kalla ho visst Huldra,» sa han. - Ein av dei siste på S. var Hellek og Guro Skotbakkane. (Utv.).

Ymse namn som Studenterteigen og Halvteigen og Kattetjønnholet - ævor etter eit tjønnfly - Bruåker og Kjellaråker. Kvenni stod i Skotbakkbekkene - no longe nedlagd. Skogsmark var eingong 2 bruk. Nordre Skogsmark låg nordom bekken. Hustufter syner. Gunnar Helgeson bygde der 1740. Der budde Sandlandsfolki Endre Endreson og Gunhild Halvorsdtr. gifte i 1840. (Sandland II 49). Dei var så onnuge og nyttuge, grasa i alle grøe, bar foret i skrindur og kjesser på ryggen. Til U.S.A. 1852 med 5 born. Gerhard E. Sandland var heimatt og såg tuftene der bestefaren hadde stuka.

Skogsmark var øvdegard 1647 med skyld 1 tn. 1 ½ daler - og buskapen var 1 hest, 4 kyr, 6 sau. Garden har hørt til Kviteseid prestebol så langt soga rekk. (1647). Seinare vart det kapteinsgard, (scheffsgard). Oplys.fondet hadde det til 1905 då Aksel Albrechtsen kjøpte det.

Brukarar. Jens svarar saltverkskatt 1609 «forarmet». - Anders (1623-24), Kjetil (1632-41), Åsmund (1641-68). Ved folketelj. 1664 er han 60 år med son Anders 13 år. I 1713 eig Åsmund Høyeson Skogsmark ein part i Stor-Omtveit som han skriv frå seg til Kj. Leidulvson Omtveit. I 1719 er det markeskilsak millom Skogsmark, Gjervoll og Sandland, reist av mag. Otto Stoud. Der er nemnd ei Bergit Skogsmark som har skrämt etter hjuringane når dei kom over Skotbakkeli. - Omkring 1750 heiter brukaren Torstein. Han har fleire ungar som gifter seg. - Jakob 1768, Tone 1769, Rasmus 1794. Frammot 1800 talet vert Skogsmark kapteinsgard. I 1802 betalar kaptein Kaas jordavgift, likeeins i 1808, men i 1815-21 er kaptein Hagemann (Oppebårlsl. Reg.) eigar og Søren Eivindson brukar. - Den siste kapteinen her var kaptein Ullsfoss i 1880 åri.

I 1825 gifter leiglending Olav Haraldson Skogsmark seg med Anne Tomasdtr. Skogsmark. Han flyt til Seljord 1829 som enkemann med Ingebjørg 3 år. I 1830 åri er Høye Skogsmark brukar. Dotter hans Ingebjørg g. 1836 med Kjetil Tarjeison Tjønnstaul. Elles er Endre Sandland og Gunhild brukarar der før dei reiser til U.S.A. 1852. Olav Vrålson Skogsmark og Aslaug Knutsdtr. til U.S.A. 1869 «ved andres hjelp».

Svein Hylland var brukar fyre 1893 då Axel Albrechtsen flutte til Skogsmark. Bestefar han Jonas Henrik Albrechtsen, Kongsvinger var av svensk ætt.

Sonen hans Jens Christian Smith Albrechtsen, var lensmann i Kviteseid og budde på Gotuholt, (1835) Heggtveit, (1846) Groven (1850) og døydde på Nordbøen 1887.

Axel Carolius (1851-1934) brukar Skogsmark 1893-05 til han fekk kjøpa det av Oplysningsvæsnets fond. Det var presten A. Bergland og ein Selmer som ordna med handelen.

Det var ein dårleg eidegdom Axel kjøpte. Han fekk med ikr. 100 mål - innmark og utmark - resten heldt staten att - over 2000 mål skogmark.

Det var nesten ikkje tykkengslått - berre buhøy og skrapslått i fillernyrar. Men Axel tok fatt med nydyrkning og vreiting saman med gutane sine - og no er der 50 mål dyrka jord på Skogsmark.

Buskapen har vori opp i 16 naut og 2 hestar og eindel sau. Brødr. Skogsmark (Kjetil og Jonas) overtok garden 1946 etter mori Mari Kjetilsdtr. f. Hasleviki - og saman med Ingebjørg og Olga har dei drive

⁴⁵ Halvor Tallevson H.dalen og Anne Jakobsdtr. til U.S.A. 1862 m/4 barn.

garden. Dei har serskilt drive med oppal av Telemarksfe og har hatt ein gild buskap som har vekt åtgaum på Statssjået i Seljord. Ein stor premiesamling er å sjå på Skogsmark. Ein pokal 31 cm høg frå jub.sjået i Skien 1927 og ein ærespremie frå forsikr. Globus 1919. Vandrekanna av Lindekist på 5 år tilfall ei tid Skogsmark.

Frå tingboki 1742.

Soknepresten Bloch stemner dei forrige leiglendingar på Skogsmark - Knut og Gunnar Helgesøner. Dei og deires fedre har bruka garden - utan festebrev. Har jamvel teke seg til og oppretta 2 husestader. Mag. Otto Stoud hadde gjeve munnleg løyve - «for desbedre at hevde gaarden»,

Det er synfaring på Skogsmark 22. 5. 1742. På vestre parten er desse husi nye oppsette då av Gunnar Helgeson:

1. Røykstoge i god stand vurdert 16 rd., 2. Nytt fehus til 10 naut, 10 rd. 3. Høyløde, tekt med troer og spon. Brørne har forbetra både åker og eng og krev vederlag, men presten seier dei opp med 1 måneds varsel. - Den 21. 6. 1742 skal husi «ryddiggjøres» - og vederlaget reknar han for noko uvedkomande.

➤ HOVLAND gnr. 87, bnr. 7

Eit bureisingsbruk - fyrr kalla Skotbakkane, frå gammalt under Skogsmark - ligg på vestsida av Meinstad - bortom elvi. Jørund Sveinson Hesteskodiket kjøpte plassen til bureising 1917 av farbror sin Bjørn Eivindson. Han kjøpte innatt Øyanslått 1930 så no er det 31 mål dyrka jord og 50 mål utmark. Husi er nye og gode. Jørund f. 1891, (ugift). (Manheim 47).

➤ RUNNINGEN gnr. 101, bnr. 1

I ein dal mot nordvest noko hallande nedover ligg garden Runningen godt gjøymt på baksida av Kolltveiteggen (808 m) med solløyse 12 veker. Ein gamal allmannveg millom Brunkeberg og Odden i Seljord gjekk forbi garden. Her var stor ferdsel i gamal tid med drifter til fjells og folk og hestar som sleit seg fram over hardlende og klappa dike. Det var lensmannsgard her den tid Andreas Pederson Scodt levde (1774-1842) straks etter 1800 talet. Han vigde med Gunhild Ivarsdtr. Fossøl 1805.

Det er skifte på Runningen 1749, 18. 8. etter Hæge Tallevsdtr. kona av Knut Gunnsteinson. 3 born. Netto 106 rd. Husi på plassen rekna 63 rd.

Etter far åt Hæge, Tallev Torjusson er det skifte på Runningen 1731, 6. 11. Kona hans Johanne Torbjørnsdtr. er død, men Hæge og Marthe 15 år og 14 år lever og arvar. Netto 212 rd.

I 1766 vigjer E.m. Tomas Gunnsteinson Runningen og enke Margit Torbjørnsdtr. Skogsmark.

Knut vart g. II Kari Jakobsdtr. I 1773 dør 2 av borni på same dagen, Jakob 20 år, Gunhild 15 år.

Ivar Andreasson Skott g.m. Bergit Johannesdtr. budde på Runningen etter faren som fluttet til Groven i Br.berg og d. der 1842. Dei har 4 born f. Runningen (1831-39). 1852: Hans Eivindson eigar. Halvor Halvorson f. Heggtveit (1829-82) bur på Runningen frå 1860 åri. Han d. på Runningen 1882 - og enka Kristense Olavsdtr. (Langlid 39) sel garden i 1888 til Halvor g.m. Ingebjørg Salvesdtr. Heistad (Meås 37). (Halvor var son åt Margit, syskenbarn med Kristense).

Hans Runningen hadde garden fyre Halvor Heggtveit kom der. Halvor vart g.m. Gunhild Hansdtr. (d. 1868) først, sidan med Kristense. (1869).

Ingebjørg Salvesdtr. vart enke i 1904 og sat då med garden framover - ho d. 1942. No er det Salve og Halvor som driv garden.

Der er 30 mål dyrka jord og 20 mål slått og beite og 900 mål utmark. Husi er nokså gode især stoga som er fint opp-pussa og måla.

Ei fin kuneseng frå 1822 laga av Kjetil Skogsmark - og eit matskåp frå 1825 måla av Knut Mevastaul 1859, står i stoga. Kjetil har laga prekestolen i Br.berg kyrkje.

Elles har det hørt til garden både sag og kvern, badstoge og smie.

Frå tingboki 13. 6. 1722: Futen har innstenint til Groven tingstoge Margit Rudningen for knivskade på Tof Torgeirson. Vitne er foreldri Gunhild og Olav Einarson. Tof hadde slege til Gunhild - og då stakk Margit han med kniven. Påstand om 27 rd. i straff.

1808, 16. 11. kjøpte lensmann Andreas Skott Runningen av panthavar sokneprest N. Windfeld og Steinung Jørgensen Weum, 370 rd.

➤ FOSSØL gnr. 101, bnr. 2

Høgt og fritt ligg garden, open for ver og vind med lange augneleite mot nord og aust. (Mælefjell og Skorve). Namnet skal koma av at soli kjem så tidleg der - ja eg har hørt at ein mann kvitta seg med plassen av den grunn. Han fekk ikkje sova lenger enn til soli spratt - og det vart nok drygt tidleg her. Fossøl er det motsatte av baksøl - men *forsøl* burde det heitt - så namnet er noko forvanske - og kanskje uskynleg for mange. Det er no ein medels stor eigedom med 30 mål innmark (15 mål dyrka) og 900 mål utmark. Kolltveit er nærmeste granne i aust og Runningen i vest.

Husi er bra. Stoga opp-pussa og måla. Loftet er frå 1811 med namni O.I.S og KTD. (ættlingar av same rot som stortingsm. Ivar Tveiten, Fyresdal).

1787 Halvor, Ivar Sveinungsson Fossøls son 1 ½ år.

I 1801 bur Sveinung Ivarson og Jorunn Sveinsdtr. på Fossøl. (Båe 27 år med Guro 1 år)

Fossøl var eingong plass under Åse, men så i 1678 vart det utskild og fekk serskild skyld 2/3 tn. Saman med Runningen har det vore ein eigedom, men truleg skift ætt og eigar jamleg. I 1682-88 betalar Aslak Meås og Jørgen Ø odelskatt av Fossøl.

1712 bur Torjus Tovson der. Han har byksla garden av Øystein Kolltveit «tent kongen i 24 aar».

1718 er Helge Tormodson Fossøl husmann.

I 1802 og 1808 bur Olav Ivarson på garden og vidare i 1821 (6 settong) g. II 1816 med Åste Jørgensdtr. Heggtveit.

Olav fekk skjøte 1. mars 1804 - kjøpesum 200 rd.

Det ser ut som denne ætti sit på Fossøl framover, for i 1843 vigjer Ivar O. Fossøl (36 år) med Ingebjørg Steinarsdtr, (17 år). Ivar m/2 born utflutte ikr. 1850.

1852 eigar enke Margit Bjørnsdtr.

1864 brukar Paul Tallevson plassen, kanskje eigar óg.

Dordi Lavrantsdtr. - dotter åt Margit får heimel på Fossøl 10. 9. 1860. Så i 1868 sel mannen hennar Paul Tallevson Haugstoga eigedomen til Olav Halvorson Skogen (Skogen 17) for 800 spdr.

I 1880 åri m Eivind Tallevson Kolltveit eigar g. 1888 med Torbjørg O. Lid, Øyfjell.

Eivind flyt til Åse søndre i 1889 og garden går no i mange handelar. I 1905 er Gunnar Person og Per Tjos eigarar. Olav og Eivind Nes, Seljord og Svein A. Nordgård hadde det ei tid. O. O. Sandland selde det til Lavr. Rue og Knut Lofthus. I 1952 åtte Arthur Skauan, Oslo det. Han selde det til Andreas Skogsmark g.m. Bergit Toresdtr. Meås som har det no. (1957).

➤ KOLLTVEIT gnr. 102, bnr. 1 og 2

Garden ligg på ein kolle, høgt og fritt i skogmarki vest for Gjelstad - med hallande jorde mot morgonsoli ned mot Kolltveittjønni. Der husi står er fast grunn med små bergflater som stikk fram her og der. Den dyrka jord er 35 mål med 20 mål elles - og ikr. 1300 mål utmark. Eit bureisingsbruk er fråskilt 1939. (Kolltveit nedre). Til garden høyrer 2 plassar Nystaul og Tjønnstaul - både two attlagde.



[Margit og Olav Tjønnstaul (Skogen)]

På Tjønnstaul budde sist Olav Tjønnstaul - eventyrforteljar og spelemann (1909). Her på denne plassen vart sonen Jørgen fødd (1894) No i Rauland.

Knut O. Undeberg g. m Åsne Gunleiksdtr. Nystaul flutte frå Nystaul til Heistad 1923. - Båe plassar rødde omkr. 1800. - Staulen Eggstaul (attlagd) ligg oppå brotet mot Kolltveiteggen. (808 m). Hilleborg Eivindsdtr. sat på staulen her i 1870 åri. Ho gjekk ned til garden og skar 1 mål på dagen. Her på Eggstaul kom 12 skogrøvarar og ville taka budeia. Ho fekk koma seg nedpå ein knatte og blåsa i luren så der kom folk og berga henne. Såleis er rimet «Till till Tove» kome til fortel Landstad. (Landstad folkeviser s. 796).

På Høghanhadd oppe i Eggen reiste folk om påskemorgon for å sjå soli dansa. Valborgshol og Gunnarshol har namn etter eit ektepar som båe var utru. Her møttest dei med kjærastane sine i all løynd - seier segni. Tussekirkia er ein stor stein som har stukke utor fjellet. Her såg Tormod Kolltveit ei fin kyrkje i gamal tid. (Ikr. 1680).

Gunnarsåker - visstnok rudd av Gunnar Øysteinsson (eigar 1763).

Husestaden er stort sett den same som frå gammalt. Husi no er i mindre god stand - gamle og forfarne, i sær den gamle stoga - som no er avløyst av ei onnor, flutt frå Tjønnstaul og innattbygt og påbygt og gjort tidhøveleg.

Stabburet er frå 1790 - oppsett den tid Kjetil Guttormson var eigar. Utskorne svalstolpar - med namntrekket av Kjetil og kona hans skore rett og rangsøles under loftsgluggen. Grovt timmer i første høgdi

➤ HEGGTVEIT (midtre) gnr. 103, bnr. 1


I ei hallande dalside mot vest under Styvås på grensa mot Seljord - i Åsgrend - ligg Heggtveit. Det er no oppstykkja i mange bruk med kjenningsnamn som Midtre, Øvre, Nordre og Søre-Heggtveit og med fleire bruk som har gått frå m. a. Ramskei; Kyrdalen og Hesteskodiket. Samla skyld 18,53.

Fyrr ein går over til å omtala dei einskilde bruk og plassar skal me sjå litt på hovudgarden som no heiter Midtre-Heggtveit gnr. 103, bnr. 1.

Jordet er nokså flatt med lett vind innkøyring og utgjer 20 mål dyrka jord og 12 mål beite og innmark, 123 mål utmark.

Til garden hørde plassen Gravdal.

Sak i 1833 der Halvor Jørgenson. får halvparten av eigedomen. Denne halvparten har hørt til garden sida, men vart overdregen til Knut Halvorson (1937). Til garden har hørt kvenn i Høgefoss, nedlagt.



[Tingstoga på Heggtveit]

Husi på garden i god stand. Stoga opphaveleg tingstove frå 1755 - omvølt 1897 - bygt av Trond Ramskei. Ein tysk smed frå Gullnes (Weisfus) har smia dørklinka og gangjarni. På dei gamle svalestolpane med litt skurd står innskore Gunleik Jørenson 1755. - Stolpane står no på baksida av stoga.

Ei gamal dynn til ivistoga har bilætmåling - David og Goliat med ei riddarborg over.

Eit stort tinfat etter skrivars Chr. Rock med inngravne namnetrekk av dei fleste eigalarar av Heggtveit er å sjå i stoga. Eldste årstal 1626. Det er nok etter skrividotteri Hilleborg Rock, mor åt Gunleik Jørgenson, som svinga seg innatt på Heggtveit og tok den gamle ættegarden i bruk att 1754.

Knut Mevastaul har måla krunesengi og eit hengjeskåp. På garden finst mange gamle ting funne i jordi i nyare tid - både av jarn og stein. (Kleberstein).

Diltus heiter ei slette i vestkanten av jordet. Der stod eit gammalt sel og segni seier at ei hjuringsgjente låg der og fekk ofte vitjing av ein tussegut. Det råka til at folk såg ein liten gråklædd tussegut som dilita og sprang ut frå selet om morgonen og vart borte i ein glup i skogkanten. Sletta heiter Diltus og glupen kallast endå Diltusglupen.

Flaten heiter det på jordet. Der har lege 3 små gravrøysar. I den eine fann Halvor Jørgenson (1779-1861) ein nykje mellom 2 kvelvde steinar i ei silkenever. Nykelen var blank som gull eller messing. Futen Florentz fekk tak i han og sende han til Danmark. J

Eigarar og brukarar. Gunleik (Gullick) heiter bonden 1609-29. Han eig fleire gardar - i alt 10 tn. (Heggtveit 3 tn., Lauvstad 2 tn., Vågsland 2 tn., Åbø (Aasebø) 1 1/3 tn., Voje 5/6 tn., Kleiven 1/2 tn.).

I eit brev frå 1605 som vedkjem Gjelstad, står at Torbjørg Tormodsdtr. Åse er g.m. Gullick Tormodson Heggtveit. Sveinung - truleg sonen deira - er det då som har garden framover til 1695. Ved folketelj. 1664 er Sveinung 30 år med son Gunleik 12 år og dreng Auver 16 år, husmann Anders 80 år og Knut 20 år.

Sveinung eig omframt Heggtveit også 1 tn. i Rugtveit og 5/6 tn. i Dale i Fld. Han er gift 2 gonger (I Svanaug Jonsdtr. II Gunvor Halvorsdtr.) Gunvor eig Heggtveit 1697-1707.

Det ser ut som medelen raknar fort på Heggtveit Det vert Sveinung Sveinungson g.m. Guro Tovsdtr. (Sandland 30) som prøver med garden. Det er skifte etter Guro 1730. Brt. 27 rd. Gjeld 98 rd. - Det heiter elles i skifte etter faren Sv. Gunleikson 1696, 1. 8. at Heggtveit 2 tn. m.b. «i Pant hos Christian Rock».

Torgeir og Sveinung har garden 1713 (3 tm) så Torgeir eismal (1715-19) og Torgeir og Tov. (1720-22).

Gunleik Sveinungson (1652-1737) har sonen Jørgen Gunleikson Djuve g.m. Hilleborg Rock. Jørgen er lensmann og det er truleg at han har løyst inn panten verfaren har i Heggtveit - for eit er visst at sonen deira Gunleik får heimel på 3 tn. i Heggtveit 8. 10. 1754.

Ein merknad 1751 «Jørgen Gjuve eier alt» (3 tn. i H.)

Skifte på Heggtveit 1777, 3. 2. etter Åse Sveinsdtr. kona av Gunleik. Brt. 1208 rd. Net. 1166 rd. Medrekna Heggtveit 3 tn. m.b. 620 rd. og Kolltveit 2 tn. = 363 rd. - Sylv 33 rd. Det heiter i 1784 «Gunleik m/ barn». (d. 1804).

Garden vart dela i 2 like partar i 1790 åri millom Olav og Jørgen Gunleiksøner. (Olav 1 1/2 tn. 1790, 4. 3. d. på Rarndal 1834 - 77 år. Jørgen 1 1/2 tn. 1792, 24. 2.).

Olav hyser det som no er nordre Heggtveit. Der låg two plassar øvre og nedre Runningen, som vart slegne saman.

N.B. 1750, 6. 10. Åstadsak millom Heggtveit, Gjervoll, Flate-Sandland, Sandland og Meås. Ditto 1753 millom Heggtveit, Gjelstad, Skogsmark m. fl.

Midtre Heggtveit

fall til Jørgen Gunleikson. Kanskje var det han dei kalla svarte Jørgen. Han fekk husmannen sin Tov Saltvoll til å vitna i ei sak om deiddelina. Han skulle få ein svart koll og eit buksevirke for å gjeva falsk forklaring. No skal han gå att og leie på denne svarte kollen fortelst det. (Saltvollskrymtet).

På Heggtveit ligg enno eit pass etter Jørgen Gunleiksson dagsett 22. 2. 1789. Han har vore ute i krigen i 11 år og får mange kyter. Brevet som er delvis trykt og skrive, er underskrive av m a. Diedrickson, Peterson og Birke og Schleppegrell.

I 1827, 1. 7. vart Midtre Heggtveit dela i 2 like partar - Såleis at sonen Gunleik Jørgenson fekk å hyse det me no kallar øvre Heggtveit. (gnr. 103, bnr. 2). Berre nokre år etter 1833, 21. 10. vert Midtre endå eingong dela i 2 luter - så Gunleik Halvorson, ein brorson åt Gunleik Jørgenson, fekk å hysa ein ny gard - det me no kallar sørre Heggtveit. (103.3).



[Gunleik og Dagne Heggtveit (Heggtveit 72)]

På midtre sit så att Halvor Jørgenson. (1779-1860) g.m. Jorunn Jørgensdtr, Homme. Etter Halvor er død sit Jorunn med garden nokre år, men så i 1865, 13. 2. overtek eldste sonen Jørgen garden for 650 speisidaler. Han har g. seg i 1854 med Kari Johannesdtr. - Jørgen skjøtar garden til eldste sonen sin Halvor 1894, tingl. 12. 11. (Kr. 2400).

Den nov. eigar fekk skjøte av far sin 12. 3. 1937. Jørgen Halvorson f. 1911 g.m. Mari Andresdtr. Øverbø sit no på denne vesle parten som er att av det opphavelege store Heggtveit.

➤ **GRAVDAL gnr. 103, bnr. 16**

Aust for Vigdesjå i ein liten dal, vart denne plassen rudit omkr. 1750. I 1741 hogg Tomas Gunnsteinson og Svein Fossøl ei kos der Gravdal vart bygt. I eit skiftebrev av 12. 2. 1762 står det at Knut Helgesson Skogsmark rudde denne plassen nokre år derfyre - og Tallak Knutson har han fram til 1769, 23. 2. då

NB. På denne garden står eit gamalt, lite bur som er påbygt i nyare tid. Det skal vera eit av dei 7 buri på Heggtveit - som bonden sette opp for døttene sine. - Eit står endå på Ramskei - som var plass u/garden. Døtrene kunne ikkje semjast, difor laut faren gjeva dei kvar sitt. - (Vonde-Sveinung Heggtveit ca. 1600).

➤ HESTESKODIKET gnr. 103, bnr. 4

I nordenden av Vigdesjå tøygjer seg ein øyre nordover mot skogkanten oversådd med store og små steinar i jordskorpa. - Ut mot tjønni er det meir myraktig og her har det vore råd å dyrka.

Hesteskodiket var plass under Heggtveit. Namnet vil dei påstå skriv seg frå svartedaudens tid. Ein mann som var på leiting etter folk i desse utdøydde område, fann her hovslag i søyla etter ein hest. - Det minner om den nyspikka staven i Stavdal i Dalane. Mangt tyder på at husi stod først i sudhalli - i Vigdesiåplassen - som no er nesten attgrodde og borte. Seinare er husi flutt nordpå sletta ved vegen. Der var elles ein plass som heitte Harnes som det enno syner stogetuft etter. Sigrid Harnes lever i minnet av gamle folk endå.

Hesteskodiket var liksom ein samlingstad her på Br.bergskogen. Her fekk dei husrom både fant og fagnakar og her møtte dei om våren med krøteri som skulle til fjells og her skilde dei utatt så kvar fekk sitt om haustane. Det var trøer på Hesteskodiket. No står garden på det nærmeste øyde - endå husi vert haldne ved like. Det er Margit Sveinsdtr. g.m. Petter Hogsrød som eig det - og sonen Eivind har tilsyn med garden.

Elles budde Eivind Høyesson Hesteskodiket og Guro Sveinsdtr. her i 1850 åri. Han kjøpte innåt Kyrdalen 1861. Dei hadde 4 guitar (Svein, Høye, Bjørn og Jørgen d. 1884).

NB. 1793, Anne Kristine, d. 6 år. Gjermund Sveinsson Hesteskodike far.

Vigdesjå nemndt i bisp Jens Nilssens visitasbøker 1595. - Namn etter ein som drukna i dette vatnet (bisp?) og vatnet innvigt til gravstad. Vigdesjåvisa (av H. G. Heggtveit?)

➤ HEGGTVEIT (nordre) gnr. 103, bnr. 5

Garden ligg nedom Tollehornen og like ved grensa til Seljord - med det bratte Skogsodd rett I vest. Eit stykke fylgjer bytet bygdaråi til Ramskeistaulen der det går over elvi og vestover til plassen Nyörk og møter Kyrdalen ved Fegdetjønn. Jordet er nokså sterkt hallande ovan husi, men flatnar noko nedanfor. Slåmaskina kan gå alle stader. Den dyrka jord er 45 mål og like mykje beite og innmark og 400 mål utmark, (prod. 200 mål).

Til garden hører Nyörk - ein attlagd plass ved hovudvegen til Br.berg. Plassen er rudd av Eivind Kjetilson Øverland ikr. 1840. Han var husmann under Gjelstad og sat på Ståland - han skulle endå verta utkasta ein joletan og sat under ei gran og elda for seg.

Dei snakka så mykje om Amerika og Nyörk i dei dagar - og Eivind sa: «Her sko eg laga mitt Nyörk» - så fekk dette rudningslendet som er trønt og ulageleg nok, dette kravstore namnet. No er plassen attlagd og husi borte. Sist budde Kjersti, enka etter Anders der.

Fleire andre plassar har hørt til. Såleis Bjelland, Sponemyr, Ramskei og Kyrdalen. Bjelland hører no til Brekka i Seljord. Sponernyr attlagd. Sist budde ein Gunstein der. Ramskel gjekk over til Olav Gunleikson Ormbrekk bror til Tor som fekk Heggtveit g.m. Gro Kvålset. Dei kjøpte det av enka etter Steinar Halvorson Heggtveit.

Stridsmoen ligg vestan elvi, med ein gravhaug. Det er segn om at der har stått eit slag millom 2 småkongar - og dei falne vart nedgravne i haugen der.

Husi på garden er sers store og romlege - såleis har stoga frå 1830 ialt 10 rom. Det var lensmannsgard på den tid. Steinar Halvorson g.m. Dagne Sveinungsdr. åtte garden. Den gamle stoga brann i hans tid, og den nye vart flutt lenger opp på muren, så no går det ein brei murgang nedom tverrveggen. Det var «italiendertak» førststundes, men i 1896 vart stoga omrausta og likeins noko ominnreid.

Stabburet er nytt - i gammal stil - timra av Tov Tarjeison Gjelstad og rikt utskore av Hans O. Slettemeås. (1943). Timra gammal løde med nytt fjøs (1939) - alt under eit tak.

Sag og kvenn høyrde til nede i Bygaråi - nedlagde lenge sidan.

Då garden vart bygd i 1790 åri var Olav Gunleikson eigar. Han budde der til sist i 1820 åri og flutte så til plassen Ramskei d. der 1834⁴⁶.

Steinar Halvorson og Dagne Sveinungsdr. (Groven 17) kjøpte garden i 1828. Han døydde på Heggtveit 1839. Halvor son hans 8 år, døydde på same tid og dei fylgdest til jordi.

⁴⁶ Sonen hans Gunleik O. Aase var ein flink visediktar. I skriften «Lauvduskar» utgjeve av Det norske Samlaget 1887 - VI. finn me Sveinkallvisa. «Dei trur vel eg tregar at eg Sveinkall gjeng, denne trui ska eg slekkje. Eg kann au som andre spela på den streng, som kan elskhugselen vekkje. Men det er ein ting eg slettes ikkje tor: føler næringssuti konne bli for stor. Ser so mang ein mann gjere de han kan - endaa vi de ikkje rekkje. »

Han dikta fleire viser som no dei fleste er gløymde. Han døydde 1863, 60 år gammal. (Ættesoga Heggtveit 64.)

Dagne vart oppattgift med enkem. Sveinung Eivindson Skori 1841, (han 35 år gl.).

I 1863 flyt Tor Gunleikson Ormbrekki til Heggtveit og året etter kom Olav Gunleikson bror hans til Ramskei. Dei kjøpte jordi av Dagne Heggtveit. Tor g.m. Gro Gunnarsdtr. (Svollsbru 239) 1862 - hadde garden til 1891, 13. 4. då dotteri Kari g.m. Sveinung Gunleikson overtok garden for 5000 kr.

Gunleik f. 1898 og g.m. Kjersti Gundersen overtok eigedomen etter faren 1934.

➤ RAMSKEI gnr. 103, bnr. 6

Midt mot morgonsoli på ein hallande hjell under Skogsodd - og like i bytet mot Seljord ligg Ramskei. Det har vore plass under Heggtveit nordre til i 1864 då Olav G. Ormbrekki kjøpte han av Dagne Sv. Heggtveit. Fyre han sat Asbjørn Øysteinsson der. (Festesetel 30. 11. 1843 til Asbjørn og kona hans).

Eit stykke kalla Vestgarden, 36 mål «i Ramskeidelingen» fekk Tov Halvorson m/kone og barn feste på 28. 2. 1856. Dette stykke er seinare fråseld Ramskei. No har Eivind Kj. Flatin g.m. Anna Nordskog, Morgedal bygt seg hus der og kalla det Vestberg. (bnr. 12).

Ei slette midt nedom veggen, Ramskeistaulen ikr. 6 mål er fråseld. Der stod ei stoge ikv 1900 og Kjetil Anderson og Ingebjørg budde der då. (Stoga flutt til Bakken).

Husi på garden er i god synd. Stoga oppattbygt etter brannen 1924. Eit veslebur med bokstavane T.A.S. og eit bumerke [] over dynni (Tron Arneson Ramskei (1760-1816) skal vera flutt frå Heggtveit, - (eit av dei 7 buri, sjå bnr. 3).

Heile eigedomen utgjer ikr. 80 mål - med fjell og beite. (20 mål dyrka jord).

Den første eigaren Olav Gunleikson (spelemann) g.m. Anne Kjetilsdtr. drog til U.S.A. 1873. Han selde garden truleg til Halvor Olavson som har eigedomeni 1889. Men det skifte med eigarar framover. Kjetil Sakrisson hadde det i 1890 åri, Olav O. Skogen i 1905. Kjetil Såmundson Kyrdalen kjøpte det av Tor Heistad i 1912. Kjetil var der i mange år - såleis i dei verste krisetider i slutten av 1920 åri. Det vart til at Seljord Sparebank overtok det - og av banken kjøpte den noverande eigar Sverre Gunnarson Råmundalen g.m. Inga (Ingebjørg) Sveinungsdr. Heggtveit det i 1935, 25. 6.

Sverre eig eit heistikke i Råmundalen «Tustetjosi» gnr. 63, bnr. 8, skm. 90 øre, etter skjøte 6. 8. 1935.

Ad Ramskei.

På Ramskei budde foreldri åt Sterke-Nils. Det var Olav Nilsson og Åste Berntsdtr. Det er skifte etter Åste 1775, 28. 11. (3 born, Nils 54 år m. a.) Åste II g.m. Tron Åsmundson. Ikkje barn med han. Brt. 153 rd. Net. 139 rd.

Segn om at då Sterke-Nils var på Ramskeid, drog han eit lass opp ein kneik der, som ikkje hesten greidde⁴⁷.

Tron Ramskeid som laga «Ramskeifyla» var visst dreiar au. På Loupedalen er ei ølskål utan årstal (4 l.) med dette rimet: «I fra Tron Ramsjeis dreiersverk jeg kom til Gase Sandland sterke, saa blef jeg til Hufestad sent - mangen Dalakop har jeg skjenkt.» (Dalakop - klengenamn som mórrkurv).

Etter tingboki:

Skjøte frå Sveinung Eivindson Heggtveit til lensm. Asm. L. Grave 1856, 2. 10. (450 spdr.). Forrige eigar Steinar Halvorson vanta heimel på 2 sett. av dei 1 tn. 3 sett. han fekk ved auksjonsskjøte 10. 6. 1847.

Skyldsla 29. 11. 1856.

Lensmann Grave skjøte til Olav Gunleikson 1872, 11. 3. (450 spdr.). Ditto frå O. G. til O. Halvorson Fossøl 1873, 21. 4. (450 spdr.). Ditto frå Olav til sonen Halvor 1880, 5. 4. (1600 kr.).

Ditto frå Halvor til Kj. Sakrisson sine umynd. barn Sakris, Olav og Einar 1892, 27. 6. (Kr. 2400).

Ditto til O. O. Skogen 1901, 15. 10. (Kr. 3000). Ditto 1911, 27. 6. til Tor H. Åse. (Kr. 6000). Ditto 1922, 17. 1. til Kj. Kyrdalen. (Kr. 4400). Ditto (auksj.skjøte) til Gunhild L. Åse 1933. 24. 10. (Kr. 6500). Ditto 1935, 25. 6. til nov. eigar Sverre Råmunddal. (Kr. 3000).

Ramskeifyla.

Tron Ramskei var ein stor og sterke mann med uvanlege digre føter. Han dreiv og braut åker og grov vreiter og han gjekk på nokre store fyler (tresko). Ein gong med han braut åker og kasta vreiter på Oppgarden for Jon, klovna eine fyla og den andre vart og liggjande att på vreitekastet. Jon fann fyla etter Tron var ferdig med arbeidet. (Sume seier det var Jon Slote som fann fyla) Jon passa på fyla som ein heilag ting. Torjus Nordgarden var ein som samla på alt rart, og Ramskeifyla hadde han enddeg få tak i.

⁴⁷ Vegen gjekk då over elvi og om Brekka og det var ein fjellmann med eit smørlass som vart sa i beit - og våga ein smørholk - som og Nils fekk etter noko plunder. Mor åt Nils la seg oppi det og sa: «No æ Sterke-Nils vond». - «Å nei det er då vel ikkje han Sterke-Nils, vel» sa fjellmannen og gav han holken.

I eit kvennehus visa han og makti si. Ein mann trædde armen inn i kvenneauga og lyfte steinen - men Nils stakk inn fingeren han og letta opp steinen.

Han tala med Jon om dette mange gonger, men det var nubbe nei, det. Så kom Torjus til tenkje på Lavrants Holtan - kanskje han kunne vita råd. Torjus reiste til Lavrants og sa: «Kan du få tak i Ramskeifyla til meg, så skal eg gjera eit drusteleg lag for deg!» Lavrants tykte dette var moro og tok ut til Jon og ba om å få ein uvand ting av han. Tilslutt lova Jon det, men då han fekk vita at det var fyla, vart han reint ille ved, men fyla måtte han ut med. No fekk Torjus fyla, og så vart det laga til lag på Norgarden. Torjus ba folk kappast om å laga beste rimet om fyla. Det var fleire som prøva, men Svein Tarjeison Omtveit i Brunkeberg vann prisen med dette verset:

«Naar Tron gik til de dødes rige
da begynte jeg først paa jorden at stige.
Jon jemte på mig som en hellig ting,
da gjorde jeg min første spring.
Thi ved Lavrants'es list
haver Jon mig mist,
og nu dyrkes jeg på Nordgaarden
som en afgud til sist.
Jeg er aatte tommer bred og atten tommer lang
hvor findes den fod som er mig for trang.»

Fyla vart roseomåla og dei two siste linene i verset yart måla på fyla millom rosene. Fyla vart halde i akt og ære på Nordgarden i lange tider, men til sist var det ein oppkaupar (Nordvall) som fekk kjøpa fyla og seinare veit ingen meir om ho.

➤ KYRDALEN gnr. 103, bnr. 7

Opp i ei bratt dalkro under det hengbratte Skogsodd og Paradisnuten i nord og vest, ligg denne plassen eit stykke frå allmannvegen - med det vesle Vigdesjåvatnet rett nedanfor. Det var gamal plass under nordre Heggtveit. Hans Øysteinsson Gjelstad (1733-1818) og kona Svanaug Øysteinsdtr. (1725-1811) dør på Kyrdalen. Utskild som eige bruk 8, 4. 1861. Då kjøpte Eivind Høyeson Hesteskodiket plassen av Dagne Sv. Heggtveit. Det er 15 mål dyrka jord og 8 mål skrapslått og beite og 10 mål skogmark. Husi i brukeleg stand. Stoga bygt oppatt etter brann i 1928. Plassen har vore i ætti frå 1894, 6. 5. då Såmund Kjetilson Ramberg kjøpte det av Tov Mikkelsen Tveit for 700 kr. - Den noverande eigars Torvald Såmundson f. 1903 g.m. Helga Klasdtr. Meås, kjøpte eigedomen 1927 av far sin.

Dårenibba er å sjå frå Kyrdalen. Det pr ein kvass nutenabb som heng utover i austkanten av Skogsodd. - Ein fredlaus fekk i oppdrag å klatre rundt der for å løysa livet sitt. Han greidde det og - men for å syna han var kar ville han krabba rundt ein gong til. Då gjekk det gale, og han ramla utover og slo seg i hel. Den same nibba ter seg og som profilen av ein mann når ein står på Heggtvælt og då kallar dei han Skogsoddriksen.

Like ved vegen på Kyrdalen grunn har Kjetil Kyrdalen bygt fleire hus - m. a. eit utskore stabbur. Ei stoge med utskorne svalestolpar og bilætmaling på vegg og dør, brann opp 22. 4. 1957.

Kjetil f. 1883 vart ute for ei ulukke 1924, 7. 8. Han køyrdé motorsykkel og møtte ein bil. (Ved Veslestaul i Br.berg). Den høgre foten laut setjast av - og Kjetil har kunstig fot.

Kjetil som var ein huglieil kar og dreiv med ymse arbeid, skogsarbeid og fløyting, har lote lagt om arbeidet. Han er ikkje så lite av ein kunstnar, treskjærar og målar.

I ungdomen gjekk han i lære liå Asbjørn Hylland.

NB. St. Olavskjelda ved Vigdesjå på Kyrdalen grunn.

➤ ÅSE (nordre) gnr. 104, bnr. 1

Garden har flatvore, lettdrive jorde og ligg oppå ein stor hjell i ássida - oppå Styvås. Det er tungt å koma til gards. (430 m.o.h.) - men utsynet mot vest og nord er storfelt. Sume seier at dette er eldste garden i grenni - meddi at grenni har fått namn etter han - Åsgrend. Den store samling av gravhaugar ned i skogen mot Hagajorde tyder på at garden er rudd eingong i vikingtidi.

Det er no 2 bruk. Truleg deila omkr. år 1680.

Den fyrste husestaden stod midt mellom nordre og søndre Åse - på ein liten haug - tufter syner.

Garden var halvgard + øydegard 1647 med skyld 3 tn. 4 ½ daler «Åse med u/l. plass Fossøl». Etter 1678 er Fossøl fråskild og skyldi nedsett til 2 1/3 tn.

Buskapen 1657: 2 hestar, 10 kyr, 16 sauher og 2 geiter.

Eigarar og brukarar. Tjostolv 1609-20. Han er odelsbonde og eig fleire gardar i denne tidi - m. a. Haukom 4 tn., Sandland 1 ½ tn., Brekke 1 1/3 tn., Loftsgarden 2 tn., Landsverk 2 tn. o. fl. Tjostolv er og skriven for Åsheim (sjukfar åt Ståle? ÅEttesagaer og Sagn s. 106).

Torgeir eig Åse 1641-53. - Han er odelsbonde og eig omfr. Åse, 2 ½ m. i Verpe, ¾ tn. i Åsmundtveit, 2 2/3 tn. i Østerli, 3 tn. i Raugsberg. I 1660 eig Syver Dalen 1 ½ tn. i Åse og Bjørn sjølv 1 ½ tn. «Hver med sin bygsel».

Ved folketelj. 1664 er Bjørn oppsitjar 50 år med son Johannes 12 år. Br.berg kyrkje eig 1/6 tn. i Åse 1672. På denne tid går ein del av garden over til ein bymann Philip Adolph Paul 2 tn. - «opsidderen resten».

Åse har no 2 brukarar, Torgeir og Sondre (1685), Torgeir og Svein (1686-88), - Torgeir og Sondre kvar med 1 1/6 m. (1698-1700), Sondre 2 1/3 tn. (1702-19).

Skifte på Åse 1731, 5. 11. etter Sondre Sveinson (I Hæge Åsmundsdtr. Groven, II Åshild Tallevsdtr. alle saman døde). 3 bom. (Svein, Torbjørg og Ragnhiid). Sondre kjøpte Åse av bror sin Torgeir 1710. Brt. 432 rd. Gjeld 493 rd. Medr. «Aasse» 2 tn. 2 mæler m.b. 400 rd.

Svein har så garden eit års tid (1730-31). Steinar Johannesson har garden samla frå 1737 til 1764. Det er skifte etter han 1764, avslutta 14. 9., g.m. Maren Jørgensdtr. som er død. 3 bom (Halvor, Hilleborg, Guro). Brt. 1287 rd. Net. 950 rd. Medr. Åse 2 tn. 1 mæle over 2 tn. 2 mæler 650 rd. «Nystue i Næsland» 1 1/2 tn. m.b. = 300 rd. Sylv 71 rd. (Sylvbelte Med 12 kubber med spende og sprette = 14 rd.).

Verge for den 6 1/2 år gamle Halvor er morbroren Gunleik Jørgenson Heggtveit.

Halvor Steinarson får heimel på 2 1/6 tn. 1766, 10. 9. Han sit med garden framtil 1821 - døyr på Åse 1830. Johannes og Halvor - sönene åt H. Steinarson delast om garden.

Halvor g.m. Tone Torsdtr. (Haugland 107) d. på Åse 1854. Ein son Halvor f. 1847 bur på Åse 1872 då kona hans Elen Caroline Severinsdtr. døydde. (Tollehomen 2). Han til U.S.A. 1873.

Johannes og Gunhild Hansdtr. hadde 10 bom f. Åse. Han d. på Åse 1867 og kona d. på Åse 1880.

Halvor Johannesson og Gunhild Torsdtr. bur på Åse i slutten av 1870 åri. Etter dei Tor Seveinson Tollehomen og Jorund J. Heggtveit - som truleg selde garden til Såve Landsverk ikr. 1890.

Enka etter Eivind Tallevson Kolltveit, Torbjørg O. Lid Øyfjell kjøpte garden i slutten av 1890 åri av bror sin Såve O. Landsverk. Ho døydde der 1902. - Då Tarjei Asbjørnson Gjelstad kjøpte garden i 1914 av Andreas Skott så hadde både Kjetil Aslakson Flatin og Bjørgulg O. Noraberg ått han.

Då Tarjei overtok, var det berre ein fillegard - vandiven og ustelt på mange vis. Det er då han Tarjei og sidan Tore son hans, som har skapt garden slik han ter seg fram i dag med hus og oppdyrka jorde.

Frå tingboki 22. 2. 1678 - Opsund tingstoge.

Ad Svein Åse. Harald Oppebøen stevner Hache Gierrisumb for han har teke ein «Kædel udi Gield» av Svein Åse. Kjelen høyrd Harald til. Hachie vart svar skuldig og laut utatt med kjelen «och søge sin Betaling hos Sveind Aase som hannem schyldig ere.»

➤ ÅSE (søndre) gnr. 104, bnr. 2 og 6

Husi ligg på ein flate i sudaust for nordre Åse og har same storfelte utsyn som det andre bruket. Den gamle husestaden ligg på denne eideomen.

Av husi på garden merker ein seg serskilt stabburet frå 1787 - fint fråseggjort med flatskurd langs dynnan og på svalklædningen. Det er freda. På dvnnjarni står. H.S.S.A. 1788. (Halvor Steinarson Åse).

Til garden høyrd plassen Saltvoll - fråskild 1920.

Tollehommen og Hagajorde høyrd eingong til garden, men er longe sidan fråselde.

Etter at ætti åt Halvor Steinarson Åse hadde gått ut i 1880 åri, kjøpte Eivind Tallevson Kolltveit garden. Han døydde her i 1892. Lavrants Meås og Hæge Tallevsdtr. vart så eigara. Dei kjøpte garden av Torbjørg enka etter Eivind. Lavrants hadde dotteri Gunhild m. a. og ho fekk garden etter foreldri. Ho hadde dotteri Magnhild (f. 1918) som er gift med Hans Olavson Øygarden i 1939. Dei har 14 born. Så det er noko til barneflokk på søndre Åse i dag.

➤ TOLLEHOMMEN gnr. 104, bnr. 3

Like ved grensa til Seljord i ei bratt nordhall med utsyn over Meåsgardane i Seljord ligg dette småbruket. Den gamle husestaden var litt lenger oppe og aust mot Tollehåmåsane. Far til Severin Tollehommen (1822-92) flutte ned husi. Garden har vori ætti sidan 1848 - i 4 ættleder. Den dyrka jord er 20 mål og 10 mål elles og 150 mål utmark. Husi er i god stand.

Ei slåtte Hagajorde - truleg ein gamal plass med merke etter tufter i Knutskos - har hørt til garden til 1937 då Aslak Tarjeison Østtveiten f. 1919, kjøpte det og fekk i stand bureising.

Der er no oppdyrka ikr. 10 mål og oppsett nye hus.

I same eideom er ein gammal gravplass. Ein kan sjå i alt 7 gravhaugar med berre nokre meters mellomrom. Kvar haug er 4-5 m i tverrmål med rund steinsetning og jordfylling i midten. Berre ein av haugane er utgravne. Der fann dei noko av ein hovudskalle - fortalte Johannes Tollehommen (f. 1892) som sjølv hadde vore med å grave der.

No er gravplassen kjøpt frå Hagajorde og lagt til nordre-Åse der Tore Tarjeison Gjelstad er eigar.

Tollehommen har hatt desse eigara av same ætt:

Tor Sørensen opph. frå Porsgrunn åtte det først, sidan sonen Severin og Gunlaug Johannesson. Etter dei Tor Severinsen (skomaker) og Jorunn Jørgensdtr. Heggtveit, (1918, 15. 11.). No er det Karine Sørensen (dotteri) som har skjøtet. - Ho overtok etter broren Severin i 1932, 20. 2.

➤ **SALTVOLL gnr. 104, bnr. 7**

I ei vestvend solhall frå Åse ligg denne eigedomen noko bortgøymd. Det er visstnok ein gamal plass. Her skulle etter segni bu ein som heitte Tov for vel 200 år sidan. (Sjå Åse). I 1913 vart det skylddela frå bnr. 6. Skjøte 1914, 5. 3. frå Lavr. A. Meås til Gunhild og Aslak og borni hans. (Kr. 3500). Skjøte 1930, 21. 1. frå Gunhild til Aslak som no vart eine eigar. Husl er bra, men bruket står ofte øyde no.

I Saltvollplassen budde for lenge sidan ein Tov som vitnar i markeskiltvist (9. 8. 1740) mellom Heggtveit og Åse.

Steinar Johannesson Åse mot Jørgen Juve. Vitne nr. 4 Tov Øverland 40 år vitna «hans fader bodde på Åse». Saki utsett til 4. 10. s.å. Er dette Tov Saltvoll som vitna falskt? (Saltvollskymtet). (Sjå Midtre Heggtveit).

➤ **KJOS gnr. 105, bnr. 1 og 12**

Ein fin gard med godt oppdyrka, noko hallande jorde med Midtgarden (Gjelstad) som nærmeste granne mot aust. Soli står beint på i middagshøgdi og skogen står på nordsida og lygner for veret. Husi er i mykje god stand, nypussa og måla. Stabburet med stolpereist loft er det eldste hus på garden H.J.S. 1819 (Hans Jørgensen).

Den dyrka jord er 32 mål. Det er 17 mål kulturbete og innmark og 300 mål utmark. Det er serskilt Per T. Kjos - bestefar til den noverande eigar som har dyrka mykje av garden. Til denne garden høyrd m. a. plassen Dale som er utskild og gjort til bureisingsbruk.

Den gamle husestaden på Kjos låg ikr. 100 m lengre aust. Kven som flutte husi kjenner eg ikkje til.

Kjos vart tidleg rekna øydegard (1647) og låg under Gjelstad. Gjelstad m/ Tios heiter det i 1723. Eigaren av Kjos 1698 heiter Tarjei (Haukom) og litt seinare Olav. I 1734, 27. 9. er det skifte etter Asgjerd Halvorsdtr. g. I Tallev Jonson, II Jon Tallakson, Brt. 246 rd. Net. 107 rd. Jon bur på Kjos då - men alt i 1739 er Kjos og Gjelstad under same eigar, Aslaug Gunnarsdtr., enka etter Øystein Jørgenson. Sonen Jørgen, har også både eigedomar 1791. (4 tn.).

Hans Jørgenson har hatt garden i 1819 då buret på Kjos er bygt. Hans budde skiftevis på Kjøx Haugen og Gjelstad. Han døydde på Gjelstad 1857. Sigrid Hansdtr. Kjos flyt til Seljord 1845. Ho var gift med Gunnar Aslaksson. (Øvstviteinen 30).

I 1869 er Guttorm Knutson Kjos bruksmann på garden. Kona heiter Torbjørg Olavsdtr. Dei har 3 born «Til Amerika ved egne midler».

Det ser ut som det er Jørund Hansson og ætti hans som har Kjos no frametter. Dotteri Kari er g.m. sylvsmeden Guttorm Olavson Verpe. Dei har både Kjos og Midtgarden. Såleis i 1889 er Torhild Guttormsdotter skrivi for Kjos og faren Guttorm Olavson for Midtgarden. (Torhild er då berre 13 år).

Men Kjos går i f[ei]re handelar - m. a. har Laurantz Jansen det i 1905. Då Per Torgeirson Strømstad kjøpte garden i 1913 tingl. skjøte 6. 4. 1914, var det Thor A. Ødegården og Sveinung Gunleikson Heggtveit som åtte det. Samstundes kjøpte han innat heimeskogen ved Kolltveittjønni av Mevastaul skog. (Skyld 75 øre). Dette fekk bnr. 12 og skyld 25 øre, 3. 11. 1913.

Per Kjos d. 1922 og borni hans sat med garden i uskift bu til 1936 då Bergit Persdtr. overtok eigedomen. Ein son å Anne Persdtr. Kjos, Petter g.m. Jenny Prangerød, Skjeberg - kjøpte garden av tanta si i 1952.

Solberg u/Kjos. I 1942 hyste Knut Gunleikson Nystaul u/Kolltveit her. Det var berre ei liti stoge tett ved vegen austom skulen i Åsgrend. Knut f. 1876 budde her åleine med hunden sin. Foreldri hans heitte Gunleik Torson Blomhaug og Ingebjørg Knutsdtr. Bukosi u/Kilen.

➤ **MEVASTAUL gnr. 105, bnr. 3**

Mellom Bjortjønn og Langesjå på ein rinde er garden bygd. Det er tungvint å koma til med vatnet som einaste framkomst over mot Åsgrend. På andre sida vatnet mot Kolltveit er no graven ein brukeleg skogsbilveg.

Mevastaul har vori staule til Gjelstad. «Me va på staulen,» sa dei der, derav namnet, ytra ein. Men det tyder vel heller «Midvatsstaulen», kfr. den gamle formi «Midvatns», - midt på vatnet, - midtvegs på vatnet. (Etter utdrag av Gudve Gjelstad granskingar av namn i Brokefjellfeltet).

Rosemålaren Knut Olavson Øverland var eingong på Gjelstad og måla og då baud mannen han rudningslende her og Knut kjøpte så Mevastaul og bygde og budde her sidan. Dette var fyre 1820. Men namnet på staulen fans lenge fyre den tid.

Knut Mevastaul (sjå ættesøga s. 478), d. 1862 på Mevastaul og dei 2 sönene hans Olav (f. 1817) og Jens (f. 1834) hadde så plassen til dei reiste til U.S.A. 1868 - og Halvor Tovson Kippestaul kjøpte det. Sonen hans, Tarjei, hadde garden til sin død 1923. Olav O. Godlid g.m. Gunhild Hansdtr. Haugland (Seljord) kjøpte garden på auksjon 1923. Tarjei var ein storbunga og sterke kar. Han dyrka opp mesteparten av plassen som no har bortimot 30 mål innmark og 140 mål skogmark.

Der er bra hus på garden.

Ein gamal plass Kosi - utskild frå Langelid, høyrer no til. Der er merke etter åkrar. Ein som heitte Knut Kosi budde der sist, hadde fått det i arv. Huskebu var ein staule til Mevestaul, men er seld i frå (1953).

➤ DALE (Gjelstad) gnr. 105, bnr. 7

Det var plass under (Gjelstad) Kjos frå gammalt, men er bureisingsbruk frå 1934. Eigedomen ligg like ved vegen til Gjelstad på vestsida med små, låge åsrabbar og skogdekkar som gjelder bruket inn.

Det høyrer til 18 mål dyrka jord og 300 mål utmark. Alle husi er nye. Sveinung Gunleikson Heggtveit hadde ått både Kjos og Dale. Då han selde Kjos i 1931, heldt han att plassen Dale og det fekk Tor, son hans i 1934 g.m. Anne Kj. Flatin. Tor døydde brått 1956 og enka og dei 3 borni har no eigedomen. Den siste som sat her som husmann var Jørgen Eivindson og Mari Jørgensdtr.

Besteforeldri hans Jørgen Hansson og Sigrid Gunnarsdtr. budde på Dale i 1843. (Sjå Ættesoga s. 145).

➤ GJELSTAD gnr. 105, bnr. 8 og 14

Namnet er noko uklårt. Det har vord skive på ymse måtar Giellstuffue (1585), Giedstue, Jelsladt (1593), Jellstadt (1612), Gielstad m/ Tios (1723). O. Rygh finn ingi klår meining og tolking av gardsnamnet og gissar på ei avleiding av mannsnamnet Gjafvaldr. Gjelstad vert uttala med einstavings tonelag.

Garden ligg lognt i ein liten dal som hallar oppover i sudaust med middagssoli beint på jordet som har både skarp og god jord. Det er eit drygt jorde - bortimot 100 mål innmark (60 mål dyrka) og 1700 mål utmark. Det er fråseld eit bureisingsbruk på 25 mål innmark og 500 mål utmark. (1937, tingl. 1954). Bureisingi var først tenkt til Andreas Skott, som fekk skjøte 1937, men er seinare overdrege til broren Tor 1954. Likeins fråseld 10 mål innmark og 150 mål utmark til Toralf Skott 1953.

Til garden har hørt frå gammalt mange gardar og plassar så det samla utgjorde 23,39 skyldmark m. a. Kolltveit, Dalen, Heistad, Mevestaul, Midtgarden, Tjos, Ståland og Raklekast. Dei fleste er no fråselde.



[Gjelstad kring 1880]

Den gamle husestaden er ubrigda. Der var eit inntun og eit utetun med mange hus. Utetunet var etla til buskapen. Der stod fjøset og løda m. a. Husi på garden er gamle, men stelt med i nyare tid. Stabburet som opphaveleg har vori jarebur, (utan stabbar under) har årstalet 1505. Det er klædt og utskori 1877. (Krossar i lafti som på Donstad og Hauge). Eit veslebur frå 1840 er oppsett av husmannen Gunleik Gunleikson Dalen u/Gjelstad. Han sette opp fleire hus på garden m. a. den timra løda i 1849. Etter segni hadde han 2 tn. korn for å byggja løda.

Kvenn var det i bekken like ved jordet og sagi som no bører Kolltveit til, står på det som eingong var Gjelstad grunn. Tjos eig no sagstøde og har krav på noko billigare saging. (Opplyst av Talleiv Kolltveit).

Nokre gamle stadnamn: Kanåker u/Midtgarden, Jørundshopp ligg ved Heistad. Ein gut utover der på ski og slo seg i hel. Gjelstadholet i ein nut mellom Heistad og Gjelstad. Det er tront i utgangen, men har fleire utvidingar innover, omlag 20 m. Segn om at det går tvert gjennom fjellet til Gagnås. jfr. Gagnåsvisa og Hølgje Dale som kraup i gjennom her i svemnen og vakna først i Raubekk utanfor Heistad. Ei bikkje kraup og i gjennom og kom utatt brunsvidd på eine sida - akkurat som i Heddersholet ved Sinnes i Vrådal, som endar (?) ved Bandak.

Frå gamlesoga til Gjelstad.

Å tidfesta rydning av garden er uråd, men han er gammal etter alt å døma. I 1943 vart det ved dr. Sigurd Grieg registrera 3 gravhaugar på Gjelstad og 3 på Midtgarden. Ettertidi vil vise om desse gøymer gamle verdifulle ting.

Gjelstad vart rekna fullgard 1647 med skyld 4 tn. 6 daler. Det heiter då Gjelstad m: Tios. Buskapen 1657 som svara «Kvægskatt» 1 hest, 9 kyr, 14 sauher og 4 geiter.

Eigarar og brukarar. Olav betalar arbeidsskatt 1593-94. Anders 1609-11 og Gunleik 1619-20. Stein «m/hustru og pige» betalar Koppskatt 1645. Ved folketelj. 1664 er Stein 60 år og sonen Olav 16 år. Same ætti hadde sete på garden i fleire åttleder. (Sjå Koltveit og brevet frå 1605).

Nemnde Anders Gjelstad er odelsbonde og eig også ei tid 1 ½ tn. i Sandland (1625-29) og 2 1/3 tn. i Brekke (1625). Sonen Stein har heile garden 1647-68 - seinare saman med sonen sin Anders. Men medelen raknar altfort og garden vert pantsatt til framande. I 1682-83 har Anna sal. Claus Andersen til Borgestad 3 tn. i garden, oppsitjaren Tarjei har resten 1 tn. Denne eine tunna har Christen Clausen 1685-88.

Det vert då snart bondeeige att. Anders, Tarjei og Torjus eig garden i 1690 åri. I 1697-98 har Tallak 3 tn. og Tarjei 1 tn. d. v. s. Kjos og bur der.

Tallak og Tarjei Åsse halvtast om garden 1699-1700, og i 1702 er den siste vorten eigar av 3 tn. og Olav 1 tn. Dette er truleg Tarjei Haukom far åt Jørgen som har Gjelstad 1714.

Skifte på Gjelstad 1695, 12. 10. etter Torjus Knutson g.m. Ragnhild Andersdtr. Gjelstad (1 barn, Ingebjørg). Brt. 209 rd. Net. 72 rd. Dessutan jord i Gjelstad 2 tn. m.b. innløyst for 200 rd. Ditto 1700, 23. 11. etter Tallak Salveson g.m. Joronn Olavsdtr. (1 barn, Bergit. Buet svært lite). -

Jørgen Tarjeison Haukom eig Gjelstad framover til 1714. Sønene Øystein og Hans krev då å få garden. Etter mange prov og akkedasi gav Jørgen seg og mot 440 rd. let han garden frå seg. (3 tn. m.b.).

Frå tingboki 20. 2. 1702: Michel Jensson Øy på hrr. Ludvig Bluths vegne spør ålmugen om det er arv etter Tallak Salveson Gjelstad - han har skuld etter seg. Dei svara at han var bortdød for 2 år sidan og enka og barnet bed seg «som i Guds sandhet ere i sig selv noksaa altfor vitterlig».

Skifte 1739, 27. 2. slutta 1740, 6. 12. etter Øystein Jørgenson. (Gjelstad IV) Brt. 2071 rd. Net. 1605 rd. medrekna jord i Gjelstad 520 rd. Tios 1 tn. m.b. 192 rd. Kolltveit 2 tn. 2 mæler 400 rd. Fossøl 4 mæler m.b. 80 rd. Lille-Asheim ½ tn 129 rd.

Ditto 1762, 9. 2, etter enka Aslaug Gunnarsdtr. (g. m. Øystein Jørgenson). Brt. 1009 rd. Net. 531 rd. Medrekna Gjelstad m/Kjos 4 tn. 600 rd. og Little-Asheim 1 ½ tn. 53 rd. og plassen Fossøl 8 sett. 80 rd. Sylv 21 rd. 1 brennevinskjele med hatt og piper for 5 rd.

Ditto 1802, 21. 2. Jørgen Øysteinsson og Sigrid Knutsdtr. søker om å sitja i uskift bu. Jørgen har fått heimel på 2 1/3 tn. 1762 - og vidare 3 ¼ tn. 1765 og det same 1785 til han i 1791, 28. 2. heimlar 4 tn.

Det ser ut som garden vert dela 1803, 28. 2. for Jørgen Jørgenson får 2 tn. og arvingane etter Jørgen Øysteinsson (d. 1802) får også 2 tn. I 1813, 13. 2. søker Jørgen Jørgenson og kona Tore Håvorsdtr. om å få sitja i uskift bu. Tom d. 1815 og Jørgen g. III Guro Halvorsdtr. Bjåland. Det gjekk ut med Jørgen og han døyde som f.lem på Gjelstad 1846.

Hans Jørgenson får det som no heiter Midtgarden 5/8 tn. 1806, 1. 12. - Det same som futen Florentz får skjøte på 1811, 12. 11.

I 1815-21 er det 4 eigarar av Gjelstad. Jørgen Jørgenson har 2 tn. (truleg hovudbølet), Jørgen Aall 9 sett., Florentz 7 ½ sett, og Hans Jørgenson 7 ½ sett.

[Midtgarden Gjelstad]

Ætti av Jørgen Jørgenson bur på Gjelstad utover til 1840 eller så då son åt lensmann Andreas Pedersen Scott vert eigar. Han heitte Ivar Skott. Sonen Andreas og broren Johannes (d. 1878) hadde så garden. (Namnetrekki av Johannes på loftet 1877). I 1886 kjøper Asbjørn Tarjeison Volhovd garden (g. m. Hæge Eilevsdtr. Haukom). Asbjørn d. i loftet på Gjelstad 1898 og enka sat med garden til 1907 då sonen Tarjei

overtok. Han selde garden til lærar Andreas Skott i 1909. (Skott 14). I 1932 fekk yngste sonen Ivar Jørund auksjonskjøte på garden. Skjøtet vart overdrege til eldste broren Andreas 1955 som no er eigar.

➤ MIDTGARDEN (Gjelstad) gnr. 105, bnr. 2 og 4

Denne garden ligg i same lidraget som Gjelstad og Kjos og har frå gammalt namnet: Midtgarden-Gjelstad.

Garden ligg vent til i solhallet - er vestvend og har god jord. Der husi står er jamn fin mark. Det eldste framhuset vart i si tid flutt til Heggtveit (nordre). Framhuset som står på garden no er omgjort og av ei onnor type - nyare enn det fyrste. Det er no under oppussing. Stabburet har grove magataegde vegg med dreia hyrnestolpar, elles ikkje utskurd - frå ikr. 1800.

Der er tre gravhaugar på garden. Tidlegare er det utjamna fleire. Kishov staule ved Langesjå har høyrt til, men er ved utskifting i 1955 fråseld til N. Fr. Aall. Tangvald som i si tid var eit opprudd stykke med hus på i bytet mot Heistad og Gjelstad er utlagt til beite. Det skulle vera skrivarkaren Tang eller Tangvald som hyste her på den tid futen Florentz budde på Midtgarden. Tydingi av Kan - ein åker på oppkanten av Nestegardshaugen i Midtgardens jord er vanskelegare. Etter det Gudve Gjelstad opplyser kan det vera så gammalt at det visar attende på «Eit gammalt Kann» - eit grensepunkt millom to gardar.

Midtgarden er ein medels stor gard med ikr. 40 mål dyrka jord og 20 mål anna innmark og omlag 1000 mål utmark.

Midtgarden vart skild frå Gjelstad i 1803, 28. 2. Den fyrste eigaren var Hans Jørgensen, (1806, 1. 12.).

I 1811, 12. 11. får Florentz skjøte på 5/8 tn., og i 1821 er han skriven for 7 ½ settong. Han bur på Midtgarden saman med kona si Anna Dorothea f. Rye i fleire år. Dei eldste borni er fødde der. Men så i 1821 er han flutt til Roeid, der ætti hans har sidan halde til. Han bytte gard med Halvor Steinanson Bakås. Det er ætti etter Hans Jørgenson som har Midtgarden etter Florentz. I 1850 bur Jørgen Hansson der g.m. Kjersti Kjetilsdr. Øverland. Dotteri Kari g.m. sylvsmeden Guttorm Olavson Verpe av den kjende Askiltætti i Bø, bur på Midtgarden frå 1870. Dei har 5 born: Jørgen og Jørgen, Olav, Torhild f. 1876 (flytte til Vestfold) og Kjersti.

Kari dør 1879 og året etter gifter Guttorm seg oppatt med Tone Olavsdtr. Gravalid - dotter åt Olav Hansson Tjos og Hæge Kjetilsdr. Øverland. Dei har borni: Kari og Olav.

Det var om Guttorm og Kari at stevet om Vågelian var omgjort slik:

«Vent er det i Fisketjønnlian når lauvet og graset gror -
men venare enn på Fisketjønn
når Guttorm og Kari ror».



[Kari og Guttorm Gjelstad. (Gjelstad 34)]

Guttorm miste alt han åtte ved eindeil uheldige kausjonar. Etter 1889 er dotteri Torhild eigar. Til Midtgarden høyrd Kjos. Det vart sold av Guttorm til Tor Vå.

Guttorm som var faglærd og ein framifrå sylvsmed - i lære hjå Tostrup i Christiania og hjå Sveinung Åsmundson Rønjom, var elles ein mann med rike evner. Forutan at han bygde opp teglverket på Verpe i Bø, kunne han så og sei alt av handverk på ein gard, var m. a. skomaker og salmakar og urmakar. Han dreiv Midtgarden godt og hadde mang ei premiekyr til sals på fesjået i Seljord.

Torhild Midtgarden selde eigedomen Midtgarden m/Mevastaulskog i 1917 til Åsmund Høydal, son åt lærar Åsmund Olavson Sudgarden (Søgaard) og Ingebjørg Ellingsdtr. Tveiten (H.mo) g.m. Sigrid Gregardsdtr. Utabjå.

Skjøte frå Torhild 1919. 16. 12. lydande på kr. 10000.

I 1935, 5. 2. overtek Hallvard A. Høydal Midtgarden m/Mevastaul skog for kr. 7000. Fyre han hadde brørne Åsmund og Gregar sete med eigedomen etter skjøte av 20. 10. 1931.

Den 10. 4. 1955 skjøte frå Hallvard til Øystein Stråndi og Olav A. Gjersund. (Tingl. 16. 4. 1955 kr. 17000).

➤ HEISTAD gnr. 105, bnr. 10

Dette bruket ligg like ved grensa til Seljordsheii i nordhalli med Fisketjønn like i sud. Jordet er noko ujamt med bakkar og smådekkar og dalar. Husi ligg oppå ein bakke med godt utsyn sudover mot Brokefjell og Kishov. Ved husi i ei logn krå, (424 m. o. h.) er over 30 små aplar planta for 10 år sidan. Dei gjev alt god frukt.

Tallev (Meås 18) heitte rudngsmannen (1791-1855). Kona Aslaug Olavsdtr. 4 born f. Heistad (1816-23). Etter dei budde sonen Salve der og Alet Gunleiksdtr. - som husmannsfolk. Salve d. Heistad 1886. Dotteri Ingebjørg g.m. Halvor O. Langeli budde her litt fyre dei flutte til Runningen.

NB. I 1903 kjøpte Knut Åsen Lisland det av Tarjei Asbjørnson Gjelstad. Han selde det til Andreas Skott som selde det til Kjetil Runningen. Av honom kjøpte Knut Undeberg det. Olav Knutson Undeberg eller Heistad, kjøpte det av far sin i 1934. Han er g.m. Gunnbjørg Frøysnes, Hardanger.

Der er 22 mål dyrka jord og 10 mål udyrka og 60 mål utmark. Mesteparten av jordet har Knut Undeberg g.m. Åsne Gunleiksdtr. Nystaul, brote opp. Han har bygt stoga 1942. - Den gamle som Tallev hadde sett opp av timret vokse i tunet, rotna ned. - Buret er flutt frå plassen Ståland u/Gjelstad, og sett stolpereisning på. Løda har årstalet 1810 sikkert frå den tid Tallev rudde plassen.

Knut Knutsson (Runningen 74) hadde feste på Heistad frå noko fyre 1900. Fyre han hadde Kjetil Aasmundson Aasen budd her eit par år. Svein Haraldson (Pålbu? Haugland) budde også på Heistad ei tid.

EIT OG ANNA FRA DALANE

Mestedelen etter notat av Sveinung Mostaul. (Oppskrive kring 1920.)

Lundevallsdalen.

Ein enkemann som heitte Olav budde på Lundevallsdalen i 1850 åri. Han hadde vore g.m. Åshild. Dei budde endå på ein plass ovom Bjørkhaug i Haukomgrendi. Ein dag med dei budde der kom dei til å haldast om noko i Det nye Testamentet. Så blei dei enige om at den som fyrt døde skulle koma att og sei kven som hadde rett. Åshild døde fyrt og andre dagen Olav stend ser ut gjennom glaset, seier han til dotter si: «Der kjem Åshild!» Han ut og tala med ho. Ho seier då at alt var som ho hadde meint. Ivlen elles var det gale gjera slike lovnader med kvarandre. Ho måtte beda om lov til å reise. - Dermed var ho borte.

Olav fortalte dette mange gonger til Birgit Harthol og ho att til Gunnhild Dalen. Olav d. kring 1858 omlag 60 år gammal.

Plassar under Hovdeklev.

Tjønnås, øvre. Tjønnås er visstnok rudd av Anders Bjørnson g.m. Dordi Gudmundsdtr. Ho. d. Moen.

Omkring 1860 reiste Tormod Olavson (Grå 33) og kona Ingebjørg frå Tjønnås. Tone, dotteri, vart g.m. Halvor Damkosi som rudde Nuten kring 1870. Ei anna dotter, Hæge, vart g.m. Høye Postmyr. (Langlid 37.)

Gunleik Torson og Ingebjørg bur på Tjønnås kring 1870. (Sterke-Nils 32) Tjønnås har stade øyde sidan 1886. Tjønnåsgruva var i drift 1887.

Plassar under Tveit.

Eikedal er kanskje rudd av Vetle Baugerud frå Åmotsdal. Han var g.m. Birgit Auversdtr. Kleivmorki (Finne 67). Dei budde på Kvåle og.

Kvåle. Knut Torjusson (Kvåle 2) lærar i Dalane g.m. Margit bur her kring 1840. Auver Olavson (Finne 86) og Aslaug flyt frå Kvåle til Bjørnflatin i 1878. Seinare hev Kvåle vore øyde.

Kosi. Olav Auversen (Finne 69) bur her og på Kleivmorki, Bergan og Amdalen. Seinare Nikuls Syversen frå Lårdal.

Nordskog. Knut og Birgit er dei siste her og flyt frå litt fyr 1860.

Listaul. Gamal plass. Ståle Eivindson g.m. Hæge Såmundsdtr. Øyan bur her til dei døyr kring 1870, ho litt fyr. Sveinung Olavson Tveit reiser frå Listaul til Amerika kring 1885. Kona heitte Hæge Eivindsdtr. Landsverk. Gunnar Eivindson (Utbøen 150) flyt frå Lårdal til Breidalen i Tveitgrendi i 1876 og så til Listaul som han kjøpte. Kona Tone d. på Listaul i 1904. Gunnar var stor og sterk og blei kalla «Store Gunnar». Han var skyld kjempekaren Gunnar Bjåland. Gunnar Eivindson bar ein gong ein 60 l. dunk brennevin frå Sjausæl til Flekstveit. (Eg hev bore ein på 40 l., eg, sa Såve Homme.)

Knut Gunnarson overtok Listaul og hadde det til 1909.

Plassar under Vesterdal.

Vasslaus. Dette var staule og blei kalla Galatippen. Auver skeibindar rudde det i 1856. Han og kona Jorunn drog til Amerika. Seinare kom Aslak Auversen Finnkosi hit, så Nils Auversen Juvland og så Tor Jonson Haugen (Slote 32) og Ingebjørg. Tor d. her 1911 og Ingebjørg 1913. Sidan har plassen stade øyde.

Tyssland er visst rudd av Olav Baugerud frå Åmotsdal. (d. kring 1872). Det blei kje noko av med giftingi hans. Når han var litt på leggar, sa han: «Her kjem guten!», og så blei han heitande «Guten».

Dalastaul. Gamal plass. Aslak Dalastaul drukna i åi nedom Kvildebakk. Eivind Aslakson (Storli 9) g.m. Såve Olavsdtr. Støyte bur på Dalastaul frå 1830 til dei døyr, han 1854, ho 1864. Etterpå bur sonen Olav g.m. Rannei Stålesdtr. Listaul her.

Åmdalen. Tarjei Auversen (Grå 115) bur her kring 1830. Olav Auversen (Finne 69) bur her frå 1860 til han døyr i 1888. Han var g. II med Hæge Eivindsdtr. (Storli 42) Ho laga eit vers om dotter si og sjove seg:

Å Åmdalsdusta sto ute kjeima:
Tru hokke bli no av Såve eigar?
Hokke tru bli det av desse two,
anten Tarjei Sjausæl ell' Barfit-Tor?

Nykos. Rudd og bygd king 1850 av Aslak Olavson Rue u/Lundevall. Han var timmermann og mykje borte på arbeid. Ein kveld med Ingebjørg, kona, var aleine heime kom bjønnen på taket. Ingebjørg visste ingi anna råd enn å leggia dugeleg på åren. Det seiest ho laut elde heile nåtti. Aslak og Ingebjørg flyt til Langelid u/Dalen 1858/59 og neste plassmann i Nykos er Tor Torvildson (Storli 74) Tor datt død på Nykos 1896 og seinare hev armodsplassen stade øyde.

Haugkasin. Eilev Auversen d. her 1885. Kona Sigrid Torvildsdtr. d. her også.

Bergan. Olav Eivindson Listaul kjøpte Bergan i 1897 for 1800 kr. Han sel i 1902 til Johannes Auverson Bjørnflatin for 2000 kr. Så kjøper Olav T. Dalen det for 4 000 kr. - så H. Trovatn for 8 000 kr. og så Andreas Bergan i 1918 for 13 000 kr.

«Berganstoga er av midtpå!» hermer dei etter Olav Guten.

Skeidal. Knut Tormodson g.m. Gunnhild er dei fyrste ein veit namn på her.

Ånund Eivindson Kvåle (Finne 68) g.m. Hæge Torsdtr. Tveit bur her. Ho d. her kring 1860(?). (I Ættesoga står at dei er utflytte ?) Ånund var så god til å rime. Om kona si laga han dette verset:

Hæge Skjeidal ho blei so sinna
ho svor og banna, vil si' i kinna.
Sile i kinna med fullt behør
so fær ein meir både mjåkk og smør.

Gravi. Dei siste som budde her var Tor g.m. Såve Olavsdtr. Storrmyr.

Sending. Her er det lenge sidan det budde folk. Dei siste og einaste ein veit om er Knut og Rannei kring 1820.

Midtbøen var gammal plass under Dalen. Men kring 1810-12 var det barsøl på Nigard Moen. Såve Torjusson heitte mannen. Olav Eivindson Dalen (Huvestad 48) kom der ein dag. Stort andre vaksne karar var der ikkje. I røda seier Såve til Olav: «Det er svær gard du hev!» (Dalen var stort då fyri Uppigard gjekk frå.) «Du hev likså gild gard du!» sa Olav. J, Såve baud byte og Olav tok i mot og dei drakk kaupskål. Det var i joli dette. - Om våren kjem Olav med ei kornbyrde til Dalen. Inni buret fær han ikkje setja henne og så sette han ho på tunet. Etterpå køyrdet han ned korn og hadde i byrda. Kornet grodde i byrda utover sommaren. Olav ville ikkje stå ved handelen. Så stemnde Såve han. Og Såve hadde greie nok vitne. Men enden på det blei at Såve slepte saki mot at Olav let bror sin Aslak Eivindson, få Midtbøen. Aslak hadde ikkje fenge noko i skifte. - Soleis kom Midtbøen frå Dalen. Egil Aslakson selde det til Såve Hansson Vesterdal og seinare hev det høyrt til Vesterdal. (Det var Tarald Dalen som hadde dette.)

Tor Espeli g.m. Birgit til U.S.A. frå Midtbøen kring 1850. Aslak H. Haukom, ein stor, sterkt rugg, budde her til kring 1860 då han og Anne reiste til Amerika. Anne var frå Lårdal. Ho var så framifrå til å syngja, Egil, bror henner, var klokkar, men, var så sjukleg at Anne tidt var klokkar i staden hans, og så blei ho kalla Anne «klokkar». Ånund Olavson Harthol reiser frå Midtbøen med huslyden til Amerika. Knut Eivindson Stavdal og Gunnhild Gunnarsdtr. Homme bur på Midtbøen til dei dør. Ho i 1918 - 92 år gammal.

Knut kunne så mange småstubbar:

Då Per han kom på mila
då var han fulla kar:
Eg tenkjer du lyt eige boshatten etter far.
Han skulle hatt'n Olav, no kjem eg det i hug -
men det er so lite dele so tak han heller du!

Plassar under Åkre.

Mogen. Olav Halvorson «Galanten» heldt att dette og Åbø då han selde Åkre i 1860. Han bur skiftombil på desse til 1868. Då kjem Aslak Torson Hommen g.m. Mari Halvorsdtr. Gullnes (u/Bandak) hit.

Åbø. Byksla av Sondre Talleivson i 1797. Han overdrift til Torhus g.m. Tone O. Rui. Ho d. Åbø 1842. Olav Galanten sel til verbror sin Olav Larson Rykkjelid (Mo), sylvsmeden. Så eig Halvor Jørundson Kjos det eit par år og så Olav Galanten som byter med Kari Dalastaul i Skor. Kari gjev frå seg til Svein Myra (Bø) som sel til Øystein Sveinson (Ormbrekk 30) i 1888 for 1225 kr.

Finnstaulen. Rudd av Torhus Sondreson g.m. Tone Olavsdtr. Harthol i 1840 åri.

Nassgrav. Ein Endre byrja ru her, men Torhus Sondreson fullførde. Han bur mest på Finnstaulen som han og rudde. Torhus d. kring 1870. Endre Sveinungson Kvåle og Aslaug Åmundsdtr. flyt frå N. til Amerika kring 1862. Torbjørn Sveinson (Ormbrekk 29) kjem til Nassgrav etterpå og bur her til han doyr 1909. Dei var dei siste som budde på Nassgrav.



[Nassgrav]

Brattelid. Gamal plass. Torbjørn Andreson g. 1795 m. Kari Knutseltr. (Svolsbru 8) bur her. Eine dotteri heitte Åse og var g.m. koparslagaren Olav Olavson. (Bratterud 1) Etter Torbjørn var død, brukta dei Bratterud for Aslaug. Ein gong Aslaug var til Åkre etter mjølk hekk ho fast med stakken og stuppa med hovudet mot ein stein. Dei fann ho død med to braudleivar i forkledet.

Olav Åsmundson Sutandalen og Turi reiser frå Bratterud til Amerika kring 1848. Ein Åke frå Bratterud bryt åker på Åkre kring 1865. Knut Ståleson Langkos d. her 1902, kona Åse eit par år etterpå. Det bur folk i Bratterud 4-5 år framover, men sidan har det vore øyde.

Plassar under Djuve.

Hegni. Leidulv Knutson (frå Åkre) g.m. Åshild Olavsdtr. Harthol reiste frå Hegni til U.S.A. som gamle folk kring 1850. Leidulv drøymde ein gong at han såg ei sylgruve på Dalastaul. Han fekk med seg Åkre og leita, men dei fann ikkje sylgruva.

Plassar under Moen, øvre.

Det skulle vera ein heitte Olav som tok til å ru her. Hans Halvorson, tenestegnen til Knut Olavson på Moen, heldt fram med ryddingi og bygde hus. Hans g. II m. Kari Sveinsdtr. Kringsås (Mo). Ho tente på Kvåle u/Tveit. Ho skulle vera så smukk og snill.

Ein vår gjorde Øystein Åbø våronn for dei. Hans hadde nett kjøpt såkorn. Då bytte ho til seg Åbø for såkornet og 90 daler i reide pengar. Rettlighet: 3 teiger slått og 2 mål skur.

Årdalen, øvre. Det skal vera ein Øystein som rudde dette. Han døydde endå i det gamle selet på Jønntjønn med han var der og slo. I kring 1860 d. ein Øystein på Årdalen. Han hadde vore med i krigen 1814. Kona heitte Hæge Olavsdtr. Søren Leidulvson Strånd g.m. Aslaug Leidulvsdtr. flytte stoga og bygde på. Søren og Aslaug flytte til Nørstrud, så til Kleivmorki og så til U.S.A., men treivst ikkje der. Søren var heimatt ein gong og hadde med helsing frå Aslaug til krøteri.

Dotteri, Margit Sørensdt. g.m. Såmund Janson Hauglid var her så ei tid. I 1881 flyt Johans Kovejuvet og Gunnhild Åmundsdtr. til Årdalen. Johannes d. Årdalen 1916. (Grå 85).

Dei fødde 1 ku og dyrka 14 tunner poteter og 1-2 tunner korn på Årdalen i den tid. Rettugheti var 4 mål skur, 2 teiger slått og 8 arbeidsdagar.

Plassar under Moen, nedre.

Gullkopp. Det var ein som heitte Jan som rudde Gullkopp, men den einaste som budde der skal vera Jon Halvorson g.m. Egelev. Dei flytte til Omland i Brunkeberg. Dotter deira Egelev g.m. Tallev L. Skotbakkan var sjukleg og kraunsam. Dei hermer etter Tallev: «Hadde eg visst hoss du var laga, hadde eg ikkje teke deg om du åtte frå Ulefoss til Skien.»

Strånd. Aslak bestefar til lærar Aslak Knutson Kvennes, budde her.

Årdalen, nedre. Sommon Janson Hauglid g.m. Margit Øysteinsdtr. Årdalen rudde denne plassen kring 1838. Sommon d. her kring 1850 og enka flyt til øvre Årdalen, så nedatt og så til Hauglid. Olav Eilevson Åskleiv budde her eit par år og så stod plassen øyde lenge.

Kovejuvet. Her budde Johannes og Hæge kring 1814. Johannes var med i krigen i 1814 saman med Olav Nikulson Landsverk og Hommekarane. Johannes fortalte om dette seinare: «Me låg ein gong attom ein mur og såg svenskane kom fram over ei glenne i skogen. Eg skaut og Olav ladde og svenskane datt som sekkjer.»

Rettughet: 3 teiger slått. (2 ½ mål skur.)

Støyle. Dette er gammal gard. Vern Auverson (Grå 58) dør på Støyle 1807. Sonen Olav g.m. Anne d. Støyle 1828. I den gamle stoga stod namni deira måla på senger og skåp. Johannes Olavson var med i krigen i 1814. Han og systeri Birgit, fekk Støyle, men selde snart til Sveinung Torjusson Hommen (Homme 16) g.m. Anne Knutsdtr. Dalen. Sveinung d. Støyle 1845 og Anne g. II i 1854 med Jan Gunnarson. Han var visst ingen drivande kar. Når han var vedlaus, hogg han av stoga og loftet til ved. I 1861 reiste dei til U.S.A. og Olav Knutson Dalen (bror av Anne?) overtok garden.

Han dreiv det mest som attåtbruk til Dalen og heldt fram med å hogga ved av husi.

Olaus Svenkesen hadde Støyle ei tid, men selde til Aslak Olavson Flatrue, Kviteseid. Aslak g.m. Turi Augonsdtr. (Lårdal). Aslak brukte så mykje uttrykket: «Ja, gustikar», og så vart han heitande «Gustika». Då Aslak og Turi hadde Støyle, hadde dei 1 hest, 4 kyr og 5-6 sauere og avla opptil 50 tunner poteter og 8-12 tunner korn. Seinare har Olav Lid, Tarald Skarprud og Tor Vå (1920) ått Støyle.

Plassar under Landsverk.

Vestgarden. Rettughet: 3 teiger slått og 3 daler.

Hestgarden. Eilev Torvildson, son til Torvild Kosi (Nikosi i Br.berg) stedde først denne plassen, bytte så i Veagarden og ruppe det. Eivind Landsverk løyste Eilev ut med 100 daler og Eilev flytte til Askleiv kring 1865. Rettughet for Hestgarden: 3 teiger slått og 4 mål skur.

Veslestaul. Dette var staule og vart rudd av Knut g.m. Birgit O. Landsverk. Dei flytte til Flekstveit, seinare kjøper dei Strånd i Lårdal. Både Knut og Birgit skulle vera så vene.

Jon Torson kom så til Veslestaul. Det var far hans dei kalla «Tjønnheibulen.» Han budde på Tjønnhei og hadde eit sjølvlagt ordtak: «Så sant som eg sit her, er eg ein Tjønnheibule.»

Nikuls Landsverk reiv stoga ein sommar Jon var på Rauland og gjætte og kona Gunnhild ikkje var heime.

Åse. Her budde Tarjei (Grå 115) og Ingebjørg. Dei døydde omlag på same tid og bygdi laut taka seg av borni. Dette var king 1842. Stoga blei flytt til Landsverk og sett opp til stall, sa Olav Storrmyr.

Plassar under Dalen.

Brekka er rudd av Aslak Olavsson Sjodal kring 1840-45. Han var g.m. Gunnhild, dotter til Knut Berdal (Gjersund 6). Aslak d. Brekka 1867. Seinare budde Kjetil Einarson (Bø) her. Så Jørn Kjetilson g.m. Såve Aslaksdtr. Tysland frå 1905. Dei budde her i 1920. Stedsål for plassen: 15 daler. Rettughet: 3 teiger slått og 3 mål skur.

Åskleiv. Det var visst ein Vetle (frå Setesdal?) g.m. Tone som ruppe plassen. Dei døydde truleg litt fyri 1820. Noko seinare budde Jan Holte (Vrådal) her. Han g.m. Guro. Ho d. på Åskleiv og Jan flytte til Vrådal att. To av borni Tarjei og Tallev, var lærarar.

Torvild Tovson (Åkre) tente hjå Torvild Dalen, farbror sin, frå han var bare gutungen. Då han gifte seg stedde han plassen. Kona heitte Margit Leivsdtr. Sudbø (u/Lundevall). Ho d. på Åskleiv 1863 og Torvild reiste til Amerika to år etter.

Bergdal er rudd og bygd av Torvild Aslakson (Storli 13) i 1835-40. Far hans budde på Krikken. Torvild g.m. Birgit Olavsdtr. Støyle. Dei hadde 10 born, 9 gutter og 1 jente. Bergdalskarane var medgjetne sterke og gode arbeidskarar. Torvild d. Bergdal 1863.

Halvor Knutson Bergshyl dør på Bergdal 1881.

Bergshyl. Dette vart rudd av Halvor Knutson (Gjersund 9) på same tid som Bergdal vart rudd. Dotteri Hæge g.m. Knut Aslakson var visst dei siste som budde på Bergshyl.

Haugen. For lenge sidan budde ein Tarjei g.m. Gunnhild her. Henne kalla dei endå «Sodoma». Det ser ut som dei brukte mykje venemne i Dalan og kanskje i andre grender og på denne tid. Gunnhild brukte kreklyng i ølet i staden for humle. Dei hadde ein son heitte Knut. Han var endå skulemeisterlærd. Ein gong han lauga seg i Sundkilen og stupa uti, råka han ein stein og kløyvde skallen, fortalte Olav Storrmyr. Gunnhild d. på Kovejuvet. Ho var bortleigd dit.

Jon Olavson Tjønnhei og Gunnbjørg Torsdtr. Strånd budde og på Haugen. Dei siste som budde her var Gunnar (Flatland 52) og Birgit. Birgit var så følende sterkt. Ein gong med ho gjætte i Bittdal i 1860 åri, lyfte ho ei kvige utor eit klemstre, åleine. Ein annan gong då to av brørne til Gunnar bråka og bar seg, tok ho både og sette på fanget sit og heldt dei. Dei var fullvaksne karar både to.

Hommen. Dette var staule då Jan Sveinungson (Gunnarson?) tok til å ru det. Jan hadde lang herteneste i Jylland under Kristian 7. Der vart han kjend med ei «jutske». Sommaren etter Jan kom heimatt, kom ho etter og bar på ein rokk og ei ullkorg. Det vart gifting av det og. Sønene Gunnar og Tor var med i krigen i 1814 eller straks før.

Då Egelev Torvildsdtr. fekk Hornmen i arv i 1885, vart det rekna 1900 kr. På løa står årstalet 1743.

Langlid. Torvild Halvorson ruppe og bygde her. Han var g. 2 gonger. Andre kona var Såve Eilevsdtr. Skoftedalen. Sist i 1850 åri kom Aslak O. Nykos (u/Vesterdal) hit. Kona Ingebjørg Hakesdtr. Heia d. Langlid 1900. Han d. før.

Plassar under Huvestad.

Stavdal. Dette var staule i 1827 og er truleg rudd av Knut Torvildson (bestefar til Knut Eivindson Midtbøen.) I eit sel står rita inn: «Knut T. (og) Åshild. Disse grafser har gravet her. 1787.» I 1860 åri kjem Stavdalætti inn på plassen. Stedsmål: 150 daler. Rettughet: 20 kr.

Sjodal. Ingen veit dei fyrste her. Olav Bergland (Åmotsdal) g.m. Signe Åmundsdcr. budde her. Olav var kjend spelemann. Seinare bur Jan To (Hjartdal) g. m Birgit O. Storhaug (Øyfjell) her. Båe d. Sjodal 1899. Etter dei budde her folk eit par år. Seinare har det stått øyde. Rettughet: 3 teiger slått.

PLASSAR

I 1855 vart det teke opp «Fortegnelse» over plassane i Kviteseid. Bygdi vart dela i distrikt med kvar sin teljar. Dei fleste listene er ikkje underskrivne og teljarane har ikkje vore like nøyne. Dette gjeld mengda av opplysingar, men serleg i å få med alle plassane. Dei plassane det ikkje budde folk på under teljinga, vart ikkje tekne med. Men ein ser og at ikkje så få plassar det budde folk på, er utegløyrnde.

Ein har ikkje funne lister for Vrådal, Fjågesund, Bergsto, Kilen og Ordal.

➤ Fortegnelse over husmandspladser i Sundbygden's østre distrikt.

Udgifterne Fødslen Avling

Pladsenes navn Dagv. Spd. Ort Sk. Kuer Faar Byg Poteter

Tønder Tønder

Pladsen Lundeberg under sørnre Haukum

svarer aarlig 4 1 6 4

og er pliktig at arbeide til hvilken som

helst Tid husbonden forlanger imod 12

sk. pr. dag om Sommeren, og 8 sk. om

Vinteren og 20 sk. pr. Dagen i Aannene.

Skiaggeberg under nordre Haukum, svarer

aarhg 6 2 6 4 18

og er forbunden til pliktarbeide for hus,

bonden a 12 sk. om Sommeren og 8 sk.

om Vinteren. -

Brække under nordre Haukum svarer aarlig 4 2 6 4 16

samt pliktarbeide som overanførte

Pladsen Rue under nordre Haukum svarer 3 4 2 6 4 16

aarlig til Haukum og til øvre Midtsund i

samt pliktarbeide med 12 sk. Vinter og

Sommer.

Pladsen Lunde under nordre Haukum svarer

aarlig 4 2 6 4 16

sa= Jikurbeide med 12 sk. pr. Dag

Vinter og Sommer.

Pladsen Solie under sørnre Midsund svarer

aarlig 3 1 2 4 20

og intet pliktarbeide forrettes.

Pladsen Homyne under nordre Midtsund

svarer aarUg 5 1 10 45 18

samt pliktarbeide for 12 sk. pr. Dag om

Sommeren og 8 sk. om Vinteren.

Udgifterne Fødslen Avling

Pladsenes navn Dagv. SPd. Ort Sk. Kuer Faar Byg Poteter

Tønder Tønder

Pladsen Hornmene under nedre og nordre

Midtsund svarer aarlig 10 2 2 16 8 22

samt pliktarbeide for 20 sk. pr. Dag hele

aaret.

Pladsen Sudbøe under øvre og nordre Midt

sund svarer 6 3 Y2 10

samt pliktarbeide for 12 sk. og 8 sk. pr. dag.

Pladsen Aasheirn under øvre og nordre Mid-

svarer aarlig - samt med 5 2 6 3 12

40 Spd. i Fæ_stepenger. Med pliktarbeide

12 sk. og 8 sk. pr. Dag.

Pladsen AÅse under Midtsund og Opsund

svarer aarlig (Intet pliktarbeide.) 3 3 2 6 7 25

Utsigt under Moen, Fæste paa Opsigelse

svarer aarhg 4 2 6 20

og opsettelse af 6 Alen Stengjerde. Plikt

arbeide for 8 sk. 12 sk. pr. Dag. Dog be

merkes at arbeidet skal forrettes hjemme

i Gaarden.

Flaten under Moen svarer Aarlig 3 1 1 4 4 16

Intet arbeide.

Paspaa under Moen svarer i Y2 10

Arbeidspliktig for 12 sk. og 16 sk. pr. Dag.

Holte under Holtene svarer Aarlig 8 1 ko 6 7 12

samt arbeide 6 1 qAe

tillige pliktarbeide for 8 sk! og 12 sk. for

Dagen men i Aarinene I ort pr. Dagen.

Juvland under Skibsted svarer Aarlig 2 2 Y2 maal ager

og forbunden til pliktarbeide mod 16 mål england

almindelig Dagløn.

Berge under Gadeholdt øvre svarer aarlig 3 4 2 kuer 6 7 22

intet pliktarbeide. I qvic

Lillegaarden under nedre Gadeholdt svarer

aarlig 2

Det bemerkes at Brendeve tilhører ikke

pladsen.

Vestre Distrikt:

Sødflaat 3 1 10 6 maal Ager

Bukøen 10 2 10 8 » »

Kvæven 2 3 » »

Vigen 2 2 2 8 6 » »

Klevstul 4 4 3 12 10 » »

Myrfjeld 5 2 6 5 » »

Øverbø 3 2 6 3 » »

Spjosod

Odden 4

➤ **Fortegnelse aaver det Antal Korn og Poteter der kan avles Aarlig samt hvor meget kuer og smaaakreaturer der kan fødes paa nedenstaende Husmandspladse i Vestre Distrigt.**

Antal Antal Korn Potecer Avgift eller Regtighed

Pladsenes navn k-uer Sauer Tønde Tonde Spd. Ort

Apalstaaen 1 20 2 24

Diti Øvre 2 5 5 16 4 Givet stedsmål

100 spd.

Rugtvedt 2 4 6 30 6 28

Menstad 1 8 6 18 2 16

Bugten 1 2 4 2

Bandagsøen 2 6 6 20 3 24

Kvitebergdalen 1 4 1 8 4

Oden 4 60

Solem 1 3 1 V" 16 1 24

Berge 1 4 3 16 5 24

Aasland 2 1 4 20 3 12

Fosim 1 4 3 16 4 Givet stedsnøål

60 spd.

Brandbu 2 4 4 20 4

Hjemdal 2 3 3 20 3 24

Røklev 1 6 3 25 4

Kronglemyr 5 12 2

Skaalaas 6 12 2

Skaate i 1 10 2

Mogene 1 4 10 4

Lisland 2 8 8 20 5

Røbak i 1 8 24

Lundevaldsgrend:

Listul 3 2 7 26 9

Nordbøn 2 6 6 16 4 Givet stedsmål

100 spd.

Haugne 1 9 4 ½ 18 4

Nystul 2 4 ½ 20 5

Grasberg 1 3 10 5

Dalen 1 4 4 16 5

Gunildskaas 1 4 4 10 5

Løve 2 4 6 20 5

Pyklimit 1 3 2 20 3 24

Sveven 5 1 12 2

➤ **F o r t e g n e l s e over Pladser i Dalene, disses afgift til jordrætten, samt hvor meget der omrent fødes og avles af korn og poteter paa hver plads.**

1. Pladser under Aakre.

Bratterud, afgift 5 spd. Føder 3 kjør og nogle smaakreaturer. Korn 9 Tønder, poteter 20 Tønder. Aabø er bortfæstet paa arvefæste i 150 aar.

2. Under Juve:

Hegni, afgift 3 Spd. Føder 1 ko og nogle smaakreaturer. Korn 2 Tønder, poteter 10 Tønder.

3. Under nedre Moen:

Kaavejuvet, afgift 3 Spd. Føder 1 ko og nogle smaakreaturer. Korn 1 ½ Tønde, poteter 9 Tønder.

4. Under øvre Moen:

Dalestøl, afgift 3 Spd. Føder 3 kjør og nogle smaakreaturer. Korn 9 Tønder, poteter 20 Tønder.

5. Under søndre Moen:

Aardalen, afgift 3 Spd. Føder 1 ko og nogle smaakreaturer. 3 Tønder korn og 10 Tønder poteter.

6. Under vestre Landsverk:

Westgaarden, afgift 6 Spd. Føder 1 ko og nogle smaakreaturer. 3 Tønder korn, 10 Tønder poteter.

7. Under nordre Dalen.

Aasklev, afgift 5 Spd. Føder 2 kjør og nogle smaakreaturer. 6 ½ Tønder korn, 18 Tønder poteter.
Berdal, afgift 6 Spd. Føder 1 ko, 1 gris og nogle smaakreaturer, 2 Tønder korn, 20 Tønder poteter.

Bergshyl og Haugen, afgift 7 Spd. Føder 2 kjør og nogle smaakreaturer. 6 Tønder korn, 22 Tønder poteter.

Hommen, afgift 8 ½ Spd. Føder 3 kjør, 1 gris og nogle smaakreaturer. 10 Tønder korn, 30 Tønder poteter.

8. Under Øvre Dalen:

Juve, afgift 5 Spd. Føder 1 ko og nogle smaakreaturer. 2 Tønder korn, 9 Tønder poteter..

9. Under nedre Dalen:

Brekka, afgift 3 Spd. Føder 1 ko og nogle smaakreaturer. 3 Tønder korn, 12 Tønder poteter. Stormyr, afgift 4 Spd. Føder 2 kjør og nogle smaakreaturer. 5 Tønder korn, 10 Tønder poteter.

10. Under Nedre Westerdal:

Dalestøl, afgift 6 4/5 Spd. Føder 1 ko, 1 gris og nogle smaakreaturer. 4 Tønder korn, 12 Tønder poteter.

Bergene og Omdalen, afgift 13 Spd. Føder 2 kjør og nogle smaakreaturer. 8 Tønder korn, 18 Tønder poteter.

Tysland, afgift 4 Spd. Føder 1 ko og nogle smaakreaturer. 5 Tønder poteter og litt korn.

Lundeberg, afgift 5 Spd. Føder 2 kjør og nogle smaakreaturer. 5 Tønder korn, 16 Tønder poteter.
Berge, afgift 4 1/5 Spd. Føder 1 ko og nogle smaakreaturer. 5 Tønder Byg, 20 Tønder poteter.

11. Huvestad:

Stavdal, afgift 4 3/5 Spd. Føder 3 kjør, 1 gris og nogle smaakreaturer. 7 Tønder korn, 20 tønder poteter.

Storlid, afgift 3 Spd. Føder 3 kjør, 1 gris og nogle smaakreaturer. 5 Tønder korn, 16 Tønder poteter.

Teremyhr, afgift 3 4/5 Spd. Føder 10 smaakreaturer. ½ Tønde korn, 3 Tønder poteter. Lundtvedt for Brændevejd og en lidet Slaatte, afgift 4 ½ ort.

Kjonneheien, afgift 3 4/5 Spd. Føder 1 ko, 1 gris og nogle smaakreaturer. 4 Tønder korn, 10 Tønder poteter.

Snedal, afgift 3 Spd. Føder 1 ko, 1 gris og nogle smaakreaturer. 2 ½ Tønde korn, 10 Tønder poteter.

Løxli, afgift 4 Spd. og om fem Aar 8 Spd. Føder 1 ko. ½ Tønde korn, 6 Tønder poteter.

12. Øvre Westerdal:

Midtbø, afgift 3 Spd. Føder 2 kjør og nogle smaakreaturer. 4 Tønder korn, 12 Tønder poteter.

13. Under Østre Tvedt:

Listøl, afgift 4 Spd. Føder 2 kjør, 1 gris og nogle smaakreaturer. 9 Tønder korn og 30 Tønder poteter.

Haugkasene, afgift 1 ort. Føder 1 ko. 3 Tønder korn, 10 Tønder poteter. Fjøldal en Stule, afgift 3 Spd. Føder antages 1 ko.

14. Tvedt Vestre:

Qvaale, afgift 1 1/5 Spd. Føder 1 ko. 3 Tønder korn. 10 Tønder poteter. Skeidal, afgift 4 ½ Spd. Føder 1 ko. 3 Tønder korn, 10 Tønder poteter. Egedal, afgift 1 ½ Spd. Føder 2 smaakreaturer. 1 Tønde poteter.

15. Klevmarken.

Egedal, afgift 1 ort 5 sk. Føder 2 smaakreaturer. 4 Tønder poteter.

➤ Fortegnelse over Avl og Udgift af Pladsene i øvre Morgedal.

Aasene stesmaal 90 Daler. Rettighed 6 Daler. Føder 2 koer, 4 sauere, 4 Tønder korn, 18 tønder Poeter.

Qvæven, Rettighed 2 teiger slaat, 4 maal skur, 1 pund Smør. Føder 2 kør, 4 Sauere, avler 4 Tønder korn, 14 Tønder Poteter.

Bjøndalen, stesmaal 20 Daler. Rettighed 4 Daler, 2 ort, 18 sk. Føder 2 kør, 6 Sauere, avler 4 Tønder korn, 16 Tønder poteter,

Øvrebø, Rettighed 5 Daler 2 ort 12 sk. Føder 2 kør, 8 sauere. Avler 5 Tønder korn, 30 Tønder Poteter.

Hagetvedt. Rettighed 5 Daler. Føder 2 kør, 4 Sauere. Avler 2 ½ Tønde korn, 15 Tønder poteter.

Kastedalen, Rettighed 4 Daler. Føder 2 kør, 9 Sauere. Får 4 Tønder korn, 20 Tønder poteter.

Kaasa, Rettighed 4 Daler, Føder 1 ko, Avler 1 Tønde korn, 6 Tønder poteter.

Lerli, Stedsmaal 80 Daler, Rettighed 2 Daler, Føder 2 kør, 4 sauere, Avler 4 Tønder korn 16 Tønder poteter.

Solem, Rettighed 4 Teiger slaat 4 Maal skur. Føder 1 ko. Avler 1 ¼ Tønde korn, 6 Tønder poteter.

➤ Optegnelse over Pladser i nedre Morgedahl.

Under Gaarden nedre Raarnundalen er Følgende Pladser:

1) Pladsen Rønningen Svarer i Aarlig Afgift 5 Spd. Ligeledes har husmanden Betalt 100 Spd. i Festepenger. Paa omrent 5 Maal ager avles 5 Tønder Byg og 24 Tønder Potetter, samt Føder 2 kjør og 17 Sauere.

2) Pladsen Lintvedt svarer i aarlig avgift 24 maal Slaat. Paa omrent 2 maal Ager Avles 2 Tønder Byg og 7 ½ Tønde Potetter, Ligesaas Fødes 1 ku og 6 Sauere. Det bemerkes at af samme plads er stokke som ligger under Gaarden Huvestad som husmanden svarer afgift af 6 maal Slaat og 2 maal skurd og 6 arbeidsdager.

3) Pladsen Haugejord svarer i afgift 3 Spd. 24 skilling. Paa omrent 4 maal Ager Avles 4 Tønder Byg og 12 Tønder Potetter samt Føder 1 ko og en gris og 6 Småkreaturer.

4) Pladsen Fosjord Betaler i aarlig afgift 6 Spd. Paa omrent 2 ½ maal ager avles 2 ½ Tønde Byg, 10 Tønder Potetter samt Føder 1 ko og 8 Sauer. Under Gaarden øvre Raamundalen Ligger Pladsen Kjønstul som Svarer i aarlig afgift 1 Spd. 3 (ort) 1 Tønde Byg og 4 Tønder Potetter, 2 B. Smør. Paa omrent 5 ½ maal Ager avles 7 ½ Tønde Byg og 28 Tønder Potetter samt Føder 2 kjør og 10 Sauer.

Under Gaarden Gjersund Ligger:

1) Pladsen Gunleiksrud som svarer i aarlig afgift 4 Spd. og 6 dagers arbeide. Paa omrent ¾ maal ager avles 1 ½ Tønde Byg og 1 Tønde Potetter samt Føder 1 ko. Pladsen Vassend under Gaarden Gjersand svarer i Aarlig afgift 4 Spd. og 6 dager arbeide paa husbondens kost. Paa omrent 1 ¼ maal ager avles 1 Tønde Byg og 7 Tønder Potetter og Føder 1 ko og 3 Sauer.

Under Gaarden nedre Bygland.

Pladsen Drangstvedt svarer i Aarlig afgift 1 Tønde Byg, 6 Tønder Potetter, 2 Skp. høsta hø Samt Føder 6 Sauer og 3 Spd. i Penger. Paa omrent 4 maal ager Avles 4 Tønder Byg og 18 Tønder Potetter og Paa Pladsen kan Fødes 2 kjør 6 Småkreaturer.

Under Gaarden øvre Bygland

er Pladsen Kaase Betaler i aarlig afgift 3 Spd. Paa omrent 3 maal ager avles 3 ½ Tønde Byg og 12 Tønder Potetter samt Føder 1 ko og 5 Sauer.

Under Brekke Gaarden er følgende Pladser:

- 1) Pladsen Skaali svarer i aarlig avgift 2 Spd. Ligsaa er Betalt 150 Spd. i Festepenger. Paa omrent 5 maal ager avles 8 Tønder Byg og 12 Tønder Potetter Samt Føder 3 kjør og 10 Sauer.
- 2) Pladsen Verstaa svarer i afgift 2 Spd. og Betalt 150 Spd. i Festepenger. Paa omrent 4 mål ager avles 6 Tønder Byg og 26 Tønder Potetter, samt Føder 2 kjør og 4 Sauer.
- 3) Pladsen Straand er opgivet for det samme som pladsen Verstaa.

Under Gaarden Hauge.

1) Pladsen øvre Soli Svarer i aarlig afgift 3 Spd. og i Festepenger har Husmanden Betalt 120 Spd. Paa omrent 4 ½ maal ager avles 6 Tønder Byg og 18 Tønder Potetter samt Føder 2 kjør og 10 Småkreaturer.

2) Pladsen nørdre Soli under gaarden Hauge svarer i aarlig afgift 4 Spd. Ligesaa har husmanden Betalt 100 Spd. i Festepenger. Paa omrent 3 ½ maal ager avles 6 Tønder Byg og 16 Tønder Potetter samt Føder 2 kjør og 7 Sauer.

Under Gaarden Bergland:

1) Pladsen Sigurstøl svarer i aarlig afgift 4 B. 6 mg. Smør. Paa omrent 3 maal ager Avles 3 ½ Tønde Byg og 12 Tønder Potetter, og Føder 1 ko og en gris og 8 Sauer. Det bemerkes at husmanden svarer 2 g til Anne Bergland saa lenge hun lever.

2) Pladsen Refstul svarer i Aarlig afgift 5 Spd. Ligsaa har husmandet Betalt 5 Spd. i Festepenger. Paa omrent 1 ¾ maal ager avles 1 ½ Tønde Byg og 8 tønder Potetter, samt Føder 1 ko og 4 Sauer.

Under Gaardert Skare.

1) Pladsen nedre Soli svarer i aarlig afgift 5 Spd. og festepenger har husmanden Betalt 40 Spd. Paa omrent 3 maal ager avles 4 ½ Tønde Byg og 12 Tønder Potetter samt Føder 1 ko og 1 gris 5 småkreaturer.

2) Pladsen Haugen svarer i aarlig afgift 2 Spd. 12 maal slaat og 4 maal Skur. Paa omrent 1 maal ager avles 1 ½ Tønde Byg, 8 Tønder Poteter samt Føder 1 ko og 3 Sauer.

Under Gaarden Lille-Kallåk

ligger Pladsen Busterud som svarer i aarlig afgift 6 Spd. Paa omrent 2 ½ maal ager avles 3 Tønder Byg 12 Tønder Potetter samt Føder 1 ko og 8 Sauer.

Under Gaarden Hemingstvedt.

1) Pladsen Lie svarer i aarlig Afgift 24 maal slaat og 4 maal skur. Paa omrent 1 ¼ maal ager avles 1 Tønde Byg og 6 Under Potetter samt Føder 6 Sauer.

2) Pladsen Kjønen svarer i aarlig afgift 2 Bt. Smør. I Festepenger har husmanden Betalt 60 Spd. Paa omrent 3 maal ager avles 3 ½ Tønde Byg og 12 Tønder Potetter samt Føder 1 ko og 8 sauier.

3) Pladseni Kjøntvedt svarer i afgift 3 Spd. Ligeledes har husmanden Betalt 50 Spd. i Festepenger. Paa omrent 2 ½ maal ager avles 3 Tønder Byg og 5 Under Potetter, samt Føder 2 kjør og 5 sauier. Det bemerkes at af formelte Plads Svarer 2 ½ Spd. at stække som tihører Gaarden Gjersund.

4) Pladsen Svolsprud svarer i aarlig afgift 4 Spd. Paa omrent 3 maal ager Avles 3 Tønder Byg og 1 Tønde Potetter samt Føder 1 ko 6 Sauer.

5) Pladsen Lønali Svarer i afgift 12 maal Slaat. Paa omrent ½ maal ager avles 6 Tønder Potetter og Føder 5 Smaakreaturer.

Under Gaarden søndre Omtvedt.

1) Pladsen Omsberg svarer i aarlig Afgift 7 Spd. Paa omrent 5 ½ maal ager Avles 8 Tønder Byg og 20 Tønder Potetter, samt Føder 2 kjør og et ongnød og 7 Sauer.

2) Pladsen Midbøn svarer i aarlig afgift 3 Spd. Paa omrent 2 ½ maal ager Avles 2 Tønder Byg og 9 Tønder Potetter samt Føder 1 ko og 6 Sauer. Det bemerkes at husmand Betaler 1 Spd. aarlig for Brendeved som ikke Ærholdes i Jorddraattens Skov.

Under Gaarden nordre Omtvedt.

1) Pladsen. Bjønnntvedt svarer i aarlig afgift 6 Spd. Paa omrent 3 maal ager avles 3 Tønder Byg og 12 Tønder Potetter samt Føder 1 ko og 12 Sauer.

2) Pladsen Omland i afgift 5 Spd. 2 pol. Bt. 8 mg. Smør. Paa omrent 6 maal ager Avles 6 Tønder Byg og 40 Tønder Potetter, samt Føder 3 kjør og 12 Smaakreaturer. Det bemerkes at husmanden har Betalt 120 Tønder Potetter i Stedsmaal.

3) Pladsen Midtvedt Svarer i aarlig Afgift 4 Spd. 3 ort. I Festepenger har husmanden Betalt 50 Spd. Paa omrent 3 maal Ager Avles 4 ½ Tønde Byg og 16 Tønder Potetter samt Føder 2 kjør og 6 Sauer.

Under Gaarden Groven.

1) Pladsen Øverbø Svarer i Aarlig Afgift 5 Spd. I Festepenger har husmanden Betalt 50 spd. Paa omrent 4 Maal ager avles 5 Tønder Byg og 14 Tønder Potetter samt Føder 2 kjør og 6 Sauer.

2) Pladsen Godok svarer i Aarlig afgift 4 Spd., 12 maal slaat, 3 maal Skur og 6 dager arbeide paa husbondens kost samt 6 Tønder Kul. Paa omrent 3 ½ maal ager Avles 5 Tønder Byg 18 Tønder Potetter samt Føder 2 kjer 10 Sauer.

3) Pladsen Søndre Godok i aarlig afgift 24 maal slaat og 2 maal skur og ?? Dages arbeide paa husbondens kost og at hugge 2 Favne ved. Paa omrent 1 ½ maal ager avles 1 ½ Tønde Byg og 8 Tønder Potetter samt Føder 1 ko.

4) Pladsen Hustøl under Gaarden Groven svarer i Aarlig afgift 6 Spd. 2 ort 24 maal Slaat og 3 maal skur. Ligesaas har husmanden Betalt 80 Spd. i Festepenger. Paa omrent 6 maal aker avles 8 Tønder Byg 30 Tønder Potetter samt Føder 3 kjør og et ongnød og 12 Sauer. Det bemerkes at husmanden Frit Beite i Jordraatens udmark fra vaaren til høsten med de kreaturer han Føder paa Pladsen.

5) Pladsen Kiønstul svarer i afgift 5 Spd. 3 ort 36 maal Slaat og 4 maal Skur. Paa omrent 4 ½ maal Ager Avles 7 Tønder Byg og 25 Tønder Potetter samt Føder 3 kjør 10 Sauer.

6) Pladsen Torget Svarer i Afgift 3 Spd. I Festepenger har husmanden Betalt 100 Spd. Paa omrent 5 ½ maal Ager avles 11 Tønder Byg og 24 Tønder Petetter samt Føder 3 kjør og 8 Sauer.

7) Pladsen Bakken svarer i aarlig afgift 3 Spel., i Festepenger har husmanden Betalt 92 Spd. Paa omrent 3 maal Ager avles 4 Tønder Byg og 15 Tønder Potetter samt Føder 2 kjør og 6 Sauer.

8) Pladsen Bekkus Svarer i afgift 5 Spd. og Betalt 60 Spd. i Festepenger. Paa omrent 4 maal Ager Avles 3 ½ Tønde Byg og 25 Under Potetter samt Føder 1 ko og 5 Sauer. Det bemerkes at Bemeldt husmand Torpus Bekkus har taget udløsing af Jordraaten og nu i det siste Aar svaret Følgende afgift 1 Tønde Byg og 6 Tønder Potetter 24 maal Slaat og 2 Maal Skur. Dette er opskrevet efter husmændernes eget opgivende hvilket herved atesteres.

Skare, den 10de November 1855.

Gutterm Johannessen.

➤ Fortegnelse over de Pladser som er i Aasgrends Distrikt

Skatte- Ager Korn- Poteter Arbeid af Gaardens Olavn Pladsens Olavn Land Land avling Avling
Koefølse Faare. Feste- Ska t Skur Penge
rnaal mnal Tønder Tønder føsle penger maal maal rettighed
Haugeland Næverskar, Knud 30 3 3 Y2 14 2 4 5 Sp.
Haugan, Margit 36 3 4 Y." 14 2 5 5 »
Berge, Hølje 18 1 1 !/2 6 1 2 1 »
Skogsmark Skodtbaken, Aslak 48 4 7 16 2 1 qvic 8 2 »
Hommen, Erik 48 4 V2 5 20 2 9 2 »
Hornedalen, Halvor 18 14 2 5 1 2 35 Sp. 12
Koltvedt Nystød, Svend 54 4 5 20 2 8 55 » 4 »
Kjønstød, Hølje 24 2 Y," 3 16 1 5 30 5
Hegtvedt nordre Kyrdalen, Jørgen 36 3 Y., 3 V2 12 . 11 qvie 4 11 » 2. 12
Sveinung Nyørk, Even 14 2 2 8 1 3 36 5
Kassin, Tove 22 1 1 8 1 4 30 » 42 5
Ramskei 48 5 Y." 6 V2 16 2 1 qvic 6 200 » 11 » 2. 12
Hegtvedt søndre Gravedal, Saarnund 24 2 1 y., 6 1 2 40 » 12
Gunlck Jørgensen
Aascjohannes Tollehommen S:S: 30 4 6 20 2 8 60 » 36
Kios Dahle E. Aslaug 24 5 5 20 2 4 24 4 2 » 2.
Jelstad øvre Heiestad, Salve 36 4 V2 6 25 2 1 qvie 10 36 4 1.
joer Dalen, Gunlek 54 4 Y2 6 20 2 1 qvie 12 36 4 4.
Bevidnes herved af 1. A. Skodt.